



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 1–2, 500–595, 2412, 2445

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615, 5616, 5635



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 1–2, 500–595, 2412, 2445

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615, 5616, 5635

Innhold

Del I	Innleiande del	9	Kap. 3505 Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	71
1	Satsingsområde	11	Kap. 5607 Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	71
1.1	Ein heilskapleg politikk for heile Noreg	11	Kap. 506 Yrkesskadeforsikring	72
1.2	Berekraftig utvikling i kommunar og fylkeskommunar	12	Kap. 3506 Yrkesskadeforsikring	73
1.3	Omstilling og fornying i offentleg sektor	13	Kap. 507 Gruppelivsforsikring	73
1.4	Digitalisering og ny teknologi – desentralisering i praksis	14	Kap. 510 Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa	74
1.5	Vidareutvikling av bustad- og bygningspolitikken	19	Kap. 3510 Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa	76
1.6	Ein aktiv distriktpolitikk	20		
2	Det økonomiske opplegget for kommunesektoren	24	<i>Programkategori 13.25 Statsforvaltarane</i>	77
2.1	Kommunesektoren sine inntekter i 2023	24	Kap. 525 Statsforvaltarane	82
2.2	Kommunesektoren sine inntekter i 2024	24	Kap. 3525 Statsforvaltarane	86
3	Oppfølging av oppmodingsvedtak	28	<i>Programkategori 13.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning</i>	87
4	Oversikt over budsjettforslaget	45	Kap. 530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	90
4.1	Utgifter fordelt på programkategori og kapittel	45	Kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål .	92
4.2	Inntekter fordelt på programkategori og kapittel	47	Kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga	93
Del II	Budsjettforslag	51	Kap. 3533 Eigedomar utanfor husleigeordninga	93
5	Nærare om budsjettforslaget ...	53	Kap. 2445 Statsbygg	94
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	53	Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu	99	
<i>Programkategori 00.10 Det kongelege hus</i>	53	Kap. 5447 Sal av eigedom utanfor statens forvaltningsbedrifter	99	
Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga	54	<i>Programkategori 13.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk</i>	100	
Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	55	Kap. 540 Digitaliseringsdirektoratet	103	
Programområde 13 Statsforvaltning og kommunesektoren mv.	56	Kap. 3540 Digitaliseringsdirektoratet	109	
<i>Programkategori 13.00 Administrasjon</i>	56	Kap. 541 IT- og ekompolitikk	110	
Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet	61	Kap. 542 Internasjonalt samarbeid	114	
Kap. 502 Tariffavtalte avsetningar mv.	67	Kap. 3542 Internasjonalt samarbeid	116	
Kap. 505 Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	69	Kap. 543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	116	
		Kap. 3543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	122	
		Kap. 5570 Sektoravgifter under Kommunal- og distriktsdepartementet	122	
		<i>Programkategori 13.45 Personvern</i>	124	
		Kap. 545 Datatilsynet	125	
		Kap. 3545 Datatilsynet	126	
		Kap. 546 Personvernemnda	126	

<i>Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk</i>	128	<i>Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata</i>	202
Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling	132	Kap. 590 Planlegging og byutvikling	205
Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling	151	Kap. 595 Statens kartverk	210
<i>Programkategori 13.60 Samiske føremål</i>	155	Kap. 3595 Statens kartverk	213
Kap. 560 Samiske føremål	157	Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS	214
Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter	158	Del III Omtale av særlege tema	215
Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter	159	6 Samfunnssikkerheit og beredskap	217
<i>Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar</i>	160	7 Klima- og miljørelevante saker	223
Kap. 567 Nasjonale minoritetar	161	8 Oppfølging av berekraftsmåla i Kommunal- og distriktsdepartementet	226
<i>Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.</i>	166	9 Nordområdepolitikken	234
Kap. 571 Rammetilskot til kommunar	169	10 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar	243
Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot	172	11 Likestilling	244
Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar	173	11.1 Likestilling i staten	244
Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot 174		11.2 Likestilling i verksemdene	246
Kap. 573 Kommunestruktur	179	Forslag	249
Kap. 575 Ressurskrevjande tenester	180	Vedlegg	
Kap. 577 Tilskot til dei politiske parti	181	1 Den breie distriktspolitikken	264
Kap. 578 Valdirektoratet	184	2 Pågåande byggeprosjekt der Stortinget har godkjend kostnadsrammene	273
Kap. 5616 Kommunalbanken AS	185	3 Gjeldande romartalsvedtak frå tidlegare år	274
<i>Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg</i>	186		
Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak	189		
Kap. 585 Husleigetvistutvalet	193		
Kap. 3585 Husleigetvistutvalet	194		
Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet	194		
Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet	196		
Kap. 2412 Husbanken	197		
Kap. 5312 Husbanken	200		
Kap. 5615 Husbanken	201		

Digitale vedlegg

Programmakategori 13.60 Sámi ulbmilat
Oppfølging av berekraftsmåla i Noreg

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Nye digitaliseringstiltak i statsbudsjettet for 2024	18	Tabell 5.9	Endringar i rammetilskotet som følge av endringar i oppgåver mv.	175
Tabell 2.1	Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2024	25	Tabell 5.10	Områdesatsingar – forslag til løyvingar i 2024	207
Tabell 2.2	Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter	26	Tabell 11.1	Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2018–2022	245
Tabell 2.3	Kommunesektoren sine inntekter i 2024	27	Tabell 11.2	Tal på årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste for heiltidstilsette 2017-2022	246
Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer	28	Tabell 11.3	Tilstandsrapportering i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemdar	247
Tabell 5.1	Oversikt over kostnadsanslag og kostnadsrammer for ulike delar av nytt regjeringskvartal ...	60	Vedlegg		
Tabell 5.2	Utviklinga i bustadlansordninga i Statens pensjonskasse	70	Tabell 1.1	Økonomisk politikk	265
Tabell 5.3	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga – under oppføring	91	Tabell 1.2	Næringspolitikk	265
Tabell 5.4	Ordinære byggeprosjekt – vidareføring	97	Tabell 1.3	Infrastruktur	268
Tabell 5.5	Balansen til Statsbygg	98	Tabell 1.4	Velferd, oppvekst og miljø	269
Tabell 5.6	Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2024	170	Tabell 1.5	Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms	271
Tabell 5.7	Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2024	171	Tabell 1.6	Tiltak som prioriterer Nord-Noreg og rammetilskot til kommunane	272
Tabell 5.8	Tilskot gjennom inntekts-systemet i 2023 og 2024	174			

Figuroversikt

Figur 5.1	Organisasjonskart for Kommunal- og distriktsdepartementet med underliggende etatar og tilknytte verksemder	62	Vedlegg		
Figur 5.2	Ressursfordeling per departementsområde for 2022	83	Figur 1.1	Utvikling i den breie distrikts- politikken 2008–2024	264

Oversikt over bokser

Boks 2.1	Inntektene til kommune- sektoren i 2024	27	Boks 5.1	Distriktsindeksen	130
			Boks 5.2	Verkemiddel	134



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 1–2, 500–595, 2412, 2445

Inntektskapittel: 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615, 5616, 5635

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 21. september 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Satsingsområde

1.1 Ein heilskapleg politikk for heile Noreg

Noreg er eit langstrakt land med store geografiske forskjellar i samfunns- og næringsliv. Vi har eit velutvikla nasjonalt, regionalt og lokalt folkestyre og eit samfunn med høg tillit og relativt små forskjellar. Det er ein bærande idé i samfunnet vårt at innbyggerane, folket, skal kunne påverke utviklinga i samfunnet, nasjonalt, regionalt og lokalt. Det lokale folkestyret, både i kommunar og fylkeskommunar, gir innbyggerane innverknad på utviklinga av sine lokalsamfunn og si framtid. Motivasjonen for å delta i lokalpolitikken og i det lokale organisasjonslivet er ein gjensidig avhengigheit og solidaritet i samfunnet. Dei lokale folkevalde har dessutan kunnskap om dei lokale forholda som gjer det mogleg å tilpasse politikken til innbyggerane sine ønskjer og lokalsamfunnet sine føresetnader. Derfor er det viktig at einingane ikkje blir for store, og at dei omfattar eit geografisk område som er hensiktsmessig og som har lokal oppslutning. Dette fører til ein variasjon som er verdifull og som avspeglar ulike preferansar i befolkninga. Det er ikkje, og det bør heller ikkje vere, eit mål at lokalsamfunn, alle kommunar og fylkeskommunar skal gjere dei same vala og tilpasse seg på same måte. Variasjon og mangfald er eit sjølvstendig mål.

Tenester nær folk i heile landet er eit grunnleggande mål for denne regjeringa. Kommunane har ansvar for mange av dei viktigaste velferdsoppgåvene, og bidrar til å sikre gode levekår og tilgang til grunnleggande tenester både i bygd og by i heile Noreg. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – Distriktpolitikk for framtida* viser retning for distriktpolitikken framover (sjå også pkt. 1.6 Ein aktiv distriktpolitikk og programkategori 13.50). Dei særskilte utfordringane i byområde er utgangspunktet for Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader* (sjå også pkt. 1.2 Berekraftig utvikling og programkategori 13.90). Det skal vere god tilgang på eigna bustader i heile landet. Regjeringa tar sikte på å legge fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk våren 2024.

Det er kommunane som er best i stand til å vurdere kva som trengs mest i deira kommune. Det kommunale sjølvstyret gir rom for skreddarsyddde løysingar for kvart einskilt lokalsamfunn, tilpassa dei utfordringane ein står overfor. Derfor skal kommunesektoren i all hovudsak vere rammefinansiert og hovudsakeleg bli gitt frie midlar. Øyremerka tilskot skal som hovudregel vere atterhalda viktige nasjonale prioriteringsområde i ein oppstartsfasen, eller finansiering av oppgåver som få kommunar har ansvar for. Regjeringa er oppteken av å gi kommunane handlingsrom til å løyse oppgåvene lokalt.

Rammefinansiering skal framleis vere berebjelken i finansieringa av kommunesektoren. Kommunane sitt inntektssystem skal utjamne dei økonomiske skilnadene mellom kommunar, og det samla finansieringssystemet skal sikre godt samsvar mellom inntekter og oppgåver for den enkelte kommune. Regjeringa vil legge fram ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024. Denne gjennomgangen vil følgje opp Hurdalsplattforma og bygge på utgreiinga frå Inntektssystemutvalet og høringsfråsegnene til denne. Det blir tatt sikte på at nytt inntektssystem for kommunane får verknad frå og med 2025.

Kommunesektorens samla inntekter utgjer om lag 19 pst. av BNP for fastlands-Noreg. Om lag kvar femte sysselsette i landet er tilsett i kommunal sektor. Storleiken på kommunesektoren inneber at utviklinga i sektoren er av stor betydning for utviklinga i norsk økonomi, og sektoren sin samla ressursbruk har stor verknad på heilskapen i økonomien. Det økonomiske opplegget for kommunesektoren er omtala i pkt. 2.

Større handlingsrom for kommunar og fylkeskommunar og meir fagleg fridom for førstelinja legg til rette for meir velferd og betre tenester til innbyggerane. Regjeringa har derfor satt i gang ei tillitsreform. Tillitsreforma dreier seg mellom anna om korleis offentleg sektor kan tenkje nytt om korleis oppgåver skal løysast. Regjeringa har invitert kommunar og fylkeskommunar til å delta i ei nasjonal forsøksordning (frikommuneforsøk) om fritak frå lover og reglar gjennom forsøk.

Regjeringa vil fortsette å legge til rette for at omsynet til samane og dei nasjonale minoritetane blir vareteke og at dei folkerettslege forpliktingane blir etterlevde. Det blir lagt til grunn at kommunar og fylkeskommunar på eige initiativ, og som del av lokaldemokratiet, følgjer opp forpliktingane sine overfor samar og nasjonale minoritetar.

1.2 Berekraftig utvikling i kommunar og fylkeskommunar

Berekraftsmåla vart vedtatt av FN-landa i 2015. Kommunal- og distriktsdepartementet har frå 2020 ansvar for koordineringa av det nasjonale arbeidet med berekraftsmåla.

Stortinget drøfta berekraftsarbeidet i april 2022, jf. Meld. St. 40 (2020–2021) og Innst. 218 S (2021–2022). Regjeringa arbeider no med å følgje opp berekraftsmåla, mellom anna gjennom etatsstyringa av underliggende verksemdar og gjennom eit forum der toppleiarar frå næringslivet, academia, kommunesektoren, frivillige organisasjonar og partane i arbeidslivet deltar. Sidan etableringa i 2022 har Toppleiarforum for berekraftsmåla blitt samla fire gonger for å diskutere tema som sirkulær økonomi, ansvarleg forbruk, ulikskap og energiforsyning.

Kommunar og fylkeskommunar er avgjerande for arbeidet med å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Regjeringa har derfor inngått ei samarbeidsavtale med KS om berekraft og innovasjon. Gjennom avtala skal partane mellom anna arbeide saman om ei felles forståing av kva berekraftsmåla inneber for kommunar og fylkeskommunar og korleis dei kan bli operasjonalisert, slik at dei speglar utfordringane nasjonalt, regionalt og lokalt.

Regjeringa la i juni 2023 fram nye nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging for perioden 2023–2027. Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, nasjonale klima- og miljømål og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet. Gode lokalsamfunn er grunnsteinar i ei berekraftig utvikling, og det er viktig å motverke sentralisering som svekker lokale tenester og tilbod. Levande distrikt er òg avgjerande for å sikre matproduksjon og at jordbruksareala blir halde i drift.

Kommunane har eit stort ansvar for berekraftig planlegging som varetar sosiale, miljømessige og økonomiske behov for innbyggjare, natur og næringsliv. Plan- og bygningslova gir fylkeskom-

munane og kommunane fleksibilitet til å tilpasse planlegginga til behovet. Regjeringa meiner det er viktig at dette handlingsrommet blir utnytta for å legge til rette for ønska utvikling, samstundes som planlegginga ikkje blir gjort meir omfattande enn nødvendig. Det lokale sjølvstyret er viktig, og statlege og regionale styresmakter skal legge vekt på lokaldemokratiet når dei vurderer om det skal fremjast motsegn eller innvending.

Regjeringa vil legge fram nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Arealpolitikken skal bli praktisert slik at den er tilpassa regionale og lokale forhold, og slik at det kan leggjast til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folkesetnaden. Alle kommunar skal ha moglegheit til å utvikle små og store lokalsamfunn, og det skal leggjast til rette for meir bustadbygging i område med lav befolkningstettleik. I befolkningstette område skal retningslinjene bidra til effektiv arealbruk gjennom samordning av utbyggingsmønster og transportsystem. I område med lavt utbyggingspress, lavt folketal eller negativ befolkningsutvikling skal dei bidra til utvikling av levedyktige lokalsamfunn og legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling. Det er òg ei tydeleg målsetting å styrkje jordvernet.

I arbeidet med byvekstavtaler i dei store byane skal hovudtyngda av vekst i bustader og arbeidsplassar kome i eller i nærleiken av større knutepunkt for å bygge opp under nullvekstmålet, med dei tilpassingane som følgjer av kvar enkelt avtale. Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast for å oppnå løysingar som er arealeffektive, samfunnsøkonomisk lønsame, og som legg til rette for miljøvennleg transport. Planlegginga skal bidra til å styrkje kollektivtransport, sykkel og gonge som transportform.

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*. Meldinga samlar regjeringa sin politikk for å halde ved lag og styrkje den sosiale berekrafta i norske byar og nabolag, gjennom å legge til rette for gode levekår, høg livskvalitet og gode oppvekst- og nærmiljø. I enkelte byar og område med konsentrasjon av levekårsutfordringar har staten og kommunane avtalebaserte samarbeid om felles ekstra innsats, kalla områdesatsingar. Regjeringa har i 2023 utvida områdesatsingane til nye kommunar, sjå nærare omtale under kap. 590, post 65.

Kommunal- og distriktsdepartementet støttar opp om planarbeidet i fylkeskommunane og kommunane gjennom kompetansetiltak, kunnskapsdeling og ved å utvikle nye verktøy. Det er over heile landet tilbod om rettleiing og etter- og vidareut-

danning, i samarbeid med offentlege og private aktørar. Regjeringa oppmodar kommunane til samarbeid gjennom interkommunale plankontor og andre former for interkommunalt plansamarbeid for å styrkje kapasiteten og kompetansen til å drive samfunnsutvikling.

Det politiske ansvaret for dei bygde omgivnadene er fordelt på mange departement. Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer både den nasjonale arkitekturpolitikken og ei interdepartemental arbeidsgruppe som både kartlegg eksisterande politikk og verkemiddel på arkitekturfeltet, og vurderer behov for nye verkemiddel. Målsettinga er ein samla og målretta nasjonal arkitekturpolitikk som bidrar til berekraftig utvikling, og som gir samfunnet meirverdi.

Det blir vist til omtale i del III pkt. 8 om oppfølging av berekraftsmåla i Kommunal- og distriktsdepartementet.

1.3 Omstilling og fornying i offentleg sektor

Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentleg sektor som gir innbyggerane gode tenester, valfridom og medråderett. Regjeringa sine mål for desentralisering og fornying av offentleg sektor er å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring. Alle skal ha tilgang til tilpassa velferdstenester av god kvalitet gjennom det offentlege tilbodet.

Arbeidet med regjeringa si tillitsreform er ein integrert del av regjeringa sitt arbeid med å fornye og utvikle offentleg sektor. Dei to andre områda i fornyingsarbeidet er innovasjon og digitalisering. For arbeidet med digitalisering, sjå pkt. 1.4 under.

Målet med tillitsreforma er å gi brukarane og innbyggerane betre velferd og betre tenester til rett tid. For å få til dette må ein sjå på korleis mål- og resultatstyring blir brukt. Det er krevjande å setje gode mål, og det er vanskeleg å måle og vurdere resultat i etterkant. Ein bør redusere detaljstyring og rapportering som ikkje er nødvendig, og auke handlingsrommet for kommunar, verksemder og den enkelte medarbeidaren. Mål- og resultatstyringa må utviklast slik at dei tilsette sitt faglege sjølvstende ikkje blir avgrensa unødig. Dei tilsette i førstelinja må få meir handlingsrom og meir tid til å nytte kompetansen sin, slik at dei kan yte betre tenester til brukarane. Å auke bruken av tillitsbasert leiing kan vere eit godt tiltak i denne samanhengen. Kommunal- og distriktsdepartementet har bede Direktoratet for forvaltning

og økonomistyring (DFØ) om å innarbeide opplæring i medråderett, partssamarbeid og tillitsbasert leiing i leiarutviklingstilbodet retta mot leiarar på ulike nivå.

Staten skal òg ha vilkår som gjer det mogleg å rekruttere leiarar med god og rett kompetanse, samstundes som lønsutviklinga for leiarar ikkje skal overskride det som er gjennomsnittleg lønsutvikling i samfunnet. Regjeringa arbeider med å utarbeide nye retningslinjer for leiarløningar og andre typar godtgjersler for leiarar i staten, som legg til rette for reduserte lønsskilnader.

Tillitsreforma gjeld heile offentleg sektor, både staten og kommunesektoren. Den er eit felles prosjekt for regjeringa. Det er dei enkelte departementa som skal setje i verk reforma i sine sektorar. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for å setje rammene for og å vere pådrivar i arbeidet. I tillegg ser Kommunal- og distriktsdepartementet til at dei ulike elementa i tillitsreforma går inn i ein heilskap, og at tiltaka i dei ulike sektorane heng saman. Som ein del av denne overordna rolla har Kommunal- og distriktsdepartementet kontakt med dei sentrale partane i arbeidslivet i offentleg sektor om tillitsreforma; LO, YS, Unio, Akademikerne, KS og Spekter.

Regjeringa ønskjer å bygge og vidareutvikle ein kultur for innovasjon i offentleg sektor. Eit viktig tiltak i tillitsreforma er å bruke medarbeidarane sin kompetanse slik at det blir meir innovasjon. Leiarar må utvikle kultur og kompetanse for innovasjon, og gi medarbeidarar fridom til å finne fram til nye løysingar. Dette bør baserast på innsikt og forståing for kva som kan vere mest effektivt, og i samarbeid med brukarane av tenestene. Regjeringa ønskjer derfor å gjennomføre ei brei kompetansereform for arbeidslivet. Kommunal- og distriktsdepartement vil samarbeide både med Kunnskapsdepartementet og DFØ for å legge til rette for at statlege verksemder møter framtida sitt kompetansebehov, mellom anna innanfor digitalisering, forvaltningskompetanse og tillitsbasert leiing.

For å løyse store og komplekse samfunnsutfordringar er det nødvendig å legge til rette for nye måtar å arbeide på. Dette inngår òg som ein sentral del av tillitsreforma. Regjeringa vil teste ut lokale forsøk og pilotar for fornying i offentleg sektor, og har tatt initiativ til ei forsøksordning for kommunane og fylkeskommunane (frikommuneforsøk), som er gjort greie for i Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*. Regjeringa vil òg auke kommunalt sjølvstyre med større grad av innovasjon, og dessutan endre regelverk og praksis for offentlege innkjøp, slik at dei støttar viktige

mål som berekraft, gode løns- og arbeidsvilkår, bruk av lærlingar og lokale ringverknader. Departementet har bede Digitaliseringsdirektoratet om faglege råd om korleis verkemidla for nyskaping i offentleg sektor kan utviklast vidare, slik at dei er betre tilpassa dagens og framtidens behov.

Det blir òg gjort andre grep for å få til betre samordning på fleire politikkområde. Forsøk med ei ny tverrgåande arbeidsform, kalla kjernegrupper, skal gjere departementa betre i stand til å møte særleg komplekse utfordringar. Det er sett i gang kjernegrupper innanfor fleire område som krev betre samordning, i alt fem grupper. Tema for kjernegruppene er klima og omstilling, utsette barn og unge, kunnskapsgrunnlag for krisehandtering, vatn og avløp og kompetanse i staten og departementa. DFØ følgjer kjernegruppene og vil levere ein erfaringsrapport hausten 2023.

Statsforvaltaren skal arbeide for best mogleg samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og statleg verksemd i fylket. For å styrkje samordningsrolla til statsforvaltarane har Kommunal- og distriktsdepartementet, mellom anna som del av oppfølginga av tillitsreforma, tatt initiativ til å forenkle og forbetre styringa. Dei ulike departementa som styrer statsforvaltaren, er oppmoda om å fastsette færre og meir overordna krav til styring og rapportering, å gi fleire felles oppdrag, og meir lik og felles utforming av styringskrava.

Konsulentbruken vart redusert med 4,1 pst. frå 2021 til 2022, justert for prisvekst. I 2022 brukte statsforvaltninga 13,2 mrd. kroner på konsulenttenester, mot 13 mrd. kroner i 2021. Lønsutgiftene i statsforvaltninga var i 2022 150 mrd. kroner. Konsulentutgiftene samanhelden med lønsutgiftene er lågare i 2022 enn i 2021, samstundes som det varierer betydeleg mellom ulike statlege verksemdar. Regjeringa vil kutte i konsulentbruk i staten, og har i tildelingsbrev for 2022 og 2023 pålagt statlege verksemdar å arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å bruke interne ressursar og kompetanse. Verksemdene skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2023.

Det er òg vinstar ved felles innkjøpsavtaler. Statens innkjøpssenter inngår og forvaltar felles innkjøpsavtalar på vegne av staten. Dei legg til rette for at staten reduserer innkjøpskostnader med om lag 275 mill. kroner i året. DFØ skal i 2023 jobbe vidare med å inngå nye avtalar og tiltak for å legge til rette for auka vinstar av alle inngåtte fellesavtalar for innkjøp. Ein jobbar aktivt med berekraft og sirkulære løysingar i arbeidet med avtalane, frå kva du kjøper til kontraktsoppfølging.

Regjeringa ønskjer ei betre demokratisk styring og kontroll av velferdstenestene. Derfor har regjeringa sett ned eit utval som skal vurdere alternative løysingar til kommersiell drift for den delen av dei skattefinansierte velferdstenestene som blir leverte av private, kommersielle aktørar. Føremålet med utvalet er å greie ut korleis kommersiell drift kan fasast ut i ulike skattefinansierte velferdstenester, og legge fram ein eigen nullproffittmodell for kvar slik sektor. Utvalet skal òg greie ut ein juridisk definisjon for ideelle driftsformer. Alternativa til kommersiell drift kan vere at slike tilbod blir ført tilbake i offentleg eigenregi, at det blir eit større innslag av ideelle aktørar, eller ein kombinasjon av desse alternativa. Men ei utfasing kan òg innebere moglegheiter for framleis innslag av kommersielle aktørar med utgangspunkt i ei strengare regulering av verksemda deira enn i dag. Utvalet skal levere utgreiinga innan 1. juni 2024.

1.4 Digitalisering og ny teknologi – desentralisering i praksis

Moglegheitene for desentralisering og for å styrkje busetnad og næringsutvikling i heile landet gjennom digitalisering og nye teknologiar, er store. Ein god digital grunnmur er grunnleggjande for å lykkast med vidare digitalisering som mogleggjer verdiskaping og gode tenester i heile Noreg. Noreg ligg langt framme i internasjonal målestokk med gode og sikre elektroniske kommunikasjonsnett, likevel er tilbodet framleis langt betre i byar og tettstader enn i spreiddbygde strøk. Det er òg forskjellar mellom ulike deler av Noreg, kor nokre distrikt har høgare dekningsgrad enn andre. Derfor forsterkar regjeringa satsinga på utbygging av breiband- og mobildekning i heile landet ytterlegare i budsjettforslaget for 2024.

Den digitale grunnmuren med dei elektroniske kommunikasjonsnettene og datasentre, og dei digitale tenestene dei bærer, er avgjerande for å kunne utnytte moglegheitene ved digitaliseringa til å utvikle og ta i bruk nye løysingar på sentrale samfunnsutfordringar. Ny teknologi kan mellom anna auke produktivitet, redusere klimaavtrykket i offentleg sektor og næringslivet og gi gode tenester til alle, inkludert ei aldrande befolkning.

Mobil- og breibandnett er samfunnskritisk infrastruktur i dag, og tilgang til slik infrastruktur overalt er avgjerande for å sikre busetjing og verdiskaping i heile landet. På tvers av alle samfunnssektorar blir det lagt inn stadig større verdiar i den digitale grunnmuren. Utbygginga av høghas-

tigheits breiband i Noreg går raskt, og dekningsgraden aukar for kvart år, men det er framleis betydelege geografiske forskjellar i breibanddekninga. Foreløpige tall frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit viser at per første halvår 2023 hadde 96,6 pst. av husstandane tilbod om breiband med hastigheit på minst 100/10 Mbit/s nedlastings-/opplastingshastigheit, og i tillegg hadde 95,1 pst. tilbod om gigabit-breiband. I tettbygde strøk hadde heile 98,6 pst. av husstandane tilbod om gigabit-breiband, medan berre 77,0 pst. hadde slikt tilbod i spreiddbygde strøk.

Det er viktig å motverke at nokre område systematisk heng etter i utbygginga av breiband, og prioritere at alle husstandar og verksemder så raskt som mogleg har tilbod om minimum 100 Mbit/s nedlastingshastigheit. Regjeringa har som mål at alle skal ha eit slikt tilbod innan utgangen av 2025. Det viktigaste verkemiddelet for å nå alle med raskt breiband er å legge til rette for kommersiell utbygging. Samstundes er det i nokre område ikkje kommersielt grunnlag for utbygging, og i slike område vil regjeringa forsterke satsinga ytterlegare. Forslaget om 400 mill. kroner inneber ei auke i løyvinga for 2024 med 37,3 mill. kroner, samanlikna med saldert budsjett for 2023.

Den teknologiske utviklinga går raskt og 5G-utbygginga held fram i høgt tempo. Per 1. juni 2023 hadde over 93 pst. av befolkninga tilbod om 5G der dei bur. Regjeringa legg til rette for utbygging. Basert på opplysningar frå tilbydarane, kan ein anslå at Noreg ligg an til å oppnå ei nasjonal 5G-dekning på om lag same nivå som 4G-dekninga i 2024. Regjeringa legg òg til rette for at behova til industrien blir møtt, og for innovasjon og utvikling i næringslivet knytt til 5G, både gjennom frekvensforvaltning og 5G-industriforum. Mobilnetta, og spesielt 5G, er ikkje berre eit viktig supplement til kabelbasert breiband for å nå målet om breiband til alle i heile landet. I lag med sensorar som kommuniserer med internett (tinga sitt internett (IoT)) og kunstig intelligens, mogleggjer mobilnetta også nye løysingar for auka produktivitet og reduserte klimautslepp i industrien, gjennom forbetring og automatisering av prosessar. Noreg har nyleg også fått eit breibandstilbod frå lågbanesatellittar. Saman med fullføringa av 5G-utbygginga, gir dette auka tilgjengelegheit og bidrar til eit breibandstilbod med god kapasitet mange plassar, særleg ute i distrikta.

I tillegg til høghastigheits breiband over heile landet, er det viktig at netta er sikre og robuste. Kommunal- og distriktsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgjer opp dette

gjennom krav i ekomloven og i medhald av sikkerheitslova, og gjennom tilsyn, pålegg og rettleiing.

Sjølv om norske nett har generelt høg tilgjengelegheit, vil regjeringa heve innsatsen for å redusere sårbarheiter, ikkje minst i distriktsområder der det ikkje er kommersielt grunnlag for å bygge ut reserveløysingar. Regjeringa fortsett derfor den styrka satsinga på telesikkerheit og beredskap frå 2023. Programmet forsterka ekom held fram. Gjennom programmet får sårbare kommunar etablert eit område med forsterka reservestraum på tre døgn og ofte alternative føringsvegar. Dette gir vesentleg auka beredskap for lokal kriseleiing og befolkninga elles. Regjeringa vil fortsette å styrkje infrastrukturen i Nordland. I tillegg gjer Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ei analyse av risiko og sårbarheiter for infrastrukturen i Trøndelag, Finnmark, Troms og Nordland vil då ha fått slike målretta tiltak. Regjeringa vil også prioritere midlar til den nye reserveløysinga for kommunikasjon til Svalbard, og midlar til drift av systemet for Nødvarsel over mobilnetta. Regjeringa held òg fram arbeidet med styrking av samarbeidet mellom ekomsektoren og kraftsektoren, fordi det er viktige avhengigheiter mellom sektorane.

Den auka kapasiteten og sikkerheita tiltaka i den digitale grunnmuren bidrar til, underbygger og legg til rette for vidare digitalisering og innovasjon. Høg digital kompetanse i befolkninga støtter opp om ei slik utvikling. Noreg skårar høgt på brukarorientering og digital infrastruktur i internasjonale undersøkingar, og det er viktig for å forebygge digitale skilnader.

Noreg skårar høgt på områda digital infrastruktur i internasjonale undersøkingar. Ifølgje OECD sine data samla til Digital Economy Outlook¹ er Noreg i teten blant OECD-land når det gjeld mellom anna bruk av høghastigheits breiband i hushaldingar og verksemder, utbreiing av tinga sitt internett (IoT), del innbyggjarar som kjøper varer og tenester på nett, del i befolkninga generelt som brukar internett, del av innbyggjarar som bruker offentlege digitale tenester og del av verksemder som brukar internett til å gjere forretningar. Dette viser at vi er eit digitalt modent land, med gode føresetnadar for å digitalisere for auka velferd, nye arbeidsplassar over heile landet og auka verdiskaping.

Regjeringa har høge ambisjonar for digitalisering av offentleg sektor og ønskjer å gjennomføre eit taktskifte i digitaliseringa av offentleg sektor. Dette skal bidra til gode tenester for innbyggjarar,

¹ Kilde: Norway | Countries | OECD Going Digital Toolkit.

næringsliv og frivillig sektor, uansett kor i landet ein held til. Digitalisering skal bidra til ein sterk og effektiv offentlig sektor. Digitalisering skal òg vere eit verktøy for å arbeide smartare internt i offentlig sektor.

Regjeringa har starta arbeidet med ein ny nasjonal digitaliseringsstrategi. Strategien skal mellom anna stake ut kursen for forsterka digitalisering av offentlig sektor, legge til rette for auka tempo i næringsretta digitalisering og ta opp andre viktige samfunnsspørsmål. Strategien vil omtale ulike teknologiar som vil påverke samfunnet vårt framover, slik som kunstig intelligens. Regjeringa vil sjå på korleis ein kan legge til rette for at ny teknologi blir brukt på best mogleg måte innanfor trygge og ansvarlege rammer, og vurdere behovet for betre regulering av denne type teknologiar.

Under pandemien auka digitaliseringstakta i offentlig sektor. Dei digitale fellesløysingane har spelt ei avgjerande rolle i denne raske utviklinga av nye digitale tenester. Digitaliseringsdirektoratet har gjennomført eit større moderniseringsarbeid av sentrale digitale fellesløysingar, som ID-porten. Det er behov for å arbeide vidare for å ruste fellesløysingane for vekst og forebygge digitale angrep. I 2024 blir det foreslått 4,4 mill. kroner til direktoratet sitt arbeid med dette. Altinn er ein viktig fellesløysing for digital dialog mellom offentlege etatar, næringsliv og privatpersonar. Altinn-plattformen er basert på utdatert teknologi, og løysinga tilfredsstillar ikkje krava til sikkerheit og universell utforming. Digitaliseringsdirektoratet har i lengre tid arbeida med å modernisere plattformen for å vareta krava til sikkerheit, regulatoriske rammevilkår, etterleving av personvern og tenesteeigarane sine funksjonelle behov. Moderniseringsarbeidet er nødvendig for å sikre sikkerheit og stabiliteten i Altinn.

Samstundes vil Digitaliseringsdirektoratet, saman med Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå (SSB) og Brønnøysundregistera arbeide med å flytte tenester til den moderniserte plattformen. I 2024 blir det foreslått 200 mill. kroner til arbeidet med Altinn 3, av dette 78,5 mill. kroner til Digitaliseringsdirektoratet, 90 mill. kroner til Skatteetaten, 21,5 mill. kroner til Brønnøysundregistera og 10 mill. kroner til SSB.

Regjeringa vil òg legge til rette for at Noreg utnyttar moglegheitene bruk av teknologi og data gir for auka verdiskaping, innovasjon og berekraftig utvikling. Det er viktig å ha gode rammevilkår som støttar utvikling og bruk av digitale tenester, gjennom mellom anna deling av offentlege data for innovasjon og nye forretningsmodellar i

næringslivet og sivilsamfunnet. Vidarebruksutvalet² skal levere ei lovutgreiing til departementet 1. juli 2024. Utvalet skal foreslå ei meir heilskapleg regulering av vidarebruk av offentlig informasjon (data). Reguleringa skal òg omfatte relevante EU-rettsakter på dette området. Regjeringa vil òg jobbe for at kompetansen i små og mellomstore verksemdar blir styrkt, slik at dei kan ta del i den datadrivne økonomien. Samstundes vil regjeringa følgje med på utviklinga i internasjonalt regelverk, mellom anna knytt til kunstig intelligens (KI). Regjeringa er opptekne av at KI-reguleringa frå EU blir tatt inn i norsk lovverk snarast råd.

Regjeringa la fram ein nasjonal strategi for eID i offentlig sektor våren 2023. Strategien set viktige retningsval og peiker i ei retning der målet er at alle skal bli inkludert i det digitale samfunnet. Nå arbeider regjeringa med ein handlingsplan med konkretisering av gjennomføring av tiltaka i strategien. Handlingsplanen rettar seg primært mot verksemdar og myndigheiter i offentlig sektor.

Regjeringa har utarbeidd ein handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn som vart lagt fram i juni 2023. Handlingsplanen er utarbeidd i samarbeid med offentlege, frivillige og privat næringsliv. I planen er det varsla fleire tiltak i perioden 2023 til 2026 som skal betre moglegheitene for at innbyggjarar med mangelfull eller liten digital kompetanse kan delta i det digitale samfunnet, mellom anna skal det bli etablert eit betre samarbeid mellom offentlege verksemdar, frivillige organisasjonar og næringslivet for å koordinere innsatsen for å hindre digitalt utanforskap. Regjeringa vil sørge for at offentlig sektor tilbyr rettleiing i bruk av digitale løysingar til brukarar med ingen eller svake digitale ferdigheiter. Offentleg sektor har eit ansvar for å levere offentlege tenester til alle, også til dei som ikkje er digitale. Regjeringa foreslår for 2024 at det blir sett av midlar til både tilskot til hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse og tilskot til Seniornett.

Regjeringa er oppteken av at samar skal kunne bruke språka sine på digitale flater utan hindringar. Det er viktig for kvar enkelt språkbrukar, men også for at språka overlever. Divvun, ved UiT – Noregs arktiske universitet, utviklar samiske språkteknologiske løysingar. Kommunal- og distriktsdepartementet vil styrkje dette arbeidet i 2024.

² <https://www.regjeringen.no/no/dep/kdd/org/styrer-rad-og-utvalg/viderebruksutvalget/id2926740/>.

I 2022 inngikk Kommunal- og distriktsdepartementet og KS ein ny samarbeidsavtale om etablering av kommunale hjelpetilbod for å auke innbygarane sin digitale kompetanse. Avtalen varer ut 2025.

Befolkninga må ha tillit til digitale løysingar for at dei skal vere villige til å ta løysingane i bruk. Eit godt personvern er sentralt for denne tilliten. Regjeringa har gjort den regulatoriske sandkassa for personvern og kunstig intelligens permanent frå 2023. Sandkassa er eit tiltak for å stimulere til utvikling av personvernvenlege og rettferdige tekniske løysingar, og både offentleg og privat sektor kan få rettleiing i arbeidet med å vareta personvernet i nye og innovative løysingar.

Om lag 1,6 mrd. kroner til nye digitaliseringstiltak i 2024

Regjeringa foreslår ei offensiv satsing på digitalisering, og opprettheld eit høgt digitaliserings-tempo. Budsjettforslaget til regjeringa inneber om lag 1,6 mrd. kroner til nye digitaliseringstiltak i 2024, jf. tabellen under. Regjeringa sitt forslag til satsingar og omprioriteringar vil gjere det mogleg å realisere digitaliseringstiltak som vil bidra til forenkling og effektivisering i offentleg sektor, betre offentlege tenester og auka IT-sikkerheit.

Tabell 1.1 Nye digitaliseringstiltak i statsbudsjettet for 2024

Departement	Kort omtale av tiltaket	Forslag (mill. kroner)
OED	Digitalisering og dataforvaltning, NVE og Oljedirektoratet ¹	21,9
AID	Nasjonalt tilbud om digital språkopplæring	30,0
HOD	Digital samhandling	120,0
HOD	Digitalt helsekort for gravide	26,0
JD	Forprosjekt nytt nødnett og vidareføring av dagens nødnett	55,0
JD	Lyd og bilete i domstolane	15,0
KDD	Det kongelege hoff – IKT-sikkerheit	9,0
KDD	Tiltak i samband med dataangrepet	73,0
KDD	Sikker og robust teknisk infrastruktur for fellesløysingane	4,4
KDD	Altinn 3 og flytting av tenester hos SSB, SKE og BR til ny løysing	200,0
KDD	Utbygging av høghastigheits breiband	400,0
KDD	Medfinansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt (tilsegnssramme)	140,6
KD	Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skole	40,0
KD	Fleirårig forskingssatsing på databehandling og kunstig intelligens	53,3
KD	Fornye og oppgradere det nasjonale forskingsnett	140,0
KD	Norwegian Internet eXchange	9,0
FIN og KD	Vidareutvikling av microdata.no	11,0
NFD	Brukervennlige Registertjenester (BVR)	87,7
SD	Utvikling av kollektivtransportløysingar	50,0
SD	Digitalisering og teknologiutvikling i Statens vegvesen	100,0
Sum		1 585,9

¹ Medfinansieringsordninga dekker berre halve investeringskostnaden, resten må søkerveksemda finne rom for innanfor eiga ramme. Løyvinga til medfinansieringsordninga i 2024 vil kunne utløyse offentlege digitaliseringsinvesteringar med samla budsjett på minst 280 mill. kroner.

I tillegg til dei nye digitaliseringstiltaka omtala i tabellen og over, blir allereie vedtekne digitaliseringssatsingar på fleire sentrale område vidareførte. Ei rekke prosjekt blir også gjennomførte innanfor dei gjeldande budsjetttrammene til verksemdene.

Nedanfor følgjer ein kort omtale av enkelte av tiltaka i tabellen. Tiltaka i tabellen er nærare omtala i budsjettproposisjonen til det enkelte departement.

Regjeringa foreslår ei auke på 50 mill. kroner som skal bidra til at Entur AS og kollektivsektoren betre blir satt i stand til å ta tak i utfordringar og moglegheiter på området sømlaus mobilitet. Mid-

lane vil gå til å dekke auka kostnader til drift og vedlikehald av dagens system, vidareutvikling av felles plattform for kollektivbilletter i Noreg og å legge til rette for sal av internasjonale jernbanebilletter gjennom Entur.

Regjeringa foreslår ei auke på 100 mill. kroner til å styrkje digitalisering og teknologiutvikling i Statens vegvesen, irekna å dekke utgifter til drift, funksjonell vidareutvikling og teknisk vedlikehald av IT-løysingar. Statens vegvesen arbeider innanfor tre strategiske retningar på dette området; framtidens digitale vegar, heildigitalisert verdikjede for veg og digitale nyttetenester for kundane.

Regjeringa foreslår å løyve 30 mill. kroner for å legge til rette for eit nasjonalt tilbod om digital lærarstyrt norskopplæring, for å betre tilgangen på fleksible tilbod for norskopplæring på kveldstid og helg der deltakarane kan kombinere opplæringa med jobb. Tilbodet kjem også andre nykomne innvandrarakar til gode. Regjeringa ønskjer at fordrivne frå Ukraina og andre flyktningar skal kome raskt ut i arbeid eller annan aktivitet. Samstundes har mange behov for å lære seg norsk. Den kommunale norskopplæringa skjer på dagtid i mange kommunar, noko som kan vere eit hinder for å kome raskt i arbeid.

1.5 Vidareutvikling av bustad- og bygningspolitikken

Målet for bustadpolitikken er at alle skal kunne bu godt og trygt, og det gjer dei aller fleste i Noreg i dag.

Regjeringa vil våren 2024 legge fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil mellom anna ta for seg leige- og eigemarknadene, korleis vi kan ta vare på bustadene vi har og bygge dei vi treng, og arbeidet for sårbare grupper på bustadmarknaden. Meldinga vil vidare sjå på kommunane si rolle i bustadpolitikken og Husbanken si rolle med å støtte opp om kommunane. Regjeringa foreslår å vidareføre den auka låneramma til Husbanken på 24 mrd. kroner i 2024 for å bidra til at fleire skal kunne eige sin eigen bustad, og for å bidra til fleire eigna bustader i heile landet. Låneramma til Husbanken er auka frå 19 mrd. kroner då regjeringa overtok etter Solberg-regjeringa, til 24 mrd. kroner.

Eigarlinja ligg fast i norsk bustadpolitikk. Samstundes kan det vere risiko knytt til det å kjøpe og eige eigen bustad. Særleg gjeld det i periodar med auka renter og fall i bustadprisane. Vi er òg inne i ein periode med dyrtid, med høge utgifter til mellom anna matvarer, bustad og straum. Det rammer særleg dei som har minst frå før.

Ikkje alle hushald klarar å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Statistisk sentralbyrå (SSB) anslår at om lag 156 400 personar var vanskelegstilte på bustadmarknaden ved inngangen til 2022. Dette er personar som har låg inntekt, og i tillegg er trongbudde og/eller har høg gjeldsbelastning. Dette var ein nedgang på om lag 9 200 personar frå inngangen til 2021. Mange busette flyktningar frå Ukraina, saman med auka renter og leigeprisar, gjer at regjeringa venter ein auke i talet i vanskelegstilte 2023.

Den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet tredde i kraft 1. juli 2023. Lova klargjer kva pliktar kommunane har på feltet, og kan bidra til betre og meir likeverdig hjelp til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

I dei seinare åra har både private aktørar og kommunar tatt initiativ til å utvikle leige-til-eige-modellar og andre bustadkjøpsmodellar. Dette er modellar som kan gi mellom andre førstegongs-etablerarar ein enklare veg inn på bustadmarknaden. Departementet har i 2023 sendt ut eit høyringsnotat om endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova som skal legge betre til rette for bustadkjøpsmodellar.

Leigemarknaden er ein viktig del av bustadmarknaden og avgjerande for at bustadmarknaden i heilskap skal fungere. I mange tilfelle fungerer leigemarknaden godt. Vi har ein fleksibel marknad med eit variert tilbod av utleigebustader. Samstundes er det utfordringar. Mange opplever at det er vanskeleg å skaffe seg ein eigna utleigebustad, det kan vere dyrt og lite føreseieleg, og innebere unødig flytting. Mange stader er leigemarknaden no under press, og det er mangel på leigebustader i delar av landet. Det merkar kommunane, som har busett om lag 31 000 flyktningar i 2022, dei fleste frå Ukraina. Truleg kjem det minst like mange i 2023.

For å få fleire bustader ut på marknaden, har regjeringa mellom anna lansert «boligdugnden.no», ei nettside som samlar all informasjon om korleis gå fram for å leige ut ein bustad. For å bidra til rask busetting av flyktningar vart det vedtatt mellombels å gjeninnføre tilskot til utleigebustader i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Det vart vedtatt ei tilsegnssramme på 400 mill. kroner, og samstundes opna opp for at Husbanken kan gi tilskot til istandsetting av utleigebustader.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal vurdere husleigelova og foreslå endringar som styrker leigetakarar sine rettar, sikrar grunnleggande butryggleik og som gjer at lova er tilpassa dagens situasjon i leigemarknaden. Regjeringa har òg starta arbeidet med eit leigeløft saman med aktørar på leigemarknaden for å utveksle erfaringar om og utvikle tiltak for gode løysingar på leigemarknaden.

Bustøtta er eit viktig verkemiddel for å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Bustøtta har fleire gonger vore mellombels styrkja for å hjelpe mottakarane når straumprisane har vore ekstra høge. Frå november 2021 har det i tillegg vore mellombelse reglar for at ordninga skulle nå fleire. Regjeringa

foreslår å vidareføre det mellombelse regelverket og gi ekstra utbetalingar til straum for januar, februar og mars i 2024.

Byggenæringa møter no på utfordringar med høge byggekostnader og redusert sal av bustader. Det rammer bustadmarknadene i by og bygd. Bustadmarknaden i Noreg er ulik ut frå kvar ein bur. Det er forskjellar i og mellom kommunar, og mellom by og distrikt. Kommunane har ei nøkkelrolle i bustadpolitikken. I bustadmeldinga vil regjeringa vurdere korleis ein kan styrkje kommunane si rolle med å utjamne sosiale og geografiske forskjellar i bustadmarknaden.

Når det er få aktørar på bustadmarknaden, er behovet for at kommunane tar ei aktiv rolle særskild stort. Regjeringa er opptatt av å finne gode løysingar for kommunar i distrikta med lite nybygging samstundes som det er mangel på bustader som er tilpassa innbyggjarane sine behov. For å bidra til fleire bustader og betre bustadpolitisk kompetanse i distriktskommunar, foreslår regjeringa å styrkje ordninga med tilskot til bustadtiltak i distrikta ytterlegare i 2024.

Regjeringa har lagt fram stortingsmeldinga *Felleskap og meistring – Bu trygt heime*. Regjeringa vil gjere det trygt å bu lenger heime, og sørge for at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett gjennom betre planlegging, førebygging og meir målretta tenester. Som ein del av reforma, vil regjeringa etablere eit eldrebustadprogram. Programperioden skal gå frå 2024 til og med 2028. Det overordna målet med eldrebustadprogrammet er å bidra til at alle skal ha tilgang til ein eigna bustad i eit bumiljø.

Regjeringa vil ha ei klimavenleg byggenæring, samstundes som byggekostnadene skal vere så låge som mogleg. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med å hente inn kunnskapsgrunnlag om klimagassutslepp frå bygging, korleis klimagassutsleppa kan reduserast og korleis dette verkar på byggekostnadene. Vidare har regjeringa invitert bygge-, anleggs- og eigeidomsnæringa til dialog om klimapartnerskap, der det overordna målet er å få gjennomført samfunnsøkonomisk lønsame tiltak, som kan bidra til å kutte klimagassutslepp i tråd med Noregs klimamål for 2030 og 2050. Å redusere dei samla utsleppa frå næringa vil mellom anna krevje meir sirkulære løysingar, meir effektiv bruk av materialar og mindre avfall. Dialogen om klimapartnerskap skal synleggjere korleis ulike aktørar må bidra for å lykkast med dette. Regjeringa vil òg legge fram ein ny strategi for sirkulærøkonomi i løpet av hausten, som mellom anna omfattar tiltak i byggsektoren.

Regjeringa vil bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon, og set i gang eit arbeid med å greie ut moglege endringar i byggt teknisk forskrift og byggesaksforskrifta. Regjeringa vil sjå tiltak i samanheng, slik at dei verkar best mogleg og balanserer omsyn til energiutfordringar, miljø og klima og kostnader. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til tilskot til energitiltak i kommunale bygg til 300 mill. kroner. Ordninga er foreslått vidareført under Olje- og energidepartementet sitt budsjettområde.

Byggereglane har stor betydning både for byggenæringa og for dei som skal kjøpe seg ein ny bustad. Samstundes har reglane fått kritikk for å vere for omfattande og komplekse, og for å ha uklar effekt. Regjeringa set i gang arbeid med utgreiing av forbetringar i reglane for tilsyn og kontroll i byggesaker, og utgreiing av forenklingar i kvalifikasjonskrava innanfor dagens system. Direktoratet for byggkvalitet vil gjennomføre dette arbeidet. Mange opplever at deira nye bustad har store feil og manglar som ikkje blir retta opp av det ansvarlege bygningsføretaket. Forbrukarane må ofte sjølv bere kostnadene for retting. Regjeringa har derfor sendt på høyring forslag til endringar i plan- og bygningslova som vil styrke forbrukarvernet i byggesaker.

1.6 Ein aktiv distriktspolitikk

Regjeringa sitt mål for distrikts- og regionalpolitikken er at folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur. Regjeringa vil legge til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar. I juni 2023 la regjeringa fram ei melding til Stortinget om distriktspolitikk, Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – Distriktspolitikk for framtida*, som mellom anna vurderer tilrådingar frå distriktsdemografiutvalet og distriktsnæringsutvalet.

Regjeringa vil gi kommunane handlingsrom, slik at dei kan planlegge for eit godt samfunn og samarbeide om gode løysingar. Kommunane er ressurssterke organisasjonar med folkevald styring, over heile landet. Meir komplekse samfunnsutfordringar krev nye løysingar. Samarbeid mellom kommune og innbyggjar, mellom kommune og næringsliv, mellom kommuneorganisasjonar og mellom kommunar og andre aktørar, er viktig

for å møte desse utfordringane. Regjeringa vil, gjennom utprøving og avtaler, til dømes det nye distriktsretta verkemiddelet bygdevekstavtaler, opne for at kommunar i større grad kan jobbe heilskapleg på tvers av oppgåveområda. Bygdevekstavtaler har som føremål å styrkje samordninga av offentlege tiltak på tvers av sektorar og forvaltningsnivå, på nye måtar der initiativet kjem nedanfrå. Regjeringa har òg sett i gang utvikling av regionvekstavtaler.

God rådgiving og rettleiing frå fylkeskommune og statsforvaltar kan medverke til å styrkje kapasiteten og kompetansen i kommunane til å jobbe med samfunnsutvikling. Regjeringa arbeider med nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, som skal ha ei tydelegare differensiering mellom ulike område. Arealpolitikken må bli tilpassa dei lokale tilhøva og legge til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet.

Regjeringa vil utvikle berekraftige byar og tettstader med levande sentrum, og legge til rette for gode lokalsamfunn i bygd og by. Moglegheita til å utvikle både små og store lokalsamfunn med bu- og livskvalitet må ligge til grunn for prinsipp for fortetting og lokalisering. Bustader, næringsverksemd, arbeidsplassar og handels- og tenestetilbod skal lokaliserast slik at dei bidrar til å styrkje kvaliteten på stadene, skaper møteplassar og bygger opp under sentrumsfunksjonane. Småbyar og senter har viktige regionale funksjonar fordi dei kan tilby meir spesialiserte tilbod og tenester enn det mindre stader kan. Slik kan småbyane gjere heile regionen meir attraktiv.

Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i alle kommunar. Gjennom arbeidet med nye statlege planretningslinjer vil regjeringa legge betre til rette for at alle kommunar skal ha moglegheit til å utvikle små og store lokalsamfunn, og det skal leggest til rette for meir bustadbygging i område med lav befolkningstettleik. Regjeringa vil våren 2024 legge fram ei stortingsmelding om ein heilskapleg bustadpolitikk, som mellom anna vil vurdere korleis lån frå Husbanken kan medverke til fleire eigna bustader i distrikta.

Regjeringa vil legge til rette for trygge lokalsamfunn og gode tenester nær folk. For å styrkje lokalsamfunna i distrikta har regjeringa mellom anna foreslått å halvere barnehageprisane i kommunar i sentralitet 5 og 6 frå august 2024. I 2024 opnar også ti nye polititenebestader. Desse kjem i tillegg til dei ti nye som vart oppretta i 2022 og 2023. Regjeringa er òg opptatt av å styrkje bered-

skapen i nord. Det har i fleire år vore krevjande å rekruttere og behalde tilsette i dei nordlege politidistrikta. Ei særleg utfordring har vore å rekruttere studentar frå den samiske delen av befolkninga. Regjeringa vil derfor etablere eit pilotforsøk med politiutdanning i Alta.

Utvikling av gode tenester krev løysingar som er tilpassa lokale tilhøve. Mange kommunar er avhengige av samarbeid med andre kommunar for å løyse dei lovpålagde oppgåvene sine og tilby tenester til innbyggjarane. For å auke kapasiteten og kompetansen i oppgåveløysinga, også i eit tverrsektorielt perspektiv, vil regjeringa vurdere forsterka tiltak for å stimulere til auka samarbeid mellom kommunar. Digitale tenester, tillitsreform og samarbeid kan også medverke til å sikre gode tenester i område der folketettleiken er låg.

Infrastruktur som veg, jernbane, hamner, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett bind Noreg saman og er avgjerande for busetting og arbeidsplassar i heile landet. Fylkeskommunane fekk i 2023 fordelt meir enn 3 mrd. kroner av rammetilskotet til fylkesveg. Det er også løyvd øyremerkte tilskot retta mot fylkesveg på til saman 827 mill. kroner. Regjeringa vil utarbeide ein heilskapleg og forpliktande plan for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane og ta initiativ til at det saman med fylkeskommunane blir utarbeidd ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksvegar og fylkesvegar med høg eller middels skredfaktor. Regjeringa har lagt til rette for gratis ferjer til øyer, andre samfunn utan vegsamband til fastlandet og ferjesamband med under 100 000 passasjerar årleg, generelt lågare ferjeprisar og frå 2024 halvert makspris på billettar på dei regionale FOT-flyrutene langs kysten av Vestlandet og i Nord-Noreg. Regjeringa har auka tempoet i utbygginga av ladeinfrastruktur for elbilar over heile landet.

Regjeringa vil sikre alle husstandar og verksemdar i heile Noreg tilgang til høgastigheits breiband innan utgangen av 2025. Regjeringa ønskjer ei kraftig utbygging av breibands- og mobildekninga i heile landet, og har for 2024 foreslått at det løyvast 400 mill. kroner til breiband i område utan grunnlag for kommersiell utbygging. Det skjer ei rask utbygging av femte generasjons mobilnett (5G). Dekninga har auka frå 23 pst. i 2021 til 93 pst. av befolkninga per 1. juni 2023. Regjeringa har foreslått å løyve 188 mill. kroner til telesikkerheit og beredskap for 2024. Denne løyvinga vil mellom anna kome distriktskommunar til gode gjennom etablering av forsterka ekom i nye kommunar.

Regjeringa vil føre ein aktiv næringspolitikk som stimulerer til eit grønt skifte, og legg til rette

for at små og mellomstore verksemder tek del i utviklinga. Regjeringa legg til rette for grøn omstilling og auka berekraftig verdiskaping som gir lønsame arbeidsplassar i heile landet. Ressursgrunnlaget som finst regionalt og lokalt er viktige fortrinn når nye og eksisterande næringar skal utviklast. Fylkeskommunane og kommunane har som planstyresmakter og samfunnsutviklarar ei viktig tilretteleggjarrolle. Effektive og gode planprosessar er avgjerande for å lykkast med regjeringa sitt mål om eit grønt industriløft.

I Hurdalsplattforma er regjeringa tydeleg på at lokalsamfunn og fellesskapet bør få ein rettferdig del av verdiane som blir skapt ved å utnytte naturressursane som tilhøyrrer fellesskapet. Grunnrenteskatt på havbruk vart innført i 2023, med fordeling til staten, vertskommunar, vertsfylke og kommunesektoren. Forslag til grunnrenteskatt på vindkraft vart sendt på høyring i 2023. Regjeringa vil legge til rette for fornybar kraft og nettkapasitet gjennom etablering av ny kraftproduksjon, energieffektivisering og utvikling av nettet. Det er viktig med gode demokratiske prosessar i behandlinga av desse sakene. Regjeringa la våren 2023 fram Prop. 111 L (2022–2023) *Endringer i energiloven og plan- og bygningsloven (vindkraft på land)* for å styrkje den kommunale råderetten ved etablering av vindkraft på land. Endringane i plan- og bygningslova og energilova vart vedtekne av Stortinget 9. og 12. juni 2023, og satt i kraft frå 1. juli 2023. Endringane gir kommunane større formell styring over arealbruken i vindkraftsaker, mellom anna ved at det no er krav om at kommunane må vedta ein områderegulering før det kan bli gitt konsesjon etter energilova.

Regjeringa vil bidra til nok og trygg mat produsert på norske naturressursar. Regjeringa vil prioritere arbeidet med å betre inntektsmogleheitene i jordbruket. For å støtte opp om landbruket og reindrifta vil regjeringa føre ein meir restriktiv rovdyrpolitikk. Regjeringa har òg lagt fram ein ny jordvernstrategi, jf. Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (jordbruksoppgjøret m.m.)*, med forsterka mål knytt til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Regjeringa vil i tillegg legge til rette for industriell vidareforedling av skog ved å utvikle ressursgrunnlaget og forbetre infrastrukturen i skogbruket, fremje ei berekraftig skogforvaltning og kombinere auka skogbruksaktivitet med styrkte miljøomsyn.

Regjeringa arbeider med fleire tiltak som skal bidra til å skape ei konkurransedyktig, heilårleg reiselivsnæring som er meir berekraftig og lønsam enn tidlegare, og som skaper aktivitet i heile landet.

Regjeringa vil legge til rette for fleksibel utdanning i heile landet, slik at utdanning og opplæring skal vere tilgjengeleg for alle. Regjeringa endrar og forenkler finansieringssystemet for universiteta og høgskulane, slik at dei betre kan gjennomføre det breie samfunnsoppdraget og dei samla prioriteringane frå regjeringa. Regjeringa vil møte lærarmangelen med ei brei satsing på å rekruttere, utdanne og halde på kvalifiserte lærarar.

Regjeringa foreslår å løyve om lag 485 mill. kroner for å styrkje arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Regjeringa vil auke satsinga på å få fleire i arbeid. For å motverke at ungdom og unge vaksne fell utanfor skule og arbeidsliv, vil regjeringa legge til rette for betre samordning av helsetenester, arbeidsretta tenester og utdanningssystemet. Regjeringa vil også sørge for eit meir fleksibelt utdanningssystem for vaksne som treng vidaregåande opplæring.

Ein forsterka statleg lokaliseringsspolitikk er ein del av innsatsen til regjeringa for ei meir balansert utvikling i landet. Regjeringa meiner at statlege arbeidsplassar bør vere spreidde geografisk og kome heile landet til gode. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen for lokalisering av statlege arbeidsplassar utanfor dei største byane og lokalisere meir av staten til distriktskommunar, der arbeidsplassane kan styrkje lokale fagmiljø. Regjeringa vil legge betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemder. Det kan styrkje lokale kompetansmiljø og auke tilgangen på kompetansarbeidsplassar i distrikta. Regjeringa har som ambisjon å auke bruk av stillingar i staten som blir lyste ut med høve til desentralisert arbeid. Målet er å styrkje lokale fagmiljø for å gje distriktspolitisk vinst. Det vil seie at statlege arbeidsplassar som i dag er lokaliserte i dei største byane eller dei mest sentrale områda av landet, i større grad kan gjerast tilgjengelege for arbeidstakarar i distriktskommunar ulike stader i landet.

Eit viktig verkemiddel i distriktspolitikken er den differensierte arbeidsgivaravgifta, med nullsats i tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark og låg avgift i landsdelen elles.³ Provenytapet av dette tiltaket er estimert til om lag 22,8 mrd. kroner i 2024, sjå vedlegg 1. Regjeringa foreslår å auke fribeløpet innanfor ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift frå 500 000 kroner til 850 000 kroner. Forslaget føreset at Europakommisjonen aukar grensa for bagatellmessig støtte

³ Tiltakssona har, på lik linje med dei andre sonene i ordninga, òg ei ekstra arbeidsgivaravgift på 5 pst. for lønsinntekter over 825 000 kroner.

frå 200 000 euro i løpet av ein treårsperiode til 300 000 euro i løpet av ein treårsperiode.

Busetting og aktivitet i Nord-Noreg har gjennom generasjonar bidratt til arbeidsplassar og verdiskaping og gitt Noreg suverenitet over store område på land og i havet. Det er avgjerande for Noreg at det bur folk i nord. Det er fleire verkemiddel, innanfor dei fleste sektorar, som tek omsyn til

dei spesielle utfordringane i Nord-Noreg. Det er også fleire tiltak som er retta inn mot landsdelen spesielt. Regjeringa har i 2023 mellom anna styrkt ordninga med gjeldslette av utdanningslån i tiltaks-sona for Finnmark og Nord-Troms, og innført gratis barnehage i sona frå og med 1. august. Regjeringa foreslår i budsjettet for 2024 å auke Finnmarksfrådraget frå 20 550 kroner til 30 000 kroner.

2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren

2.1 Kommunesektoren sine inntekter i 2023

I saldert budsjett for 2023 vart det lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene på 2,6 mrd. kroner rekna frå inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett for 2022. Rekna frå anslag på rekneskap for 2022, der ein tok omsyn til auka skatteanslag i 2022 knytt til inntekt og formue på om lag 2,4 mrd. kroner, vart det omtrent ein nullvekst.

I Meld. St. 2 (2022–2023) *Revidert nasjonalbudsjett 2023* vart realveksten i dei frie inntektene til kommunesektoren i 2023 rekna til -11,6 mrd. kroner når ein måler frå rekneskapen for 2022. Kompensasjon for auka kostnadsvekst mv. på 3,2 mrd. kroner var inkludert i berekninga. Ein må sjå inntektsutviklinga i 2023 i samanheng med ein betydeleg meirskattevekst mot slutten av 2022.

Realveksten i dei frie inntektene er no rekna til -4,0 mrd. kroner.¹ Dette kjem av at skatteinntektene til kommunesektoren i 2023 er rekna til å bli 4,1 mrd. kroner høgare enn lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2023. Samstundes er kostnadsveksten for 2023 justert ned frå 5,2 pst. til 4,5 pst. Dette trekker isolert sett inntektsveksten i 2023 opp med 3,2 mrd. kroner. Samla sett har meirskatteveksten og lågare kostnadsvekst styrkt kommunesektoren sin økonomiske situasjon med 7,3 mrd. kroner etter revidert nasjonalbudsjett for 2023.

2.2 Kommunesektoren sine inntekter i 2024

I kommuneproposisjonen for 2024 la regjeringa opp til ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på mellom 5,6 og 5,9 mrd. kroner. Det vart lagt opp til at kommunane skulle få 4,4–4,7 mrd. kroner av den samla veksten i frie inntekter, medan fylkeskommunane skulle få 1,2 mrd. kroner av veksten. Vidare vart det varsla at der-

som anslaga for kostnadene til demografi og pensjon skulle bli vesentleg annleis enn lagt til grunn i kommuneproposisjonen for 2024, kan forslag til vekst i frie inntekter i statsbudsjettet for 2024 ende opp utanfor intervallet på 5,6–5,9 mrd. kroner.

I kommuneproposisjonen for 2024 vart det anslått ein vekst i kommunesektoren sine demografikostnader på 4,6 mrd. 2023-kroner. Av dette var 3,8 mrd. kroner knytt til tenester som blir finansiert av dei frie inntektene, noko som utgjorde 3,9 mrd. 2024-kroner, fordelt med om lag 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunane og om lag 3,1 mrd. kroner på kommunane. Vidare vart det anslått ein vekst i kommunesektoren sine samla pensjonskostnader på om lag 1,2 mrd. kroner utover anslått lønsvekst i 2024.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) oppdaterte anslaget for demografikostnader i juni. Det nye anslaget er uendra samanlikna med kommuneproposisjonen for 2024.

Departementet har laga nytt anslag for veksten i kommunesektoren sine pensjonskostnader basert på oppdaterte tal frå pensjonsleverandørane. Anslaget viser no ein vekst i dei samla pensjonskostnadene utover anslått lønsvekst på 2 mrd. kroner. Det er 0,8 mrd. kroner høgare enn anslått til kommuneproposisjonen for 2024.

Regjeringa legg no opp til ein realvekst i sektoren sine frie inntekter på om lag 6,4 mrd. kroner, noko som svarer til ein realvekst på om lag 1,3 pst. Veksten er høgare enn øvre grense i intervallet som vart varsla i kommuneproposisjonen for 2024, og sikrar at kommunane og fylkeskommunane får dekt auka kostnader til demografi og pensjon innanfor veksten.

Inntektsveksten er rekna frå inntektsnivået i 2023 slik det vart anslått etter stortingsbehandlingen av revidert nasjonalbudsjett for 2023. Den samla kompensasjonen på 3,2 mrd. kroner for auka prisvekst mv., som vart vedtatt i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023, er inkludert i nivået.

¹ Endringa frå revidert nasjonalbudsjett for 2023 inkluderer ei oppjustering av veksten på 320 mill. kroner som ved ein inkurie ikkje var med i vekstberekninga i revidert budsjett.

Ved berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter er det lagt til grunn ein pris- og lønsvekst på 4,3 pst. frå 2023 til 2024.

Regjeringa foreslår at veksten på om lag 6,4 mrd. kroner blir fordelt med om lag 5,1 mrd. kroner til kommunane og 1,3 mrd. kroner til fylkeskommunane.

Innanfor veksten til kommunane er 150 mill. kroner grunngitt med satsing på psykisk helse og rus, medan 100 mill. kroner er fordelt til dei kommunane som taper mest på modellen for gradert basiskriterium. I tillegg kjem 40 mill. kroner til helsestasjon og skulehelsetenesta, sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Helse- og omsorgsdepartementet. 300 mill. kroner av veksten til fylkeskommunane er grunngitt med omlegging av inntektssystemet.

Nærare om realveksten i samla inntekter

I tabell 2.1 er realveksten i kommunesektoren sine samla inntekter på 13,1 mrd. kroner dekomponert.

Ved pålegg om nye eller utvida oppgåver for kommunesektoren, avvikling av oppgåver eller regelendringar som har økonomiske konsekvensar, blir kommunesektoren kompensert eller trekt i frie inntekter basert på endring i økonomisk belastning. Desse endringane blir haldne utanom berekna vekst i frie inntekter, men inngår i veksten i samla inntekter. For 2024 utgjer desse endringane i løyvingane samla sett ein auke på om lag 3,8 mrd. kroner. Endringane knyter seg til mellom anna tiltak på barnehageområdet, heilårseffekt av auka sosialhjelpssatsar og auka basistilskot og heilårseffekt av halverte ferjetakstar og gratis ferje.

Realveksten i øyremerkte tilskot er anslått til 2,4 mrd. kroner. Det kjem av mellom anna auka løyving til investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar, auka overføring til Havbruksfondet og tilskot til energitiltak i kommunale bygg.

Tabell 2.1 Realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2024

	Mrd. kroner
Frie inntekter	6,4
Frie inntekter knytt til endringar i oppgåver ¹	3,8
Øyremerkte tilskot	2,4
Gebyrinntekter	0,5
Realvekst samla inntekter	13,1

¹ Desse midlane blir løyvd som frie inntekter, men er ikkje med i veksten i frie inntekter fordi dei er knytt til endringar i pålagte oppgåver. Midlane er rekna med i veksten i dei samla inntektene.

Nærare om realveksten i frie inntekter

Tabell 2.2 viser anslag på kommunesektoren sine frie inntekter i 2023 og 2024 i løpande prisar. Inntektsnivået i 2023 er anslag på rekneskap i denne proposisjonen. Det inneber at oppjusteringa av skatteanslaget knytt til inntekt og formue på 4,1 mrd. kroner er medrekna. Inntektsnivået i 2023 er korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og endringar i finansieringa av kommunesektoren sine oppgåver. Hensikta med å korrigere for oppgåveendringar mv. er å gjere inntektsnivået i 2023 samanliknbart med inntektsnivået i 2024. Det er gjort nærare greie for korreksjonar i programkategori 13.70, tabell 5.9.

I kommuneproposisjonen for 2024 vart det varsla at den kommunale skattøyren skal fastsetast ut frå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere 40 pst. av kommunane sine samla inntekter. Anslaget på kommunesektoren sine skatteinntekter i 2024 bygger mellom anna på ein sysselsettingsvekst på 0,1 pst. og ein årslønsvekst på 4,9 pst. frå 2023 til 2024.

Forslag til kommunale og fylkeskommunale skattøyrrar for 2024 er lagt fram i Prop. 1 LS (2023–2024) *Skatter og avgifter 2024*. Det er foreslått at den fylkeskommunale skattøyren blir redusert med 0,1 prosentpoeng til 2,35 pst. medan den kommunale skattøyren blir redusert med 0,2 prosentpoeng til 10,95 pst.

Etter dette er det anslått at skatteinntektene vil utgjere om lag 40 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter i 2024.

Tabell 2.2 Kommunane og fylkeskommunane sine frie inntekter

	Mill. kroner. Nominelle prisar ¹								
	Kommunane ²			Fylkeskommunane ²			Kommunesektoren i alt		
	2023 ³	2024	Pst. endr.	2023 ³	2024	Pst. endr.	2023 ³	2024	Pst. endr.
Skattar i alt	224 958	237 620	5,6	41 000	43 250	5,5	265 958	280 870	5,6
<i>Av dette skatt på inntekt og formue</i>	<i>208 200</i>	<i>220 250</i>	<i>5,8</i>	<i>41 000</i>	<i>43 250</i>	<i>5,5</i>	<i>249 200</i>	<i>263 500</i>	<i>5,7</i>
Rammetilskot ⁴	169 460	175 198	3,4	46 151	48 389	4,9	215 611	223 588	3,7
Sum frie inntekter	394 418	412 819	4,7	87 151	91 639	5,2	481 569	504 458	4,8

¹ Pris- og lønsveksten i kommunesektoren i 2024 (deflator) er anslått til 4,3 pst.

² Oslo er delt i ein kommunedel og ein fylkeskommunedel.

³ Anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og eingongsløyvingar, jf. tabell 5.8 under programkategori 13.70.

⁴ Omfattar ikkje kap. 571, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Grunnrenteskatt på havbruk

I Prop. 78 LS (2022–2023) *Grunnrenteskatt på havbruk* vart det lagt opp til at kommunesektoren skal få inntekter tilsvarande halvparten av provenyet frå grunnrenteskatten. Bruttoprovenyet frå grunnrenteskatten er anslått til 5 mrd. kroner påløpt for 2023. Kommunane får inntekter frå havbruksverksemda gjennom fleire verkemiddel. Vertskommunar og -fylke får inntekter frå produksjonsavgifta, som vart auka til 90 øre per kg frå 1. juli 2023. Sam-

stundes er vertskommunane og -fylka sin del av inntektene frå sal av ny løyvekapasitet auka frå 40 pst. til 55 pst.

I tillegg la regjeringa i Prop. 78 LS (2022–2023) opp til å gi ei ekstraløyving i år der grunnrenta er høg, fordelt til kommunane etter kostnadsnøgglelen i rammetilskotet og til fylkeskommunane. Regjeringa foreslår no at ekstraløyvinga blir nytta til å delfinansiere tiltak på barnehageområdet. Midlane til barnehagetiltaka er foreslått plassert på kommunane sitt rammetilskot.

Boks 2.1 Inntektene til kommunesektoren i 2024

Kommunesektoren sine samla inntekter er anslått til om lag 702 mrd. kroner i 2024. Tabell 2.3 viser samansetjinga av inntektene i 2024 og nominell endring frå 2023. Veksten er rekna frå anslag på rekneskap 2023 i denne proposisjonen, korrigert for oppgådeendingar, regelendingar og eingongsløyvingar.

Kommunesektoren sine skatteinntekter og rammetilskot er sektoren sine frie inntekter. Dei frie inntektene utgjer 71,9 pst. av dei samla inntektene. Desse inntektene kan disponerast fritt innanfor ramma av lover og forskrifter, og gir kommunesektoren rom for lokal tilpassing av verksemda.

Skatteinntekter er kommunesektoren sin del av skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattyttarar, formuesskatt og eigedomsskatt i kommunar som har innført det. Nokre kommunar har inntekter frå naturressursskatt frå vass-

kraftverk. Storleiken på skatteinntektene avheng mellom anna av utviklinga i skattegrunnlaga og av dei kommunale og fylkeskommunale skattøy-rane. Rammetilskot blir løyvd på Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett, kap. 571 og 572.

Øyremerkte tilskot skal nyttast i tråd med formålet som er angitt for løyvinga. Øyremerkte tilskot utgjer 5,5 pst. av dei samla inntektene.

Gebyrinntektene er kommunale avgifter og eigenbetalingar for tenester som kommunane leverer til innbyggjarane, til dømes tekniske tenester, helse- og omsorgstenester og barneha-gar, og utgjer 14,5 pst. av dei samla inntektene. Meirverdiavgiftskompensasjon er refusjon til kommunesektoren for anskaffingar som er meir-verdiavgiftspliktige, og utgjer 4,8 pst. av dei samla inntektene.

Tabell 2.3 Kommunesektoren sine inntekter i 2024

	Mrd. kroner	Del av samla inntekter (pst.)	Endring frå 2023 ¹ (pst.)
Frie inntekter	504,5	71,9	4,8
<i>Skatteinntekter</i>	<i>280,9</i>	<i>40,0</i>	<i>5,6</i>
<i>Rammetilskot</i>	<i>223,6</i>	<i>31,9</i>	<i>3,7</i>
Øyremerkte tilskot ²	38,5	5,5	24,2
Gebyr	101,4	14,5	4,8
Meirverdiavgiftskompensasjon	33,7	4,8	5,3
Andre inntekter	23,6	3,4	4,3
Totalt	701,7	100,0	5,7

¹ Nominell endring. Berekningsgrunnlaget er anslag på rekneskap for 2023 korrigert for oppgådeendingar, regelendingar og eingongsløyvingar.

² Ekskl. tilskot til kommunane sitt arbeid med flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag og asylsøkarar.

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kommunal- og distriktsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssetjonen 2022–2023 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 186 S (2022–2023) meinte ikkje var

følgde opp ferdig. I tabellen nedanfor blir det og opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	14	Husbankens arbeid med energiltak for låginntekts-hushaldningar	Ja
2022–2023	15	Gebyrfri søknad om byggesak for energioppgradering	Ja
2022–2023	24	Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg	Nei
2022–2023	88	Husleigelovutval	Ja
2022–2023	196	Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame	Nei
2022–2023	197	Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer	Nei
2022–2023	380	Evaluering av støttetiltaka for Aust-Finnmark	Ja
2022–2023	383	Statlege arbeidsplassar til Finnmark	Ja
2022–2023	452	Materialbankar for ombruk av byggevarer	Ja
2022–2023	453	Innrapportering av avfallsmengdene frå bygge- og anleggsbransjen	Ja
2022–2023	454	Strategi for massehandtering	Nei
2022–2023	455	Digital marknads plass for overskotsmassar	Nei
2022–2023	583	Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar	Nei
2022–2023	584	Deling av data med stor samfunnsmessig verdi	Ja
2022–2023	651	Oppfølging av vedtak nr. 383 (2022–2023)	Ja
2022–2023	667	Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar	Ja
2022–2023	710	Marine grunnkart	Ja
2022–2023	780	Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins	Nei
2022–2023	819	Kapitalkostnadar ferjeavløysingsprosjekt	Ja
2022–2023	820	Eit meir utjamnande inntektssystem for kommunane	Nei
2022–2023	821	Evaluering av inntektssystemet for fylkeskommunar	Nei

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtaks nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	823	Namdalen og distriktstilskot Nord-Noreg	Nei
2022–2023	824	Evaluering av frikommuneforsøk	Nei
2022–2023	826	Terskelbeløpet i Merkur-ordninga	Ja
2022–2023	922	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye statlege byggeprosjekt	Nei
2022–2023	930	Bustøtte og trygdeoppgjer	Nei
2022–2023	931	Meir treffsikker bustøttesordning	Nei
2022–2023	934	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg	Nei
2021–2022	35 nr. 7	Lokal energiproduksjon, energieffektivisering og ladeinfrastruktur i burettslag	Ja
2021–2022	35 nr. 15	Nullutslepp eller fossilfrie anleggsplassar i planreglar	Nei
2021–2022	35 nr. 27	Levekår i byar	Ja
2021–2022	35 nr. 35	Blankoskøyter og plikt til tinglysing	Nei
2021–2022	35 nr. 42	Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 43	Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 54	Bustader for studentar i kommunale arealplanar	Nei
2021–2022	363	Kompensere kommunane og fylkeskommunane som følgje av smitteverntiltak	Ja
2021–2022	413	Leiarlønningar i staten	Nei
2021–2022	722	Vindkraft på land	Ja
2021–2022	726	Energifleksibel oppvarming	Nei
2021–2022	791	Plan for breibanddekning II	Ja
2021–2022	792	Frikommuneforsøk	Ja
2021–2022	828	Meirutgifter til pandemien i kommunane og fylkeskommunane	Ja
2020–2021	1060	Utgreie rett til høgastigheitsinternett for alle husstandar	Ja
2020–2021	1066	Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksvegar	Nei
2020–2021	1209	Klarare reglar for krav til sløkkevatn	Ja
2020–2021	1252	Helsetenester nytta utanfor bustadkommunen	Nei
2018–2019	55	Opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærar	Nei
2016–2017	700	Stryke listekandidatar	Ja
2016–2017	845	Sørsamisk språk	Ja
2015–2016	646	Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise	Nei
2015–2016	861	Endringar i vallova	Ja

Stortingssesjon 2022–2023

Husbankens arbeid med energitiltak for låginntekts-hushaldningar

Vedtak nr. 14, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å styrke Husbankens arbeid med energitiltak for lavinntekts-husholdninger, for eksempel ved å opprette en midlertidig låneordning som kan benyttes til installasjon av varmpumpe, etterisolering av bygg og andre relevante enøktiltak, i samspill med eksisterende enøkordninger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrise, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

Låginntektshushaldningar blir ofte avgrensa som hushaldningar med inntekt under 60 pst. av nasjonal medianinntekt (EU60). For ein einsleg person tilsvarte låginntektsgrensa 251 600 kroner i 2021 (tal frå SSB). I 2022 hadde 16 pst. av hushaldningane ei inntekt som var under EU60 (tal frå SSB). I tal utgjorde dette 410 000 hushaldningar, der 163 000 var bustadeigarar og 247 000 hushaldningar leigde bustaden sin. Delen hushaldningar som leiger bustad, har auka dei siste åra og delen er særleg auka blant låginntekstshushaldningar. Lån kan i mange høve vere eit treffsikkert verkemiddel, men ei låneordning for installasjon av varmpumpe, etterisolering av bygg med vidare, vil truleg ikkje vere eit sterkt nok insentiv til å utløyse energitiltak for husstandar med låge inntekter. Husstandar med låge inntekter kan ha utfordringar med å finansiere sjølv delar av eit energitiltak, og mange har allereie høg gjeldsbelastning. I ei tid med høge renter, høg prisvekst og mogleg fall i bustadprisar, er det ikkje tilrådeleg å auke låneopptaket til desse hushaldningane. Dette er òg ei gruppe som ofte leiger bustaden dei bur i.

Som i 2022 og 2023, foreslår regjeringa å gi ekstra straumstøtte til bustøttemottakarar for januar til mars 2024, sjå nærare omtale under kap. 581, post 70. Det er òg vedtatt mellombelse endringar i bustøtteregulverket, som inneber markant høgare inntektsgrenser og dermed vesentleg fleire bustøttemottakarar enn i det ordinære regelverket. Regjeringa foreslår å vidareføre dei mellombelse endringane for januar til mars 2024.

Dette treffer hushaldningar med låge inntekter godt.

Regjeringa oppretta i 2023 ei ny tilskotsordning, kap. 581, post 60 Energitiltak i utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. Ved å redusere straumutgiftene i mellom anna kommunalt eigde utleigebustader, vil ordninga kunne bidra til lågare straumutgifter for dei husstandane som ikkje har straum dekt gjennom husleiga. Ordninga fekk ei løyving på 160 mill. kroner i saldert budsjett for 2023. I revidert nasjonalbudsjett vart løyvinga styrka med 103,8 mill. kroner, slik at den samla løyvinga i 2023 er 263,8 mill. kroner. Regjeringa vidarefører i 2024 ordninga under Olje- og energidepartementets budsjettområde. For nærare omtale, sjå kap. 1825, post 21 under Olje- og energidepartementet.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Gebyrfri søknad om byggesak for energioppgradering

Vedtak nr. 15, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med kommunene for å vurdere en midlertidig eller tidsbegrenset ordning der søknad om byggesak for energioppgradering gjøres gebyrfri.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrise, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

I *Veileder for beregning av selvkost og gebyrforskrift i byggesaker* har departementet synleggjort handlingsrommet kommunane har til å ta lågare gebyr enn selvkost for tiltak dersom dei ønskjer det. Kommunane kan i gebyrforskrifta si gi føresegnar som inneber reduksjon for å fremje visse typar tiltak. Dette kan til dømes vere ei føresegn om reduksjon ved prosjekt som inneber nullutslepp, universell utforming og andre formar for «grønt gebyr». Bruker dei dette høvet, er det kommunen som subsidierer sakene over dei frie inntektene sine dersom utgiftene overstig selvkost. Departementet vil informere KS om dette handlingsrommet.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg

Vedtak nr. 24, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å midlertidig eller tidsbegrenset unnta mindre solenergianlegg fra søknadsplikt etter plan- og bygningsloven, med unntak for fredede og verneverdige bygg, og fjerne kravet om netttinnmelding på anlegg under 7 kW.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrisa, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmødingsvedtaket som ein del av arbeidet med endringar i byggt teknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Husleigelovutval

Vedtak nr. 88, 1. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sette ned et Husleielovutvalg som går gjennom Husleieloven for å vurdere hvordan den kan styrke leietagernes rettigheter, sikre grunnleggende botrygghet og at loven samsvarer bedre med dagens situasjon på leiemarkedet. Utvalget settes ned våren 2023, og en ny lov skal behandles i inneværende stortingsperiode.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023* og Innst. 2 S (2022–2023).

Regjeringa har sett ned eit husleigelovutval, jf. kgl. res. 16. juni 2023 nr. 2023/25. Utvalet skal gå gjennom husleigelova og mellom anna vurdere og foreslå endringar som styrkjer leigarar sine rettar, sikrar grunnleggande butryggleik og som gjer at lova er tilpassa situasjonen i leigemarknaden. Utvalet skal òg vurdere endringar som gjer at lova betre enn i dag varetar interessene til dei ulike aktørane i leigemarknaden på ein god og samfunnstenleg måte. Departementet tar sikte på å legge fram eit forslag om endringar i delar av lova i inneverande stortingsperiode.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgd opp.

Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame

Vedtak nr. 196, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilket handlingsrom Norge har til å regulere digitale tjenester utover reguleringen i Digital Services Act og Digital Markets Act, med tanke på å vurdere konsekvenser ved et norsk forbud mot reklame som er basert på masseinnsamling av personopplysninger, sporing og profilering av enkeltpersoner på digitale plattformer. Vurderingen skal omfatte både innhenting, bruken og eventuelt salg/utlevering av personopplysningene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet er opptatt av ein god digitaliseringspolitikk som tek vare på både personvernet og næringsinteresser. Departementet vurderer, i dialog med andre departement som saka rører ved, korleis oppmødingsvedtaket best kan følgjast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer

Vedtak nr. 197, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede omfanget av og utfordringene rundt lagring av biometriske data fra norske forbrukere på sosiale medieplattformer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmødingsvedtaket i samband med oppfølginga av Personvernkommissjonens rapport NOU 2022: 11 *Ditt personvern – vårt felles ansvar*.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Evaluering av støttetiltaka for Aust-Finnmark

Vedtak nr. 380, 19. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen evaluere støttetiltakene for Øst-Finnmark vedtatt ved behandlingen av Prop. 78 S (2021–2022), og orientere Stortinget på egnet måte, senest våren 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, Guri Melby og Sofie Høgestøl om ein omstillingspakke for Finnmark, jf. Dokument 8:269 S (2021–2022) og Innst. 95 S (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket vart følgt opp i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023, jf. omtale i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*.

Statlege arbeidsplassar til Finnmark

Vedtak nr. 383, 19. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere utflytting og lokalisering av egnede statlege arbeidsplassar til Finnmark.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, Guri Melby og Sofie Høgestøl om ein omstillingspakke for Finnmark, jf. Dokument 8:269 S (2021–2022) og Innst. 95 S (2022–2023).

Regjeringa er opptatt av utviklinga i Finnmark og ser lokalisering av statlege verksemder i regionen som eit verktoy for styrking av lokale arbeidsmarknader og auka attraktivitet for busetting. Regjeringa er derfor opptatt av å legge til rette for at moglege alternativ for lokalisering av statlege arbeidsplassar i Finnmark også blir vurdert.

I retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon er det presisert at eitt av tre lokaliseringalternativ som blir vurdert, skal ligge på sentralitet 3-6. Den tilhøyrande rettleiaren peikar på at lokalisering i Nord-Noreg bør bli vurdert. Som oppfølging av oppmodingsvedtaket vil regjeringa spisse denne oppmodinga til at «lokalisering i Nord-Noreg og særleg i Finnmark bør bli vurdert».

I lokaliseringssaker som denne regjeringa har behandla i tråd med retningslinjene, har følgjande blitt lagt til Finnmark:

- Sekretariatet for tilsynsrådet for kriminalomsorga, fem stillingar til Vardø (nyetablering).

- Fiskeridirektoratet: Leiarfunksjonen i Fartøy- og deltakerseksjonen blir lagt til Vadsø.

Regjeringa har gitt føring til alle statlege verksemder om å styrkje tilrettelegginga for desentralisert arbeid. Dette vil kunne gi høve til fleire å kunne enten ta med seg ein statleg jobb ved flytting til Finnmark, eller at folk som bur i Finnmark kan ha tilgang til statlege stillingar som blir utlyst med høve for desentralisert arbeid.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Materialbankar for ombruk av byggevarer

Vedtak nr. 452, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etablering av materialbanker for ombruk av byggevarer, i samarbeid med aktører i bransjen og øvrige nordiske land.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Samordningsrådet for digitalisering har sett i gang fleire pilotprosjekt for å samordne digitaliseringsarbeid i bygge- og anleggsnæringa, og stimulere til betre digital informasjonsflyt, særleg for byggevarer med stort potensial for ombruk. Desse grepa støttar opp om etablering av digitale materialbankar. Vidare har regjeringa invitert bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa til dialog om klimapartnerskap. Å redusere dei samla utsleppa frå næringa vil mellom anna krevje meir sirkulære løysingar, og dialogen om klimapartnerskap skal synleggjere korleis ulike aktørar må bidra for å lykkast med dette.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Innrapportering av avfallsmengdene frå bygge- og anleggsbransjen

Vedtak nr. 453, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen effektivisere og digitalisere innrapportering av avfallsmengdene fra bygge- og anleggsbransjen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om

ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Samordningsrådet for digitalisering i bygg- og anleggsnæringa stimulerer næringsaktørane til å bruke nye metodar og arbeidsmåtar. Samordningsrådet har hausten 2023 ferdigstilt eit pilotprosjekt for å betre datagrunnlaget knytt til avfallsmengder. I arbeidet med piloten har ein sett på korleis avfall kan rapporterast digitalt frå dei ulike avfallsmottaka, og skissert ei konkret løysing på dataflyten som viser korleis tenestene kan fungere. Avfalls- og gjenvinningsnæringa har deltatt i pilotarbeidet, og vil sjå på vidare arbeid med korleis ei slik teneste kan implementerast.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Strategi for massehandtering

Vedtak nr. 454, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå relevant regelverk og utarbeide en tverrsektoriell strategi for massehandtering i samarbeid med bygge- og anleggsnæringen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Ei bredt samansett direktoratsgruppe, som var leia av Miljødirektoratet, tilrår i rapporten «Tverrsektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurenset», ei rekke tiltak for å sikre ein meir berekraftig forvaltning av reine overskotsmassar frå bygge- og anleggstilltak. Direktoratsgruppa viser til at det er uklarleiker i regelverket, ulik praksis og lite effektiv saksbehandling knytt til massehandtering. Det høgast prioriterte tiltaket er derfor å gjennomgå relevant regelverk og utarbeide ein tverrsektoriell rettleiar knytt til gjeldande regelverk for massehandtering.

Kommunal- og distriktsdepartementet startar hausten 2023 arbeidet med ein slik rettleiar, og har som mål at den vil vere klar i første kvartal 2024. Arbeidet vil skje i samarbeid med aktuelle departement og i dialog med bygge- og anleggsnæringa.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Digital marknadsplass for overskotsmassar

Vedtak nr. 455, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etableringen av en digital markeds plass for overskuddsmasser, etter modell fra Bærum ressursbank.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Ei bredt samansett direktoratsgruppe, som var leia av Miljødirektoratet, tilrår i rapporten «Tverrsektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurenset», ei rekke tiltak for å sikre ei meir berekraftig forvaltning av reine overskotsmassar frå bygge- og anleggstilltak. Eit av tiltaka som vart forslått er å støtte etableringa av ein digital marknadsplass for overskotsmassar, og stimulere aktørar til å ta den i bruk. Bærum ressursbank, og deira samarbeidspartar, utviklar i dag eit marknadssystem med nye løysingar for framtidens handtering av overskotsmassar. Systemet skal etter planen bli klart sommaren 2024. Kommunen har fått 15 mill. kroner frå Innovasjon Noreg til å gjennomføre ei innovativ anskaffing for utvikling av systemet. Bærum ressursbank er i gang med ei pilotering med utvalde byggherrar og entreprenørar i Oslo-regionen. Kommunal- og distriktsdepartementet vil hausten 2023 gå i dialog med Bærum ressursbank med sikte på å vurdere moglegheita for å etablere eit tilsvarende system i ein nasjonal samanheng.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar

Vedtak nr. 583, 13. april 2023

«Stortinget ber regjeringen stille krav om at data gjøres tilgjengelig ved inngåelse av offentlige kontrakter, der det vurderes hensiktsmessig.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadreven industri, jf. Dokument 8:73 S (2022–2023) og Innst. 238 S (2022–2023).

Statens standardavtaler (SSA) er dei kontraktane som er mest brukt når det offentlege inngår avtaler om kjøp av IT og konsulenttenester. Som eit ledd i oppfølginga av Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon*, fekk Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) i 2022 i oppdrag å vurdere om det var bruk for endringar i SSA for å legge betre til rette for deling og gjenbruk av data. DFØ har utarbeidd ein rapport med forslag til tiltak, som mellom anna foreslår endringar i nokre av kontraktmalane, kombinert med betre rettleiing i bruken av desse. Departementet har etterspurt ei tilleggsutgreiing til ovannemnde rapport frå DFØ. Arbeidet med tilleggsutgreiinga har forventast oppstart i tidleg 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Deling av data med stor samfunnsmessig verdi

Vedtak nr. 584, 13. april 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilke typer data som har såpass stor samfunnsmessig verdi at myndighetene bør pålegge datadeling.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadreven industri, jf. Dokument 8:73 S (2022–2023) og Innst. 238 S (2022–2023).

EU har vedtatt Direktiv 2019/1024 Opne data-direktivet (ODD). Dette direktivet er ei omarbeiding av det tidlegare direktivet om vidarebruk (PSI-direktivet), men det pålegg òg landa nye krav. Eit viktig mål med direktivet er å redusere marknadsbarrierar for små og mellomstore bedrifter gjennom å redusere unntaka som gjer at offentlege organ kan ta meir betalt for data enn marginalkostnadane. Fordi direktivet omfattar fleire typar offentlege data enn før, vil tilgangen til offentlege data auke. Direktivet skal òg oppmøde til deling av dynamiske data gjennom programmeringsgrensesnitt (API-ar).

ODD etablerer særlege reglar for det som blir kalla «datasett med høg verdi». Dette er datasett der vidarebruk kan gi viktige fordelar for samfunnet, miljøet og økonomien. Europakommisjonen kan definere tematiske område for datasett med høg verdi, og vedta gjennomføringsrettsakter med nærare krav til desse datasetta. Dei områda som er definert så langt er geografiske data, jordobservasjons- og miljødata, meteorologiske data, statis-

tikkdata, selskaps- og eigarskapsregisterdata og mobilitetsdata (transportdata). Slike datasett skal vere gratis, tilgjengelege, maskinlesbare, levert gjennom API-ar og, når relevant, kunne massenedlastast.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Oppfølging av vedtak nr. 383 (2022–2023)

Vedtak nr. 651, 15. mai 2023

«Stortinget ber regjeringen senest i statsbudsjettet for 2024 redegjøre for oppfølgingen av vedtak 383 (2022–2023).»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, jf. Dokument 8:162 S (2022–2023) og Innst. 326 S (2022–2023).

Det blir vist til omtale under vedtak nr. 383, 19. desember 2022.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Vedtak nr. 667, 15. mai 2023

«Stortinget ber regjeringen i retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser om ikke å sidestille større byer og byområder med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlige arbeidsplasser og virksomheter skal lokaliseres.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, jf. Dokument 8:162 S (2022–2023) og Innst. 326 S (2022–2023).

Ei sidestilling av Oslo med andre større byar i Noreg har aldri vore praktisert ved bruk av retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Praktiseringa av retningslinjene vil framleis vere at ein

vurderer lokalisering til Oslo og andre av dei større byane i kvar einskild sak, ut frå sektorpolitiske og lokaliseringspolitiske mål. Kravet i retningslinjene om at eitt av tre lokaliseringalternativ som blir vurdert skal ligge på sentralitet 3-6, vil ivareta at ein alltid vurderer moglegheitene for å lokalisere statleg verksemdar i mindre sentrale kommunar, samstundes som eventuelle behov for lokalisering i større byar også vil bli synleggjort i utgreiinga.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Marine grunnkart

Vedtak nr. 710, 30. mai 2023

«Stortinget ber regjeringa setje fart på arbeidet med å lage marine grunnkart for alle norske fjordar og kystområde innafør grunnlinja.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa om marine grunnkart i kystsona, jf. Dokument 8:220 S (2022–2023) og Innst. 446 S (2022–2023).

Regjeringa følgjer effektane av pilotprosjektet for marine grunnkart nøye og er i dialog med etatane om dei beste tekniske løysingane. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart det satt av 3 mill. kroner til å bygge ein teknisk infrastruktur for marine grunnkart i Sør-Varanger.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins

Vedtak nr. 780, 7. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa sørge for at forhåndsstemmer og stemmer avgitt i en annen valgkrets enn der velger er manntallsført ved valgoppgjøret, fordeles på den krets der velgeren er manntallsført.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)*, Innst. 431 L (2022–2023) og Lovvedtak 96 (2022–2023).

Forslaget vil krevje endring i den nye vallova, og det må gjerast ei større utgreiing for å sjå på korleis oppmødingsvedtaket kan følgjast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kapitalkostnadar ferjeavløysingsprosjekt

Vedtak nr. 819, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa sikre at fergeavløysingsprosjekter som ferdigstilles mellom 2022 og 2027, får ta del i rentekompensasjonsordningen i tråd med vedtak nr. 1251 (2020–2021), jf. Prop. 192 S (2020–2021) Kommuneproposisjonen 2022 og Innst. 660 S (2020–2021).»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Den ordinære ferjeavløysingsordninga blir finansiert innanfor rammetilskotet til fylkeskommunane. Dette inneber at alle fylkeskommunar er med på å finansiere tilskot til ferjeavløysing. Som svar på oppmødingsvedtak nr. 727 (2019–2020), jf. Prop. 105 S *Kommuneproposisjonen 2021* og Innst. 383 S (2019–2020), la Solberg-regjeringa i Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* fram forslag til eit nytt, øymerkt tilskot til rentekompensasjon i ferjeavløysingsprosjekt. Forslaget om eit ekstra tilskot vart grunnlagt med at ikkje dei andre fylkeskommunane skulle måtte medverke ytterlegare til finansiering av ferjeavløysingsprosjekt. Innanfor ei årleg ramme på 50 mill. kroner kunne fylkeskommunar få kompensert inntil 50 pst. av årlege rentekostnadar dei første fem åra etter at vegprosjektet er ferdigstilt, for ferjeavløysingsprosjekt som blir ferdigstilte mellom 2022 og 2027. På bakgrunn av eit nytt oppmødingsvedtak nr. 1251, jf. Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* og Innst. 660 S (2020–2021), foreslo Solberg-regjeringa vidare at ein i dei årlege budsjettprosessane ville vurdere behovet for å utvide samla ramme, slik at alle ferjeavløysingsprosjekt som kjem inn under ordninga får eit samla tilskot på minst 25 pst. av berekna rentekostnadar.

Ut ifrå forslaget til ekstra rentekompensasjon lagt fram i Kommuneproposisjonen 2022, er det berre Nordøyvegen i Møre og Romsdal som er aktuelt for eit slikt tilskot no. Regjeringa foreslår å gi Møre og Romsdal fylkeskommune 160 mill. kroner til dekking av kapitalkostnadar og dermed betre økonomien i Nordøyvegen-prosjektet. Beløpet utgjer 25 pst. av årlege, berekna rentekostnadar over fem år for dette prosjektet, men vil bli utbetalt over to år.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Eit meir utjamnande inntektssystem for kommunane

Vedtak nr. 820, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen gjennom behandlingen av endringer i kommunenes inntektssystem sikre intensjonen om et inntektssystem for kommunene som er mer utjevnende enn dagens.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Inntektssystemet skal jamne ut dei økonomiske skilnadene mellom kommunar og medverke til at kommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. For å fange opp endringar i kommunesektoren over tid må ein jamleg oppdatere systemet. Inntektssystemutvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2022, vurderte heile inntektssystemet for kommunane, også denne problemstillinga.

Departementet vil vurdere utvalets tilrådingar og vil gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024.

Evaluering av inntektssystemet for fylkeskommunar
Vedtak nr. 821, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en evaluering av inntektssystemet for fylkeskommuner i forbindelse med fremleggelsen av kommuneproposisjonen våren 2027.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å kome tilbake til saka våren 2027, slik Stortinget har bedt om.

Namdalen og distriktstilskot Nord-Noreg
Vedtak nr. 823, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere om kommunene i Namdalen fortsatt skal sortere under distriktstilskudd Nord-Norge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Inntektssystemet skal jamne ut dei økonomiske skilnadene mellom kommunar, og med-

verke til at kommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. For å fange opp endringar i kommunesektoren over tid, må ein jamleg oppdatere systemet. Inntektssystemutvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2022, vurderte heile inntektssystemet for kommunane, også denne problemstillinga.

Departementet vil vurdere utvalet sine tilrådingar og gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024.

Evaluering av frikommuneforsøk
Vedtak nr. 824, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en evaluering av frikommuneforsøk på egnet tidspunkt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023). Regjeringa jobbar med å etablere eit opplegg for evaluering av forsøk og forsøksordninga. Kommunal- og distriktsdepartementet tar sikte på å lyse ut evalueringsoppdrag i løpet av hausten 2023.

Som varsla i Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*, kapittel 6.1 tar departementet sikte på å orientere Stortinget om status for ordninga for forsøkskommunar og om pågåande forsøk i dei årlege kommuneproposisjonane.

Terskelbeløpet i Merkur-ordninga
Vedtak nr. 826, 13. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere å øke terskelbeløpet for å komme inn i Merkur-ordningen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Merkur-programmet prioriterer dei minste og mest perifere Merkur-butikkane. Kommunal- og distriktsdepartementet vil denne hausten vurdere om prisstigning dei siste åra bør gi grunnlag for å heve terskelen for å få del i støtteordningane, og sjå det i samheng med den samla ramma for støtteordningane. Ei eventuell heving av omsetningsgrensa for investeringsstøtte i Merkur-programmet vil truleg gi større konkurranse om dei økonomiske midlane. Per 30. juni 2023 er investeringsstøttemidlane for 2023 allereie i all hovudsak

disponert. Dei større Merkur-butikkane med over 13 mill. kroner i omsetning har uansett tilgang på kompetansedelen av Merkur, men ikkje høve til å søke om støtte til økonomiske investeringar. Regjeringa vil gi ein omtale av vurderinga i Prop. 1 S (2024–2025).

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye statlege byggeprosjekt

Vedtak nr. 922, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa stille krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye statlege byggeprosjekt med oppstart av et forprosjekt i 2024, der ikkje spesielle hensyn tilsier noe annet. Kravet skal også gjelde ved større oppgraderingar og rehabiliteringar.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmødingsvedtaket i komande prosjekt, og vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bustøtte og trygdeoppgjær

Vedtak nr. 930, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa sikre at ingen mister bustøtte som følge av etterbetalingen for de årlige trygdeoppgjørene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt instruks til Husbanken om å skjerme alle etterbetalingar i juni 2023, slik at ingen tapar bustøtte på etterbetalingar etter trygdeoppgjæret. Det er ikkje tilstrekkeleg greidd ut om og eventuelt korleis ei permanent skjermingsordning kan etablerast.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Meir treffsikker bustøtteordning

Vedtak nr. 931, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringa i statsbudsjettet for 2024 fremme forslag om endringer i bustøtteregulverket som gjør ordninga mer treffsikker for husholdningar med lave inntekter og høye boustiftar.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Ekspertgruppa som vart sett ned i 2020 for å gjennomgå bustøtta, leverte sin rapport i mai 2022. Gruppa etterlyser mellom anna ei forankring av regelverkssatsane i underliggende prinsipp og tilgjengeleg statistikk. Vidare peiker dei på at bustøtteordninga kan virke meir komplisert enn nødvendig. Departementet jobbar med å følgje opp ekspertgruppa sin rapport og ser oppmødingsvedtaket i lys av dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg

Vedtak nr. 934, 16. juni 2023:

«Stortinget ber regjeringa i løpet av første halvår 2024 sende på høring et forslag med krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye næringsbygg over 500 m² utenfor LNF-områder.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmødingsvedtaket som ein del av arbeidet med endringar i byggtknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Stortingssesjon 2021–2022

Lokal energiproduksjon, energieffektivisering og ladeinfrastruktur i burettslag

Vedtak nr. 35 nr. 7, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere ordninger som støtter opp om etablering av lokal energiproduksjon, energieffektivisering og etablering av ladeinfrastruktur i burettslag.»

Dokumentet som ligg til grunn er Innst. 2 S (2021–2022) Innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022.

Det er ei rekke tiltak, både gjennomførte og pågåande, som støttar opp om energiproduksjon, energieffektivisering og lading av elbil i burettslag og andre bustader. Andelseigarar i burettslag har fått rett til å setje opp ladepunkt. Det er krav i byggt teknisk forskrift om at parkeringsplassar knytte til nye bygg skal vere ladeklare. Regjeringa har endra plusskundeordninga slik at straumkundar i burettslag kan sleppe nettleige og avgifter for forbruk av straum dei sjølv produserer og delar i burettslaget. Enova oppretta i 2022 kartleggingsstønad for klima- og energitiltak i burettslag. Dei støttar òg varmesentralar basert på fornybare energikjelder, der òg burettslag og sameige kan søkje. I tillegg kan enkelte tiltak under Enova sitt tilskot vere relevante for dei som bur i burettslag og sameige. Enova arbeider òg med ei styrka satsing på energi i breitt og energieffektivisering meir spesifikt. Dette inneber mellom anna ein ny investeringsstønad retta mot burettslag, sameige og yrkesbygg som koplar stønaden til energimerket og forbetra energiyting basert på ei grundig kartlegging. Samla sett støttar dette opp om lokal energiproduksjon, energieffektivisering og etablering av ladeinfrastruktur i burettslag utan at det er behov for nye ordningar. Regjeringa vil legge fram ein handlingsplan for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi som har stor merksemd på redusert energibruk i bygg.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Nullutslepp eller fossilfrie anleggsplassar i planreglar

Vedtak nr. 35 nr. 15, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å endre plan- og bygningsloven for å sikre at kommunene har hjemmel til å kunne stille krav om

nullutslepp eller fossilfrie anleggsplassar i planbestemmelser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet oppretta saman med Klima- og miljødepartementet ei arbeidsgruppe for å greie ut korleis kommunane skal kunne stille klimakrav til byggeplassar, anten gjennom plan- og bygningslova eller forureiningslova. Arbeidsgruppa ga Miljødirektoratet i oppdrag å greie ut korleis ein lovheimel kan innretast. Miljødirektoratet gjekk i si utgreiing langt i å peike på forureiningslova som eigna for ein lovheimel. På bakgrunn av dette har dei to departementa bede Miljødirektoratet om å utarbeide eit høyringsnotat der forureiningslova leggst til grunn for ein heimel. Høyringsnotatet er til vurdering i departementa.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Levekår i byar

Vedtak nr. 35 nr. 27, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om levekår i byer innen utgangen av 2022, saken skal blant annet vurdere Jenssen-utvalgets forslag.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Regjeringa la i august 2023 fram Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Blankoskøyter og plikt til tinglysing

Vedtak nr. 35 nr. 35, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendomskjøp.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Oppmodningsvedtakets underliggende problemstilling må sjåast i samheng med den moglege bruken til styresmaktene av opplysningar om eigarskap til aksjar og fast eigedom. Finansdepar-

tementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt Skatteetaten, Brønnøysundregistra og Kartverket i oppdrag å kartlegge styresmaktene si moglege bruk av opplysningar om eigarskapsforhold til aksjar og fast eigedom. Dette kan gi grunnlag til å vurdere korleis styresmaktene kan arbeide vidare på området. Skatteetaten har ansvaret for å leie oppdraget og organisere samarbeidet med Brønnøysundregistra og Kartverket.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 42, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige tiltak for å sikre økt åpenhet og transparens i virksomheten til private tilbydere av offentlig finansierte velferdstjenester, herunder et offentlig register over alle private virksomheter som leverer offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Det regjeringsoppnemnte Avkommersialiseringsutvalet har som ein del av mandatet sitt å vurdere korleis kommersielle aktørar i velferdstenestene kan regulerast sterkare, til dømes gjennom krav om openheit om økonomi, eigarskap og driftsavtalar. Utvalet skal òg gi ein juridisk definisjon av ideell verksemd og vise korleis ideelle aktørar kan registrerast, eksempelvis etter ein modell lik Frivillighetsregisteret. Avkommersialiseringsutvalet skal levere si utgreiing innan 1. juni 2024. I etterkant av at utvalet har avlevert utgreiinga, vil Kommunal- og distriktsdepartementet i samarbeid med aktuelle departement, vurdere korleis utvalet sine tilrådingar kan følgast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 43, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om å stille krav til at selskaper som leverer offentlig finansierte velferdstjenester, organiseres i egne rettssubjekter hvor det ikke er tillatt å drive

annen virksomhet enn offentlig finansierte velferdstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Avkommersialiseringsutvalet skal vurdere korleis kommersielle aktørar kan regulerast strengare. Det gjeld mellom anna krav om at verksemda skal drivast i eit sjølvstendig rettssubjekt, forbod mot å driva anna verksemd i same rettssubjekt, avgrensingar i moglegheita for å ta ut utbytte eller krav om at delar av overskotet skal reinvesterast i verksemda med meir. Avkommersialiseringsutvalet skal levere si utgreiing innan 1. juni 2024.

På barnehagefeltet er det allereie frå 1. januar 2023 innført eit krav i barnehagelova om at kvar privat barnehage skal vere eit sjølvstendig rettssubjekt.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte i etterkant av utvalet sitt arbeid.

Bustader for studentar i kommunale arealplanar

Vedtak nr. 35 nr. 54, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen vurdere forslag til endringer i plan- og bygningsloven om at studentboliger blir et eget formål i kommunale arealplaner, innen utgangen av 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet ga i februar 2022 Oslo Economics og NIBR, Oslo Met i oppdrag å vurdere behovet til kommunane for å gjere bustader for studentar til eit eige arealføremål, relevansen av eit lovforslag, og prinsipielle og juridiske problemstillingar knytt til dette. Oslo Economics og NIBR, Oslo Met leverte vurderingane sine til departementet 6. juli 2022. På grunn av dei økonomiske rammene er notatet ikkje ei fullstendig utgreiing. Mellom anna er ikkje dei samfunnsøkonomiske verknadene av ei lovendring vurdert, heller ikkje moglege verknader for sentrale aktørar som til dømes studentane sjølve, studentsamskipnadene og byggeselskap.

Kommunal- og distriktsdepartementet meiner det er nødvendig å kartlegge verknadene av eit lovforslag meir for å kunne konkludere om departementet skal sende eit lovforslag på høyring.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kompensere kommunane og fylkeskommunane som følgje av smitteverntiltak

Vedtak nr. 363, 24. januar 2022

«Stortinget ber regjeringen kompensere kommunene og fylkeskommunene for merutgifter og mindreinntekter som følge av nasjonale, regionale og lokale smitteverntiltak.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 51 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 (økonomiske tiltak i møte med pandemien og ekstraordinære strømutfgifter)* og Innst. 119 S (2021–2022).

Sjå nærare omtale under vedtak nr. 828, 17. juni 2022 om oppfølging av vedtaket.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Leiarløningar i staten

Vedtak nr. 413, 3. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte når utvalget som skal gjennomgå lederlønnssystemet i staten, har lagt frem sin rapport.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Kirsti Bergstø, Audun Lysbakken, Grete Wold og Freddy André Øvstegård om lønsmoderasjon for høgtlønnte i staten, jf. Dokument 8:22 S (2021–2022) og Innst. 156 S (2021–2022).

Leiarlønnsutvalet overleverte rapporten sin til kommunal- og distriktsministeren 15. juni 2022.

Regjeringa er opptatt av å bidra til å rekruttere og behalde dyktige leiarar i staten, samstundes som det skal sikrast at leiarlønnsutviklinga ikkje overskrid det som er gjennomsnittleg lønsutvikling i samfunnet. I Hurdalsplattforma går det fram at regjeringa vil lage nye retningslinjer for leiarløningar og andre type godtgjersler for leiarar i staten, som bidrar til reduserte lønsforskjellar. Rapporten frå utvalet er eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Regjeringa må halde seg til inngåtte tariffavtalar med hovudsamanslutningane, og kan ikkje ein-sidig endre systema for korleis ein løner leiarar i staten. Det vil derfor vere tett dialog med hovudsamanslutningane i dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget i lønsproposisjonen etter hovudtariffoppgjeret i 2024.

Vindkraft på land

Vedtak nr. 722, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig sende på høring forslag til endringer i plan- og bygningsloven for behandling av vindkraft på land, slik at nye vindkraftanlegg kan behandles etter både energiloven og plan- og bygningsloven, med sikte på ikrafttredelse av lovendringen 1. januar 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser* og Innst. 446 S (2021–2022).

Regjeringa la våren 2023 fram Prop. 111 L (2022–2023) *Endringer i energiloven og plan- og bygningsloven (vindkraft på land)* for å styrkje den kommunale råderetten ved etablering av vindkraft på land. Endringane i plan- og bygningslova og energilova vart vedtekne av Stortinget 9. og 12. juni 2023, og vart satt i kraft frå 1. juli 2023. Endringane gir kommunane større formell styring over arealbruken i vindkraftsaker, mellom anna ved at det no er krav om at kommunane må vedta ein områderegulering før det kan bli gitt konsekisjon etter energilova.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Energifleksibel oppvarming

Vedtak nr. 726, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede energieffekten og konsekvenser for byggekostnadene av å stramme inn kravet til energifleksibel oppvarming, og vurdere hvor mye kravet kan strammes inn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 446 S (2021–2022) *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser*, Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021)*, representantforslag om å forlange strømkompensasjonen, representantforslag om å bygge opp ei kraftfull norsk havvindsatsing, representantforslag om energipolitikk for framtida, representantforslag om hurtigspor for flytande havvind, representantforslag om uavhengige konsekvensutgreingar i vindkraftsaker og representantforslag om energi for framtida.

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmødingsvedtaket som ein del av arbeidet med endringar i byggt teknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Plan for breibanddekning II

Vedtak nr. 791, 14. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake i statsbudsjettet for 2023 med status og plan for hvordan det kan legges til rette for at alle norske nødmeldingssentraler, rådhus og andre viktige offentlige administrasjonsbygg, skoler og transportknutepunkter skal ha tilbud om minst 1 Gbit/s nedlastingshastighet og minst 100 Mbit/s opplastingshastighet innen utgangen av 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

Ifølgje berekningar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit var dekninga for fleire av dei ulike kategoriane av institusjonar og stadar som er nemnt i oppmødingsvedtaket 100 pst. ved utgangen av 2022, dette gjaldt mellom anna sjukehus, naudmeldingssentralar og flyplassar. For andre kategoriar står framleis noko att før alle er dekt, dette gjeld mellom anna grunnskolar og trafikknutepunkt, med unntak av flyplassar. Departementet vil legge til rette for at den eksisterande støtteordninga for breiband skal bidra til at alle dei nemnde institusjonane kan få tilbod om 1 Gbit/s nedlastingshastigheit og minst 100 Mbit/s opplastingshastigheit innan utgangen av 2025.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Frikommuneforsøk

Vedtak nr. 792, 14. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etablering av frikommuneforsøk etter inspirasjon fra Danmark og komme til Stortinget med en sak om dette senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

I tillegg blir det vist til Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*, kapittel 6.1 der det går fram at departementet tar sikte på å orientere Stortinget om status for ordninga for forsøkskommunar og om pågåande forsøk i dei årlege kommuneproposisjonane. Vi viser òg til vedtak nr. 824, 13. juni 2023 om evaluering av frikommuneforsøk og departementet si oppfølging av dette.

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at den vil gi større fridom til kommunale og regionale myndigheiter, som ein del av tillitsreforma. Forsøk gjer det mogleg å drive innovasjon og utprøving der kommunane får unntak frå krav i lov og forskrift. Forsøkslova gir heimel for å igangsette forsøk, og ein del andre lover har spesifikke heimlar for å gi unntak frå lovkrav gjennom forsøk.

Regjeringa har no etablert ei frikommuneordning innanfor gjeldande forsøksheimlar, og har invitert kommunar og fylkeskommunar til å søkje om forsøk. Fristen for å sende førebels søknad var 8. september 2023.

Kommunal- og distriktsdepartementet og aktuelle fagdepartement kan etter ei vurdering av søknadene gi unntak frå gjeldande lovkrav med heimel i forsøkslova eller forsøksheimlar i særlover. Forsøka bør ha ein varigheit som er tilstrekkeleg lang til å vurdere om føremålet med forsøket blir oppnådd, normalt tre til fire år.

Departementa samarbeider med KS om forsøksordninga og om eit opplegg for læring og erfaringsutveksling for kommunar og fylkeskommunar som deltar i ordninga.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Meirutgifter til pandemien i kommunane og fylkeskommunane

Vedtak nr. 828, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag i nysalderingen av statsbudsjettet for 2022 om å kompensere merutgifter til pandemien i kommunene og fylkeskommunene i perioden 2020 til første halvår 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2021–2022) *Revidert nasjonalbudsjett 2022* og Innst. 450 S (2021–2022).

Arbeidsgruppa som vurderte dei økonomiske konsekvensane av pandemien for kommunesektoren, la i september 2022 fram ein rapport som omhandla 1. halvår 2022. Anslaget for meirutgifter og inntektsbortfall for kommunesektoren i 1. halvår 2022 var 8,8 mrd. kroner.

Ved behandlinga av Prop. 23 S (2022–2023) fekk kommunesektoren ei tilleggsøyving på 7,3 mrd. kroner, fordelt med 6,9 mrd. kroner til kommunane og 0,4 mrd. kroner til fylkeskommunane. Dette kom i tillegg til ei løyving på 1,5 mrd. kroner som allereie var gitt. Med dette vart både kommunane og fylkeskommunane samla sett fullt ut kompenserte for meirutgifter og mindreinntekter i 1. halvår 2022. I 2020 og 2021 var koronakompensasjonen til kommunesektoren samla sett om lag 1,9 mrd. 2022-kroner høgare enn anslåtte meirutgifter og inntektsbortfall.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Stortingssesjon 2020–2021

Utgreie rett til høghastighetsinternett for alle husstandar

Vedtak nr. 1060, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede en rett til høghastighetsinternett for alle husstander i Norge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester*, Dokument 8:151 S (2020–2021) og Innst. 511 S (2020–2021).

Regjeringa har ambisiøse mål for breibanddekning, inkludert at alle husstandar skal ha tilbod om minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit innan 2025. Regjeringa foreslår ein auke på kap. 541, post 60 Breibandutbygging i 2024, og denne auken legg til rette for at fleire husstandar og verksemder skal få tilgang til høghastighets breiband. Foreløpige tall frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit viser at per første halvår 2023 var dekninga for breiband med 100 Mbit/s 96,6 pst. Analysys Mason berekna for departementet i november 2022 at det på det dåverande tidspunktet ville koste i overkant av 1,5 milliardar kroner i offentleg stønad å bygge ut breiband med minst 100 Mbit/s til alle.

Ein rett til høghastighets internett for alle husstandar i Noreg vil kunne bli etablert gjennom ein leveringsplikt på ein eller fleire tilbydarar. Regjeringa har høyrd eit forslag om ein lovheimel for å kunne pålegge leveringsplikt for breiband i Noreg. Her foreslår regjeringa at det blir innført ein lovheimel for å kunne pålegge leveringsplikt for breiband i Noreg. Høyringa inneheld ein nærmare omtale av korleis ein slik leveringsplikt kan innrettast.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksvegar

Vedtak nr. 1066, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for utbygging av mobil- og internettdekning langs eksisterende riksveier, som spesifiserer dekningshull og kostnadene for utbedring av disse, og innarbeide dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester* og Innst. 511 S (2020–2021).

I Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet vart det opplyst at departementet har vurdert resultatane av ei gjennomført ekstern utgreiing og funne ut at det er behov for å gjere ytterlegare studiar. Departementet arbeider fortsett med ei ny utgreiing, som inneber å komplettere eksisterande resultat med fleire målingar langs enda fleire riksvegar. Dette vil gjere det mogleg å få eit meir presist situasjonsbilde, og det vil gi eit betre grunnlag for å estimere kostnadene knytte til å utbetre dekningshol langs riksvegnettet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Klarare reglar for krav til sløkkevatn

Vedtak nr. 1209, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen om å oppstille klare vilkår i regelverket for i hvilke tilfeller kommunene kan fravike de preaksepterte løsningene i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 11-17 og forskrift om brannforebygging § 21 til ugunst for utbygger hvor det brannprosjekteres med tankbil.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Hans Andreas Limi, Erlend Wiborg, Per-Willy Amundsen, Kjell-Børge Freiberg og Helge André Njåstad om å sikre meir føreseielege reglar for krav til sløkkevatn, jf. Dokument 8:238 S (2020–2021) og Innst. 583 S (2020–2021). Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for byggt teknisk forskrift, og Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for forskrift om brannforebygging.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har, i samarbeid med Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), endra rettleiaren til det relevante kravet i byggt teknisk forskrift § 11-17, slik at det no er tydelegare når det kan prosjekterast med tankbil som sløkkevatn.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Helsetenester nytta utanfor bustadkommunen

Vedtak nr. 1252, 16. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen i oppfølgingen av utredningen fra Inntektssystemutvalget vurdere lovverket slik at helsetjenester benyttet utenfor bostedskommunen i større grad kan belastes den kommunen tjenestemottaker betaler skatt til.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* og Innst. 660 S (2020–2021).

Kommunen skal, i tråd med helse- og omsorgstenestelova, sørge for at personar som oppheld seg i kommunen har tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Helse- og omsorgstenestene i kommunane blir i hovudsak finansierte av frie inntekter, som blir fordelte med utgangspunkt i folkeregistrerte innbyggjarar i kommunen. Dette kan gi kommunar med mange hyttebebuarar utgifter som dei frie inntektene ikkje dekker. Samstundes har hyttekommunane også andre typar inntekter frå hyttebebuarane, som kommunale avgifter, eige domsskatt og positive ringverknader for lokalsamfunna. Fleire offentlege utval har peikt på problemstillinga med finansiering av helsetenester til personar utanfor bustadkommunen. Inntektssystemutvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2022, vurderte heile inntektssystemet for kommunane, også denne problemstillinga.

Regjeringa vil vurdere inntektssystemutvalets tilrådingar og gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024.

Stortingssesjon 2018–2019

Opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærar

Vedtak nr. 55, 27. november 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede og sende på høring forslag om endring i lov om registrering av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser. Herunder opplysningsplikt for stats-

råder og statssekretærer til å registrere sine tidligere oppdragsgivere og oppdragenes innhold der vedkommende, de siste to år før tiltredelse, har arbeidet med å fremme politiske eller næringsmessige interesser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Karin Andersen, Torgeir Knag Fylkesnes, Kari Elisabeth Kaski, Gina Barstad og Marius Meisfjord Jøsevold om opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærar, jf. Dokument 8:108 LS (2017–2018) og Innst. 54 L (2018–2019).

Departementet sette hausten 2019 ned ei arbeidsgruppe for å utgreie forslaget. Arbeidsgruppa vart leia av Regjeringsadvokaten og hadde medlemmar frå Justis- og beredskapsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet. Arbeidsgruppa leverte si utgreiing i juni 2022.

Departementet arbeider med å vurdere oppmødingsvedtaket i samband med oppfølging av Europarådet sitt antikorrupsjonsorgan Group of States Against Corruption (GRECO) sin femte evalueringsrapport til Noreg og vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Stortingssesjon 2016–2017

Stryke listekandidatar

Vedtak nr. 700, 23. mai 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å gjeninnføre velgernes mulighet til å stryke listekandidater ved fylkestings- og kommunestyrevalg.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Helge André Njåstad, Ingebjørg Amanda Godsken, Harald T. Nesvik, Ingjerd Schou, Michael Tetzschner og Frank J. Jenssen om å tillate stryking av listekandidatar ved fylkestings- og kommunestyreval, jf. Dokument 8:14 S og Innst. 306 S (2016–2017).

Regjeringa la fram Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)* i mars 2023. Spørsmålet om å tillate stryking av listekandidatar ved fylkestings- og kommunestyreval vart drøfta, men regjeringa gjekk ikkje inn for dette. Stortinget behandla proposisjonen i juni 2023 og vedtok ny vallov i tråd med regjeringas framlegg.

Departementet meiner med dette at oppmødingsvedtaket er følgt opp.

Sørsamisk språk

Vedtak nr. 845, 8. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen i oppfølgingen av NOU 2016: 18 Hjertespråket om å ha en særlig oppmerksomhet rettet mot sørsamisk språk og sammenhengene mellom språk, kultur og næring, og komme tilbake til Stortinget på en egnet måte med konkrete forslag til oppfølging av dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2017–2018) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2017–2018).

Kommunal- og distriktsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i språkreglane i same-lova, sjå Prop. 58 L (2022–2023) *Endringer i same-loven (endringer i språkregler)* pkt. 2.4. Stortinget vedtok endringar i same-lova 30. mai 2023 og reglane tredde i kraft 1. juli 2023. Lovendringane er eit ledd i regjeringa si oppfølging av NOU 2016: 18 *Hjertespråket*.

Departementet meiner med dette at oppmø-dingsvedtaket er følgt opp.

Stortingssesjon 2015–2016

Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise

Vedtak nr. 646, 10. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som ved en nasjonal flyktningkrise gir kommunene myndighet til å fravike plan- og bygningsloven og grannelova. Det settes frist for kommunens beslutning, som treffes etter anmodning fra annen kommunal eller statlig myndighet. Saken overføres departementet hvis fristen ikke holdes, og departementet kan også ved overprøving prøve alle sider av saken. Beslutning om at det foreligger en nasjonal flyktningkrise kan treffes av Kongen i statsråd eller av departementet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 43 L (2015–2016) *Endringer i plan- og bygningsloven (unntak ved kriser, katastrofer eller andre ekstraordinære situasjoner i fredstid)* og Innst. 229 L (2015–2016).

Departementet har fremja proposisjon om mellombelse lovendringar for å handtere pandemi (2020 og 2021) og auka framkomst av flyktingar som følgje av invasjonen av Ukraina (2022), som Stortinget har vedtatt. Gjeldande beredskapsføre-segn for å handtere auka framkomstar, er forlengt og gjeld fram til 1. juli 2024. Arbeidet med å følgje opp oppmø-dingsvedtaket har som følgje av dette blitt forseinka. Arbeids- og inkluderingsdepar-te-mentet vil evaluere beredskapsføre-segna.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Endringar i vallova

Vedtak nr. 861, 10. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med et nytt forslag til endringer i valgloven § 7-2 og § 11-5 første ledd (personvalg ved stortingsvalg), hvor også merknader og forslag i denne innstilling er vurdert. Lovendringen foreslås iverksatt fra stortingsvalget i 2021.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 73 L (2015–2016) *Endringer i valgloven (per-sonval ved stortingsval, frist for godkjenning av føre-handsstemmer mv.)* og Innst. 402 L (2015–2016).

Regjeringa la fram Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre-rer (valgloven)* i mars 2023. Spørsmålet om personval ved stortingsval vart drøfta, men regjeringa gjekk ikkje inn for dette. Stortinget behandla proposisjo-nen i juni 2023 og vedtok ny vallov i tråd med regjeringas framlegg.

Departementet meiner med dette at oppmø-dingsvedtaket er følgt opp.

4 Oversikt over budsjettforslaget

4.1 Utgifter fordelt på programkategori og kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Det kongelege hus					
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	443 859	253 912	279 250	10,0
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	11 181	11 572	12 292	6,2
	<i>Sum kategori 00.10</i>	<i>455 040</i>	<i>265 484</i>	<i>291 542</i>	<i>9,8</i>
	Sum programområde 00	<i>455 040</i>	<i>265 484</i>	<i>291 542</i>	<i>9,8</i>
Administrasjon					
500	Kommunal- og distriktsdepartementet	761 551	966 868	1 547 573	60,1
502	Tariffavtalte avsetningar mv.	240 139	274 450	278 100	1,3
505	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	15 290 420	14 443 000	19 454 000	34,7
506	Yrkesskedeforsikring	92 495	95 000	95 000	0,0
507	Gruppelivsforsikring	199 536	270 000	240 000	-11,1
510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	1 042 785	1 020 260	1 069 916	4,9
	<i>Sum kategori 13.00</i>	<i>17 626 926</i>	<i>17 069 578</i>	<i>22 684 589</i>	<i>32,9</i>
Statsforvaltarane					
525	Statsforvaltarane	2 043 034	2 116 455	2 360 876	11,5
	<i>Sum kategori 13.25</i>	<i>2 043 034</i>	<i>2 116 455</i>	<i>2 360 876</i>	<i>11,5</i>
Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning					
530	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	2 493 573	3 353 450	5 759 981	71,8
531	Eigedomar til kongelege føremål	94 535	69 433	74 311	7,0
533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	194 199	61 470	62 947	2,4
2445	Statsbygg	4 416 510	8 887 996	7 734 502	-13,0
	<i>Sum kategori 13.30</i>	<i>7 198 817</i>	<i>12 372 349</i>	<i>13 631 741</i>	<i>10,2</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk					
540	Digitaliseringsdirektoratet	1 037 570	966 666	1 079 374	11,7
541	IT- og ekompolitikk	516 822	547 427	450 863	-17,6
542	Internasjonalt samarbeid	219 330	361 748	481 882	33,2
543	Nasjonale kommunikasjonsmyndig- heit	440 185	453 211	475 543	4,9
	<i>Sum kategori 13.40</i>	<i>2 213 907</i>	<i>2 329 052</i>	<i>2 487 662</i>	<i>6,8</i>
Personvern					
545	Datatilsynet	68 410	78 127	82 241	5,3
546	Personvernemnda	1 886	2 641	2 778	5,2
	<i>Sum kategori 13.45</i>	<i>70 296</i>	<i>80 768</i>	<i>85 019</i>	<i>5,3</i>
Distrikts- og regionalpolitikk					
553	Regional- og distriktsutvikling	1 466 447	1 185 724	1 447 765	22,1
554	Kompetansesenter for distriktsutvik- ling	99 686	95 100	105 130	10,5
	<i>Sum kategori 13.50</i>	<i>1 566 133</i>	<i>1 280 824</i>	<i>1 552 895</i>	<i>21,2</i>
Samiske føremål					
560	Samiske føremål	574 040	605 894	662 790	9,4
563	Internasjonalt reindriftssenter	12 578	9 285	9 754	5,1
	<i>Sum kategori 13.60</i>	<i>586 618</i>	<i>615 179</i>	<i>672 544</i>	<i>9,3</i>
Nasjonale minoritetar					
567	Nasjonale minoritetar	55 952	59 014	67 630	14,6
	<i>Sum kategori 13.67</i>	<i>55 952</i>	<i>59 014</i>	<i>67 630</i>	<i>14,6</i>
Kommunesektoren mv.					
571	Rammetilskot til kommunar	148 172 128	161 625 247	175 221 375	8,4
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	40 575 566	43 977 995	48 389 482	10,0
573	Kommunestruktur		200 000	213 674	6,8
575	Ressurskrevjande tenester	10 750 729	11 741 313	13 071 914	11,3
577	Tilskot til dei politiske parti	459 268	470 163	540 164	14,9
578	Valdirektoratet	50 992	120 583	61 265	-49,2
	<i>Sum kategori 13.70</i>	<i>200 008 683</i>	<i>218 135 301</i>	<i>237 497 874</i>	<i>8,9</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Bustad, bumiljø og bygg					
581	Bustad- og bumiljøtiltak	4 940 751	4 360 230	4 112 575	-5,7
585	Husleigetvistutvalet	37 082	37 754	40 150	6,3
587	Direktoratet for byggkvalitet	150 978	150 032	164 078	9,4
2412	Husbanken	20 810 045	21 270 799	23 391 339	10,0
	<i>Sum kategori 13.80</i>	<i>25 938 856</i>	<i>25 818 815</i>	<i>27 708 142</i>	<i>7,3</i>
Planlegging, byutvikling og geodata					
590	Planlegging og byutvikling	163 784	178 525	224 047	25,5
595	Statens kartverk	1 220 877	1 160 394	1 359 584	17,2
	<i>Sum kategori 13.90</i>	<i>1 384 661</i>	<i>1 338 919</i>	<i>1 583 631</i>	<i>18,3</i>
	Sum programområde 13	258 693 883	281 216 254	310 332 603	10,4
	Sum utgifter	259 148 923	281 481 738	310 624 145	10,4

4.2 Inntekter fordelt på programkategori og kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Administrasjon					
3505	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	8 022 043	8 137 000	9 447 000	16,1
3506	Yrkesskadeforsikring	80 079	80 000	85 000	6,3
3507	Gruppelivsforsikring	107 920	103 000	143 000	38,8
3510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	182 803	112 777	117 739	4,4
5607	Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	723 256	1 842 000	2 716 000	47,4
	<i>Sum kategori 13.00</i>	<i>9 116 101</i>	<i>10 274 777</i>	<i>12 508 739</i>	<i>21,7</i>
Statsforvaltarane					
3525	Statsforvaltarane	61 824	185 294	89 047	-51,9
	<i>Sum kategori 13.25</i>	<i>61 824</i>	<i>185 294</i>	<i>89 047</i>	<i>-51,9</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning					
3533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	5 454	5 140	5 366	4,4
5446	Sal av eigedom, Fornebu	2 098			0,0
5447	Sal av eigedom utanfor statens forvaltningsbedrifter	1 322 996			0,0
	<i>Sum kategori 13.30</i>	<i>1 330 548</i>	<i>5 140</i>	<i>5 366</i>	<i>4,4</i>
Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk					
3540	Digitaliseringsdirektoratet	308 743	329 485	318 785	-3,2
3542	Internasjonalt samarbeid	2 771	2 713	3 541	30,5
3543	Nasjonal kommunikasjons myndigheit	308	609 709	583 922	-4,2
5570	Sektoravgifter under Kommunal- og distriktsdepartementet	253 440	262 613	281 165	7,1
	<i>Sum kategori 13.40</i>	<i>565 262</i>	<i>1 204 520</i>	<i>1 187 413</i>	<i>-1,4</i>
Personvern					
3545	Datatilsynet	20 207			0,0
	<i>Sum kategori 13.45</i>	<i>20 207</i>			<i>0,0</i>
Distrikts- og regionalpolitikk					
3554	Kompetansesenter for distrikts- utvikling	567			0,0
	<i>Sum kategori 13.50</i>	<i>567</i>			<i>0,0</i>
Samiske føremål					
3563	Internasjonalt reindriftssenter	6 023	3 009	3 141	4,4
	<i>Sum kategori 13.60</i>	<i>6 023</i>	<i>3 009</i>	<i>3 141</i>	<i>4,4</i>
Kommunesektoren mv.					
3571	Tilbakeføring av forskot	15 947			0,0
5616	Kommunalbanken AS	646 000	652 000	660 000	1,2
	<i>Sum kategori 13.70</i>	<i>661 947</i>	<i>652 000</i>	<i>660 000</i>	<i>1,2</i>
Bustad, bumiljø og bygg					
3585	Husleigetvistutvalet	2 692	2 736	3 271	19,6
3587	Direktoratet for byggkvalitet	37 397	34 990	42 820	22,4
5312	Husbanken	14 454 558	13 993 700	14 732 542	5,3
5615	Husbanken	2 014 222	5 244 000	5 581 000	6,4
	<i>Sum kategori 13.80</i>	<i>16 508 869</i>	<i>19 275 426</i>	<i>20 359 633</i>	<i>5,6</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Planlegging, byutvikling og geodata					
3595	Statens kartverk	819 701	789 422	831 245	5,3
5635	Electronic Chart Centre AS	5 107		3 000	100,0
	<i>Sum kategori 13.90</i>	<i>824 808</i>	<i>789 422</i>	<i>834 245</i>	<i>5,7</i>
	Sum programområde 13	29 096 156	32 389 588	35 647 584	10,1
	Sum inntekter	29 096 156	32 389 588	35 647 584	10,1

Del II
Budsjettforslag

5 Nærare om budsjettforslaget

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar Programkategori 00.10 Det kongelege hus

Utgifter under programkategori 00.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga	443 859	253 912	279 250	10,0
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa	11 181	11 572	12 292	6,2
Sum kategori 00.10		455 040	265 484	291 542	9,8

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for løyvingane til kongehuset. I tillegg til løy-

vingane under kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga og kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa, blir følgjande midlar brukt til kongelege føremål i 2024:

(i 1000 kroner)

Kommunal- og distriktsdepartementet

Kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål 74 311

Utanriksdepartementet

Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet 11 255

Forsvarsdepartementet

Diverse kapittel (H.M. Kongens adjutantstab) 4 800

Kap. 1720 Sjøforsvaret (Kongeskipet og K/B Stjernen) 52 000

Justis- og beredskapsdepartementet

Kap. 441 Oslo politidistrikt (eskortetenesta) Oppgis ikkje

Kap. 1 H.M. Kongen og H.M. Dronninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Apanasje	13 434	13 904	14 768
50	Det kongelege hoff	197 225	240 008	258 482
51	Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff	233 200		6 000
	Sum kap. 1	443 859	253 912	279 250

Post 01 Apanasje

Løyvinga dekker personlege utgifter for H.M. Kongen og H.M. Dronninga, medrekna utgifter til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Det blir foreslått å løyve 14,8 mill. kroner.

Post 50 Det kongelege hoff

Det kongelege hoffet er H.M. Kongen sin organisasjon, som skal støtte H.M. Kongen og Kongefamilien. Det kongelege hoff førebur og legg til rette for kongefamilien sin offisielle verksemd, og utfører andre nødvendige støttande funksjonar.

Løyvinga blir brukt til kongehuset sine utgifter til offisielle oppgåver og drift av organisasjonen, mellom anna løn for alle tilsette. Løyvinga skal òg dekke utgifter til jamleg indre vedlikehald og utvikling av dei statlege kongelege eigedomane, Det kongelege slott, Bygdø kongsgard (hovudhuset m/sidebygning og park) og Oscarshall slott. Løyvinga blir foreslått auka med 3 mill. kroner, utover prisstigning, til løn og drift av tryggingsrelaterte IKT-tiltak.

Det kongelege hoffet rapporterer gjennom sin årsrapport på bruken av dei årlege løyvingane, der også årsrekneskap og revisorberetning kjem

fram. Det kongelege hoffet beheld disposisjonsretten til utbetalte midlar dersom årsrekneskapen viser eit positivt driftsresultat, og det har ansvaret for å dekke eit eventuelt negativt årsresultat. Det kongelege hoffet rapporterer gjennom sin årsrapport på kor mykje av arbeidstida til dei tilsette som brukast til forvaltningsoppgåver, som mellom anna innhenting av tilbod og oppfølging av prosjekt på dei private kongelege eigedomane. Større/verdiaukane tiltak på dei private kongelege eigedomane blir finansierte av private midlar og blir utført av eksterne aktørar.

Det blir foreslått å løyve 258,5 mill. kroner.

Post 51 Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff

Løyvingar på posten skal dekke midlar til prosjekt som blir gjennomførte i regi av Det kongelege hoff. Sikringsprosjektet ved dei statlege og private kongelege eigedomane blir slutført i 2023. Det kongelege hoff rapporterer om prosjektet i årsrapporten sin for 2022.

Det blir foreslått å løyve 6 mill. kroner til investeringar i nytt utstyr og system for å oppgradere delar av dei administrative IKT-systema og for å betre IKT-tryggleiken.

Kap. 2 H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Apanasje	11 181	11 572	12 292
	Sum kap. 2	11 181	11 572	12 292

Det blir foreslått å løyve 12,3 mill. kroner.

Post 01 Apanasje

Løyvinga skal dekke kronprinsparet sine personlege utgifter, medrekna utgifter til drift og vedlikehald av egne eigedomar.

Programområde 13 Statsforvaltning og kommunesektoren mv.

Programkategori 13.00 Administrasjon

Utgifter under programkategori 13.00 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
500	Kommunal- og distrikts- departementet	761 551	966 868	1 547 573	60,1
502	Tariffavtalte avsetningar mv.	240 139	274 450	278 100	1,3
505	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	15 290 420	14 443 000	19 454 000	34,7
506	Yrkesskedeforsikring	92 495	95 000	95 000	0,0
507	Gruppelivsforsikring	199 536	270 000	240 000	-11,1
510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	1 042 785	1 020 260	1 069 916	4,9
Sum kategori 13.00		17 626 926	17 069 578	22 684 589	32,9

Inntekter under programkategori 13.00 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3505	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	8 022 043	8 137 000	9 447 000	16,1
3506	Yrkesskedeforsikring	80 079	80 000	85 000	6,3
3507	Gruppelivsforsikring	107 920	103 000	143 000	38,8
3510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa	182 803	112 777	117 739	4,4
5607	Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse	723 256	1 842 000	2 716 000	47,4
Sum kategori 13.00		9 116 101	10 274 777	12 508 739	21,7

Innleiing

Programkategorien omfattar utgifter til drift og administrasjon av Kommunal- og distriktsdeparte-

mentet og utgifter til felles forskings- og utgreiingsoppgåver innanfor departementet sine fagområde.

Programkategorien omfattar òg løyvingar til enkelte fagområde:

- Sikring av departementsbygningar.
- Arbeidet med nytt regjeringskvartal.
- Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa.
- Den sentrale arbeidsgivarfunksjonen i staten.

Mål for programkategorien

1. Statlege verksemdar er kompetente arbeidsgivarar med attraktive arbeidsplassar
2. Departementa mottak effektive fellestenester med riktig kvalitet
3. Eit sikkert og effektivt nytt regjeringskvartal

Mål 1 Statlege verksemdar er kompetente arbeidsgivarar med attraktive arbeidsplassar

Verksemdene i staten skal vere moderne og attraktive arbeidsgivarar som klarer å rekruttere, utvikle og halde på kompetente medarbeidarar. For å lukkast med dette, må verksemdene ha høg endringskapasitet, møte kompetansebehova for framtida og ha leiarar som er kompetente og tydelege i utøvinga av arbeidsgivarrolla. Dei må òg legge til rette for godt partssamarbeid, tillitsbart leing og medverknad for dei tilsette.

Dei statlege verksemdene må utnytte mogleghetene for effektivisering, auka produktivitet og kostnadseffektiv drift. Verksemdene må ta initiativ til å gjennomføre fornying og omstilling, mellom anna ved digitalisering, oppfølging av tillitsreforma og forbetring av tenesteproduksjonen. Det er ei viktig målsetjing å sikre stort mangfald og inkludering i dei statlege verksemdene.

Utvikling av nye tenester, utnytting av ny teknologi og digitalisering, har verknad på staten sitt kompetansebehov og medarbeidarane sine arbeidsoppgåver. Tilrettelegging av utviklingstilbod for leiarar, og tilbod om kompetanseutvikling for medarbeidarar, er eit prioritert område og eit av hovudemna i den statlege arbeidsgivarstrategien.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har ansvaret for å støtte og rettleie dei statlege verksemdene i utøvinga av arbeidsgivarrolla. DFØ drifrar den digitale læringsplattforma, som er ein sentral del av kompetanseutviklingstilbodet i staten. DFØ drifrar òg Statens arbeidsgivarportal, som formidlar informasjon, gir høve for verksemdene til å utveksle erfaring og kunnskap, og gir tilgang til fagpersonar som kan yte meir skreddarsydd støtte.

Lønsoppgjera i staten skal gjennomførast i tråd med frontfagmodellen. Regjeringa ønskjer på sikt å få til likelydande hovudtariffavtalar igjen. Alle-

reie i forhandlingane i 2022, vart det gjort endringar i hovudtariffavtalane som gjorde at avtalane nærma seg kvarandre.

Regelverket som gjeld i staten, skal vere tilpassa ei moderne statsforvaltning. Forutan inngåing av hovudtariffavtalar, inngår arbeid med særavtalar og hovudavtalen i staten òg i arbeidet. Vidare inngår regelverksutvikling knytt til statstilsettelova, tenestetvistlova og karantanelova, og utvikling av administrative føresegnar og personalpolitiske føringar og retningslinjer som staten som arbeidsgivar har ansvaret for.

Kommunal- og distriktsdepartementet er ein pådrivar ovanfor dei statlege verksemdene for gjennomføring av arbeidsgivarpolitiske føringar og vedtak, til dømes knytt til tillitsreforma, likestilling, ikkje-diskriminering, og inkludering. Dette arbeidet er knytt til berekraftsmål 5 og 10, som handlar om likestilling mellom kjønna og anstendig arbeid for alle.

Mål 2 Departementa mottak effektive fellestenester med riktig kvalitet

Gode og effektive felles administrative tenester er ein føresetnad for at departementa skal kunna vareta rolla som sekretariat for politisk leing. Felles løysingar, samling av kompetanse, standardisering og digitalisering gir sterke fagmiljø, auka effektivitet og betre kvalitet i oppgåveutføringa. I tillegg gir det stordriftsfordelar som kostnadseffektiv drift og forvaltning. Derfor er det viktig å halde fram arbeidet med utvikling av felles administrative tenester. Dette kjem òg fram av strategien for departementsfellesskapet, *Gode hver for oss. Best sammen (2021–2025)*.

Strategien for departementsfellesskapet har òg eit perspektiv som går ut over det å legge til rette for auka bruk av fellestenester gjennom å vektlegge samordna utvikling og gjennomføring av politikk. Eit viktig tiltak i så måte er forsøksordninga med kjernegrupper som ei ny arbeidsform i departementa. Kjernegruppene er kjenneteikna ved at dei er oppretta på områder med samansette og komplekse utfordringsbilete, der mål og målgrupper er felles på tvers av mange departement, samordningsbehovet er på eit høgare nivå og tidshorizonten er lengre enn i ordinære tverrdepartementale grupper. Per i dag er det etablert kjernegrupper på følgjande område: utsette barn og unge, kunnskapsgrunnlag for krisehandtering, klima og omstilling, vatn og avløp og kompetanse i staten og departementa.

Viktige fellessatsingar i departementsfellesskapet i tida framover er mellom anna arbeidet med

innføring av ei felles sak- og arkivløysing for departementa, jf. omtalen under kap. 500, post 27. Vidare er etablering av Departementsakademiet i Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) ein sentral aktivitet. Akademiet skal utvikle og tilby relevante kompetansetilbod over eit breitt spekter for alle tilsette i departementa. Topptilbodet i akademiet er ein erfaringsbasert master i offentleg forvaltning som frå 2023 blir levert av Universitetet i Bergen og NHH Executive.

Arbeidet med etablering av felles IKT-tenester for Statsministerens kontor, alle departementa, Noregs utanriksstasjonar og DSS er òg ei viktig fellessatsing. Program for felles IKT-tenester, i det følgjande omtala som Programmet, skal etablere ei felles funksjonell, sikker, kostnadseffektiv og moderne IKT-løysing for behandling og deling av digital informasjon internt og eksternt. Programmet blir styrt av Forsvarsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet i fellesskap. Kartlegginga til Programmet viser at det er potensial for større utnytting av teknologi for å effektivisere og optimalisere arbeidsprosessar i departementsfellesskapet.

Det skal etablerast ei ny verksemd underlagd Kommunal- og distriktsdepartementet, med ansvar for levering av IKT-tenester til departementsfellesskapet. Tilsette i IKT-miljøa i DSS, Utanriksdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet vil inngå i den nye verksemda. Verksemda skal i hovudsak vere lokalisert i Oslo. Eventuell lokalisering av nokre funksjonar utanfor Oslo skal underbygge målsettingane om sikre, kostnadseffektive og brukarvenlege tenester. Den nye verksemda vil levere plattformtenester og applikasjonar for forvaltning av ugradert skjermingsverdig informasjon. Plattformtenester og applikasjonar for forvaltning av lågradert informasjon (NBN) vil bli levert frå Forsvarsdepartementet. Programmet skal samle fagkompetansen til departementsfellesskapet innanfor IKT, og gjennom dette legge til rette for drift og forvaltning av IKT-tenester med høg effektivitet, høg grad av tryggleik og god brukarvenlegheit i samsvar med beste praksis.

Stortinget har ved behandling av Innst. 110 S (2022–2023) til Prop. 18 S (2022–2023), vedteke at Forsvarsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet kan setje i verk Programmet med ei kostnadsramme på 1 392 mill. 2023-kroner inkl. mva. (1 141 mill. 2023-kroner ekskl. mva.) for endringstrinn 1 og 2 i Programmet for perioden januar 2021 til våren 2025. Programmet er planlagt ferdigstilt i slutten av 2025. I Programmet er det mellom anna lagt til grunn at plattformen til DSS

delvis skal kunne gjenbrukast. Som følgje av dataangrepet mot IKT-plattformen til DSS sommaren 2023, jf. omtalen under, vil Programmet vurdere ulike handlingsalternativ som inneber etablering av ei heilt ny plattform. Programmet vil òg vurdere om det er mogleg å forsere etableringa av plattformen til første halvår 2024. På grunn av dette kan det være aktuelt å planlegge delar av Programmet på nytt. Derfor er det noko uvisse i foreslått ramme for 2024 i Forsvarsdepartementet sin proposisjon. Det er førebels avsett 396 mill. kroner til Programmet i 2024.

Dataangrepet mot IKT-plattformen for 12 departement sommaren 2023

Sommaren 2023 vart IKT-plattformen for 12 departement og DSS utsett for eit dataangrep. Ein avansert og ressurssterk trusselaktør kom seg inn på e-postserverane på plattformen via løysinga for synkronisering av e-post for mobile einingar – «Ivanti Endpoint Manager». Tryggingsholet var ein såkalla 0-dags sårbarheit i programvara til Ivanti. Holet vart tetta kort tid etter at det vart oppdaga. Som følgje av at trusselaktøren var inne på serverane, vart e-postserverane på plattformen til DSS kompromitterte.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i verk ei rekke risikoreduserande tiltak som følgje av dataangrepet. Departementet har bede DSS stenge ned serverane for synkronisering av e-post og dei kompromitterte serverane for e-post. DSS har, på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet, etablert ei ny, mellombels løysing for e-post. Som eit risikoreduserande tiltak vart ikkje historisk data overført til ny løysing for e-post i sky. Kommunal- og distriktsdepartementet har òg sett i gang eit omfattande arbeid med å sjå på rutinar for saksbehandling både på ugradert nett og begrensa nett.

Mål 3 Eit sikkert og effektivt nytt regjeringskvartal

Kommunal- og distriktsdepartementet legg til grunn tett oppfølging og stram kostnadsstyring av prosjektet. Byggetrinn 1 består av bygging av A- og D-blokka, kjellar, arbeid på Ring 1 og perimetersikring òg rehabilitering av Høgblokka (H-blokka).

I revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart kostnadsramma for byggetrinn 1 auka frå 22,6 mrd. kroner til 23,7 mrd. kroner (prisnivå per 1. juli 2023). Kostnadsramma vart justert på grunn av ekstraordinær prisvekst i byggenæringa, og auke i kostnadar til kjøp av Oslo hovudbrannstasjon. I

prisnivå per 1. juli 2024 utgjør den nye kostnadsramma 24 mrd. kroner.

Av omsyn til tryggleiken i nytt regjeringskvartal kan passasjen under H-blokka likevel ikkje vere open, slik det har vore planlagt.

Kommunal- og distriktsdepartementet er, saman med Statsbygg og DSS, i gang med å planlegge sluttfasen av byggetrinn 1. Dette inneber mellom anna å planlegge for sjølv flytteprosessen, sørge for god drift i departementa gjennom flytteperioden, og tilbakeføring av dei innleigde departementslokala til lågast mogleg kostnad.

I nytt regjeringskvartal vil IKT-løysingar for departementa bli organiserte i ei ny verksemd. Dette skal legge til rette for trygg og effektiv informasjonsbehandling i departementa i dei nye lokala.

Forprosjektet for byggetrinn 2 inneheld C-blokka, kjellararbeider (ein del av kjellararbeida er flytta frå byggetrinn 1), rehabilitering av Møllergata 13, 13b og 15 og kjøp av Møllergata 5 og 9 (flytta frå byggetrinn 1).

Omsynet til ei mest mogleg framdrifts- og kostnadseffektiv gjennomføring av byggetrinn 2 gjer at meir av det nødvendige kjellararealet blir etablert i byggetrinn 2. Regjeringsparken blir òg prosjektert, for at delar av parken kan etablerast i byggetrinn 2. Dette vil gi tilsette og brukarar av byen ein park i staden for ein byggeplass på eit tidlegare tidspunkt. I tillegg vil nødvendig rehabilitering av G-blokka etter planen bli gjennomført som ein del av byggetrinn 2.

Regjeringa vurderer både meir effektiv arealbruk for heile kvartalet, og om bruk av eksisterande bygg kan gi lågare kostnader enn nybygg i byggetrinn 3.

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2023 startløyving og kostnadsramme for ombygging av Hammersborg- og Vaterlandstunnelen (Ring 1). Ring 1 skal byggast om for å tilfredsstille krav til tryggleiken i nytt regjeringskvartal. Prosjektet blir gjennomført i regi av Statens vegvesen, i nært samarbeid med Statsbygg. I samband med Stortingets behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart ny kostnadsramme satt til 3,6 mrd. kroner (prisnivå per 1. juli 2024).

Før Statens vegvesen bygger om Ring 1, må den gamle hovudbrannstasjonen i Møllergata/Hospitalgata bli riven. Det er no oppnådd semje med byrådet i Oslo om overtaking av hovudbrannstasjonen.

Kunnskapsdepartementet er oppdragsgivar for det nye 22. juli-senteret i nytt regjeringskvar-

tal. Prosjektet fekk startløyving i samband med Stortingets behandling av statsbudsjettet for 2022. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet.

Arbeidet med å etablere den nasjonale minnestaden etter 22. juli 2011 i regjeringskvartalet blir gjennomført i to fasar. I fase 1 blir det heldt ein konkurranse om oppdraget og utvikling av eit forprosjekt. Fase 2 omfattar detaljprosjektering og bygging. KORO har ansvaret for fase 1, i nært samarbeid med Statsbygg og 22. juli-senteret. Planen er at juryen kårar ein vinnar våren 2025. AUF og Støttegruppa etter 22. juli har peika ut kvart sitt jury medlem.

Rammene og programmet for minnestaden er utvikla i dialog med m.a. Støttegruppa, 22. juli-senteret og departementa. Det er utarbeidd eit overordna mål for minnestaden: «Det nasjonale minnestedet etter terrorangrepene i regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011 er et betydningsfullt sted å samles, minnes og reflektere for oss som samfunn, for alle berørte, og for de som mistet sine nære.»

Det er sett av 8,7 mill. kroner til arbeidet med minnestaden fram til og med 2024 over kap. 530, post 36. Etter at det er kåra ein vinnar, vil det bli fremma forslag om kostnadsramme for etablering av den nasjonale minnestaden.

KORO har òg ansvaret for kunstprosjektet i nytt regjeringskvartal. Det vart i 2021 satt av totalt 101,5 mill. kroner (prisnivå per 1. juli 2024) til utsmykking i byggetrinn 1, inkludert kunst i uteområda. Kunstnarar er valt til verka i bygolvet på Johan Nygaardsvolds plass ut mot Akersgata, og til «pyramiderommet» i A-blokka.

Arbeidet med energiløysinga for nytt regjeringskvartal og Sikker teknisk infrastruktur i regjeringskvartalet (STI) blir gjennomført som planlagt. Prosjekta skal vere ferdig høvesvis 2025 og 2024.

Eit viktig tryggingstiltak for nytt regjeringskvartal er etableringa av eit eksternt kontrollsenter for post og varer (EKPV) på Mastemyr i Nordre Follo kommune, for leveransar innanfor ytre perimenter. EKPV skal etter planen vere klart for bruk frå 2025. Det same gjeld etablering av ein trafikkkontrollsentral for kontroll av trafikk innanfor perimenteret for nytt regjeringskvartal.

Forslag om løyvingar til nytt regjeringskvartal i 2024 blir omtalt under programkategori 13.30.

Tabell 5.1 Oversikt over kostnadsanslag og kostnadsrammer for ulike delar av nytt regjeringskvartal

Alle tal i kroneverdi per 1.7.2024 i mill. kroner			
	Kostnadsramme/ kostnadsestimat	Forventa kostnad (P50)	Kommentar
Byggetrinn 1	23 971,5	21 984,8	Revidert kostnadsramme godkjent av Stortinget juni 2023. Forventa slutt-kostnad (P50) i tråd med anbefaling frå ekstern kvalitetssikrer
Byggetrinn 2 og 3 ¹	17 516,0		Forprosjekt for byggetrinn 2 er under gjennomføring. Anslag basert på KS2-rapport for byggetrinn 1, OFP-rapport for byggetrinn 2, og oppdaterte berekningar så langt i forprosjektarbeidet
22. juli-senteret	541,9	478,3	Kostnadsramme (P85) på Kunnskapsdepartementets budsjett
Ombygging av Ring 1	3 597	2 974	Revidert kostnadsramme godkjend av Stortinget juni 2023
STI-fase 1	2 162	2 162	Prosjekt gjennomført. Sluttoppgjer med entreprenør er avklart innanfor kostnadsramma, og berekna til 2 162 mill. kroner (kroneverdi per oktober 2021)
STI-fase 1	2 177,7	2 038,6	Kostnadsramme (P85) godkjend av Stortinget desember 2020
Energiløysing	3 211,0	2 510,7	Revidert kostnadsramme (P85) godkjend av Stortinget juni 2021
Brukarutstyr byggetrinn 1	351,9	294,5	Kostnadsramme godkjend av Stortinget desember 2021
Overslag samla kostnad	53 529		

¹ Det er utarbeidd kostnadsestimat, men ikkje godkjend kostnadsramme. Anslaget er førebels, og usikkerheita knytt til anslaget er stor.

Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet


(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	438 937	442 309	497 631
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 70</i>	105 975	85 641	77 395
23	Husleige for fellesareal m.m.	102 801	123 989	129 809
25	Nytt regjeringskvartal, prosjektstyring, <i>kan overføres</i>	1 970	4 259	4 520
27	Sak- og arkivløsning, <i>kan overføres</i>	49 851	40 652	66 447
30	Nytt regjeringskvartal, ombygging av Ring 1, <i>kan overføres</i>		205 000	545 000
50	Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd m.m.	60 000	61 830	175 441
51	Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt			48 437
70	Diverse føremål, <i>kan overføres,</i> <i>kan nyttast under post 21</i>	2 017	3 188	2 893
Sum kap. 500		761 551	966 868	1 547 573

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for fornying av offentleg sektor, IT-politikk, elektronisk kommunikasjon, bustads- og bygningspolitikk, regional- og distriktspolitikk, økonomiske og juridiske rammevilkår for kommunesektoren, gjennomføring av val, planlegging og kart- og geodata, samar og nasjonale minoritetar,

oppfølging av berekraftsmåla, personvern, statleg arbeidsgjevarepolitikk, sikkerheit og fellestenester for departementa, overordna ansvar for statlege bygg og statsforvaltarane og budsjettet for Kongehuset.

Kommunal- og distriktsdepartementets organisering i 2024:



Figur 5.1 Organisasjonskart for Kommunal- og distriktsdepartementet med underliggende etatar og tilknytte verksemder

¹ Selskap eigd av Kommunal- og distriktsdepartementet (Kommunalbanken, Norid og Electronic Chart Centre AS), uavhengige institusjonar som mottar budsjettmidlar over Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett (Sametinget og Kongehuset), verksemder under andre departement som mottok budsjettmidlar og oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet (Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, Selskapet for industrivekst, Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og Statens pensjonskasse) og stiftelse med basisfinansiering frå Kommunal- og distriktsdepartementet (Design og arkitektur Norge).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker i hovudsak løn, husleige og andre faste driftsutgifter i Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 20,4 mill. kroner for å dekke utgifter til nødvendig IKT-utstyr og lisensar som følgje av at dei tolv departementa på felles IKT-plattform i større grad skal arbeide på Nasjonalt BEGRENSET nett (NBN). Løyvinga skal dekke auka utgifter for alle dei tolv departementa.

I 2023 vart auka driftsutgifter til e-postsynkronisering i Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa finansiert ved brukarbetaling. Det blir foreslått å tilbakeføre midlar til Kommunal- og distriktsdepartementet ved å auke løyvinga med 113 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 510, post 45.

Som ein del av nytt regjeringskvartal blir det etablert eit anlegg for Sikker teknisk infrastruktur (STI). Det vart i 2023 løyvd 3,2 mill. kroner til å opprette ein driftsorganisasjon for STI, jf. Prop. 118 S (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023). Det blir foreslått å løyve 6,5 mill. kroner for å dekke utgiftene til driftsorganisasjonen i heile 2024.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 393 000 kroner for å dekke heilårsverknaden av å delfinansiere Departementsakademiet, jf. nærare omtale under kap. 510, post 01.

I 2023 vart ansvaret for å handsame klagesaker etter Finnmarkslova § 27 overført frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Landbruks- og matdepartementet. Til dekning av heilårsverknaden blir det foreslått å redusere løyvinga med 240 000 kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 1100, post 01 under Landbruks- og matdepartementet.

I samband med at Digitaliseringsdirektoratet frå 1. januar 2024 vil overta ansvaret for å forvalte tilskot til hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg kompetanse blir det overført eitt årsverk frå departementet til direktoratet. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 540, post 01.

Det er behov for å overføre husleiemidlar frå Klima- og miljødepartementet til Kommunal- og distriktsdepartementet. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 3,2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1400, post 01 under Klima- og miljødepartementet.

Det er ønskeleg at Kommunal- og distriktsdepartementets driftsutgifter i størst mogleg grad blir samla på departementet sin driftspost. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 571, post 21.

Frå 1. juli 2023 vart koordineringsansvaret for nordområdepolitikken overført frå Utanriksdepartementet til Kommunal- og distriktsdepartementet. Til dekning av heilårsverknaden blir det foreslått å auke løyvinga med 600 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 100, post 01 under Utanriksdepartementet.

I samband med at ansvaret for å forvalte avtala med det norske Barentssekretariatet frå 1. januar 2024 blir overført frå Utanriksdepartementet til Kommunal- og distriktsdepartementet, blir det foreslått å auke løyvinga med 205 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 100, post 01 under Utanriksdepartementet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 143 000 kroner som følgje av innsparing knytt til meir effektive leigekontraktar for statlege verksemder.

Samla blir det foreslått å løyve 497,6 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3500, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga skal dekke departementet sitt behov for kjøp av statistikk, data, utgreiingar, evalueringar og formidling av kunnskap og gjennomføring av mellombels tiltak og prosjekt.

Rapport

Løyvinga vart i hovudsak nytta til prosjekt innanfor områda arbeidsgivarpolitikk, effektivisering

og fornying, planlegging og bypolitikk, regional- og distriktspolitikk, bustad- og bygningspolitikk, urfolk og nasjonale minoritetar, departementslokalar og nytt regjeringskvartal.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I 2021 fekk Direktoratet for forvaltning og økonomistyring i oppdrag å utvikle og etablere eit system for å samle inn og arbeide med løns- og personalopplysningar om dei tilsette i staten, til bruk i dei statlege lønsoppgjera. For å dekke varige utgifter til drift av systemet, blir det foreslått å redusere løyvinga med 3,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke over Finansdepartementets budsjett.

I 2023 vart løyvinga auka med 15,8 mill. kroner til delfinansiering av Kartverkets arbeid med utvikling av ny teknisk løysing for deling av kommunar og fylkeskommunar i matrikkelen (Ny Marty). Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11,8 mill. kroner, slik at det står att 4 mill. kroner til dekning av utgifter i 2024.

Det er tidlegare overført midlar til Utanriksdepartementet til å dekke Kommunal- og distriktsdepartementets del av utgiftene til Høgnivåpanelet for ein berekraftig havøkonomi (Havpanelet). Som følgje av fleire gjevarland og fleire delta-kande departement enn forutsett har departementet sitt bidrag til Havpanelet blitt redusert, og det blir foreslått å auke løyvinga med 234 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 118, post 21 under Utanriksdepartementet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 450 000 kroner i samband med at perioden til *Handlingsplan mot antisemittisme 2021–2023 – en videreføring* er ferdig. Det blir i staden foreslått å auke løyvinga til dei jødiske samfunna i Noreg med 3 mill. kroner, til vidareføring av tiltak frå handlingsplanen, på kap. 567, post 72. Vidare blir tilskot til Det jødiske museet i Trondheim foreslått vidareført, jf. omtale under kap. 500 post 70.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 500 000 kroner til gjennomføring av ein konferanse om FNs tiår for urfolksspråk 2022–2032 i Bodø, i samband med at Bodø er europeisk kulturhovudstad i 2024. Konferansen vil bli arrangert i samarbeid med Sametinget og andre samarbeidspartnarar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,5 mill. kroner til koordinering, utgreiingar, kunnskapsformidling og nettverksarbeid som ein del av arbeidet med områdesatsingane, jf. omtale under kap. 590 post 65.

Samla blir det foreslått å løyve 77,4 mill. kroner.

Post 23 Husleige for fellesareal m.m.

Løyvinga skal dekke husleige for ledige areal i R5, kapitalkostnadar for Sikker teknisk infrastruktur (STI) – fase 1, utgifter til erstatningslokale og andre følgjekostnadar knytt til regjeringslokala.

Det blir foreslått å løyve 129,8 mill. kroner.

Post 25 Nytt regjeringskvartal, prosjektstyring, kan overførast

Løyvinga skal dekke innkjøp av fagleg bistand og utgreiingar til departementet sitt arbeid med nytt regjeringskvartal, medrekna vurderingar av sikkerheitsspørsmål, gevinstrealisering og prosjektstyring.

I 2022 vart det brukt midlar til å styrkje kapasiteten og kompetansen i departementet for å bidra til god styring av prosjektet. Det vart òg brukt midlar på bistand til arbeidet med gevinstrealisering, i tillegg til eksterne kvalitetssikringar av styringsunderlag i prosjektet.

I 2024 vil det bli brukt midlar til innkjøp av fagleg bistand og utgreiingar for å sikre god styring av prosjektet.

Det blir foreslått å løyve 4,5 mill. kroner.

Post 27 Sak- og arkivløyving, kan overførast

Løyvinga skal dekkja utgifter for Kommunal- og distriktsdepartementet og Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) til innføring av ny sak- og arkivløyving for Statsministerens kontor, departementa og DSS.

Rapport

Prosjektet for innføring av ny sak- og arkivløyving i DSS er ressurskrevjande og har vore forsinka. Som følgje av ekstern kvalitetssikring hausten 2021, setje Kommunal- og distriktsdepartementet i verk tiltak i 2022. Styringa av prosjektet vart flytta frå DSS til departementet i 2022. Det vart òg gjennomført ei teknisk og funksjonell vurdering og gjennomgang av løyvinga.

Revidert målbilete for Program for felles IKT-tenester har påverka replanlegging, framdrift og utrullingsplanar for prosjektet. Pilotering av løyvinga på plattformar til Forsvarsdepartementet er planlagt hausten 2023.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Dataangrepet mot plattformar til DSS sommaren 2023 har gjort at Kommunal- og distriktsdepartementet og Forsvarsdepartementet vurderer moglegheitene for å forsere etableringa av ny IKT-plattform. Den nye sak- og arkivløyvinga skal bli lagt på ny IKT-plattform. Dersom det blir aktuelt å forsere arbeidet med ny felles IKT-plattform, kan det òg bli nødvendig å forsere innføringa av ny sak- og arkivløyving i departementa. På grunn av dette må prosjektet for ny sak- og arkivløyving legge nye planar.

For at prosjektet skal ha midlar til å kunne innføre løyvinga i departementa så raskt som mogleg, blir det foreslått å auke løyvinga med 23,3 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 66,4 mill. kroner.

Post 30 Nytt regjeringskvartal, ombygging av Ring 1, kan overførast

Løyvinga skal dekke ombygginga av Hammersborg- og Vaterlandstunnelen (Ring 1) for å vareta nødvendig sikkerheit for nytt regjeringskvartal.

Løyvinga vart i 2023 i hovudsak nytta til anskaffing og prosjektering. Samferdselsdepartementet er oppdragsgivande departement overfor Statens vegvesen som ansvarleg byggherre. Det blir elles vist til omtale under mål 3 Eit sikkert og effektivt nytt regjeringskvartal.

I 2024 skal løyvinga i hovudsak bli nytta til prosjektering og førebuing til anleggsstart.

Det blir foreslått å løyve 545 mill. kroner.

Post 50 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd m.m.

Løyvinga skal dekke Kommunal- og distriktsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd. Løyvinga blir òg brukt til direkte støtte til forskning ved statlege forskingsinstitusjonar.

Rapport

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit styringssystem for departementa si styring av Forskingsrådet. Samla måloppnåing for Forskingsrådet si verksemd i 2022 er omtalt i Kunnskapsdepartementet sin budsjettproposisjon for 2024. Nedanfor er det rapportert for programma som er finansiert over denne posten.

Demokratisk og effektiv styring og forvaltning (DEMOS)

DEMOS er eit tiårig program for 2015–2025. Prosjekta i DEMOS rettar seg spesifikt mot å bygge kompetente forskarmiljø som kan hevde seg internasjonalt. Temaområda er offentleg sektor, både på statleg, regionalt og kommunalt nivå, og forholdet mellom nivåa.

Forskningsrådet sitt program for forskning og innovasjon i kommunesektoren (INNOFFARENA)

Midlane skal bidra til innovasjon i kommunesektoren gjennom å utvikle ny kunnskap, og å sørgje for betre kopling mellom kommunesektoren, forskingsmiljø og andre kunnskapsaktørar.

Joint Programming Initiative Urban Europe (JPI Urban Europe)/Driving Urban Transitions (DUT)

Løyvinga finansierer norsk deltaking i JPI Urban Europe, som i perioden 2022 til 2028 vil drive det nye urbane partnerskapet Driving Urban Transitions under Horisont Europa. Partnerskapet har medfinansiering frå EU-kommisjonen og involverer 67 deltakande organisasjonar frå 28 land.

Samisk forskning (SAMISK)

Tildelinga skal fremje forskning av høg kvalitet som er relevant for politikktutvikling, forvaltning og for andre aktørar i samfunnet. Målet er å få meir kunnskap om historie, kulturarv, kulturuttrykk, språk, levekår og befolkningsutvikling, oppvekst og utdanning, samfunnsbygging, klima, miljø og næringsutvikling.

Forskning som gjeld nasjonale minoritetar (SAMKUL)

Forskning som gjeld nasjonale minoritetar blir finansiert gjennom Noregs forskingsråd sitt program Samfunnsutviklingas kulturelle føresetnadar (SAMKUL).

IKTPLUSS

Finansieringa har bidratt til å nå måla i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning med fokus på mål 2 om auka verdiskaping i næringslivet og mål 3 om å møte store samfunnsutfordringar, og då innanfor departementet sitt sektoransvar.

Forskningsrådet sin strategiske IKT-portefølje (IKTPLUSS) dekker alle tema, sektorar og

næringsområde. Prioriteringa av IKT-områda kunstig intelligens, maskinlæring, robotikk og digital sikkerheit vart vidareført i 2022. På grunn av store negative avsetjingar på posten, vart utlysingsnivået redusert i 2023.

Forskningsrådet administrerer òg Kommunal- og distriktsdepartementet sitt bidrag til Simula. I 2022 var departementet sitt bidrag til Simula på 45,5 mill. kroner, fordelt på ei grunnløyving på 21,8 mill. kroner og støtte til forskingssentera for robuste nett (CRNA), Simula UiB og Effektiv Digitalisering i Offentlig Sektor (EDOS). CRNA publiserte i 2023 mellom anna den årlege rapporten om norske mobilnett og ei rekke forskingsartiklar i internasjonale tidsskrift, og rettleia fem doktorgradstudentar. Simula UiB utdannar kryptologar. I 2022 publiserte Simula UiB ei rekke forskingsartiklar, og per 31. desember 2022 rettleia senteret ti doktorgradstudentar og åtte postdoktorar. EDOS skal framskaffe og spreie kunnskap om korleis offentleg sektor kan lykkast betre med å sikre gevinstar av digitaliseringsinvesteringar og unngå kostnadsoverskridingar. Ved utgangen av 2022 rettleia senteret 2 doktorgradsstudentar og 1 postdoktor.

For å sikre tilgang til superdatamaskinar deltar Noreg i EuroHPC-samarbeidet – eit samarbeid om å bygge europeiske superdatamaskinar og kompetansmiljø som skal sikre god utnytting av kapasiteten. Uninett Sigma2 er Noregs nasjonale kompetansesenter for tungrekning. Det er svært viktig at kompetansen hos aktuelle brukarar blir styrkt, og at til dømes industrien kan utnytte tilgang til superdatamaskinar til meir verdiskaping.

Sjå òg Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2023–2032*.

Kapasitetsløft (tidlegare FORREGION)

Kapasitetsløft skal styrkje samarbeidet mellom forskings- og utdanningsmiljøa og næringslivet, og gi næringslivet tilgang til relevant utdanning og forskning i sin region på strategiske satsingsområde, i tråd med regionale planar og strategiar. Ordninga skal òg bidra til kunnskapsutvikling og erfaringsutveksling for å fremje kvalitet, læring og samarbeid mellom nasjonalt og regionalt nivå i arbeidet med forskingsbasert innovasjon.

I 2022 vart det sett i gang åtte nye seksårige kapasitetsløftprosjekt. Prosjekta viser god utvikling, og har god geografisk spreining innan næringsområde som fiskeri og havbruk, energi, bygg og anlegg, IKT og samferdsle. Prosjekta skårar høgt på forskingskvalitet og medverkar til omstilling og innovasjon i dei aktuelle næringane i regionane.

ARENA – senter for europaforskning

Føremålet med tilskotet er å sikre forskning og kompetansebygging om EU og korleis norsk forvaltning er integrert i den framveksande fleirnivåforvaltninga i Europa.

UiO – klart språk i juridisk utdanning og forskning

Føremålet er å utvikle klarspråk som fagfelt innanfor jussfaget, mellom anna at uteksaminerte studenter har utvikla ferdigheiter i og kompetanse om å skrive klare og forstålege juridiske tekstar, særleg klare lover og forskrifter.

Housing Lab

Housing Lab forskar på drivarane i bustadmarknaden, og samanhengar mellom bustadmarknaden, makroøkonomien og finansmarknadene. Senteret har produsert fleire forskingsartiklar som er publisert i anerkjende tidsskrift, og fleire relevante forskingsprosjekt er under arbeid.

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet – BOVEL (nasjonalt senter for forskning om bustad og velferd)

Forskingssenteret BOVEL vart etablert i 2021 og er eit samarbeid mellom fleire forskingsinstitusjonar. BOVEL skal bygge opp kunnskap om samanhengane mellom bustadmarknaden, låginntekt og buforhold, og kva bustaden har å seie for andre velferdsområde. BOVEL skal auke interessa for forskning om bustad og velferd, og stimulere til samarbeid på tvers av forskingsinstitusjonar i heile landet. Senteret arbeider med fleire større forskingsprosjekt, mellom anna eit prosjekt om leigemarknaden og velferd. Det er òg sett i gang eit registerdataprojekt, som grunnlag for studiar av samanhengen mellom bustad og andre velferdsområde.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvinga skal underbygge og gi eit godt grunnlag for faglege og politiske vedtak, og medverke til at det finst kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar.

Noregs forskingsråd er eit viktig verkemiddel for å nå regjeringa sine forskingspolitiske mål. Forskningsrådet har fem mål:

- auka vitskapeleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar

- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgeving

Måla er felles for alle departementa.

Løyvinga blir òg brukt til direkte støtte til forskning ved statlege forskingsinstitusjonar.

Det er ønskeleg at alle løyvingane i Kommunal- og distriktsdepartementet som går til forskingsprogram blir samla på denne posten. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 115,1 mill. kroner mot ein reduksjon på 90,3 mill. kroner på kap. 541, post 50 og ein reduksjon på 24,8 mill. kroner på kap. 553, post 74.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner i samband med at *Handlingsplan mot antisemittisme 2021–2023 – en videreføring* er ferdig. Det blir i staden foreslått å auke løyvinga til dei jødiske samfunna i Noreg med 3 mill. kroner, til vidareføring av tiltak frå handlingsplanen, på kap. 567, post 72.

For å frigjere midlar til andre føremål, blir ikkje løyvinga til ARENA vidareført i 2024. Av same grunn vil departementet seie opp avtala med UiO om Klart språk i juridisk utdanning og forskning.

Samla blir det foreslått å løyve 175,4 mill. kroner.

Av løyvinga blir 165,4 mill. kroner fordelt til Noregs forskingsråd. Løyvinga skal dekke Kommunal- og distriktsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd, via forskingsprogramma. Løyvinga skal framleis bidra til å dekke behov for forskning om offentleg sektor, både på statleg, regionalt og kommunalt nivå, og tilhøvet mellom nivåa, satsing på innovasjon i kommunane, deltaking i JPI Urban Europe, samisk forskning og forskning som gjeld nasjonale minoritetar. Løyvinga skal òg bidra til å dekke behov for langsiktig oppbygging av kunnskap innanfor IT-forskning og forskning på elektronisk kommunikasjon, òg tryggleiksmessige, teknologiske og nærings- og samfunnsmessige forhold. For å bidra til arbeidet som blir utført av Noregs nasjonale kompetansesenter for tungrekning, får Uninett Sigma2 tilskot frå Noregs forskingsråd. Tilskotet er foreslått vidareført for 2024. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonen til Kunnskapsdepartementet, kap. 285, post 51. Forskningsrådet skal framleis støtte og følgje opp Kapasitetsløftsprosjekt i samsvar med inngåtte avtalar. Sjå nærare omtale av ordninga Kapasitetsløft under Rapportering. Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida* varsla ei styrkt satsing på forskning på distriktsutfordringar og regional utvikling. Meldinga legg vekt på at distriktpolitikken må omfatte

fleire politikkområde og sjå desse i samanheng. Dette må òg vere reflektert i forskinga på distriktsutfordringar og regional utvikling. Kommunal- og distriktsdepartementet har innleia dialog med Forskningsrådet om korleis ei styrkt satsing kan skje i praksis, innan gjeldande budsjetttrammer. Forskningsrådet skal i 2024 prioritere arbeidet med ei slik satsing.

Den resterande delen av løyvinga blir fordelt som direkte støtte til Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet, der forskingssenteret BOVEL blir tildelt 7,5 mill. kroner og Housing Lab 2,5 mill. kroner.

Post 51 (ny) Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt

Det blir foreslått at løyvingane i Kommunal- og distriktsdepartementet som går til gjennomstrøymingsmidlar via Forskningsrådet blir samla på éin ny post. Løyvinga skal dekke Kommunal- og distriktsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd, via gjennomstrøymingsmidlar. Gjennomstrøymingsmidlar er definert som grunnløyving som går via Forskningsrådet til forskingsinstitutt og løyving til vitensenter.

Det blir derfor foreslått å løyve 48,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 541, post 50. Løyvinga inkluderer finansiering av

Simula Research Laboratory. Løyvinga inkluderer ei grunnfinansiering og finansiering av forskingssentera CRNA, Simula UiB og EDOS. Det er ein føresetnad for å få stønad frå departementet at evalueringar blir gjennomført jamleg og at resultat er gode. Neste evaluering vil bli gjennomført i 2023/2024.

Post 70 Diverse føremål, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga dekker kontingentar og enkelståande tilskot med namngjeven mottakar, som ikkje høyrer naturleg inn under andre budsjettpostar.

Løyvinga skal dekke om lag 300 000 kroner av Noregs årlege kontingent for medlemskap i European Institute of Public Administration (EIPA) og årlege kontingentar for Services of General Interest (SGI Europe) på om lag 210 000 kroner og International Hydrographic Organization (IHO) på om lag 1 mill. kroner.

Løyvinga skal òg dekke nokon mindre stipendutbetalingar til mastergradstudentar innanfor økonomi og juss på bustad-, bumiljø- og byggområdet.

Det vil bli satt av 750 000 kroner til tiltak mot antisemittisme og om jødisk liv ved Jødisk museum i Trondheim. Midlane er ei vidareføring av eit tiltak frå handlingsplanane mot antisemittisme.

Det blir foreslått å løyve 2,9 mill. kroner.

Kap. 502 Tariffavtalte avsetningar mv.

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	3 031	2 000	1 000
70	Kompetanseutvikling mv., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	-1 279	16 500	1 000
71	Opplæring og utvikling av tillitsvalde	221 900	221 900	233 100
72	Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane	16 487	34 050	43 000
Sum kap. 502		240 139	274 450	278 100

Forhandlingar mellom Kommunal- og distriktsdepartementet og hovudsamanslutningane i staten som partar i hovudtariffoppgjeret i det statlege tariffområdet ligg til grunn for forslag til avsetningar på kap. 502.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Staten og hovudsamanslutningane i staten avsette totalt 4 mill. kroner til kompetanseutvikling ved lønsoppgjeret i 2022. Avsetninga gjeld for tariffpe-

rioden 1. mai 2022 – 30. april 2024, og skal i hovudsak gå til felles tiltak i regi av dei sentrale partane. I 2022 og 2023 vart det løyvd 2 mill. kroner for kvart år, jf. Prop. 128 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2022 under Finansdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2022 m.m.)* og Innst. 466 S (2021–2022).

Avsetninga er nytta til anskaffingar i samband med dei sentrale partane sine satsingar på forskings-, utviklings- og utgreiingsoppdrag. Dette er prosjekt der begge partar har interesser, mellom anna knytt til det felles regel- og avtaleverket til staten.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I samsvar med planen skal løyvinga settast til null i statsbudsjettet for 2024.

Det står att utbetalingar knytt til enkelte prosjekt og våren 2024. For at løyvinga skal samsvare meir med tariffperioden og utbetalingane det enkelte år, blir det foreslått ein ny praksis der midlar på posten løyvast over tre år i staden for over to år.

For å dekke krav om attståande utbetalingar til prosjekt fram til 30. april 2024, blir det foreslått ei løyving på 1 mill. kroner i 2024. Departementet vil foreslå ein tilsvarande reduksjon av løyvinga i 2023 i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2023.

Dersom partane forhandlar fram ei avsetning av kompetansemidlar ved lønsoppgjeret per 1. mai 2024, vil forslag til løyving bli fremja i ein eigen proposisjon.

Post 70 Kompetanseutvikling mv., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga gjeld tilskot til kompetanse- og omstillingsarbeid. Tilskotet skal legge til rette for god praktisering av medråderetten til dei tillitsvalde, utvikle og effektivisere staten, og dessutan fremje eit godt samarbeid mellom leiinga og medarbeidarar, og mellom partane i verksemda.

Staten og hovudsamanslutningane i staten avsette totalt 33 mill. kroner til kompetanseutvikling for tariffperioden 1. mai 2022 – 30. april 2024. Avsetninga skal i hovudsak gå til å styrkje kompetanseutvikling i verksemdene. I 2022 og 2023 vart det løyvd 16,5 mill. kroner for kvart år, jf. Prop. 128 S (2021–2022) og Innst. 466 S (2021–2022).

Det blir i tariffperioden mellom anna gjennomført utviklingsprosjekt og regionale samarbeidskonferansar.

Tal frå rekneskapen i 2022 viser ei mindreutgift. Grunnen til dette var koronasituasjonen i tariffperioden 2020–2022 som medførte ein ekstraordinær situasjon, der ikkje alle midlane vart brukte som planlagt og der tariffperioden vart kortare enn vanleg. Mellom anna vart fleire regionale samarbeidskonferansar og planlagde kompetanseprosjekt hos statlege verksemdar avlyste. Statlege verksemdar tilbakeførte derfor tilskot både i 2021 og i 2022.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I samsvar med planen skal løyvinga settast til null i statsbudsjettet for 2024.

Det står att utbetalingar knytt til enkelte prosjekt våren 2024. For at løyvinga skal samsvare meir med tariffperioden og utbetalingane det enkelte år, blir det foreslått ein ny praksis der midlane på posten løyvast over tre år i staden for over to år.

For å dekke krav om attståande utbetalingar til prosjekt fram til 30. april 2024, blir det foreslått ei løyving på 1 mill. kroner i 2024. Departementet vil foreslå ein tilsvarande reduksjon av løyvinga i 2023 i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2023.

Dersom partane forhandlar fram ei avsetning av kompetansemidlar ved lønsoppgjeret per 1. mai 2024, vil forslag til løyving bli fremja i ein eigen proposisjon.

Post 71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde

Løyvinga dekker tilskot til opplæringstiltak for tillitsvalde til organisasjonane i staten innanfor mellom anna organisasjons- og tillitsvaldarbeid, miljø- og vernearbeid, sjukefråvær, medråderett, personalpolitiske spørsmål, omstilling, effektivisering og samfunnsøkonomi m.m. Retningslinjer for opplærings- og utviklingstiltak er fastsett i eigen særavtale mellom staten og hovudsamanslutningane (avtale om OU-midlar).

I mellomoppgjeret 2023 vart det einigheit om å auke avsetninga med 11,2 mill. kroner til 233,1 mill. kroner for 2023. Auken er basert på talet på årsverk og lønsmasse i statleg tariffområde per 1. oktober 2022, jf. Prop. 119 S (2022–2023) *Endringar i statsbudsjettet 2023 under Finansdepartementet og Kommunal- og distrikts-*

departementet. (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2023 m.m.).

Løyvinga er brukt i samsvar med særavtalen om opplærings- og utviklingsmidlar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 233,1 mill. kroner.

Post 72 Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane

Verksemder som er medlemmer i Statens pensjonskasse (SPK) skal betale ein aktuarielt berekna premie (arbeidsgivardel), slik det blir gjort i privat sektor.

Tenestemannsorganisasjonane betaler ikkje arbeidsgivardel for tilsette som har ulønt permi-

sjon frå statleg verksemd for å ha verv eller vere tilsett i ein slik organisasjon. I samsvar med permisjonsavtalen betaler organisasjonane berre 2 pst. medlemsinnskot.

For å synleggjere det årlege bidraget staten har til tenestemannsorganisasjonane på pensjonsområdet, blir desse premiekostnadene budsjetterte på ein eigen post i statsbudsjettet. Posten inkluderer òg arbeidsgivaravgift.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Berekningar gjennomførte av SPK tilseier at premiekostnadene, inkludert arbeidsgivaravgift, vil utgjere 43 mill. kroner i 2024. Det blir derfor foreslått ei løyving på 43 mill. kroner.

Kap. 505 Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	40 659	41 000	52 000
70	Tap/avskrivningar	1	2 000	2 000
90	Utlån, <i>overslagsløyving</i>	15 249 760	14 400 000	19 400 000
	Sum kap. 505	15 290 420	14 443 000	19 454 000

Under kap. 505 blir det budsjettert med forventa utbetalingar av nye lån, opptente renter ved årets utgang, forventa tap på utlån og driftsutgifter i samband med administrasjon av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse (SPK). Løyvingane under dette kapittelet er usikre og avhengige av utlånssramma, rentenivået i marknaden generelt og differansen mellom renta i bustadlånsordninga i SPK og rentenivået i marknaden.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker kostnadene til SPK for å administrere bustadlånsordninga, jf. post 90. Hovuddelen av kostnadene blir dekt av lånekundane gjennom betaling av ulike former for gebyr, jf. kap. 3505, post 01.

Det blir foreslått å løyve 52 mill. kroner.

Post 70 Tap/avskrivningar

Løyvinga gjeld forventa tap på utlån i bustadlånsordning i SPK i 2024.

Tap på hovudstol blir anslått til 1,5 mill. kroner og opparbeidd rentegjeld blir anslått til 0,5 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 2 mill. kroner.

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga dekker forventa brutto utlån til bustadlån i Statens pensjonskasse (SPK) og berekna opptente, men ikkje betalte renter på låna.

I hovudtariffavtalane i staten kjem det fram at bustadlån kan ytast med inntil 2,3 mill. kroner.

Kommunal- og distriktsdepartementet har fastsett *Instruks for forvaltning av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse*. Det kan givast lån til følgjande medlemmer i SPK:

– Yrkesaktive medlemmer.

- Dersom det ligg føre særskilde grunnar, kan SPK òg gi lån til barn som på grunn av at begge foreldra er døde må flytte frå tenestebustad.
- Pensjonistar, med unntak av pensjonistar med pensjon basert på oppsette rettar.
- Statsrådar og stortingsrepresentantar.

Lån blir innvilga til kjøp av eigen bustad, til refinansiering av bustadlån eller til å modernisere/pusse opp eigen bustad. Lån blir gitt mot tryggleik innanfor 80 pst. av marknadsværdien til bustaden. Lån har ei maksimal nedbetalingstid på 30 år, der 5 år kan vere avdragsfrie.

Forventa hovudstol per 31. desember 2024 blir anslått til om lag 74 100 mill. kroner. Uteståande

lån per 31. desember 2024 er forventa å utgjere 51 400 lån. Det er lagt til grunn at det blir utbetalt 9 300 nye lån på i gjennomsnitt 2,058 mill. kroner i 2024. Vidare er det gjort vurderingar i samsvar med historiske erfaringstal når det gjeld talet på søknader, utbetalte lån, talet på innfridde lån og gjennomsnittleg utbetalt/innfridd beløp per lån.

Rapport

I 2022 utbetalte Statens pensjonskasse 8 187 lån, som er om lag 65 pst. fleire enn i 2021. Den totale utlånsporteføljen gjekk opp frå 38,2 mrd. kroner til 45,5 mrd. kroner, ein auke på 19,1 pst. frå 2021.

Tabell 5.2 Utviklinga i bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

År	Tal på			Mill. kroner		
	Nye lån	Lån totalt	Total utlånsportefølje 31.12	Brutto utlån	Avdrag	Kapitalbehov
2012	17 013	57 343	58 200	23 100	7 600	15 500
2013	26 292	74 878	83 500	36 400	11 000	25 400
2014	19 538	84 483	97 200	27 300	13 600	13 700
2015	5 827	68 900	75 000	7 800	30 000	-22 200
2016	2 755	56 800	58 300	3 500	20 200	-16 700
2017	3 143	49 800	49 200	4 100	13 100	-9 000
2018	3 742	44 300	42 700	5 300	11 800	-6 500
2019	8 532	44 500	45 700	13 500	10 500	3 000
2020	4 635	38 900	39 400	7 200	13 500	-6 300
2021	4 974	36 600	38 200	8 500	9 700	-1 200
2022	8 187	39 200	45 500	15 300	8 000	7 300

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det er lagt til grunn at det blir utbetalt 180 lån per veke i 2024, ein auke på 30 lån per veke samanlikna med saldert budsjett for 2023. Auken er basert på endringar i rentebaneprognozen frå Noregs Bank sidan statsbudsjettet for 2023 vart utarbeida. I periodar med endring i rentenivå, vil renteendringar i bustadlånsordninga i SPK bli seinare sett i verk enn i marknaden elles. Stigande

rentenivå vil av den grunn isolert sett medføre auka etterspurnad etter lån i SPK. Forventa søknadsinnangang og talet på utbetalte lån tar utgangspunkt i at SPK får ein tilsvarande effekt av renteaukar i 2024 som i 2019, der styringsrenta vart auka tre gonger i løpet av året.

Det blir foreslått å løyve 19 400 mill. kroner. Anslaget inkluderer 137 mill. kroner i berekna opptente renteinntekter ved utgangen av 2024.

Kap. 3505 Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Gebyrinntekter, lån	36 622	37 000	47 000
90	Tilbakebetaling av lån	7 985 421	8 100 000	9 400 000
	Sum kap. 3505	8 022 043	8 137 000	9 447 000

Under dette kapittelet blir det budsjettert med forventta innbetalningar av løpande og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån og tilbakeføring av opptente renter ved inngangen til året knytt til bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse (SPK). I tillegg blir det budsjettert med forventta gebyrinntekter frå lånekundane. Løyvingane er usikre og avhengige av rentenivået i marknaden generelt og differansen mellom renta i bustadlånsordninga i SPK og rentenivået i marknaden.

Post 01 Gebyrinntekter, lån

Posten omfattar innbetaling av gebyr frå låntakarane i bustadlånsordninga i SPK i form av termingebyr, etableringsgebyr, purregebyr o.l.

Det blir foreslått å løyve 47 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån, tilbakeføring av berekna opptente, men ikkje betalte renteinntekter og tilbakeføring av tap.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Ordinære og ekstraordinære avdrag og innfriingar blir anslått til 9,3 mrd. kroner i 2024. Det er då lagt til grunn 475 innfriingar per måned, som er ei vidareføring frå saldert budsjett for 2023.

I tillegg blir det anslått 118 mill. kroner i tilbakeføring av berekna opptente renter per 1. januar 2024, og 2 mill. kroner i tilbakeføring av tap.

Det blir foreslått å løyve 9 400 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
80	Renter	723 256	1 842 000	2 716 000
	Sum kap. 5607	723 256	1 842 000	2 716 000

Post 80 Renter

Løyvinga gjeld renteinntekter, og opptente, ikkje betalte renter knytt til bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse. Det er i overslaget for 2024

lagt til grunn ein auke i utlånsporteføljen, jf. kap. 505, post 90. Det er vidare lagt til grunn ei effektiv rente eksklusiv gebyr på 4,00 pst. i 2024.

Det blir foreslått å løyve 2 716 mill. kroner.

Kap. 506 Yrkesskedeforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	92 495	95 000	95 000
	Sum kap. 506	92 495	95 000	95 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga gjeld utgifter til yrkesskadeutbetalingar i 2024. Løyvinga skal òg dekke kostnadene til Statens pensjonskasse (SPK) for å administrere yrkesskadeordninga, jf. kap. 2470 Statens pensjonskasse under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Alle som arbeider i teneste for arbeidsgivar, er omfatta av lov om yrkesskedeforsikring. Staten som arbeidsgivar er sjølvassurandør, men arbeidstakarar i staten har dei same rettane etter lova som andre arbeidstakarar. Arbeidstakarar som er omfatta av hovudtariffavtalane i staten, er i tillegg dekte av reglane i § 24 i hovudtariffavtalane om ytingar ved yrkesskadar. Utbetalingar frå desse to regelverka blir samordna, slik at arbeidstakar får erstatning etter det regelverket som gir høgast sum.

Yrkesskadeordninga omfattar personskadar som følgje av arbeidsulykker, og sjukdomar som følgje av påverknad frå skadelege stoff eller arbeidsprosessar. Erstatning skal ytast utan omsyn til om nokon har skuld i skaden. Vilkåret er at skaden skjer i arbeid på arbeidsstaden og i arbeidstida. Erstatning blir òg ytt når arbeidstakaren blir skadd ved ulykke på direkte reise mellom heim og oppdragsstad (utan at arbeidstakaren har vore innom sin faste arbeidsstad) og på tenestereise.

Frå 1. januar 1996 er yrkesskedeforsikringa i staten basert på eit premiesystem. Dette inneber at det blir kravd ein premie av arbeidsgivarar

kvalt år, som skal dekkje kostnadene for dei skadane som blir konstaterte dette året. Det gjeld òg om skaden blir meld og gjort opp fleire år seinare. Når SPK behandlar saker der skaden vart konstatert før 1. januar 1996, utbetaler SPK erstatninga for deretter å krevje summen refundert frå den aktuelle arbeidsgivaren med tillegg av eit administrasjonsgebyr. Skadar konstatert etter 1. januar 1996 blir dekte av innbetalt premie.

Etter lov om yrkesskedeforsikring er staten som sjølvassurandør ansvarleg for ei rekkje andre grupper som er definerte som arbeidstakarar. Dette er grupper som er sysselsette av staten, men som likevel fell utanfor statstilsettelova og hovudtariffavtalane.

Rapport

I 2022 var det ein auke på 11 pst. i innmelde skadesaker frå året før, medan utbetalingane sank med 2 pst. SPK hadde utbetalingar til 78 medlemmer i yrkesskadesaker, mot 108 utbetalingar i 2021. Ikkje alle innmelde skadesaker resulterer i erstatningsutbetaling.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Anslaget for 2024 er basert på faktiske erstatningsutbetalingar dei seinaste åra og til no i 2023. Anslaget inkluderer anslått effekt av trygdeoppgeret i 2022 og 2023.

Det blir foreslått å løyve 95 mill. kroner.

Kap. 3506 Yrkesskadeforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Premieinntekter	80 079	80 000	85 000
	Sum kap. 3506	80 079	80 000	85 000

Post 01 Premieinntekter

Løyvinga dekker innbetaling av yrkesskadeforsikringspremie frå alle arbeidsgivarar som er omfatta av ordninga. Sjå omtale under kap. 506, post 01.

Det blir foreslått å løyve 85 mill. kroner.

Kap. 507 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	199 536	270 000	240 000
	Sum kap. 507	199 536	270 000	240 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av gruppelivserstatningar og kostnadene til Statens pensjonskasse for å administrere gruppelivsordninga, jf. kap. 2470 Statens pensjonskasse under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Utbetalte gruppelivserstatningar varierer frå år til år, mellom anna avhengig av kor mange prioriterte etterlatne avdøde har. Dette gjer at det er knytt uvisse til budsjetteringa av nivået kvart enkelt år.

I 2022 vart det utbetalt erstatning i 150 saker med til saman om lag 199 mill. kroner, mot 181 saker med til saman 199 mill. kroner i 2021.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Anslaget for 2024 er basert på erfarte erstatningsutbetalningar dei seinaste åra. Anslaget inkluderer anslått effekt av trygdeoppgjeret i 2023 og 2024.

Det blir foreslått å løyve 240 mill. kroner.

Kap. 3507 Gruppelivsforsikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Premieinntekter	107 920	103 000	143 000
	Sum kap. 3507	107 920	103 000	143 000

Post 01 Premieinntekter

Posten omfattar innbetaling av premie for dei verksemdene som betaler gruppelivspremie

direkte til Statens pensjonskasse. Sjå omtale under kap. 507, post 01.

Det blir foreslått å løyve 143 mill. kroner.

Kap. 510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	786 369	697 588	762 891
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	70 224	71 687	76 066
22	Fellesutgifter	141 097	142 771	151 491
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	35 161	96 237	66 510
46	Sikringsanlegg og sperresystem, <i>kan overførast</i>	9 934	11 977	12 958
	Sum kap. 510	1 042 785	1 020 260	1 069 916

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) skal levere gode og effektive felles-tenester til departementa og Statsministerens kontor. DSS leverer tenester innanfor hovudområda HR-tenester, digitale tenester, fasilitetstenester (inkludert innkjøp) og vakt- og resepsjonstenester (inkludert tekniske sikringsssystem).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter for DSS. I tillegg dekker løyvinga utgifter til fellestenester for departementsfellesskapet og Statsministerens kontor.

Rapport

DSS leverte 38 tenester fordelte på fire tenesteområde ved utgangen av 2022. DSS gjennomførte ei mottakarundersøking i 2022 som viser at mottakarane er særskilt godt fornøgd med leveransane frå DSS.

I 2022 har DSS starta arbeidet med å fornye dagens IKT-plattform, for å forlengje levetida fram til ny IKT-verksemd er etablert. 12 departement bruker IKT-plattformen til DSS. Dette arbeidet er vidareført i 2023.

Utfyllande omtale av dataangrepet mot DSS si IKT-plattform sommaren 2023 står under mål 2.

DSS har i 2022 bidratt med mykje ressursar til arbeidet med felles sak- og arkivløysing for departementa, og til arbeidet med nytt regjeringskvartal. DSS har òg bidratt i arbeidet med oppfølging av departementsstrategien *Gode hver for oss. Best sammen (2021–2025)*. Prosjektet for felles sak- og arkivløysing er forseinka og held fram inn i 2024, jf. nærare omtale under kap. 500, post 27.

DSS har i samarbeid med departementa i 2022 utarbeidd ein rettleiar for informasjonssikkerheit for departementa.

Delen reinhaldsarbeidarar i DSS med fagbrev har auka frå 16 prosent i 2010 til 67 prosent i 2022. Dette er vesentleg høgare enn for andre i bransjen. DSS har i 2022 hatt totalt 12 lærlingar, fordelt på to årskull, innanfor tryggingsfaget. DSS er no òg godkjend som læreplass innan faga service og administrasjon, i tillegg til medieteknikk. DSS skal rekruttera ein lærling i kvart av desse faga i 2023.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

DSS skal:

- styrkje arbeidet med IKT-sikkerheit og beredskap for departementa
- føra vidare arbeidet med felles saks- og arkivsystem for departementa
- bidra i arbeidet med Program for felles IKT-tenester for departementa
- bidra i arbeidet med nytt regjeringskvartal, m.a. gjennom klargjering av eksternt kontroll-senter for post og varer på Mastemyr, klargjering av trafikkkontrollsentral i regjeringskvartalet, utarbeiding av tenestekonsept og bidrag til slutfasen av byggetrinn 1
- bidra i oppfølginga av strategien for departementsfellesskapet 2021–2025
- i samråd med styringsgruppa for effektiv informasjonsutveksling mellom regjeringa og Stortinget (EIREST) og Stortingsadministrasjonen, føre vidare arbeidet med å effektivisere lovprossessen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 24,3 mill. kroner som følgje av tiltak i samband med dataan-

grepet mot DSS si IKT-plattform sommaren 2023. Dette omhandlar mellom anna auka driftsutgifter til mellombels e-postløyving og utvida sikkerheitsovervaking av IKT-plattformen til DSS.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,2 mill. kroner som følgje av overføringar frå departementa, for å dekke varige auka utgifter for Departementsakademiet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner for å skape handlingsrom for oppgåver innafor andre områder.

Det blir foreslått å løyve 762,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3510, postane 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal dekke delar av IKT-tenestene som DSS leverer til departementa på felles IKT-plattform. Standardiserte løysingar som kvart enkelt departement har behov for, skal vera obligatoriske og løyvingsfinansierte.

Det blir foreslått å løyve 76,1 mill. kroner.

Post 22 Fellesutgifter

Løyvinga dekker husleige for fellesareal for departementa, avtalen til statsforvaltninga med Kopinor (ikkje forsvarssektoren) og drifts- og vedlikehaldsavtalar og utviklingskostnader for nettstaden regjeringa.no.

Rapport

Om lag 114 mill. kroner av utgiftene gjekk i 2022 til å dekke husleige, energi og mottakaravhengige driftskostnader for fellesareal i regjeringsskvartallet. Til avtalen med staten med Kopinor, utanom forsvarssektoren, vart det utgiftsført om lag 10 mill. kroner. Om lag 17 mill. kroner er brukt til kjøp av tenester for drift og utvikling av regjeringa.no.

Regjeringa.no gir informasjon om arbeidet til regjeringa og departementa og dessutan formidling av pressekonferansar, reiseråd og informasjon om nasjonale og regionale tiltak.

I 2022 vart strategien for regjeringa.no revurdert i samarbeid med departementa. På bakgrunn av dette vart det laga nye temaframsider og framsider for departementa, i tillegg til at det vart innført sikrere pålogging til publiseringsløyvinga. Det vart òg etablert rutinar og inngått avtalar med

underleverandørar, for å sikra at krava til underteksting av video blir varetatt.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

DSS skal:

- tilby fleksible, sikre, skalerbare og kostnadseffektive tenester som tar vare på behovet til regjeringa, Statsministerens kontor og departementa for kommunikasjon
- sikre at regjeringa.no er ein effektiv, stabil og mottakarvenleg kanal for kommunikasjon
- gi regjeringa god og framtidretta støtte til produksjon av dokument til Stortinget og Noregs offentlege utgreiingar
- sørge for å utvikle tenesten for støtte til produksjon av dokument til Stortinget og Noregs offentlege utgreiingar i samråd med Statsministerens kontor og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det blir foreslått å løyve 151,5 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal dekke utgifter til investeringar, vedlikehald, utskifting av utstyr og utviklingskostnader til tenesteleveransar innanfor hovudområda; HR-tenester, digitale tenester, fasilitetstenester (inkludert innkjøp) og vakt- og resepsjonstenester.

Rapport

Løyvinga vart mellom anna brukt til vidareutvikling av løysinga for dokumenta frå regjeringa til Stortinget og Noregs offentlege utgreiingar, vurdering av støttesystemet på HR-området til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og dei ulike modulane, modernisering av løysing for spørsmål og svar frå Stortinget, oppdatering av samhandlingsløyvinga for departementa, oppgradering av IKT-plattformen til DSS og modernisering av sentral nettverksinfrastruktur.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvinga skal brukast til investeringar, vedlikehald og utskifting av utstyr innanfor områda der DSS leverer tenester til departementsfelleskapet.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 57 mill. kroner som følgje av at mykje av arbeidet med oppgradering av IKT-plattformen for departementa som DSS driftar, vart ferdigstilt i 2023.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner som følge av redusert behov for driftsutgifter for løysinga for e-postsynkronisering.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,7 mill. kroner for å dekke utgifter til kjøp og etablering av ugradert og låggradert IKT-nettverksutstyr for IKT-tenestene til departementa i nytt regjeringskvartal.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,2 mill. kroner for å dekke diverse nødvendige investeringar for etablering av Eksternt kontroll-senter for post og varer på Mastemyr og trafikkkontrollsentral i regjeringskvartalet.

Samla blir det foreslått å løyve 66,5 mill. kroner.

Post 46 Sikringsanlegg og sperresystem, kan overførast

Løyvinga dekker utgiftene til vedlikehald av elektroniske sikringsanlegg og sperresystem i regje-

ringsbygga. Løyvinga skal bidra til at tekniske sikringsystem og sperresystem støttar felles opp under grunnsikring for departementsbygningane i regjeringsbygga.

Rapport

Løyvinga vart i all hovudsak brukt til investeringar og vedlikehald av elektroniske tryggingssystem, kameraovervaking og teknisk sikringsutstyr, i tillegg til vedlikehald av køyretøysperrer.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvinga skal dekke vedlikehald av tekniske sikringstiltak, mellom anna oppgradering av kameraovervaking av regjeringsbygga.

Det blir foreslått å løyve 13 mill. kroner.

Kap. 3510 Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Diverse inntekter	70 269	42 427	44 293
03	Brukarbetaling	112 534	70 350	73 446
	Sum kap. 3510	182 803	112 777	117 739

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir betaling ført for standard- og tilleggstenester til Høgsterett, Statsbygg og driftsinntekter for Statens servicesenter i Engerdal. Inntekter frå Statsbygg er i hovudsak betaling for bidrag inn i prosjekt nytt regjeringskvartal. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å løyve 44,3 mill. kroner.

Post 03 Brukarbetaling

På posten blir brukarbetaling ført for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å løyve 73,4 mill. kroner.

Programkategori 13.25 Statsforvaltarane

Utgifter under programkategori 13.25 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
525	Statsforvaltarane	2 043 034	2 116 455	2 360 876	11,5
	Sum kategori 13.25	2 043 034	2 116 455	2 360 876	11,5

Inntekter under programkategori 13.25 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3525	Statsforvaltarane	61 824	185 294	89 047	-51,9
	Sum kategori 13.25	61 824	185 294	89 047	-51,9

Innleiing

Statsforvaltaren er Kongen og regjeringa sin representant i fylket og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer kan bli følgt opp. Statsforvaltaren sitt ansvar er fastsett i instruksene for statsforvaltarane.

Regjeringa har gitt statsforvaltaren eit særleg ansvar for regional samordning innan samfunnsikkerheit og beredskap.

Statsforvaltarens fellestenester (STAF) leverer administrative tenester som støtter opp under samfunnsoppdraget til statsforvaltarane.

Mål for programkategorien

1. Nasjonal politikk er kjent og iverksett
2. Statleg verksemd er godt samordna på regionalt nivå
3. Rettstryggleiken er einskapleg varetatt

Mål 1 Nasjonal politikk er kjent og iverksett

Statsforvaltaren utfører sektoroppgåver på sentrale samfunnsområde på vegne av fleire departe-

ment. Departementa har direkte instruksjonsmyndigheit ovanfor statsforvaltaren på sine ansvarsområde. Som sektormyndigheit skal statsforvaltaren gjennom rettleiing, dialog, kontroll og tilsyn med kommunane, fylkeskommunane og andre offentlege og private tenesteleverandørar medverke til å setje i verk nasjonal politikk.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og tiltak som styrker kompetansen, bidra til at kommunane varetar sitt ansvar for dei sosiale tenestene på ein god måte og at kommunane yter forsvarlege sosiale tenester som oppfyller krav i regelverket. Statsforvaltaren skal bidra til at kommunen gjer konkrete, individuelle vurderingar som særleg varetek behovet til barna i samsvaret med formålet til lova, og vere ein pådrivar for god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til at utsette barn og unge blir følgde opp og får samordna og heilskap-

lege kommunale tenester. Statsforvaltaren skal ha god oversikt over situasjonen og utfordringar i det kommunale barnevernet, og følge opp målet til regjeringa om auka kvalitet i barnevernstenestene. Statsforvaltaren skal hjelpe kommunane i gjennomføringa av ansvarsendingane som følgje av barnevernsreforma.

Statsforvaltarane skal bruke sine verkemiddel for å bidra til meir likeverdige barnevernstenester for eit mangfald av barn og unge.

Tilsyn er viktig for kvalitet og tryggleik i barneverntenestene. Tilsynet skal fokusere på den leiing og styring som er nødvendig for å sikre at tenestene møter behova til barna.

Statsforvaltaren skal vere ein pådrivar og legge til rette for at kommunane prioriterer tiltak for å motverke og førebygge fattigdom blant barnefamiljar.

Statsforvaltaren skal bidra til at kommunane varetar ansvaret for å avdekke og forebygge vald og overgrep, og at voldsutsette blir sikra eit heilskapleg krisesentertilbod.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til å setje i verk nasjonal politikk i helse- og omsorgstenestene, gjennom å gjere regelverksendingar, forventningar og tiltak i proposisjonar og meldingar kjent for kommunane.

Statsforvaltaren skal vere pådrivar for eit styrkt kunnskapsbasert og tverrsektorielt folkehelsearbeid på lokalt og regionalt nivå, mellom anna gjennom råd og rettleiing til kommunar og fylkeskommunar. Statsforvaltaren skal bidra til å støtte opp under innsatsen til kommunane for auka helsekompetanse i befolkninga, der òg livsperspektivet blir varetatt.

Statsforvaltaren skal ha god oversikt over tilstand, utviklingstendensar og utviklingsbehov innanfor heile spekteret av helse- og omsorgstenester og folkehelsearbeidet i fylket. Basert på oversikta skal statsforvaltaren gi råd og rettleiing overfor aktørar i fylket og nasjonale styresmakter.

Statsforvaltaren skal støtte opp under målet om gode og likeverdige helse- og omsorgstenester gjennom heile livsløpet, og bidra til å implementere gjeldande strategiar og handlingsplanar i helse- og omsorgstenestene, og dessutan rettleia om faglege råd og tilrådingar for tenestene.

Beredskap og lovpålagde oppgåver vil òg i 2024 vere høgt prioritert. Departementet legg til grunn fire overordna prioriteringar innanfor statsforvaltaren sin iverksetterrolle på området: samhandling, under dette å støtte opp under helsefel-

lesskapa, allmennlegetenesta inkludert legevakt, psykisk helse og ruslidingar og sosial forskjell i helse.

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å følge opp om tenestene har kvalitet, verknad og tryggleik som følge av regelverket og overordna styringskrav. Førebyggande tilsyn skal vere risikobasert med fokus på leiing, styring og internkontroll. Oppfølging av uønskte hendingar og tilsynsaker skal fokusere på tenestene sin eigen aktivitet for å rette forholda.

Justis- og beredskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til at arbeidet med kommunal beredskapsplikt er tydeleg forankra i planar og prosessar etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren skal rettleie kommunar i å førebu og verne seg mot klimarisiko og naturfare. Endringar som følge av det grøne skiftet og nye energiformer må gis merksemd i samfunnssikkerheitsarbeidet. Den samla verkemiddelbruken skal vurderast og tilpassast kommunane sitt behov.

Statsforvaltaren er ein viktig pådrivar i arbeidet med å utarbeide beredskapsplanverk for hendingar med store tverrsektorielle konsekvensar. Statsforvaltaren skal bidra i arbeidet med utvikling av planar for handtering av flyktingar i kritesituasjonar. I arbeidet med sivile beskyttelsestiltak skal statsforvaltaren bidra inn i arbeidet på sentralt nivå med å vidareutvikle eit sivilt beskyttelseskonsept og basert på gjeldande regelverk, rettleie kommunane i deira planverk for evakuering.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvaltaren er viktig for iverksetjinga av nasjonal klima- og miljøpolitikk. Statsforvaltaren skal bidra til å ta vare på natur og økosystem, redusere utslepp av miljøgifter og næringsstoff i naturen, og sørge for at klima- og miljøomsyn blir varetatt i samfunns- og arealplanlegging. Embeta har eit breitt spekter av oppgåver knytt til å setje i verk nasjonal klima- og miljøpolitikk, blant anna utøving av forvaltningsstyresmakt, formidling av kunnskap, og rettleiing til kommunar, næringsliv og andre aktørar.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvaltaren skal vareta heilskap og effektivitet i areal- og samfunnsplanlegginga, jf. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027*. Statsforvaltaren skal òg bidra til å

identifisere tiltak for meir effektive planprosessar og betre plankvalitet.

Statsforvaltaren skal bidra til sosialt berekraftige lokalsamfunn gjennom å rettleie kommunane til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga.

Det er eit overordna nasjonalt mål at kommunane utviklar ei berekraftig og sunn økonomiforvaltning. Statsforvaltaren skal fortsette å jobbe aktivt med kommuneøkonomi og prioritere oppfølging av kommunar i ROBEK og andre kommunar i økonomisk ubalanse.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvaltaren har ei sentral oppgåve med å sørge for at statlege ordningar blir følgt opp og lagt til rette for av barnehage- og skuleeigarar. Dette gjeld mellom anna i arbeidet med lokal kompetanseutvikling, der samarbeid og partnerskap er berande element.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren er statleg sektorstyremakt regionalt, og kompetansesenter for kommunane på landbruksområdet. I rolla som kompetansesenter bidrar statsforvaltaren til at nasjonal politikk blir gjennomført, og at kommunane blir medvetne deira samla rolle og ansvar som landbruksstyremakt. God forvaltning og kontroll av økonomiske og juridiske verkemiddel utgjer ein viktig del av oppfølginga av kommunane.

Statsforvaltaren bidrar til eit berekraftig skogbruk med konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder, og sørgjer for at prioriteringane til regjeringa av skogtiltak i klimasamanheng blir følgde opp.

Statsforvaltaren er sentral i iverksetjing av jordbrukspolitikken, gjennom forvaltning av verkemiddel og dialog med næring, kommunar og regionalt verkemiddelapparat. Statsforvaltaren bidrar til at klimaavtalen med jordbruket blir følgt opp gjennom vidareformidling av kunnskap om det samla klimagassutsleppet frå jordbruket, innsats knytt til utsleppsreduksjonar og opptak av CO₂.

Statsforvaltaren er førstelinje for reindriftsnæringa, og gir råd og rettleiing for å legge til rette for auka produksjon og lønnsemd i næringa. Statsforvaltaren er reindriftsfagleg kontaktpunkt og bidrar til effektiv og kunnskapsbasert forvaltning av reindrifta.

Mål 2 Statleg verksemd er godt samordna på regionalt nivå

Statsforvaltaren er det einaste regionale organet med fullmakt til å ta initiativ til samordning overfor andre statlege etatar på same nivå. Oppgåva er i hovudsak grunngitt ut frå eit ønske om ei effektiv statsforvaltning og omsyn til brukarar, og handlar om staten si evne til å realisere nasjonale mål på tvers av nivå og sektorar, og samordning av staten si styring av kommunane.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal, mellom anna gjennom tilsyn, bidra til at dei sosiale tenestene samarbeider med andre velferdstenester der det er naudsynt for brukarane, òg om barn og unge som har behov for eit samansett tenestetilbod.

Statsforvaltaren skal bidra til samarbeid mellom stat, fylkeskommunar og kommunar i arbeidet med busetjing av flyktningar. Enkelte statsforvaltarar deltek i *Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktningar*. Utvalet blir leia av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren er pådrivar for samarbeid og samordning mellom kommunar, fylkeskommunar, sektorar, tenester og institusjonar som arbeider for og med barn og unge og familiane deira. Statsforvaltaren har ei viktig rolle i å følge opp kommunar med stor risiko for svikt i tenestene. Statsforvaltaren skal sørge at barnekonvensjonen blir lagt til grunn i dette arbeidet. Førebygging av at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, jf. barnevernslova § 15-1, er eit kommunalt ansvar på tvers av alle sektorar og tenester. Statsforvaltaren skal sørge for at kommunen tar et heilskapleg ansvar, mellom anna ved at ansvaret til kommunane for førebygging blir gjort tydeleg for alle relevante tenester.

Tilsyn med barneverntenester skal ha vekt på tenestenes samarbeid med helsetenesta og andre velferdstenester for å bidra til at barn får nødvendige tenester av rett kvalitet og tryggleik.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren har ei viktig rolle som regionalt ledd i beredskapsarbeidet i sektoren. Statsforvaltaren skal bidra til koordinering og samordning. Rolla er viktig, mellom anna for å hjelpe kommunar med tilgang på tilstrekkeleg personell.

Statsforvaltaren skal etablere regionale forum for koordinering av relevant planverk, og dessutan sørge for koordinering og bidra til iverksetjing av tiltak ved atomhendingar. Statsforvaltaren skal bidra til å vareta omsynet til god folkehelse i regional og kommunal planlegging.

Statsforvaltaren skal bidra til at aktørane er koordinerte, og at innbyggjarane opplever samanhengande tenester. Rapportar frå det førebyggjande tilsynet til statsforvaltarane er av vesentleg betydning for god kunnskap om kvalitet i tenesta. Det bør vere eit særleg fokus på overgangar og samhandling mellom tenestene.

Justis- og beredskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal legge til rette for felles arenaer og aktivitetar med andre regionale samfunnsikkerheitsaktørar, både offentlege og private. Dette gjeld både som del av det førebyggjande arbeidet, og ved handtering av uønska hendingar. Statsforvaltarane skal integrere totalforsvaret i det kontinuerlege arbeidet med samfunnsikkerheit på regionalt og lokalt nivå.

Det må planleggast for å handtere langvarige kriser, og moglege samstundes hendingar, for å sikre tryggleik og velferd for befolkninga.

Klima- og miljødepartementet

I samarbeid med andre statlege aktørar skal statsforvaltaren bidra til at kommunane og næringslivet reduserer klimagassutsleppa sine og den samla sårbarheita i samfunnet for klimaendringar. Statsforvaltaren skal sørge for at klimaomsyn blir vareteke i alle sektorar, og at kommunane legg dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, til grunn i planprosessar.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til framtidretta areal- og samfunnsplanlegging gjennom å gi eit heilskapleg bilete av statens forventningar og krav i planlegginga. Statsforvaltaren skal bidra til at oppfølging av nasjonale mål og ambisjonar blir tilpassa regionale og lokale forhold ved å samordne statlege motsegner før dei blir fremma for kommunane.

Statsforvaltaren skal bidra til regionalt samarbeid om dei tre innsatsområda i *Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken – Alle trenger et trygt hjem (2021–2024)*. Innsatsområda er at ingen skal vere bustadlause, barn og unge skal ha gode

buforhold, og personar med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velje kor og korleis dei bur.

Statsforvaltarane skal fortsette å samordne statleg tilsyn med kommunesektoren for å sikre koordinerte, effektive og lærande tilsyn.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til at utsette barn og unge blir følgde opp og får samordna og heilskaplege kommunale tenester.

Statsforvaltaren skal rekruttere til, og følge opp deltakarar i Læringsmiljøprosjektet. Vidare skal statsforvaltaren følge opp kommunar og fylkeskommunar som har utfordringar med barnehage- og skulemiljø.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren samarbeider med anna regional statleg forvaltning, fylkeskommunar og kommunar i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken. Gjennom dette arbeidet bidrar statsforvaltaren til at regjeringa sin oppdaterte jordvernstrategi med nye tiltak og eit forsterka jordverns mål følgjast opp. I tillegg bidrar statsforvaltaren til å legge til rette for at reindriftsinteressene blir tatt hand om i planprosessar og utbyggingssaker, og som leiar av beredskapsutvala i reindrifta.

Mål 3 Rettstryggleiken er einskapleg varetatt

Statsforvaltaren er klagemyndigheit for kommunale enkeltvedtak og tilsynsmyndigheit etter særlovgivinga. Tilsyn skal sikre at innbyggjarane får oppfylt sine rettar til nødvendige tenester. Statsforvaltaren skal utføre disse myndighetsoppgåvene med mest mogleg lik og einskapleg praksis.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med dei sosiale tenestene for å bidra til at brukarane får rettane sine oppfylt, og for å styrke føresetnadene til tenesta for å gjennomføre forbetnings- og kvalitetsarbeid, under dette sikre at omsynet til medverknaden til barna og barna sitt beste blir tatt vare på. Statsforvaltaren er klageinstans for enkeltvedtak treft etter sosialtenestelova.

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med kommunane si oppfylling av plikter etter introduksjonslova og integreringslova, og er klageinstans for enkeltvedtak treft etter desse lovene med tilhøyrande forskrifter.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren skal føre tilsyn med barnevern-tenesta, og særleg følge opp kommunar med store utfordringar på barnevernområdet, med råd og rettleiing og bruk av aktuelle tilsynsverkemiddel.

I tillegg skal statsforvaltaren føre tilsyn med at kommunane oppfyller pliktene etter krisesenterlova, føre tilsyn med familievernkontora, og behandle oppgåver knytt til ekteskapslovgivinga, trossamfunnsloven og gravplassloven. Statsforvaltaren skal òg bidra med å gi opplysningar om biologisk opphav og innsyn i adopsjonssaker gjort før 1999.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren er klagemyndigheit for kommunale enkeltvedtak og tilsynsmyndigheit etter særlovgivinga. Tilsyn skal bidra til å sikre at innbygarane får nødvendige tenester som verker og som har rett kvalitet og tryggleik. Dei skal bidra til forbetring av tenestene, og til at svikt blir førebygd, avdekt og følgd opp.

Justis- og beredskapsdepartementet

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som treng hjelp til å handtere økonomiske og personlege forhold. Statsforvaltaren er lokal verjemålsmyndigheit og skal behandle sakar i første instans etter verjemålslova med tilhøyrande forskrifter, samt utlendingslova kapittel 11 A med tilhøyrande forskrifter. Statsforvaltaren har òg ansvaret for opplæring og tilsyn av verjer i sitt område.

Statsforvaltaren behandlar saker i første instans etter rettshjelpslova med tilhøyrande forskrifter. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans og skal som etatsstyrar av statsforvaltarane på rettshjelpsområdet bidra til å sikre ein mest mogleg einsarta praksis og god kompetanse på rettsfeltet.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvaltaren skal følge opp bedrifter og verksemder innanfor område der dei er forureiningsstyresmakt, og sjå til at løyva er oppdaterte i samsvar med nytt regelverk. Statsforvaltarane skal sikre likebehandling og einskapleg praksis slik at konkurransevilkåra for industrien blir tilnærma like i heile landet. Arbeidet med konsesjonsbehandling og tilsynsaktivitet er gebyrbelagd etter prinsippet om at forureinar betaler.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvaltaren behandlar saker etter plan- og bygningslova både i første instans og i klagesaker over vedtak fatta i kommunen. Statsforvaltaren skal i si saksbehandling bidra til å sikre at måla for plan- og bygningspolitikken blir vareteke på best mogleg måte. Statsforvaltaren skal òg rettleie kommunar, private partar, næringslivet og eventuelt andre brukarar i plan- og bygningslovgivinga.

Statsforvaltaren skal behandle klagesaker etter ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet.

Statsforvaltaren skal rettleie kommunar, folkevalde og private i kommunelova og tilhøyrande forskrifter. Statsforvaltaren skal sikre lik forståing av nye reglar om internkontroll i kommunelova når statsforvaltaren fører tilsyn med kommunane eller gir rettleiing.

Kunnskapsdepartementet

Myndigheitsoppgåver knytt til rettstryggleik er statsforvaltaren si viktigaste oppgåve på barnehage- og grunnopplæringsområdet. Tilsyn, klagebehandling og rettleiing er statsforvaltaren sine verkemiddel for å sikre at barn og unge får det tilbodet dei har rett på til rett tid. Statsforvaltaren skal ta mål av seg å bruke rett verkemiddel til rett tid.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren sørger for at system for kontroll og oppfølging av inntekts- og velferdspolitiske verkemiddel blir følgde, og sikrar likebehandling, rettstryggleik og kvalitet i lov- og tilskotsforvaltninga på landbruks- og matområdet.

Statsforvaltaren har system for internkontroll av tilskot til reindriftsnæringa, gjennomfører offentleg teljing av rein, og skal aktivt følge opp brot på reindriftslova og grensereinbeitelova.

Berekraftsmåla

Statsforvaltaren er ein sentral bidragsytar på fleire fagområde som støttar opp under berekraftsmåla. For å sikre ei balansert sosial, økonomisk og miljømessig utvikling skal statsforvaltarane bidra til at berekraftsmåla er godt kommunisert, og til at dei ligg til grunn for den kommunale og fylkeskommunale planlegginga.

Kap. 525 Statsforvaltarane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	1 983 488	1 931 161	2 271 829
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	59 546	185 294	89 047
	Sum kap. 525	2 043 034	2 116 455	2 360 876

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære løns- og driftsutgifter for statsforvaltarane og Statsforvaltarens felles tjenester (STAF). Løyvinga skal medverke til forsvarleg gjennomføring av oppgåvene frå 13 departement.

Rapport

På det administrative området har embeta og STAF følgt opp gevinstrealiseringsplanen for statsforvaltarane. Planen vart laga i samband med endringar i statsforvaltaranes geografiske struktur og gjeld perioden 2020–2026. Det er per 2022 realisert årlege innsparingar på 14 mill. kroner. Frå 2022 til 2023 auka effektiviseringskravet med 5 mill. kroner, og av dette vart 2,5 mill. kroner ført tilbake til statskassen.

Det vart gjennomført landsomfattande tilsyn med ansvaret til NAV-kontora for varetaking av behovet til barn ved tildeling av økonomisk stønad i 2022 og 2023.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken førte i 2022 eitt tilsyn med omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar som bur i asylmottak.

Statsforvaltarane har hatt god oppfølging av kommunane både når det gjeld barnevernsreforma og dei nye samarbeidsføresegnene i velferdslovene.

Statsforvaltarane gjennomførte forskriftsfesta tilsyn med barneverninstitusjonane og behandla klagar på brot på rettsforskrifta. Det vart gjennomført landsomfattande tilsyn med ansvaret til barneverntenesta for oppfølging av barn i fosterheimar.

Statsforvaltarane førte i 2022–2023 landsomfattande tilsyn med om barn i barne- og avlastingsbustader får habilitering og opplæring som samsvarar med behova deira. Det vart i 2022 òg ført tilsyn med poliklinikkar i psykisk helsevern for barn og unge, og med førebygging av tvang i psykisk helsevern for vaksne. Landsomfattande tilsyn med psykisk helsevern for vaksne heldt fram i 2023, då òg med tema førebygging av sjølv mord.


Statsforvaltarane tok i bruk nye behandlingsmåtar for tilsynssaker for å prioritere innsats ut frå risiko og ei vurdering av kor vesentleg det er, og med tilsynsaktivitetar som best bidrar til formålet.

Statsforvaltaren har følgt opp kompetanse- og rekrutteringsstrategiane til kommunane, i tråd med Kompetanseløft 2025. Oppfølging av kommunane i gjennomføringa av kvalitetsreforma «Leve hele livet» har samstundes vorte prioritert dei siste åra.

Statsforvaltaren har styrkt overvaking og oppfølging av allmennlegetenesta i kommunane, både fastlegedekkinga og legevaktordninga. Støtte til kommunane i deira arbeid med helsefelleskapa har vore sentralt, samt bistand til kommunane i deira arbeid med psykisk helse, rus og vald. Statsforvaltaren har gitt råd og rettleiing til kommunar om kommunedelplanar og annan planlegging på helse- og folkehelseområdet.

For utfyllande rapportering, sjå dei respektive fagdepartementa sine fagproposisjonar.

Figuren under viser utgiftene i 1 000 kroner på kap. 525 Statsforvaltarane, post 01 i 2022 fordelt på dei ulike departementa.



Figur 5.2 Ressursfordeling per departementsområde for 2022

Del administrative utgifter blir fordelt på departementa etter deira relative storleik. Det same gjeld Statsforvaltarens fellestenester. Kategorien «Andre» inneheld Samferdselsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Forsvarsdepartementet og Utanriksdepartementet.

Statsforvaltarens fellestenester (STAF)

STAF er ansvarleg for dokumentforvaltning, IKT og større innkjøp hos statsforvaltarane. I 2022 har STAF fortsett arbeidet med informasjonssikkerheit ved å innføre krav til multi-faktorautentisering og gjennom ein planlagt inntrengingstest frå Nasjonalt tryggingorgan (NSM). Ei rekke tiltak er sett i verk som oppfølging av testen. STAF har gjort ei større organisasjonsendring i dokumentforvaltninga som er iverksett frå 2023.

Prisauken på IKT-utstyr og lisensar er langt over den ordinære prisauken, og det har ført til store utfordringar for STAF. Lønsutgiftene til IKT-kompetanse har òg auka merkbar. Dette reduserer dei reelle ressursane til STAF og fører til at enkelte oppgåver må nedprioriterast. Det er grunn til å tru at denne utviklinga held fram i 2024.

Prioriteringar for 2024

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Statsforvaltaren skal vere ein pådrivar for god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret, medrekna akutte førespurnader. Statsforvaltaren skal bidra til at kommunen gjer konkrete og individuelle vurderingar i samsvar med føremålet i lova, samt vere ein pådrivar for at det blir gitt råd og rettleiing etter sosialtenestelova, irekna økonomisk rådgjeving etter § 17. Statsfor-

valtaren skal vidare bidra til at alle som fyller vilkåra for deltaking i kvalifiseringsprogrammet får tilbod om program. I tillegg skal statsforvaltaren medverke til at tiltak i aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar under 30 år og andre aktivitetskrav blir individuelt tilpassa og retta mot arbeid eller utdanning for kvar enkelt tenestemottakar. Statsforvaltaren skal òg bidra til å vareta og styrke barne- og familieperspektivet i dei sosiale tenestene. Statsforvaltaren skal bidra i planlegging og gjennomføring av program for førebyggjande sosialt arbeid og heilskapleg førebyggjande innsats lokalt.

Risikovurderinga av sosiale tenester i NAV, som Statens helsetilsyn publiserte i 2022, avdekte svikt på fleire område. Resultatet frå risikovurderinga ligg til grunn for val av landsomfattande tilsyn med økonomisk rådgjeving i 2024.

Barne- og familiedepartementet

Statsforvaltaren skal støtte opp under plikta kommunane har til å samarbeide og samordne velferdstenestene både på systemnivå og overfor kvart enkelt barn og ungdom. Statsforvaltaren skal følge med på korleis kommunane handterer plikta til å avgjere kva for ei kommunal velferdsteneste som skal vareta koordineringsansvaret i kvar enkelt sak der det er ikkje er klarleik eller semje om dette.

Statsforvaltaren skal følge opp kompetansestrategien i barnevernet, og bidra til å identifisere og motivere barnevernstenester med behov for kompetanseheving og rettleiing. Statsforvaltaren skal vidare etablere og følge opp læringsnettverka i kommunane mellom anna på fosterheimsområdet og drøfte tilstanden og utviklingsbehovet i barnevernstenestene. Statsforvaltaren skal òg bidra til å styrkje styring og leiing i barnevernet, mellom anna ved nettverk for barnevernsleiarane.

I 2024 skal det gjennomførast ein landsomfattande tilsynsaktivitet som følger opp tidlegare tilsyn med arbeidet til barnevernet med undersøkingar.

Barne- og familiedepartementet har kome til at avgjerda om økonomisk godtgjering, frikjøp og omfang av oppfølging av fosterforeldre er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova. I dag følger dette av privatrettsleg avtale mellom barnevernstenesta og fosterforeldra. At slike avgjerder reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova inneber at fosterforeldre får klagerett til Statsforvaltaren på barnevernstenesta si avgjerd. Klagerett vil gi eit behov for noko meir ressursar til statsforvaltarane, jf. nærare omtale under budsjettforslag for 2024.

Helse- og omsorgsdepartementet

Statsforvaltaren skal hjelpe kommunane med å bidra til å fremme helse- og livskvalitet og jamne ut sosiale helseforskjellar, mellom anna gjennom å auke helsekompetansen i befolkninga. Statsforvaltaren skal gi rettleiing og bistand til kommunane innan psykisk helse- og rus, og vil få ei sentral rolle i arbeidet med implementering av den komande opptrappingsplanen for psykisk helse, og dessutan ny førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet.

Statsforvaltaren skal hjelpe kommunane i arbeidet med å møte utfordringane i allmennlegetenestene inkludert legevakt, framfor alt i arbeidet med å rekruttere til og stabilisere fastlegeordninga. Statsforvaltaren skal bidra til at pasientar, brukarar og pårørande skal oppleve ei samanhengande helse- og omsorgsteneste.

Statsforvaltaren skal hjelpe og støtte kommunane i deira arbeid med strategisk kompetanseutvikling og planlegge for å møte dei venta demografiutfordringane. Statsforvaltaren skal mellom anna forvalte tilskotsordningar som er etablert for å støtte opp under høvet kommunane har til å nå sentrale målsetjingar, og dessutan sikre forsvarleg drift og innovasjon på helse- og omsorgsfeltet.

Statsforvaltaren skal prioritera førebyggjande tilsyn i så stor grad som mogleg. Risikovurderingar skal ligge til grunn for prioriteringar av tilsyn.

I behandlinga av saker om mogleg svikt i tenestene skal statsforvaltaren velje dei tilsynsaktivitetane som i størst mogleg grad bidrar til auka kvalitet og tryggleik. Ansvar for verksemdene for å førebygge, avdekkja og retta opp brot av helselovgivinga skal vektleggjast.

Helsetilsynet har vedteke ei satsing på tilsyn på helse- og omsorgstenester til eldre med ulike typar tilsynsaktivitetar og eit metodemangfald over tid. Den første tilsynsaktiviteten retter seg mot medisindispensere i heimetenestene og startar i 2024.

Statsforvaltarane skal føre tilsyn med meldelikta til barnevernet etter ein rettleiar som Statens helsetilsyn og Utdanningsdirektoratet har samarbeidd om.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Statsforvaltarane i Nordland, Vestland og Rogaland skal styrkje sitt bustadsosiale fagmiljø og rettleie kommunane i det bustadsosiale arbeidet. Dette er ein del av forsøket med overføring av oppgåver frå to regionkontor i Husbanken.

Statsforvaltarane skal følgje opp sitt ansvar etter plandelen i plan- og bygningslova slik det framkommer under dei tre måla for programkategorien.

Statsforvaltarens fellestenester skal gjennomføre innsparingar i tråd med gevinstrealiseringsplanen. I dette arbeidet må ein prioritere informasjonssikkerheita og dagleg drift av eksisterande system.

Kunnskapsdepartementet

Statsforvaltaren skal forvalte tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring og støtte, legge til rette for og stimulere barnehage- og skuleeigarar i deira arbeid med lokal kompetanseutvikling.

Statsforvaltaren skal støtte innføringa av ny opplæringslov med forskrifter.

Statsforvaltaren skal gjennomføre felles nasjonalt tilsyn. Temaet er om kommunen gjennom internkontroll sikrar at regelverket for spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp og skulemiljø blir etterlevd. Alle tilsyn skal vere innretta og gjennomførte på bakgrunn av ei risikovurdering slik at tilsyna er treffsikre og effektive. Statsforvaltaren må følge opp all risiko for brot på regelverket

fortløpande. Det skal vere auka bruk av tilsyn som verkemiddel der risikovurderingane tilseier det.

Statsforvaltaren skal bidra til å etterleve regelverket i sektor og på andre område, slik som til dømes spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning og opplæring i og på samisk. Dei skal ha særskild merksemd på elevar i vidaregåande opplæring.

Statsforvaltaren skal arbeide førebyggjande og systematisk for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø, og at alle barnehagebarn har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Justis- og beredskapsdepartementet

Gitt den sikkerheitspolitiske situasjonen er det viktig at statsforvaltaren vidarefører si aktive samordningsrolle og bidrar til at totalforsvarsarbeidet blir integrert på regionalt og lokalt nivå. Statsforvaltaren er ein viktig pådrivar i arbeidet med å utarbeide beredskapsplanverk for hendingar med store tverrsektorielle konsekvensar.

Statsforvaltaren skal vere ein aktiv aktør på lokalt og regionalt nivå i arbeidet med å førebu og verne seg mot klimarisiko og naturfare.

Utviklinga av verjemålsfeltet vil fortsette i 2024 for å sikre høg kvalitet. Statsforvaltaren skal i 2024 særleg legge vekt på oppfølging av verjer og sørge for at dei får tilstrekkeleg kompetanse og god rolleforståing. Verjehavar skal få sine ønsker og behov varetekne. Statsforvaltaren skal følge opp at nye verjer gjennomfører tilgjengeleg e-opplæring.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken skal føre tilsyn med omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar som bur i asylmottak.

Landbruks- og matdepartementet

Statsforvaltaren skal bidra til at regjeringa sin oppdaterte jordvernstrategi med nye tiltak og eit forsterka jordverns mål blir følgd opp. Statsforvaltaren skal framleis legge vekt på arbeidet med tilskotsforvaltning og kontroll på heile landbruksområdet, der skogbruk og reindrift skal vere del av arbeidet.

Statsforvaltaren skal stimulera til god oppslutning om klima- og miljøtiltaka i jordbruket, implementere ny kunnskap i arbeid med miljøverkemidla, og bidra til at kunnskap når ut til kommunane og jordbruksnæringa.

Statsforvaltaren i Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark har ei viktig oppgåve i å legge til rette for at kommunane har kunnskap om reindrift, og kan vareta reindriften i arealplanlegging.

Statsforvaltaren skal ha dette som ei prioritert oppgåve i 2024, og skal samarbeide med Landbruksdirektoratet om å bygge opp sin kunnskap om arealforvaltning.

Klima- og miljødepartementet

Statsforvaltaren er viktig for å løyse klima- og naturkrisene. Statsforvaltaren skal bidra til å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima, jobbe for økosystem i god tilstand og ta vare på den mest trua naturen, og bidra til å redusere utslepp av miljøgifter og næringsstoff i naturen. Statsforvaltaren skal prioritere arbeid med å vareta klima- og miljøomsyn på tvers av sektorar, og særleg prioritere å bidra til at kommunane tar klima- og miljøomsyn i plansaker.

Budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner. Dette skal gjennomførast ved reduksjon i oppgåvene til statsforvaltarane, etter retningslinjer fastsett av dei departementa som gjev oppgaver til statsforvaltarane.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med ytterlegare 5 mill. kroner på grunnlag av gevinstrealiseringsplanen for statsforvaltarane. Dette gjeld utgifter til dokumentforvaltning, nokre administrative funksjonar og IKT-utgifter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 543 000 kroner som følge av innsparing knytt til meir effektive leigekontraktar for statlege verksemder.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner til styrking av Statsforvaltaren i Rogalands landsdekkande rolle på petroleumfeltet, med overføring frå kap. 700, post 70 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,2 mill. kroner for å dekke fire stillingar som verneområdeforvaltarar, med overføring frå kap. 1420, postane 21 og 39 under Klima- og miljødepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner for å dekke ei ny oppgåve for statsforvaltarane som skal handsame klage på vedtak knytt til fosterheimar. Løyvinga blir finansiert med overføring frå kap. 854, post 21 under Barne- og familiedepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 229 mill. kroner til finansiering av verjemål, som har vore ei fast oppgåve for statsforvaltarane frå 2014, med overføring frå kap. 469, post 01 under Justis- og beredskapsdepartementet. Løyvinga gjeld løn og

driftsutgifter til verjemålsmyndigheita hos statsforvaltarane. Justis- og beredskapsdepartementet har i lengre tid hatt dialog med Kommunal- og distriktsdepartementet om overføringa, og Statens sivilrettsforvaltning har hatt dialog med statsforvaltarane.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,4 mill. kroner til oppgåver innan gravplassforvaltninga, med overføring frå kap. 881, post 21 under Barne- og familiedepartementet.

Det blir foreslått å løyve 2 271,8 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3525, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal dekke løns- og driftsutgifter for tidsavgrensa oppgåver hos statsforvaltaren, finansiert av departement, direktorat, tilsyn og andre verksemder. Dette gjeld mellom anna handlingsplanar og ulike typar prosjekt. Løyvingane blir ført til inntekt på kap. 3525, post 01 medan utgiftene blir ført på kap. 525, post 21 når dei oppstår. Av omsyn til realistisk budsjettering, er løyvinga redusert med 100 mill. kroner både på inntektskapittelet og utgiftskapittelet.

Det blir foreslått å løyve 89 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3525, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3525 Statsforvaltarane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter ved oppdrag	55 352	185 294	89 047
02	Diverse inntekter	6 472		
	Sum kap. 3525	61 824	185 294	89 047

Post 01 Inntekter ved oppdrag

På posten førast inntekter frå andre som gir statsforvaltarane og Statsforvaltarens fellestenester oppdrag eller prosjekt. Midlane gis frå departement, direktorat, tilsyn eller andre verksemder. Av omsyn til realistisk budsjettering, er løyvinga foreslått redusert med 100 mill. kroner både på inntektskapittelet og utgiftskapittelet.

Det blir foreslått å løyve 89 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført refusjonar av ordinære driftsutgifter på kap. 525, post 01 frå andre statsforvaltarar, andre statlege verksemder eller andre organisasjonar.

Programkategori 13.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning

Utgifter under programkategori 13.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
530	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga	2 493 573	3 353 450	5 759 981	71,8
531	Eigedomar til kongelege føremål	94 535	69 433	74 311	7,0
533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	194 199	61 470	62 947	2,4
2445	Statsbygg	4 416 510	8 887 996	7 734 502	-13,0
Sum kategori 13.30		7 198 817	12 372 349	13 631 741	10,2

Inntekter under programkategori 13.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3533	Eigedomar utanfor husleigeordninga	5 454	5 140	5 366	4,4
5446	Sal av eigedom, Fornebu	2 098			0,0
5447	Sal av eigedom utanfor statens forvaltningsbedrifter	1 322 996			0,0
Sum kategori 13.30		1 330 548	5 140	5 366	4,4

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for bygge- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. Departementet har ansvar for reglar og retningslinjer for korleis staten sine byggeprosjekt og leige av lokale skal gjennomførast. Det einskilde departement er ansvarleg for lokalan-skaffingar i sin sektor. I statleg sivil sektor er det eit potensial for ei meir samla tilnærming til byggeprosjekt, eigedomsforvaltning og leige av lokale.

I byggeprosjekt der Statsbygg er byggherre, koordinerer departementet den budsjettmessige oppfølginga av prosjekta frå oppstart til ferdigstilling. I 2024 foreslår regjeringa å starte arbeidet

med rehabilitering av Bergen tinghus og campus-samling ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU).

Departementet skal legge til rette for at Statsbygg kan forvalte og utvikle eigedomane på ein god måte. Statsbygg forvaltar ein stor del av eigedomsmassen til staten og hjelper andre statlege verksemder i utgreiing av lokalbehov og ved leige av lokale i marknaden.

Det går føre seg fleire tiltak for auka kostnads-effektivitet i bygge- og eigedomsverksemda i statleg sivil sektor. Statsbygg jobbar målretta med å styrkje prosjektstyringa og dessutan redusere kompleksitet, arealbruk og kvadratmeterprisar i byggeprosjekt. Ei auka utnytting av eksisterande bygningsmasse kan redusere behovet for nybygg

og bidra til redusert klimafotavtrykk og ressursbruk. Eit anna område med stort potensial for effektivisering er leigeutgiftene som staten har til kontorlokale i marknaden, som i dag utgjør om lag 6 mrd. kroner per år. Det er eit mål å redusere desse utgiftene med 15 pst. frå 2020 til 2029, men med generell kostnadsauke aukar òg leigekostnadene. For å ta ut det identifiserte potensialet for innsparing er det viktig å søkje nye og meir kostnadseffektive lokale. Bruk av Statsbygg som rådgivar, og koordinering og standardisering av leigeforholda til staten, har allereie gitt staten store reduksjonar i leigeutgifter.

Statsbygg har gjennomført ei rekke digitaliserings- og automatiseringstiltak for å effektivisere verksemda. Etableringa av samhandlingsplattforma statensinnleie.no har ført til ein vesentleg meir effektiv framgangsmåte for leige av lokale. Vidare blir det arbeidd med å innføre eit tilsvarende system for tomtesøk i marknaden, noko som vil effektivisere arbeidet både for tilbydarar og Statsbygg. I 2022 har arbeidet med effektivisering og digitalisering blitt intensivert, og Statsbygg har mellom anna etablert eit nytt rammeverk og plattform for utvikling og innovasjon, utarbeidd ein data- og analysestrategi samt danna eit målbilete for utvikling og transformasjon.

Stortinget har slutta seg til Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*, der det er utarbeidd felles klima- og miljøambisjonar for bygg og eigedomar i statleg sivil sektor. Desse gjeld for alle statlege verksemder, òg dei som sjølv gjennomfører byggeprosjekt og forvaltar dei eigedomane dei brukar.

Byggekostnadane har dei siste åra auka unormalt mykje, hovudsakleg drive av auka prisar på vareinnsats og transport. Prisauken på byggevare og -materialar kjem av både materialmangel og auka produksjons- og fraktkostnader. Prisane på konstruksjonsmaterialar som trelast og stål har falle ein del frå toppen, men prisane på mange andre typar vareinnsats, særleg tekniske fag, har halde fram med å stige gjennom 2022 og i 2023. Råvare- og energiprisane internasjonalt har falle ein del frå toppnoteringane under pandemien, men er framleis høge. Lågare vekst i verdsøkonomien kan gi betre balanse i fleire marknader framover. Ringverknadene etter pandemien minkar no, og Kina har òg opna opp igjen i 2023. Krigen i Ukraina og sanksjonane mot Russland sørgjer likevel for at energi held fram med å vere relativt dyrt, sjølv om utsiktene for tilgang på energi i Europa har betra seg dei siste månadene.

Delar av byggenæringa har utfordringar med useriøse aktørar. Statsbygg samarbeider med

næringa for å etablere rutinar og verktøy for å førebygge og avdekke brot på regelverk og seriøsitetskrav. Statsbygg jobbar målretta med tiltak mot useriøse aktørar, og stiller i kontraktane sine strenge krav om mellom anna faglærde, lærlingar og faste tilsetjingar.

Mål for programkategorien

1. Statlege verksemder har effektive og berekraftige lokale som støttar verksemdenes føremål
2. Statleg eigedomsforvaltning er verdibevarande, berekraftig og effektiv

Mål 1 Statlege verksemder har effektive og berekraftige lokale som støttar verksemdenes føremål

Lokale er ein viktig innsatsfaktor og skal vere tilpassa føremåla og funksjonane til verksemdene. For at statlege verksemder skal levere effektive tenester med høg kvalitet, må lokala vere føremålstenlege, funksjonelle og attraktive. Det er viktig å utvikle staten sine lokale på ein måte som tilfredsstillar behova på kort og lang sikt. Berekraftige lokale er kjenneteikna av mellom anna låge klimagassutslepp, positiv påverknad på lokalsamfunnet og anstendige forhold for dei som arbeider med eigedomen.

Innanfor eigen sektor skal departementa styrkje styringa av den samla eigedomsporteføljen. Samstundes skal Statsbygg bidra til funksjonalitet, fleksibilitet og attraktivitet i statlege eigedomar. Dette vil redusere ressursbruken og behovet for nybygg. Databasen Statens lokale er eit godt verktøy for analysar og porteføljestyring. Statsbygg tilrådde ombruk av eksisterande bygningsmasse for heile eller deler av behovet i sju av ti utgreiingsoppdrag i 2022.

I 2022 inngjekk staten 13 nye leigekontraktar med Statsbygg som rådgivar. Desse gav ein samla reduksjon i leigeutgifter for staten på om lag 306 mill. kroner i noverdi, berekna for levetida på kontraktane på ti år. Staten skal utnytte areala betre, og ikkje betale ei høgare leige enn nødvendig. Utviklinga går i riktig retning, men staten må halde fram med å redusere kostnadane. Departementa og Statsbygg skal derfor jamleg gjennomgå porteføljen av lokale. Statsbygg utarbeidde i 2022 ein rettleiar for leige av lokale i marknaden.

Staten avhendar fast eigedom der det statlege behovet fell bort og det ikkje er andre grunnar for statleg eigarskap. I 2022 selde Statsbygg eigedomar med ein netto salsvinst på om lag 1,7 mrd. kroner.

Statsbygg har dei siste fem åra (2018–2022) ferdigstilt 69 byggeprosjekt til ein sluttkostnad 3 pst. lågare enn samla kostnadsramme. I 2022 arbeidde Statsbygg med 73 byggeprosjekt, og 9 vart ferdigstilte. Dei største var Nasjonalbibliotekets nye fjellanlegg, den nasjonale minnestaden etter 22. juli på Utøyakaia og Statens hus i Vadsø.

Målt mot minstekrav i byggteknisk forskrift vart klimagassutsleppa for byggeprosjekta i 2022 reduserte med 35,5 pst. Berekninga inkluderer utslepp frå materiale og frå energi i drift over bygga sine normerte livsløp på 60 år. 44 pst. av gjeldande areal (BTA) i byggefase i 2022 er planlagt BREEAM-sertifisert med «Excellent».

Målretta arbeid med sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) og seriøsitet bidrar til ei tryggare og meir seriøs næring. Skadefrekvensen ved byggeplassane til Statsbygg viser 36 skadar med og utan fråvær per million arbeidde timar i 2022. Delen arbeidsrelaterte personskadar med og utan fråvær per million arbeidstimar har dermed halde seg på eit høgt nivå i 2022. Statsbygg jobbar målretta saman med entreprenørane for å redusere skadefrekvensen.

Statsbygg er ein pådrivar for digitalisering og innovasjon. Det går føre seg fleire digitaliseringsprosjekt for å effektivisere arbeidsprosessar, auke kvalitet på leveransar, betre sikkerheit og redusere påverknaden på klimaet. I 2022 har Statsbygg mellom anna arbeidd med omstillinga av IT-funksjonen, utarbeidd ein data- og analysestrategi og digitalisert husleigeprosessen.

Mål 2 Statleg eigedomsforvaltning er verdibevarande, berekraftig og effektiv

Statsbygg er største eigedomsforvaltar i statleg sivil sektor. Eigedomsforvaltninga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningsar og eigedomar som inngår i den statlege husleigeordninga. I tillegg forvaltar Statsbygg dei statlege kongelege eigedomane under kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål og kulturhistoriske eigedomar under kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga.

I statleg sivil sektor er det òg verksemdar som forvaltar den bygningsmassen dei sjølv nyttar. Regjeringa vil arbeide for at alle eigedomsforvaltarane er samordna, møter dei same forventingane og varetar eigedomsmassen på ein berekraftig og kostnadseffektiv måte.

Føringane og krava til Statsbygg si eigedomsforvaltning blir vurderte som godt tatt hand om i 2022. Det vart gjennomført vedlikehald og utbeistringar for 1,2 mrd. kroner. Vedlikehaldet utgjorde

426 kroner per kvadratmeter for eigedomar i husleigeordninga. Statsbygg har ein godt vedlikehalden eigedomsportefølje, med unntak av deler av fengselsporteføljen under kap. 2445 Statsbygg og fleire av dei kulturhistoriske eigedomane under kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga.

Fengselseigedomane vart overførte til Statsbygg i 2009. I perioden 2009–2022 er det gjennomført vedlikehaldstiltak for om lag 2,5 mrd. kroner på fengselseigedomane. Vedlikehaldet har redusert risikoen for uønskt stenging av soningsplassar. Arbeidet med utskifting av gammal bygningsmasse bidrar til betre sikkerheits- og soningstilhøve og meir effektiv drift. Det er likevel framleis eit betydeleg vedlikehaldsetterslep i porteføljen, og arbeidet vil halde fram.

Statsbygg forvaltar ei rekke verna bygg og eigedomar klassifiserte som kulturhistoriske eigedomar. Forvaltning, drift og vedlikehald blir utført i nært samarbeid med vernestyresmakter. I 2022 vart arbeider på Villa Gjøa på Bygdøy og Kommandantboligen på Munkholmen ferdigstilt.

Tilstandsanalysane er eit viktig underlag for utviklings- og vedlikehaldsplanar på eigedomane, og Statsbygg gjennomfører rullerande tilstandsanalysar på eigedomane. Sidan 2019 har det blitt gjennomført tilstandsanalysar for ca. 73 pst. av total bygningsmasse. Bygningsmassen samla har berre mindre til moderate avvik, med unntak av fengselsporteføljen og porteføljen for kulturhistoriske eigedomar som framleis har eit stort vedlikehaldsbehov.

Statsbygg er i rute med å oppnå at eigedomane, unntatt fengsla, skal vere universelt utforma innan 2025. Det blir ikkje arbeidd vidare med universell utforming på enkelte kulturhistoriske eigedomar, der kostnadane blir svært høge.

Statsbygg har over mange år jobba med å effektivisere eigedomsdrifta og har over tid både redusert driftskostnadar per kvadratmeter og auka forvaltningsareal per driftsårsverk. Frå 2021 til 2022 vart driftskostnadar per kvadratmeter redusert frå 74 til 72 kroner og forvaltningsareal per driftsårsverk auka frå 10 228 kvadratmeter til 10 660 kvadratmeter. Krava til energibruk per kvadratmeter i eigedomsporteføljen vart òg innfridde.

Det vart i 2022 gjennomført ei rekke tiltak for ei meir berekraftig eigedomsforvaltning i samband med investeringsprosjekta og vedlikehald av bygningsmassen. Det vart i 2022 òg etablert eit nytt digitalt mottak der leigetakarar og andre statlege verksemdar kan stille spørsmål om energieffektivisering og få råd om energitiltak. Som ein del av Statsbygg sin klimaplan mot 2025, er energieffektivisering på fastlandet og fornybar energi-

forsyning for utanlandseigedomane blant Statsbygg sine prioriterte satsingsområde.

I 2022 hadde Statsbygg åtte lærlingar. Tre var lærlingar i byggdriftarfaget, med læretida på eigedomane, og fem i IKT-drift.

Berekraftsmåla

Fleire berekraftsmål er relevante for bygge- og eigedomsverksemda. Statsbygg har over tid arbeidd systematisk med berekraft. For 2022 har dei publisert ein berekraftsrapport, noko som dei vil halde fram med i komande år. Til dømes arbeider Statsbygg, i samarbeid med andre statlege

aktørar, for meir seriøsitet og mot arbeidslivskriminalitet, jf. mål 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst. Dei gir råd om lokalisering som skal bidra til mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn og dei gir råd om løysingar i bygga som kan bidra til mål 7 om rein energi til alle og mål 13 om å stoppe klimaendringane. Bygge- og eigedomsverksemda i Statsbygg skal òg bidra med å bevare og auke naturmangfaldskvalitetar, jf. mål 15 om livet på land. Berekraftsmåla er reflekterte i Statsbyggs strategiske mål for 2021–2025 og skal vere retningsgivande for bygge- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor.

Kap. 530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	176 192	87 000	
31	Igangsetjing av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	142 909		169 000
33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	2 020 805	2 505 950	4 385 000
34	Statens eigedom på Adamstuen, <i>kan overførast</i>	7 528		
36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	16 101	34 000	59 081
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	130 038	726 500	1 146 900
	Sum kap. 530	2 493 573	3 353 450	5 759 981

Løyvingane på kapitlet gjeld byggeprosjekt der Statsbygg er byggherre, mens oppdragsgivarane har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av bygningane etter at dei er ferdigstilte.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til prosjektering av ordinære byggeprosjekt fram til fullført forprosjekt.

I 2022 vart løyvinga brukt til vidareføring av prosjektering for NTNU campussamling og rehabilitering av Nationaltheatret.

Det blir ikkje foreslått løyving på posten i 2024.

Post 31 Igangsetjing av byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til oppstart av nye byggeprosjekt utanfor husleigeordninga.

I 2022 vart det løyva midlar til igangsetjing av eitt byggeprosjekt utanfor husleigeordninga, Norsk havteknologisenter. I 2024 blir det foreslått å løyve midlar til oppstart av NTNU campussamling. Prosjektet er venta ferdig 2030, innanfor ei kostnadsramme på 7 239 mill. kroner, i prisnivå per 1. juli 2024. Sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet for meir omtale av prosjektet.

Det blir foreslått å løyve 169 mill. kroner.

Post 33 Vidareføring av byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekkar midlar til vidareføring av prosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Løyvinga skal sikre optimal framdrift i prosjekt under oppføring.

I 2022 vart det brukt 2 020,8 mill. kroner på posten. Dei største prosjekta var nytt livsvitskaps-

bygg og Vikingtidsmuseet, begge ved Universitetet i Oslo.

Tabellen nedanfor viser prosjekt på kap. 530 der bygging blir vidareført i 2024:

Tabell 5.3 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga – under oppføring

(i mill. kroner)					
	Oppstart	Forventa ferdig	Kostnadsramme per 1.7.2024 ¹	Forventa forbruk t.o.m. 2023	Forslag 2024
<i>Prosjekt under Kunnskapsdepartementet:</i>					
UiO, Nytt livsvitskapsbygg	2018	2026	13 014,9	5 645	2 700
UiO, Vikingtidsmuseet	2020	2026	3 903,4	1 160	685
<i>Prosjekt under Nærings- og fiskeridepartementet:</i>					
Norsk havteknologisenter	2022	2028	5 393,6	837	1 000
Prosjekt i reklamasjonsfase/ avslutningsfase					
Samla forslag post 33					4 385

¹ Kostnadsrammene er eksklusive midlar til kunstnarisk utsmykking, jf. kap. 530, post 36.

Statsbygg kan fordele midlane på posten mellom dei ulike prosjekta, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjektet i 2024.

Det blir foreslått å løyve 4 385 mill. kroner.

Post 34 Statens eigeendom på Adamstuen, kan overførast

Som ei følge av samlokalisering av verksemder i nye bygg ved Noregs miljø- og biovitskapelege universitet (NMBU) på Ås, vart lokala som NMBU, Veterinærinstituttet og Mattilsynet tidlegare har brukt på Adamstuen i Oslo, fråflytta i 2021. Hovuddelen av eigedommen vart seld til Oslo kommune i 2021. Den andre delen av eigedommen vart seld i 2022. Sjå omtale under kap. 5447 Sal av eigeendom utanfor statens forvaltningsbedrifter. Det blir ikkje foreslått løyving på posten i 2024.

Post 36 Kunstnarisk utsmykking, kan overførast

Posten inneheld midlar til kunstnarisk utsmykking i statlege bygg under oppføring, og for byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga blir disponert av Kunst i offentlege rom (KORO) som gjennomfører prosjekta. Kostnadar til kunstnarisk utsmykking blir ikkje tatt inn i grunnlaget for husleigeutrekninga.

Det blir foreslått å løyve 59,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga gjeld der Statsbygg får i oppdrag å prosjektere og skaffe brukarutstyr til byggeprosjekta. Det inkluderer òg brukarutstyr til byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg, og nødvendige sikringstiltak på Nationaltheatret for å sikre drift. Eit brukarutstyrsprosjekt er eit separat prosjekt med eigne økonomiske rammer, og er ikkje del av byggeprosjektet, sjølv om delar av prosjekta normalt er tett integrerte. Oppdragsdepartementet er ansvarleg for gjennomføring av brukarutstyrsprosjektet, òg i dei tilfella Statsbygg hjelper til i anskaffingane.

I dei tilfella der Statsbygg skal forplikte for brukarutstyrsprosjektet ut over budsjettåret, må oppdragsdepartementet fremje forslag om slik fullmakt og delegere denne til Statsbygg.

Rapport

I 2022 vart midlane brukte til å skaffe brukarutstyr for UiO nytt livsvitskapsbygg, UiO Vikingtidsmuseet, Norsk havteknologisenter og fagskulen for brann- og redningspersonell. I tillegg vart det gjennomført sluttarbeid/sluttoppgjør for Nasjonal-museet og NMBU Campus Ås. Vidare vart midlane brukte til prosjektering av brukarutstyr for nytt regjeringskvartal, Nationaltheatret inkludert

sikring av eksisterande eigedom, NTNU campus-samling og samlokalisering av Det samiske nasjonalteateret Beivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvingane til brukarutstyr er foreslått vidareførte med 110 mill. kroner til nytt livsvitskapsbygg og 35 mill. kroner til Vikingtidsmuseet, begge ved UiO, 16,9 mill. kroner til fagskulen for brann- og redningspersonell, 26 mill. kroner til nytt regje-

ringskvartal og 906,6 mill. kroner til Norsk havteknologisenter, 10 mill. kroner til samlokalisering av Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet i Bergen og 9 mill. kroner til NTNU campus-samling. I tillegg er det foreslått 30 mill. kroner til å vidareføre arbeidet med nødvendige tiltak på Nationaltheatret. Sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet for ytterlegare omtale av prosjekta.

Det blir foreslått å løyve 1 146,9 mill. kroner.

Kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	30 816	30 129	31 788
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	63 719	39 304	42 523
	Sum kap. 531	94 535	69 433	74 311

H.M. Kongen har disposisjonsrett til Det kongelege slott, hovudhuset på Bygdøy kongsgard med sidebygning og park, Oscarshall slott, Stiftsgarden i Trondheim og Gamlehaugen i Bergen. Ved Stiftsgarden og Gamlehaugen har Statsbygg ansvaret for bygningar, interiør og utandørsanlegg. Ved eigedomane i Oslo har Statsbygg ansvaret for ytre vedlikehald, tekniske installasjonar og større vedlikehaldsarbeid, medan Det kongelege hoffet har ansvaret for innvendig vedlikehald og parkanlegg. Eigedomane representerer store kulturhistoriske verdiar. Det kongelege hoffet og Statsbygg har eit nært samarbeid med Riksantikvaren om forvaltning av eigedomane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av dei statlege kongelege eigedomane, som H.M. Kongen har disposisjonsrett til. Dette skjer i nært samarbeid med Det kongelege hoffet.

Det blir foreslått å løyve 31,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekkjer bygningsmessige arbeid av investeringsmessig karakter.

I 2022 vart midlane i hovudsak brukte til restaurering av Ridehallen og restaurering av tverrfløy og istandsetting av Stallgarden ved Det kongelege slott. I tillegg er løyvinga brukt til å dekke kostnader til sikkerheitstiltak på Bygdøy kongsgard og til restaurering av fasadar ved Gamlehaugen.

I 2024 vil innvendig restaurering av Gamlehaugen, restaurering og rehabilitering av tverrfløy sør og nord i Stallbygget og istandsetting av Stallgarden med omkringliggende areal ved Det kongelege slott bli prioritert. I tillegg vil det bli igangsett førebuande arbeid for utskifting av tak på søre sidefløy på Slottet og utbetring av Slottsplassen.

Det blir foreslått å løyve 42,5 mill. kroner.

Kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	24 883	26 470	27 947
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	169 316	35 000	35 000
	Sum kap. 533	194 199	61 470	62 947

Kapitlet omfattar forvaltning av kulturhistoriske eigedomar utanfor den statlege husleigeordninga. Samla bygningsareal er om lag 32 000 kvadratmeter og inkluderer Håkonshallen og Rosenkrantzårnet på Bergenhus festning, Munkholmen, Austråttborgen, Grotten, Bjørgan prestegard, staten sine eigedomar etter Røros koparverk, Villa Stenersen, Klemenskirken, Stavern fort på Citadelløya, Sjømennenes minnehall, fjell- og øydestover, Bygdøy kongsgard og den nasjonale minnestaden etter 22. juli på Utøyakaia. Statsbygg skal utøve fagleg godt vedlikehald av eigedomane i nært samarbeid med vernestyresmaktene. Det er konstaterat betydeleg vedlikehaldsetterslep ved fleire av eigedomane. Statsbygg utarbeider jamleg tilstandsanalyser og har ein plan for ei berekraftig kulturminnefagleg sikring av porteføljen i ein tiårsperiode (2020–2029). Det er frå 2019 satt av 35 mill. kroner årleg til ekstraordinært vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer utgifter til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen.

I 2022 vart det utført vedlikehaldstiltak ved mellom anna Stavern Fort på Citadelløya, Munkholmen kommandantbustad og Håkonshallen.

Det blir foreslått å løyve 27,9 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3533, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekkjer utgifter til restaureringsarbeid ved eigedomane.

I 2022 utførte Statsbygg ekstraordinært vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, mellom anna på Rosenkrantzårnet, staten sine eigedomar på Røros, rehabilitering av eigedomane på Bygdøy (Hengsenga og Villa Gjøa), Villa Stenersen, Munkholmen og Austråttborgen. Den nasjonale minnestaden etter 22. juli på Utøyakaia vart ferdigstilt i 2022.

I 2024 blir det foreslått ei løyving på 35 mill. kroner til ekstraordinært vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen. Løyvinga skal mellom anna gå til rehabilitering av bygningsmassen på Bygdøy kongsgard, Håkonshallen, ved Villa Stenersen og Munkholmen.

Kap. 3533 Eigedomar utanfor husleigeordninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Diverse inntekter	5 454	5 140	5 366
	Sum kap. 3533	5 454	5 140	5 366

Post 02 Diverse inntekter

På posten førast i hovudsak inntekter frå parke-

ring ved Bygdøy kongsgard. Det blir foreslått å løyve 5,4 mill. kroner.

Kap. 2445 Statsbygg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
24	Driftsresultat	-1 196 159	-324 596	-334 642
30	Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>	72 205	262 700	439 000
31	Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	302 003	61 200	100 000
32	Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	149 295	277 000	277 000
33	Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	4 016 409	6 139 450	5 306 140
34	Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	463 057	850 000	850 000
39	Renter på byggelån, <i>kan overførast</i>	275 181	490 000	667 000
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	214 832	326 266	352 985
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>	119 687	805 976	77 019
	Sum kap. 2445	4 416 510	8 887 996	7 734 502

Statsbygg er organisert som ei forvaltningsbedrift og forvaltar 2,96 mill. kvadratmeter bygningsmasse, fordelt på 2 224 bygningar. Verksemda har 845 årsverk, fordelt på hovudkontoret i Oslo og fire lokalkontor og driftspersonale på eigedomane. Kap. 2445 Statsbygg inneheld både drifts- og investeringsbudsjett. Post 24 Driftsresultat er driftsinntekter med frådrag av driftskostnader og kapitalkostnader, og overføringar til og frå reguleringsfondet. Investeringsbudsjettet, postane 30 til 49, inneheld løyvingar til prosjektering, bygging, kjøp av eigedom, og dessutan byggelånsrenter. Byggeprosjekta blir finansierte etter to ulike modellar, ordinære og brukarfinansierte byggeprosjekt. Ordinære byggeprosjekt blir fremma for

Stortinget med forslag til kostnadsramme for kvart enkelt prosjekt og moglegheit for heil eller delvis husleigekompensasjon for brukaren. Kostnadsrammene for prosjekta blir rekna ut med basis i gjennomført forprosjekt og fastsett på eit nivå som inneber at ein med 85 pst. sannsyn skal greie å halde dei. Investeringa for brukarfinansierte byggeprosjekt blir finansiert gjennom husleige som blir dekt innanfor brukaren si eksisterande økonomiske ramme. Desse prosjekta blir behandla etter forenkla prosedyrar i tråd med eiga fullmakt frå Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak. Statsbygg har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av alle byggeprosjekt under kap. 2445 Statsbygg, etter at dei er ferdigstilte.

Post 24 Driftsresultat

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
24.1	Driftsinntekter	-6 248 930	-5 820 000	-6 364 000
24.2	Driftsutgifter	2 331 912	2 270 404	2 695 358
24.3	Avskrivningar	1 616 900	1 548 000	1 614 000
24.4	Renter av statens kapital	1 656 644	1 677 000	1 720 000
24.6	Til reguleringsfondet	-552 685		
	Sum post 24	-1 196 159	-324 596	-334 642

Driftsbudsjettet til Statsbygg skal dekke alle utgifter til forvaltning, drift og vedlikehold, utskiftingar ved eigedomane, og dessutan avskrivningar og renter av statens kapital.

Underpost 24.1 Driftsinntekter

Inntektene består i hovudsak av husleige. Husleiga dekker forvaltning, drift, vedlikehold, utskiftingar ved eigedomane, avskrivningar og avkasting på investert kapital. I tillegg blir det rekneskapsført netto inntekter frå sal av eigedom, fakturerte rådgivingstenester og inntekter frå andre oppdrag på denne underposten.

Underpost 24.2 Driftsutgifter

Driftsutgiftene består i hovudsak av forvaltning, drift og vedlikehold av eigedomsmassen og administrasjon og løn.

Underpost 24.3 Avskrivningar

Alle eigedelar blir avskrivne lineært. Normal avskrivningstid for nybygg er 60 år. Tekniske anlegg og andre særskilde bygningskomponentar har kortare avskrivningstid. Avskrivningane blir førte som ei driftsutgift i Statsbygg og blir utlikna av ei tilsvarende inntekt på Finansdepartementets kap. 5491 Avskrivningar på statens kapital i statens forvaltningsbedrifter, post 30 Avskrivningar, for å vise staten sine totale kostnader basert på konstantprinsippet.

Underpost 24.4 Renter av statens kapital

Rentene førast som ei driftsutgift i Statsbygg, og motsvarast av ei tilsvarende inntekt på Finansde-

partementet sitt kap. 5603 Renter av statens kapital i statens forvaltningsbedrifter, post 80 Renter av statens faste kapital.

Underpost 24.5 Til investeringsføremål

Posten gjeld avsetning til investeringsføremål. Posten blir brukt når investeringar ut over løyving blir finansierte frå drifta, til dømes kjøp av eigedom.

Underpost 24.6 Til reguleringsfondet

Føremålet til reguleringsfondet er å utjamne variasjonar i driftsinntekter og -utgifter mellom år. Fondet skal òg dekke utgifter ved skadetilfelle på eigedomane. For at fondet skal verke slik det er meint, er det viktig å halde det på eit tilstrekkeleg nivå. Stortinget har slutta seg til at reguleringsfondet over tid bør vere om lag 1 pst. av balansen. Ved utgangen av 2022 utgjorde reguleringsfondet 994 mill. kroner, mens balansen var om lag 58 mrd. kroner. Departementet kan godkjenne overskriding av årlege løyvingar på investeringspostane ved bruk av midlar frå fondet. Det gjeld både tilførsel av likviditet for å halde optimal framdrift i byggeprosjekt under arbeid, og kjøp av eigedom på kap. 2445 Statsbygg, jf. forslag til romartalsvedtak.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått eit driftsresultat på 334,6 mill. kroner, ei auke på 10 mill. kroner.

Post 30 Prosjektering av bygg, kan overføres

Løyvinga dekker utgifter til prosjektering av prioriterte ordinære byggeprosjekt fram til fullført for-prosjekt.

Rapport

I 2022 vart midlane brukte til vidare prosjektering av nytt Oslo fengsel, Bergen tinghus, samlokalisering av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet og byggetrinn 2 for nytt regjeringskvartal.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 376 mill. kroner til vidare prosjektering av byggetrinn 2 for nytt regjeringskvartal og 53 mill. kroner til vidare prosjektering av samlokalisering av Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet i Bergen. I tillegg blir det foreslått 10 mill. kroner til prosjektering av det samiske museet RiddoDouttarMuseat.

Samla blir det foreslått å løyve 439 mill. kroner.

Post 31 Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, kan overføres

Posten dekker utgifter til oppstart av nye byggeprosjekt innanfor husleigeordninga.

I 2022 vart det løyva midlar til oppstart av Blått bygg ved Nord Universitet, 22. juli-senteret og samlokalisert nybygg for Det samiske nasjonalteateret Beavvváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. I 2023 vart det løyvd midlar til å utvide Ullersmo fengsel.

Det blir foreslått å løyve 100 mill. kroner til oppstart av rehabilitering av Bergen tinghus. Prosjektet er venta ferdig i 2027, innanfor ei kostnadsramme på 1 180 mill. kroner, i prisnivå per 1. juli 2024.

Post 32 Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt, kan overføres

Løyvinga dekker midlar til prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt på oppdrag frå departementa. Kommunal- og distriktsdepartementet har i eige rundskriv utarbeidd retningslinjer for gjennomføring av brukarfinansierte byggeprosjekt. Det blir foreslått å løyve 277 mill. kroner.

Post 33 Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, kan overføres

Løyvinga dekker midlar til vidareføring av byggeprosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Midlane skal sikre optimal framdrift i pågåande prosjekt.

Rapport

I 2022 vart det brukt 4 016 mill. kroner på posten. Dei største prosjekta var nytt regjeringskvartal byggetrinn 1, energiløysing for nytt regjeringskvartal, rehabilitering av tekniske anlegg ved Ila fengsel, fagskulen for brann- og redningspersonell og fjellanlegg for Nasjonalbiblioteket i Rana. I tillegg vart midlane brukte til prosjekter i avslutningsfase som mellom anna nybygg for Nasjonal-museet og nytt museumsbygg for Saemien Sijte på Snåsa. Nytt sikringsmagasin for Nasjonalbiblioteket i Rana vart ferdigstilt i 2022 og rehabilitering av tekniske anlegg ved Ila fengsel vart ferdigstilt i 2023.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Tabellen nedanfor viser prosjekt på kap. 2445 Statsbygg som er under bygging i 2024:

Tabell 5.4 Ordinære byggeprosjekt – videreføring

	Oppstart	Avtalt ferdigstilling	Kostnadsramme per 1.7.2024 ¹	Forventa forbruk t.o.m. 2023	Forslag 2024
(i mill. kroner)					
<i>Bygg under Kommunal- og distriktsdepartementet:</i>					
Energiløysing for nytt regjeringskvartal	2019	2025	3 211,0	1 780	191
Nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1	2021	2025/2026	23 971,5	10 882	4 447,6
<i>Bygg under Justis- og beredskapsdepartementet:</i>					
Fagskule for brann- og redningspersonell	2021	2024	746,0	622	36
Oslo fengsel, avdeling Ullersmo	2023	2026	642,7	69	211
<i>Bygg under Kunnskapsdepartementet:</i>					
Blått bygg ved Nord universitet	2022	2025	638,8	385	123
22. juli-senteret	2022	2025	541,9	143	174,7
<i>Bygg under Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet:</i>					
Samlokalisert nybygg for Det samiske nasjonalteateret Beaivváš og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino	2022	2024	536,5	405	85
Prosjekt i reklamasjonsfasen/avslutningsfasen					37,9
Samla forslag post 33					5 306,1

¹ Kostnadsrammene er eksklusive midlar til kunstnarisk utsmykking, jf. kap. 530, post 36.

Statsbygg kan fordele midlane på posten mellom dei ulike prosjekta, avhengig av framdrift og likviditetsbehov for det enkelte prosjekt i 2024. Under programkategori 13.00, mål 3 Eit sikkert og effektivt nytt regjeringskvartal, er det gitt ei nærare omtale av prosjekt nytt regjeringskvartal.

Det blir foreslått å løyve 5 306,1 mill. kroner.

Post 34 Videreføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, kan overførast

Løyvinga dekkjer utgifter til videreføring av brukarfinansierte byggeprosjekt. I 2022 var 28 prosjekt i byggefasen, og sju av desse vart ferdigstilte. Prosjekta vart ferdigstilte til avtalt tid. Prosjekta vart ferdigstilte innanfor eller under styringsramma, med unntak av to prosjekt. I brukarfinansierte byggeprosjekt forpliktar Statsbygg seg til ei husleige basert på styringsrammene (P50) for prosjekta. Sju prosjekt er venta ferdigstilte i 2023. Dei største prosjekta i 2024 er ny energisentral ved Universitetet i Stavanger, automatlager og lyd-laboratoriet ved Nasjonalbiblioteket i Rana og

bygg for fakultet for helse- og sosialvitenskap ved NTNU.

Det blir foreslått å løyve 850 mill. kroner.

Post 39 Renter på byggelån, kan overførast

I tråd med ny økonomimodell for Statsbygg blir byggelånsrenter på investeringspostane 30–34 aktiverte i balansen til Statsbygg.

Det blir foreslått å løyve 667 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekkjer utstyr på eigedomane Statsbygg forvaltar, inkludert utbetringar, utskiftingar og installering av tekniske anlegg.

Rapport

Løyvinga for 2022 vart brukt til innkjøp som skal aktiverast i balansen og avskrivast. Dette gjeld investeringar i IKT og større utstyr til administra-

sjonen til Statsbygg og til drift av eigedomane. I tillegg vart det brukt midlar til bygningsmessige utskiftingar og utbetringar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I 2024 blir det foreslått å bruke 153 mill. kroner til innkjøp av utstyr og installering av tekniske anlegg på eigedomar som Statsbygg forvaltar, og 200 mill. kroner til bygningsmessige utskiftingar og utbetringar.

Samla blir det foreslått å løyve 353 mill. kroner.

Post 49 Kjøp av eigedomar, kan overførast

Løyvinga dekker kjøp av eigedomar og tomter til bruk i aktuelle byggeprosjekt.

I 2022 vart det mellom anna kjøpt eigedom til nytt regjeringskvartal (Møllergata 15), Nord Universitet (Kudalsveien 4) og kjøp av bustader i Longyearbyen.

I 2023 er det planlagt kjøp av mellom anna Oslo hovudbrannstasjon og Grubbegata 4-6 til nytt regjeringskvartal og to bygg til brannskulen i Tjeldsund, tomt til ungdomsheim i Bodø (Skoleveien 9), embetsbustad i Ottawa i Canada og bustader i Longyearbyen.

Det blir foreslått å løyve 77 mill. kroner.

Tabell 5.5 Balansen til Statsbygg

	(i 1000 kroner)			
	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Overslag 2023	Overslag 2024
Eigedelar:				
<i>Anleggsmiddel</i>				
Driftsmidlar, eigedomar	53 236 337	57 645 901	64 777 254	71 558 893
Aksjar, andelar	30	30	30	30
Utlån og obligasjonar	103 222	102 350	102 350	102 350
<i>Sum anleggsmiddel</i>	<i>53 339 588</i>	<i>57 748 281</i>	<i>64 879 634</i>	<i>71 661 273</i>
<i>Omløpsmiddel</i>				
Kortsiktige fordringar	42 623	34 184	38 404	36 294
<i>Sum omløpsmiddel</i>	<i>42 623</i>	<i>34 184</i>	<i>38 404</i>	<i>36 294</i>
<i>Sum eigedelar</i>	<i>53 382 212</i>	<i>57 782 465</i>	<i>64 918 037</i>	<i>71 697 567</i>
Eigenkapital og gjeld:				
<i>Eigenkapital</i>				
Eigenkapital, ekskl. reguleringsfond				
Reguleringsfond	1 546 850	994 165	994 165	994 165
<i>Sum eigenkapital</i>	<i>1 546 850</i>	<i>994 165</i>	<i>994 165</i>	<i>994 165</i>
<i>Langsiktig gjeld</i>				
Staten si renteberande gjeld	53 339 588	57 748 281	64 731 722	71 587 317
Anna langsiktig gjeld				
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>53 339 588</i>	<i>57 748 281</i>	<i>64 731 722</i>	<i>71 587 317</i>

Tabell 5.5 Balansen til Statsbygg

	(i 1000 kroner)			
	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Overslag 2023	Overslag 2024
<i>Kortsiktig gjeld</i>				
Kortsiktig gjeld	86 118	76 693	81 405	79 049
Mellomverande med statskassa	-1 590 344	-1 036 674	-889 255	-962 964
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	<i>-1 504 226</i>	<i>-959 981</i>	<i>-807 849</i>	<i>-883 915</i>
<i>Sum egenkapital og gjeld</i>	<i>53 382 212</i>	<i>57 782 465</i>	<i>64 918 037</i>	<i>71 697 567</i>

Kap. 5446 Sal av eidegom, Fornebu

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
40	Salsinntekter	2 098		
	Sum kap. 5446	2 098		

Post 40 Salsinntekter

På posten førast inntekter frå sal av gjenstående statlege areal på Fornebu. Gjenstående eigedomar vart selde i 2022.

Det blir ikkje foreslått løyving i 2024.

Kap. 5447 Sal av eidegom utanfor statens forvaltningsbedrifter

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
40	Salsinntekter	1 322 996		
	Sum kap. 5447	1 322 996		

Post 40 Salsinntekter

Staten eigde to eigedomar på Adamstuen i Oslo som vart frigjorde etter at byggeprosjektet på Campus Ås vart ferdigstilt, jf. kap. 530, post 34. Den nordlege eigedomen var balanseført hos

Statsbygg og inngjekk i forretningsdrifta til staten. Den sørlege eigedomen var forvalta av NMBU og Veterinærinstituttet og er utanfor forretningsdrifta til staten. Sala vart gjennomført i 2021 og 2022.

Det blir ikkje foreslått løyving i 2024.

Programkategori 13.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk

Utgifter under programkategori 13.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
540	Digitaliseringsdirektoratet	1 037 570	966 666	1 079 374	11,7
541	IT- og ekompolitikk	516 822	547 427	450 863	-17,6
542	Internasjonalt samarbeid	219 330	361 748	481 882	33,2
543	Nasjonal kommunikasjonsmyndig- heit	440 185	453 211	475 543	4,9
Sum kategori 13.40		2 213 907	2 329 052	2 487 662	6,8

Inntekter under programkategori 13.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3540	Digitaliseringsdirektoratet	308 743	329 485	318 785	-3,2
3542	Internasjonalt samarbeid	2 771	2 713	3 541	30,5
3543	Nasjonal kommunikasjonsmyndig- heit	308	609 709	583 922	-4,2
5570	Sektoravgifter under Kommunal- og distriktsdepartementet	253 440	262 613	281 165	7,1
Sum kategori 13.40		565 262	1 204 520	1 187 413	-1,4

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har koordineringsansvaret for forvaltningspolitikken, regjeringa sin IT-politikk og sektoransvaret for elektronisk kommunikasjon.

Føremålet med forvaltningspolitikken er å fastsetje felles rammer for korleis forvaltninga bør arbeide og vere organisert. Dette skal gi innbygarane rettstryggleik, bidra til at avgjerder er fagleg baserte, vareta demokratiske verdiar og fremje effektiv bruk av ressursane. Kommunal- og distriktsdepartementet har ei rolle som pådrivar

og tilretteleggar for ei open og samordna forvaltning som har høg tillit i befolkninga. Kvar enkelt sektor, departement og underliggende verksemd har eit sjølvstendig ansvar for å organisere seg og arbeide slik at dei politiske måla blir nådd.

Føremålet med IT-politikken er å utvikle rammevilkår som understøtter digitaliseringa i sektorane, på tvers av sektorar og samfunnet som heilskap. Kommunal- og distriktsdepartementet har eit koordineringsansvar som mellom anna inneber å identifisere utfordringar på tvers av sektorar og å initiere, koordinere og følgje opp tverrgående tiltak, irekna utvikling av strategiar og handlings-

planar. Departementet har òg eit særskilt ansvar for å arbeide for ei styrka og meir heilskapleg tilnærming til informasjonssikkerheit i forvaltninga. Digitalisering gir nye moglegheiter, men skaper òg nye sårbarheiter som gjer at arbeid med informasjonssikkerheit, inkludert digital sikkerheit, blir særleg viktig. Digitaliseringa av samfunnet skal skje på ein berekraftig og inkluderande måte, slik at flest mogleg blir inkludert i det digitale samfunnet. Den skal òg bidra til forenkling og effektivisering i både offentleg og privat sektor. Samstundes er det viktig å hindre at digitaliseringa bidrar til ei utvikling som sentraliserer oppgåver og arbeidsprosessar, svekker personvern eller forbrukarvern, aukar sårbarheita for digitale angrep, svekker konkurransen i dei digitale marknadene eller forsterkar digitale utanforskap. Digitaliseringa skal bidra til gode tenester, valfridom og medverking for innbyggjarar gjennom meir brukarvenlege og samanhengande digitale tenester. Digitaliseringa skal òg understøtte ein sterk og effektiv offentleg sektor, og auke konkurransevna og verdiskapinga i næringslivet. Staten og kommunane skal legge til rette for at digitaliseringa forenkler bedriftene sine administrative byrder.

Føremålet med ekompolitikken er å legge til rette for eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet. Høghastigheits breibandnett og mobilnett med god kapasitet, er viktig for innbyggjarar, næringsliv, forvaltning og kritiske samfunnsfunksjonar. Slike nett er ein føresetnad for oppgåveutføring, verdiskaping, innovasjon og samfunnssikkerheit på tvers av sektorar. Høg sikkerheit og beredskap i netta og tenestene, er òg ein føresetnad for at potensialet for digitalisering skal kunne utnyttast.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Digitaliseringsdirektoratet og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Staten eig òg 100 pst. av aksjane i Norid AS, som mellom anna forvaltar det norske toppnivådomeinet .no. Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar staten sitt eigarskap i selskapet.

Departementet har vidare ansvaret for den faglege styringa av den sentrale arbeidsgivarfunksjonen i staten, organisering og innkjøpspolitikken, mellom anna gjennom Statens innkjøpssenter i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Finansdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av DFØ. Den statlege arbeidsgivarpolitikken er nærare omtalt under programkategori 13.00. Kommunal- og distriktsdepartementet har det statlege oppfølgingsansvaret for stif-

tinga Design og arkitektur Norge (DOGA), sjå òg omtale under programkategori 13.90.

Mål for programkategorien

1. Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga
2. Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor
3. Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet

Mål 1 Forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga

Forvaltninga skal tilby gode og effektive offentlege tenester, vere open og ha høg tillit i befolkninga. Mindre administrasjon og detaljstyring skal gi dei tilsette meir fridom og innbyggjarane betre velferdstenester. Offentleg sektor skal vere sterk, og eigen kompetanse skal utviklast framfor å bruke konsulentar. Utviklinga av offentleg forvaltning skal forankrast i sentrale verdiar som demokrati, rettstryggleik, fagleg integritet og effektivitet. Sjå nærare omtale i del I pkt. 1.3 og omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under målet under kap. 500, 540, 541 og 542.

Kommunal- og distriktsministeren har ansvar for å koordinere regjeringa sitt arbeid med berekraftsmåla nasjonalt. Ein samla rapport om arbeidet i 2022 finn ein som eit digitalt vedlegg til denne budsjettproposisjonen. Kommunal- og distriktsministeren leiar Toppleiarforum for berekraftsmåla. Toppleiarforum er eit forum for utvikling av eit felles kunnskapsgrunnlag, deling av beste praksis og drøfting av målkonfliktar, interessemotsetnader og dilemma.

Mål 2 Digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor

Regjeringa ønskjer ein sterk og effektiv offentleg sektor som gir innbyggjarane gode tenester, valfridom og medråderett. Offentleg sektor skal vere effektiv, og gjennom digitalisering er målet å tilby forbetra offentlege tenester, fremje innovasjon og verdiskaping i næringslivet og sikre ein berekraftig og inkluderande samfunnsutvikling. IT-politikken grip på tvers av samfunnssektorane og ei viktig oppgåve er samordning av politikken.

Regjeringa vil følgje opp handlingsplanen for auka deltaking i eit digitalt samfunn som vart lagt

fram våren 2023 og skal bidra til å styrkje digital deltaking og auka digital kompetanse i befolkninga, i takt med utviklinga i digitaliseringa av samfunnet.

Regjeringa skal legge fram ein heilskapleg nasjonal digitaliseringsstrategi på tvers av ulike sektorar, der målet er å legge til rette for arbeidsplassar, verdiskaping og betre offentlege tenester i heile landet.

Digitale fellesløyningar i forvaltninga spelar ei avgjerande rolle i utviklinga av nye digitale tenester. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Digitaliseringsdirektoratet sitt arbeid med forsvarleg drift, sikring og forvaltning av fellesløyningane.

For å styrkje informasjonssikkerheiten i kommunane, jobbar Kommunal- og distriktsdepartementet med å få etablert eit eige responsmiljø for kommunesektoren – KommuneCERT.

Sjå nærare omtale i del I pkt. 1.4 og omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under målet under kap. 540, 541 og 542.

Mål 3 Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet

Regjeringa ser store moglegheiter i digitalisering og ny teknologi. Grunnleggande digital infrastruktur, som mobil- og breibandnett og datasenter med høg kvalitet og sikkerheit, er ein føresetnad for digitalisering og avgjerande for å bygge landet vidare i framtida. Det er viktig at alle kan delta i den digitale utviklinga.

Dei viktigaste linjene i norsk ekompolitikk skal ligge fast. Regjeringa vil vidareføre den marknadsbaserte tilnærminga til utbygging av nett og tenester og prinsippa om forsvarleg sikkerheit, minimumsregulering, teknologinøytralitet og effektiv marknadsregulering. Det er i hovudsak marknadsaktørane som skal finansiere vidare utbygging, og regjeringa vil legge til rette for dette.

Samstundes har utbygginga i Noreg kome så langt at det er mange av dei dyraste områda som står igjen å bygge ut. Dette er ofte område utan kommersielt grunnlag for investeringar. Regjeringa vil at staten skal ta eit større ansvar for utbygging av høghastigheits breiband til husstandar og verksemder i slike områder, og foreslår å auke løyvinga til dette. Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemder i Noreg skal ha tilbod om høghastigheits breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit innan utgangen av 2025.

Når alle blir meir avhengige av nett med høg kvalitet, er òg høg sikkerheit og beredskap avgjerande for tryggleik for folk og verksemder i heile landet. Regjeringa foreslår derfor òg i 2024 å bruke midlar på sikkerheit og beredskap i nett og tenester.

Sjå nærare omtale i del I pkt. 1.4 og omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under målet under kap. 541 og 543.

Berekraftsmåla

Innanfor området forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk bidrar Kommunal- og distriktsdepartementet til berekraftsmåla på ei rekke område. Deling og bruk av data gjer det mogleg å skape nye verdiar og meir effektive løysingar (mål 8 om økonomisk vekst). Utbygging av mobil- og breibandnetta i område der det ikkje er kommersielt grunnlag for det, betrar føresetnadene for innovasjon (mål 9 om infrastruktur og innovasjon), reduserer det digitale gapet og skapar meir likeverdige tilbod over heile landet (mål 10 om å redusere ulikskap). God informasjonssikkerheit og personvern er føresetnader for tillit. eID gjer at alle kan bevise den juridiske identiteten sin, eInnsyn gjer det mogleg å følge offentleg saksbehandling og sjølvbeteningsløyningar aukar effektiviteten i offentleg sektor (mål 16 om velfungerande institusjonar).

Kap. 540 Digitaliseringsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	137 079	150 766	159 610
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	60 613	12 683	11 370
22	Bruk av nasjonale fellesløysingar	158 038	191 200	179 000
23	Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, <i>kan overførast</i>	340 315	319 870	422 308
25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, <i>kan overførast</i>	164 622	123 980	136 329
26	Stimulab, <i>kan overførast</i>	13 967	4 925	5 202
27	Tilsyn for universell utforming av ikt, <i>kan overførast</i>	26 712	26 375	19 133
29	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, <i>kan overførast</i>	135 365	136 000	137 500
71	IT-tilskot	859	867	8 922
	Sum kap. 540	1 037 570	966 666	1 079 374

Digitaliseringsdirektoratet skal vere regjeringa sitt fremste verktøy for effektiv og samordna digitalisering av offentleg sektor og av samfunnet elles, og mellom anna bidra til digitalisering i næringslivet. Digitaliseringsdirektoratet skal, i nært samarbeid med andre aktørar både i offentleg og privat sektor, realisere regjeringa sine ambisjonar og mål for digitaliseringa av samfunnet. Eit sentralt mål er å skape samanhengande offentlege digitale tenester i verdsklasse som er tilgjengelege for alle. Digitaliseringsdirektoratet har staten og kommunane, næringsdrivande, frivillig sektor og innbyggjarane som målgrupper.

Direktoratet skal bidra til samordna digitalisering gjennom å utøve sine fire roller som premissgivar, iverksettar, leverandør av fellesløysingar og tilsyn for universell utforming av ikt. Som premissgivar skal Digitaliseringsdirektoratet vere pådrivar, ha kunnskap, delta i internasjonalt samarbeid og gi råd som fremjar digitalisering, mellom anna offentleg sektor sitt arbeid med utvikling av samanhengande tenester, felles økosystem, deling av data og førebyggjande informasjonssikkerheit. Som iverksettar skal direktoratet vere ein pådrivar for auka digitalisering og innovasjon, og betre informasjonssikkerheit i forvaltninga. Digitaliseringsdirektoratet er sekretariat for Digitaliseringsrådet og forvaltar òg finansielle verkemiddel som skal bidra til auka digitalisering

og innovasjon i forvaltninga, som medfinansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt og Stimulab.

Som leverandør arbeider Digitaliseringsdirektoratet med å vidareutvikle og utbreie fellesløysingar som Altinn og ID-porten, og å skape nye verdier og digitale tenester med høg tillit. Oppgåver knytte til tilsynsrolla for universell utforming av ikt skal utøvast uavhengig av direktoratet sine andre oppgåver.

Digitaliseringsdirektoratet skal støtte opp om målet om at forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga og målet om at digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Rapport

Ein god digital grunnmur i form av fellesløysingar og register er ein føresetnad for å kunne tilby og utvikle gode digitale løysingar raskt og kostnads-effektivt.

Bruken av Digitaliseringsdirektoratet sine fellesløysingar er meir enn tidobla sidan 2016 og auka eksplosivt under pandemien. Utviklinga stabiliserte seg noko i 2022, men årleg koplar mellom 1 000 og 2 000 nye offentlege digitale tenester seg på Digitaliseringsdirektoratet sine fellesløysingar, ein auke på 28 pst. frå 2021 til 2022, frå 9 257 til 11 846 tenester. Bruken av ID-porten viser ein forventna liten nedgang på 10 pst. frå rekordåret 2021 til 286 millionar innloggingar i 2022. Det er ein liten nedgang på 6 pst. i bruk av Kontakt- og reservasjonsregisteret i same periode til noko over 2 milliardar oppslag i 2022. Altinn formidla over 92 millionar sendingar for offentlege og private aktørar, noko som er ein nedgang på 3 pst. frå 2021. Bruken av eSignering auka 49 pst. Det vart gjennomført 2,4 millionar signeringar i 2022.

Digitaliseringsdirektoratet jobbar med å modernisere løysingane for å sikre nødvendig kapasitet og sikkerheiten i dei digitale tenestene i offentlig sektor. Direktoratet har gjennomført eit større moderniseringsarbeid av den tekniske infrastrukturen for ID-porten, Kontakt- og reservasjonsregisteret og Maskinporten. Digitaliseringsdirektoratet leiår òg eit omfattande og samfunnskritisk moderniseringsarbeid for å sikre overgangen frå dagens Altinn-løysning til Altinn 3.

Informasjonssikkerheit og personvern er ein føresetnad for å bygge tillit til digitaliseringa av samfunnet. Digitale angrep mot nasjonale fellesløysingar er ein alvorleg sikkerheitsrisiko, og internasjonale hendingar påverkar stadig det digitale trusselbildet betydeleg. I 2022 gjorde internasjonale hendingar at sikkerheitssituasjonen vart skjerpå òg for Digitaliseringsdirektoratet gjennom fleire cyberangrep mot digitale løysingar. Hendingar innan informasjonssikkerheit kan òg kome av uhell, aktløyse eller naturhendingar. Våren 2023 opplevde fleire offentlege verksemder hendingar som syner viktigheita av å arbeide systematisk med heile informasjonssikkerheitsområdet. Gjennom 2022 og i 2023 fortsette derfor direktoratet å prioritere innsatsen for å styrkje forvaltninga si evne til å arbeide systematisk med informasjonssikkerheit. Direktoratet er pådrivar for at ulike rettleiingsaktørar samarbeider og samordnar arbeidet sitt for å gjere det enklare for kommunar og statlege verksemder å lykkast. Gjennom ulike prosjekt vil direktoratet søkje å løyse fleire av utfordringane forvaltninga har med informasjonssikkerheit.

Eit av dei viktigaste tiltaka i den gjeldande digitaliseringsstrategien «En digital offentlig sektor» handlar om å etablere samanhengande tenester

innanfor sju prioriterte livshendingar. Digitaliseringsdirektoratet er ein pådrivar for arbeidet med livshendingar og andre samanhengande tenester. Eit tverrfagleg koordineringsteam rundt mottak av flykningar frå Ukraina bidrog til at alle flykningar har moglegheit til å bruke ID-porten som inngang til digitale tenester frå det offentlege. For livshendinga dødsfall og arv som Digitaliseringsdirektoratet har ansvaret for var endringa i arvelova ein viktig milepåle for løysinga digitalt dødsbu. Pågåande tiltak er til dømes digital gravferdsmelding, oppgjer etter dødsfall og digitalt dødsbu.

Nasjonal strategi for eID i offentlig sektor vart lansert i april 2023. Strategien slår fast at tilgang til ein eID som kan brukast for å nå offentlege tenester og gode løysingar for fullmakt og representasjon for dei som ikkje kan eller vil bruke digitale tenester sjølv, er viktig for å redusere digitalt utanforskap. Digitaliseringsdirektoratet har saman med departementet gitt ut ein rettleiar for bruk av eID i jobbsamheng i offentlig sektor.

Deling og bruk av data er avgjerande for å skape verdiar og oppnå samanhengande tenester for brukarane. I 2022 har Digitaliseringsdirektoratet hatt fokus på å spreie kunnskap om juridiske, teknologiske og forretningsmessige forhold rundt datadeling. Saman med samarbeidspartnarar har direktoratet gjennom løysingar og samhandlingsarenaer lagt til rette for auka deling og gjenbruk av data. Auka tilgang til data er nødvendig for å hente ut effektar og nytta av ny teknologi i framtida.

I 2022 har Digitaliseringsdirektoratet følgd opp norsk deltaking i EUs rammeprogram for digitalisering, DIGITAL, og deltatt i ei rekke internasjonale aktivitetar i Norden og Baltikum. Digitaliseringsdirektoratet jobba òg med mobilisering av norske verksemder til deltaking i DIGITAL-programmet.

Eit utvida regelverk for universell utforming av ikt og ein kraftig auke i behovet for rettleiing pregar arbeidet til tilsynet for universell utforming av ikt. Som følgje av webdirektivet, som vart innført i norsk rett i 2022 og gjeld frå 1. februar 2023, aukar kravet til talet tilsyn vesentleg i åra framover. Derfor jobbar tilsynet med å digitalisere arbeidsprosessar for å kunne gjennomføre databaserte kontroller. Løysinga for tilgjengelegheitserklæring er ein del av dette arbeidet. I 2022 rulla tilsynet ut ei ny tilgjengelegheitserklæring for nettstader til 2 752 offentlege verksemder, som auka behovet for informasjon og rettleiing frå tilsynet betydeleg.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Digitaliseringsdirektoratet skal vidareutvikle rolla som fagdirektorat for å ha kunnskap og oversikt over tilstanden for digitale tenester i forvaltninga. Direktoratet skal fremje tiltak for å dekke felles behov og utfordringar i offentleg forvaltning på ein effektiv måte.

Direktoratet skal sørge for at digitale fellesløysingar blir drifta, forvalta og vidareutvikla på ein berekraftig og forsvarleg måte. Ein viktig del av dette er å arbeide for at offentlege verksemder brukar fellesløysingane når dei utviklar digitale tenester.

Direktoratet har ei viktig rolle i utarbeiding og oppfølging av ny nasjonal digitaliseringsstrategi.

Digitaliseringsdirektoratet skal følgje opp tiltaka i ny strategi for eID i offentleg sektor og jobbe aktivt for å nå målet om at alle må ha moglegheit til å skaffe seg ein eID på det sikkerheitsnivået dei har behov for.

Digitaliseringsdirektoratet vil frå 1. januar 2024 overta ansvaret for å forvalte tilskot til hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller lav kompetanse, sjå nærare omtale under kap. 540, post 71. Det vil i denne samanhengen bli overført eit årsverk frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Digitaliseringsdirektoratet. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 500, post 01.

Midlar til drift og forvaltning av tilsyn for universell utforming av ikt løyvast på post 27. Da posten vart oppretta i 2022, vart ikkje lønskompensasjon overført til posten. For å kompensere for det, blir det foreslått å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på post 27.

Det blir foreslått å løyve 159,6 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3540, post 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til Digitaliseringsdirektoratet sine utviklingsoppgåver og it-prosjekt, og nyutvikling knytt til nasjonale fellesløysingar.

For rapportering sjå omtale under kap. 540, post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Regjeringa har vedtatt å avvike Startoff-programmet for å prioritere andre satsingar. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 2 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 11,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3540, post 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 22 Bruk av nasjonale fellesløysingar

Løyvinga dekker utgifter for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå skrive ut av private leverandørar, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå ved sending av SMS. På vegne av offentlege verksemder har Digitaliseringsdirektoratet inngått avtale med fleire private leverandørar. Forslaget til løyving er basert på forventa volum for bruk hos verksemdene som brukar ID-porten.

Løyvinga dekker òg utgifter for bruk av Digital postkasse til innbyggjarar der det er inngått avtale med fleire private leverandørar, og kostnader for innlogging til postkassene via ID-porten og kostnader knytte til oppstart og signatur til tenesta for signering. Desse kostnadene blir dei enkelte verksemdene fakturert for, jf. kap. 3540, post 05. Det er usikkerheit knytt til løyvingsanslaget.

Løyvinga skal vere tilpassa faktisk bruk av løyvingane i forvaltninga og gjeldande rammevilkår frå underleverandørar.

For rapportering sjå omtale under kap. 540, post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 179 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3540, post 05, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 23 Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, kan overførast

Løyvinga dekker utvikling, forvaltning og drift av dei nasjonale fellesløysingane ID-porten, Digital postkasse til innbyggjarar, Kontakt- og reservasjonsregisteret, eSignering, eFormidling, ELMA, eInnsyn, Altinn og data.norge.no. I tillegg budsjetterast utgifter til drift, forvaltning og utvikling av Maskinporten. Utgifter til utbreiing av eInnsyn, i kommunar og fylkeskommunar, og Maskinporten skulle dekkast av dei verksemdene som tar fellesløysingane i bruk. På grunn av usikkerheit

med omsyn til meirverdiavgift og framtidige finansieringsmodellar må løysingane delvis sentralfinansierast.

Vidare dekker løyvinga nødvendige tilpassingar som følgje av samarbeid med EU og nordisk-baltisk samarbeid. Løyvinga dekker òg deler av arbeidet med strategi og samordning av nasjonale fellesløysingar slik at dei blir forvalta og vidareutvikla på ein heilskapleg måte.

Som ein del av oppgåvene med å drifte, forvalte og utvikle løysingane, utfører Digitaliseringsdirektoratet enkelte oppdrag knytt til utvikling av særskild funksjonalitet og tilleggstenester som er etterspurd av kundar og tenesteeigarar. Desse kostnadene blir fakturert vidare. Føring av inntekta skjer på kap. 3540, post 03.

For rapportering sjå omtale under kap. 540, post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Fellesløysingane har ein sentral plass i tenesteproduksjonen i offentleg sektor og den digitale samhandlinga med innbyggjarar og næringsliv. Dette er tenester som er heilt sentrale for å vareta den samfunnsstrukturen vi har i Noreg. Trusselsituasjonen er betydeleg og aktiviteten frå profesjonelle trusselaktørar er aukande. Det er viktig at fellesløysingane har tilstrekkeleg kapasitet til å dekke ikkje berre ein normal situasjon, men òg krisesituasjonar. Fellesløysingane må òg vidareutviklast slik at dei dekker endra regulatoriske føresetnader og nye behov.

Arbeid med å utvikle ei ny plattform (Altinn 3) som skal erstatte Altinn II vart starta i 2018. Prosjektet vart overført frå Brønnøysundregistra til Digitaliseringsdirektoratet 1. januar 2020. Bakgrunnen for arbeidet med ny plattform er at sentrale produkt i Altinn II er i ferd med å bli utdaterte, Altinn II innfrir ikkje krav til universell utforming og det er behov for å modernisere og auke sikkerheiten i løysinga, mellom anna for å gi større fleksibilitet ved å etablere frittstående og uavhengige produkt.

Våren 2023 vart det etablert eit tverretatleg program under leiing av Digitaliseringsdirektoratet og med dei største tenesteeigarane på Altinn-plattform; Brønnøysundregistra, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå (SSB). Programmet Nye Altinn skal utvikle Altinn 3 i Digitaliseringsdirektoratet og reetablere Brønnøysundregistra, SSB og Skatteetaten sine digitale tenester på den nye plattform. Programmet skal òg bidra til å koordi-

nere overgangen til Altinn 3 for alle tenesteeigarane som ikkje er med i programmet. Programmet skal etter planen vare til juni 2026. Våren 2023 vart programmet kvalitetssikra i samsvar med Statens prosjektmodell. Verksemdene vil hausten 2023 oppdatere og forbetre programmet sine planar i tråd med vurderingane frå eksterne kvalitetssikrar. Det er nødvendig å fortsette den eksterne kvalitetssikringa vinteren 2023/2024. Regjeringa tar sikte på å kome tilbake til Stortinget med ei nærare orientering om status for arbeidet med Altinn 3 i statsbudsjettet for 2025.

Fleire tenesteeigarar har tatt Altinn 3 i bruk allereie. Samstundes står det att mykje utvikling på plattformen og eit stort tal digitale tenester som skal flyttast frå Altinn II til Altinn 3. Det er 29 tenesteeigarar som skal reetablere om lag 350 tenester og 520 skjema på den nye plattformen.

Arbeidet med å reetablere tenestene på den nye plattformen er krevjande mellom anna fordi det er svært stramme fristar, mange må jobbe saman og i parallell og alle tenester på Altinn II må vere reetablert på Altinn 3 innan juni 2026. Det krevst derfor god styring og oppfølging av programmet. Det er derfor viktig at verksemdene held fram arbeidet med modernisering av Altinn 3 og flytting av tenester i 2024.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å løyve 200 mill. kroner til arbeidet med Altinn 3 i 2024. Løyvinga blir fordelt med 78,5 mill. kroner til Digitaliseringsdirektoratet på kap. 540, post 23, 90 mill. kroner til Skatteetaten på kap. 1618, post 22, 21,5 mill. kroner til Brønnøysundregistra på kap. 904, post 21 og 10 mill. kroner til SSB på kap. 1620, post 01. Denne fordelinga vil ved eventuelt behov bli foreslått justert i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024.

Direktoratet har gjennomført eit større moderniseringsarbeid av den tekniske infrastrukturen for dei digitale fellesløysingane ID-porten, Kontakt- og reservasjonsregisteret og Maskinporten. I denne samanhengen er det mellom anna auka merksemd på å styrkje arbeidet med forsvarleg drift, sikring og forvaltning av fellesløysingane i Digitaliseringsdirektoratet. På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 4,4 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 422,3 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3540, post 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 25 Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast

Rapport

Medfinansieringsordninga har sidan oppstarten i 2016 bidratt til å setje i gang 89 tiltak med samla prosjektkostnader på over 2 mrd. kroner. Prosjekta i perioden 2016–2023 oppgir samla netto gevinstar i offentleg sektor på over 1,3 mrd. kroner per år. Dette fordeler seg på statleg sektor med 347,5 mill. kroner per år og kommunal sektor med 909,1 mill. kroner per år.

I 2022 fekk 8 prosjekt tilsegn frå medfinansieringsordninga, med ei samla tilsegnsramme på 128,1 mill. kroner. I 2023 har 8 prosjekt fått tilsegn om til saman 132,5 mill. kroner i medfinansiering. Desse prosjekta har ein berekna netto noverdi på 1,4 mrd. kroner over 10 år, med vesentlege gevinstar hos innbyggjarar og næringsliv. Mogleg innsparingspotensial i offentleg sektor er berekna til om lag 82,9 mill. kroner per år. Av dette er 70,9 mill. kroner i kommunesektoren.

I nye retningslinjer av 2023 kan det søkast om medfinansiering til digitaliseringstiltak med ei kostnadsramme på mellom 10 og 100 mill. kroner, og maksimal del for medfinansiering er 50 pst. Ordninga inneber at verksemder som mottar midlar, skal tilbakebetale 50 pst. av netto verksemdsinterne gevinstar gjennom budsjettreduksjon. Det krevst òg at andre statlege verksemder som får vesentlege gevinstar, godtar å realisere 50 pst. av netto gevinstane gjennom budsjettreduksjon.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Digitaliseringsdirektoratet skal forvalte medfinansieringsordninga i samsvar med retningslinjene for ordninga.

Det blir foreslått å løyve 136,3 mill. kroner.

Det blir foreslått ei tilsegnfullmakt på 131,2 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnfullmakta gir ei tilsegnsramme på 140,6 mill. kroner.

Post 26 Stimulab, kan overførast

Stimulab – ei stimuleringsordning for designdrevet innovasjon i offentleg sektor – skal stimulere til meir og betre brukarorientert innovasjon i offentleg sektor. Brukarorientert designtenking kan betre samordning og føre til betre relevans og treffsikkerheit av tiltak, og dermed òg meir effektivitet i stat og kommune. Ordninga er retta inn mot å auke innovasjonskompetanse og -erfaring i

offentlege verksemder, gjennom støtte og fagleg rettleiing til enkeltprosjekt. Ordninga brukar ei verktøykasse av innovative metodar med design som utgangspunkt som mellom anna eignar seg for å løyse komplekse og tverrgåande problemstillingar. Ordninga skal òg spreie kunnskap og erfaringar og utvikle kunnskap om brukarorientert innovasjon i offentleg sektor.

Tilskotsregelverket for Stimulab omfattar mellom anna tildelingskriterium. Prosjektet skal ha tydeleg brukarfokus og innovasjonspotensial, gjennomføringsevne og klar leiarforankring og eigen ressursinnsats, eit tydeleg vinstpotensial for samfunnet saman med lærings- og overføringsverdi til andre verksemder. Søkjarane skal ha eigenfinansiering. Ordninga rettar seg inn mot tidlegfasen i innovasjonsprosessen, og prosjekta må vere opne og ikkje ha ei førehandsavgjort løysing.

Inntil 15 pst. av budsjettet kan brukast til å spreie erfaring og kunnskapsutvikling om brukarorientert innovasjon og samordning i forvaltninga, nasjonalt og internasjonalt.

Rapport

Digitaliseringsdirektoratet forvaltar Stimulab-ordninga i eit samarbeid med DOGA. Sidan opprettinga i 2016 har i alt 47 prosjekt fått tilskot eller tilsegn om tilskot frå Stimulab (per juni 2023). Per juni 2023 var 34 prosjekt ferdigstilte. Den samla prosjektporteføljen dekkjer no eit breitt spekter av tema frå ulike offentlege verksemder og styresmaktsområde. For 2023 vart tillitsreforma og tverrgåande utfordringar prioritert i søkjekriteria. Som følge av redusert løyving vart det i 2023 opna for større grad av eigenfinansiering frå prosjekta. Alle dei fire prosjekta som fekk tildelt midlar frå Stimulab i 2023, bidrar òg med egne midlar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Generelt skal Stimulab prioritere prosjekt som har forventna samfunnsøkonomisk vinst, òg utover kvart enkelt prosjekt. Som for dei seinaste åra vil prosjekt som krev samarbeid mellom fleire aktørar om problemstillingar som lett «fell mellom fleire stolar», på grunn av sektoransvar, manglande finansiering, samordningsutfordringar eller liknande, bli prioritert.

Fleire moglege prioriteringar for 2024 vil bli valde ut mot slutten av 2023 for søknadsprosess våren 2024.

Det blir foreslått å løyve 5,2 mill. kroner.

Post 27 Tilsyn for universell utforming av ikt, kan overført

Løyvinga dekker drift og forvaltning av tilsyn for universell utforming av ikt.

Rapport

Eit utvida regelverk for universell utforming av ikt (webdirektivet), som vart innført i norsk rett i 2022 og gjeld frå 1. februar 2023, medfører vesentleg auka krav til talet på tilsyn i åra framover. Prosjektet Digitalt datadrive tilsyn (DDT) har sidan 2021 arbeidd for å få på plass ein digital transformasjon av tilsynet. Sentral løysing for tilgjengelegheitserklæringar er utvikla i prosjektet. I 2022 ferdigstilte prosjektet dataplattformløysing for tilsynet. Dataplattformar vil vere kjernen i eit datadrive tilsyn, og gir tilsynet høve til å hente, behandle, lagre, få tilgang til, analysere og presentere data på tvers av ulike system.

Den sentrale løysinga for tilgjengelegheitserklæringar for nettstader vart i 2022 rulla ut til meir enn 2 700 offentlege verksemder. Til saman er det produsert meir enn 5 000 tilgjengelegheitserklæringar. Løysinga blir vidareutvikla i 2023, og i løpet av året skal det etter planen òg bli mogleg å opprette tilgjengelegheitserklæringar for mobilapplikasjonar i løysinga.

Tilsynet opplever òg stor auke i behovet for rettleiing. Utrulling av løysing for tilgjengelegheitserklæring og nye krav som kom med oppdateringa av det nasjonale regelverket er langt på veg årsakene til den store auken. Besøk på nettsida til uutilsynet.no auka med 50 pst. samanlikna med 2021.

Tilsynet samarbeider om regelverket både nasjonalt og internasjonalt, og har dialog med fleire instansar om saker knytte til diskriminering. Tilsynet arbeider med å bygge kunnskap om barrierar for ulike brukargrupper og å løfte fram område som krev tiltak.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Tilsynet skal prioritere å føre tilsyn. I tillegg skal tilsynet prioritere rettleiing om synstolking.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,4 mill. kroner til lønskompensasjon mot ein tilsvarande reduksjon på post 01, jf. omtale under post 01.

Tilsynet har i perioden 2021–2023 arbeidd med prosjektet Digitalt datadrive tilsyn (DDT). Årleg løyving til prosjektet har vore 9,5 mill. kroner. Prosjektet blir avvikla frå 2024 og løyvinga blir derfor foreslått redusert med 9,5 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 19,1 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3540, post 04, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overført

Løyvinga dekker utgifter til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning knytt til Altinn, utgifter til private leverandørar for SMS-varsling og driftsmessige endringar som den enkelte tenesteeigar har bestilt.

Utgiftene blir fakturert vidare til tenesteeigarane i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet. Inntektene frå tenesteeigarane blir budsjettert på kap. 3540, post 07.

For rapportering, sjå omtale under kap. 540, post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 137,5 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3540, post 07, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 71 IT-tilskot

Standard Noreg

Føremålet er å støtte Standard Noreg sitt arbeid med IT-standardisering, og medverke til kompetanseoverføring mellom Standard Noreg og forvaltninga. Standard Noreg har eigenrett på å fastsetje og gi ut Norsk standard, og på denne bakgrunnen blir enkelståande tilskot brukt med Standard Noreg som tilskotsmottakar i staden for tilskotsordning som verkemiddel.

Digitaliseringsdirektoratet vil gjennom tilskotsbrev stille krav og vilkår for bruken av midlane og rapportering. Standard Noreg rapporterer årleg på bruken av tildelte midlar.

Standard Noreg deltek i Digitaliseringsdirektoratet sitt arkitektur- og standardiseringsråd, der dei særleg har hatt eit internasjonalt perspektiv.

Tilskotet skal mellom anna medverke til å fastsetje og utbreie bruk av standardar og styrkje norsk deltaking i det internasjonale standardiseringsarbeidet på IT-området. Det blir foreslått å løyve 922 000 kroner som tilskot til Standard Norge.

Hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse

Føremålet med ordninga er å bidra til at alle innbyggjarar blir gitt høve til å bli digitalt kompetente til å kunne bruke digitale verktøy og tenester frå offentlege og private aktørar. Tilskotsordninga blir foreslått med ei ramme på 8 mill. kroner. Ordninga skal bidra til etablering av varige hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse. Ordninga bygger på strategien Digital heile livet og den tilhøyrande handlingsplanen for auka deltaking i eit digitalt samfunn.

Hovudkriteriet for måloppnåing er kor mange innbyggjarar som får opplæring i samsvar med læringsmåla for digital kompetanse i løpet av tilskotsperioden på eitt år.

Kommunar, og frivillige aktørar i samarbeid med kommunen, kan søkje om tilskot til opplæringstilbod. Tilgjengelege midlar vil bli fordelt på grunnlag av mellom anna følgjande vurderingar:

- Grunngivinga til søkjaren for behovet for opplæring retta mot innbyggjarar med særskilde behov for digital kompetanseheving.
- Skildringa og planen til søkjaren for utvikling av tiltaket og korleis det bidreg til rettleiing og opplæringstilbod til innbyggjarane.

- Skildring av nødvendigheita av innkjøp av relevant utstyr for tilrettelegging av opplæringstilbodet.
- Skildring av korleis opplæringstilbod retta mot innbyggjarane blir planlagt ført vidare og gjort varig etter gjennomført tiltaksperiode.

I 2022 tildelte departementet 8 mill. kroner i ein-gongsstøtte til 27 søkjarar i 45 kommunar som ønskjer å heve den digitale kompetansen til innbyggjarane.

Tilskotsordninga vil frå 2024 bli forvalta av Digitaliseringsdirektoratet, inkludert å følgje opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sett i regelverk og tilskotsbrev. Føremålet er å styrkje koordineringa av innsatsen retta mot digital kompetanseheving som blir gjort i samarbeid med mellom anna KS, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, Seniornett og andre aktørar frå det offentlege, frivillige organisasjonar og næringslivet. Posten blir derfor foreslått auka med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 541, post 71.

Samla blir det foreslått å løyve 8,9 mill. kroner.

Kap. 3540 Digitaliseringsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
03	Diverse inntekter	12 091	2 285	2 285
05	Bruk av nasjonale fellesløysingar	160 134	191 200	179 000
07	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn	136 518	136 000	137 500
	Sum kap. 3540	308 743	329 485	318 785

Post 03 Diverse inntekter

På posten budsjetterast diverse inntekter i Digitaliseringsdirektoratet som ikkje kan netto inntektsførast på utgiftsposten ifølgje rundskriv R-101 *Statens kontoplan for statsbudsjettet og statsregnskapet*.

Det blir foreslått å løyve 2,3 mill. kroner.

Post 04 Tilsyn for universell utforming av ikt

På posten budsjetterast eventuelle inntekter knytte til tilsyn for universell utforming av ikt. Nivået på inntektene er usikkert. Det blir derfor ikkje foreslått ei løyving.

Post 05 Bruk av nasjonale fellesløysingar

På posten budsjetterast inntekter knytte til betaling frå offentlege verksemder for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå som private leve-

randører har ferda ut, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå og SMS-kostnader. I tillegg budsjetterast inntekter frå verksemder for bruk av Digital postkasse til innbyggjarar og til å logge inn til postkassene via ID-porten. Løyvinga dekkjer òg eingongskostnad for å ta i bruk eSignering og brukskostnader for tenesta, sjå omtale under kap. 540, post 22.

Det blir foreslått å løyve 179 mill. kroner.

Post 07 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn

På posten budsjetterast inntekter knytte til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning av Altinn og SMS-varslng. I tillegg budsjetterast inntekter knytte til driftsmessige endringar som tenesteeigarane har bestilt. Digitaliseringsdirektoratet fak-

turerer vidare utgiftene til tenesteeigarane etter gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet v/Altinn, sjå omtale under kap. 540, post 29.

Det blir foreslått å løyve 137,5 mill. kroner.

Post 86 Tvangsmulkt

Digitaliseringsdirektoratet forvaltar og fører tilsyn etter forskrift om universell utforming av iktløysingar. Direktoratet kan gi påbod om at verksemder gjennomfører tiltak for å sikre at forskrifta oppfyllest og treffe vedtak om tvangsmulkt etter lov om likestilling og forbod mot diskriminering § 36.

Det er usikkert om tvangsmulkt vil bli pålagt. Det blir derfor ikkje foreslått ei løyving på posten.

Kap. 541 IT- og ekompolitikk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
22	Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	21 542	15 007	15 924
50	Forskingsprogram	152 302	130 302	
60	Breibandutbygging	304 648	362 685	400 031
70	Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, <i>kan nyttast under post 22</i>	38 330	39 433	34 908
	Sum kap. 541	516 822	547 427	450 863

Post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å gjennomføre og utvikle IT- og ekompolitikken.

Rapport

Løyvinga vart i 2022 brukt til oppfølging av tverrgåande digitaliseringstiltak og til finansiering av utgreiingar og rapportar for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og utforminga av politikk innanfor IT- og ekompolitikken.

Vidare vart løyvinga brukt til oppfølging av Digital 21-strategien, mellom anna til koordinering av og mobilisering for norsk deltaking i EU-

programmet DIGITAL og ei prøveordning med regulatorisk sandkasse for personvern og kunstig intelligens. Sandkassa er frå 2023 etablert som ei permanent ordning og finansiert over løyvinga til Datatilsynet.

Løyvinga vart òg brukt til tiltak for auka digital deltaking og kompetanse i befolkninga, jf. omtale under kap. 541, post 70, mellom anna til drift og vidareutvikling av gratis læringsressursar for dei som driv opplæring og rettleiing i grunnleggjande digitale ferdigheiter i befolkninga (Digidel-ressursane) hos Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Regjeringa har levert ein handlingsplan for auka deltaking i eit digitalt samfunn i 2023. Handlingsplanen skal medverke til at fleire blir inkludert.

dert i det digitale fellesskapet gjennom auka digital kompetanse i ulike livsfasar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det skal gjennomførast utgreiingar og tiltak som følgjer opp Hurdalsplattforma. Departementet skal utvikle og følgje opp ny nasjonal strategi for digitalisering. Vidare skal departementet følgje opp tiltak i Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – Datadrevet økonomi og innovasjon* og Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester*.

Løyvinga skal òg brukast til å dekke Kommunal- og distriktsdepartementet sin medlemskontingent til Digital Norway – Toppindustriseret AS. Det blir foreslått setje av 3 mill. kroner til Digital Norway.

Løyvinga skal òg i det vidare vere med å sikre koordinering av og mobilisering til norsk deltaking i EU-programmet DIGITAL og til å følgje opp handlingsplanen til regjeringa for auka deltaking i eit digitalt samfunn.

Samla blir det foreslått å løyve 15,9 mill. kroner.

Post 50 Forskingsprogram

Løyvinga til forskning under Kommunal- og distriktsdepartementet blir samla under kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, og denne posten blir avvika. Løyvinga på 90,3 mill. kroner til IKTPLUSS blir foreslått overført til kap. 500, post 50. Løyvinga på 48,4 mill. kroner til Simula Research og forskningssentera blir foreslått overført til kap. 500, ny post 51. Sjå omtale av rapport for 2022 og prioriteringar for 2024 under dei to postane.

Post 60 Breibandutbygging

Mål for ordninga

Regjeringa har som mål at alle husstandar og verksemder i Noreg skal ha tilbod om høghastighets breiband innan utgangen av 2025, jf. omtale under mål 3 ovanfor. Føremålet med ordninga om breibandstønad er å bidra til at alle husstandar og verksemder får eit tilbod om breiband med god kvalitet. Tilskotet skal bidra til utbygging av breiband i geografiske område der det ikkje er kommersielt grunnlag for investeringar. I tillegg kan midlane i ordninga brukast til å auke kapasiteten på breibandet i område der marknaden ikkje leverer tilfredsstillande kapasitet. Ordninga blir forvalta av fylkeskommunane. Nasjonal kommunika-

sjonsmyndigheit gir rettleiing til fylkeskommunane, mellom anna når det gjeld tekniske og statsstøtterettslege spørsmål.

Kriterium for måloppnåing

Hovudkriteriet for måloppnåing er talet på nye breibandsaksessar som blir realiserte gjennom ordninga.

Tildelingskriterium

Departementet fastset i samråd med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit ei fordeling av midlane mellom fylkeskommunane, og kriterium for bruk av midlane.

Kriteria kan mellom anna gjelde krav til lokal medfinansiering, krav til undersøking av kommersielle planar, krav til hastigheit på breibandet som blir bygd ut, avgrensing mot fritidsbustadar, tidsfristar for gjennomføring av prosjekt og krav til teknologinøytralitet.

Oppfølging og kontroll

Fylka rapporterer til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit om prosjekta som skal få støtte og deretter om bruken av midlane så snart prosjekta er ferdige. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gir ein samla rapport årleg til departementet.

Ordninga stiller mellom anna krav om internkontroll i fylkeskommunane og kontroll av informasjon frå tilskotsmottakarar.

Rapport

Det vart løyvd 304,6 mill. kroner til ordninga i 2022. Retningslinjene for bruk av desse midlane var basert på det som var gjeldande gruppeunntak for offentleg støtte (General Block Exemption Regulation – GBER) i Noreg ved inngangen til 2022, og tillét ikkje støtte til bygg som allereie hadde eit tilbod om breiband med minst 30 Mbit/s nedlastingshastigheit. Våren og sommaren 2022 fekk alle fylka oppdatert dekningsinformasjon på adressenivå frå mobiltildarane Telenor og Telia. Den nye dekningsinformasjonen innebar at langt fleire enn først antatt hadde tilbod om breiband med hastigheit på minst 30 Mbit/s. Som følge av dei nye opplysningane frå tilbydarane, kunne mange bygg ikkje lenger inkluderast i utbyggingsprosjekta. Dette gjorde det vanskeleg for ein del fylke å lage utbyggingsprosjekt. Nytt GBER-regelverk vart implementert i norsk rett i juni 2022, og

dette opna mellom anna for støtte til bygg som har inntil 100 Mbit/s. Kommunal- og distriktsdepartementet la etter dette til rette for at dei fylka som ønskte det, kunne bruke ubrukte midlar som var tildelt fylkeskommunane tidlegare, innanfor retningslinjene som ville gjelde for breibandstøtte for 2023. Retningslinjene for 2023 er baserte på den nye GBER. Fylka måtte formelt vente på oppdragsbrevet for 2023, men vart gjort kjende med hovudtrekka i ny GBER, slik at dei kunne planlegge prosjekta.

Om lag 150 mill. kroner av tildelinga i 2022 blir brukt innanfor retningslinjene for 2023. I støtteordninga for 2023 inngår statlege tilskot i et spleiselag som inkluderer lokal medfinansiering frå fylke og kommunar og delfinansiering frå ekomtilbydarar. Midlane som blir brukt innanfor 2022-retningslinjene utløyser samla utbyggingsprosjekt for om lag 418 mill. kroner. Det forventast at dette vil bidra til at om lag 4 000 husstandar får eit nytt eller betre breibandstilbod.

Ettersom stadig større delar av landet har fått eit tilbod, skjer utbygginga basert på statlege tilskot i stadig meir spreiddbygde område. Kostnadane per tilknytt husstand har derfor auka over tid og vil truleg auke òg framover. Samstundes kan eit større innslag av prosjekt basert på trådløs teknologi kanskje trekke i motsett retning. For 2022-prosjekta var utbyggingskostnaden per husstand estimert til om lag 104 500 kroner, mot 61 000 kroner i 2021. Denne auken er større enn tidlegare år, og kan truleg i stor grad forklarast med bakgrunn i den nye dekningsinformasjonen sin påverknad på prosjekta som blir gjennomført.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvinga skal bidra til å oppnå målet om at 100 pst. av husstandane og verksemdene har tilbod om breiband med minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit og minst 10 Mbit/s opplastingshastigheit innan utgangen av 2025. Retningslinjene for ordninga vil innrettast mot dette målet.

Retningslinjene for ordninga skal legge til rette for at alle relevante teknologiar kan brukast i utbyggingsprosjekt under ordninga. Det er vidare viktig å følgje opp og sjå dei ulike verkemidla på breibandområdet i samanheng, for å sikre at dei utfyller kvarandre på ein god måte. Tilskot til breibandutbygging på denne posten må avstemmast mot distriktspakka for raskt trådløst breiband som vart innvilga i samband med 5G-auksjonen hausten 2021, jf. omtale under kap. 543, post 01,

og mot innkjøpsordninga for funksjonell internettilgang, jf. omtale under kap. 543, post 71.

Det skal leggest vekt på å følgje opp fylkeskommunane for å sikre at tilskotet resulterer i gjennomføring av prosjekt med nye breibandstilknytningar raskt, mellom anna gjennom Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit si faglege rettleiarrolle.

Det blir foreslått å løyve 400 mill. kroner.

Post 70 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, kan nyttast under post 22

Løyvinga på posten dekker diverse tilskot og kontingentar innanfor forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk.

Tilskot til Norsk teknisk museum

Det blir foreslått eit tilskot på 5,7 mill. kroner til Norsk Teknisk Museum.

Etter at Telenor avvikla støtta selskapet gav til Telemuseet, vart Norsk Teknisk Museum og Telemuseet slått saman i 2018. Departementet gir støtte for å vareta arven på teleområdet.

Telemuseet var samlokalisert med Norsk Teknisk Museum før samanslåinga, og dei er no fullt integrerte som eitt museum. Det er ikkje høve til å trekke teleområdet ut av museet igjen, og derfor heller ikkje høve til å bruke ei generell tilskotsordning som verkemiddel.

Føremålet med løyvinga er å sikre bevaring av Telemuseet sine museale samlingar og kulturminne som dokumenterer norsk telehistorie frå 1855 og fram til i dag, og kompetanse på teleområdet. I tråd med føringane frå Stortinget frå 2018, jf. Innst. 13 S (2017–2018), blir det òg sett av midlar til regional verksemd.

I 2022 vart det arbeidd med å utvikle ei ny, stor IKT-utstilling med teleområdet som eit berande element. Utstillinga opna våren 2022. I tillegg har arbeidet med å ta vare på og gjere tilgjengeleg registrerte arkiver fortsett, og arbeidet med digitalisering har halde fram. Vidare er det utarbeidd ein sikringsplan for museet sine samlingar, og ei rekke tiltak for å sikre telesamlingane er inkludert i planen.

Kriterium for måloppnåing er at samlingane frå Telemuseet blir varetatt, at dei er tilgjengelege gjennom utstillingar eller på førespurnad, og at kompetansen på teleområdet er oppretthalden.

Departementet stiller krav og vilkår til bruken av midlane, inkludert om bruk på regional verksemd, og stiller krav om rapportering.

Tilskot til Seniornett Norge

Det blir foreslått eit driftstilskot på 3,37 mill. kroner til Seniornett Norge. Seniornett Norge er ein uavhengig, ideell organisasjon som arbeider for å styrkje den digitale kompetansen blant eldre gjennom opplærings- og informasjonstiltak. Seniornett er den einaste organisasjonen som arbeider med dette som mål der opplæring og kompetansetiltak blir gjennomført av frivillige som er i same aldersgruppe. Målet med driftstilskotet til Seniornett Norge er å styrkje aktivitetar retta mot målgruppa svake eller ikkje-brukarar av internett over 65 år over heile landet. Foreningen har ca. 9 000 medlemmer, og har per mai 2023 registrert over 200 lokalforeiningar.

Departementet har stilt krav og vilkår for bruken av midlar og rapportering, og følgjer opp rapporteringa frå Seniornett Norge opp mot desse. Viktige kriterium for måloppnåinga vil vere talet på lokalforeiningar, geografisk plassering av foreiningane og tilbodet av kurs og rettleiing i foreiningane.

I 2023 fekk Seniornett Norge eit driftstilskot på 3,48 mill. kroner for å styrkje kompetansen til eldre og deltaking på nett. Seniornett Noreg rapporterer på bruk av midlane gjennom årsrapport og revisorgodkjend rekneskap.

Tilskot til Nasjonalt program for leverandørutvikling

Nasjonalt program for leverandørutvikling (LUP) har som føremål å gi praktisk støtte til kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder slik at dei kan gjennomføre fleire lønsame innovative innkjøp som sikrar brukartilpassa tenester, effektivisering av offentleg sektor og utvikling av lokalt og nasjonalt leverandørmarknad.

Det blir foreslått eit tilskot på 470 000 kroner til LUP.

LUP er eigd av Forskingsrådet, Innovasjon Noreg, KS og NHO. Det er sistnemnte som mottak tilskotet og administrerer programmet. Partnerskapet utgjer samla sett ein kompetanse som er unik, og som ikkje let seg erstatte av ei generell tilskotsordning. Det likeverdige samarbeidet mellom stat, kommune og næringsliv har gitt programmet sterk legitimitet. Programmet har bidratt til innovasjonar i næringslivet og bidratt til å modernisere og effektivisere stat og kommune.

Partnerskapen kring LUP er eit viktig premiss for at Noreg har klart å motivere og mobilisere alle aktørane som er viktige for å lukkast med nasjonal utbreiing og effekt av innovative innkjøp. Arbeidet blir omtala av mellom anna KS som ei

suksesshistorie som òg andre land ønskjer å lære av, mellom anna Center for offentlig-privat innovasjon (CO-PI) i Danmark.

Departementet stiller krav og vilkår for bruken av midlane og rapportering, og følgjer opp rapporteringa frå LUP. Det blir vist til nærare omtale av programmet i Prop. 1 S (2023–2024) for Nærings- og fiskeridepartementet, kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 81 Tilskudd til leverandørutviklingsprogrammet (LUP).

Kontingent til Open Government Partnership

Målet med det internasjonale samarbeidet Open Government Partnership (OGP) er å bidra til at offentleg sektor og det sivile samfunnet samarbeider om å skape ei meir open, velfungerande og brukarvenleg forvaltning som har høg tillit i befolkninga. OGP samarbeider med multilaterale organisasjonar som OECD og Verdsbanken.

Kommunal- og distriktsdepartementet er samordnar og pådrivar for Noregs OGP-handlingsplanar. Kommunal- og distriktsdepartementet har etablert eit interessentforum med deltakarar frå forvaltninga og det sivile samfunnet. Forumet skal bidra i arbeidet med å utvikle og implementere handlingsplanane.

Noregs fjerde OGP-handlingsplan vart sett i verk 1. juli 2019 og avslutta i 2021. På grunn av koronapandemien vart planen forlenga til ut 2022.

Noreg planlegg å legge fram sin femte OGP-handlingsplan i løpet av 2023. Planen skal gjelde frå 2024 og ut 2027. Handlingsplanen blir laga i samarbeid med det sivile samfunnet og i tråd med samskapingsprinsippa som OGP legg til grunn. Regjeringa og sivilsamfunnet har mellom anna prioritert meir openheit om innkjøp, antikorupsjonsarbeidet, evaluering av einnsyn, digital inkludering og openheit rundt straffesaksdokument i denne planen.

Det blir budsjettert med ein medlemskontingent til OGP på om lag 2,2 mill. kroner i 2024.

Tilskot til OGP-rådet

Open Government Partnership rådet (OGP-råd) vart oppretta i 2019 for å hjelpe både forvaltninga og det sivile samfunnet i openheitsarbeidet. Rådet har òg hatt ei sentral rolle i å iverksetje tiltaka i Noregs handlingsplanar. Rådet har ei sjølvstendig pådrivarrolle og tar initiativ til å foreslå tiltak for auka openheit i samfunnet. Rådet er med på å setje openheit i både offentleg og privat sektor på dagsordenen mellom anna ved å lage videofilmar

om temaet. Rådet spelar ei viktig rolle i arbeidet med å utarbeide den femte OGP-handlingsplanen.

Det blir budsjettert med eit tilskot til OGP-rådet på 341 000 kroner i 2024. Tilskotet skal forvaltast av Transparency International Norge på vegne av OGP-rådet. Midlane vil mellom anna bli brukt til ulike arrangement der målet er å nå grupper som vanlegvis ikkje tar del i det offentlege ordskiftet.

Kontingentar til internasjonale organisasjonar

Det blir budsjettert med 22,8 mill. kroner til å dekke kontingentane til Noreg si deltaking i Den internasjonale telekommunikasjonsunion (ITU), Den europeiske post- og teleorganisasjon (CEPT) og Det europeiske nettverks- og informasjonssikkerheitsbyrået (ENISA).

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Som følge av avviklinga av StartOff-programmet blir det foreslått å redusere tilskotet til Nasjonalt program for leverandørutvikling (LUP) med 1 mill. kroner.

Det blir foreslått å redusere tilskotet til Norsk teknisk museum med 1,4 mill. kroner for å finne rom til andre satsingar.

Tilskot til hjelpe- og rettleiingstilbod til innbyggjarar med manglande eller låg digital kompetanse vil frå 2024 bli forvalta av Digitaliseringsdirektoratet. Posten blir derfor foreslått redusert med 8 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 540, post 71.

Samla blir det foreslått å løyve 34,9 mill. kroner i 2024.

Kap. 542 Internasjonalt samarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	1 712	4 851	5 100
70	Internasjonale program, <i>kan overførast</i>	217 618	356 897	476 782
	Sum kap. 542	219 330	361 748	481 882

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker utgifter til løn og drift for nasjonale ekspertar til EU-kommisjonen som del av deltaking i EU-programma. Det blir foreslått å løyve 5,1 mill. kroner.

Post 70 Internasjonale program, kan overførast

Løyvinga dekker EU-program som Noreg tar del i etter EØS-avtalen og som er knytt til utviklinga av informasjonssamfunnet og elektronisk forvaltning. EU-kommisjonen fastset i euro årleg medlemskontingent for norsk deltaking i EU-programmer på grunnlag av venta framdrift under det enkelte program. Utanriksdepartementet betaler samla kontingent mot seinare refusjon frå dei departement som er ansvarlege for dei enkelte programma.

Mål for ordninga

Løyvinga støttar opp om målet om at forvaltninga i Noreg er effektiv, open, samordna og har høg tillit i befolkninga og målet om at digitaliseringa i samfunnet gir gode vilkår for deltaking, verdiskaping og innovasjon i offentleg og privat sektor. Det er eit mål at norsk næringsliv og norske fagmiljø nyttiggjer seg den norske deltakinga i EU-program. Da må Noreg delta aktivt, koordinert og målretta. I samband med det strategiske nordisk-baltiske samarbeidet om digitalisering, er det eit viktig mål å støtte opp under det europeiske digitaliserings-samarbeidet og realiseringa av den indre, digitale marknaden. Å bli einige om viktige posisjonar eller innspel til EU-kommisjonen på område som er strategisk viktig for den nordiske regionen, er eit døme på korleis det nordiske samarbeidet konkret kan følgjast opp.

Kriterium for måloppnåing

DIGITAL er eit investerings- og kapasitetsbyggingprogram for digital omstilling og bruk av innovative digitale teknologiar i samfunn og næringsliv. Programmet har ei ramme på 7,17 mrd. euro (i 2021-prisar) i perioden 2021–2027 og er fordelt på fem hovudområde: tungrekning (superdatamaskiner), data og kunstig intelligens, cybersikkerheit og tillit, avanserte digitale ferdigheiter og dessutan utrulling av digitale løysingar og beste bruk av digitale kapasitetar og styrkt interoperabilitet. I tillegg har EU foreslått å utvide programmet til å omfatta eit sjettsatsingsområde, ei stor europeisk satsing på halvleiarteknologi (microchips). Dette kan utvide dei økonomiske rammene for programmet og dermed òg den norske kontingenten.

Regjeringa har vedtatt å jobbe for deltaking i EUs nye program for sikker global satellittkommunikasjon, Secure Connectivity Initiative (òg kalla IRIS2). Dette initiativet har koplingar til DIGITAL-programmet, men det er for tidleg å seie korleis eventuell norsk deltaking vil påverke DIGITAL. For ytterlegare omtale av Secure Connectivity Initiative, sjå Prop. 1 S (2023–2024) for Nærings- og fiskeridepartementet kap. 922 Romvirksomhet, post 73 EUs romprogrammer.

Programmet for eit digitalt Europa 2021–2027 (DIGITAL) er eit forholdsvis nytt program, og innhaldet er framleis under utvikling. Den nasjonale strategien for programmet som blir utarbeidd i 2023 vil angi mål for deltaking i programmet. Ved deltaking i EUs program for forskning og innovasjon har det vore vanleg å angi ein ambisjon for returdel, det vil seie kor stor prosentdel av dei konkurranseutsette midlane som endar opp i Noreg. Ein annan relevant indikator for å angi gevinstar frå deltaking er suksessrate, det vil seie kor stor del av dei norske søknadene som har blir innstilte for finansiering.

Ein slik prosentvis returdel og suksessrate vil vere aktuelle kriterium for måloppnåing for DIGITAL, men dette må utgreiast nærare. Delar av DIGITAL handlar dessutan om å bygge felleseuropeisk kapasitet innanfor område som superdatamaskiner, cybersikkerheit, avansert digital kompetanse og kunstig intelligens. Oppbygging av kapasitet innan superdatamaskiner inneber til dømes å finansiere kjøp, utvikling og bruk av nye tungrekningsverktøy som blir gjort tilgjengeleg for næringsliv, academia og offentleg sektor. Nytt norske verksemder vil ha av denne kapasiteten, kan vanskeleg målaset gjennom tradisjonelle mål som returdel og suksessrate, og det må bli

eigne kriterium for måloppnåing utvikla for dette. Programmet gir òg indirekte effektar ved at Noreg er del av eit Europa som bygger kapasitet på strategisk viktige område som cybersikkerheit, tungrekning, sikker kommunikasjon og tilgang på halvleiarar.

Tildelingskriterium

Noreg betalar ein årleg kontingent til programmet. Programmet har eit eige sett med tildelingskriterium som EU fastset.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret å koordinere oppfølginga av norsk deltaking i DIGITAL.

Digitaliseringsdirektoratet, Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd har saman eit fast ansvar for å følgje opp den norske deltakinga i DIGITAL, medrekna ansvaret for å sikre nødvendig nasjonal koordinering og mobilisering. Digitaliseringsdirektoratet har ansvaret for å samordne arbeidet til dei tre aktørane. Dei tre aktørane rapporterer om arbeidet til Kommunal- og distriktsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Rapport

Arbeidsprogrammet for dei første to åra i DIGITAL, 2021 og 2022, vart vedtatt av EU-kommisjonen i slutten av 2021. Dei første utlysingane for programmet vart publiserte i november 2021. Arbeidsprogrammet for 2023 og 2024 vart vedtatt i starten av 2023 og dei først utlysingane vart publiserte i mai 2023.

I 2022 har Digitaliseringsdirektoratet jobba som sekretariat for koordineringsgruppa for DIGITAL-programmet. Koordineringsgruppa er eit samarbeid mellom Digitaliseringsdirektoratet, Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd. Gruppa har jobba med å kommunisere moglegheitene som ligg i DIGITAL og å mobilisere norske aktørar til å delta i programmet. Gruppa har etablert nettsider med informasjon og har gjennomført digitale informasjonsmøte med føremål å promotere moglegheiter i DIGITAL for offentlege verksemder, næringsliv og forskingsmiljø i Noreg. Førebelse resultat viser at fleire norske aktørar har fått gjennomslag for søknadene sine. Noreg har òg arbeidd for å påverke utviklinga av programmet på EU-nivå, og har delteke i ekspertgrupper og sendt innspel til arbeidsprogramma.

Sidan norsk deltaking i DIGITAL vart vedtatt av Stortinget i 2021, har det blitt gjort tydeleg frå EU-kommisjonen at fleire utlysingar under programmet krev nasjonal medfinansiering. Kravet om medfinansiering gjeld for dei fleste satsingsområde, mellom anna for utlysingane knytt til etablering av digitale innovasjonsnav (EDIH) og test- og eksperimenteringsfasilitetar for kunstig intelligens (TEF). Det er grunn til å tru at den relativt lave returraten har samanheng med at Noreg er avskore frå å søkje midlar til medfinansiering frå fleire EU-fond, samstundes som Noreg heller ikkje har ei eiga ordning for nasjonal medfinansiering til norske aktørar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Deltaking i programmet kan gi norske bedrifter, forskingsmiljø og offentleg sektor tilgang til nød-

vendige samarbeidspartnarar og ressursar innanfor alle DIGITAL sine satsingsområde. Det overordna målet for norsk deltaking i DIGITAL er å få mest mogleg igjen for investeringane i programmet. Det skal i 2023 utarbeidast ein eigen nasjonal strategi for deltaking i programmet.

Det totale norske bidraget til DIGITAL er av EFTA estimert til 1,943 mrd. kroner. Estimert er usikkert og vil avhenge av valutakursar og proporsjonalitetsfaktoren. Det blir foreslått ei løyving på 467,9 mill. kroner i 2024 til Noreg si deltaking i DIGITAL.

Programma CEF Digital og ISA² er avslutta. Det blir foreslått å løyve 8,9 mill. kroner til å dekke antatte etterslep i 2024.

Samla blir det foreslått å løyve 476,8 mill. kroner. Løyvingsforslaget er usikkert. Dei endelege kontingentkrava frå EU-kommisjonen vil ligge føre hausten 2024.

Kap. 3542 Internasjonalt samarbeid

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Refusjon frå Utanriksdepartementet	2 771	2 713	3 541
	Sum kap. 3542	2 771	2 713	3 541

Post 01 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Enkelte bidrag til internasjonale organisasjonar kan i samsvar med statistikkdirektiva til Development Assistance Committee (OECD/DAC) godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Inntektsanslaget for 2024 på 3,5 mill. kroner gjeld

18 pst. av bidraget til Den internasjonale teleunion, jf. kap. 541, post 70. Ein viser dessutan til omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Utanriksdepartementet kap. 151 Fred, sikkerheit og globalt samarbeid, post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar mv.

Det blir foreslått å løyve 3,5 mill. kroner.

Kap. 543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	227 287	244 454	260 092
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	8 428	15 607	16 886
70	Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overførast</i>	204 470	182 866	187 992
71	Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overførast</i>		10 284	10 573
	Sum kap. 543	440 185	453 211	475 543

Post 01 Driftsutgifter, kan overført

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er det sentrale, utøvande tilsyns- og kontrollorganet på områda for post, elektronisk kommunikasjon og elektroniske tillitstenester i Noreg. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er òg tiltenkt ei rolle som tilsynsmyndigheit for datasenter. Det blir tatt sikte på å foreslå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit som tilsynsmyndigheit i ny ekomlov.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal bidra til å sikre brukarane i heile landet gode, rimelege og framtidsretta elektroniske kommunikasjonsstenester. Etaten skal òg legge til rette slik at brukarane i heile landet får eit landsdekkande tilbod av postsendingar til overkommeleg pris og god kvalitet. Etaten har eit særskilt ansvar knytt til sikkerheit og beredskap i ekomnett og -tenester.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal bidra til effektiv bruk av ressursane i samfunnet ved å legge til rette for berekraftig konkurranse og stimulere til næringsutvikling og innovasjon på områda for post og elektronisk kommunikasjon.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er eit ordinært statleg forvaltningsorgan under Kommunal- og distriktsdepartementet. Samferdselsdepartementet har ansvaret for saker på postområdet, jf. Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet.

Løyvinga på denne posten skal dekke løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter.

Rapport

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har ei stor breidde av aktivitetar innanfor etaten sine mange fagområde, og gjennomførte ei rekke aktivitetar og prosjekt i 2022.

Krigen i Ukraina og den spente sikkerheitssituasjonen i Europa har prega trussel- og risikobiletet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine prioriteringar av sikkerheitsaktivitetar i 2022. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har gjennom året delt trusselinformasjon med bransjen og gjennom tett dialog med bransjen bidratt med anbefalingar om tiltak for å handtere risikoane. Den spente sikkerheitssituasjonen har vore tema på alle møtearenaar som omhandlar sikkerheit i regi av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, mellom anna Samvirkegruppen for sikkerhet og beredskap, ekomsikkerhetsforum og dei faste bilaterale kontaktmøta med dei største tilbydarane.

Programmet for forsterka ekom har blitt vidareført gjennom 2022, då det vart inngått avtalar om tiltak i ni kommunar i Ofoten, Vesterålen og

Sør-Troms. Arbeidet med regionale analysar etter modell frå Finnmarks-analysen i 2020 vart vidareført i 2022. I 2022 vart Troms-analysen fullført og Nordlands-analysen starta.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har døgnbemanna vaktordningar for monitorering og rapportering av sikkerheitshendingar på fysisk og logisk nivå, og etaten følgjer opp teieplikta og kommunikasjonsvernet i elektronisk kommunikasjon. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har kontinuerleg følgd opp varslingspliktige hendingar, som til dømes utfall i fast- og mobilnett. I 2022 fekk Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit varsel om 123 unike hendingar, mot 143 i 2021.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har i 2022 sett i operativ drift ein ny samhandlingsportal for cybersikkerheit for EkomCERT og nøkkelpersonell hos tilbydarane. Portalen sikrar effektiv varslingsinformasjonsdeling og kunnskapsdeling om digitale truslar og hendingar i sektoren.

Vidare har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit leia ei arbeidsgruppe beståande av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit, NVE, Telenor, Telia og Elvia for å greie ut tiltak for å styrkje det beredskapsmessige samarbeidet mellom ekom- og kraftsektorane for å førebygge og handtere utfall.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har hjulpet departementet i arbeidet med sikkerheitslova i ekomsektoren, inkludert arbeidet med at nye selskap blir underlagd lova. Det vart i 2022 ført tilsyn etter sikkerheitslova med åtte verksemdar. I tillegg vart det ført fleire sikkerheitstilsyn etter ekomlova og lov om elektroniske tillitstenester.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har saman med DSB, Politidirektoratet og mobiloperatørane Telenor, Telia og ICE arbeid med anskaffing og implementering av eit nytt system for befolkningsvarslings, Nødvarsel, basert på Cell Broadcast-teknologi. Løysinga vart offisielt lansert i februar 2023, og støttar sending av befolkningsvarsel lokalt, regionalt og nasjonalt. Arbeidet med vidareutvikling av systemet fortset i 2023.

Frekvensar utgjer ein verdifull og avgrensa naturressurs som alle innbyggjarar og verksemdar har behov for. Frekvensar blir brukt til all trådløs kommunikasjon, som mellom anna trådlause nett, mobilnett og radio- og fjernsynskringkasting. Departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit forvaltar frekvensar i Noreg.

For å legge til rette for utbygging av den nyaste mobilteknologien (5G) og utbygging av breiband med høg kapasitet, slik at ein kan nå målet om høgastigheits breiband til alle husstandar og verksemdar innan 2025, gjennomførte

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i 2022 ei utgreiing av frekvensband som kan vere aktuelle å tildele til mobilkommunikasjon og 5G dei neste åra. Det er i tillegg opna for søknadar om tildeling av 5G-frekvensar til private nett for offentlege og private verksemdar, noko som stimulerer til næringsutvikling og innovasjon.

Innanfor marknadsreguleringa har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit fatta fleire vedtak som ledd i oppfølginga av gjeldande marknadsvedtak i mobil- og breibandmarknadane. Vedtaka skal bidra til auka konkurranse på infrastruktur- og tenestenivå. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har i 2022 òg arbeidd med nye marknadsanalyser i dei same marknadane og sende i april og juni 2023 nye analyser av desse marknadane på høyring.

Myndigheitene har over tid følgd Telenor si utfasing av koparnettet tett for å vareta konkurranse, leveringspliktige tenester og samfunnskritiske brukarar. Telenor avslutta bruk av koparnettet for eigne sluttbrukarar ved utgangen av 2022, men er pålagt å oppretthalde tilgangen for eksterne grossistkundar fram til hausten 2025. I lys av den reduserte bruken av koparnettet har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i 2022 og 2023 fatta vedtak som gir Telenor moglegheit til å legge ned delar av koparnettet som ingen brukar lenger.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har i 2022 utarbeidd ein rettleiar til offentlege aktørar om innplassering av infrastruktur for mobilnett. Føremålet med rettleiaren er å sikre effektive og einskaplege prosessar hos offentlege aktørar som mottar søknadar om innplassering, for å bidra til at det offentlege aktivt legg til rette for vidare utbygging av mobilkommunikasjonsnett.

Vidare har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit bidratt til departementet sitt arbeid med den nye ekomlova, etter at utkast til lov og forskrifter var på høyring sommaren og hausten 2021, og bidratt i departementet sitt arbeid med å utarbeide ein handlingsplan for digital inkludering.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit gjennomførte i november/desember 2022 ei marknadsundersøking knytt til verksemdar og privatpersonars reelle behov for og bruk av posttenester i Noreg. Målet for undersøkinga var å få betre innsikt og kunnskap om den norske postmarknaden. Resultata og dataane skal i 2023 analyserast og mellom anna brukast i arbeidet med vurderingar av behovet for leveringspliktige posttenester i Noreg.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har sett i gang eit arbeid med å få oppdatert registrane

over tilbydarane i postmarknaden basert på ei klargjering av definisjonane i postlova frå klageorganet si side.

Forlenging av frekvensløyve til FM-lokalkringkasting

Frekvensløyve for innehavarar av lokalradiokonsesjon som sender på FM, er utferda av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og varar til 31. desember 2026. Digitaliseringa av lydmedia fortset med auka lytting til digitalradio på DAB, internetradio og podkast. For riksdekkande radio vart FM-sendingane sløkt i 2017. For lokalradio går likevel digitaliseringa framleis føre seg, samstundes som FM fortset å vere ei viktig plattform for lokalradio når det gjeld lytting og inntekter.

Tidlegare har FM-løyva vore forlengt ved direktetildeling til eksisterande innehavarar ved to høve. Ved behandlinga av mediepolitiske styringssignal for 2023–2026 i Stortinget uttrykte eit fleirtal i komitéen ei forventning om at regjeringa gjer ei direkte forlenging av dagens løyve for lokalradioaktørar som sender på FM-nettet, fram til 2031, jf. Innst. 14 S (2022–2023). Regjeringa tar sikte på at direktetildeling av løyve for perioden 2027–2031 til eksisterande innehavarar av lokalradioløyve vil bli gjennomført i god tid før dagens løyve opphøyrer.

Sjå òg omtale av saka i Prop. 1 S (2023–2024) for Kultur- og likestillingsdepartementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal vidareføre arbeidet med å legge til rette for investeringar og kostnadseffektiv utbygging av breiband med høg kapasitet og auka konkurranse i breibandmarknadane, og skal følgje opp fylkeskommunane med nødvendig bistand for å legge til rette for at løyvinga til breibandutbygging skal kome til bruk raskt.

Det er òg viktig at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har oversikt over sikkerheitstilstanden i ekomnetta og vidarefører, foreslår og gjennomfører nødvendige tiltak for å vareta kravet om sikre og robuste nett og tenester, og at etaten bidrar i den operasjonelle oppfølginga av sikkerheitslova.

Den nye ekomlova og marknadsreguleringa vil vere bidrag til økt marknadsdynamikk og forbrukarvelferd. Det er ei sentral oppgåve å følgje opp konkurransen i breibandmarknadane og bidra til at sluttbrukarane har valmoglegheiter når det gjeld breibandleverandør. Ei anna viktig oppgåve for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er

å fortsetje å legge til rette for utbygging av det tredje mobilnettet, for å styrkje konkurransen i mobilmarknaden og bidra til rimelegare prisar og innovative tenester.

Kunnskap om valmoglegheiter og rettar er vesentlege føresetnader for velfungerande konkurranse, og derfor vil Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit forsterke si rolle som rettleiar og tilretteleggar i sektoren. I tillegg er det ei viktig oppgåve for Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit å vidareføre arbeidet med å fremje digital inkludering.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal vidareføre arbeidet med å vere ein pådrivar for gjennomføring av mål og tiltak frå Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester*.

I tillegg skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit òg fortsetje å legge til rette for utrulling av 5G-mobilnett, raskt trådløst breiband og tinga sitt internett (IoT) i heile landet, for å bidra til nye og innovative løysingar på tvers av sektorar og produktivitetsvekst og auka konkurransekraft for norsk næringsliv og industri. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit planlegg mellom anna å tildele 26 GHz-bandet i 2023 og 1500 MHz-bandet i 2024. Etaten skal òg følgje opp tidlegare utbyggingsforpliktingar og dekningskrav langs jernbane og veg og til husstandar og verksemder.

I 2023 vart løyvinga auka med 3,6 mill. kroner for å styrkje Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit si oppfølging av ansvaret etter sikkerheitslova og rolla i totalforsvaret. Tiltaket har ei ramme på 6 mill. kroner frå 2024. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 2,4 mill. kroner.

Oppgåva med å overføre og etablere funksjonar for postnummersystemet som følgje av endringar i postlova skal fullførast. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal òg gjennom tilsynet sitt med postmarknaden ha eit godt grunnlag for å hjelpe Samferdselsdepartementet med analysar av marknaden, regelverksutvikling og internasjonalt arbeid på postområdet.

Det blir foreslått å løyve 260,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Rapport

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal ha tilgang til moderne og oppgradert utstyr som gjer at etaten er godt rusta til å løyse samfunnsoppdraget sitt. Løyvinga kan mellom anna brukast til måleutstyr til tilsynsverksemd på frekvensområdet, vidareutvikling av Nasjonal kommunikasjonsmyndig-

heit sine IT-løysingar og IT-utstyr og utvikling av analysemodellar som brukast i arbeidet med reguleringa av ekommarknaden.

I 2022 har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit brukt ein del av midlane til anskaffingar av utstyr til tilsyn med radiobaserte system, inkludert kjøp av mobilt måleutstyr og etablering av målestasjonar på sokkelen som følgje av tilleggs-løyvinga til tiltak for å auke sikkerheita og beredskapen knytt til ekominfrastruktur på sokkelen, jf. Prop. 23 S (2022–2023) og Innst. 131 S (2022–2023). Vidare er det brukt midlar til IT-utstyr og måleutstyr til frekvenskontrollen.

Det blir foreslått å løyve 16,9 mill. kroner.

Post 70 Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast

Det er behov for å styrkje beredskapsevna og gjere ekomnetta meir robuste, mellom anna på grunn av meir ekstremvær, endra trusselbilette og auka avhengnad av elektronisk kommunikasjon og digitale tenester på tvers av alle sektorar.

Mål for ordninga

Det er eit mål med auka beredskap i krisesituasjonar og ved hendingar. Beredskapsavtalar med utvalde tilbydarar sørgjer for administrative og organisatoriske beredskapstiltak, lagring og vedlikehald av transportabelt beredskapsutstyr og investeringar i ekominfrastruktur og beredskapsmateriell. Dette skal bidra til auka beredskap i krisesituasjonar.

Eit anna mål er at utbygging av forsterka ekom i nye kommunar skal bidra til vesentleg forbedra sikkerheit og beredskap for den lokale kriseleiinga og befolkninga i tilfelle med langvarige straumbrot.

I tillegg er det eit mål at styrking av transportnetta og andre viktige punkt i infrastrukturen gir auka beredskap i sårbare regionar.

Vidare er det eit mål å sikre forsvarleg drift av systemet for Nødvarsel i tilbydarane sine mobilnett, og av reserveløysing for kommunikasjon mellom Svalbard og fastlandet, i tillegg til gjere tiltak for å styrkje sjølve fibersambandet. Ny løysing for prioritet i mobilnetta over 4G- og 5G-nett har blitt lansert hausten 2023, mellom anna for å vareta krisehandtering.

Til sist er det eit mål å kunne bidra til å vareta sikkerheit og beredskap med dei raske endringane i den sikkerheitspolitiske situasjonen. Til dømes er fleire sikringstiltak implementert for ekominfrastrukturen på norsk sokkel etter Russ-

land sin invasjon av Ukraina og eksplosjonane på gassrørleidningane Nord Stream.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at det finst avtalar som aukar beredskapen i krisesituasjonar, at det blir etablert forsterka ekom i nye kommunar, og at det blir gjennomført tiltak som aukar robustheita i sårbare regionar eller som aukar robustheita og sikkerheita i andre delar av ekominfrastrukturen der det blir vurdert som nødvendig. Vidare er forsvarleg drift av systema for Nødvarsel over mobilnetta og reserveløysinga for kommunikasjon mellom Svalbard og fastlandet eit kriterium for måloppnåing.

Tildelingskriterium

Tiltaka blir gjennomførte i medhald av ekomlova § 2-10 andre ledd etter konkrete vurderingar av sårbarheit, og midlar blir tildelte til tiltak som ikkje blir gjennomførte på kommersielt grunnlag, og som ikkje kan påleggast etter ekomlova § 2-10 første ledd.

Oppfølging og kontroll

Tiltaka blir gjennomførte i medhald av ekomlova § 2-10 andre ledd, og går ut over det tilbydarane vil gjere på kommersielt grunnlag og ut over det som kan påleggast utan kostnadsdekning. For å minimere tilskotsbehovet blir tiltaka konkurranseutsette der det er konkurransemessig grunnlag for å gjere det. Konkurransesetting blir sikra via kontraktar med tilskotsmottakarar, som gjennomfører konkurranseutsettinga. Desse mekanismane bidrar til effektiv bruk av dei statlege midlane.

Tiltaka blir vurderte i forhold til statsstøtteregulverket, inkludert vurdering av eventuell eigennytte for tilskotsmottakar som i så fall kjem til fråtrekk på tilskot.

For å sikre størst mogleg samfunnsmessig gevinst og synergieffektar, blir dei fleste tiltaka prioritert og administrert i samråd med lokale og nasjonale tilbydarar, Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) og statsforvaltarane.

Innhaldet og krava i både beredskapsavtalane og avtalane om forsterka ekom-utbygging, blir vurdert kontinuerleg. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit følgjer opp gjennomføring, mottar rapportering undervegs og stiller krav om sluttrapportering for å etterkontrollere alle tiltaka.

Rapport

Det vart løyva 260,5 mill. kroner til sikkerheit og beredskap i 2022, inkludert tilleggsløyvingar til mobilbasert befolkningsvarsling og oppgradert reserveløysing for kommunikasjon mellom Svalbard og fastlandet ved Stortingets behandling av Prop. 78 S (2021–2022) og tilleggsløyvingar til tiltak for å styrkje ekominfrastrukturen på sokkelen og oppgradert prioritetsabonnementsteneste ved Stortingets behandling av Prop. 23 S (2022–2023).

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit hadde beredskapsavtalar med seks ulike tilbydarar i 2022 og har inngått nye beredskapsavtalar med desse tilbydarane for 2023. I tillegg har Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit inngått ein avtale om drift av anlegg med fortifikatorisk sikring med Telenor.

Ordninga med prioritet i mobilnetta har til no berre fungert for 2G-nett. Hausten 2023 vart det innført ein ny ordning i 4G- og 5G-netta, og staten dekkjer kostnader som tilbydarane har for denne oppgraderinga.

I program for forsterka ekom vart det i 2023 sett i gong tiltak i åtte nye kommunar i Nordland, Trøndelag og Møre og Romsdal. Tiltaka gir auka beredskap for mobildekninga for befolkinga og lokal kriseleiing, mellom anna ved langvarige straumbrot. Totalt er det løyvd midlar til slik forsterka mobilberedskap for 91 kommunar sidan oppstart i 2014.

Tiltaka for å styrkje transportnetta og andre sårbare punkt i netta i Finnmark vart fullført i 2022. Tilsvarande tiltak for Troms vart sette i verk i 2022 og 2023, og tiltaka vil auke sikkerheita og beredskapen for digital kommunikasjon i regionen og landsdelen. I 2022 og 2023 gjennomførte Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit òg ein omfattande risiko- og sårbarheitsanalyse for Nordland, som inkluderte både synfaringar og dialog med lokale myndigheiter, tilbydarar og statlege aktørar. Det blir planlagt å setje i verk tiltak for å styrkje Nordland i 2023 og 2024. Det er òg starta ei analyse av risiko og sårbarheiter i Trøndelag.

Tiltak for å styrkje sikkerheita og beredskapen knytt til ekominfrastrukturen på norsk kontinentalsokkel har blitt sett i verk i 2023, mellom anna undersøkingar av undersjøisk infrastruktur og nye system for å detektere uønskte hendingar. Ei treårig avtale for utvida reserveløysing for kommunikasjon til Svalbard vart inngått og etablert i 2022 og er vidareført i 2023, og systemet for mobilbasert befolkningsvarsling, Nødvarsel, vart lansert i februar 2023 og vil vidareutviklast gjennom året. Samla gir desse tilleggsløyvingane gjen-

nom året vesentlege bidrag til auka samfunnssikkerheit og -beredskap.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I 2024 skal Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit inngå nye beredskapsavtalar med utvalde tilbydarar, mellom anna for gjenoppretting av mobildekning, og avtale om vidare drift av fortifikatoriske anlegg med Telenor. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit skal setje i verk forsterka ekom i nye kommunar i 2024. Det langsiktige målet er å etablere eitt område i alle sårbare kommunar i landet med forsterka mobilkommunikasjon.

Midlar på posten skal i 2024 bidra til drift av systemet for mobilbasert befolkningsvarsling, Nødvarsel, og av reserveløysinga for kommunikasjon mellom Svalbard og fastlandet, og til styrking av fiberforbindelsen mellom Svalbard og fastlandet inkludert fullføring av pågåande tiltak.

I tillegg kan det bli aktuelt å gjennomføre andre tiltak på kort varsel i lys av den sikkerheitspolitiske situasjonen eller som følgje av ny kunnskap eller konkrete hendingar, inkludert til dømes ytterlegare tiltak knytt til infrastruktur på sokkelen.

Det blir foreslått å løyve 188 mill. kroner.

Post 71 Funksjonell internettilgang til alle, kan overførast

Mål for ordninga

Husstandar og små og mellomstore verksemder som ikkje kan få eit tilbod om funksjonell internettilgang gjennom marknadsbasert utbygging eller gjennom eksisterande offentlege verkemiddel, skal sikrast moglegheit for funksjonell internettilgang gjennom innkjøpsordninga.

Kriterium for måloppnåing

Hovudkriteriet for måloppnåing er talet på husstandar og små og mellomstore verksemder som får funksjonell internettilgang gjennom ordninga.

Tildelingskriterium

Kriterium for tildeling blir fastsette i forskrift.

Husstandar og heilårlege og sesongbaserte verksemder med under 100 tilsette som ikkje har eit tilbod om funksjonell internettilgang, kvalifiserer

for støtte gjennom ordninga. Funksjonell internettilgang skal forståast som breibandtilgang med moglegheit til tilkopling til internett som gir minimum 30 Mbit/s nedlastingshastigheit og minimum 5 Mbit/s opplastingshastigheit.

Det skal vere ein eigenandel for støttemottakarar på 5 000 kroner og eit øvre tak for statleg støtte på 400 000 kroner.

Det vil bli fastsett ei rekke krav til tilbodet som blir etablert, irekna krav til minimumsnivå på datapakkar, krav om abonnementspris på nivå med marknadsprisar og krav til feilretting eller kompensasjon ved nedetid.

Oppfølging og kontroll

Ordninga skal forvaltast av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Etaten vil kontrollere opplysningar i samband med søknadsbehandlinga og kontrollere at krav og forpliktingar som er fastsette i forskrifta blir oppfylte. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vil rapportere til Kommunal- og distriktsdepartementet om bruk av ordninga. Ordninga skal evaluerast jamleg.

Rapport

Ordninga var ny frå 2022. Utkast til tilskotsregelverk var på høyring i 2021. I 2022 og 2023 har departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeidd vidare med å fastsette forskrifta med tilskotsregler. Det har oppstått ein del praktiske spørsmål knytt til ordninga, inkludert om statsstøtteregelverk, og departementet tar sikte på at forskrifta skal tre i kraft i 2024.

Tenestene som blir tilbydd og behova for hastigheiter på breiband endrar seg raskt. Derfor er ordninga endra til at 30 Mbit/s er minimumshastigheit på breibandstilbodet som blir bygd ut, jf. omtale i Prop. 23 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023). I same proposisjonar blir det opplyst at det er funksjonell internettilgang, og ikkje berre telefoneneste, som skal kunne anskaffast. Departementet understrekar at dei som får etablert funksjonell internettilgang, òg vil kunne bruke denne tilgangen til telefoneneste.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 10,6 mill. kroner.

Kap. 3543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Diverse gebyr	308	309	322
70	Inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar		609 400	583 600
	Sum kap. 3543	308	609 709	583 922

Post 01 Diverse gebyr

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine utgifter på kap. 543, postane 01 og 45 blir i hovudsak dekkja av inntekter frå sektoravgifter og gebyr. I tillegg skal inntektene dekke meirverdiavgift som blir belasta sentralt på kap. 1633, post 01.

I sjølvfinansieringsordninga inngår ikkje 10 mill. kroner i refusjon til drift av Radiostøykontrollen og 0,9 mill. kroner til å rettleie fylkeskommunane i samband med tilskot til breibandutbygging.

Det blir foreslått å løyve 322 000 kroner i gebyrinntekter. Dette består i hovudsak av gebyr knytt til løyve for radioamatørar og gebyr for radioutstyr i luftfartøy.

Post 70 Inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar

Posten vart oppretta i 2023, jf. Prop. 1 S Tillegg 2 (2022–2023) og Innst. 13 S (2022–2023). Posten omfattar inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar.

Frekvensar utgjer ein verdifull og avgrensa naturressurs, som er ein nødvendig innsatsfaktor

for å kunne tilby mellom anna mobile ekomtenester og annan samfunns viktig infrastruktur. Kommunal- og distriktsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit forvaltar frekvensressursane i Noreg. Ved tildelingar av frekvensar der det er konkurranse om ressursane, brukar ein som hovudregel auksjon som genererer inntekter for staten.

Auksjonen av frekvensbanda omkring 2,6 og 3,6 GHz til mobilkommunikasjon og 5G vart halden av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i september 2021. Det vart opna for at vinnarane i denne auksjonen kunne betale auksjonsprovenyet over tid. Alle vinnarane i auksjonen valde dette. Anslått inntekt i 2024 frå auksjonen av dei nemnde frekvensbanda er 583,6 mill. kroner.

Det vil tilkome inntekter frå tildeling av frekvensbandet omkring 1 500 MHz i 2024. Vidare vil det kunne tilkome inntekter frå tildeling av 26 GHz-bandet da dette som utgangspunkt vil vere tilgjengeleg frå 2024. Dersom det blir gjort bruk av nedbetalingsordningar, vil betalinga sannsynlegvis fordelast over fem år. Det er ikkje mogleg å angi størrelsen på desse inntektene på førehand.

Det blir foreslått å løyve 583,6 mill. kroner.

Kap. 5570 Sektoravgifter under Kommunal- og distriktsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	253 440	262 613	281 165
	Sum kap. 5570	253 440	262 613	281 165

Post 70 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

Sektoravgiftene og gebyra skal i hovudsak dekke Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine utgifter som er budsjettert på kap. 543, postane 01 og 45, og meirverdiavgift på kap. 1633, post 01.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit administrerer og tildeler 5-sifra nummer direkte til organisasjonar og verksemdar. Inntektene blir ført på

kap. 5583 Særskilte avgifter mv. i bruk av frekvensar, post 70 Avgift på frekvensar mv. Sektoravgifter for å dekke kostnadane med å administrere ordninga blir inntektsført på kap. 5570, post 70.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner for å styrkje Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit på sikkerheitsområdet, jf. omtale under kap. 543, post 01.

Samla blir det foreslått å løyve 281,2 mill. kroner.

Programkategori 13.45 Personvern

Utgifter under programkategori 13.45 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
545	Datatilsynet	68 410	78 127	82 241	5,3
546	Personvernemnda	1 886	2 641	2 778	5,2
	Sum kategori 13.45	70 296	80 768	85 019	5,3

Inntekter under programkategori 13.45 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3545	Datatilsynet	20 207			0,0
	Sum kategori 13.45	20 207			0,0

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for personvernpolitikken og ansvaret for personopplysningsforskrifta. Departementet har òg det administrative ansvaret for Datatilsynet og Personvernemnda. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for personopplysningslova. Arbeidet i departementa skal bidra til at det blir tatt omsyn til personvern i utforming av politikk og regelverk. Personvernomsyn og den generelle personvernreguleringa gjeld for alle sektorar. Kvart departement har ansvaret for å ivareta personvernregelverket og personvernomsyn i sin sektor. Personvernarbeidet i Kommunal- og distriktsdepartementet er nært knytt til departementet sitt arbeid med både forvaltningspolitikk og IT-politikk.

Mål for programkategorien

1. Eit godt personvern for alle

Mål 1 Eit godt personvern for alle

Personvern er ein menneskerett. Reglar som skal sikre personvernet finst i både Grunnlova, personopplysningslova og særlovgeving. Reglane skal verne den enkelte mot at personvernet blir krenkt ved behandling av personopplysningar. Samstundes skal reglane verne den personlege integriteten til kvar enkelt. Kjennskap til reglane er viktig, og det er eit mål for regjeringa at innbyggjarane skal få meir kunnskap om personvern.

Auka digitalisering og den teknologiske utviklinga kan utfordre viktige personvernomsyn. Regjeringa ønsker å verne innbyggjarane mot digital overvaking og påverknad, mellom anna ved å stille strengare vilkår for deling av data frå private verksemder der slik deling inneber ein personverntrugsel. Departementets arbeid skal støtte opp om aktivitetar og tiltak i Datatilsynet i samsvar med dei oppgåvene tilsynet er gitt i personvernregelverket.

Berekraftsmåla

Godt personvern bidreg til å sikre at innbyggjarane har tillit til samfunnet, og er derfor viktig for berekraftsmål 16 om fred, rettferd og velfungerande institusjonar. Eit godt personvern støttar

oppunder utviklinga av effektive, ansvarlege og opne institusjonar. Det bidreg òg til å sikre allmenn tilgang til informasjon og verne om grunnleggjande friheiter i samsvar med nasjonal lovgjeving og internasjonale reglar.

Kap. 545 Datatilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	68 410	78 127	82 241
	Sum kap. 545	68 410	78 127	82 241

Datatilsynet er eit forvaltningsorgan med både tilsyns- og ombudsoppgåver. Datatilsynet fører tilsyn etter personopplysningslova og personvernforordninga, pasientjournallova, helseregisterlova, helseforskningslova, politiregisterlova og lov om Schengen informasjonssystem. Verksemda bruker tilsyn, saksbehandling og andre verkemidlar i arbeidet med å kontrollere at regelverket blir følgd og at manglar blir retta. Datatilsynet deltek også aktivt i personverndebatten.

Post 01 Driftsutgifter**Rapport**

Personvern er eit tema som gjer seg gjeldande på dei fleste samfunnsområde. Hovudmålet på personvernområdet er at alle skal ha eit godt personvern. For å nå dette målet er det viktig at den enkelte kjenner og kan vareta rettane sine, og at norske verksemdar i både offentleg og privat sektor kjenner og etterlev pliktane sine. Rettleiing og informasjonserksemd er derfor prioriterte oppgåver for Datatilsynet.

Rapporteringsperioden har vore prega av ein svært stor auke i saksmengda i Datatilsynet. Det kjem inn fleire klager, fleire avviksmeldingar og fleire innsynsførespurnader enn tidlegare. Totalt registrerte Datatilsynet 3 519 nye saker i 2022, mot 2 474 i 2021. Kvar sak inneheld fleire dokument enn tidlegare, og det vart journalført 229 fleire dokument i 2022 enn året før. Mange klager gjeld feil behandling av personopplysningar i register. Meldingar om avvik skuldast ofte feilsending eller feilpublisering av personopplysningar, eller manglande tilgangsstyring i store data-system. I tillegg til at saksmengda aukar, blir sakene stadig meir omfattande og krevjande.

I rapporteringsperioden behandla Datatilsynet fleire slike store og krevjande saker. Mellom anna vart dei to store sakene om brot på informasjonssikkerheiten på Stortinget og i Østre Toten kommune ferdigbehandla i 2022. Tilsynet har òg behandla fleire saker som gjeld informasjonssamfunnstenester, med særleg fokus på innsamling og deling av personopplysningar i annonseindustrien. I tillegg til ordinære saker, legg Datatilsynet mykje ressursar i utvalde høyringssaker med potensielt store konsekvensar for innbyggjarane sitt personvern. I 2022 var endringar i etterretningstenestelova og endringar i PSTs rett til å samle inn og lagre opent tilgjengeleg informasjon frå internett to slike høyringssaker.

Den auka saksmengda har også ført med seg ein stor auke i talet på førespurnader om dokumentinnsyn. I 2022 fekk Datatilsynet 6 916 slike førespurnader mot 3 671 i 2020. Behandling av innsynsførespurnader legg beslag på mykje ressursar i tilsynet.

Også det internasjonale arbeidet aukar i omfang. Datatilsynet er aktive i det europeiske personvernarbeidet. Dei deltek mellom anna i alle dei tolv undergruppene i Det europeiske personvernrådet (EDPB). EDPB behandlar også fleire store saker om behandling av personopplysningar med konsekvensar i fleire europeiske land. Det norske Datatilsynet deltek aktivt i dette arbeidet, anten som leiande tilsynsmyndigheit med ansvar for saka, eller som tilsynsmyndigheit som sakene vedkjem. Gjennom dette arbeidet har dei moglegheit til å påverke rettsutviklinga på personvernområdet i Europa.

I tillegg til saksbehandling, driv Datatilsynet ein telefonbasert rettleiingsteneste. I 2022 handterte tenesta 5 331 samtaler. Om lag 40 pst. av dei

som kontaktar tenesta er verksemdar, medan litt over 50 pst. er privatpersonar. Resten av samtalene kjem frå personvernombod. Spørsmåla femner breitt, og gjeld mellom anna kommuneadministrasjon, skule og barnehage, transport, telekom og helse.

Sidan 2021 har Datatilsynet drifta eit prøveprosjekt med ei regulatorisk sandkasse for personvernvenleg kunstig intelligens. Frå 2023 er sandkassa permanent, og femner personvernvenleg digitalisering og innovasjon. I sandkassa kan offentlege og private verksemdar få tilpassa og dialogbasert rettleiing slik at dei kan utvikle og ta i bruk kunstig intelligens på ein personvernvenleg måte. Dette legg grunnlag for tillit mellom dei som tilbyr KI-baserte tenester og dei som bruker tenestene. I 2022 vart det publisert sluttrapportar frå seks prosjekt som omfatta mellom anna helse, arbeidsliv, skule og arkivering. I tillegg vart det tatt inn tre nye prosjekt i sandkassa. Det blir lagt

vekt på at prosjekta skal vere innovative, samfunnsnyttige og bidra til eit godt personvern. Det er viktig at erfaringar frå prosjekta kjem flest mogleg til nytte. Ekstern kommunikasjon for å spreie læring frå prosjekta er derfor ein prioritert aktivitet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Datatilsynet har ein særleg uavhengig stilling, jf. personopplysningslova § 20 og personvernforordninga artikkel 52. Som følge av dette står Datatilsynet fritt til å foreta dei faglege prioriteringane under målet om eit godt personvern for alle. Løyvinga på posten skal nyttast i tråd med dei faglege prioriteringane tilsynet gjer, men likevel slik at 7 mill. kroner blir brukt til den regulatoriske sandkassa for personvernvenleg innovasjon og digitalisering.

Det blir foreslått å løyve 82,2 mill. kroner.

Kap. 3545 Datatilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Inntekter ved oppdrag	20 207		
	Sum kap. 3545	20 207		

Post 01 Inntekter ved oppdrag

Posten vart avvikla frå 2023 og inntektene blir ført på post 85.

Post 85 Lovbrotsgjebyr og tvangsmulkt

Inntekter som blir ført på denne posten kjem frå gjebyr og tvangsmulkt for brot på personopplysningsreglane.

Kap. 546 Personvernemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	1 886	2 641	2 778
	Sum kap. 546	1 886	2 641	2 778

Personvernemnda er klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet. Nemnda er ein del av det nasjonale verkemiddelapparatet for å sikre effektiv handheving av personvernreglane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker i hovudsak utgifter til løn og drift av Personvernemndas sekretariat. Løyvinga skal også dekke reiseutgifter og godtgjersle til medle-

mane, og sakskostnader i saker der parten blir tilkjend dette.

Rapport

Personvernemnda har sju medlemmer som alle er oppnemnde for fire år om gangen med moglegheit for ei gjenoppnemning. Dei noverande medlemene er oppnemnde for perioden 2021–2024. Nemnda er breitt fagleg samansett og er godt rusta til å gjere krevjande vurderingar i saker der personvern skal vegast mot andre samfunnsomsyn. I 2022 behandla nemnda totalt 19 saker, mot 26 året før. Fleire av sakene har vore store og komplekse, og det har vore nødvendig å behandle dei over fleire møte. Til dømes vart to ulike saker om sletting i søkemotoren Google behandla i høvesvis to og tre møte.

Klagesakene som kjem inn til nemnda gjeld alt frå kameraovervaking, kredittvurdering, overvaking i arbeidstilhøve og informasjonstryggleik og behandling av personopplysningar i helsesektoren. Dette er eit klart teikn på at personvern gjer seg gjeldande på dei aller fleste samfunnsområde.

I april 2022 vart medlem Line Coll løyst frå vervet i nemnda då ho vart utnemnd til direktør i Datatilsynet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Personvernemnda si einaste oppgåve er å behandle klager over vedtak fatta av Datatilsynet. Nemnda skal ha som mål å skrive gode vedtak som kan gi rettleiing i seinare liknande saker. Samstundes skal saksbehandlingstida haldast så låg som mogleg.

Det blir foreslått å løyve 2,8 mill. kroner.

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Utgifter under programkategori 13.50 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
553	Regional- og distriktsutvikling	1 466 447	1 185 724	1 447 765	22,1
554	Kompetansesenter for distriktsutvikling	99 686	95 100	105 130	10,5
Sum kategori 13.50		1 566 133	1 280 824	1 552 895	21,2

Innleiing

Distrikts- og regionalpolitikken skal skape grunnlag for at folk skal kunne bu, arbeide og leve eit godt liv i heile Noreg. Regjeringa la i juni 2023 fram ei melding til Stortinget om distriktpolitikk. Distriktsmeldinga viser tiltak som allereie er sett i verk og saker under arbeid i departementa.

Programkategori 13.50 gir handlingsrom for å realisere distriktpolitikken. Det er ein målretta innsats mot særleg strategisk viktige område der utfordringane ikkje kan løysast av sektorpolitisk innsats aleine. Regjeringa foreslår at det blir løyvd om lag 1,5 mrd. kroner under programkategorien.

Ein vellykka distrikts- og regionalpolitikk føreset innsats på ei rekke politikkområde. Regjeringa syner mellom anna til forslaga om auka tilskot til breiband, auka løyve til eit forbetra FOT-rutetilbod, inkludert halvering av prisane og auka setekapasitet, reduserte barnehageprisar i kommunar i sentralitet 5 og 6, og tiltak for å styrkje lokalt politi. Regjeringa foreslår òg å auke Finnmarksfradraget og å styrkje ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift gjennom auka fribeløp.

Vedlegg 1 gir ei oversikt over verkemiddel under andre politikkområde, som enten er grunnleggjande i distriktpolitiske mål, eller som er særleg viktige for distriktsområde. Samla foreslår regjeringa å løyve om lag 67,4 mrd. kroner til dette, ein vekst på 11,6 pst. frå 2023.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ei samordningsrolle i saker som har betydning for regional- og distriktpolitiske mål, og skal bidra til at regjeringa sin politikk i sum støttar opp under

dette målet (sjå del 1 Ein aktiv distriktpolitikk). Departementet har òg eit særskilt ansvar for å samordne regjeringa sin nordområdepolitikk, koordinere regjeringa sitt arbeid med lokalisering av statlege arbeidsplassar og å arbeide for at EØS-regelverket for offentleg regionalstøtte gir handlingsrom for regional- og distriktpolitikken.

Det er fleire aktørar som bidrar i distrikts- og regionalpolitikken. Fylkeskommunane skal, ut frå regionale fortrinn og prioriteringar, gi oppdrag og fordele delegerte tilskot som skal mobilisere og utvikle verksemdar og grunderar. Innovasjon Noreg, Siva og Noregs forskingsråd forvaltar verkemidla på oppdrag frå fylkeskommunane og departementet. Innovasjon Noreg skal utløyse verksemds- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling og dei næringsmessige moglegheitene i regionane. Siva skal, gjennom fysisk og organisatorisk infrastruktur, utvikle oppstarts- og innovasjonsmiljø og verksemdfelleskap. Forskingsrådet skal arbeide for at næringslivet etter spør meir forskning og kunnskap, at verksemdar forskar meir og at forskingsresultat i større grad blir tatt i bruk. Kommunane skal vere pådrivarar for lokal samfunns- og næringsutvikling, og sikre velfungerande tenestetilbod tilpassa lokale behov og føresetnadar.

Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktsenteret) skal arbeide for at kommunane blir gode samfunnsutviklarar. Senteret skal bidra til å koordinere og målrette lokal utviklingsinnsats gjennom samarbeid, nettverksbygging og erfaringsutveksling. Distriktsenteret forvaltar òg Merkur-programmet, som skal sikre område med få innbygga-

rar tilgang til grunnleggande private tenester, med vekt på daglegvarer og drivstoffstilbod.

Kommunal- og distriktsdepartementet tek over ansvaret for det norske Barentssekretariatet frå Utanriksdepartementet 1. januar 2024. Hovudvekta av Barentssekretariatet sine aktivitetar framover vil rette seg mot internasjonalt samarbeid med dei nordlege finske og svenske regionane, irekna urfolkssamarbeid, der hensikta er å fremje samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Mål for programkategorien

1. Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Mål 1 Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Regjeringa vil føre ein politikk for sterkare fellesskap, utvikling og verdiskaping i heile landet.

Det er framleis låg arbeidsløyse og høg aktivitet i norsk økonomi, sjølv om veksten er i ferd med å bli dempa noko. Høg prisvekst, aukande rente og låg kronekurs pregar situasjonen, og utviklinga framover er usikker. Dei demografiske utfordringane, som er størst i distrikta, skapar kamp om arbeidskrafta og stiller store krav til omstilling og vidareutvikling av næringslivet. Næringslivet i distrikta må òg omstille seg for å møte klimakrav og marknadsmoglegheiter i det grøne skiftet.

To distrikts- og regionalpolitiske tilskot vart innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane i 2020, med særskild fordeling. I Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* la departementet opp til at midlane til distrikts- og regionalpolitiske tilskot skal førast tilbake til øyremerka ordningar frå 2024. Departementet foreslår at midlane går inn i ordningar som er målretta mot sentrale utfordringar i distrikts- og regionalpolitikken i dag, innanfor rammene av føremålet med postane som vart innlemma. Sjå kap. 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta og kap. 553, post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar.

Ein forsterka statleg lokaliseringsspolitikk er ein del av innsatsen til regjeringa for ei meir balansert utvikling i landet. Regjeringa meiner at statlege arbeidsplassar bør vere spreidde geografisk og kome heile landet til gode. Hausten 2022 revi-

derte og styrkte regjeringa retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Regjeringa vil i tillegg legge betre til rette for desentralisert arbeid i statlege verksemdar.

Regjeringa vil bidra til meir målretta og samordna innsats i distrikts- og regionalpolitikken ved hjelp av regionvekstavgifter. Regionvekstavgifter skal styrkje samordninga av ulike offentlege tiltak og verkemiddel, slik at den samla innsatsen treff betre. Regionvekstavgifter skal vere eit verktøy for meir effektiv og koordinert innsats frå staten og fylkeskommunen for å møte store samfunnsutfordringar i det enkelte fylke.

Under programkategori 13.50 støttar følgjande postar opp under målet:

- kap. 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta
- kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling
- kap. 553, post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar
- kap. 553, post 67 Utviklingstiltak i Andøy kommune
- kap. 553, post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon
- kap. 553, post 71 Investeringstilskot for store grøne investeringar
- kap. 553, post 74 Klyngjer og innovasjon

Mål 2 Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Regjeringa vil bidra til regional utvikling gjennom samarbeid over landegrensene og i nordområda.

Regjeringa definerer nordområda som Noregs viktigaste strategiske satsingsområde. Regjeringa ønskjer ein ny giv i nordområdepolitikken og ei positiv utvikling i Nord-Noreg, med trygge arbeidsplassar, tilgang til arbeidskraft, tenester nær folk og ein godt utvikla infrastruktur i heile regionen. God tilrettelegging for grenseoverskridande lokalt og regionalt samarbeid og kunnskapsutvikling skal bidra til å løyse utfordringar i nordområda. Kommunal- og distriktsdepartementet tek over arbeidet med å koordinere regjeringa sin nordområdepolitikk, og ansvaret for det norske Barentssekretariatet frå Utanriksdepartementet. Grensekryssande regionalpolitisk samarbeid i nord ligg i Kommunal- og distriktsdepartementet. Utanriksdepartementet har framleis ansvaret for internasjonalt og mellomstatleg samarbeid i Arktis. Målet er å styrkje innsatsen i nordområda. Regjeringa samarbeider med både nordiske, europeiske og arktiske statar for å ta vare på norske

interesser i nordområda, og sikre at Arktis held fram med å vere ein fredeleg og stabil region.

Mange samfunnsutfordringar, som tilgang til kvalifisert arbeidskraft og berekraftig nærings- og transportutvikling, er grenseoverskridande og kan løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Norske (grense)kommunar samarbeider òg over grensene om mellom anna utvikling av offentlege tenester og berekraftig forvaltning av ressursane. Interreg-prosjekta kan utvikle seg til større satsingar med stor strategisk verdi for regionane.

Under programkategori 13.50 støttar følgjande postar opp under målet:

- kap. 553, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet
- kap. 553, post 76 Nordisk og europeisk samarbeid

Mål 3 Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Regjeringa er opptatt av gode tenester nær folk, og ein offentlig sektor som er til stades i lokalsamfunnet. Alle kommunar bør vere attraktive for busetting, og ha eit velfungerande tenestetilbod tilpassa lokale behov og føresetnader.

Utfordringar som følge av spreidd busetting, auke i talet på eldre og reduksjon i folketalet stiller store krav til arbeid med utvikling av lokalsamfunnet og tenester. Dette krev at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og utviklingskapasitet for å legge til rette for ei positiv samfunnsutvikling, og for innovasjon og fornying i kommunen sine tenester og arbeidsformer. Distriktssenteret skal i samarbeid med regionale aktørar støtte opp om dette arbeidet i distriktskommunane. Distriktssenteret skal òg gjennom Merkur-programmet støtte opp om butikkar i lokalsamfunn med små marknader.

Bygdevekstavtaler skal bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling. Ordninga blir testa ut og utvikla i nokre pilotkommunar i område med betydelege distriktsutfordringar, i forpliktande samarbeid med statlege aktørar og andre aktuelle samarbeidspartnarar. I 2022 vart fem pilotar valt ut til testing av avtaler som nytt distriktpolitisk verkemiddel. Hausten 2023 vert fleire pilotar valt ut til ein ny pulje.

Med pilot nærteneesenter vil regjeringa teste ut ulike modellar for å gjere statlege publikumstenester meir tilgjengelege.

Under programkategori 13.50 støttar følgjande postar opp under målet:

- kap. 553, post 64 Pilot nærteneesenter
- kap. 553, post 66 Bygdevekstavtaler
- kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling
- kap. 554, post 73 Merkur

Boks 5.1 Distriktsindeksen

Distriktsindeksen er eit verktøy for å peike ut distriktskommunar som treng distriktpolitiske verkemiddel, og gir ei rangering av kommunane etter grad av distriktsutfordringar. Kommunane med dei lågaste verdiane har dei største distriktsutfordringane. Distriktsindeksen vart revidert i 2020 og presentert i kommuneproposisjonen for 2021. Indeksen inneheld fire indikatorar: sentralitetsindeksen til SSB, vekst i folketal dei ti siste åra, vekst i sysselsetting dei ti siste åra og ein-sidig næringsstruktur.

Distriktsindeksen blir brukt i fastsettinga av differensiert arbeidsgivaravgift og verkeområdet for investeringsstøtte, og i fordelinga av distriktpolitiske verkemiddel til fylkeskommunane. I distriktstilskot Sør-Noreg og distriktstilskot Nord-Noreg i inntektssystemet for kommunane i 2024 er distriktsindeksen frå 2017 brukt. Departementet vil vurdere utforminga av desse tilskota i samanheng med oppfølginga av tilrådingane til inntektssystemutvalet i NOU 2022: 10 *Inntektssystemet til kommunene*.

Berekraftsmåla

Programkategori 13.50 omfattar ei rekke av berekraftsmåla, men det er særleg måla om økonomisk utvikling, innovasjon, berekraftige byar og lokalsamfunn, klima og miljø og samarbeid for å nå måla, som er relevante.

Dei næringsretta postane under 13.50 finansierer verkemiddel forvalta av Innovasjon Noreg, Siva og Forskingsrådet. Innovasjon Noreg rapporterer på miljøeffekten for sine tildelingar, klassifisert etter EU sin taksonomi for berekraftsmåla.¹ Berekraft er sentralt i måltala i Siva sine nye næringshage- og inkubasjonsprogram. Det er først i Prop. 1 S (2024–2025) at Siva vil kunne rapportere på dette. Forskingsrådet legg vekt på at

¹ Sjå oppdragsgivarrapporten til Innovasjon Noreg for definisjon av miljøklassifisering (s. 288).

prosjekta skal bidra til berekraftig utvikling. Både Innovasjon Noreg og Siva rapporterer på indikatorar for økonomisk utvikling, innovasjon og geografisk nedslag.

Verkemiddelapparatet jobbar med å innføre felles standardar for rapportering av miljø og berekraft frå og med 2024, basert på EU sin taksonomi for berekraftsmåla. Løysinga vil innebere miljøklassifisering av alle prosjekt i ordningane som er omfatta. Arbeidet er omtalt under programkategori 17.20 hos Nærings- og fiskeridepartementet.

For alle næringsretta ordningar kan det vere målkonfliktar mellom økonomisk vekst og klima og miljø. Auka produksjon og auka investeringar kan føre til arealbruk, innsatsfaktorar (ressursbruk) og klimagassutslepp. Samstundes kan investeringar som bidrar til grøn omstilling redusere energibruken per produksjon, omstille produksjonslinjer til lågutsleppsløysingar, redusere ressursbruken per konsumeining (mellom anna gjennom sirkulære verdikjeder) og utvikle lågutsleppsløysingar og energiløysingar for vidareasal.

Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling bidrar til sysselsetting og økonomisk vekst (mål 8), industri og innovasjon (mål 9), berekraftige lokalsamfunn (mål 11), og til grøn omstilling (mål 13–15). Om lag halvparten av midlane til Innovasjon Noreg går til prosjekt med positiv miljøeffekt. Bygdevekstavtaler vil særleg bidra til samarbeid for å nå måla (mål 17). Andre aktuelle mål vil variere mellom dei enkelte avtalane.

Investeringstilskot for store grønne investeringar bidrar til sysselsetting og økonomisk vekst (mål 8), industri og innovasjon (mål 9), berekraftig lokalsamfunn (mål 11), og til grøn omstilling (mål 13–15). Ordninga er berre retta mot prosjekt med positiv miljøeffekt.

Klyngjer og innovasjon bidrar til sysselsetting og økonomisk vekst (mål 8), industri og innovasjon (mål 9), berekraftige lokalsamfunn (mål 11), og til grøn omstilling (mål 13–15). Om lag to tredelar av midlane til Innovasjon Noreg går til prosjekt med positiv miljøeffekt.

Omstillingsmidlar til nye arbeidsplassar i kommunar med vesentleg reduksjon i sysselsettinga bidrar til sysselsetting og økonomisk vekst (mål 8), industri og innovasjon (mål 9) og berekraftige lokalsamfunn (mål 11).

Interreg skal bidra til regional utvikling gjennom samarbeid over landegrensene og samarbeid for å nå måla (mål 17). Det overordna målet med EU sin regionalpolitikk er å jamne ut forskjellane mellom regionane (mål 10). Interreg bidrar vidare til rein energi til alle (mål 7), industri, innovasjon og infrastruktur (mål 9), berekraftige byar og lokalsamfunn (mål 11), livslang læring (mål 4) og til å stoppe klimaendringane (mål 13), men òg andre mål som støtter oppunder eit smartare, grøntare og meir samanknytt Europa.

Distriktssenteret og Merkur-programmet skal særleg bidra til berekraftige byar og lokalsamfunn (mål 11) og samarbeid for å nå måla (mål 17).

Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
60	Kompetanse og arbeidskraft i distrikta			62 940
61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	867 170	763 728	802 091
62	Kompetansepilotar, <i>kan overførast</i>	17 409		
63	Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet	91 266	101 730	145 403
64	Pilot nærttenestesenter, <i>kan overførast</i>			5 000
65	Omstilling og utvikling i område med særskilde distriktsutfordringar	88 214	64 190	120 559
66	Bygdevekstvtaler, <i>kan overførast</i>		25 264	76 931
67	Utviklingstiltak i Andøy kommune			20 000
68	Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemdar	250 000		
69	Mobilisering til forskningsbasert innovasjon	57 000	58 503	66 332
71	Investeringsstilskot for store grønne investeringar		100 000	101 528
74	Klyngjer og innovasjon	71 665	54 159	28 322
76	Nordisk og europeisk samarbeid, <i>kan overførast</i>	23 723	18 150	18 659
	Sum kap. 553	1 466 447	1 185 724	1 447 765

Post 60 (ny) Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Mål for ordninga

Styrkje samsvaret mellom tilbod av og etterspørsel etter utdanning og kompetanse, mobilisere til utdanning og kompetanseheving, legge til rette for desentrale tilbod og å kvalifisere fleire til utdanning og arbeid, i tråd med etterspørselen etter arbeidskraft.

Kriterium for måloppnåing

Auka tilgjengelegheit av desentralisert og fleksibel utdanning og kompetansetiltak som møter lokale og regionale behov for kompetanse og arbeidskraft i distrikta. Styrkt innsats for mobilisering til utdanning og kompetanseheving i offentleg og privat verksemd. Styrkt samarbeid om og utvikling av nye måtar å jobbe på for å kvalifisere fleire som i dag står utanfor, inn i arbeidslivet.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tek utgangspunkt i at alle fylkeskommunane har regionale kompetansebehov og eit regionalt kompetansepolitisk ansvar og rolle, men der behovet for tilrettelegging for utdanning utover dei etablerte studiestadane er særleg stort i distriktsområda. Midlane blir fordelte mellom fylkeskommunane, med unntak av Oslo, med eit grunnbeløp på 3,5 mill. kroner og der resterande midlar blir fordelte gjennom ein distriktskomponent.

Det kan bli gitt tilskot til offentlege og private verksemdar. Føremålet med tiltaket skal vere i tråd med regionale planar for næringsutvikling og kompetanseutvikling. Fylkeskommunane skal prioritere dei prosjekta som i størst grad bidrar til måloppnåing for ordninga.

Fylkeskommunane kan forvalte midlane sjølve eller etablere egne regionale støtteordningar. Midlane skal ikkje rettast mot enkeltpersonar

eller enkeltverksemdar og kan ikkje finansiere ordinær drift av verksemdar på permanent basis.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane, som sjølve vel korleis dei organiserer arbeidet. Kriteria for måloppnåing blir følgd opp gjennom årleg rapportering. Departementet skal i samarbeid med fylkeskommunane utarbeide forskrift for ordninga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Etterspørselen etter kompetent arbeidskraft er stor mange stader, både i offentleg og privat sektor. Den demografiske utviklinga og omstilling i økonomien gir auka konkurranse og nye behov for kvalifisert arbeidskraft i arbeidsmarknadene. Det er behov for å styrkje samsvaret mellom tilbod på utdanning og etterspørsel etter nødvendig arbeidskraft og kompetanse, mobilisere fleire til relevant utdanning og kompetanseheving, legge til rette for betre desentrale tilbod og å vidareutvikle og styrkje samhandling omkring kvalifisering av fleire folk som i dag står utanfor arbeidslivet.

Midlane kan bidra til at fleire tilsette i offentlege og private verksemdar i distrikta nyttar seg av etter- og vidareutdanningstilbod, bidra til at fleire unge og vaksne tar utdanning desentralisert eller fleksibelt, og kan legge til rette for regionalt og lokalt tilpassa tiltak som kan få fleire ut i arbeidslivet, gjennom styrkt samarbeid og fellesprosjekt mellom ulike aktørar. Midlane kan styrkje lokale eller regionale miljø med å legge til rette for og mobilisere til desentralisert utdanning. Ordninga skal bidra til å styrkje tilgangen på desentraliserte utdanningstilbod og tilbod om etter- og vidareutdanning som speglar behova for kvalifisert arbeidskraft i ulike område.

Det blir foreslått å løyve 62,9 mill. kroner, som er overført frå kap. 572, post 60 Innbyggartilskot, rammetilskotet til fylkeskommunane, til den nye ordninga. Fylkeskommunane kan sjølv prioritere innanfor målet for ordninga.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga vart gitt.

Post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Midlane blir tildelt fylkeskommunane, som gir oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva for ein por-

tefølje av verkemiddel retta mot verksemdar, sjå boks 5.2. Fylkeskommunane har òg moglegheita til å gi oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva for mobiliseringsarbeid. Innanfor måla og kriteria i ordninga, blir dei regionale oppdraga innretta etter regionale mål, behov og prioriteringar.

I 2022 omfatta post 61 òg ordninga Investeringstilskot for store grønne investeringar. Denne ordninga vart frå 2023 flytta til post 71. Rapport for 2022 er omtalt under post 71.

Mål for ordninga

Ordninga skal mobilisere verksemdar til innovasjon og utvikling og føre til vekst i verdiskaping, sysselsetting og nyskaping i regionane. Vidare skal ordninga bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje blir tatt vare på gjennom nasjonale verkemiddel. Ordninga skal òg hjelpe til å styrkje verksemdene si grønne konkurransekraft.

Innsatsen skal bli målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Utviklinga i verdiskaping, omsetning², sysselsetting og nyskaping for verksemdene som deltek i programma, òg status og utvikling i programma. Kriteria varierer mellom verkemidla.
- Del av verkemidla som når fram til verksemdar med kvinneleg leiar eller eigar, eller som blir definert som «kvinneretta».³
- Del av tildelingane som går til prosjekt med positiv miljøeffekt.

Tildelingskriterium

Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke. Bruken av tilskotsmidlar skal vere forankra i regionale mål og planar, og i forpliktande partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Fylkeskommunane prioriterer fordeling mellom verkemidla omtalt i boks 5.2.

Midlane blir fordelte til fylkeskommunane med ein distriktsdel og ein regionaldel.

Den distriktsretta delen skal utjamne geografiske forskjellar ved å kompensere for ulemper i distriktsområde, og utgjør 75 pst. av løyvinga. Midlane blir fordelte til fylkeskommunane etter

² Dei ulike ordningane bruker ulike omgrep i måling og rapportering. Verdiskaping er verdien av verksemda sitt ferdige produkt minus vareinnsats, omsetning er summen av verksemda sine inntekter og er det same som salsinntekt.

³ Enten målt ved del kvinnelege leiare/eigarar eller ved Innovasjon Noreg sin indikator «kvinneretta», sjå Innovasjon Noreg sin oppdragsgivarrapport 2022 s. 287 for definisjon.

Boks 5.2 Verkemiddel

Fylkeskommunen kan bruke følgande verksemdsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta, forvalta av Innovasjon Noreg:

- *Distriktsretta risikolån* kan bli gitt til toppfinansiering av venta lønsame investerings- og utviklingsprosjekt som er vanskelege å finansiere i den private kredittmarknaden. Låna kan bli innvilga både til nyetableringar og etablerte verksemdar.
- *Distriktsretta garantiar for driftskreditt*, og unntaksvis for lån, blir òg gitt til verksemdar som manglar pantetryggleik for lånefinansiering i bank.
- *Investeringsstilskot* kan bli gitt til fysiske investeringar som produksjonslokale eller produksjonsutstyr, og blir primært gitt til små og mellomstore verksemdar.
- *Bedriftsutviklingsstilskot* kan bli gitt til rådgivingstenester, kompetansetiltak og forprosjekt, primært til små og mellomstore verksemdar.
- *Distriktsretta oppstartstilskot* kan bli brukt til finansiering av innovative prosjekt med vekstpotensial i ein regional eller nasjonal marknad.

Verkemidla kan berre blir brukt innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.¹

Fylkeskommunen kan bruke følgande landsdekkande ordningar, forvalta av Innovasjon Noreg:

- *Landsdekkande oppstartstilskot 1* til marknadsavklaring skal støtte gründerar som har idéar med stort vekstpotensial. Tilskotet kan bli brukt til å utvikle eigen kompetanse, kjøpe kompetansetenester av andre, tilpasse produktet eller tenesta til marknaden eller som tryggleik for å innhente meir kapital.
- *Mentortenenesten for gründerar* skal gi auka kunnskap om forretningsutvikling og vurdering av marknadsmoglegheiter. Verksemdar må vere i utviklings- eller marknadsintroduksjonsfasen og ha ambisjonar om vekst utover sin lokale marknad.

- *Bedriftsnettverk* er eit tilbod til små og mellomstore verksemdar med vekstambisjonar, som ønskjer å etablere strategiske og marknadsretta samarbeidsprosjekt for å styrkje innovasjon og konkurransekraft.

Fylkeskommunen kan nytte følgande landsdekkande ordningar, forvalta av Siva:

- *Inkubasjonsprogrammet* har som visjon å utvikle framtidens berekraftige verksemdar. Hovudmålet er å bidra til auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, kommersialisere og vidareutvikle innovative idéar til nye vekstverksemdar, og utløyse vekst i etablerte verksemdar. Målgruppa er verksemdar med innovative idéar og vekstpotensial.
- *Næringshageprogrammet* har som hovudmålsetting å føre til auka verdiskaping basert på regionale fordelar, gjennom å legge til rette for utvikling av berekraftige og omstillingsdyktige verksemdar. Næringshagen skal utvikle og tilby eit relevant tenestetilbod i tråd med behovet til næringslivet i regionen, og for verksemdene som ønskjer å bruke næringshageprogrammet som verktøy til omstilling, fornying og innovasjon. Programmet er eit viktig distriktpolitisk verkemiddel, og programaktiviteten skal skje i område med svak eller einsidig næringsstruktur, og først og fremst innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstilskot. Målgruppa er små og mellomstore verksemdar og nyetableringar, hovudsakeleg innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad.

¹ Verkeområdet for distriktpolitisk investeringsstøtte er fastsette av departementet og godkjend av ESA i samsvar med EU sine retningslinjer om regionalstøtte. I kommunane omfatta av området kan det gis økonomisk stønad til verksemdar med bakgrunn i distriktpolitiske omsyn.

tal på innbyggjarar innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte,⁴ med høgare vekting på kommunar som skårar lågt på distriktsindeksen. I tillegg er det ei ekstra vekting per innbyggjar i tiltakszona (Finnmark og Nord-Troms).

Den regionale delen skal legge til rette for vekst og utvikling i heile landet ved at kvart fylke realiserer sitt potensial. Fylkesfordelinga av den regionale delen blir vidareført frå tidlegare år, med mindre justeringar for nokre av fylka som blir delt med ein fast del mellom fylka.

For fylker som blir delte avtaler dei respektive fylkeskommunane korleis attståande midlar skal delast. Dette gjeld akkumulerte midlar på kap. 553, post 61 hos Innovasjon Noreg per 31. desember 2023, og eventuelle midlar på tidlegare kap. 550, post 62 hos Innovasjon Noreg. Kansellerte tilsegn og tilbakebetalingar av midlar over desse postane tilhøyrande dei delte fylka følgjer same fordelingsnøkkel som for akkumulerte midlar.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir følgd opp gjennom årleg rapportering, effektmålingar og eksterne evalueringar. Departementet har laga retningslinjer for posten i samråd med fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Siva, der oppgåvene og ansvarsområda til aktørane er omtalt.

Departementet samarbeider med fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Siva om vidareutvikling av verkemidla på budsjettposten.

Rapport

I saldert budsjett for 2022 vart det løyvd 717,2 mill. kroner til ordningane på posten. I tillegg vart det i 2022 løyvd 100 mill. kroner over post 61 til grønt investeringstilskot, som blir rapportert under post 71. I 2022 vart det òg vedtatt ei tilleggsøyve til Troms og Finnmark fylkeskommune på til saman 50 mill. kroner for å bidra til omstilling og utvikling av næringslivet i Aust-Finnmark som vart ramma av sanksjonar mot Russland jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022). Bruken av tilleggsøyvinga til Troms og Finnmark er rapportert i revidert nasjonalbudsjett for 2023. Troms og Finnmark fylkeskommune løyva 16 mill. kroner av tilleggsøyvinga til Innovasjon Noreg. Desse midlane inngjekk i Innovasjon Noregs tilgjengelege midlar for det regio-

nale oppdraget i 2022. Desse midlane er overførbare mellom år i likskap med dei ordinære løyvingane over posten.

Rapporteringa under viser mottakarane sitt forbruk⁵ for 2022. Den inkluderer løyvinga frå fylkeskommunane for 2022 i tillegg til akkumulerte midlar under ordningane. Fylkeskommunane sine løyvingar for 2022 er omtala i deira oppdragsbrev til verkemiddelaktørane.

Fylkeskommunane har gitt oppdrag til Innovasjon Noreg, med følgjande rapportering for 2022⁶:

Bedriftsutviklings- og investeringstilskot (415,4 mill. kroner)

Verksemder som har fått investeringstilskot og/eller bedriftsutviklingstilskot har ei signifikant betre årleg økonomisk utvikling (omsetning, verdiskaping og produktivitet) enn kontrollgruppa. Av bedriftsutviklingstilskotet gjekk 67 pst. av innvilga beløp til prosjekt med innovasjon på nasjonalt eller internasjonalt innovasjonsnivå. For investeringstilskotet var denne delen på 58 pst.

Kundeeffektundersøkinga for 2022 viser at støtta frå Innovasjon Noreg i stor grad var utløyssande for at prosjekta vart gjennomført.

28 pst. av tildelingane gjekk til verksemder yngre enn 3 år og 71 pst. av tildelingane gjekk til verksemder med under 20 tilsette. Kvinneretta prosjekt utgjorde 25 pst. av tildelte beløp.

Distriktsretta risikolån og garantiar for driftskreditt (163 mill. kroner)

Lån og garantiar frå Innovasjon Noreg har ein god økonomisk effekt hos mottakarane, samanlikna med kontrollgruppa av verksemder som ikkje har fått slike lån. Mottakarar av lån har i gjennomsnitt høgare årleg meirvekst, spesielt på omsetning og verdiskaping, enn mottakarar av tilskot.

30 pst. av tildelingane for nye lån og garantiar gjekk til grunderar. 83 pst. av tildelte saker (lån og garantiar) gjekk i 2022 til verksemder med inntil 20 tilsette. Kvinneretta prosjekt utgjorde 24 pst. av tildelt beløp.

⁴ Verkeområdet for distriktspolitisk grunngeva investeringsstøtte er fastsetje av departementet og godkjend av ESA i samsvar med EU sine retningslinjer om regionalstøtte.

⁵ Ulike ordningar har ulikt innhald. For ordningar som tildeler tilskot eller lån blir totale tilsegn rapportert, for ordningar som inneheld tenester blir verkemiddelaktørens forbruk rapportert. For låneordningar er tildelte tilsegn høgare enn løyvingane fordi det berre er tapsavsetninga som reknast som kostnad.

⁶ Resultata i ordninga vart rapportert i Innovasjon Noregs oppdragsgivarrapport 2022, i tillegg til eksterne evalueringar av ordningane.

Etablerartilskot (50,7 mill. kroner)

Distriktsretta og landsdekkande etablerartilskot (høvesvis *distriktsrettet oppstartstilskudd* og *landsdekkende oppstartstilskudd 1* frå og med 1. januar 2024) har gitt mottakarane ein årleg meirvekst i omsetning, verdiskaping og sysselsetting. Kunde-effektundersøkinga for 2022 viser at dei aktuelle prosjekta i lita grad ville blitt gjennomført utan støtta frå Innovasjon Noreg.

Kvinneretta prosjekt utgjorde 37 pst. og 24 pst. av talet på tilsegn for høvesvis distriktsretta og landsdekkande etablerartilskot.

Bedriftsnettverk (42,6 mill. kroner)

18 nye bedriftsnettverk, med til saman 190 verksemder, vart tatt inn i programmet i 2022. Totalt var det 96 bedriftsnettverk i programmet ved utgangen av året, med til saman 950 verksemder. Nettverka har god geografisk spreiding, og omfattar verksemder i alle næringsgrupper.

Kunde-effektundersøkinga viser at 95 pst. av respondentane meiner ordninga er utløysande for prosjekta.

Menon Economics evaluerte ordninga i 2021 og fant at bedriftsnettverk bidrar effektivt til:

- Mobilisering av verksemder i nettverka og som eksterne partnerar.
- Samarbeid på område som marknadsaktivitetar, kompetanse og innovasjon.
- Innovasjon i medlemsverksemdene, særleg retta mot nye marknader og tenester.
- Økonomisk utvikling, særleg i form av auka omsetning og lønsemd.

Mentortenensten for gründarar (5,4 mill. kroner)

113 verksemder fekk tildelt mentor i 2022. Ei evaluering frå Menon Economics i 2018 viser at tenesten tilbyr skreddarsydd kompetanse tilpassa behova til gründarar og har lite overlapp med andre tenester. Tenesten er under langtidsevaluering gjennom eit forskingssamarbeid mellom Innovasjon Noreg og Universitetet i Oslo (UiO) som vart igangsett i 2019.

Miljøeffekt

Innovasjon Noreg rapporterte at talet på tilsegn med positiv miljøeffekt⁷ for 2022 er 59 pst. for verksemdsutviklings- og investeringstilskot,

⁷ Definert av Innovasjon Noreg i tråd med EU sin taksonomi for berekraftsmåla, sjå oppdragsgivarrapporten s. 288.

78 pst. for distriktsretta risikolån og 25 og 47 pst. for høvesvis distriktsretta og landsdekkande etablerartilskot. Omlegging av systema for grøn rapportering frå 2024 gjer at tala ikkje vert samanliknbare på tvers av år.

Fylkeskommunane har gitt oppdrag til Siva, med følgjande rapportering for 2022⁸:

Næringshageprogrammet (87,3 mill. kroner)

I 2022 var det rekordhøge 2 692 målverksemder⁹ som tok imot rådgivings- og utviklingstenester frå 39 næringshagar. Talet på inntak av nye målverksemder er 588. Det er 8 pst. lågare enn året før.

I perioden 2012–2021 har målverksemdene i næringshageprogrammet ei samla akkumulert omsetning på 571,4 mrd. kroner. I same periode har målverksemdene ei akkumulert verdiskaping på 168,7 mrd. kroner. Uavhengig av kva år omsetninga blir målt mellom 2012–2021 har omkring halvparten av verksemdene inntil fem mill. kroner i omsetning, medan éi av ti verksemder har ei omsetning på meir enn 50 mill. kroner. Meir enn halvparten av målverksemdene i næringshagane opplever vekst i verdiskapinga kvart år. Målverksemdene i næringshageprogrammet har ei betydeleg høgare omsetning og verdiskaping enn inkubatorverksemdene.

Tre av ti målverksemder i næringshageprogrammet hadde ein auke i sysselsettinga i perioden 2021–2022. Frå 2021 til 2022 hadde likevel alle verksemdene som tok del i næringshageprogrammet, med unntak av 2021-opptaket, ein liten nedgang eller inga endring i talet på tilsette. Éi av tre målverksemder i næringshageprogrammet hadde kvinneleg leiing i 2022 (36,5 pst.). I 2022 var det flest kvinnelege leiarar i stillinga som gründer, etterfølgt av dagleg leiar.

Inkubasjonsprogrammet (117,8 mill. kroner)

I 2022 var det 33 inkubatorar og det var totalt 2 291 inkubatorverksemder som nytta seg av inkubatorprogrammet. Det var 908 nye verksemder som vart tatt opp i løpet av fjoråret. Det er ein liten nedgang på 4,6 pst. samanlikna med

⁸ Resultata i ordninga vart rapportert i Siva sin årsrapport for 2022.

⁹ Målverksemd blir definert som kvar verksemd eller næringsdrivande som mottek innovasjonsrådgiving og/eller støttetjenester til redusert pris frå programselskapet. Målverksemda skal alltid vere eit norsk SMB. Målverksemda blir tilknytt næringshagen gjennom ein målverksemdavtale og skal ha ein utviklingsplan.

rekordåret 2021. Delen aktive inkubatorverksemdene med kvinner i leiande stillingar var 28,5 pst. i 2022.

I perioden 2012–2021 har inkubatorverksemdene totalt akkumulert omsetning på 92,8 mrd. kroner. Kva gjeld akkumulert verdiskaping er resultatet 18,6 mrd. kroner i same periode. Omkring halvparten av inkubatorverksemdene har inntil ein halv mill. kroner i omsetning. Vidare er det ein liten del som har meir enn fem mill. kroner i omsetning, og delen har vore aukande dei siste åra. Meir enn halvparten av inkubatorverksemdene opplever årleg vekst i omsetninga og/eller verdiskapinga.

Nye 10-årige næringshageprogram og inkubasjonsprogram

Det nye næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet vart starta frå og med 1. januar 2023, og inneheld 39 næringshagar og 35 inkubatorar. Dei nye programma bygger på kunnskaps- og erfaringsgrunnlag frå programma som vart avslutta i 2022, samstundes som dei er vidareutvikla og fornya med relevante tenester som treff behova næringslivet har i dag. Dette inneber eit auka fokus på berekraft, digitalisering, industriutvikling, internasjonalisering og eksport, òg kompetanseutvikling og kopling mot FoU. I tillegg blir forsterka samspel vektlagt med andre verkemiddel og verkemiddelaktørar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvinga skal bli brukt til mobiliserande og kvalifiserande næringspolitiske verkemiddel i regi av Innovasjon Noreg og Siva. Ordningane gir små og mellomstore verksemdar tilgang til kompetent risikokapital, gjennom ein kombinasjon av rettleiing, kompetanse og kapital som Innovasjon Noreg og Siva tilbyr verksemdene.

Reduserte klimagassutslepp og grøn omstilling skal bli vektlagt.

Søknader blir vurderte etter kvalitet. Innanfor disse rammene jobbar verkemiddelaktørane for å fremje berekraft og mobilisere kvinner til gründerkap.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 12,1 mill. kroner for å skape handlingsrom innanfor andre område.

Det blir foreslått å løyve 802,1 mill. kroner. Dette inkluderer gjennomføringskostnader til Innovasjon Noreg og Siva.

Departementet overfører midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebeta-

ling, jf. forslag til romartalsvedtak. Fylkeskommunane kan dermed disponere midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 62 Kompetansepilotar, kan overførast

Mål for ordninga

Kompetansepilotar skal identifisere og mobilisere verksemdene sine behov for kompetansehevande tiltak, og kople og legge til rette for eit tilpassa tilbod på etter- og vidareutdanning i Distrikts-Noreg. Ordninga skal bidra til å utvikle og prøve ut nye metodar og modellar for å nå målet. Ordninga skal støtte fylkeskommuna si strategiske rolle og ansvar for regional kompetansepolitikk. Målgruppa er offentlege og private verksemdar, med særleg vekt på små verksemdar i Distrikts-Noreg.

Rapport

Alle midlane for heile pilotperioden 2020–2022 vart utlyst samstundes. Det er etablert 16 kompetansepilotar i regi av 10 fylkeskommunar. Alle prosjekta jobbar med å møte dei små verksemdene sine behov for kvalifisert arbeidskraft innanfor næringar og bransjar som er viktige for dei ulike stadene.

Gjennom pilotane har ein testa og utvikla ulike metodar for å identifisere behov for kompetanseutvikling og å mobilisere folk til utdanning. Eksisterande metodar for å legge til rette for etter- og vidareutdanning tilpassa lokale behov er blitt forsterka. Læring på tvers av pilotar og fylke er viktig. Kwart år er det gjennomført to felles arenaer for læring med alle prosjektleiarane. Ei følgjeevaluering gir kunnskap om arbeidet. Sluttrapporten frå evalueringa er ferdig ved årsskiftet 2023/24.

Post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet

Posten omfattar tilskot til Noreg si deltaking i grenseregionale Interreg-program, tilskot til Arktis 2030, tilskot til det norske Barentssekretariatet og sekretariat for Regionalt nordområdeforum i Vadsø. Tilskot til transnasjonale og internasjonale Interreg-program blir omtalt under post 76.

Grenseregionale Interreg-program

Mål for ordninga

Målgruppene er lokale, regionale og nasjonale styremakter, aktørar frå lokalsamfunn og urfolk,

privat næringsliv, forskings- og utviklingsaktørar og frivillige organisasjonar. Ordninga skal:

- bidra til regional utvikling gjennom samarbeid over landegrensene.
- bidra til a) eit smartare Europa, b) eit grønar Europa, c) eit meir samanknytt Europa, d) eit meir sosialt Europa og e) eit Europa nærare borgarane. Eit eige Interreg-spesifikt mål (ISO 1) om å styrkje kapasiteten i grenseoverskridande samarbeid kjem i tillegg. Innsatsen til Noreg vektlegg måla a, b, c og ISO 1.
- gi deltakarar tilgang på verktøy, kompetanse, erfaring og økonomiske verkemiddel til utviklingsprosjekt.
- støtte opp under EU sin grønne giv, berekraftsmåla og EU sitt nye europeiske Bauhaus.

Kriterium for måloppnåing

Indikatorar for å vurdere måloppnåing blir fastsette i programdokumenta for kvart enkelt Interreg-program.

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium blir fastsette i tråd med EU sitt regelverk og formulert i programdokumenta for kvart program. Til dømes grenseregional meirverdi, kapasitet til gjennomføring, resultatorientering, berekraftig utvikling og bidrar til å nå målet med programmet. Midlane blir lyste ut og skal utløyse (minst) 50 pst. regional medfinansiering/eigenfinansiering.

Oppfølging og kontroll

Forvaltninga av midlane er delegert til fylkeskommunane, som rapporterer til departementet. Oppfølging og kontroll skjer i overvakings- og styringskomiteane til programma, der departementet og fylkeskommunane deltek saman med resten av programlanda. Krava til oppfølging og kontroll blir fastsette gjennom EU sitt regelverk, og i programdokumenta for kvart program.

Rapport

Fylkeskommunane fekk til saman 50,9 mill. kroner i 2023 til deltaking i grenseregionale Interreg-program. Dei norske midlane utgjer ein mindre del av programbudsjettet, som i stor grad er finansiert av EU sitt regionale utviklingsfond. Det gir norske deltakarar tilgang til større ressursar og kapasitet i programma, som bidrar til å løyse samfunnsutfordringar på norsk side.

Ei samanstilling av evalueringsrapportar frå dei enkelte programma viser at deltaking har gitt tilgang til nye marknader for verksemder, etablering og utviding av næringsklyngjer, rådgivingstenester for verksemder og gründerar og utvikling av nye produkt. Programma bidrar òg til tilpassa digitale offentlege tenester for distriktsområde, sertifisering av grønare reiselivsprodukt og oppgradert utdanningstilbod/livslang læring.

Samarbeid om grenseoverskridande kollektivtransport har gitt auka tilgjengelegheit og meir berekraftig transport.

Fleire samiske prosjekt har vore viktige for å halda i hevd og formidle samiske språk, i tillegg til vidareutvikling av kulturberande aktivitetar for urfolk i nord.

Ny programperiode for 2021–2027 starta prosjektutlysingar i 2022. Programsekretariata rapporterer om høg etterspørsel etter prosjektmidlar.

Øresund-Kattegat-Skagerrak (ØKS) (12,1 mill. kroner)

Innsatsen var retta mot utviklingsprosjekt innan innovasjon, grøn økonomi, sysselsetting og transport, og berekraftsmål om god helse og livskvalitet, rein energi til alle og anstendig arbeid og økonomisk vekst. Programmet omfattar fylka Oslo, Viken, Vestfold og Telemark og Agder, og dessutan svenske og danske regionar i tilgrensande kystområde.

Sverige-Noreg (20 mill. kroner)

Innsatsen var retta mot samarbeid om innovasjon, utvikling av små og mellomstore verksemder, natur og kulturarv og berekraftig transport. Programmet omfattar grenseregionane på norsk og svensk side frå Viken til Trøndelag.

Interreg Aurora (12,4 mill. kroner)

Innsatsen var retta mot forskning og innovasjon, entreprenørskap, klima og miljø, kultur og arbeidsmarknad. Programmet omfattar Nordland, Troms og Finnmark, regionar i Nord-Finland og Nord-Sverige. Programmet har eit delprogram, Sápmi, som dekker heile det samiske området frå Innlandet til Troms og Finnmark, og dessutan alle samiske område i Sverige og Finland.

NEXT Kolarctic (6,3 mill. kroner)

EU si finansieringsavtale med Russland er suspendert, og NEXT Kolarctic er lagt på is. Midlar avsett til NEXT Kolarctic for 2021–2023 er brukt

til å slutføre prosjekt frå førre programperiode og fordelt mellom dei andre programma på post 63.

Pågåande prosjekt i Kolarctic CBC 2014–2020 har heldt fram utan russiske partnarar.

Innsatsen var retta mot samarbeid om kunnskaps- og næringsutvikling i små og mellomstore verksemder, forvaltning av grenseoverskridande natur og miljøressursar, utvikling av berekraftige energi- og transportløyser, og dessutan mobilitet og grensekontroll. Folk-til-folk-samarbeid støtta opp om dialog og tillitsbygging over grensene i Barentsregionen.

Programmet har følgd opp erklæringa om Barentssamarbeidet frå 2013. Programmet omfatta fram til Russlands invasjon av Ukraina: Nordland, Troms og Finnmark, Norrbotten (Sverige), Lappland (Finland) og Murmansk, Arkhangelsk og Nenets (Russland).

Prioriteringar 2024

Deltaking i Interreg-programma skal bidra til måloppnåing i norsk regional- og distriktpolitikk, og i nordområdepolitikken.

I 2021 starta ein ny Interreg-periode som varer ut 2027. Noreg deltek i programma Øresund-Kattegat-Skagerrak, Sverige-Noreg og Interreg Aurora (post 63), og dessutan Nordlig Periferi og Arktis, Nordsjøen, Østersjøen, Interreg Europe, URBACT, ESPON og Interact (sjå omtale under post 76).

Grensekommunar er ofte distriktskommunar. Samarbeid over landegrensene skal gi høgare kapasitet og kompetanse hos aktørane for å løyse regionale og distriktpolitiske utfordringar.

Programma skal vere i tråd med prioriteringane frå fylkeskommunane. Det blir arbeid for å mobilisere målgruppene (aktørane) til å delta i grensekryssande utviklingsprosjekt innanfor måla for ordninga.

Programma skal mellom anna styrkje samarbeid om felles utfordringar og auka tillit over landegrensene etter koronapandemien.

Arktis 2030

Mål for ordninga

Arktis 2030 skal vareta norske interesser i nord og Noregs rolle som ein ansvarleg og sentral polarasjon. Programmet skal bidra til ein heilskapleg nordområdepolitikk i tråd med ambisjonane til regjeringa.

Innsatsen skal bli målt etter følgjande kriterium for måloppnåing innanfor fire innsatsområde:

- Kunnskap: Auka kunnskap om polare strøk og samfunn, kompetansebehov, forvaltning og miljø og naturressursar i nordområda.
- Infrastruktur: Auka kunnskap om og tilrettelegging for å møte infrastrukturbehov som følgje av auka aktivitet i nordområda.
- Miljøvern, tryggleik, beredskap og klimaendringar: Auka kunnskap om og kapasitet til førebygging og handtering av forureining og ulykker i nordområda. Auka kunnskap om klimaendringar, konsekvensar av dette og grøn omstilling.
- Næringsliv: Auka økonomisk aktivitet, næringsutvikling og verdiskaping i nordområda.

Tildelingskriterium

Det kan bli gitt tilskot til prosjekt som skal bidra til operativ bruk av nyutvikla kunnskap, teknologi og/eller kompetanse om nordområda. Prosjekt og tiltak skal legge FN sine berekraftsmål til grunn. Ved vurdering av prosjekta skal det bli lagt vekt på situasjonen for urfolk. Midlane kan både gå til forprosjekt og større fleirårige strategiske prosjekt. Både næringsliv, interesseorganisasjonar, offentlege aktørar og kunnskapsmiljø kan søkje om tilskot. Søkjarar treng ikkje vere lokaliserte i Nord-Noreg, men må tydeleg vise at resultatane av aktivitetane som blir finansierte vil kome nordområda til gode. Fylkeskommunane kan finansiera tiltak og program i eigen regi.

Oppfølging og kontroll

Troms fylkeskommune har ansvaret for organisering av arbeidet, i nært samarbeid med Nordland og Finnmark fylkeskommunar. Direkte verksemdsretta tilskot skal bli forvalta av Innovasjon Noreg Arktis gjennom oppdragsbrev frå fylkeskommunen. Departementet har utarbeidd ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine tilskotsmidlar til Arktis 2030.

Rapport

I 2022 vart det løyvd 48,2 mill. kroner til ordninga. 18 mill. kroner gjekk til verksemdsretta tilskot gjennom Innovasjon Noreg. Troms og Finnmark fylkeskommune rapporterer at dei tildelte prosjektstøtte for nærare 18 mill. kroner til ti forprosjekt og seks hovudprosjekt. Søknadene hadde god spreing på dei fire innsatsområda og god geografisk spreing.

Det norske Barentssekretariatet

Kommunal- og distriktsdepartementet tek over ansvaret for det norske Barentssekretariatet frå Utanriksdepartementet 1. januar 2024. Barentssekretariatet er eit ikkje-kommersielt selskap og er eigd av Nordland fylkeskommune og Troms og Finnmark fylkeskommune, medan sekretariatet og prosjektmidlar i hovudsak blir finansiert av Kommunal- og distriktsdepartementet.

Mål for ordninga

Tilskotet skal i hovudsak rettast mot internasjonalt samarbeid mellom aktørar i Nord-Noreg og finske og svenske regionar i nord, irekna urfolksamarbeid. Føremålet er å fremje samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Barentssekretariatet skal fremje og finansiere samarbeidsprosjekt. Samarbeidet skal i utgangspunktet vere knytt til Barentsregionen, inkludert dei samiske områda. Samarbeidsprosjekt innanfor det nordlege Norden og/eller Arktis kan òg bli vurdert.

Barentssekretariatet skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for grensekryssande samarbeid og nordområdesamarbeid. Sekretariatet skal arbeide med å hente inn og samordne kunnskap frå aktørar i regionen, og legge til rette for gjennomføring av prosjekt på tvers av landegrensene.

Barentssekretariatet skal hjelpe eigarane i samfunnsutviklingsrolla deira, gjennom å fremje, utvikle og styrkje samarbeid med aktørar først og fremst i finske og svenske regionar. Folk-til-folk-prosjekt med uavhengige russiske aktørar i det russiske sivilsamfunnet kan bli støtta i den grad slikt samarbeid finn stad.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga skal bli vurdert etter følgjande kriterium:

- Prosjektet har gitt meir/betre samarbeid mellom norske, finske og/eller svenske aktørar i nord, ev. og med aktørar frå andre regionar i Arktis.
- Prosjektet bidrar til samfunnsutvikling i Nord-Noreg.

Tildelingskriterium

Følgjande kriterium skal bli vektlagt i tildelinga av midlar:

- Barentssekretariatet kan dekke inntil 70 prosent av dei totale kostnadane i eit prosjekt.

Eigen arbeidsinnsats blir akseptert som medfinansiering.

- Både offentlege, private og frivillige aktørar i Nord-Noreg kan søkje midlar.
- Prosjekt må ha svensk og/eller finsk medfinansiering.
- Ev. prosjektpartnerar frå andre regionar i Arktis, må òg ha eigen medfinansiering.
- Prosjekt som bidrar til nytenking, har stor overføringsverdi og er godt forankra i aktuelle søkjarorganisasjonar bør bli prioritert.
- Kjerneaktivitetane for prosjektet kan ikkje vere påbyrja før det blir søkt om støtte frå Barentssekretariatet.

Oppfølging og kontroll

Barentssekretariatet avgjer prosjekt etter vilkår som skal bli fastsett i forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementet sitt tilskot til det norske Barentssekretariatet.

Kriterium for måloppnåing vil bli følgd opp gjennom dialog og årleg rapportering frå Barentssekretariatet til departementet. Korleis arbeidet i Barentssekretariatet og samarbeidsprosjekta som er støtta bidrar til samfunnsutvikling i Nord-Noreg, vil bli evaluert.

Rapport

Kommunal- og distriktsdepartementet rapporterer om første halvdel av 2024 i Prop. 1 S (2024–2025).

Sekretariat for Regionalt nordområdeforum

Regionalt nordområdeforum er ein arena for politisk dialog som skal styrkje situasjonsforståinga mellom nasjonalt og regionalt nivå og Sametinget om spørsmål som er særleg relevante for utviklinga i nord. Dei faste medlemmane i forumet er den politiske leiinga i Kommunal- og distriktsdepartementet, Utanriksdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, fylkeskommunane i Nord-Noreg og Sametinget. Forumet drøftar forslag og tiltak som er aktuelle i nordområda. Forumet har i 2023 jobba med å utarbeide ein strategi for betre samordning mellom nordområdepolitikken og anna nasjonal og regional innsats i nord. Innsatsen skal bli retta mot temaområde som klimaendringar og det grøne skiftet, attraktivitet for busetting, kompetanse, tilgang på arbeidskraft og integrering og internasjonalt samarbeid. Forumet skal òg bidra til at ungdom og unge vaksne i større grad blir involverte i arbeidet med å utvikle nordområdepolitikken.

Det vart i 2020 etablert eit sekretariat for forumet i Vadsø, lagt til Troms og Finnmark fylkeskommune. I 2022 vart det løyva 2,6 mill. kroner til drift av sekretariatet. Dette inkluderte 1 mill. kroner til ein ungdomskoordinator ved sekretariatet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 42,0 mill. kroner til det norske Barentssekretariatet, som blir overført frå Utanriksdepartementet, av dette inntil 16 mill. kroner til drift og forvaltning. Det blir vidare foreslått å løyve 54,3 mill. kroner til dei grenseregionale Interreg-programma, 47,5 mill. kroner til Arktis 2030 og 1,6 mill. kroner til å drifte sekretariat for Regionalt nordområdeforum i Vadsø. Det blir foreslått ein reduksjon på 1 mill. kroner fordi den treårige løyvinga frå Kommunal- og distriktsdepartementet til prosjektstillinga som ungdomskoordinator er avslutta.

Det blir samla foreslått å løyve 145,4 mill. kroner. Dette inkluderer gjennomføringskostnader.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane og Barentssekretariatet som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 64 Pilot nærteneestesen, kan overførast

Mål for ordninga

Målet med pilot med nærteneestesen er å teste ulike modellar for å gjere statlege publikumstenester meir tilgjengelege i område med lange avstandar. Etter fleire strukturendringar i staten har mange innbyggjarar fått lengre reiseveg til statlege kontor for å få fysisk tilgang til tenester, som til dømes pass og arbeidsløyve til utanlandske arbeidrarar. Samstundes er mange statlege tenester digitaliserte, men nytta av digitale tenester er avhengig av at innbyggjarane har nok digital kompetanse. Mange har ikkje god nok digital kompetanse eller nok kunnskap om offentleg forvaltning. Staten vil invitere kommunar med servicetorg eller liknande til eit pilotsamarbeid om utvikling av nærteneestemodellar med samlokalisering av statlege og kommunale publikumstenester. Pilotane skal òg bidra til å styrkje innbyggjarane sin digitale kompetanse, til dømes gjennom Digihjelpen.

Kriterium for måloppnåing

Hovudkriterium for ordninga er at ho har ført til betre tilgang på statlege publikumstenester. Ordninga skal bli evaluert.

Tildelingskriterium

Ordninga blir lyst ut i 2023, og skal gå over 3 år. Midlane skal dekke kommunane sine utgifter i samband med gjennomføring av pilotane. Kommunar med servicetorg eller liknande, og der innbyggjarane har lang reiseveg til statlege publikumstenester, kan søkje på ordninga. I søknaden må kommunane mellom anna synleggjere kva statlege publikumstenester det er ønskeleg å teste i ein pilot. Før endeleg tildeling må samarbeid med aktuelle statlege etatar vere avklart. Kommunen må òg synleggjere om og på kva måte den kan bidra til rettleiing av innbyggjarane i kor dei finn statlege digitale tenester, og heving av innbyggjarane sin digitale kompetanse.

Oppfølging og kontroll

Departementet utbetaler midlar til kommunane etterskotsvis, på grunnlag av utbetalingsoppmøding frå kommunane, der det er gjort greie for kva pengane er brukt til.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 5 mill. kroner til pilot med nærteneestesen. Midlane skal finansiere kommunane sine utgifter i samband med pilotarbeidet.

Post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Posten omfattar a) bistand og rettleiing til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid, b) tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad, og c) tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsettinga over relativt kort tid.

Pilot Statens hus og pilot for eit kystutviklingscenter i Aust-Finnmark har vore løyva over posten, jf. rapportering.

Bistand og rettleiing til distriktskommunar

Mål for ordninga

Auka utviklingskapasitet og strategisk arbeid i distriktskommunar, gjennom mellom anna nye måtar å løyse oppgåver, og styrkt strategisk samfunnsplanlegging.

Kriterium for måloppnåing

Fylkeskommunen bidrar til å styrkje kommunane kompetanse og kapasitet til strategisk arbeid med samfunnsutvikling.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tek utgangspunkt i folketalet i kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen.

Fylkeskommunane har ansvar for arbeidet i eige fylke i dialog med kommunar med behov for bistand og rettleiing. Fylkeskommunane skal gi ekstra bistand og rettleiing over tid til distriktskommunar med særlege utfordringar med strategisk utviklingsarbeid. Både fag- og prosessbistand, prosjekt og målretta tiltak er aktuelt. Fleire avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen bør samordne seg og samarbeide om dette arbeidet, slik at kommunane får heilskapleg og godt koordinert rettleiing. Fylkeskommunen skal invitere med aktørar som Statsforvaltaren, Distriktssenteret, statlege etatar og virkemiddelaktørar der det er føremålstenleg. Rettleiing og bistand kan mellom anna bli knytt til plan- og strategiprosessar i kommunane. Ordninga kan bli brukt saman med dei andre ordningane på posten.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane.

Tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad

Mål for ordninga

Styrkje kommunane sin kapasitet til å handtere situasjonen med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Auka attraktivitet for busetnad og næringsliv.

Kriterium for måloppnåing

Auka utviklingskapasitet og utviklings- og gjennomføringsevne i kommunen, auka attraktivitet for busetting og attraktivitet for næringsliv.

Tildelingskriterium

Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tek utgangspunkt i folketalet i kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen. Kommunen skal få ein forsterka innsats over tid for å snu ei

negativ utvikling. Fylkeskommunane skal legge følgjande kriterium til grunn ved tildeling: Kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. I kva grad kommunen har utfordringar med forsørgjarbyrde, og del som står utanfor arbeidslivet kan òg bli vektlagt.

Oppfølging og kontroll

Fylkeskommunane har ansvar for arbeidet i eige fylke, og behandlar søknader frå kommunar og regionar.

Tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid

Mål for ordninga

Styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever vesentleg nedgang i sysselsettinga over relativt kort tid.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria for å vurdere måloppnåing er styrkt utviklingskapasitet og kompetanse for næringsutvikling i kommunen/regionen, og talet på arbeidsplassar som blir etablerte eller sikra. Frå 2024 skal målet om styrkt utviklingskapasitet og -kompetanse få større vekt enn i dag. Det er sett i gang eit arbeid med Innovasjon Noreg, to fylkeskommunar, fem kommunar og Distriktssenteret for å utvikle gode indikatorar. Kriteria skal bli rapportert på årleg, og i kva grad ein oppnår måla skal bli vurdert gjennom evaluering av det enkelte omstillingsprogram etter omstillingsperioden.

Tildelingskriterium

Ordinær omstilling: Fylkeskommunane har ansvar for omstillingsarbeidet i eige fylke, og behandlar søknader frå kommunar og regionar. Departementet har i fylkesfordelinga av ramma lagt til grunn fylkeskommunane sine innspel om kommunar og regionar der det er stor reduksjon i talet på sysselsette i hjørnesteinsverksemdar/-næringsar. Fylkeskommunane skal legge følgjande kriterium til grunn ved tildeling av omstillingsprogram: a) omfanget av reduksjonen i sysselsettinga i kommunen/regionen, b) i kva grad det er mogleg å pendle til andre arbeidsmarknader, c) den generelle arbeidsløysa i kommunen/regionen og d) eventuelle andre tilhøve som kan spele inn.

Ekstraordinær statleg omstilling: I heilt særskilde tilfelle kan staten løyve ekstraordinære statlege omstillingsmidlar direkte til ein kommune. Kriteria for dette er at reduksjonen i den direkte sysselsettinga i hjørnesteinsverksemda/-næringen bør vere betydeleg over ein treårsperiode, og reduksjonen bør som hovudregel utgjere minst 15 pst. av den totale sysselsettinga i kommunen. I absolutte tal bør nedlegginga som eit minimum ligge på 150 tilsette. Vidare blir det lagt vekt på reduksjonen i den indirekte sysselsettinga, i kva grad det er mogleg å pendle i den aktuelle bu- og arbeidsmarknadsregionen, og den generelle arbeidsløysa i kommunen/regionen.

Oppfølging og kontroll

Midlane blir forvalta av fylkeskommunane og Innovasjon Noreg.

Rapport

I 2022 følgde Innovasjon Noreg opp 20 omstillingsområde. Rapporteringa viste 232 nye arbeidsplassar, 371 sikra arbeidsplassar og 49 nye verksemder i 2022. Det var ingen omstillingsområder som vart avslutta i 2022, men fleire har siste programår i 2023. Oxford Research har evaluert omstillingsprogramma i mange kommunar tidlegare. I alle evalueringane vurderer Oxford at omstillingsprogrammet har hatt effekt for både vekst i talet på arbeidsplassar og auka samarbeid mellom verksemder. Ei utfordring som Oxford peikar på, er rekruttering av personar til både næringsliv og kommunar. I dei seinare åra har omstillingsområda arbeide meir med nettverksbygging og samarbeidsarenaer.

Telemarksforskning har evaluert ordninga.¹⁰ Dei har gått gjennom og systematisert evalueringane av kvart enkelt omstillingsprogram frå 2004, og intervjuar fylkeskommunar og dei i Innovasjon Noreg med ansvar for ordninga. Dei har òg gjort analysar av arbeidsplassutviklinga i kommunane. Rapporten viser at dei fleste kommunane har hatt stor nytte av å delta i omstillingsprogrammet, men peiker samstundes på at ein ikkje kan bevise at å delta i ordninga har gitt effekt i form av varig vekst i arbeidsplassar. I rapporten blir utviklings-evne framheva som det viktigaste målet, særleg på lengre sikt, og Telemarksforskning tilrår å legge større vekt på dette.

¹⁰ Vareide, K., Storm, H. N. og Grønn, J. F. (2022). *Evaluering av ordningen med regional omstilling*. TF-rapport nr. 704. Telemarksforskning.

Med utgangspunkt i evalueringa har departementet i samråd fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Distriktsenteret revidert ordninga. Kriteria for å vurdere måloppnåing er endra i tråd med evalueringa. Kriteriet om ein meir variert næringsstruktur er tatt ut. Næringsstrukturen i distriktskommunar generelt har med tida blitt meir spesialisert, og då innanfor næringar som kommunane har relative fortrinn i. Telemarksforskning meiner det er ein målkonflikt mellom å skape fleire arbeidsplassar og å få ein meir variert næringsstruktur, og dei foreslår i evalueringa å gå bort frå dette målet.

Pilot Statens hus

I 2021 vart pilotprosjektet Statens hus sett i gang i kommunane Lyngdal, Stad, Orkland og Narvik, jf. Prop. 1 S (2021–2022). Prosjektet skal føregå i perioden 2021–2024, og blir følgjeevaluert av Oxford Research.

Mål for ordninga

I pilot Statens hus samarbeider statlege etatar, kommune, fylkeskommune og statsforvaltar om å skape større statlege fagmiljø. Målet er å bidra til å styrkje samarbeidet i kompetansekyngjer og eventuelt samlokalisere mindre einingar av statlege etatar i same bu- og arbeidsmarknadsregion. Føremålet er å styrkje det samla faglege, offentlege kompetansmiljøet i regionen, og gjere det lettare å halde på og rekruttere kompetanse i dei statlege etatane som finst på pilotstadene. Pilot Statens hus skal gi kunnskap som danner grunnlag for vidare utvikling av lokaliseringsspolitikk for mindre stader.

Rapport

Agder, Vestland, Trøndelag og Nordland fylkeskommune fekk tildelt 4 mill. kroner kvar, totalt 16 mill. kroner, som er fordelte til dei fire pilotkommunane for å dekke utgiftene for heile prosjektperioden. Dei fire pilotane har konkretisert måla sine gjennom ulike lokale delprosjekt. Pilotane har mellom anna mål om samlokalisering, kontorfellesskap for desentralisert arbeid, tenesteinnovasjon, førebyggjande innsats retta mot unge, tiltak som kan redusere digitalt utanfor-skap, og samarbeid om analyse, kompetanseutvikling og rekruttering. Oxford Research følgjeevalu-erer pilotane og har levert ein midtvegsrapport¹¹. Dei peiker på at pilotane har valt ulike mål som tek utgangspunkt i lokale kvalitetar og utfordrin-

gar. Det er ein styrkje at pilotane har fått fridom til å velje lokale utfordringar og ambisjonar, men ulempa er at mange problemstillingar innanfor same pilot gjer at ressursane blir spreidde framfor å vere samla om prioriterte satsingar. Pilotane spissar arbeidet og prioriterer no færre delmål.

Pilot kystutviklingscenter

For å styrkje omstillinga av næringsliv og auke bustadsattraktiviteten i Aust-Finnmark, fekk Troms og Finnmark fylkeskommune i 2023 eit overordna ansvar for å utvikle eit pilotprosjekt for eit «kystutviklingscenter» med utgangspunkt i Kirkenes, i samarbeid med andre relevante aktørar og miljø i området. Fylkeskommunen har gitt Sør-Varanger Utvikling AS oppdrag om å lage eit forslag til prosjektstyringsplan for pilotprosjektet. I tråd med oppdragsbrevet frå departementet, har fylkeskommunen sendt forslaget til prosjektplan og framdriftsplan til departementet. Fylkeskommunen vil vurdere planen nærare og ha dialog med Sør-Varanger Utvikling AS om innretting av pilotprosjektet fram mot oppstart i byrjinga av 2024.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

To distrikts- og regionalpolitiske tilskot vart innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane i 2020, med særskild fordeling¹². I Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* har departementet lagt opp til at midlane til distrikts- og regionalpolitiske tilskot skal bli tilbakeført til ei øymerka ordning på Kommunal- og distriktsdepartementet sitt budsjett frå 2024. Departementet foreslår at midlane skal målrettast mot sentrale utfordringar i distrikts- og regionalpolitikken i dag, innanfor rammene av føremålet med postane som vart innlemma.

Bistand og rettleiing til distriktskommunar: Distriktskommunane treng både generell rettleiing som er meint for alle kommunar, og meir særskilt oppfølging jf. NOU 2023: 9 *Generalistkommunesystemet*. Ein del distriktskommunar med særlege utfordringar med kapasitet og kompetanse på

strategisk arbeid med lokalsamfunnsutvikling og samfunnsplanlegging treng bistand og rettleiing over tid, både fag- og prosessbistand som er tilpassa deira behov. Rettleiing kan mellom anna vere knytt til plan- og strategiprosessar i kommunane.

Tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad: Den eksisterande omstillingsordninga er eit kriseverkemiddel retta mot område med vesentleg fall i sysselsettinga (næringsinngang). Departementet foreslår ei ny ordning retta mot kommunar med langvarig nedgang og aldring i befolkninga.

Tilskot til omstilling i kommunar/regionar med vesentleg fall i sysselsetting over relativt kort tid: Omstillingsmidlane skal bli brukt til å styrkje evna til næringsutvikling, det vil sei lokale tenester for næringslivet og stimulering av næringslivet si evne til omstilling og nytenking. Omstillingsmidlane brukast òg på prosessar som fører til investeringar og stadsutvikling som generelt gir eit meir attraktivt samfunn for innbyggjarar og verksemdar.

Innovasjon Noreg er eit nasjonalt kompetansecenter for regional omstilling. Dei følgjer opp omstillingsområda, vidareutviklar verktøy og medfinansierer mellom anna programma SMB Utvikling, Næringsvennleg kommune, kompetanseprogram for handel og service og vegen vidare etter omstillingsperioden. Innovasjon Noreg bestiller og finansierer sluttevalueringar av alle omstillingsprogram.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner for å styrkje ordningane.

Det blir samla foreslått å løyve 120,6 mill. kroner til desse ordningane, inkludert 51,0 mill. kroner som vert foreslått overført frå kap. 572, post 60 Innbyggartilskot, rammetilskotet til fylkeskommunane. Ein del av løyvinga går til Innovasjon Noreg til råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitets sikring i omstillingsprosjekt. Nye ordningar må gi regionalt handlingsrom. Fylkeskommunane disponerer derfor løyvinga fritt mellom ordningane. Det er lagt opp til at innsatsen blir samfinansiert mellom stat, fylkeskommune og kommune.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Fylkeskommunen har attståande midlar frå løyvinga til kystutviklingscenter i 2023 som kan overførast til 2024 for å finansiere eventuelle aktivitetar i pilotprosjektet. Det er derfor ikkje foreslått nye midlar i 2024.

¹¹ Brastad, B., Bjørge F. og Knudsen, J.P. (2023). *Følgeevaluering Statens Hus. Delrapport fra følgeevalueringen av pilotene i Statens Hus*. Oxford Research.

¹² Ein mindre del av innbyggartilskotet blir gjeve med ei særskild fordeling. Fordelinga er vist i tabell C i grønt hefte – berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2022–2023). Etter at sakene med særskild fordeling er trekte ut, blir innbyggartilskotet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane.

Post 66 Bygdevekstavtaler, kan overførast

Mål for ordninga

Det overordna målet for bygdevekstavtalene som nytt distriktpolitisk verkemiddel er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Det skal mellom anna skje gjennom samordning av verkemiddel og aktørar innanfor gjeldande økonomiske rammor, jf. Prop. 115 S (2021–2022).

Det er lagt opp til at staten og kommunane er hovudpartar i bygdevekstavtalene. Det vil òg vere aktuelt å invitere andre partar inn i avtalene.

Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane. Departementet har oppfordra til samarbeid mellom kommunar. Tilskotsordninga skal støtte ulike delar av prosessen før ei eventuell bygdevekstavtale er inngått (fase 1 av ordninga). Dersom det blir inngått ei avtale med staten, vil deltakande kommunar kunne søkje om midlar til gjennomføring av bygdevekstavtalene (fase 2 av ordninga).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing vert utarbeida i samarbeid med den enkelte pilot for den enkelte avtale.

Tildelingskriterium

Departementet vurderer søknadane basert på dokumentasjonen kommunane sender inn og eventuelt anna offentleg tilgjengeleg informasjon. Departementet har i tillegg innhenta råd frå relevante aktørar. Kriteria søknadane blir vurdert etter er a) betydninga innsatsen kan ha for busetnad, rekruttering av arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling, b) kor viktig innsatsen vil vere for den generelle samfunnsutviklinga lokalt, c) kor nærliggande resultatane kan vere i tid, d) gjennomføringsevne i deltakarkommunane og e) i kva grad søknaden adresserer tverrsektorielle utfordringar.

Oppfølging og kontroll

Ordninga vert evaluert av SINTEF. Pilotane skal gjennom sine forslag til avtaler rapportere til departementet på tema dei ønskjer å samarbeide med staten om, mål for avtalen, òg gi ei kort utgreiing av kvifor akkurat desse temaa. Dei skal òg greie ut om korleis temaa og forslaga til aktivitetar heng saman med kommunale og regionale planar/planprosessar, og gi ei vurdering av korleis målet i avtalen kan bidra til å nå måla for ordninga.

Rapport

I 2022 vart det lyst ut 10 mill. kroner til utprøving av bygdevekstavtaler som nytt distriktpolitisk verkemiddel. Departementet fekk inn 25 søknader fordelte på 63 kommunar. Det kom søknader frå alle fylka. Av desse vart tre område i Finnmark og to i Trøndelag valt ut som nasjonale pilotar:

- Hasvik, Måsøy og Hammerfest
- Nordkapp, Porsanger, Lebesby og Gamvik
- Berlevåg, Båtsfjord, Nesseby og Tana
- Rindal og Holtålen
- Røyrvik, Grong, Lierne og Namsskogan

Dei fem første pilotane hadde frist 1. oktober 2023 til å levere utkast til bygdevekstavtaler med staten. Avtalene skal etter planen bli inngått som intensjonsavtaler for vidare samarbeid med aktuelle partar, med oppfølgjande handlingsplanar for konkret innsats. Dette hindrar ikkje at konkrete tiltak kan bli ein del av avtalen. For 2023 er det løyva 2 mill. kroner per pilot per år i to år til å støtte oppfølging av avtalene (fase 2 av ordninga). Departementet vil òg ha dialog med fylkeskommune og statsforvaltar i dei to fylka om deira rolle i oppfølging av avtalene.

I mars 2023 lyste regjeringa ut ytterlegare 15 mill. kroner til utprøving av bygdevekstavtaler i fleire område (pulje 2). Søknadsfristen var 23. juni og departementet har fått inn 17 søknader fordelte på i overkant av 60 kommunar i 9 fylke. Departementet vil i løpet av hausten velge ut aktuelle pilotar til pulje 2 av ordninga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å vidareføre ei løyving på 26,9 mill. kroner til gjennomføring av avtaler for pulje 1 og pulje 2. Det blir vidare foreslått ein auke på 50 mill. kroner for å utvide satsinga. Den auka løyvinga vil målrettast mot medfinansiering til konkrete tiltak i dei oppfølgjande handlingsplanane.

Løyvinga skal bli brukt til å styrkje ordninga på to område:

- som tilskot til å utvikle og teste tiltak og nye løysingar, nedfelt i handlingsplanar utvikla i samarbeid mellom aktuelle samarbeidspartnarar. Tiltaka skal vere lokalt tilpassa utfordringsbiletet i den enkelte pilot og ha mogleg overføringsverdi til andre distriktskommunar.
- forlengje avtaleperioden med to år, slik at den følgjer kommunestyreperioden i dei enkelte pilotane.

Det blir foreslått å løyve 76,9 mill. kroner.

Post 67 Utviklingstiltak i Andøy kommune

Mål for ordninga

Tilskotet skal bidra til fleire arbeidsplassar, utvikling og meir aktivitet i Andøysamfunnet, gjennom til dømes tilrettelegging for næringsutvikling, kapitalverkemiddel til næringslivet, kompetanseutvikling, og å bygge attraktive bu- og etableringsstadar for næringsliv og innbyggjarar.

Kriterium for måloppnåing

Kriteria er styrkt næringsutvikling, sysselsetting, bustadsattraktivitet og utviklingsevne.

Oppfølging og kontroll

Kommunen skal sende departementet ein årsrapport for tilskotet innan 15. april påfølgande år. Årsrapporten skal følgje den overordna planen for Andøyfondet.

Rapport

Stortinget løyva i 2021 100 mill. kroner i tilskot til Andøy kommune. Tilskotet vart utbetalt til Andøy kommune 27. desember 2021. Departementet har etablert ei arbeidsgruppe med Andøy kommune, Nordland fylkeskommune, Nærings- og fiskeridepartementet, Siva og Innovasjon Noreg som i samarbeid har konkretisert kva midlane kan bli brukt til.

I tråd med tilskotsbrevet frå departementet vedtok kommunen ein plan for bruken av midlane frå Andøyfondet i juni 2023, innanfor dei fastsette kriteria i tilskotsbrevet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 20 mill. kroner til Andøyfondet, som eit øyremerka investeringstilskot til The Whale. Regjeringa legger opp til å medverke med ytterlegare 55 mill. kroner til The Whale over dei neste to budsjettåra.

Departementet tildeler midlane til Andøy kommune, som vil tildele midlane vidare som eit investeringstilskot til The Whale. All offentleg stønad til The Whale må bli tildelt i tråd med regelverket for statsstønad.

Post 68 Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder

Mål for ordninga

Føremålet med ordninga var å setje kommunane betre i stand til å kompensere lokale verksemder som vart ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak og som hadde omsetningsfall og/eller auka kostnader som følgje av dette. Ordninga skulle óg fungere som ei ventilordning for verksemder som hadde falt heilt eller delvis utanfor den generelle kompensasjonsordninga.

Rapport

Ettersom smitteverntiltaka vart avvikla og det ikkje lenger var grunnlag for kompensasjon, vart attverande midlar ført tilbake til statskassa i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) for utfyllande rapport.

Post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon

Posten omfattar ordningane Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) og FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit)

Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION)

Mål for ordninga

FORREGION skal få fleire verksemder til å bruke forskning i innovasjonsarbeidet sitt. Programmet skal mobilisere næringslivet til å bruke andre verkemiddel for forskning, som Forskningsrådets nasjonale program eller internasjonale ordningar.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Talet på verksemder som samarbeider med forskingsmiljø gjennom FORREGION.
- Talet på verksemder som søker midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program.
- Talet på verksemder som blir tildelte midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program.

Tildelingskriterium

Midlane til FORREGION blir fordelte til fylkeskommunane med utgangspunkt i tilskotsprofilen i 2021, som var basert på folketal, befolkningstettleik, aktivitetsnivå og særskilde behov. For fylka som blir delt frå 1. januar 2024 blir midlane delt i like delar. Fylkeskommunane forvaltar tilskotet og tildeler midlar til verksemder etter følgjande kriterium: kvalitet, relevans for utlysinga, forventa verknader, effektar og gjennomføring av prosjektet.

Oppfølging og kontroll

Kriterium for måloppnåing blir følgde opp gjennom årleg rapportering frå fylkeskommunane.

Departementet har i samråd med fylkeskommunane og Forskningsrådet fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementet sitt tilskot til Forskningsbasert innovasjon i regionane FORREGION forvalta av fylkeskommunane.

Rapport

2022 har vore første år der fylkeskommunane har hatt ansvar for ordninga. Som ein del av mobiliseringsdelen av programmet har over 1 400 verksemder tatt imot kompetansemekling i 2022. Det har mellom anna resultert i nærare 500 søknader frå verksemder, med bidrag frå kompetansemekling, til regionale, nasjonale og internasjonale program for forskingsfinansiering. Vidare har det vore gjennomført 137 forprosjekt og ei rekke nettverksmøte og annan mobiliseringsaktivitet som bidrar til å auka deltakinga til næringslivet i FoU-prosjekt, i nærast alle fylke.

FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit)

Mål for ordninga

Mabit skal bidra til auka verdiskaping i fiskeri- og havbruksnæring og i bioteknologisk industri, bidra til å styrkje forskingsdriven næringsutvikling og industrielle aktivitetar, og styrkje relevant fagkompetanse i desse næringane og fagmiljøa i Nord-Noreg.

Kriterium for måloppnåing

Innsatsen blir målt etter følgjande kriterium for måloppnåing:

- Talet på verksemder som samarbeider med forskingsmiljø gjennom Mabit.

- Talet på næringsaktørar som søker midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program gjennom Mabit.
- Talet på næringsaktørar som blir tildelt midlar frå regionale, nasjonale og internasjonale program gjennom Mabit.
- Talet på nyetableringar, lisensar og patent.

Tildelingskriterium

Følgjande kriterium skal bli vektlagt i tildelinga av midlar:

- kvaliteten på prosjektet,
- relevansen for prosjektet sett i forhold til utlysinga,
- forventa verknader og effektar av prosjektet, under dette skal òg berekrafta for prosjektet bli vurdert,
- gjennomføringsevne,
- forskning og innovasjonshøgde.

Oppfølging og kontroll

Departementet har i samråd med Nordland og Troms og Finnmark fylkeskommunar fastsett ei forskrift for ordninga: Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementet sitt tilskot til FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit).

Kriterium for måloppnåing vil bli følgd opp gjennom årleg rapportering frå Troms og Finnmark fylkeskommune, og frå 1. januar 2024 frå Troms fylkeskommune.

Rapport

Ordninga vart overført til Kommunal- og distriktsdepartementet 1. januar 2022. Rapportering for 2022 ligg ikkje føre. Forskrifta vart gjort gjeldande frå 21. februar 2023. For rapport for 2021, sjå kap. 920 Noregs forskingsråd, post 50 Tilskot til næringsretta forskning i Prop. 1 S (2022–2023) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Fylkeskommunane skal forvalte midlane i tråd med regionale mål og planar. Fylkeskommunane skal samarbeide, planlegge og koordinere arbeidet med mobilisering til forskingsbasert innovasjon med Forskningsrådet og andre verkemiddelaktørar.

Troms og Finnmark fylkeskommune fekk frå 2022 oppdragsgivaransvaret for Mabit-programmet. Fylkeskommunen skal forvalte midlane i nært samarbeid med Nordland fylkeskommune, og frå 1. januar 2024 Finnmark fylkeskommune.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4 mill. kroner for å styrkje ordningane.

Det blir foreslått å løyve 66,3 mill. kroner, høvesvis 60,2 mill. kroner til FORREGION og 6,1 mill. kroner til Mabit. Dette inkluderer gjennomføringskostnadar til fylkeskommunane.

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at fylkeskommunane kan disponera midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 71 Investeringstilskot for store grønne investeringar

Investeringstilskotet er organisert som ei nasjonal ramme forvalta av Innovasjon Noreg, og er retta mot større investeringsprosjekt i distrikta med fokus på berekraft og klimatilpassing. Føremålet med ordninga er å samle finansielle ressursar til større enkeltprosjekt i distrikta, som fylkeskommunane ikkje har kapasitet til å finansiere gjennom eigne midlar.

Ordinga vart oppretta i 2022 under post 61, men vart frå og med 2023 flytta til ny post 71. Ordinga rapporterast under post 71, òg for budsjettåret 2022.

Mål for ordninga

Ordinga skal bidra til grøn omstilling, verdiskaping og sysselsetting i distrikta. Målgruppa er industriverksemder som ønskjer å gjennomføre større berekraftige prosjekt.

Kriterium for måloppnåing

Ordinga blir målt på kriteria omstilling, berekraft, verdiskaping, sysselsetting og nyskaping.

Tildelingskriterium

Løyvinga kan berre bli brukt innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte¹³. Innovasjon Noreg skal avlaste risiko og vere utløysande for at prosjekt blir gjennomført.

Tilskot kan bli gitt til fysiske investeringar som til dømes produksjonslokale eller produksjonsutstyr, og til utviklingsarbeid for teknologi og verdikjeder. Ved behandling av søknader skal Innovasjon Noreg legge vekt på berekraft, klimatil-

passing, sysselsetting og regional næringsutvikling, òg verksemdene si rolle i grønne og sirkulære verdikjeder.

Oppfølging og kontroll

Investeringstilskot for store grønne investeringar blir forvalta av Innovasjon Noreg. Innovasjon Noreg følgjer opp ordninga etter eige kriterium og standardar for oppfølging og kontroll, og med jamleg rapportering til departementet. Måloppnåing blir vurdert på bakgrunn av årleg rapportering, effektmålingar og eksterne evalueringar.

Rapport

I 2022 gav Innovasjon Noreg tilsegn til 5 prosjekt med til saman 100 mill. kroner under ordninga for grønt investeringstilskot. Midlane gjekk til verksemder innan prosessindustri og bioøkonomi med prosjekt for resirkulering og sirkulære energiløysingar.

Innovasjon Noreg rapporterer at ordninga i 2022 bidrog til å utløyse investeringsplanar på over 1,9 mrd. kroner og sysselsettingsplanar på om lag 200 stillingar. Fleire av prosjekta fekk òg støtte gjennom dei regionale midlane (post 61), og miljøteknologiordninga hos Nærings- og fiskeridepartementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner som følgje av ei gevinstrealisering for Innovasjon Noreg. Det blir foreslått å løyve 101,5 mill. kroner. Dette inkluderer gjennomføringskostnadar til Innovasjon Noreg. Prioriteringane følgjer mål, retningslinjer og programbeskriving for ordninga. Ordinga prioriterer prosjekt innan berekraft og klimaomstilling, og er øyremerkte investeringar i verkeområdet.

Departementet tildeler midlane til Innovasjon Noreg som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at Innovasjon Noreg kan disponere midlane uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 74 Klyngjer og innovasjon

Posten omfattar ordningane klyngjeprogrammet (Norwegian Innovation Clusters) og Innovasjonspartnerskap hos Innovasjon Noreg. Kapasitetsløft (tidlegare FORREGION) blir foreslått flytta til kap. 500, post 50 Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd m.m. frå og med 2024, slik at løyvingar

¹³ Verkeområdet for distriktspolitisk grunngeva investeringsstøtte er fastsett av departementet og godkjend av ESA i samsvar med EU sine retningslinjer om regionalstøtte.

som går til forskingsprogram i Forskningsrådet blir samla på éin post i departementet. Til og med 2022 omfatta òg posten bioøkonomiordninga. Som følgje av opprettinga av Bionova vart finansiering og oppdrag for bioøkonomiordninga frå 2023 samla hos Landbruks- og matdepartementet.

I 2023 vart det under klyngjeprogrammet utlyst midlar til samarbeidsprosjekt med midlar frå tidlegare kap. 552, post 72. Denne utlysinga kom i tillegg til den ordinære løyvinga og drifta av programmet. Det planleggast tilsvarende utlysingar i 2024 og 2025.

Mål for ordninga

Norwegian Innovation Clusters (klyngjeprogrammet) skal bidra til auka verdiskaping og styrkt evne til innovasjon i deltakande verksemder gjennom samarbeid i klyngjer.

Innovasjonspartnarskap skal bidra til at offentleg sektor tek i bruk nye løysingar for samfunnsutfordringar i dag og i framtida.

Kriterium for måloppnåing

Felles kriterium for alle tilskota er innovasjon, samarbeid og kompetanse.

Klyngjeprogrammet blir i tillegg målt på økonomisk utvikling i dei deltakande verksemdene. Innovasjonspartnarskap blir òg målt på bruk av innovative løysingar i offentlege verksemder.

Tildelingskriterium

Samarbeidande verksemder kan søkje midlar frå klyngjeprogrammet til utvikling av klyngjesamarbeid. Det kan gis støtte til drift og prosjektgjennomføring til klyngjene, og deltakande klyngjer får tilbod om rådgiving og profilering av Innovasjon Noreg. Klyngjene søkjer opptak i dei ulike nivåa/fasane i programmet.

Offentlege verksemder kan søkje om å gjennomføre innovasjonspartnarskap. Midlane går primært til å finansiere utviklingsarbeid i verksemder, som del av innovative innkjøp.

Oppfølging og kontroll

Klyngjeprogrammet og innovasjonspartnarskap blir forvalta av Innovasjon Noreg. Drifta av klyngjeprogrammet er eit samarbeid mellom Innovasjon Noreg, Siva og Forskningsrådet.

Ordningane blir følgde opp av Innovasjon Noreg etter deira kriterium og standardar for oppfølging og kontroll, og med jamleg rapportering til

departementet. Måloppnåinga blir vurdert på bakgrunn av årleg rapportering, effektmålingar og eksterne evalueringar.

Rapport

Norwegian Innovation Clusters

Programmet ga tilskot til prosjekt for totalt 168,4 mill. kroner i 2022. Av dette er 32,7 mill. kroner finansiert over posten, og resten er finansiert over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

39 klyngjer har mottatt tenester frå programmet i 2022, i form av finansiering, rådgiving, nettverk, profilering, kompetanse og verktøy. Nye nettverk og tidlegare klyngjer har òg mottatt bistand. Det vart ikkje gjennomført utlysing for opptak av nye klyngjer for 2022 og 2023 som ei følgje av reduksjon i budsjettet for programmet. Rammene i programmet har i heilskap gått til å dekke lovnader ovanfor klyngjene som allereie er i programmet.

Klyngjeprogrammet involverer verksemder i alle fylke i landet, innan mellom anna fiske og oppdrett, industri, bygg og anlegg, helse, maritim og energi. Klyngjeprogrammet er viktig for innovativ omstilling i heile landet og verksemdene deltek i hovuddelen av søknadar som når opp i «Grønn plattform». Fleire av klyngjene deltek òg i eksportretta ordningar. Klyngjeverksemdene brukar meir forskings- og innovasjonsverkemiddel enn andre verksemder i næringslivet.

Verksemdene får auka verdiskaping og auka sysselsetting gjennom deltaking i programmet. Målingar viser at klyngjeverksemdar har sterkare vekst i verdiskaping enn samanliknbare verksemder dei første tre åra dei er med i klyngja, og forskjellen varar ved.

Innovasjonspartnarskap

Det har ikkje vore løyva midlar til ordninga i 2022.

Bioøkonomiordninga

Programmet ga tilskot til prosjekt for totalt 49,6 mill. kroner i 2022. Av dette vart 13,4 mill. kroner finansiert over posten, og resten finansiert over budsjetta til andre departement.

Bioøkonomiordninga er ei viktig ordning for innovativ omstilling innan bygg i tre, digitalisering og automatisering i landbrukssektoren, og teknologi og grøne løysingar i fiskeri- og havbruksnæringa.

Etterspørselen etter ordninga var høg i 2022, både for nasjonale og distriktsretta midlar. Det er god geografisk spreiding på deltakarprosjekta.

Nasjonal og internasjonal innovasjonshøgd er på 71,5 pst. (vurdert av Innovasjon Noreg).

100 pst. av verksemdene rapporterer at støtta frå Innovasjon Noreg var utløysande for at prosjektet kunne gjennomførast, og 86 pst. rapporterer at ordninga har bidratt til auka kompetanse.

Kapasitetsløft

Sjå kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, post 50.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å flytte 24,8 mill. kroner til kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, post 50 Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd m.m., for å flytte løyvinga til Kapasitetsløft.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner som følgje av at løyvinga i 2023 til Alvdal kommune for å bygge eit magasin for lagring av Kjell Aukrust sine verk blir avslutta.

Det blir foreslått å løyve 28,3 mill. kroner, som prioriterast til klyngjeprogrammet.

Klyngjeprogrammet vil frå 2024 implementere ei ny innretning. Midlane frå departementa går til gjennomføring av programmet, og driftsstøtte og prosjektmidlar til deltakande klyngjer.

Innovasjonspartnerskap skal i utgangspunktet ikkje prioriterast i 2024.

Departementet tildeler midlane til Innovasjon Noreg som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. forslag til romartalsvedtak. Det inneber at midlane kan disponerast uavhengig av året løyvinga vart gitt.

Post 76 Nordisk og europeisk samarbeid, kan overførast

Mål for ordninga

Posten omfattar tilskot til Noregs deltaking i transnasjonale og interregionale Interreg-program som dekkjer større europeiske regionar og anna internasjonalt samarbeid.

Grenseregionale Interreg-program blir omtalte under post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet.

Kriterium for måloppnåing

Indikatorar for å vurdere måloppnåing blir fastsette i programdokumenta for kvart enkelt Interreg-program.

Tildelingskriterium

Tildelingskriterium blir fastsette i tråd med EU sitt regelverk og formulert i programdokumenta for kvart program. Til dømes grenseregional meirverdi, gjennomføringskapasitet, resultatorientering, berekraftig utvikling og bidrag til målet til programmet.

Oppfølging og kontroll

Forvaltninga av midlane er lagt til ulike styresmaktsorgan i landa innanfor programområda. Midlane blir disponerte av nasjonale og regionale representantar frå programlanda. Departementet kontrollerer at midlane er brukt i samsvar med føresetnadene gjennom overvåkingskomiteen til programma.

Rapport

I 2022 har det vore aktivitet knytt til både Interreg-programma for perioden 2014–2020 og dei nye programma for perioden 2021–2027. Det vart gitt tilsegn på om lag 18,1 mill. kroner frå posten i 2022. Av dette er det gitt tilsegn for om lag 1,1 mill. kroner til OECD sitt program Local Economic and Employment Development (LEED) og Nordisk Atlantsamarbejde (NORA). Det er gitt om lag 1 mill. kroner i tilsegn til kontaktpunkta i 2022.

Interreg Nordlig Periferi og Arktis, Interreg Nordsjøen og Interreg Østersjøen har jobba innanfor områda økonomisk vekst, berekraftige lokalsamfunn, forskning, innovasjon og entreprenørskap, og konkurransekraft, klima, energi og miljø, berekraftig ressursforvaltning og grøn/smart transport og mobilitet.

Interreg Europe og URBACT har jobba med å styrkje høvesvis regionale og lokale myndigheiter sin kapasitet og kompetanse i arbeidet med å utvikle og gjennomføre strategiar og program for regional utvikling og byutvikling.

ESPO har jobba med å få fram samanliknbare fakta, analysar og scenario for utviklingsføresetnadene i europeiske regionar og byar gjennom ulike forskingsprosjekt.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 18,7 mill. kroner, høvesvis om lag 17,4 mill. kroner til Interreg, 500 000 danske kroner til driftstilskot til Nordisk Atlant-

samarbejde (NORA) og 33 000 euro til ein nasjonal kontingent for deltaking i OECD LEED. Løyvinga til Interreg-programma inkluderer gjennomføringskostnadar og midlar til kontaktpunkta.

Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	34 146	33 790	35 599
73	Merkur, <i>kan overførast</i>	65 540	61 310	69 531
	Sum kap. 554	99 686	95 100	105 130

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke løn og andre driftsutgifter i Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret).

Distriktssenteret er eit nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnsutvikling. Distriktssenteret skal arbeide for at distriktskommunane blir gode samfunnsutviklarar. Senteret skal bidra til å styrkje utviklingskapasitet og utviklingsinnsats i kommunane, i samarbeid med nasjonale og regionale aktørar. Senteret skal òg gi faglege innspel til nasjonal politikktutvikling.

Rapport

Distriktssenteret arbeider med kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Dei samarbeider med fylkeskommunane og andre samarbeidspartar, og prioriterer kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. I 2022 hadde dei kontakt med minst 65 pst. av kommunane med sentralitet 6 og 33 pst. av kommunane med sentralitet 5.

Gjennom prosjekt som Distriktskommune 3.0, Veiledningspiloten, Aldersvenlege bustader og bumiljø, Gnist og andre aktivitetar har Distriktssenteret direkte oppfølging og tett kontakt med ein god del kommunar over tid.

Distriktssenteret har dei siste åra brukt mykje ressursar på å legge til rette for at metodar og verktøy er tilgjengelege digitalt på distriktssenteret.no. Dei har lagt stor vekt på brukartesting hos kommunalt tilsette, for å sikre at dette er nyttige verktøy i kommunane òg utan rettleiing. Likevel vil digitale verktøy berre vere eit tillegg til, og

ikkje ei erstatning for direkte kontakt med kommunane. Evna til å bruke slike verktøy på eiga hand vil variere med kommunen sin kapasitet og kompetanse for utvikling.

På oppdrag frå Distriktssenteret gjennomførte Oxford Research hausten 2022 ei brukarundersøking blant alle kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. Undersøkinga viser at Distriktssenteret bidrar til å føre kommunane i rett retning når det gjeld kompetanse, utviklingsarbeid og utviklingskapasitet. Resultata viser at mange vurderer bidraget frå Distriktssenteret som nyttig i utviklingsarbeidet. Kommunane rapporterte auka brukareffektar, samanlikna med brukarundersøkinga i 2019. Dette indikerer at Distriktssenteret bidrar til å gjere kommunane til betre samfunnsutviklarar.

Oxford peika på at det kan vere behov for tettare samarbeid med fylkeskommunane for å nå dei kommunane som treng det mest. Dei anbefalte òg at det vart gjennomført ei strategisk analyse for å vurdere korleis Distriktssenteret kan skape størst mogleg effekt av innsatsen.

Distriktssenteret har òg levert kunnskap som har gitt meirverdi for nasjonal politikktutvikling, jf. årsmeldinga for 2022 for meir informasjon om resultata av arbeidet deira i fjor.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I 2024 skal Distriktssenteret:

- Prioritere arbeidsmåtar og innsats som gjer at mange kommunar i område med særlege distriktsutfordringar drar nytte av arbeidet.
- Utvikle kunnskap og arbeidsformer som bidrar til at distriktskommunar tar i bruk gode løysingar for lokal samfunns- og tenesteutvikling.

- Bidra til å styrkje kapasitet og kompetanse i distriktskommunane på innovasjon, fornying og omstilling.
- Bidra til bustadutvikling i distriktskommunar, i samarbeid med Husbanken.
- Forvalte og utvikle Merkur-programmet, for å sikre eit best mogleg tenestetilbod i bygdene der butikkane ligg.

Det blir foreslått å løyve 35,6 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt på kap. 3554, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 73 Merkur, kan overførast

Merkur-programmet er eit utviklings- og kompetanseprogram for utkantbutikkar. Programmet består av ulike kompetansetilbod og fem ulike tilskotsordningar.

Mål for ordninga

Merkur-programmet skal sikre innbyggjarane i distrikta tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet, med tilleggstenester som aukar omsettinga, sikrar vidare drift og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester.

Programmet skal bidra til at daglegvaretilbodet held fram i område med spreidd busetting og liten marknad, og å styrkje samarbeidet mellom kommunar og butikkar, for å gi eit betre og samla tenestetilbod i desse områda. Programmet skal bidra til å styrkje den butikkfaglege kompetansen, auke talet på tilleggstenester i butikkane og styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

Dagens verkemiddel i Merkur-programmet er følgjande:

Merkur Utvikling

I Merkur Utvikling går midlane i hovudsak til kurs, nettverkssamlingar, oppfølging frå Merkur-konsulentar og kundeundersøkingar.

Butikkar som oppfyller eitt av følgjande punkt kan vere med i kompetansedelen av Merkur-programmet: a) har ein nærmarknad på under 200 husstandar, b) er lokalisert til stader utan fast vegforbindelse eller c) har lang avstand, normalt 10 kilometer, til næraste alternative innkjøpsstad. Styret for Merkur-programmet kan unntaksvis godkjenne andre butikkar.

Investeringsstilskot til daglegvarebutikkar

Målet er å bidra til at daglegvarebutikkar blir moderniserte, meir lønsame og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester. Det blir gitt investeringsstøtte til fysiske investeringar i butikkane.

Kriteria for måloppnåing er omsetningsutvikling og overlevingsrate blant Merkur-butikkar. For mange butikkar er det viktig å finne fleire tilleggstenester som kan gi inntekter og som styrker butikken.

Ordninga gjeld heilårsopne daglegvarebutikkar i område med få innbyggjarar som har eit varetilbod som dekker det alminnelege ernæringsbehovet og andre grunnleggjande behov for daglegvarer, og som oppfyller krav til omsetningstal, kundegrnlag og avstand til alternative innkjøpsstader, jf. Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) for utfyllande regelverk.

Servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane

Målet er å bidra til at dei minste daglegvarebutikkane tilbyr tilleggstenester til lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Det skal bidra til å oppretthalde drifta.

Det gis tilskot til å dekke utviklings- og driftskostnader, og mindre investeringar som bidrar til å nå målet med ordninga.

Kriteria for måloppnåing og tildelingskriteria er dei same som for investeringsstøtta.

Investeringsstilskot til drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil ved daglegvarebutikkar

Målet er å sikre drivstofftilgangen i distrikta.

Kriteria for måloppnåing er at talet på butikkar som har drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil held seg/aukar, og at omsetningsutviklinga for butikken er positiv.

Ordninga gjeld i all hovudsak opprusting og etablering av drivstoffanlegg/ladestasjon for elbil ved Merkur-butikkar. Hovuddelen av støtte til ladestasjonar for elbil er gjennom støtte frå ENOVA. Anlegget skal vere avgjerande for å sikre lokalbefolkninga tilgang på drivstoff. Salsvolumet skal ikkje overstige 500 000 liter drivstoff per år.

Utviklingsstilskot til bokhandlarar

Målet er å bidra til å styrkje grunnlaget for lønsam bokhandeldrift i distrikta.

Kriteria for måloppnåing er at butikken har auka omsetting.

Ordninga gjeld Merkur-bokhandlarar. Det kan gis tilskot til bokhandlarar som er den einaste bokhandelen på tettstaden, og som har ei omsetning på mindre enn 7 mill. kroner. Utviklingsstøtta skal bli brukt til tidsavgrensa tiltak, som skal utvikle bokhandelen som kulturarena og møteplass i lokalsamfunnet. Det gis støtte til tiltak for å styrkje og utvikle drifta av butikken, mellom anna til tilrettelegging for tilleggsfunksjonar.

Oppfølging og kontroll

Merkur-programmet blir forvalta av Distriktssenteret. Departementet oppnemner eit styre som gir strategiske føringar for arbeidet med Merkur-programmet. Styret fordeler midlane mellom dei ulike verkemidla i Merkur. Distriktssenteret forvaltar Merkur-programmet, og fører tilsyn med at krava i Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta) av 1. juni 2018 og tilskotsbrev til butikkane blir oppfylte.

Rapport

I 2022 vart det gitt 241 tilsegn på i snitt 223 000 kroner. Det har vore ein nedgang i talet på tilsegn om ordinær støtte, men det blir gitt meir støtte per søknad. Auka i støtte per tilsegn er markant, og skuldast truleg interessa for investering i ny teknologi. Totalt 43 butikkar fekk innvilga støtte på mellom 500 000 og 600 000 kroner.

85 pst. av dei ordinære støttemidlane i 2022 gjekk til investeringsstøtte, 10 pst. til servicestøtte og 4 pst. til drivstoffstøtte.

Totalt er det utbetalt 47,8 mill. kroner i støtte til nærbutikkar og bokhandlarar i 2022. Av desse er 0,3 mill. knytt til tilsegn gitt i 2020, 26,4 mill. kroner er knytt til tilsegn gitt i 2021 og 21 mill. kroner er knytt til tilsegn gitt i 2022. Det er naturleg at tilsegn som blir gitt eitt år, i hovudsak har utbetaling påfølgjande år og til en viss grad året etter det igjen. Det tar tid å fullføre investeringane.

I 2022 vart tilsegn tilsvarande 4,9 mill. kroner inndratt, anten fordi prosjekt ikkje vart gjennomført, eller at dei vart rimelegare enn venta. Inndratte midlar er stort sett gitt til nye tilsegn på 2022-ramma, medan ein mindre sum er overført til 2023-ramma.

Stor auke i kostnadar, spesielt til straum, gjorde at ei rekke Merkur-butikkar fekk store økonomiske utfordringar i 2022. Stortinget løyvde 23 mill. kroner til ekstraordinær straumstøtte for perioden september–desember jf. Prop. 142 S (2021–2022) og Innst. 34 S (2022–2023). Totalt

vart det utbetalt om lag 11 mill. kroner i straumstøtte til Merkur-butikkar for 2022. Straumstøttemidlane som ikkje vart nytta i fjor, er overført til 2023, jf. Prop. 118 S (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023). Midlane skal bli prioritert til å vidareføre straumstøtta og til ENØK-tiltak i Merkur-butikkar.

I arbeidet med å forvalte og utvikle Merkur-programmet har Distriktssenteret lagt stor vekt på korleis dei kan bruke programmet til å stimulere og legge til rette for at det òg i framtida eksisterer eit godt utbygd nettverk av nærbutikkar. Butikkane er viktige bidragsytarar for å skape attraktive lokalsamfunn. Distriktssenteret er opptekne av å utvikle butikkane til ein god møteplass med ulike tenester for folk i lokalsamfunna.

Sidan den første pilotbutikken med ny teknologi med høve til delvis sjølvbetent butikk opna våren 2020, har over 40 Merkur-butikkar investert i slik teknologi. Desse butikkane har hatt ei svært positiv omsetningsutvikling og styrkt si evne til overleving.

Pilotprosjektet «Framtidas nærbutikk i det flerfunksjonelle bygget» har starta. Pilotprosjektet vil gjennom innovasjon og utvikling legge grunnlaget for nye arbeidsmetodar for å utvikle lokalsamfunna, med nærbutikken som eit nav. Det kom inn 17 søknader om å delta som pilot i prosjektet. Nordmela Handleri og kafé (Andøya), Gamvik handel (Gamvik) og Joker Grue Finnskog (Grue) er dei tre pilotane i prosjektet.

Merkur-programmet har gjennom eit eige pilotprosjekt kartlagt energiforbruket i ti Merkur-butikkar i Agder. Erfaringane frå dette arbeidet skal gi mange svar om kva energieffektiviserande tiltak dei enkelte butikkane bør prioritere for å redusere utgifter til straum og drive meir berekraftig. Mellom anna ser vi at bevisstgjeringa ved systematisk overvaking i seg sjølv kan gi 10 pst. reduksjon av straumforbruket. Samstundes gir overvakinga grunnlag for prioritering av butikken sine ENØK-investeringar. Potensialet er stort, både for økonomiske innsparingar og meir berekraftig drift. Erfaringane frå prosjektet er viktige for vurderingane Distriktssenteret gjer rundt prioritering av støtte til investering i ENØK-tiltak i tida framover.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner for å styrkje ordningane.

Hovuddelen av midlane til Merkur skal bli brukt til kompetansetiltak overfor butikkane, til utviklingsprosjekt som skal styrkje butikkane si

lønsemd og til konkrete investeringar i butikkane som sikrar vidare drift. Dei minste butikkane i dei mest perifere områda skal bli prioritert.

Det blir foreslått å løyve 69,5 mill. kroner til Merkur-programmet.

Programkategori 13.60 Samiske føremål

Utgifter under programkategori 13.60 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
560	Samiske føremål	574 040	605 894	662 790	9,4
563	Internasjonalt reindriftssenter	12 578	9 285	9 754	5,1
	Sum kategori 13.60	586 618	615 179	672 544	9,3

Inntekter under programkategori 13.60 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3563	Internasjonalt reindriftssenter	6 023	3 009	3 141	4,4
	Sum kategori 13.60	6 023	3 009	3 141	4,4

Innleiing

Samane er anerkjente som urfolk i Noreg. I tråd med Grunnlova § 108 har regjeringa som mål å legge til rette for at det samiske folket, som urfolk, kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt. Noreg har òg folkerettslege forpliktingar som legg føringar for samepolitikken, mellom anna ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar og FN's konvensjon om sivile og politiske rettar artikkel 27.

Sametinget er det folkevalde organet til samane og regjeringa sin viktigaste premisslevarandør og dialogpartner i samepolitiske spørsmål. Regjeringa bygger vidare på dei institusjonelle og rettslege rammene som allereie er lagde for samepolitikken.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for å samordne statleg politikk som gjeld samane i Noreg, og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kwart fagdepartement har eit

ansvar for å følgje opp statleg politikk overfor samane innanfor sin sektor.

Det er staten sitt ansvar å sikre at omsynet til samane blir ivaretatt og at dei folkerettslege forpliktingane blir etterlevde. Samstundes legg staten til grunn at kommunar og fylkeskommunar på eige initiativ, og som del av lokaldemokratiet, òg følgjer opp forpliktingane sine overfor dei samiske innbyggjarane. Til dømes har kommunane eit ansvar for opplæring i samisk.

Mål for programkategorien

1. Samane kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt
2. Samane deltek i offentlege avgjerdsprosessar
3. Samane får gode og likeverdige tenester

Mål 1 Samane kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt

Å styrkje samiske språk og samiske institusjonar er viktig for å sikre og utvikle samisk kultur og

samfunnsliv. Sametinget er den sentrale aktøren i dette arbeidet. Sametinget tar imot hovudløyvinga si over kap. 560, post 50, som dekker løyvingar til å styrkje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv. Meir kunnskap gjer det enklare å sikre og utvikle språket, kulturen og samfunnslivet. Auka kunnskap i befolkninga om samar og samiske forhold kan òg motverke hatytringar, diskriminering, stereotypiar og negative haldningar. Samar kan oppleve hets og hatytringar fordi dei er samar når dei ytrar seg offentleg. Auka kunnskap kan gjere det lettare for samar å ytre seg og delta i det offentlege rommet utan å bli utsette for hets. Kommunal- og distriktsdepartementet støttar derfor fleire tiltak som gir auka kunnskap om samiske forhold, mellom anna gjennom ordninga med samiske vegvisarar over kap. 560, post 55. Endringar i samelovas språkreglar trer i kraft 1. januar 2024. Frå dette tidspunktet blir forvaltningsområdet for samiske språk delt inn i tre ulike kommunekategoriar, der rettane for språkbrukarane er ulike. Dei nye kategoriane er betre tilpassa behova i dei ulike kommunane i forvaltningsområdet. Dei kommunane som er innlemma i dag blir innplasserte i ein av dei to kategoriane som har det høgaste nivået av rettar. Den tredje kategorien senkar terskelen for at nye kommunar kan søkje om innlemming i forvaltningsområdet.

Mål 2 Samane deltek i offentlege avgjerdsprosessar

Det er eit sentralt politisk mål at samane skal ha reell innverknad på avgjerder som gjeld dei sjølve. Når det gjeld tiltak som er omfatta av kap. 560, post 50, som saker om bevaring og revitalisering av samiske språk og arbeid med å samle inn og sikre samisk tradisjonell kunnskap, er det naturleg at Sametinget tar avgjerdene. I andre saker står statlege styresmakter for avveging av interesser og ei endeleg avgjerd. Då er det viktig å sørgje for reell involvering før avgjerda blir fatta.

Forskrifter i samelova om konsultasjonar med samiske interesser har vore i kraft sidan juli 2021. Lovforskriftene skal legge til rette for meir effektive og betre konsultasjonar mellom offentlege styresmakter og Sametinget, eller andre samiske interesser. Lova forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltningsnivå, òg kommunar og fylkeskom-

munar. Lovfestinga av konsultasjonsplikta endrar ikkje på det kommunale sjølvstyret.

Mål 3 Samane får gode og likeverdige tenester

Målet om at samane får gode og likeverdige tenester gjeld tenester frå både staten, fylkeskommunane og kommunane. Det betyr at offentlege tenester må vere tilpassa behova til målgruppa for tenestene, mellom anna slik at samiske brukarar eller pasientar blir møtte av saksbehandlarar og personale med tilpassa språk- og kulturkompetanse. Det gjeld til dømes i møte med instansar som barnevernet, psykisk helsevern, familievernkontor, politi eller sjukeheim.

Regjeringa arbeider langs fleire linjer for å auke kunnskapen og kompetansen i samisk språk og kultur blant tilsette i det offentlege tenesteparatet. I dei nye reglane i samelova som trer i kraft 1. januar 2024, er det no klart at det blir høve til å stille krav til samisk kunnskapar ved utlysing av stillingar, når det er behov for slik kompetanse. Retten til løna utdanningspermisjon til alle tilsette i offentlege organ som har behov for samisk språkleg kompetanse blir òg utvida. Det overordna målet med *Meld. St. 13 (2022–2023) Samisk språk kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnsopplæring og høgere utdanning*, er at fleire skal velje samisk barnehagetilbod og samisk i heile grunnsopplæringa, og at fleire ønskjer å ta ei samisk profesjonsutdanning eller anna samisk høgare utdanning.

Berekraftsmåla

Gjennom arbeidet sitt bidrar Sametinget og Internasjonalt reindriftssenter til å oppfylle berekraftsmål 11.4 om å styrkje innsatsen for å verne om og sikre kultur- og naturarv i verda.

I samelova er plikta til å konsultere Sametinget og samiske interesser for alle forvaltningsnivå forankra, dette gjeld òg for kommunar og fylkeskommunar. Lova legg til rette for gode demokratiske prosessar og skal sikre at samiske interesser kjem tidleg inn i prosessane, slik at dei har moglegheit til å påverke avgjerdene. Dette er i tråd med berekraftsmål 16.7 om å sikre lydhøyre, inkluderande, medbestemmande og representative avgjerdsprosessar på alle nivå.

Kap. 560 Samiske føremål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
50	Samisk språk, kultur og samfunnsliv	560 644	592 114	641 721
51	Divvun	7 780	8 003	12 919
55	Samisk høgskule	5 616	5 777	8 150
	Sum kap. 560	574 040	605 894	662 790

Post 50 Samisk språk, kultur og samfunnsliv

Sametinget er eit folkevald, politisk organ. Det er eit sentralt politisk mål at samane skal ha reell innflytelse på avgjerder som gjeld dei sjølve. I sakar som gjeld samane, er det derfor naturleg at Sametinget fattar avgjerdene. Regjeringa er ikkje ansvarleg for Sametingets politiske verksemd, eller vedtaka som Sametinget gjer som politisk organ.

Rapport

Regjeringa legg årleg fram ei framoverskodande melding om samisk språk, kultur og samfunnsliv. Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnsopplæring og høgare utdanning* vart lagt fram for Stortinget 24. mars 2023. Sametingets årsmelding er særskild vedlegg til meldinga. Sametingets bruk av midlar løyva over statsbudsjettet går fram av årsmeldinga.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Løyvinga blir forvalta i heilskap av Sametinget. Sametinget gjer sjølvstendige prioriteringar som folkevald, politisk organ. Vedtaka til Sametinget kan lesast på sametinget.no.

Løyvinga blir foreslått auka med 3,6 mill. kroner til Sametingets språkarbeid knytt til oppfølging av Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*.

Det samlokaliserte prosjektet med nybygg i Kautokeino skal etter planen vere klart for innflytting i løpet av 2024. Nybygget blir oppført som del av husleieordninga i staten, og omfattar nye lokale for Det samiske nasjonalteateret Beavváš. Det er foreslått at løyvinga blir auka med 8,3 mill. kroner til dekning av husleige for Beavváš i 2024.

Det blir foreslått å løyve 641,7 mill. kroner.

For ei samla oversikt over løyvingar til Sametinget og andre samiske føremål blir det vist til publikasjonen *Løyvingar til samiske føremål i statsbudsjettet 2024* på regjeringa.no.

Post 51 Divvun

Løyvinga skal brukast til drift av Divvun-gruppa, som er ei eiga språkteknologisk eining ved UiT Noregs arktiske universitet. Divvun utviklar samisk språkteknologi og drifrar mellom anna ret-teprogram for samiske språk til bruk på ulike dataplattformer.

Rapport

Språkverktøya frå Divvun blir brukte av stadig fleire, både til forskning og praktiske føremål. I 2020 vart den første grammatikkontrollen på nordsamisk lansert, og i 2023 vart grammatikkontrollar for lulesamisk og sørsamisk lanserte. Både grammatikkontrollane og andre program er under stadig oppdatering. Det gjeld òg mobiltastatur og korrekturverktøy. Divvun har omfattande internasjonalt samarbeid. I samarbeid med relevante språkmiljø har dei laga stavekontrollar for fleire minoritetsspråk, mellom anna for andre samiske språk i Norden og for kvensk. I 2022 har Divvun jobba vidare med eit prosjekt for taleteknologi med fokus på lulesamisk talesyntese. I samband med dette prosjektet har Divvun òg eksperimentert med tategjenkjenning, med lovande resultat. Divvun har hatt noko publikumsretta aktivitet i 2022, og har kontakt med brukarar både gjennom sosiale medium og ved besøk på institusjonar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Divvun skal arbeide vidare med å oppdatere, halde ved like og forbetre språkverktøya, og å forenkle installeringa av verktøya. Vidare skal Div-

vun fullføre tekst-til-tale-prosjektet for lulesamisk og lanseringa av oppdaterte nettordbøker. Divvun skal utvikle ein sørsamisk talesyntese. Divvun skal òg arbeide vidare med å informere aktuelle brukarar om verktøya, og auke tilgjengelegheita si på sosiale medium. Samarbeidet med relevante miljø nasjonalt og internasjonalt skal førast vidare.

Som følgje av auka bruk av tenestene til Divvun, og behov for meir teknisk vedlikehald, er det behov for å styrkje drifta ved eininga. Det er òg behov for ei styrking av Divvuns utviklingsarbeid, slik at Divvun kan halde fram arbeidet med utvikling av nye, og vidareutvikling av eksisterande språkverktøy. Løyvinga blir foreslått auka med 4,4 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 12,9 mill. kroner.

Post 55 Samisk høgskule

Løyvinga skal dekke drift av fagleg analysegruppe for samisk statistikk og drift av ordninga med samiske vegvisarar.

Rapport

Vegvisarordninga opplever stor pågang og har i 2022 hatt venteliste for skular som ønskjer besøk. Samisk høgskule har arbeidd vidare med å fylle nettsida samiskeveivisere.no med fagleg innhald og med synleggjering og publisering på sosiale medium.

Analysegruppa gir kvart år ut publikasjonen *Samiske tall forteller – Kommentert samisk statistikk*. I 2023 blir den femtande utgåva gitt ut.

Som medlem i analysegruppa inngår Samisk høgskule, UiT Noregs arktiske universitet, Nord universitet, Statistisk sentralbyrå og OsloMet – storbyuniversitetet. Samisk høgskule har sekretariatsansvar for gruppa.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Dei samiske vegvisarane skal halde fram arbeidet med å bidra til auka kunnskap om samar og samiske forhold blant unge i Noreg, under dette halde fram drifta og vidareutviklinga av nettsida samiskeveivisere.no som ein informasjonskanal. Informasjonsarbeidet til vegvisarane har som mål å motverke hets, hatytringar og fordommar mot den samiske befolkninga.

Som følgje av auka etterspørsel frå skular om besøk frå vegvisarane, blir løyvinga foreslått auka med 2 mill. kroner, slik at ordninga kan utvidast med to vegvisarar.

Analysegruppa skal innan 30. juni kvart år legge fram ein rapport til Kommunal- og distriktsdepartementet og Sametinget. Rapporten skal gi ei situasjonsskildring og analyse av utvalde, sentrale utviklingstrekk i det samiske samfunnet i Noreg.

Det blir foreslått å løyve 8,2 mill. kroner.

Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	6 555	6 276	6 613
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	6 023	3 009	3 141
	Sum kap. 563	12 578	9 285	9 754

Post 01 Driftsutgifter

Internasjonalt reindriftssenter i Kautokeino er ein fagleg sjølvstendig institusjon som vedtar eigne mål og resultatkrav innanfor dei rammene som departementet fastsett.

Senteret arbeider for berekraftig reindrift i nordområda, å styrkje samarbeidet mellom reindriftsfolk, å spreie kunnskap om verdas reindrift, ivaretaking av tradisjonell kunnskap og

kunnskapsutvikling, og å støtte Verdensforbundet for reindriftsfolk og dei internasjonale aktivitetane deira.

Rapport

Internasjonalt reindriftssenter vidareutvikla i 2023 urfolkssamarbeidet sitt med institusjonar, organisasjonar og reindriftsfolk i Mongolia, Grønland, Kina, Nord-Amerika og Norden. Gjennom folk-til-

folk-samarbeid i nordområda har senteret saman med Verdensforbundet for reindriftsfolk initiert prosjekt som vektlegg lokal kompetansebygging med eit særskild fokus på klimatilpassing.

Senteret rapporterer om store endringar i urfolkssamfunn i Arktis på grunn av klimaendringar, globalisering og industriell utbygging. Senteret har vidareutvikla det internasjonale institusjonssamarbeidet sitt med universitet og forskingsinstitutt i Nord-Amerika og EU, mellom anna med Belfer Center ved Harvard-universitetet.

I partnerskap og samarbeid med desse miljøa har senteret starta opp utdanningsprogram i leing, resiliens og klimatilpassing for arktiske urfolksungdommar i nordområda. Senteret har gjennom Global Environment Facility (GEF) fått finansiert det nye globale prosjektet sitt for resiliens i reindrifta, der kurs for urfolksungdom i utviklingsland står sentralt.

Senteret har gjennomført hovudprosjektfasen for Boaššu – NOMAD Indigenous FoodLab, med støtte over Kommunal- og distriktsdepartementets kap. 500, post 21. Senteret har jobba vidare med utvikling av konseptet og har gjennomført fleire FoodLab-arrangement nasjonalt og internasjonalt. Boaššu vart offisielt opna 16. august 2022.

Senteret er i gang med hovudprosjektfasen av FoU-prosjektet «Peatlands/ Reindeer Herders and Resilience», saman med FNs miljøprogram (UNEP), regjeringa i Mongolia, University of the Arctic (UArctic) og partnerar, med status som forvaltningseining under UNEP. Senteret samarbeider òg om urfolks matsystem med FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO).

Senteret har tatt aktivt del i Arktisk råds utvikling av metodar for deltakande miljøobservasjonar, mellom anna i samspel med aktørar i Alaska. Senteret har gjennomført leveransane sine til

fleire større forskingsprosjekt, inkludert publisering av ei rekke vitenskaplege artiklar innanfor felta klimatilpassing og urfolk sine matsystem. På grunn av krigen i Ukraina og sanksjonane mot Russland, har senteret sett alt institusjonelt samarbeid med Russland på pause.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Styret for senteret set sine egne prioriteringar. Senteret har planar om å arbeide med nye kunnskapsstrategiar for urfolkssamarbeid i nordområda og å halde fram med arbeidet med berekraftsmåla og engasjement av urfolksungdom, med særleg fokus på klimatilpassing og motstandsdyktigheit. Senteret har òg planar om å halde fram arbeidet med urfolk sine matsystem, tradisjonell kunnskap og verdiskaping.

Det blir foreslått å løyve 6,6 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten dekker utgifter knytte til eksternt finansierte prosjekt og har tilsvarende inntekter på kap. 3563, post 02.

For rapportering, sjå omtale under kap. 563, post 01.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Styret for senteret set sine egne prioriteringar, jf. omtalen under post 01. Post 21 blir brukt til eksternt finansierte aktivitetar.

Det blir foreslått å løyve 3,1 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3563, post 02, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 3563 Internasjonalt reindriftssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
02	Diverse inntekter	6 023	3 009	3 141
	Sum kap. 3563	6 023	3 009	3 141

Post 02 Diverse inntekter

På posten blir det ført inntekter knytte til eksternt finansierte prosjekt i regi av Internasjonalt

reindriftssenter. Tilhøyrande utgifter blir ført på kap. 563, post 21.

Det blir foreslått å løyve 3,1 mill. kroner.

Programkategori 13.67 Nasjonale minoritetar

Utgifter under programkategori 13.67 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
567	Nasjonale minoritetar	55 952	59 014	67 630	14,6
	Sum kategori 13.67	55 952	59 014	67 630	14,6

Innleiing

Etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknytning til landet blir rekna som nasjonale minoritetar. Jødar, kvener/norskfinnar, romar, romanifolk/tatarar og skogfinnar er anerkjende som nasjonale minoritetar i Noreg. Når det gjeld spørsmål om kven som høyrer til ein nasjonal minoritet, skal styresmaktene legge vekt på sjølvidentifiseringa til den enkelte.

Noregs politikk overfor nasjonale minoritetar bygger på prinsippet om likeverd og ikkje-diskriminering og er forankra i internasjonale menneskerettskonvensjonar, som FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar og den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for å samordne statleg politikk som gjeld nasjonale minoritetar og skal arbeide for heilskap og samanheng i politikken, på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Kvart departement har ansvar for å følgje opp den statlege politikken innanfor sin sektor. Det er staten sitt ansvar å sikre at omsynet til nasjonale minoritetar blir varetatt. Staten legg til grunn at kommunar og fylkeskommunar følgjer opp aktuelle forpliktingar.

Mål for programkategorien

1. Dei nasjonale minoritetane deltek aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin

2. Dei nasjonale minoritetane deltek i offentlege avgjerdsprosessar

3. Dei nasjonale minoritetane får gode og likeverdige tenester

Mål 1 Dei nasjonale minoritetane deltek aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin

Det er eit mål at dei nasjonale minoritetane deltek aktivt i samfunnet og kan uttrykke og vidareutvikle språka sine og kulturen sin. Verkemiddel i språk-, kultur- og opplæringspolitikken er sentrale for å nå dette målet. Kunnskap om nasjonale minoritetar og kulturuttrykka deira kan motverke diskriminering, stereotypiar og negative haldningar. Kommunal- og distriktsdepartementet støtter derfor tiltak som kan gi større innsikt i situasjonen til dei nasjonale minoritetane.

Mål 2 Dei nasjonale minoritetane deltek i offentlege avgjerdsprosessar

Målet er avleidd av Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar artikkel 15, der det står at «partane skal skape dei føresetnadane som er nødvendige for at personar som høyrer til nasjonale minoritetar, er sikra effektiv deltaking i det kulturelle, sosiale og økonomiske livet og i offentlege saker, særleg dei som gjeld dei sjølve». Det skjer mellom anna gjennom tilskot til organisasjonane til dei nasjonale minoritetane, og gjennom å etablere arenaer for dialog mellom sentrale styresmakter og organisasjonane til minoritetane.

Mål 3 Dei nasjonale minoritetane får gode og likeverdige tenester

Nasjonale minoritetsgrupper har historisk erfaring med statleg diskriminering. Dette kan prege forholdet gruppene har til offentlege styresmakter i dag og påverke om, og korleis, dei oppsøker offentlege tenester. Kommunane har ansvar for å sikre innbyggjarane gode og likeverdige tenester innanfor til dømes barnehage, grunnopplæring og ulike helse- og velferdstenester. Det er derfor viktig at kommunane har kjennskap til nasjonale minoritetar.

For å styrkje kunnskapen om nasjonale minoritetar i forvaltninga, har Kommunal- og distriktsdepartementet utarbeidd eit e-læringskurs om urfolk og nasjonale minoritetar, der målgruppa er tilsette i statsforvaltninga og i kommunane.

Berekraftsmåla

Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer oppfølginga av Europarådets rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoritetar artikkel 15, og bidreg slik til å nå berekraftsmål 16.7

om å sikre lyd høyre, inkluderande, deltakarbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå. Dette blir gjort gjennom å støtte dei nasjonale minoritetane sine egne organisasjonar, og gjennom å etablere eigne arenaer for dialog mellom sentrale styresmakter og minoritetane sine organisasjonar. Det blir gitt støtte til organisasjonane via tilskotsordningane for nasjonale minoritetar, kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur og romanifolket/taterane. Departementet har faste årlege møte med dei enkelte interesseorganisasjonane og arrangerer òg eit felles dialogmøte ein gong i året, der alle dei nasjonale minoritetane er representerte.

Løyvinga på kap. 567, post 60 skal bidra til at romske barn gjennomfører skulegang, og speglar berekraftsmål 4.1 om å sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei eit relevant og reelt læringsutbytte. Eit sentralt prinsipp i berekraftsmåla er at ingen skal utelatast. Mange vaksne romar har lite skulegang, og romske barn har utfordringar med å fullføre skulegangen.

Kap. 567 Nasjonale minoritetar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
60	Romar, <i>kan overførast</i>	5 789	6 508	6 937
70	Nasjonale minoritetar, <i>kan overførast</i>	8 197	8 430	10 117
72	Dei jødiske samfunna i Noreg	10 726	10 511	13 806
73	Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, <i>kan overførast</i>	11 118	10 923	12 679
74	Kultur- og ressurscenter for norske romar	17 086	17 168	18 266
75	Romanifolket/taterane, <i>kan overførast</i>	3 036	5 474	5 825
	Sum kap. 567	55 952	59 014	67 630

Post 60 Romar, kan overførast

Målet for ordninga er å betre levekåra til norske romar, særleg gjennom tiltak i skulen.

Kriteria for måloppnåing er at romar deltek i tiltaka og får moglegheit til å bidra i utforminga av dei.

Midlane på posten skal dekke tiltak under skulelosordninga i Oslo kommune og tiltak retta mot

romar i Lørenskog kommune. Dei fleste romar i Noreg bur i dag i Oslo og Lørenskog kommunar. Tilskotet gjeld òg oppfølging av romske elevar i andre nærliggande kommunar.

Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

Skulelosane har arbeidd med å styrkje læringsutbyttet til elevar med rombakgrunn, redusere fråvær og auke delen elevar som fullfører grunnopplæringa.

Pandemien hadde store konsekvensar for deltakinga til romske barn på skulen. Skulelostene-sta hjelpte i 2022 elevar, familiar og skular med å få elevane tilbake på skulen etter pandemien.

Skulelostene-sta har eit tospråkleg førskuletilbod. Føremålet er å styrkje tospråklegheita til barna og den romske identiteten deira, og å lette overgangen til skule.

Lørenskog kommune sette i 2022 i gang tiltak for å redusere utfordringane som romar opplever i møtet med det kommunale tenesteapparatet og i nærmiljøet. I 2023 har Lørenskog vore opptekne av å nå barn og unge med tiltaka, skape gode møteplassar for dei og legge til rette for god tilknytning til skulen.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I 2024 skal skulelosordninga, som blir drifta av Oslo kommune, halde fram med å hjelpe romske elevar og familiare deira og skular for å bidra til at fleire elevar fullfører skulen.

Samarbeidet mellom Oslo og Lørenskog kommunar held fram. Mange romske familiar har flytta til Lørenskog dei siste åra. Det er viktig at elevane, familiare og skulane òg der får nødvendig oppfølging.

Skulelosordninga vidarefører samarbeidet med Romano Kher.

Det blir foreslått å løyve 6,9 mill. kroner.

Post 70 Nasjonale minoritetar, kan overførast

Målet for ordninga er å styrkje nasjonale minoritetar sin kultur, språk og eigenorganisering. Det er eit særleg mål at organisasjonane til dei nasjonale minoritetane sjølve kan fremje interessene sine overfor ulike styresmakter.

Kriterium for måloppnåing for driftstilskotet er grada av eigenorganisering hos dei nasjonale minoritetane, om språk og/eller kultur blir styrkt, og grada av deltaking i offentlege avgjerdsprosessar.

Kriterium for måloppnåing for prosjekttilskotet er talet på arrangerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, talet på personar som deltek eller blir nådde gjennom prosjekta, grad av kontakt mellom organisasjonane, og talet på barn og unge som blir nådde.

Tildelingskriterium

Tilskot over ordninga kan bli gitt både som driftstilskot til organisasjonane som representerer dei nasjonale minoritetane og som prosjekttilskot.

For å få driftstilskot er det krav om at organisasjonen har som føremål å fremje interessene og ivareta rettane til nasjonale minoritetar i Noreg. Tilskot blir gitt ut frå ei samla skjønsmessig vurdering, mellom anna basert på talet på medlemmer, talet på lokallag og aktivitetar i organisasjonen.

Prosjekttilskot skal bidra til å styrkje nasjonale minoritetar sitt språk, kultur og identitet. Det er eit særleg mål å styrkje språk og identitet hos barn og unge. Tilskot blir gitt til frivillige organisasjonar, kommunar, institusjonar og foretak som har verksemd knytt til nasjonale minoritetar.

Oppfølging og kontroll

Kulturdepartementet gir tilskot etter søknad og følger opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krav og vilkår som er sett i forskrift om tilskot til nasjonale minoritetar, og eventuelle retningslinjer fastsett av Kulturdepartementet og i tilskotsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans. Kulturdepartementet har ansvar for å evaluere ordninga.

Rapport

Av ei total ramme på om lag 8,2 mill. kroner i 2022 fordelte Kulturdepartementet om lag 5,7 mill. kroner i driftsstøtte til sju organisasjonar og om lag 2,5 mill. kroner til 25 ulike prosjekt. Driftsmidlane bidrog til at organisasjonane kunne gjennomføre faste møte og arrangement, og delta i offentlege avgjerdsprosessar. Prosjekttilskota bidrog til å styrkje språket og kulturen til minoritetane, og til auka barne- og ungdomsarbeid blant minoritetane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det vil bli gitt tilskot til drift av organisasjonar og til prosjekt som bidreg til å styrkje nasjonale minoritetar sitt språk, sin kultur og sin identitet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,45 mill. kroner for å styrkje kulturen og språka til dei nasjonale minoritetane, mellom anna for å kunne støtte større prosjekt.

Det blir foreslått å løyve 10,1 mill. kroner.

Post 72 Dei jødiske samfunna i Noreg

Målet for tilskotet er å bidra til å motverke antisemittisme, støtte opp om synleg jødisk kultur, identitet og samfunnsliv i Noreg og synleggjere jødisk kultur og identitet overfor skuleungdom.

Eit kriterium for måloppnåing er at personar som får informasjon gjennom tiltaka, opplever å ha fått auka medvit og kunnskap om jødar, jøde- dom og antisemittisme. Vidare er det eit målopp- nåingskriterium at aktivitetar som fremjar jødisk kultur, identitet og samfunnsliv blir haldne oppe og gjort synlege.

Tildelingskriterium

Tilskotet blir tildelt til Det Mosaiske Trossamfund i Oslo (DMT) og Det jødiske samfunn i Trond- heim (DJST).

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

I 2022 vart DMT tildelt 10,5 mill. kroner, mellom anna til oppfølging av informasjonstiltak i hand- lingsplanen mot antisemittisme, og andre tiltak og aktivitetar i deira regi. Midlane har mellom anna finansiert ordninga med jødiske vegvisarar.

Kommunal- og distriktsdepartementet sette hausten 2022 i gang ei ekstern evaluering av handlingsplanane mot antisemittisme frå 2016 og fram til 2023. Evalueringa vart lagt fram våren 2023 og viser at sjølv om det har vore positivt med ein brei innsats mot antisemittisme over fleire år, er det framleis nødvendig med særskilde tiltak mot antisemittisme.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Kommunal- og distriktsdepartementet vil gi til- skot til DMT og DJST til tiltak for å motverke anti- semittisme og til aktivitetar som gjer jødisk kultur, identitet og samfunnsliv synleg i Noreg.

Det blir foreslått å løyve 13,8 mill. kroner. Av dette skal 12,3 mill. kroner gå til DMT og 1,5 mill. kroner til DJST. Midlane kjem i tillegg til tilskotet til Jødisk museum i Trondheim, som etter forsla- get vil bli tildelt 750 000 kroner på kap. 500, post 70.

Post 73 Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, kan overførast

Målet for ordninga er å bidra til å revitalisere kvensk språk og fremje kvensk/norskfinsk kultur. Ordninga skal spesielt fremje kvensk språk og kvensk/norskfinsk identitet hos barn og unge.

Kriterium for måloppnåing er talet på arran- gerte prosjekt, kurs og aktivitetar som fremjar føremålet, og talet på deltakarar på dei ulike tilt- aka.

Tildelingskriterium

Frivillige organisasjonar, privatpersonar, kommu- nar og institusjonar kan søkje om prosjektstøtte til kulturføremål og tiltak som bidreg til å styrkje kvensk språk og identitet.

Nærare tildelingskriterium er fastsette i for- skrift.

Over tilskotsordninga kan det òg søkjast om midlar til etablering og drift av kvenske språk- og kultursenter og til kvensk avis.

Oppfølging og kontroll

Troms og Finnmark fylkeskommune har forvalta tilskotsordninga til og med 2022. Frå 2023 har Kulturdirektoratet overtatt forvaltninga av tilskot- sordninga.

Kulturdirektoratet gir tilskot etter søknad og følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskot- smidlane etter dei krava og vilkåra som er sett i forskrift om tilskot til kvensk språk og kvensk/ norskfinsk kultur, og eventuelle retningslinjer fastsett av Kulturdirektoratet og i tilskotsbrev. Kommunal- og distriktsdepartementet er klagein- stans.

Kommunal- og distriktsdepartementet sette hausten 2022 i gang ein gjennomgang av *Målrettet plan for kvensk språk 2017–2021 – vidare innsats for kvensk språk*. Føremålet var å sjå korleis planen samla sett har verka, korleis tiltaka fungerer og kva tiltak som vil vere viktige framover for å sikre kvensk språk. Gjennomgangen var klar i februar 2023 og viser at det i planperioden har vore ei posi- tiv utvikling for kvensk språk på fleire område. Mellom anna er det etablert tre nye kvenske språksenter, og i 2023 vart det gitt tilskot til etable- ring av eitt senter til. Det er innført fleire tiltak på opplæringsfeltet, mellom anna styrking av kvensk barnehagetilbod og utvikling av informasjonsmate- riell om retten til opplæring i kvensk. Rett til kvenskopplæring er no inne i opplæringslova. Det er laga ordningar for utvikling av læremateriell, og

det er etablert ei ordning for gjeldslette for elevar som tar kvensk i grunnskulelæruddanninga. Rapporten gir uttrykk for at det framleis er behov for vidare arbeid for å styrkje kvensk språk.

Rapport

Av ei total ramme på 11,118 mill. kroner i 2022 tildele Troms og Finnmark fylkeskommune totalt 4,35 mill. kroner til drift av fire kvenske språksenter og eitt kvensk kultursenter, og 900 000 kroner i støtte til avisa Ruijan Kaiku. Det vart òg tildelt totalt om lag 4,8 mill. kroner til ulike språk- og kulturprosjekt.

Tilskota til drift av språksenter har bidrege til at det er gjennomført ei rekke språkkurs og kulturaktivitetar for kvenske barn og unge. Prosjekttilskota har bidrege til språk- og kulturutvikling på fleire nivå.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det vil bli tildelt driftsmidlar til kvenske språk- og kultursenter og til kvensk avis. Det vil bli gitt prosjekttilskot etter søknad, til tiltak som bidreg til å oppfylle føremålet med tilskotsordninga.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,45 mill. kroner for å utvide driftsstøtta til språksentera og inkludere nye senter.

Det blir foreslått å løyve 12,7 mill. kroner.

Post 74 Kultur- og ressursenter for norske romar

Føremålet med tilskotet er å vidareutvikle og drifte Romano Kher, som er eit kultur- og ressursenter for romar, mellom anna for kultur- og kunnskapsformidling. Senteret skal fungere som ein stad der romar og majoritetsbefolkninga kan møtast.

Måloppnåinga blir i første omgang målt gjennom deltaking. Norske romar skal delta i avgjerdsprosessar som gjeld innhald og drift av senteret. På sikt skal senteret og tiltaka der evaluéras.

Tildelingskriterium

Tilskotsmottakar er Kirkens Bymisjon. Kirkens Bymisjon har etablert og driv senteret i samarbeid med norske romar. Løyvinga på posten dekkar tilskot til drift og aktivitetar knytte til Romano Kher. Senteret er eit resultat av den kollektive oppreisinga frå staten til norske romar, i tillegg til

brubbyggertenesta som vart flytta frå Oslo kommune då Romano Kher vart oppretta. Bymisjonen har opparbeidd seg relevant erfaring, som er nødvendig for at tiltaket skal lukkast. Bymisjonen har derfor blitt vurdert som einaste aktuelle mottakar av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Departementet følgjer opp rapporteringa for bruken av tilskotsmidlane etter dei krava og vilkåra som er sette i regelverk og i tilskotsbrev.

Rapport

I november 2022 fastsette departementet eit nytt mandat for Romano Kher. Mandatet vart utforma gjennom ein brei medverknadsprosess med Romske Råd, staben på Romano Kher og andre romar. Målet med mandatet er å klargjere oppdraget og departementet sine forventningar til Kirkens Bymisjon og arbeidet på Romano Kher.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Drifta til Romano Kher blir vidareutvikla etappevis med mellom anna kulturarbeid, tiltak retta mot barn og ungdom og enkelte arbeidsrette tiltak. Senteret skal òg halde kurs og foredrag for offentlege etatar.

Brubbyggertenesta med individuell rettleiing og rettighetsarbeid blir vidareført, med mellom anna bistand til romane i kontakt med det offentlege, arbeid for å motverke diskriminering og antisiganisme, og for å sikre likeverdige tenester til gruppa.

Det blir foreslått å løyve 18,3 mill. kroner. I løyvinga inngår midlar til Kirkens Bymisjons arbeid med brubbyggertenesta for norske romar.

Det blir vidare foreslått ei tilsegnsmakt på 4,1 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 75 Romanifolket/taterane, kan overførast

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til å utvikle og synleggjere kulturen, språket og historia til romanifolket/taterane.

Gjennom prosjektrapporteringa blir det vurdert i kva grad prosjektet har oppnådd dei måla som er sette i søknaden, om prosjektet har nådd målgruppa og kva resultat prosjektet har ført til i form av aktivitetar eller tiltak.

Tildelingskriterium

Privatpersonar, private og offentlege institusjonar, organisasjonar og andre verksemder kan søkje om tilskot til prosjekt som bidreg til å synleggjere, styrkje og føre vidare kulturen og historia til romanifolket/taterane, til å styrkje språket romani, til dokumentasjon og formidling av kunnskap om romanifolket/taterane sin situasjon, og til haldningsskapande arbeid.

Oppfølging og kontroll

Den kollektive oppreisinga til romanifolket/taterane blir forvalta av Kulturdirektoratet som ei tilskotsordning, i samsvar med eigen forskrift. Kommunal- og distriktsdepartementet er klageinstans. Kulturdirektoratet har ansvar for å evaluere ordninga.

Rapport

Kulturdirektoratet tildelte i 2022 tilskot på om lag 5,3 mill. kroner til 25 ulike prosjekt over tilskotsordninga til romanifolket/taterane.

Prosjekt av ulikt omfang, med ulike føremål og med ulike målgrupper fekk støtte, mellom anna til

musikk- og teaterframsyningar, filmprosjekt, bøker, samlingsstad, informasjons- og sjølvhjelpsprosjekt og ulike arrangement.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Romanispråk skal framleis styrkast, og det vil bli etablert kulturarenaer og møteplassar i tråd med ein femårsplan Kulturdirektoratet utarbeidde i 2021 i samarbeid med ei faggruppe med medlemmar som er utnemnde av interesseorganisasjonane og fagpersonar på feltet.

Det vil bli prioritert å bevare, dokumentere, formidle og vidareføre romanifolket/taterane sin materielle og immaterielle kulturarv, som tradisjonar, fortellingar, handverk og musikk, i tråd med femårsplanen.

Enkeltaktørar vil få tilskot etter søknad til tiltak som bidreg til å oppfylle målet for ordninga.

Det blir foreslått å løyve 5,8 mill. kroner.

For at ubrukne løyvingar frå tidlegare år skal gå til det tiltenkte føremålet, blir det foreslått at Kommunal- og distriktsdepartementet får fullmakt til å overføre udisponert beløp på kap. 567, post 75 frå 2024 til 2025, jf. forslag til romartalsvedtak.

Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.

Utgifter under programkategori 13.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
571	Rammetilskot til kommunar	148 172 128	161 625 247	175 221 375	8,4
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	40 575 566	43 977 995	48 389 482	10,0
573	Kommunestruktur		200 000	213 674	6,8
575	Ressurskrevjande tenester	10 750 729	11 741 313	13 071 914	11,3
577	Tilskot til dei politiske parti	459 268	470 163	540 164	14,9
578	Valdirektoratet	50 992	120 583	61 265	-49,2
	Sum kategori 13.70	200 008 683	218 135 301	237 497 874	8,9

Inntekter under programkategori 13.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3571	Tilbakeføring av forskot	15 947			0,0
5616	Kommunalbanken AS	646 000	652 000	660 000	1,2
	Sum kategori 13.70	661 947	652 000	660 000	1,2

Innleiing

Kommunar og fylkeskommunar er sjølvstendige, folkevalde forvaltningsnivå som har ansvaret for oppgåver som tenesteytarar, samfunnsutviklarar, myndigheitsutøvarar og demokratiske arenaer for innbyggjarane. Kommunane har mellom anna ansvaret for barnehage, grunnskule, barnevern, helse-, omsorgs- og sosialtenester, tekniske tenester og kulturoppgåver. Fylkeskommunane har mellom anna ansvaret for vidaregåande opplæring, lokal kollektivtransport, fylkesvegar, tannhelse, regional utvikling og kulturoppgåver.

Departementa har sektoransvar for respektive område av kommunesektoren sitt tenestetil-

bod, mellom anna forvaltning og utvikling av lov- og regelverk og finansiering av reformer og nye tiltak.

Kommunal- og distriktsdepartementet skal bidra til at staten si styring av kommunesektoren er samordna, heilskapleg og konsistent. Departementet har eit særleg ansvar for at kommunesektoren har eit godt og framtidsretta lov- og regelverk, i første rekke gjennom utvikling og forvaltning av kommunelova. Departementet skal legge til rette for at landet har ein føremålstenleg kommunestruktur.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i samarbeid med Finansdepartementet ansvaret for kommunesektoren sine inntektsrammer. Vidare

har departementet ansvaret for inntektsfordelinga mellom kommunar og mellom fylkeskommunar gjennom utvikling og drift av inntektssystemet for kommunesektoren. Departementet har òg ansvaret for Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) og for forvaltninga av staten sin eigarskap i Kommunalbanken AS.

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for valordninga og valregelverket. Valdirektoratet har det operative ansvaret på statleg nivå for gjennomføring av stortings- og lokalval. Kommunane og fylkeskommunane har ansvaret for den praktiske valgjennomføringa. Departementet har òg ansvaret for tilskot til dei politiske partia.

Mål for programkategorien

1. Eit velfungerande demokrati
2. Eit velfungerande kommunalt sjølvstyre
3. Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar

Mål 1 Eit velfungerande demokrati

Frie og hemmelege val er grunnleggjande i demokratiet vårt. Tilliten til valinstitutet er høg, og det er viktig at den blir oppretthalden. Dette føreset at veljarane forstår korleis val blir gjennomført, og at teknologien som blir brukt ved val er sikker. I tillegg må det demokratisk representative systemet og sjølve valordninga ha legitimitet, og regelverket må vere i tråd med internasjonale forpliktingar.

Høg valdeltaking, representative folkevalde organ og gode kanalar for innbyggjarmedverknad òg mellom val, er viktige føresetnader for eit velfungerande demokrati.

Det er mange ulike aktørar som har viktige roller og oppgåver for å kunne oppretthalde eit velfungerande demokrati. Dei politiske partia må ha rammevilkår for å gjere oppgåva si, kommunar og fylkeskommunar må ha handlefridom til å fylle rolla, og borgarane må få informasjon og vere trygge på å utøve dei demokratiske rettane sine. Det sivile samfunnet har òg ei viktig rolle for å legge til rette for dette.

Budsjettkapitla 577 Tilskot til dei politiske parti og 578 Valdirektoratet støttar opp under mål 1.

Mål 2 Eit velfungerande kommunalt sjølvstyre

Kommunesektoren forvaltar ein stor del av fellesskapet sine ressursar og har omfattande offentleg

mynde. Kommunelova legg juridiske rammer for all kommunal verksemd og det kommunale sjølvstyret. Prinsippa for statleg styring av kommunesektoren, som til ei viss grad følgjer av kommunelova, legg til grunn økonomisk og juridisk rammestyring og dialog mellom forvaltningsnivåa. Staten si styring må balanserast mellom nasjonale omsyn som til dømes eit likeverdig tenestetilbod og rettstryggleik, og omsynet til lokal handlefridom. Det er den enkelte kommunen som er best i stand til å vurdere kva løysingar som skal til for å møte utfordringane i eigen kommune, og eit velfungerande lokalt sjølvstyre skal gi rom for lokale løysingar, innovasjon og utvikling. Lokale prioriteringar mellom ulike føremål er eit uttrykk for lokale preferansar og gir derfor meir velferd samla sett.

Ein føresetnad for at det kommunale sjølvstyret skal vere reelt, er at kommunesektoren i hovudsak er finansiert gjennom frie inntekter, som er skatteinntekter og rammetilskot. Dei frie inntektene er anslått å utgjere 72 pst. av kommunesektoren sine samla inntekter i 2024.

Budsjettkapitla 571 Rammetilskot til kommunar og 572 Rammetilskot til fylkeskommunar støttar opp under mål 2.

Mål 3 Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar

Rammefinansiering av kommunesektoren gjennom skatteinntekter og rammetilskot gir rom for lokale prioriteringar og legg til rette for effektiv bruk av offentlege ressursar. Inntektsrammer som står i forhold til oppgåvene kommunesektoren er sett til å løyse, og ei rettferdig inntektsfordeling mellom kommunar, er føresetnader for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. I del I, pkt. 2 er det gjort greie for regjeringa sitt forslag til inntektsrammer for kommunesektoren i 2024.

I 2020 vart det nedsett eit offentleg utval som har gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane. Utvalet leverte utgreiinga si til departementet i august 2022. NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunene* var på offentleg høyring til januar 2023. Regjeringa vil legge fram ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei melding til Stortinget våren 2024, med sikte på at nytt inntektssystem for kommunane får verknad frå og med 2025.

Regjeringa la i Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* fram forslag om eit nytt inntektssystem for fylkeskommunane, jf. Innst. 488 S (2022–2023). Det nye inntektssystemet byg-

ger mellom anna på tilrådingane frå eit ekspertutval, som leverte utgreiinga si i desember 2022. Det nye inntektssystemet trer i kraft frå og med 2024. Departementet varsla i kommuneproposisjonen at endringar i mellom anna kriteriedata, sektorvektar og storleiken på det samla utgiftsbehovet kunne ha innverknad på dei endelege fordelingsverknadene av det nye inntektssystemet. Dei endelege fordelingsverknadene er vist i Berekningssteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2023–2024) *Grønt hefte* (H-2548 N). I tråd med forslaget i kommuneproposisjonen vil dei endelege fordelingsverknadene bli dempa gjennom kompensasjons- og overgangsordningar.

Generalistkommuneutvalet la fram si utgreiing, NOU 2023: 9 *Generalistkommunesystemet – likt ansvar – ulike forutsetningar* i mars 2023. Utgreiinga var på høyring til 1. oktober 2023. Utvalet meiner at generalistkommunesystemet er under aukande press, mellom anna fordi skilnadene mellom føresetnadene i ulike kommunar til å vareta ansvaret sitt truleg vil bli større framover. Samstundes er utvalet tydeleg på at generalistkommuneprinsippet bør bli vidareført. For å lukkast med dette meiner utvalet at graden av statleg detaljstyring må reduserast og peiker vidare på at interkommunalt samarbeid og eit utjamnande inntektssystem er viktig.

Regjeringa vil legge til rette for auka kommunalt sjølvstyre med større grad av innovasjon og samarbeid mellom kommunar, bruke inntektssystemet til å jamne ut økonomiske skilnader mellom kommunar og bidra til godt samsvar mellom inntekter og faktiske oppgåver.

Auka effektivitet i oppgåveløysinga vil gi kommunane større handlingsrom som mellom anna kan brukast til å styrkje velferdstenestene. God økonomistyring, lokal tilpassing og nyskapande løysingar må derfor til for at kommunar og fylkeskommunar skal gi eit godt og likeverdig tilbod til

innbyggjarane i heile landet. Nye digitale løysingar skal gi betre og meir heilskaplege tenester, og vil kunne frigjere ressursar til å løyse andre oppgåver. Satsinga til regjeringa på mobildekning og breiband legg til rette for at slike løysingar kan takast i bruk i heile landet.

I møte med nye utfordringar må offentleg sektor vere utviklingsorientert. Regjeringa si tillitsreform dreier seg mellom anna om korleis offentleg sektor kan tenkje nytt om korleis oppgåver blir utført. Regjeringa har derfor invitert kommunar og fylkeskommunar til å delta i ei nasjonal forsøksordning (frikommuneforsøk) der ein kan søkje om fritak frå lover og reglar gjennom forsøk. Fristen for å sende førebels søknad var 8. september 2023.

Budsjettkapitla 571 Rammetilskot til kommunar, 572 Rammetilskot til fylkeskommunar og 575 Ressurskrevjande tenester støttar opp under mål 3.

Berekraftsmåla

Kommunesektoren er grunnmuren i det norske velferdssamfunnet og har ansvar for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekår og utviklingsmoglegheitene til befolkninga. Lokal innsats og lokale prioriteringar er avgjerande for arbeidet med ei rekke av berekraftsmåla. Variasjon som speglar ulike lokale preferansar er verdifullt i seg sjølv, og fylkeskommunar og kommunar er derfor nøkkelaktørar når det gjeld å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Rammestyrt styrkje det lokale sjølvstyret og gir handlingsrom for kommunesektoren, samstundes som det legg til rette for eit likeverdig tenestetilbod i heile landet. Ei høg grad av rammefinansiering i form av skatteinntekter og rammetilskot, er ein føresetnad for at prioriteringar skal kunne gjerast lokalt og for kommunesektoren sitt arbeid med berekraft.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	26 396	24 942	23 165
60	Innbyggartilskot	140 567 649	156 459 938	169 718 456
61	Distriktstilskot Sør-Noreg	808 128	837 275	874 619
62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 253 346	2 331 395	2 429 852
64	Skjønstilskot	3 035 716	950 000	1 000 000
65	Regionsentertilskot	203 375	212 149	221 555
66	Vekstilskot	145 756	173 901	282 395
67	Storbytilskot	608 665	635 647	671 333
90	Forskot på rammetilskot	523 097		
	Sum kap. 571	148 172 128	161 625 247	175 221 375

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga går til forskning og utgreiing om kommuneøkonomi, kommunelova og anna juridisk rammeverk for kommunesektoren, lokaldemokrati og statlege tiltak retta mot kommunesektoren. Løyvinga omfattar òg drift og utvikling av inntektssystemet og driftsmidlar til Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Løyvinga kan vidare finansiere større utviklingsprosjekt, inkludert utgreiingsstillingar i departementet knytt til tidsavgrensa prosjekt.

Rapport

I 2022 har det vore forskning, utgreiingar og evalueringar innanfor mellom anna følgjande tema:

- Inntektssystemutvalet for kommunane
- Ekspertutvalet for fylkeskommunane sitt inntektssystem
- Generalistkommuneutvalet
- Ressurskrevjande omsorgstenester i kommunane
- Lokale partilag og lister
- Tilstandsanalyse av det norske demokratiet
- Skjønsmnemnd og overskjønsmnemnd
- Indirekte val i nye kommunar.

I 2022 har posten òg finansiert mellom anna utgreiingar for Teknisk berekningsutval, nettstadene minsak.no og frie inntekter, database for kommunale organisasjonsdata og undersøkingar innan tema som interkommunalt samarbeid og møteoffentlegheit.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 23,2 mill. kroner. Dette inkluderer midlar til mellom anna utvalsarbeid, forskning på kommuneøkonomi, lokaldemokrati, juridisk rammeverk for kommunesektoren og statlege tiltak retta mot kommunesektoren.

Post 60 Innbyggartilskot

Hovuddelen av rammetilskotet blir fordelt gjennom innbyggartilskotet. Innbyggartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbygger, før det blir fordelt om gjennom utgiftsutjamninga, overgangsordninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Sjå Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2023–2024) Grønt hefte (H-2548 N) for ei nærare omtale av innbyggartilskotet, utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen for kommunane.

Til berekning av kor mykje kvar sektor skal utgjere i kostnadsnøkkelen og kor stort omfanget av utgiftsutjamninga skal vere, det vil seie samla utgiftsbehov, blir normalt sett siste tilgjengelege tal

frå kommunerekneskap frå KOSTRA/SSB nytta. På grunn av koronasituasjonen, med ekstraordinære overføringar til kommunesektoren og endra aktivitet mellom dei ulike sektorane i 2020 og 2021, har rekneskapstal for 2019 vore nytta i utgiftutjamninga dei to siste åra. I statsbudsjettet for 2024 blir rekneskapstal frå 2022 nytta. Ved berekninga av samla utgiftsbehov blir det nytta konserntal, på same måte som for fylkeskommunane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 169 718,5 mill. kroner i 2024. Dette er ein auke på 13 258,5 mill. kroner frå saldert budsjett for 2023. Auken må sjåast i samheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2.

Post 61 Distriktstilskot Sør-Noreg

Tildeling av tilskotet tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Ved tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg i 2024 blir distriktsindeksen frå 2017 brukt.

Distriktstilskot Sør-Noreg blir tildelt kommunar i Sør-Noreg (utanom kommunar i Namdalen,

som blir tildelt Distriktstilskot Nord-Noreg) som oppfyller følgjande kriterium:

- har under 3 200 innbyggjarar eller ein distriktsindeks på 46 eller lågare
- har gjennomsnittlege skatteinntekter per innbyggjar dei tre siste åra som er under 120 pst. av gjennomsnittet i landet

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får eitt tilskot per kommune. Satsane er differensiert etter kommunane sin verdi på distriktsindeksen. Høgaste sats blir gitt til kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 46 får halvparten av høgaste sats.

Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire får tilskot både per innbyggjar og per kommune. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot per innbyggjar og per kommune med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 pst. av høgaste sats. Kommunar med distriktsindeks på 47 eller høgare får ikkje tilskot. Satsane for distriktstilskot Sør-Noreg i 2024 er prisjustert og vist i tabell 5.6.

Det blir foreslått å løyve 874,6 mill. kroner.

Tabell 5.6 Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2024

Distriktsindeks	Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleire		Kommunar med under 3 200 innbyggjarar
	Sats per kommune (1 000 kroner)	Sats per innbyggjar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kroner)
Indeks 0–35	1 413	1 280	6 526
Indeks 36–38	1 133	1 024	5 875
Indeks 39–41	849	768	5 221
Indeks 42–44	564	512	4 569
Indeks 45–46	284	257	3 915
Indeks over 46	0	0	3 264

Post 62 Distriktstilskot Nord-Noreg

Distriktstilskot Nord-Noreg blir fordelt med eit kronebeløp per innbyggjar til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen. Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får i tillegg eit småkommunetillegg etter same kriterium og satsar som distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar i Finnmark og

tiltakssona i Troms som får småkommunetillegg, får tilskot etter ein høgare sats.

Ved tildeling av småkommunetillegget i distriktstilskot Nord-Noreg i 2024 blir distriktsindeksen frå 2017 brukt. Satsane for distriktstilskot Nord-Noreg i 2024 er prisjustert og vist i tabell 5.7.

Det blir foreslått å løyve 2 429,9 mill. kroner.

Tabell 5.7 Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2024

Kommunar i:	Sats per innbyggjar (kroner)	
Nordland og Namdalen	2 013	
Troms (utanfor tiltakssona)	3 861	
Tiltakssona i Troms	4 550	
Finnmark	9 427	
<i>Småkommunetillegg til kommunar med under 3 200 innbyggjarar</i>		
Distriktsindeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor tiltakssona (1 000 kroner)	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i tiltakssona (1 000 kroner)
Indeks 0–35	6 526	14 135
Indeks 36–38	5 875	12 719
Indeks 39–41	5 221	11 308
Indeks 42–44	4 569	9 893
Indeks 45–46	3 915	8 481
Indeks over 46	3 264	7 067

Post 64 Skjønstilskot

Kommunal- og distriktsdepartementet fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar etter skjøn. Føremålet med skjønstilskotet er å kompensere kommunar og fylkeskommunar for lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling. Når det gjeld skjønstilldeling til kommunane, fastset departementet tilskotsrammer til kvart enkelt statsforvaltarembete. Statsforvaltaren fordeler tilskotet til kommunane etter retningslinjer gitt av departementet. Frå og med 2024 blir det halde igjen ein felles reservepott for uventa hendingar som kan gå til både kommunar og fylkeskommunar. Basisramma til fylkeskommunane blir overført til innbyggartilskotet til fylkeskommunane frå og med 2024.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Regjeringa foreslår ei samla skjønnsramme for 2024 på 1 000 mill. kroner i tråd med Stortingets behandling av Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*. Heile ramma blir foreslått løyvd på kap. 571, post 64.

Basisramma for kommunane blir foreslått sett til 800 mill. kroner, det same som i 2023. Statsforvaltarembeta har fordelt delar av basisramma til

kommunane, og fordelinga er vist i Grønt hefte 2024.

Basisramma til fylkeskommunane på 332 mill. kroner, det same som i 2023, blir foreslått overført til innbyggartilskotet til fylkeskommunane. Dette vil sikre fordeling etter faste, objektive kriterium.

Basert på erfaringane frå tidlegare år blir det halde tilbake 175 mill. kroner av skjønstilskot til uventa hendingar (reservepotten). Det er ein auke på 55 mill. kroner samanlikna med 2023. Midlar blir flytta frå prosjektskjønsmidlane og frå reservepotten til fylkeskommunane. Midlane skal hovudsakleg nyttast til å kompensere kommunar og fylkeskommunar som har meirutgifter som følgje av naturskade eller andre kritiske, uventa hendingar. Det blir foreslått at både kommunar og fylkeskommunar kan søkje om kompensasjon frå reservepotten.

Vidare blir 25 mill. kroner foreslått sett av til utviklings- og fornyingsprosjekt (prosjektskjøn). Prosjektskjønnet dekker mellom anna driftsutgifter og medlemskontingent i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS) med til saman 450 000 kroner. GKRS er ei ideell foreining og eit uavhengig organ som skal fremje og utvikle god kommunal regnskapsskikk. Medlemmar er Kommunal- og distriktsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, KS, NKRF – kontroll og revisjon i kommunene og Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund. Ein nærare omtale

av kriterium for løyving av prosjektskjønsmidlar i 2024 er gitt i kommuneproposisjonen for 2024.

Nærare omtale av skjønnsramma for 2024 og rapportering om bruk av skjønstilskot i 2022 er gitt i kommuneproposisjonen for 2024.

Ekstremvêret «Hans»

Ekstremvêret «Hans» og etterfølgjande flaum- og skredhendingar førte til omfattande skadar i mange kommunar og fylkeskommunar. Storsamfunnet skal stille opp når lokalsamfunnet blir ramma av store naturskadar. Kommunal- og distriktsdepartementet held kvart år tilbake delar av skjønstilskotet til kommunar og fylkeskommunar for å kompensere kommunesektoren for kostnader ved uventa hendingar.

Skjønstilskotet kan bli tildelt kommunar og fylkeskommunar som har hatt utgifter til naturskade, og som gjeld handtering av den akutte kritesituasjonen eller reparasjon av kommunal/fylkeskommunal infrastruktur, i tråd med gjeldande retningslinjer. Skjønstilskot kan ifølgje retningslinjene òg dekke utgifter som gjeld opprydding på kommunal/fylkeskommunal infrastruktur. I samband med ekstremvêret Hans blir retningslinjene mellombels utvida, slik at òg kommunane og fylkeskommunane sine kostnader til opprydding på anna enn egen infrastruktur kan inkluderast i søknad om skjønstilskot, der kostnadene ikkje blir dekt av andre ordningar. Kommunane må søkje om skjønsmidlar frå departementet gjennom statsforvaltaren. Fylkeskommunane kan sende søknad om skjønstilskot direkte til departementet.

Regjeringa tek sikte på å kome tilbake med forslag til ei tilleggsloyving i nysalderinga av statsbudsjettet for 2023.

Post 65 Regionsentertilskot

Regionsentertilskotet blir gitt til kommunar som slår seg saman og som etter samanslåinga får over

om lag 8 000 innbyggjarar. Tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar på 76 kroner og ein sats per samanslåing på 3,617 mill. kroner. Satsane er prisjustert i 2024.

Det blir foreslått å løyve 221,6 mill. kroner.

Post 66 Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar med særleg høg auke i folketalet. For 2024 blir det foreslått tilskot til kommunar som gjennom siste treårsperiode har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst i folketalet som er høgare enn 1,4 pst. og skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet. Tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar over vekstgrensa. Satsen for veksttilskotet er prisjustert og utgjer 67 331 kroner i 2024.

Det blir foreslått å løyve 282,4 mill. kroner.

Post 67 Storbytilskot

Storbytilskot blir i 2024 foreslått tildelt Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Drammen. Tilskotet blir gitt med ein sats på 426 kroner per innbyggjar. Satsen er prisjustert i 2024.

Det blir foreslått å løyve 671,3 mill. kroner.

Post 90 Forskot på rammetilskot

Skatteutjamninga i inntektssystemet fordeler om inntekter gjennom rammetilskotet og blir avrekna fortløpande basert på dei siste opplysningane om skatteinngangen. Sidan endeleg skatteinngang for 2024 ikkje er kjent før i februar 2025, kan departementet i den løpande skatteutjamninga ha behov for å utbetale forskot på rammetilskotet for 2025 i 2024. I forslag til romartalsvedtak blir det bedt om at det kan utbetalast opp til 500 mill. kroner i 2024 som forskot på rammetilskot til kommunane for 2025.

Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
90	Tilbakeføring av forskot	15 947		
	Sum kap. 3571	15 947		

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2022–2023) fekk Kommunal- og distriktsdepartementet fullmakt til å utbetale opp til 1 000 mill. kroner i forskot i 2023 på rammetilskot for 2024 til kommunar, jf. Innst. 5 S (2022–2023). Det er framleis uvisse rundt skat-

teinngang og inntektsutjamning for siste utbetalingstermin i 2023, og ein kan derfor ikkje konkret angi storleiken på utbetalt forskot på rammetilskot i 2023 no og tilsvarande tilbakeføring av forskot i 2024. Det blir derfor ikkje fremja forslag om løyving for 2024.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
60	Innbyggartilskot	38 129 892	42 860 056	47 616 308
62	Nord-Noreg-tilskot	710 577	735 939	773 174
64	Skjønstilskot	1 661 000	382 000	
90	Forskot på rammetilskot	74 097		
	Sum kap. 572	40 575 566	43 977 995	48 389 482

Post 60 Innbyggartilskot

Hovuddelen av rammetilskotet blir fordelt gjennom innbyggartilskotet. Innbyggartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbygger, før det blir fordelt om gjennom utgiftsutjamninga, overgangsordninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Sjå Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2023–2024) Grønt hefte (H-2548 N) for ei nærare omtale av innbyggartilskotet, utgiftsutjamninga og kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane.

Til berekning av kor mykje kvar sektor skal utgjere i kostnadsnøkkelen og kor stort omfanget av utgiftsutjamninga skal vere, dvs. samla utgiftsbehov, blir det tatt utgangspunkt i rekneskapstal frå 2022. Sjå nærare omtale under kap. 571, post 60. Det blir òg tatt utgangspunkt i konserntal i staden for kassetal ved berekning av samla utgiftsbehov, jf. nytt inntektssystem for fylkeskommunane presentert i Prop. 112 S (2022–2023) *Kommune- og distriktsdepartementets forslag til proposisjon 2024*.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 47 616,3 mill. kroner i 2024. Dette er ein auke på 4 756,3 mill. kroner frå saldert budsjett for 2023. Overføring av basisramma frå skjønstilskotet er inkludert i auken. Auken må vidare sjåast i samanheng med det samla økonomiske opplegget for kommunesektoren, jf. nærare omtale i del I, kapittel 2.

Post 62 Nord-Noreg-tilskot

Tilskotet blir utbetalt med eit likt beløp per innbygger til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Frå og med 2024 er satsen per innbygger lik for alle fylkeskommunane. I 2024 er satsen 1 599 kroner per innbygger.

Det blir foreslått å løyve 773,2 mill. kroner.

Post 64 Skjønstilskot

Det blir foreslått at kap. 572, post 64 Skjønstilskot blir avvikla. Basisramma blir foreslått overført til innbyggartilskotet til fylkeskommunane og midlar til uventa hendingar (reservepotten) blir foreslått samla under kap. 571, post 64.

Post 90 Forskot på rammetilskot

Skatteutjamninga i inntektssystemet fordeler om inntekter gjennom rammetilskotet og blir avrekna fortløpande basert på dei siste opplysningane om skatteinngangen. Sidan endeleg skatteinngang for 2024 ikkje er kjent før i februar 2025, kan departementet i den løpande skatteutjamninga ha behov for å utbetale forskot på rammetilskotet for 2025 i 2024. I forslag til romartalsvedtak blir det bedt om at det kan utbetalast opp til 200 mill. kroner i 2024 som forskot på rammetilskot til fylkeskommunane for 2025.

Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av Prop. 1 S (2022–2023) fekk Kommunal- og distriktsdepartementet fullmakt til å utbetale opp til 400 mill. kroner i forskot i 2023 på rammetilskot for 2024 til fylkeskommunar, jf. Innst. 5 S (2022–2023). Det er framleis uvisse rundt skatteinngang og inntektsutjamning for siste utbetalingstermin i 2023, og ein kan derfor ikkje konkret angi storleiken på utbetalt forskot på rammetilskot i 2023 no og tilsvarende tilbakeføring av forskot i 2024. Det blir derfor ikkje fremja forslag om løyving for 2024.

Tilskot gjennom inntektssystemet i 2023 og 2024

Tabell 5.8 viser rammetilskot på kapittel og post til kommunar og fylkeskommunar i 2023 og 2024. Anslag på rekneskap 2023 er lik vedtatt løyving ved framlegging av denne proposisjonen. I korrigert anslag på rekneskap 2023 er det tatt omsyn til endringar frå 2023 til 2024 i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot mv. Det gjer tala for 2023 og 2024 samanliknbare.

Tabell 5.8 Tilskot gjennom inntektssystemet i 2023 og 2024

		(nominelle prisar i 1 000 kroner)					
Kap.	Post	Anslag på rekneskap 2023	Korrigert anslag på rekneskap 2023	Forslag 2024	Faktisk vekst 2023–2024 (pst.)	Korrigert vekst 2023–2024 (pst.)	
571	60	Innbyggartilskot	160 745 998	164 311 619	169 718 456	5,6	3,3
571	61	Distriktstilskot Sør-Noreg	837 275	837 275	874 619	4,5	4,5
571	62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 331 395	2 331 395	2 429 852	4,2	4,2
571	64	Skjønstilskot	950 000	957 862	1 000 000	5,3	4,4
571	65	Regionsentertilskot	212 149	212 149	221 555	4,4	4,4
571	66	Veksttilskot	173 901	173 901	282 395	62,4	62,4
571	67	Storbytilskot	635 647	635 647	671 333	5,6	5,6
		<i>Sum kommunar</i>	<i>165 886 365</i>	<i>169 459 848</i>	<i>175 198 210</i>	<i>5,6</i>	<i>3,4</i>
572	60	Innbyggartilskot	44 426 956	45 415 096	47 616 308	7,2	4,8
572	62	Nord-Noreg-tilskot	735 939	735 939	773 174	5,1	5,1
572	64	Skjønstilskot	382 000	0	0	-100,0	0,0
		<i>Sum fylkeskommunar</i>	<i>45 544 895</i>	<i>46 151 035</i>	<i>48 389 482</i>	<i>6,2</i>	<i>4,9</i>
		<i>Sum kommunesektor</i>	<i>211 431 260</i>	<i>215 610 883</i>	<i>223 587 692</i>	<i>5,7</i>	<i>3,7</i>

Endringar i oppgåver mv.

Regjeringa foreslår ein realvekst i kommunesektoren sine frie inntekter på om lag 6,4 mrd. kroner i 2024, jf. nærare omtale i del 1, pkt. 2. Veksten er korrigert for endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, eingongsløyvingar mv. Tabell 5.9 viser endringane som veksten er korrigert for, med påfølgjande omtale. Korreksjo-

nane blir gjort i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar. Sjå òg Berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S (2023–2024) Grønt hefte (H-2548 N). Den ekstraordinære løns- og prisveksten i 2023 ligg ikkje inne i berekningane av dei enkelte sakene, men det er tatt omsyn til dette ved at den generelle auken i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar i revidert nasjonalbudsjett, er vidareført.

Tabell 5.9 Endringer i rammetilskotet som følge av endringer i oppgaver mv.

	(i 1 000 2024-kroner)	
	Kommunar	Fylkeskommunar
Statlege og private skular – endring i elevtal	-119 955	-38 325
Ny opplæringslov – regelendringar med økonomiske konsekvensar for kommunesektoren	47 235	252 408
Ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft – reversert trekk i rammetilskotet	558 005	344 190
Gevinstar knytt til nytt prøvegjennomføringssystem i skulen	-6 571	
Gratis deltids plass på SFO på 2. trinn – heilårseffekt av endring i 2023	863 567	
Gratis barnehage i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms – heilårseffekt av endring i 2023	71 352	
Gratis barnehage frå tredje barn i barnehagen – heilårseffekt av endring i 2023	24 000	
Redusert pensjonspåslag for private barnehagar	-57 469	
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen – heilårseffekt av endring i 2023	66 778	
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2024	1 560 065	
Ytterlegare reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2024 i kommunar i sentralitetssone 5 og 6	72 340	
Pasienttilpassa basistilskot – heilårseffekt av endring i 2023	250 000	
Auka barnetillegg i kvalifiseringsprogrammet – heilårseffekt av endring i 2023	1 043	
Auka rettleiande satsar for sosialhjelp – heilårseffekt av endring i 2023	295 788	
Endringar i kontantstønad – konsekvensar for barnehage	119 700	
Vaksinasjon mot covid-19 – eingongsløyving i 2023	-70 924	
Overføring av fylkeskommunane sitt skjønstilskot til kommunane sitt innbyggartilskot	44 000	
Overføring av fylkeskommunane sitt skjønstilskot til kommunane sitt skjønstilskot	8 200	
Landslinjer – endring i tilbod		-4 519
Gratis ferjer og reduksjon av takstar – heilårseffekt av endring i 2023		216 600
Prisjustering av lærlingtilskotet		-65 900
Auka CO ₂ -avgift – kompensasjon til fylkeskommunane		49 700
Tannhelse – eingongsløyving i 2023		-15 645
Barnevern i Oslo – eingongsløyving i 2023		-20 130

Tabell 5.9 Endringar i rammetilskotet som følgje av endringar i oppgåver mv.

	(i 1 000 2024-kroner)	
	Kommunar	Fylkeskommunar
Nordøyvegen – tilskot til dekking av kapitalkostnader		80 000
Distrikts- og regionalpolitiske tilskot– tilbakeføring til øyremerkte tilskot		-113 975
Avvikling av fylkeskommunane sitt skjønstilskot		-398 808
Overføring av fylkeskommunane sitt skjønstilskot til fylkeskommunane sitt innbyggartilskot		346 608
<i>Sum</i>	<i>3 727 154</i>	<i>632 204</i>

Kommunane og fylkeskommunane

Statlege og private skular – endring i elevtal

Som følgje av auka tal på elevar i statlege og private skular blir rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane redusert med høvesvis 120,0 mill. kroner og 38,3 mill. kroner. Sjå Grønt Hefte (H-2548 N) for nærare omtale av trekk- og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular.

Ny opplæringslov – regelendringar med økonomiske konsekvensar for kommunesektoren

Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023, jf. Innst. 442 L (2022–2023). Lovendringane skal etter planen tre i kraft frå hausten 2024. For at kommunar og fylkeskommunar skulle kunne førebu seg, vart rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane auka med høvesvis 5 mill. kroner og 56 mill. kroner i 2023. Som kompensasjon for fleire ulike lovendringar blir rammetilskotet til kommunane auka med ytterlegare 47,2 mill. kroner i 2024, og rammetilskotet til fylkeskommunane blir auka med ytterlegare 252,4 mill. kroner. Medrekna i dette er tilskotet til yrkesfagleg rekvalifisering, som blir innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft – reversert trekk i rammetilskotet

I saldert budsjett for 2023 vart det vedtatt eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 mrd. kroner frå kommunar og fylkeskommunar med konsesjonskraftinntekter frå prisområdene Østlandet (NO1), Sørlandet (NO2) og Vestlandet

(NO5). Trekket vart fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunar og 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunar. I revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart trekket redusert med 1 665 mill. kroner for kommunane og 470 mill. kroner for fylkeskommunane som følgje av lågare straumprisar. Resterande beløp er tatt inn igjen i rammetilskotet frå 2024 fordelt med 558 mill. kroner på kommunane og 344,2 mill. kroner på fylkeskommunane.

Kommunane

Gevinstar knytt til nytt prøvegjenomføringssystem i skulen

Nytt prøvegjenomføringssystem aukar graden av digitalisering og gir gevinstar òg for kommunesektoren. Kommunane sin gevinst, som i stor grad er knytt til digitalisering av kartleggingsprøver, er i 2024 vurdert til 6,6 mill. kroner. Rammetilskotet blir redusert tilsvarande. For fylkeskommunane sin del blir det truleg satt i verk trykkingstiltak under eksamensgjennomføringa i 2024, og rammetilskotet til fylkeskommunen blir derfor ikkje redusert i 2024. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Gratis deltids plass på SFO på 2. trinn – heilårseffekt av endring i 2023

Det er frå hausten 2023 innført gratis 12 timar SFO på andre trinn. Som følgje av dette auka rammetilskotet med 690 mill. kroner. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 863,6 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Gratis barnehage i tiltakszona i Finnmark og Nord-Troms – heilårseffekt av endring i 2023

For å gjere Finnmark og Nord-Troms meir attraktive for småbarnsfamiliar er det frå hausten 2023 innført gratis barnehage for alle barn i tiltakszona. Som følgje av dette er rammetilskotet auka med 77,2 mill. kroner. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet aukar med ytterlegare 71,4 mill. kroner som blir fordelt særskilt (tabell C) til kommunane i tiltakszona. Lågare maksimalpris frå 1. august 2024 gjer at kostnaden for gratis barnehage i tiltakszona isolert sett blir lågare enn tidlegare lagt til grunn. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Gratis barnehage frå tredje barn i barnehagen – heilårseffekt av endring i 2023

Frå hausten 2023 er barnehageplass gratis frå tredje barn for familiar som har fleire barn i barnehagen samstundes. Som kompensasjon for dette er rammetilskotet auka med 20 mill. kroner i 2023. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 24 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Redusert pensjonspåslag for private barnehagar

Frå 1. januar 2022 vart pensjonspåslaget for private barnehagar redusert frå 13 pst. til 10 pst. av lønskostnadene i dei kommunale barnehagane. Det vart samstundes innført ei treårig overgangsordning for enkeltstående barnehagar, slik at dei skulle få lengre tid til å tilpasse seg. Som følgje av dette er rammetilskotet redusert i både 2022 og 2023. Sidan pensjonspåslaget til dei enkeltstående barnehagane blir trappa vidare ned i 2024, blir rammetilskotet redusert med ytterlegare 57,5 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen – heilårseffekt av endring i 2023

Maksimalprisen for foreldrebetaling i barnehagen vart frå 1. januar 2023 redusert til 3 000 kroner per måned. Kommunesektoren vart kompensert med ein auke i rammetilskotet på 329,2 mill. kroner i saldert budsjett for 2023. Den uventa høge prisveksten i 2023 gjorde at den reelle reduksjonen i maksprisen vart høgare enn lagt til grunn, og kommunane vart derfor kompensert med

ytterlegare 169,1 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Det er tatt omsyn til prisveksten i utrekninga av heilårseffekten i 2024. Vidare er det lagt til grunn at auken i etterspørsel etter barnehageplassar først slår inn for fullt frå barnehageåret 2023–2024. Rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 66,8 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2024

Den maksimale foreldrebetalinga i barnehagen blir vidareført på 3 000 kroner per måned frå 1. januar 2024. Frå 1. august 2024 blir foreldrebetalinga redusert til 2 000 kroner per måned. Som kompensasjon blir rammetilskotet auka med 1 560,1 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Ytterlegare reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2024 i kommunar i sentralitetssone 5 og 6

For kommunar i sentralitetssone 5 og 6 blir den maksimale foreldrebetalinga redusert til 1 500 kroner per måned frå 1. august 2024. Som kompensasjon blir rammetilskotet auka med 72,3 mill. kroner som blir fordelt særskilt (tabell C) til kommunane i sentralitetssone 5 og 6. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Pasienttilpassa basistilskot – heilårseffekt av endring i 2023

Basistilskotet til fastlegar vart auka og lagt om frå 1. mai 2023. Som kompensasjon er rammetilskotet til kommunane auka med 480 mill. kroner. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet blir derfor auka med ytterlegare 250 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for kommunehelse. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Helse- og omsorgsdepartementet.

Auka barnetillegg i kvalifiseringsprogrammet – heilårseffekt av endring i 2023

Som kompensasjon for ein auke i barnetillegget i kvalifiseringsprogrammet frå 1. februar i 2023, vart rammetilskotet til kommunane sett opp med 10 mill. kroner i 2023. Tiltaket får heilårseffekt i

2024, og rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 1 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Auka rettleiande satsar for sosialhjelp – heilårseffekt av endring i 2023

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart dei rettleiande satsane for sosialhjelp sett opp med 10 pst. frå 1 juli 2023. Kommunesektoren vart kompensert gjennom ein auke i rammetilskotet på 284 mill. kroner. Tiltaket får heilårseffekt i 2024, og rammetilskotet aukar derfor med ytterlegare 295,8 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Endringar i kontantstønadene – konsekvensar for barnehage

Endringar i kontantstønadene i 2024 er venta å føre til ein auke i etterspørselen etter barnehageplass. Som kompensasjon for dette aukar rammetilskotet i 2024 med 119,7 mill. kroner som blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Barne- og familiedepartementet.

Vaksinasjon mot covid-19 – eingongsløyving i 2023

I revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart rammetilskotet til kommunane auka med 68 mill. kroner som kompensasjon for ei oppfriskingsdose til særskilde grupper våren 2023. Dette var ei eingongsløyving, og rammetilskotet blir derfor redusert med 70,9 mill. kroner i 2024.

Fylkeskommunane

Landslinjer – endring i tilbod

Fylkeskommunane har ansvar for å gi eit tilbod til alle som har rett på vidaregåande opplæring, medrekna elevar ved landslinjer. Vidaregåande opplæring blir i hovudsak finansiert med frie inntekter. Via kap. 225, post 60 på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett blir det gitt tilskot til drift av landslinjer og til innkjøp av utstyr. For å unngå dobbel finansiering har nye landslinjer og utviding av eksisterande tilbod frå og med 2022 blitt finan-

siert med eit trekk i samla rammetilskot til fylkeskommunane.

Ny landslinje i flyfag i Trøndelag startar opp frå hausten 2023 ved Fosen vidaregåande skule. Rammetilskotet for 2024 blir redusert med 4,5 mill. kroner med våreffekt av tilbodet på vg2 og hausteffekt av tilbodet på vg3.

Gratis ferjer og reduksjon av takstar – heilårseffekt av endring i 2023

Frå 16. august 2023 er det lagt til rette for gratis ferje til øyer og andre lokalsamfunn utan vegsamband til fastlandet òg på ferjesamband med over 100 000 passasjerar i året. I tillegg er ferjetakstane blitt ytterlegare redusert, slik at desse totalt er redusert med 50 pst. samanlikna med nivået ved inngangen til 2021. Fylkeskommunane er kompensert for kostnadene i 2023 gjennom ein auke i rammetilskotet. Som kompensasjon for heilårseffekten aukar rammetilskotet med ytterlegare 216,6 mill. kroner i 2024. Midlane blir fordelt etter kriteriet normerte ferjekostnader i kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane. Kriteriet er justert for å ta omsyn til at inntektsbortfallet som følgje av reduserte ferjetakstar og innføring av gratis ferjer varierer mellom fylkeskommunane. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet.

Prisjustering av lærlingtilskotet

Lærlingtilskotet vil i 2024 ikkje bli prisjustert fullt ut. Dette gir ei innsparing på 65,9 mill. kroner, og rammetilskotet til fylkeskommunane blir redusert tilsvarende. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Kunnskapsdepartementet.

Auka CO₂-avgift – kompensasjon til fylkeskommunane

Regjeringa foreslår å auke CO₂-avgifta med 21 pst. ut over prisjustering i 2024. Meirutgiftene for fylkeskommunale hurtigbåtar og ferjer i 2024 er anslått til i alt 49,7 mill. kroner. Det er korrigert for kontraktar som har gått ut og som har blitt kompensert i tidlegare år, noko som fører til ein auke med høvesvis 35,6 og 18,7 mill. kroner i rammetilskotet knytt til ferjer og hurtigbåtar, og ein reduksjon med 4,6 mill. kroner knytt til dieselbussar. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir auka med 49,7 mill. kroner. Sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2023–2024) *Skatter og avgifter 2024*.

Tannhelse – eingongsløyving i 2023

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart rammetilskotet til fylkeskommunane auka med 15 mill. kroner i samband med tannhelse. Løyvinga blir ikkje vidareført, og rammetilskotet blir derfor redusert med 15,6 mill. kroner i 2024.

Barnevern i Oslo – eingongsløyving i 2023

Ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart rammetilskotet til fylkeskommunane auka med 19,3 mill. kroner som vart fordelt særskilt til Oslo. Beløpet svarte til prisjustering av løyvinga til barnevernet i Oslo i Grønt hefte. Løyvinga frå revidert nasjonalbudsjett blir ikkje vidareført, og rammetilskotet blir derfor redusert med 20,1 mill. kroner i 2024.

Nordøyvegen – tilskot til dekking av kapitalkostnader

Regjeringa gir i alt 160 mill. kroner i tilskot til dekking av kapitalkostnader i ferjeavløysingsprosjektet Nordøyvegen i Møre og Romsdal. Tilskotet

blir fordelt over to år. Rammetilskotet aukar derfor med 80 mill. kroner i 2024.

Distrikts- og regionalpolitiske tilskot – tilbakeføring til øyremerkte tilskot

I 2020 vart delar av dei regional- og distriktpolitiske tilskotsmidlane til det dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane. Midlane er i perioden 2020–2023 gitt med ei særskild fordeling. Frå og med 2024 blir tilskotsmidlane tilbakeført til øyremerkte tilskot under Kommunal- og distriktsdepartementet, og rammetilskotet blir derfor redusert med 114 mill. kroner, jf. omtale i Prop. 112 S (2022–2023) Kommuneproposisjonen 2024.

Avvikling av fylkeskommunane sitt skjønstilskot

Skjønstilskotet til fylkeskommunane blir omdisponert til høvesvis kap. 571, post 60 og 64 og kap. 572, post 60. Sjå nærare omtale under respektive budsjettpostar.

Kap. 573 Kommunestruktur

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
62	Delingskostnader		200 000	213 674
	Sum kap. 573		200 000	213 674

Post 62 Delingskostnader

Stortinget har ved behandlinga av Prop. 113 LS (2021–2022) og Prop. 127 S (2021–2022) vedtatt å dele Ålesund kommune og fylkeskommunane Vestfold og Telemark, Troms og Finnmark og Viken med verknad frå 1. januar 2024. Direkte og nødvendige delingskostnader blir kompenserte gjennom ei søknadsordning basert på ei nøktern tilnærming. I saldert budsjett for 2023 er det løyvd 200 mill. kroner, og det er løyvd ytterlegare

204,7 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett for 2023.

Viken, Troms og Finnmark og Vestfold og Telemark har i brev frå departementet fått beskjed om at dei vil få tilsegn om høvesvis 377 mill. kroner, 68,2 mill. kroner og 150 mill. kroner i kompensasjon. Ålesund kommune har i 2023 fått utbetalt 200 mill. kroner som kompensasjon for direkte og nødvendige delingskostnader.

Det blir foreslått å løyve 213,7 mill. kroner i 2024.

Kap. 575 Ressurskrevjande tenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
60	Toppfinansieringsordning, <i>overslagsløyving</i>	10 695 729	11 658 513	12 983 505
61	Tilleggskompensasjon	55 000	82 800	88 409
	Sum kap. 575	10 750 729	11 741 313	13 071 914

Post 60 Toppfinansieringsordning, overslagsløyving

Mål for ordninga

Ordinga skal legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Ordinga støttar opp om mål 3 Berekraftige, nyskapande og omstillingsdyktige kommunar. Kommunane har ansvaret for å gi helse- og omsorgstenester til dei som har krav på dette i samsvar med helse- og omsorgstenestelova. Tenestene blir finansiert i hovudsak gjennom dei frie inntektene til kommunane (skatteinntekter og rammetilskot). Behovet for ressurskrevjande tenester varierer mykje mellom kommunar. Det har førebels vore vanskeleg å finne objektive kriterium i inntektssystemet som kan fange opp denne variasjonen i kostnader.

Tildelingskriterium

Kommunane får refundert delar av utgiftene til tenester til menneske som får omfattande helse- og omsorgstenester. Dette kan mellom anna gjelde personar med psykisk utviklingshemming, nedsett funksjonsevne, personar med rusmiddelproblem og menneske med psykiske lidningar. For 2024 blir det foreslått at kommunane får kompensert 80 pst. av egne netto lønsutgifter i 2023 til helse- og omsorgstenester ut over eit innslagspunkt på 1 608 000 kroner. Netto lønskostnader er løn til tilsette og tilhøyrande sosiale kostnader, minus øyremerkte tilskot og tilskot gjennom inntektssystemet. Tilskotsordninga gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. For eldre over 67 år blir delar av utgiftene fanga opp gjennom dei ordinære kriteria i kostnadsnøkkelen for kommunane som ligg til grunn for fordelinga av rammetilskot til kommunane.

Oppfølging og kontroll

Kommunen skal sende innrapporteringsskjema med dokumentasjon til revisoren til kommunen, som gir ei revisjonsfråsegn til kravet frå kommunen. Kommunen skal deretter sende endeleg innrapporteringsskjema og revisjonsfråsegna til Helsedirektoratet gjennom Altinn. Kommunal- og distriktsdepartementet, Helsedirektoratet og Riksrevisjonen kan setje i verk kontroll med innrapporteringa til kommunane.

Rapport

Tilskotet for 2023 refunderer utgiftene til kommunane for 2022. Tilskotet til dei kommunane som tilfredsstilte kriteria for tilskot, vart fordelt av Helsedirektoratet i mai 2023. Det vart kravd til saman 11 657,4 mill. kroner i refusjon. Etter at det vart trekt 35,6 mill. kroner i for mykje utbetalt tidlegare år, vart det utbetalt 11 621,8 mill. kroner. Dette er 36,7 mill. kroner eller 0,3 pst. lågare enn saldert budsjett for 2023. Utbetalingane i 2023 auka med 6,5 pst. nominelt samanlikna med utbetalingane i 2022. Tala frå Helsedirektoratet for 2023 viser at 8 301 ressurskrevjande tenestemottakarar var omfatta av ordninga. Dette er ein auke på 4,4 pst. samanlikna med 2022.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Forslaget til løyving for 2024 tar utgangspunkt i faktisk utbetaling for 2023 på 11 657 mill. kroner. Utbetalingane i 2023 er framskrivne til 2024 på grunnlag av gjennomsnittleg underliggende vekst i ordninga frå 2020 til 2023 som var på om lag 1,6 pst. Det gir isolert sett ein auke på 186,5 mill. kroner. Tal frå pensjonsselskapa viser at pensjonspremiane vil auke betydeleg i 2023, mellom anna som følgje av høg lønsauke og høg regulering av pensjonar. Dette inneber isolert sett ein auke i lønsutgiftene som kan gi refusjon på om lag

500 mill. kroner. Til slutt blir det korrigert for lønsauken i kommunane i 2023 på 5,4 pst., noko som utgjer om lag 640 mill. kroner.

Innslagspunktet blir foreslått sett til 1 608 000 kroner. Dette er ein auke som svarer til den berekna lønsauken for 2023 på 5,4 pst.

Det blir foreslått å løyve 12 983,5 mill. kroner.

Post 61 Tilleggskompensasjon

Mål for ordninga

Tilleggskompensasjonen skal legge til rette for at mindre kommunar som har spesielt høge utgifter til ressurskrevjande tenester kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester.

Tildelingskriterium

Følgjande kriterium gjeld for at kommunar skal kvalifisere for tilskotet:

- har høge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggjar
- har færre enn 3 200 innbyggjarar
- har gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet.

Med utgifter til ressurskrevjande tenester meiner ein her den delen av rapporterte nettoutgifter i

toppfinansieringsordninga som ikkje blir dekt av toppfinansieringstilskotet, det vil seie «eigen-delar»/utgifter opp til innslagspunktet, og dessutan 20 pst. del over innslagspunktet. Dei kommunane som oppfyller kriteria i dei to siste strekpunkta over, får kompensert for 80 pst. av utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar. Terskelverdien er berekna til 5 300 kroner per innbyggjar for 2024. Den faktiske terskelverdien vil bli berekna i samband med Helsedirektoratet si tilde-ling av tilskotet sommaren 2024, og kan avvike frå denne berekninga.

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet, Helsedirektoratet og Riksrevisjonen kan setje i verk kontroll med innrapporteringa til kommunane.

Rapport

I 2023 vart det utbetalt 82,8 mill. kroner til 31 kommunar. Terskelverdien vart berekna til 5 268 kroner per innbyggjar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 88,4 mill. kroner, som er ein auke på 5,6 mill. kroner frå saldert budsjett for 2023.

Kap. 577 Tilskot til dei politiske parti

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	8 214	7 478	7 891
70	Sentrale organisasjonar	311 730	321 133	364 019
71	Kommunale organisasjonar	34 351	34 590	39 201
73	Fylkesorganisasjonar	75 632	75 584	85 668
75	Fylkesungdomsorganisasjonar	21 134	22 451	31 036
76	Sentrale ungdomsorganisasjonar	8 207	8 927	12 349
	Sum kap. 577	459 268	470 163	540 164

Mål for ordninga

Tilskot til politiske parti skal bidra til å nå målet om at dei registrerte politiske partia har økonomiske midlar til å løyse sine kjerneoppgåver. Ordninga støtter opp om mål 1 Eit velfungerande demokrati.

Regjeringa foreslår ein reell auke av partistøtta med i alt 40 mill. kroner. 30 mill. kroner blir fordelt proporsjonalt på post 70 Sentrale organisasjonar, post 71 Kommunale organisasjonar og post 73 Fylkesorganisasjonar, medan 10 mill. kroner blir fordelt proporsjonalt på post 75 Fylkesungsdomsorganisasjonar og post 76 Sentrale ungdomsorganisasjonar.

Tildelingskriterium

- Alle registrerte politiske parti som har søkt og fyller krava i partilova, får i utgangspunktet økonomisk stønad.
- Statleg partistønad blir gitt til registrerte politiske parti på nasjonalt, fylkeskommunalt og kommunalt nivå som fekk stemmer ved førre val.
- På grunnlag av morpartiet sin del av stemmene, blir det òg gitt stønad til dei politiske partia sine ungdomsorganisasjonar på nasjonalt og fylkeskommunalt nivå.

Oppfølging og kontroll

Etter partilova § 10 skal ikkje myndighetene føre kontroll med korleis partia disponerer stønaden. Det skal heller ikkje knytast vilkår til offentleg partistønad som kan kome i konflikt med sjølvstendet og uavhengigheita til dei politiske partia.

Kapittel 5 i partilova gir Partilovnemnda (PLN) myndigheit til å kontrollere at partia overheld forskrifta om finansiering i lova. Ved brot på forskrifta kan nemnda avkorte stønaden heilt eller delvis for eitt år av gongen. Dei administrative oppgåvene med partilova blir forvalta av Kommunal- og distriktsdepartementet og Statsforvalteren i Vestland (SFVL). Statistisk sentralbyrå (SSB) samlar inn, behandlar og offentleggjer informasjon om partia sine finansielle forhold. Partilovnemnda har det overordna myndighetsansvaret for enkeltsaker etter lova.

Rapport

Partilovnemnda heldt i 2022 fram med ei streng handheving av partia si plikt til å rapportere inn økonomien sin. 82 partiledde som ikkje rappor-

terte, mista partistøtta i 2023. I tillegg fekk 47 partiledde formell åtvaring for brot på rapportfristen. Fire parti fekk vedtak om avkorting for brot på revisjonsplikta. På oppdrag frå nemnda kontrollerte Partirevisjonsutvalet 35 tilfeldig utvalde parti og partiledde i mellomvalår. På grunnlag av rapporten fatta Partilovnemnda våren 2023 fire vedtak om avkorting i partistøtta og seks vedtak om formell åtvaring. Per august 2023 har nemnda fatta sju vedtak om formell åtvaring og tre vedtak om avkorting i støtta for brot på den lovbestemde fristen for å rapportere bidrag i valår.

Skjemaet for innrapportering for rekneskapsåret 2022 vart gjort tilgjengeleg av SSB den 28. mars 2023. I alt vart 3 024 partiledde pålagt plikt om å rapportere. Dette er 95 fleire partiledde enn året før. Årsaka til auken er at det er fleire av dei nye registrerte partia som for første gong stiller til val i kommunar og fylke ved valet i september 2023.

Ved fristen for innrapportering 1. juni 2023 hadde 2 902 partiledde rapportert, noko som svarer til 96 pst. av alle partiledde som er omfatta av partilova.

Departementet lanserte IKT-prosjektet «Partiregnskap» i 2022. Systemet skal gjere det enklare og meir effektivt for parti og partiledde å oppfylle pliktane etter partilova. Rekneskapsystemet er utvikla av Statsforvaltarens fellestenester (STAF) i samråd med utvalde parti og myndigheiter. Systemet er gratis og frivillig å bruke. SFVL og STAF har halde digitale kurs om bruken av systemet både i 2022 og 2023. «Partiregnskap» vart utvikla vidare i 2022 slik at det frå og med 1. januar 2023 kan nyttast til å registrere og rapportere bidrag i valår.

Departementet, Partilovnemnda, SSB og SFVL gjennomførte i 2022 ein regional møterunde der tema mellom anna var rettigheter og plikter etter partilova. Alle parti og partiledde vart invitert til å delta. Det vart halde møte i Bergen, Trondheim, Tromsø og Oslo. Om lag 260 har følgd møtet eller sett opptaket.

Partiportalen.no har sidan 2013 vore eit viktig verktøy i administrasjonen av partilova. Om lag 3 000 parti og partiledde nyttar portalen til å søkje om statleg partistønad og rapportere om økonomien sin til SSB. Det er behov for å fornye portalen. Departementet setje i 2023 i gang eit forprosjekt med mål om å kartlegge partia og involverte myndigheiter sine ønske og behov i samband med ein ny portal. Departementet har dessutan bedt STAF i 2023 om å gjennomføre ein tenestedesignprosess i samsvar med Digitaliseringsrundskrivet.

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker mellom anna utgifter til drift av Partilovnemnda, Partirevisjonsutvalet, Partiportalen, SFVL, STAF og Partiregisteret som Brønnøysundregistra forvaltar. Finansieringa av SSBs oppgåver etter lova vart frå 2023 overført til SSB.

Det blir foreslått å løyve 7,9 mill. kroner.

Post 70 Sentrale organisasjonar

Løyvinga er øyremerkt registrerte politiske parti på nasjonalt nivå og blir delt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Departementet betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar stortingsvalperiode. Stemmestønad blir utbetalt som ein fast sats per stemme rekna ut på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande stortingsval. Grunnstønad utbetalt til partiets hovudorganisasjon dersom partiet fekk minst 2,5 pst. oppslutning på landsbasis eller vann minst eitt mandat ved føregåande stortingsval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 364,0 mill. kroner.

Post 71 Kommunale organisasjonar

Løyvinga er øyremerkt kommuneorganisasjonar under registrerte politiske parti og blir delt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Det er eit krav om at partiet må ha ein organisasjon i den respektive kommunen for å få stønad. SFVL betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar kommunestyrevalperiode.

Stemmestønad blir betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen er berekna på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande kommunestyreval. Grunnstønad blir løyvd til partia sine kommuneorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4 pst. oppslutning i kommunen

eller vann minst eitt mandat ved førre kommune- styreval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 39,2 mill. kroner

Post 73 Fylkesorganisasjonar

Løyvinga er øyremerkt fylkesorganisasjonar under registrerte politiske parti og blir delt slik at 90 pst. går til stemmestønad og 10 pst. til grunnstønad. Det er eit krav om at partiet må ha ein organisasjon i det respektive fylket for å få stønad. SFVL betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar fylkestingsvalperiode.

Stemmestønad blir betalt ut frå første stemme utan sperregrense. Satsen er berekna på grunnlag av den årlege løyvinga og resultatet frå føregåande fylkestingsval. Grunnstønad blir løyvd til partia sine fylkesorganisasjonar dersom partiet fekk minst 4 pst. oppslutning i fylket eller vann minst eitt mandat ved førre fylkestingsval. Grunnstønaden blir delt likt mellom desse partia.

Det blir foreslått å løyve 85,7 mill. kroner.

Post 75 Fylkesungdomsorganisasjonar

Løyvinga går til parti med fylkesungdomsorganisasjon og blir betalt ut i samsvar med talet på stemmer som morpartiet fekk ved føregåande fylkestingsval. SFVL betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar fylkestingsvalperiode.

Det blir foreslått å løyve 31,0 mill. kroner.

Post 76 Sentrale ungdomsorganisasjonar

Løyvinga går til parti med sentral ungdomsorganisasjon og blir betalt ut i samsvar med talet på stemmer som morpartiet fekk ved føregåande stortingsval. Departementet betaler ut tilskotet på grunnlag av søknad for kvar stortingsvalperiode.

Det blir foreslått å løyve 12,3 mill. kroner.

Kap. 578 Valdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	50 992	114 918	61 265
70	Informasjonstiltak		5 665	
	Sum kap. 578	50 992	120 583	61 265

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Valdirektoratet. Direktoratet har det operative ansvaret for valg gjennomføring på statleg nivå. Direktoratet er lokalisert i Tønsberg og hadde 30 avtalte årsverk i 2022.

Aktivitetane i 2022 og 2023 var i stor grad retta mot tilrettelegging og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet hausten 2023.

Direktoratet har arbeidd for sikkerheit og beredskap i alle fasar av valg gjennomføringa. Rettleiinga og opplæringa til valet er no fulldigital. Valkonferansen vart gjennomført både digitalt og fysisk på seks stader i landet. Direktoratet har utvikla ei digital løysing for innsamling av underskrifter på listeforslag og styrkt digital rettleiing til kommunane og fylkeskommunane. Valmedarbeidarportalen er nyutvikla og nettstaden valg.no er fornya. Direktoratet har òg produsert og sendt ut materiell til valet og gitt informasjon til veljarane.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Direktoratet sine hovudaktivitetar i 2024 vil vere retta mot tilrettelegging for ein korrekt og sikker

gjennomføring av stortingsvalet i 2025, og forvaltning og vidareutvikling av det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA.

Det blir foreslått å løyve 61,3 mill. kroner. Reduksjonen frå 2023 er i hovudsak ei følge av at det ikkje skal gjennomførast val i 2024.

Post 70 Informasjonstiltak

Tilskotsordninga skal bidra til å auke dei stemmeføre sin kunnskap om valet og/eller auke valdeltakinga.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023 fordelte Valdirektoratet tilskot på til saman 5,7 mill. kroner. Totalt 15 organisasjonar og andre aktørar vart tildelt tilskot. Tiltaka som har fått støtte er mellom anna valinformasjon til menneske med funksjonsnedsetting, informasjonsfilmar og radioinnslag for innsette i norske fengsel, kampanjar retta mot ungdom på sosiale medium og informasjonstiltak retta mot kvinner og unge jenter med minoritetsbakgrunn.

Sidan det ikkje er val i 2024 blir det ikkje fremja budsjettforslag.

Kap. 5616 Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
85	Aksjeutbytte	646 000	652 000	660 000
	Sum kap. 5616	646 000	652 000	660 000

Post 85 Aksjeutbytte

Kommunalbanken er eit heileigd statleg aksjeselskap. Mål og grunngeving for staten sin eigarskap er uttrykt i Meld. St. 6 (2022–203) Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap. Av dei generelle grunngevingane for statleg eigarskap tilhøyrar Kommunalbanken kategorien «Tilrettelegging for berekraftig omstilling og auka verdiskaping».

Staten eig Kommunalbanken for å tilby stabil, langsiktig og effektiv finansiering til kommunesektoren. Staten sitt mål som eigar er høgast mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige ramar.

Kommunalbanken har ei klar grunngeving, som eit verkemiddel for å tilby finansiering av kommunesektoren. Andre nordiske og vest-europeiske land har liknande, offentleg eigde kredittinstitusjonar som har til oppgåve å finansiere kommunale investeringar. Grunngevinga for desse institusjonane er at god offentleg kredittverdighet bidrar til å senke kommunane sine kapitalkostnader.

Kommunalbanken gir lån til kommunar, fylkeskommunar, kommunale føretak, interkommunale selskap og andre selskap som utfører kommunale oppgåver, enten mot kommunal garanti, statleg garanti eller anna sikkerheit. Kommunalbanken opererer i marknaden for utlån til kommunesektoren i konkurranse med mellom anna KLP og investorar i kapitalmarknaden. Kommunalbanken har ein marknadsdel på om lag 50 pst.

Kommunale investeringar er kjenneteikna av eit langsiktig tidsperspektiv. Kommunalbanken tilbyr i hovudsak langsiktige, avdragsbaserte lån med løpetider som speglar den forventa levetida til investeringane, gjerne opp til 40 år.

Over tid har kommunesektoren auka delen lån i kapitalmarknaden. Dette er i hovudsak avdragsfrie lån i obligasjons- og sertifikatmarknaden med kortare løpetid, frå nokre få månader opp til 5 år. Det er i særleg grad større kommunar og fylkeskommunar som bruker kapitalmarknaden. Små og mellomstore kommunar baserer seg i større

grad på opptak av langsiktige, avdragsbaserte lån. Finansiering frå Kommunalbanken er særleg viktig for sistnemnde kommunar, som ikkje er forventa å ha same kapasitet og kompetanse som større kommunar og fylkeskommunar til å nytte andre finansieringskjelder.

For nærare informasjon om verksemda i Kommunalbanken, sjå årsrapporten til selskapet og Statens eigarrapport for 2022.

For perioden 2022–2024 er avkastningskravet for Kommunalbanken 5,5 pst. av verdijustert eigenkapital. Avkastningskravet er definert som den forventa avkastninga staten kunne ha oppnådd ved ei alternativ plassering med tilsvarende risiko. Kravet er stilt i forhold til den avkastninga selskapet har på eigenkapitalen etter skatt.

Budsjettforslag 2024

Frå og med rekneskapsåret 2023 har staten ei langsiktig utbytteforventning for Kommunalbanken på om lag 55 pst. av kjernerresultatet etter skatt, gitt tilfredsstillande kapitaldekning. Langsiktig utbytteforventning gjeld for dei neste 4–5 åra.

Fram til 2022 vart utbytte basert på ein fast del av verdijustert eigenkapital. Ny langsiktig utbytteforventning basert på ein del av kjernerresultatet og tilfredsstillande kapitaldekning, samsvarar betre med staten sine prinsipp for god eigarstyring. Over tid er det anslått at ny utbytteforventning vil gi om lag uendra utbytte samanlikna med tidlegare utbytteforventning.

Aksjeutbytte for rekneskapsåret 2023 blir løyvd på statsbudsjettet for 2024. Utbytte er anslått til 660 mill. kroner. Årsrekneskap for 2023 og annan vesentleg informasjon om den aktuelle situasjonen for selskapet vil inngå i vurderingane til styre og eigar av storleiken på utbytte. Denne informasjonen er i stor grad ikkje kjent på noverande tidspunkt. Det er derfor stor usikkerheit knytt til utbytteanslaget. Oppdatert anslag blir lagt fram i samband med revidert budsjett for 2024.

Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg

Utgifter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
581	Bustad- og bumiljøtiltak	4 940 751	4 360 230	4 112 575	-5,7
585	Husleigetvistutvalet	37 082	37 754	40 150	6,3
587	Direktoratet for byggkvalitet	150 978	150 032	164 078	9,4
2412	Husbanken	20 810 045	21 270 799	23 391 339	10,0
	Sum kategori 13.80	25 938 856	25 818 815	27 708 142	7,3

Inntekter under programkategori 13.80 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3585	Husleigetvistutvalet	2 692	2 736	3 271	19,6
3587	Direktoratet for byggkvalitet	37 397	34 990	42 820	22,4
5312	Husbanken	14 454 558	13 993 700	14 732 542	5,3
5615	Husbanken	2 014 222	5 244 000	5 581 000	6,4
	Sum kategori 13.80	16 508 869	19 275 426	20 359 633	5,6

Innleiing

Det er kommunane som set i verk bustad- og bygningspolitikken lokalt, medan det i hovudsak er private som bygger, utbetrar og finansierer bustad- og bygningsmassen. Staten sørgjer for gode rammer for bustad- og bygningssektoren gjennom å utvikle og forvalte regelverk, økonomiske ordningar og kunnskap.

Kommunal- og distriktsdepartementet skal bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Departementet har ansvaret for regelverk og andre verkemiddel som skal fremje god byggkvalitet og effektive prosessar i byggesaker.

Departementet har òg ansvaret for plan- og bygningslova. Plandelen av lova er omtalt under programkategori 13.90. I tillegg har departementet ansvar for å sikre balansert regulering av rettar og plikter ved leige av bustad og blant bustadeigarar, inkludert bustadbyggjelagslova, burettslagslova, eigarseksjonslova og husleigelova.

Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider med fleire departement for å sikre ein heilskapleg bustad- og bygningspolitikk. Departementet har tre underliggende verksemdar som er faginstansar på sine område: Husbanken, Direktoratet for byggkvalitet og Husleigetvistutvalet.

Husbanken skal førebygge at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, og bidra til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna

bustad. Husbanken set i verk regjeringa sin bustadsosiale politikk gjennom økonomiske verkemiddel som bustøtte, tilskot og lån. Husbanken støttar opp om kommunane sitt bustadsosiale arbeid, og legg til rette for kunnskapsutvikling og kompetanseoverføring til kommunar, frivillig sektor, byggsektoren og andre. I tillegg forvaltar Husbanken ordningar for andre departement. I Nordland, Vestland og Rogaland har statsforvaltarane mellombels (fram til hausten 2024) tatt over ansvaret for rettleiing av kommunane i desse fylka på det bustadsosiale området. Husbanken sitt distriktsretta arbeid skal stimulere til auka tilgang på eigna bustader i kommunar på sentralitetsnivå 5 og 6 i sentralitetsindeksen til Statistisk sentralbyrå. Husbanken skal òg stimulere til tilgjengelege og miljøvenlege bustader og bumiljø.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) skal bidra til at det blir bygd sikre, miljøvenlege og tilgjengelege bustader og bygg på ein effektiv måte, og at krava til byggverk blir følgd. Direktoratet er eit nasjonalt kompetansesenter på bygningsområdet. DiBK er tilsynsmyndigheit for byggevaremarknaden og har ansvar for Sentral godkjenning for ansvarsrett, som er ei frivillig ordning der byggefirma kan få førehandsvurdert kvalifikasjonane sine. Direktoratet sitt arbeid med informasjon og rettleiing er retta mot kommunane, aktørane i byggeprosessen, byggevaremarknaden og publikum. DiBK skal ha innsikt i korleis regelverket verkar, og svarer på spørsmål om byggesaksforskrifta (SAK), byggteknisk forskrift (TEK) og omsetnad av byggevarer (DOK). DiBK skal gi faglege råd om utvikling av regelverket for å vareta forsvarleg byggkvalitet, og har ansvar for større utgreiingsoppdrag mellom anna om naturfarar, klimavenleg byggeverksemd og energieffektive bygg. DiBK arbeider òg med digitalisering av byggreglar og plan- og byggesaksprosessar.

Husleigetvistutvalet (HTU) skal bidra til ein velfungerande leigemarknad ved å styrkje rettstryggleiken til leigetakarane og utleigarane. HTU er eit tvisteløysingsorgan som kan behandle alle typar tvistar om leige av bustad etter husleigelovene. HTU gir òg informasjon og rettleiing om husleigelovene, og svarer på spørsmål frå leigetakarar og utleigarar om ulike sider ved utleige og leige av bustad.

Mål for programkategorien

1. Tilgang på eigna bustader i heile landet
2. Sikre bygg og berekraftig byggeverksemd
3. Effektive og digitale byggeprosessar

Mål 1 Tilgang på eigna bustader i heile landet

Alle skal bu trygt og godt. Regjeringa vil at det skal vere tilgang på eigna bustader i heile landet. Det betyr at bustadmarknadene må fungere, både for kjøp og leige, og den enkelte skal ha tilgang til ein bustad som eignar seg.

Regjeringa vil at fleire skal få moglegheit til å eige sin eigen bustad. Regjeringa har mellom anna sendt på høyring forslag til endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova, som skal legge betre til rette for bustadkjøpsmodellane deleige og leige til eige, samstundes som at omsynet til forbrukarane blir varetatt.

Leigemarknaden er ein viktig del av den norske bustadmarknaden og avgjerande for at bustadmarknaden i heilskap skal fungere. Regjeringa vil legge til rette for gode og trygge leigebustader. Regjeringa har mellom anna sett ned eit utval som skal gå gjennom husleigelova. Regjeringa har òg starta arbeidet med eit leigeløft saman med aktørar på leigemarknaden for å samarbeide om gode løysingar, og lansert ei nettside som samlar informasjon om å leige ut ein bustad (boligdugnaden.no).

Den sosiale bustadpolitikken skal førebygge at folk får bustadproblem, og gi hjelp til dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Barn og unge skal ha gode og stabile buforhold, ingen skal måtte vere bustadlaus, og personar med funksjonsnedsettingar skal på lik linje med andre kunne velje kor og korleis dei skal bu. Bustøtte og startlån er staten sine viktigaste økonomiske bustadsosiale verkemiddel.

Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i alle kommunar. Regjeringa vil legge til rette for auka bustadbygging i distrikta. Det skal òg bli utvikla butilbod som er lagt til rette for eldre. Eldre skal få bu i sin eigen bustad så lenge som mogleg, dersom dei kan og vil, og regjeringa vil i 2024 setje i gang eit eldrebustadprogram.

Regjeringa vil legge fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil mellom anna ta for seg leige- og eigemarknadene, arbeidet for spesielt sårbare grupper og innsats for å skape gode og varierte bustadmiljø. Meldinga vil sjå på kommunane si rolle i bustadpolitikken og Husbanken si rolle med å støtte opp om kommunane. Regjeringa tar sikte på å legge fram meldinga våren 2024.

Sjå nærare omtale av løyvingar som støttar opp under mål 1 under kap. 581 og kap. 2412.

Mål 2 Sikre bygg og berekraftig byggeverksemd

Regjeringa vil at bustader og bygg skal vere sikre og berekraftige. Byggereglane gjeld først og fremst ved nybygging. Folk skal vere trygge på at det blir bygd på trygg grunn, og at nye bustader og bygg er brann- og konstruksjonssikre. Regjeringa vil greie ut forbetringar i reglane for kontroll og tilsyn i byggesaker, og vurdere krava til kompetanse hos aktørar som skal utføre oppgåver i eit byggeprosjekt.

Byggereglane må vere tilpassa dei ulike lokalsamfunna som er utsette for fjellskred, flodbølger og flaum. Regjeringa har allereie fjerna unødvendige restriksjonar i byggereglane som gjer det mogleg å bygge i område som er utsette for primærverknader av fjellskred, og i område der fjellparti har periodisk overvaking. Regjeringa vil utvikle regelverket vidare, slik at lokal samfunnsutvikling framleis skal vere mogleg i slike område, utan at det går utover sikkerheita.

Berekraftig byggeverksemd handlar òg om å redusere klimaavtrykket. Byggenæringa har eit stort potensial for å kutte utslepp, mellom anna ved å bruke klimavenlege materialar og ombruk av byggevarer. Eit viktig tiltak for å få ned utsleppa frå bygg, er å rive mindre og bruke eksisterande bygningar lenger.

Kvart år blir samfunnet utsett for store skadar på grunn av overvatn. Våtare og villare vêt, sentralisering og fortetting kan auke problema. Regjeringa vil at overvatn skal vere ein ressurs, og ikkje berre eit problem. Endringar i plan- og bygningslova som gir kommunane betre verkemiddel for tiltak mot overvatn trer i kraft 1. januar 2024.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 2 under kap. 581, kap. 587 og kap. 2412.

Mål 3 Effektive og digitale byggeprosessar

Regjeringa vil legge til rette for eit enklare og meir forståeleg regelverk for plan- og bygningslova, med tilhøyrande forskrifter, som kan bidra til å redusere byggefeil, auke produktiviteten i næringa og avgrense bruken av ressursar i kommunane. Rettleiing og informasjon gjennom digitale sjølvbeteningsløysingar, vil bidra til betre etterleving av eit komplekst regelverk, og fremje bygging utover minstekravet i regelverket. Regjeringa vil fortsette arbeidet med å digitalisere byggesaksprosessar og byggereglar, for å legge til rette for meir effektive byggeprosessar og enklare etterleving av regelverket.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støttar opp under mål 3 under kap. 587.

Berekraftsmåla

Bustad- og bygningspolitikken støttar opp om fleire av berekraftsmåla. Berekraftsmål 11 handlar om å gjere byar og lokalsamfunn trygge, robuste og berekraftige, og delmål 11.1 går ut på å sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader til ein overkommeleg pris. Startlån frå Husbanken gjer at fleire kan kjøpe ein eigna bustad, og lån til utleigebustader frå Husbanken bidrar til fleire eigna utleigebustader. Husleigetvistutvalet bidrar til ein tryggare og meir velfungerande leigemarknad i heile landet gjennom informasjon og rettleiing om rettar og plikter til leigetakarar og utleigarar. Regjeringa er opptatt av at det skal vere tilgang på eigna bustader i heile landet, og Husbanken har ein innsats for bustadutvikling i distriktskommunar. Husbanken skal òg medverke til å skaffe fleire eigna bustader til eldre, og har personar med nedsett funksjonsevne og utviklingshemming som ei prioritert målgruppe.

Startlån bidrar òg til å nå mål 1 om å utrydde fattigdom og mål 10 om å redusere ulikskapen i samfunnet. Bustøtta, som skal sikre husstandar med låge inntekter og høge buutgifter ein eigna bustad, er særskild viktig for å nå mål 10.

Berekraftsmål 13 handlar om å stoppe klimaendringar. Regjeringa har innført krav om klimagassrekneskap ved bygging av større bygg, og invitert bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa til dialog om klimapartnerskapsavtale. Å fremje berekraftig byggeverksemd er ei prioritert oppgåve for Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). I tillegg gir Husbanken lån til å oppgradere bustader og bygge miljøvenlege bustader. Endringar i plan- og bygningslova, som gir kommunane betre verkemiddel for tiltak mot overvatn, er døme på tiltak for å styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar. DiBK sitt arbeid bidrar òg til å nå mål 9, som handlar om berekraftig industrialisering og innovasjon, og mål 12, som handlar om ansvarleg forbruk og produksjon for å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.

Husbanken bidrar til mål 17, som handlar om å stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunnet gjennom sitt samarbeid med mellom anna kommunar, brukar- og interesseorganisasjonar, bustadbyggelag, utbyggarar og andre velferdsdirektorat. Det tverrsektorielle sam-

arbeidet på direktoratsnivå sikrar at kommunane får god informasjon og opplæring på det bustadso-
siale feltet. Samarbeidet gjeld mellom anna innsat-

sen retta mot ulike utsette grupper på bustadmark-
naden.

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
60	Energitiltak i utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheim		160 000	
70	Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	4 671 690	4 065 246	3 895 246
76	Utleigebustader og forsøk med nye bustad- modeller, <i>kan overførast</i>	219 937	87 278	162 720
78	Bustadtiltak, <i>kan overførast</i>	7 089	15 338	26 799
79	Heis og tilstandsvurdering, <i>kan overførast</i>	42 035	32 368	27 810
	Sum kap. 581	4 940 751	4 360 230	4 112 575

Post 60 Energitiltak i utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheim

Mål for ordninga

Tilskotet skal bidra til energioppgradering av kommunalt eigde utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. Tilskotet skal gå til tiltak som reduserer energibehovet i bustadene. Ordninga støttar opp om mål 1 Tilgang på eigna bustader i heile landet.

Rapport

Posten var ny i 2023. I 2023 vart det løyva 160 mill. kroner i saldert budsjett og 103,7 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett, til saman 263,7 mill. kroner.

I første halvår 2023 har Husbanken gitt tilsegn om tilskot for 237,9 mill. kroner til 202 prosjekt. Mellom anna har Kongsberg kommune ei satsing på solceller på kommunen sine sjukeheimar, og har fått tilsegn om tilskot til åtte prosjekt. Senja kommune har fått tilsegn om tilskot til ulike ener-
gitiltak i kommunen sine utleigebustader, mellom anna til etterisolering og utskifting av vindauge.

Budsjettforslag for 2024

Frå 2024 blir det foreslått at tilskotet blir gitt frå Olje- og energidepartementet jf. omtale under kap. 1825, post 60 under Olje- og energidepartementet.

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Mål for ordninga

Bustøtta skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Ordninga støttar opp om mål 1 Tilgang på eigna bustader i heile landet.

Kriterium for måloppnåing

Departementet vurderer måloppnåinga for ordninga med utgangspunkt i buutgiftsbelastinga, det vil seie forholdet mellom buutgifter og inntekter for mottakarane, og korleis bustøtta endrar denne. Tala blir samanlikna med gjennomsnittstal for heile Noreg.

Tildelingskriterium

Bustøtte er ein behovsprøvd rett for alle personar over 18 år, med unntak av dei fleste studentar og militære tenesteplyktige. Bustaden må ha eigen inngang, høve til kvile og matlaging, og eige bad og toalett. Kommunen kan gjere visse unntak frå dette av helse- eller omsorgsfaglege grunnar. Husbanken reknar ut støtta ut frå buutgiftene til husstanden opp til ei øvre grense, og ein eigendel som avheng av dei samla skattepliktige inntektene til alle medlemar i husstanden. Inntekt og formue til barn under 18 år tel ikkje med i berekninga. Tildelingskriterium og reglar for berekninga er gitt i lov og forskrift.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar ordninga i samarbeid med kommunane. Støtta blir behovsprøvd mot månadleg brutto inntekt, mellom anna det som er registrert i a-ordninga, der arbeidsgivar rapporterer om inntekt og tilsette. I etterkant blir inntekta kontrollert mot skatteoppgjeret. Er det vesentlege feil i utbetalingane, blir forskjellen enten etterbetalt eller kravd tilbake.

Rapport

I 2022 vart det utbetalt 4 671,7 mill. kroner i bustøtte. Av dette var 3 193,3 mill. kroner ordinære vedtak, 65,2 mill. kroner resultat av klager, etterbehandlingar og etterkontroll, og 1 413,2 mill. kroner var ekstraordinære utbetalingar i periodane januar–juni og november–desember på grunn av høge straumprisar. Tabellen under viser nøkkeltal for 2021 og 2022.

	2021	2022 ¹
Utbetalt bustøtte (mill. kroner)	3 294	4 672
Tal på mottakarar (husstandar) i løpet av året	116 300	138 100
Gjennomsnittleg tal på mottakarar (husstandar) per månad	79 100	93 400
Gjennomsnittleg månadleg utbetalt bustøtte per husstand (kroner)	2 863	2 850
Gjennomsnittleg månadleg utbetalt bustøtte per husstand (kroner) som for eit heilt år utgjør	34 356	34 200

¹ Mellombelse auka satsar som følgje av høge straumprisar, og inkludert ekstra utbetalingar til mottakarane etter eigne stortingsvedtak

Ei årsak til forskjellane mellom tala for 2021 og 2022 er dei mellombelse reglane som har gjeldt i heile 2022. Reglane har gitt høgare inntektsgrenser slik at fleire enn normalt får bustøtte. Snittutbetalinga er med dette lågare, fordi mange av dei nye som har kome til, har høgare inntekt enn dei som til vanleg har rett på bustøtte.

Buutgiftsbelasting

I følgje SSB høyrde ein av fem nordmenn til ein husstand med høg buutgiftsbelasting i 2022. Det vil seie at buutgiftene utgjorde minst 25 pst. av inntektene etter skatt.

Tabellen nedanfor viser forskjell i buutgiftsbelasting før og etter bustøtte i 2021 og 2022.

I 2022 hadde bustøttmottakarane buutgifter som utgjorde i gjennomsnitt 57 pst. av inntektene før skatt. Det er 12 prosentpoeng lågare enn i 2021. Med bustøtta i tillegg til andre inntekter, utgjorde buutgiftene 49 pst. av dei samla inntektene før skatt i 2022 og 57 pst. i 2021. I gjennomsnitt var effekten av bustøtta på buutgiftsbelastinga litt lågare i 2022 enn i 2021. Det er fordi dei mellombelse reglane for å få bustøtte førte til at mange fleire husstandar enn vanleg fekk ytinga, der dei fleste av desse hadde noko høgare inntekt enn andre mottakarar og derfor i snitt fekk mindre utbetalt.

	Gjennomsnittlege buutgifter	Gjennomsnittleg bruttoinntekt	Buutgiftsbelasting utan bustøtte	Buutgiftsbelasting med bustøtte
2021	8 784	12 567	69 %	57 %
2022	9 135	15 961	57 %	49 %

Ekstra utbetalingar på grunn av høge straumprisar

Bustøttmottakarane fekk ekstra utbetalingar som hjelp til å dekke høge straumrekningar i januar til og med juni, og i november og desember

2022, og i januar til og med mai 2023. Det er òg vedtatt å gjere slike utbetalingar i november og desember 2023 og januar 2024. I alt er det anslått at utbetalingane i 2023 vil utgjere 1 165 mill. kroner.

Mellombels regelverk

I samband med vedtaka om ekstrautbetalingar til bustøttemottakarane som følgje av høge straumprisar vinteren 2021–2022, vart det òg vedtatt mellombelse endringar i bustøtteregelverket, for å gi fleire husstandar tilgang til bustøtta og ekstrautbetalingane. Endringane inneber lågare eigendel og høgare inntektsgrenser. Dei vart innført 1. desember 2021, jf. Innst. 102 L (2021–2022) og har fleire gongar blitt forlenga.

Kompensasjon for auka trygdeytningar

I budsjettet for 2023 vart minste alderspensjon, særskild sats for einslege, auka med 4 000 kroner, frå og med mars. For at dette ikkje skulle føre til redusert bustøtte, vart berekningssatsane for bustøtte til einslege alderspensjonistar endra frå 1. mars, og etterbetalingar av alderspensjon for einslege vart ikkje rekna med i mars 2023.

Barnetillegga til dagpengar, arbeidsavklaringspengar og kvalifiseringsstønad vart òg auka. For at ikkje dette heller skulle føre til redusert bustøtte, vart bustøtta for barnefamiliar styrka. Frå 1. februar fekk barnefamiliar noko gunstigare berekningsreglar.

Grunnbeløpet i folketrygda, G, blir regulert opp 1. mai, og auken for mai blir i mange tilfelle etterbetalt saman med ytinga for juni. For at brukarane ikkje skulle tape bustøtte på grunn av dette, fekk Husbanken instruks om å sjå bort frå etterbetalingane frå NAV som kom i juni 2023 og gjaldt mai 2023.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Ekspertgruppa som vart sett ned i 2020 for å gjennomgå bustøtta, leverte sin rapport i mai 2022. Gruppa etterlyser mellom anna ei forankring av regelverkssatsane i underliggende prinsipp og tilgjengeleg statistikk. Vidare peiker dei på at bustøtteordninga kan virke meir komplisert enn nødvendig. Departementet arbeider vidare med å følgje opp rapporten til ekspertgruppa.

I januar 2024 er det venta at om lag 112 000 husstandar vil få til saman om lag 303 mill. kroner i bustøtte for desember 2023, som følgje av mellombelse reglar som vart vedtatt i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. I tillegg vil husstandane få ei ekstrautbetaling på grunn av høge straumprisar, som er venta å bli på i alt 177 mill. kroner.

Statnett forventar at straumprisane vil bli lågare i 2024 enn i 2022, men at dei historisk sett

framleis vil vere på eit høgt nivå. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre dei mellombelse reglane til og med mars 2024. I tillegg foreslår regjeringa at bustøttemottakarane får ekstra utbetalingar på 1 000 kroner per husstand, pluss 150 kroner per person utover første husstandsmedlem, for januar, februar og mars 2024. Dette medfører ein auke i løyvinga på 498 mill. kroner. Dei mellombelse reglane inneber høgare inntektsgrenser og dermed vesentleg fleire mottakarar enn med det ordinære regelverket. Frå april 2024 er det venta færre mottakarar i ordninga. Etter at dei mellombelse reglane er borte, vil i gjennomsnitt 85 500 husstandar få bustøtte kvar månad.

I løpet av 2024 er det vidare venta at om lag 25 mill. kroner vil gå til utbetalingar som følgje av klager, etterbehandlingar og etterkontroll.

Det blir foreslått ei samla løyving på 3 895,2 mill. kroner.

Post 76 Utleigebustader og forsøk med nye bustadmodeller, kan overførast*Mål for ordninga*

Løyvinga dekker tilskot til utleigebustader og forsøk med nye bustadmodellar. Sjå Prop. 1 S (2021–2022) for nærare omtale av ordninga.

Rapport

I 2022 gav Husbanken tilsegn om tilskot til utleigebustader for 154 mill. kroner til 176 utleigebustader. Gjennomsnittleg tilskot per utleigebustad var 875 000 kroner. Dette er 58 000 kroner meir enn i 2021, og heng saman med at det i 2022 var ein auke i talet på større bustader som vart finansierte med tilskot.

Av bustadene som vart finansierte med tilskot til utleigebustader i 2022, var 63 pst. større enn 65 kvadratmeter, mot 53 pst. i 2021. Dette bidrog til fleire eigna bustader til barnefamiliar. Vidare gav Husbanken tilsegn om tilskot for 9,8 mill. kroner til 18 bustader som er tilrettelagde for personar med rusavhengigheit og psykiske lidningar. Det var ein nedgang frå 2021, då det vart gitt tilskot til 30 slike bustader.

I samband med statsbudsjettet for 2023 vart ordninga avvikla. I første halvdel av 2023 vart det derfor ikkje gitt tilsegn om tilskot til utleigebustader.

For å bidra til rask busetting av flyktingar vart det vedtatt mellombels å gjeninnføre tilskot til utleigebustader i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Det vart vedtatt ei tilsegnsramme på 400 mill. kroner, og samstundes opna

opp for at Husbanken kan gi tilskot til istandsetting av utleigebustader.

Budsjettforslag for 2024

Ordninga er budsjettert med tilsegnssramme, tilsegnssfullmakt og løyving. Det blir foreslått å løyve 162,7 mill. kroner, ein auke på 75,4 mill. kroner som følgje av at ordninga vart mellombels gjeninnført i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Det blir foreslått ei tilsegnssfullmakt på 77,2 mill. kroner jf. forslag til romartalsvedtak. Heile løyvinga og tilsegnssfullmakta er knytt til tilskot som det er gitt tilsegn om i 2023 og tidlegare.

Post 78 Bustadtiltak, kan overførast

Posten omfattar tilskot til bustadsosiale tiltak, tilskot til bustadtiltak i distrikta og tilskot til leigebuarorganisasjonar.

Mål for ordningane

Ordningane skal legge til rette for fleire eigna bustader i heile landet gjennom testing av nye bustadtiltak og stimulere til kunnskapsutvikling, nytenking og innovasjon, og støtte opp under arbeid som varetar leigetakarar på bustadmarknaden. Tilskota støttar opp om mål 1 Tilgang på eigna bustader i heile landet.

Kriterium for måloppnåing

Bustadsosiale tiltak: Utvikling av nye metodar, konsept og løysingar for bustadsosialt arbeid i heile landet.

Bustadtiltak i distrikta: Utvikling av nye samarbeidsformer og forsøk med nye bustadkonsept og verkemiddel som bidrar til auka tilgang på eigna bustader i distriktskommunar.

Leigetakarar sine interesser: Talet på medlemar i leigetakarorganisasjonar som varetar leigetakarane sine interesser.

Tildelingskriterium

For bustadsosiale tiltak kan frivillige og private aktørar, forskings- og utdanningsinstitusjonar og kommunar i heile landet søkje om tilskot.

For bustadtiltak i distriktskommunar, kan berre kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6 i sentralitetsindeksen til Statistisk sentralbyrå søkje om tilskot.

For tilskot til leigebuarorganisasjonar kan slike organisasjonar søkje om tilskot til drift.

Husbanken avgjer søknader etter vilkår som er fastsett i forskrift. Prosjekt som bidrar til nytenking, og har stor overføringsverdi til andre prosjekt skal bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar tilskotet. Husbanken skal samarbeide med Distriktsenteret om tildeling av tilskot som er retta mot distrikta. Etatane skal òg dokumentere læringsverdien av prosjekta og formidle og dele ny kunnskap. Tilskotsmottakarane skal utarbeide rapportar om resultat, prosess og metode. Rapportane blir publiserte på nettsidene til Husbanken.

Rapport

I 2022 omfatta posten tilskot til bustadsosiale tiltak og tilskot til leigebuarorganisasjonar. Det vart gitt tilsegn om tilskot til bustadsosiale tiltak for 13 mill. kroner i 2022. Husbanken har prioritert tiltak som bidrar til å auke kunnskapen om leigetakarar og å styrkje deira rettstryggleik. Utover dette fekk mellom anna NORCE støtte til å utvikle ein modell som kommunane kan bruke i arbeidet sitt med å planlegge bustadtilbodet for eldre. Oslo kommune fekk støtte til å utvikle nye bustad- og finansieringsløysingar for bustadlause med rusproblem. Dyrøy kommune fekk støtte til å utvikle ein bustadportal med skreddarsydde verkemiddelpakker for vanskelegstilte i bustadmarknaden. Det vart òg gitt tilsegn om tilskot til ni masterstipend. Masteroppgåvene handla mellom anna om bruk av kunstig intelligens for å effektivisere byggeprosessar, alternative bustadmodellar og bustadutvikling i distriktskommunar.

I første halvår 2023 har Husbanken gitt tilsegn om tilskot for 12,2 mill. kroner til 17 bustadsosiale prosjekt og 10 masteroppgåver. Bustadtiltak i distrikta var nytt i 2023-budsjettet. Det er gitt tilsegn om tilskot for 8,5 mill. kroner til 14 prosjekt til dette føremålet. Både i 2022 og i 2023 har Leieboerforeningen fått tilsegn om 1,5 mill. kroner i driftstilskot. Organisasjonen har ca. 5 000 medlemar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Tilskot til bustadtiltak har ein toårig utbetalingsprofil og blir budsjettert med løyving, tilsegnssramme og tilsegnssfullmakt. Om Husbanken får nok kvalifiserte søknader, skal minst 7 mill. kroner av tilsegnssramma gå til bustadsosiale tiltak og minst 21 mill. kroner til bustadtiltak i distrikta. Til-

skot til leigebuarorganisasjonar skal ikkje overstige 1,5 mill. kroner.

Behovet for løyving aukar med 6,4 mill. kroner som følgje av tidlegare justeringar i tilsegnsramma.

Regjeringa ønskjer å bidra til betre bustadpolitisk kompetanse og styrka utviklings- og innovasjonskapasitet i distriktskommunar slik at kommunane kan få auka tilgang til fleire eigna bustader for å handtere framtidige utfordringar, som mangel på arbeidskraft og ei aldrande befolkning. For å satse på bustadtiltak i distrikta blir det derfor foreslått å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner. Det vil gi ein auke i tilsegnsramma på 14,3 mill. kroner.

Samla blir det foreslått ei løyving på 26,8 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 26,3 mill. kroner jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnfullmakta gir ei tilsegnsramme på 37,5 mill. kroner i 2024.

Post 79 Heis og tilstandsvurdering, kan overførast

Mål for ordninga

Løyvinga går til prosjektering og installering av heis. Sjå Prop. 1 S (2021–2022) for nærare omtale av ordninga.

Kap. 585 Husleigetvistutvalet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	37 082	37 754	40 150
	Sum kap. 585	37 082	37 754	40 150

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn til tilsette, godtgjersle til utvalsmedlemar, husleige og andre faste driftsutgifter for Husleigetvistutvalet (HTU). HTU har kontor i Bergen, Trondheim og Oslo.

Rapport

I 2022 fekk HTU inn 3 169 saker, ein auke på om lag 55 pst. frå 2021 då talet på saker var 2 047. Saksinngangen har fortsett å auke, og i første halvdel av 2023 fekk HTU inn om lag 1 898 saker. Moglege forklaringar på auken i saksinngangen

Rapport

I 2022 gav Husbanken tilsegn om tilskot for 45 mill. kroner til etterinstallering av sju heisar i bygg med 452 bustader. Husbanken har prioritert søknader frå sameigar og burettslag kor ein stor del av bebruarane er over 60 år. Husbanken gav òg tilsegn om tilskot til prosjektering av ni heisar i bygg med 247 bustader. Vidare gav Husbanken tilsegn om tilskot for 8,5 mill. kroner til tilstandsvurdering av bygg med 8 288 bustader. Det er ein auke på 3,7 mill. kroner og 1 800 bustader frå 2021.

Ordninga vart avvikla i statsbudsjettet for 2023. Husbanken har derfor ikkje gitt tilsegn om tilskot til heis og tilstandsvurdering i 2023.

Budsjettforslag for 2024

Ordninga har hatt ein treårig utbetalingsprofil, og det vil vere utbetalingar av tilskot til heis i 2024 som er knytte til tilsegn som Husbanken gav i 2022. Det blir foreslått å løyve 27,8 mill. kroner.

er at verkeområdet til HTU vart utvida til heile landet med verknad frå 1. september 2021, samstundes som at etterspørselen i leigemarknaden er høg, leigeprisane har auka og det er mykje medie-merksemd rundt leigemarknaden.

HTU gjennomførte 260 meklingar og det vart inngått 217 forlik i 2022. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå saksbehandlingsgebyret var betalt til saken vart avslutta i HTU ved forlik eller vedtak, var på 76 dagar i 2022. Den interne saksbehandlingstida, frå saka var tilstrekkeleg opplyst til avgjerd låg føre, var 22 dagar i 2022.

I 2022 og første halvår av 2023 har hovudprioriteringa til HTU vore å halde saksbehandlings-

tida nede, oppretthalde kvaliteten i saksbehandlinga og gjere HTU sine tenester kjent over heile landet. I dette arbeidet har digitalisering av verksemda vore avgjerande, og HTU har fortsett den digitale utviklinga for å gjere saksbehandlinga og dialogen med brukarane enda betre.

HTU har gjennomført ulike informasjonstiltak for å gjere verksemda meir synleg. HTU erfarer at det er eit stort informasjonsbehov i leigemarknaden. Verksemda fekk totalt om lag 9 100 telefonførespurnader i 2022, og om lag 3 700 var generelle førespurnader. Det har vore auka pågang på nettsidene til HTU. I 2022 lanserte HTU ei ny publiseringsløyving på Lovdata, kor HTU sine vedtak er tilgjengelege utan kostnad for brukarane. Løyvinga gir alle moglegheit til lik tilgang på eit breitt utval av HTU sine avgjersler. Publiseringa omfattar per juli 2023 over 4 100 avgjersler tilbake til 2010.

Kap. 3585 Husleigetvistutvalet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Gebyr	2 692	2 736	3 271
	Sum kap. 3585	2 692	2 736	3 271

Post 01 Gebyr

Posten omfattar gebyrinntekter for behandling av klager i HTU. Det er forventa ein saksinngang på 4 100 saker i 2024. Saksbehandlingsgebyret er 0,2 gonger rettsgebyret når ei klage blir fremja av ein

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

HTU skal ha ei tvisteløysing med kort saksbehandlingstid, låge saksbehandlingskostnader og god kompetanse innanfor saksområdet òg i 2024. I tillegg skal HTU fortsette arbeidet med å gjere tvisteløysingstilbodet betre kjent i heile landet.

Saksinngangen til HTU er venta å fortsette å auke i 2024. Fleire sakar inneber ein auke i gebyrinntekter på kap. 3585, post 01 på 428 000 kroner. Det blir foreslått å auke driftsposten tilsvarende auken i gebyrinntektene.

Samla blir det foreslått å løyve 40,2 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3585, post 01, jf. forslag til romartalsvedtak.

leigetakar. Når ei klage blir fremja av ein utleigar, er gebyret lik rettsgebyret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 428 000 kroner som følgje av auka forventa saksinngang frå 2023, jf. kap. 585, post 01.

Det blir foreslått å løyve 3,3 mill. kroner.

Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	104 922	110 902	127 708
22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, <i>kan overførast</i>	46 056	39 130	36 370
	Sum kap. 587	150 978	150 032	164 078

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn, husleige og andre faste utgifter for Direktoratet for byggkvalitet (DiBK).

Direktoratet har kontor i Oslo og Gjøvik. Posten dekker òg drift av den sentrale godkjenningsordninga for føretak med ansvarsrett. Ordninga er sjølvfinansierande jf. kap. 3587, post 04.

Rapport

DiBK har i 2022 prioritert arbeidet med å utvikle bygningsregelverket, digitalisere regelverket, utvikle digital rettleiing, og formidle kunnskap retta mot byggenæringa, kommunane og privatpersonar.

Direktoratet fører marknadstilsyn med byggevarer for å sikre at produsentar, importørar og distributørar oppfyller krava til korrekt dokumentasjon av eigenskapane til produkta. I 2022 gjennomførte DiBK tilsyn med 344 ulike produkt, som var omsette av 96 aktørar.

Direktoratet førte tilsyn med føretaka som er med i ordninga for sentral godkjenning for ansvarsrett. I 2022 gjennomførte DiBK 672 dokumenttilsyn og 187 stadlege tilsyn.

Direktoratet er medlem av og sekretariat for samordningsrådet for digitalisering. I samordningsrådet samarbeider myndighetene og næringa for å legge til rette for effektive prosjekterings- og byggeprosessar, berekraftig forbruk og ombruk gjennom digitalisering. I 2022 starta fleire pilotprosjekt som utforskar samhandling gjennom og på tvers av etablerte verdikjeder.

For å redusere bruken av konsulentar og styrkje den interne kompetansen i DiBK, vart det i statsbudsjettet for 2023 omdisponert 7 mill. kroner frå kap. 587, post 22 til kap. 587, post 01. Midlane skal gå til å styrkje DiBK sin interne kompetanse på prosess- og prosjektleiing, utgreiingsoppdrag og regelverksutvikling.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

DiBK skal fremje berekraftig byggeverksemd. Det inneber mellom anna å stimulere næringa i ei meir sirkulær retning, til dømes gjennom ombruk av byggevarer og god flyt av digital produktinformasjon. DiBK skal vere ein pådrivar for digitalisering av regelverket og plan- og byggesaksprosessane, og foreslå forenklingar og utvikling av byggereglane.

Det blir foreslått å omdisponere ytterlegare 3 mill. kroner frå kap. 587, post 22 til kap. 587, post 01 for å vri ressursbruken frå bruk av konsulentar til interne ressursar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,8 mill. kroner, tilsvarende auken i gebyrinntektene på kap. 3587, post 04.

Samla blir det foreslått å løyve 127,7 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3587, post 04, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, kan overførast

Posten skal bidra til kunnskapsutvikling og formidling av informasjon om bygningspolitiske tema og finansierte utgreiingar og samhandlings- og kommunikasjonsaktivitetar.

Rapport

I 2022 heldt DiBK fram med utviklinga av tenesteplattforma Fellestenester Bygg som kontrollerer og sender inn byggesøknader til rett kommune. Godt over 50 pst. av alle profesjonelle søknader og 80 pst. av alle rammesøknader vart sende gjennom systemet i 2022. Om lag 75 pst. av kommunane har skaffa e-byggesak til saksbehandlinga si. Når stadig fleire brukar dei digitale søknadsverktøya, oppnår ein forenkling og effektivisering for bransjen, betre kvalitet i bygginga og meir likebehandling landet rundt.

DiBK har utvikla strategien «Byggeregler for fremtiden» som blir førande for direktoratet sitt arbeid med å vidareutvikle byggteknisk forskrift. Målet er at det skal bli enklare å forstå når eit krav gjeld, kva kravet inneber og når kravet er oppfylt. Arbeidet vil gi langsiktige gevinstar som bidrar til å nå målet om effektive og digitale byggeprosessar.

DiBK har utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag om klimagassutslepp frå bygging, og har henta inn utrekingar frå Multiconsult. Rapporten frå Multiconsult viser at det er størst utslepp knytt til produksjon av materiale og oppføring av bygg, og at det er mogleg å redusere klimagassutslepp frå bygningsmateriale noko utan å auke byggekostnadene. Rapporten viser òg at ulike utrekningsverktøy gir ulike svar, og at nivået for klimagassutslepp varierer usystematisk mellom verktøy og bygningskategoriar.

DiBK har vurdert om krava til brannsikkerheit for utvendige kledningar er på rett nivå. Testar, forskingsrapportar og innspel frå fagmiljø tilseier at dagens nivå er formålstenleg og oppfyller dei krava vi som samfunn må ha for å sikre liv, helse og materielle verdiar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I åra framover vil det vere ei viktig oppgåve for DiBK å legge til rette for berekraftig byggeverksemd. Klimagassutsleppa frå bygging må ned, og direktoratet skal ha dialog med byggenæringa om dette. Direktoratet skal òg greie ut energikrava til

bygg med sikte på auka energieffektivitet, meir energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Samfunnet må forhalde seg til flaum, skred og naturfarar. Auka kartlegging dei seinare åra har avdekka stadig fleire fareområde og har auka medvitte om naturfarar. DiBK skal, saman med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), greie ut og foreslå endringar i krava til sikkerheit mot naturfarar i byggereglane. Eit mål for arbeidet er i større grad å legge til rette for å oppretthalde verdiskaping, utvikling og levedyktige lokalsamfunn.

For å sikre forsvarleg byggkvalitet, er det viktig at byggereglane blir følgt. DiBK skal greie ut moglege endringar i krava til kontroll og tilsyn i byggesaker, og vurdere endringar i kvalifikasjonskrava til aktørane i byggeprosessen.

DiBK skal bidra til at byggesaksprosessen blir heildigital, utvikle kunnskap og formidle informasjon. Det inneber mellom anna å greie ut konsekvensar av nytt og endra regelverk, og å rettleie næringa og publikum. Dette skal gi enklare byggregelar, auka kunnskap om bygningsmassen og auka etterleving av regelverket.

Som eit resultat av strenge prioriteringar, foreslår regjeringa å avvike statens pris for byggkvalitet og kutte i midlane til oppfølging av Bygg21. Samla gir dette ei innsparing på 2,15 mill. kroner.

Det blir foreslått å omdisponere 3 mill. kroner frå kap. 587, post 22 til kap. 587, post 01 for å vri ressursbruken frå bruk av konsulentar til interne ressursar. Samla blir det foreslått å løyve 36,4 mill. kroner.

Kap. 3587 Direktoratet for byggkvalitet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Diverse inntekter	159		
04	Gebyr	37 238	34 875	42 705
85	Diverse inntekter		115	115
	Sum kap. 3587	37 397	34 990	42 820

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten bør bli ført i postgruppe 85-89. I 2023 vart midlane derfor overført til post 85.

Post 04 Gebyr

Posten omfattar gebyrinntekter frå den sentrale godkjenningsordninga for føretak med ansvarsrett. Ordninga er sjølvfinansierende, jf. omtale under kap. 587, post 01. Det er venta at om lag 11 700 betalande føretak er registrert i ordninga i 2024. Dette er ein auke på 450 føretak frå 2023.

For sentral godkjenning for ansvarsrett skal det betalast eit gebyr som skal dekke kostnadene knytt til den sentrale godkjenningsordninga. Gebyret er fastsett i forskrift av 29. juni 2009 nr. 989 Gebyrregulativ for sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett etter forskrift om byggesak § 13-8, jf. plan- og bygningsloven § 22-5 første ledd (Gebyrregulativ for ansvars godkjenning) § 1. Gebyret er ikkje justert sidan 2015, trass i den

betydelege løns- og prisveksten. Frå 1. januar 2024, aukar kommunal- og distriktsdepartementet årsgebyret for sentral godkjenning frå 3 100 kroner til 3 650 kroner. Gebyrauken inneber isolert sett at gebyrinntektene på posten aukar med 6,4 mill. kroner i 2024.

Samla blir det foreslått ein auke i gebyrinntektene på 7,8 mill. kroner til 42,7 mill. kroner. Ein auke av anslaget for gebyrinntekter inneber ein tilsvarande auke i løyvinga på kap. 587, post 01.

Post 85 Diverse inntekter

Posten omfattar inntekter frå tvangsmulkt og lovbrøtsgebyr som DiBK gir dersom produkt blir omset eller brukt til byggverk som ikkje er i tråd med krava i plan- og bygningslovgivinga. Posten omfattar òg inntekter frå lovbrøtsgebyr for misbruk av logo og innsending av uriktig informasjon i samband med sentral godkjenning.

Det blir foreslått å løyve 115 000 kroner.

Kap. 2412 Husbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	359 833	360 661	382 678
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overført</i>	14 750	11 810	12 431
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overført</i>	69 972	63 528	83 730
71	Tap på lån	8 037	27 000	30 100
72	Rentestøtte	1 149	800	400
90	Nye lån, <i>overslagsløying</i>	20 356 304	20 807 000	22 882 000
	Sum kap. 2412	20 810 045	21 270 799	23 391 339

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn, husleige og andre faste utgifter til drift for Husbanken. Husbanken har kontor i Drammen, Hammerfest, Bodø, Trondheim, Bergen, Arendal og Oslo.

Rapport

Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Husbanken. Kostnadene til drift og vedlikehold av digitale løysingar har auka dei siste åra og er forventta å auke òg i tida framover. Husbanken har i 2022 hatt fokus på å tilsetje personar med digital kompetanse framfor å kjøpe konsulenttenester.

Det har i 2022 vore avgjerande med ei stram budsjettstyring mellom anna for å frigjere midlar frå drift til nødvendige utviklingstiltak i 2023. Det vart omdisponert 4,9 mill. kroner frå post 01 til post 45 og det vart overført 7,4 mill. kroner på posten til 2023.

Husbanken har arbeidd med fleire tiltak på energiområdet i 2022. Det var fleire ekstraordinære utbetalingar av bustøtte på grunn av høge straumprisar, sjå omtale under kap. 581, post 70. Husbanken har òg fått på plass det nye tilskotet for energitiltak i kommunalt eigde bustader, sjå omtale under kap. 581, post 60.

Busetting av flyktningar har prega bustadarbeidet i kommunane i 2022 og så langt i 2023. Husbanken har i same periode støtta kommunar med økonomiske verkemiddel, råd og rettleiing om korleis dei kan skaffe fleire bustader til flyktningar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Husbanken skal vere ein støttespelar for kommunane, frivillig sektor og andre som støttar opp om måla for den sosiale bustadpolitikken og målet om eigna bustader i heile landet. Arbeidet med å busette flyktningar vil ha ei særleg høg prioritet i 2024. Husbanken skal vidareutvikle si faglege rolle, og sørgje for sikker og effektiv forvaltning av økonomiske ordningar, som bustøtte, lån og tilskot. Husbanken vil òg få ei rolle i oppfølginga av distriktsmeldinga, jf. Meld. St. 27 (2022–2023), eldrebustadprogrammet i Bu trygt heime reforma, jf. Meld. St. 24 (2022–2023) og levekårs-meldinga, jf. Meld. St. 28 (2022–2023).

Regjeringa foreslår å opprette ei ny rentekompensasjonsordning for skulebygg frå 1. juli 2024, jf. kap. 225, post 61 under Kunnskapsdepartementet sitt budsjettområde. Husbanken skal forvalte ordninga. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga på posten med 3 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 382,7 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overført

Husbanken skal bruke løyvinga til forskning, utvikling og formidling av kunnskap som støttar opp om målet om eigna bustader i heile landet.

Rapport

I 2022 finansierte Husbanken tolv eksterne analyser, utgreiingar og evalueringar over posten. I tillegg kom utviklingsprosjekt, datakjøp og mindre

oppdrag. Oppdraga har vore retta inn mot dei prioriterte måla i nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken, «Alle trenger et trygt hjem».

Husbanken sette i gang arbeid med og innhenta fleire rapportar om endringar i Husbanken og kommunane sine føresetnader for å drive bustadsosialt arbeid. Dette gjeld til dømes oppdrag knytt til renteendringar, auka byggekostnader og uvisse i bustadmarknaden, kunnskapsgrunnlag for tilskot til høge straumutgifter og arbeidet i kommunane med busetting av flyktningar frå Ukraina. Husbanken har òg evaluert ordninga med tilskot til utleigebustader.

Så langt i 2023 har Husbanken mellom anna involvert fleire forskingsmiljø i eit arbeid med å sjå på Husbanken sine økonomiske verkemiddel i lys av endringar i eksterne forhold, og tiltak og vegval etter avslutta strategiperiode. Husbanken har òg sett ut eit oppdrag om betydninga av studentbustader for leigemarknaden og tilgangen på bustader for mellom anna vanskelegstilte.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Husbanken skal ha ei nasjonal kunnskapsrolle på det bustadsosiale feltet. Det inneber at Husbanken skal ha kunnskap om kven som står i fare for å kome i ein vanskeleg situasjon på bustadmarknaden og kven som allereie har store bustadutfordringar. I tillegg skal Husbanken styrkje kunnskapen om geografiske forskjellar og effektane av ulike verkemiddel og tiltak.

Det blir foreslått å løyve 12,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Husbanken brukar løyvinga på posten til større anskaffingar av utstyr og vedlikehald, mellom anna på IKT-området. Posten kan òg dekke løn til tilsette når Husbanken utfører vedlikehald og ombyggingar i eigen regi.

Rapport

Husbanken har i 2022 og første halvdel av 2023 hatt to store digitaliseringsprosjekt: Nytt låneforvaltningssystem innanfor moderniseringsprogrammet til Husbanken og Digitale løysingar for kommunalt disponerte utleigebustader (Kobo). Dette er store utviklingsprosjekt som går over fleire år, med årlege løyvingar.

Utviklinga av nytt låneforvaltningssystem er godt i gang, men det har vore vesentlege forseinkingar og auka kostnader i prosjektgjennomfø-

ringa, i hovudsak som følgje av koronapandemien. Husbanken har tett oppfølging av leverandøren og har styrkja bemanninga i prosjektet.

Grunnfunksjonalitet for tildeling av utleigebustader i Kobo vart utvikla i 2021, og i 2022 vart det jobba med vidare utvikling av elektronisk søknad og sjølvbetening til privatpersonar, forbetringar av fagsystem og innføring av nye kommunar. I 2023 er målet at Kobo skal levere statistikk- og analysefunksjonalitet for kommune og stat og at alle Kobo-produkta blir tatt i bruk. Det var 70 kommunar som hadde tatt i bruk Kobo per juli 2023, og Husbanken sin ambisjon er at over 100 kommunar skal ha tatt det i bruk i slutten av året.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Husbanken skal sørge for vedlikehald og sikker drift av systema sine, og fortsette å vidareutvikle dei digitale tenestene i 2024. Gode digitale løysingar bidrar til å forenkla og forbetre saksbehandlina i kommunane og Husbanken, og det gir betre oversikt over den bustadsosiale situasjonen. I 2024 skal Husbanken fortsette med å gjere Kobo kjent for kommunane slik at dei kan ta i bruk tenestene, og leigetakarane kan søkje om bustad og få behandla søknaden enkelt og raskt i eit digitalt system.

Regjeringa foreslår å opprette ei ny rentekompensasjonsordning for skulebygg, jf. kap. 225, post 61 under Kunnskapsdepartementet sitt budsjettområde. Husbanken skal forvalte ordninga og har behov for å utvikle nye system til dette. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 83,7 mill. kroner.

Post 71 Tap på lån

Posten omfattar statens brutto tap på utlånverksemda til Husbanken.

Ved utgangen av 2022 forvalta Husbanken ein samla låneportefølje på om lag 169 mrd. kroner. Tapa på utlånverksemda i Husbanken er låge, og utgjorde 0,005 pst. av uteståande lån i 2022. Brutto tap var 8 mill. kroner.

Tapa på lånegjeld (hovudstol) fordelte seg med 6,7 mill. kroner på startlån og 1,3 mill. kroner på resten av låneordningane. Tilbakeførte restkrav var 3,5 mill. kroner i 2022. Samla netto tap var 4,5 mill. kroner, mot 21 mill. kroner i 2021. Reduksjonen i tap i fjor blir forklart med at det i 2022 ikkje var enkeltsaker med større tap, slik tilfellet var i perioden 2019–2021. Husbanken har

dei siste åra sett i verk fleire tiltak for å redusere risikoen for tap på nye lån og den totale tapsrisikoen.

I tillegg til tapa som staten dekker, dekker òg kommunane tap på startlån. Kommunane førte tap på 21,2 mill. kroner på startlån i 2022. I 2023 er brutto tap anslått til 27 mill. kroner

Tapsanslaga blir berekna ut frå gjennomsnittlege tap dei siste fem åra og storleiken på utlånsporteføljen. Fordi låneporteføljen aukar år for år, blir det anslått ein auke i brutto tap frå 2023 til 2024.

Det blir foreslått å løyve 30,1 mill. kroner.

Post 72 Rentestøtte

Posten omfattar rentestøtte som følgje av at eldre lån med særvilkår har eitt prosentpoeng lågare rente enn ordinære lån. Husbanken gav slike lån fram til og med 1996.

I 2022 førte Husbanken rekneskap for 1,15 mill. kroner på posten. Restgjelda for låna med særvilkår var per 31. desember 2022 på om lag 95 mill. kroner, mot 150 mill. kroner året før.

Det blir foreslått å løyve 0,4 mill. kroner.

Post 90 Nye lån, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av nye lån, i tillegg til berekna, opptente, ikkje betalte renter på låna.

Lån frå Husbanken skal vere eit supplement til dei private kredittinstitusjonane, og bidra til å nå bustadpolitiske mål som elles ikkje ville blitt nådd. Husbanken gir følgjande lån:

- Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han.
- Lån til utleigebustader skal bidra til fleire eigna utleigebustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- Lån til bustadkvalitet skal bidra til enten fleire miljøvenlege bustader, eller bustader med betre tilgjengelegheit enn det som elles ville blitt bygd.
- Lån til studentbustader skal bidra til eit rimeleg og føreseieleg butillbod for studentar.

Rapport

I 2022 var låneramma 21 mrd. kroner. Husbanken gav tilsegn for om lag heile låneramma i 2022. I saldert budsjett for 2023 vart låneramma på 21 mrd. kroner vidareført. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023, vart låneramma

mellombels auka med 3 mrd. kroner, slik at låneramma for 2023 er 24 mrd. kroner. Av denne auken skal 2,5 mrd. kroner gå til lån til bustadkvalitet og 0,5 mrd. kroner skal gå til lån til studentbustader.

Startlån: I 2022 gav Husbanken tilsegn om startlån for 15,3 mrd. kroner til kommunane. Kommunane gav i sin tur startlån for 16 mrd. kroner til 7 897 husstandar. Gjennomsnittleg startlån var 2 mill. kroner, og 60 pst. av startlåna i 2022 gjekk til barnefamiljar. Ved utgangen av juli 2023 har kommunane betalt ut startlån for 9 mrd. kroner til 4 263 husstandar.

Lån til utleigebustader: I 2022 gav Husbanken tilsegn om lån for 762 mill. kroner. Det innebar oppføring og kjøp av 257 utleigebustader. Kommunane kan disponere 113 av dei. Ved utgangen av juli 2023 har Husbanken gitt tilsegn om lån for 441,3 mill. kroner til 165 utleigebustader.

Lån til bustadkvalitet: I 2022 gav Husbanken tilsegn om lån til 1 045 nye bustader for 3,22 mrd. kroner, 898 miljøvenlege bustader og 147 livsløpsbustader. Husbanken gav òg lån til oppgradering av eksisterande bustader for 360 mill. kroner. Av dei 477 bustadene som fekk lån til oppgradering, tilfredsstilte 96 pst. krava til både energi og tilgjengelegheit. Ein pst. av bustadene tilfredsstilte berre krava til tilgjengelegheit og tre pst. tilfredsstilte berre krava til energi. Ved utgangen av juli 2023 har Husbanken gitt tilsegn om lån til bustadkvalitet for 3,6 mrd. kroner til 1 079 bustader.

Lån til studentbustader: I 2022 gav Husbanken tilsegn om 1,31 mrd. kroner til oppføring av 1 712 studentbustader. Ved utgangen av juli 2023 har Husbanken gitt tilsegn om lån for 41,5 mill. kroner til 66 studentbustader.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Regjeringa foreslår å auke låneramma med 3 mrd. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2023, til 24 mrd. kroner i 2024, jf. forslag til romartalsvedtak. Auken i låneramma skal mellom anna bidra til at fleire kan eige sin eigen bustad, og til fleire eigna bustader i heile landet. Dette aukar behovet for løyving med 1,1 mrd. kroner.

Innanfor gjeldande ramme skal Husbanken prioritere etter denne rekkefølgja:

- Startlån. Innanfor startlån skal kommunane prioritere barnefamiljar og personar med utviklingshemming
- Lån til utleigebustader til vanskelegstilte
- Lån til bustadkvalitet
- Lån til studentbustader

Husbanken kan gjere unntak frå reglane for lånegrad i område av landet der private kredittinstitusjonar i liten grad finansierer nybygging. Husbanken kan prioritere inntil 1 mrd. kroner av låneramma til lån til bustadkvalitet og lån til utleigebustader i distriktskommunar i klasse 5 og 6 i sentralitetsindeksen til Statistisk sentralbyrå.

Husbanken betalar i hovudsak ut startlån det året tilsegn er gitt, mens dei andre låna blir betalte

ut over fleire år. Som følgje av auka låneramme i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 og endeleg fordeling mellom startlån og andre lån i 2022 og tidlegare år, aukar behovet for løyving med 942 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 22,9 mrd. kroner.

Kap. 5312 Husbanken

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Gebyr m.m.	7 841	8 000	6 890
11	Diverse inntekter	78 273	92 700	86 652
90	Avdrag	14 368 444	13 893 000	14 639 000
	Sum kap. 5312	14 454 558	13 993 700	14 732 542

Post 01 Gebyr m.m.

På posten blir det ført inntekter frå etableringsgebyr, termingebyr, varslingsgebyr og tilkjende sakskostnader i misleghaldsaker med fleire. Kundane kan velje mellom to, fire eller tolv terminar i året, mellom papirbaserte og elektroniske søknader og om dei vil ha varsel om terminforfall.

I 2022 var gebyrinntektene om lag 7,8 mill. kroner. Av dette kom 250 000 kroner frå etableringsgebyr, 7,2 mill. kroner frå forvaltningsgebyr, 422 000 kroner frå varslingsgebyr og 7 000 kroner frå andre gebyr knytt til forvaltning av lån. Dette er litt lågare enn i 2021.

Ved utgangen av 2022 forvalta Husbanken om lag 30 300 lån, mot 33 600 på same tidspunkt året før. Det blir lagt til grunn at talet på lån i utlånsporteføljen vil vere mindre i 2024, noko som vil gje lågare gebyrinntekter. Regjeringa foreslår derfor å justere ned løyvinga med 1,1 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 6,9 mill. kroner.

Post 11 Diverse inntekter

På posten blir det ført diverse inntekter, som mellom anna tilbakebetaling av rettsstridig utbetalt bustøtte og andre tilskot, tilbakeførte restkrav frå startlån og restkrav i særskilde og kompliserte tapssaker, såkalla spesialengasjementsaker.

I 2022 vart det inntektsført 78,3 mill. kroner, som i hovudsak består av bustøtte og andre tilskot som er betalte tilbake.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, hovudsakeleg på grunn av ein anslått reduksjon i krav om tilbakebetaling av rettsstridig utbetalt bustøtte i 2024.

Det blir foreslått å løyve 86,7 mill. kroner.

Post 90 Avdrag

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag og andre innbetalningar, tilbakebetaling av opptente, ikkje betalte renter og tap.

I 2022 vart det inntektsført 14,4 mrd. kroner. Av dette var om lag 7,7 mrd. kroner ordinære innbetalningar, 6,4 mrd. kroner var ekstraordinære innbetalningar, og 336 mill. kroner var tilbakebetaling, av opptente, ikkje betalte renter og tap.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 738 mill. kroner som følgje av at ordinære avdrag i 2022 var høgare enn tidlegare anslått, og som følgje av at låneramma vart auka med 3 mrd. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023.

Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 8 mill. kroner som følgje av forslaget om å vidareføre den auka låneramma på 24 mrd. kroner i 2024.

Samla blir det foreslått å løyve 14,6 mrd. kroner.

Kap. 5615 Husbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
80	Renter	2 014 222	5 244 000	5 581 000
	Sum kap. 5615	2 014 222	5 244 000	5 581 000

Post 80 Renter

Posten omfattar betalte renter på lån, opptente ikkje betalte renter og rentestøtte, jf. kap. 2412 Husbanken, post 72 Rentestøtte. Husbanken tilbyr lån med flytande og faste renter med bindingstid på 3, 5, 10 eller 20 år. Gjennomsnittleg utlånsrente for låneporteføljen var 1,59 pst. i 2022, mot 1,25 pst. i 2021. Ved utgangen av 2022 var restgjelda for lån med avtalar om fast rente 52,2 mrd. kroner, og utgjorde 31 pst. av samla utlån.

Det vart inntektsført 2 mrd. kroner på posten i 2022, og i 2023 er forventa renteinntekt på 5,2 mrd. kroner. Som følgje av høgare renteføresetnader og auken i låneramma i 2023, aukar behovet for løyving med 319 mill. kroner for 2024. Forslaget om å vidareføre den auka låneramma på 24 mrd. kroner i 2024, aukar behovet for løyving med ytterlegare 18 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å løyve 5,6 mrd. kroner.

Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata

Utgifter under programkategori 13.90 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
590	Planlegging og byutvikling	163 784	178 525	224 047	25,5
595	Statens kartverk	1 220 877	1 160 394	1 359 584	17,2
	Sum kategori 13.90	1 384 661	1 338 919	1 583 631	18,3

Inntekter under programkategori 13.90 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
3595	Statens kartverk	819 701	789 422	831 245	5,3
5635	Electronic Chart Centre AS	5 107		3 000	100,0
	Sum kategori 13.90	824 808	789 422	834 245	5,7

Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet skal legge til rette for busetting og verdiskaping i heile landet. Departementet har ansvaret for at landet har ein heilskapleg, framtidretta og samordna arealpolitikk. Ansvaret omfattar både forvaltings- og utviklingsoppgåver. Departementet skal legge til rette for gode og effektive planprosessar, og for betre samspel mellom forvaltingsnivåa på tvers av administrative grenser og ulike sektorar. Utvikling og formidling av nasjonale mål og interesser i planlegginga er ein del av dette ansvaret.

Kommunane har hovudansvaret for å finne heilskaplege og gode løysingar i samfunns- og arealplanlegginga ut frå lokale forhold og prioriteringar, samstundes som nasjonale og viktige regionale interesser blir varetatt. Eit aktivt planarbeid er avgjerande for god samfunns- og arealutvikling. For at kommunane skal vere i stand til å utføre planoppgåvene sine på ei tilfredsstillande måte, treng dei eit godt kunnskapsgrunnlag og gode

verktøy. Fylkeskommunane har ansvar for å rettlege og hjelpe kommunane i samfunns- og arealplanlegginga, og kan bidra med eit regionalt kunnskapsgrunnlag. Statlege styresmakter skal bidra med oppdatert kunnskap på fagområda sine ved å delta i planprosessane, i form av generell planrettlegging og ved å legge til rette og kvalitetssikre data i den nasjonale geografiske infrastrukturen. Når dei deltar i planprosessane, skal styresmaktene gi tidlege og tydelege signal om viktige interesser og omsyn.

Departementet legg til rette for kompetansebygging i små og store kommunar, mellom anna gjennom å utvikle og gjere tilgjengeleg digitale verktøy til bruk i planlegginga. Departementet samarbeider med fylkeskommunane, byane og byregionane om ei berekraftig by- og tettstadsutvikling.

Departementet forvaltar og utviklar lover og forskrifter om planlegging og konsekvensutgreiing. Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter legg rammene for samfunns- og arealplan-

legginga i Noreg, saman med kart- og planforskrifta og forskrift om konsekvensutgreiing. God rettleiing om plansystemet er ein viktig del av departementet sitt ansvar.

Regjeringa sine viktigaste prioriteringar for samfunns- og arealplanlegging blir uttrykte gjennom nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, som sist vart lagt fram i juni 2023. Med heimel i plan- og bygningslova blir det òg utarbeidd statlege planretningslinjer for viktige temaområde.

Kommunale, regionale og statlege oppgåver og interesser innanfor samfunns- og arealplanlegging skal samordnast i planprosessane, og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av areal og ressursar. Ansvar for plan- og bygningslova omfattar òg forvaltingsoppgåver etter lova sine forskrifter om planlegging og konsekvensutgreiing for planar. For omtale av lova sin bygningsdel blir det vist til programkategori 13.80.

Kommunale plansaker med motsegner som ikkje har blitt løyste lokalt, og regionale planar der det har kome innvendingar, blir behandla og avgjorde i departementet. Når viktige statlege, regionale eller andre samfunnsmessige omsyn tilseier det, kan staten ved departementet utarbeide reguleringsplan eller arealdel til kommuneplanen.

Departementet forvaltar avtaler med kommunar om områdesatsingar. Områdesatsingar er avtalebaserte samarbeid mellom staten og enkelte kommunar om felles ekstra innsats i befolknings-tette område med konsentrasjon av levekårsutfordringar.

Staten sin kartpolitikk er departementet sitt ansvar. Ansvar for både kart, lovgjeving, forvaltning og tilrettelegging innan fagområda geografiske data (geodata) og eigedomsinformasjon (matrikkel og tinglysing).

Departementet er etatsstyrar for Statens kartverk (Kartverket) og eigar av det statlege aksjeselskapet Electronic Chart Centre (ECC). Kartverket er nasjonal geodatakoordinator og organiserer kartlegginga av Noregs land- og sjøareal. Kartverket skal legge til rette for bruk av dette kunnskapsgrunnlaget, mellom anna ved å sørge for at det offentlege kartgrunnlaget er standardisert og tilgjengeleg for alle. Deling av data i samvar med geodatalova skjer i samarbeid med sektorstyresmakter. Etaten har òg ansvaret for tinglysing av fast eigedom og burett, og for å forvalte matrikkelen i samarbeid med kommunane. ECC leverer tenester til det internasjonale PRIMAR-samarbeidet, i form av drift og utvikling av ein glo-

bal database for sjøkart. Selskapet er eit av to som leverer slike tenester i verda. Arbeidet legg grunnlag for ein sikker og effektiv sjøtransport gjennom forvaltning og tilgjengeleggjering av autoriserte elektroniske navigasjonsdata.

Departementet har oppfølgingsansvaret for stiftinga Design og arkitektur Noreg (DOGA). DOGA skal fremje forståing, kunnskap og bruk av design og arkitektur i næringslivet, offentleg sektor og samfunnet elles.

Mål for programkategorien

1. Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk
2. Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga
3. Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og utvikling

Mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk

Regjeringa vil fremje ei berekraftig og framtidretta samfunnsutvikling og arealforvaltning. Det skal leggest vekt på lokalt sjølvstyre i samfunns- og arealplanlegginga. Alle kommunar skal ha moglegheit til å utvikle både små og store lokalsamfunn. Gode prosessar for samordning og medverknad av interessentar og andre styresmakter skal bidra til at regionale og nasjonale mål blir nådde.

Viktige omsyn er klimatilpassing og effektiv og berekraftig forvaltning av landbruks-, natur-, friluft- og sjøområde. Utvikling av energi-, natur- og ressursbaserte næringar krev eit godt kunnskapsgrunnlag og heilskaplege og overordna avklaringsar for at arealforvaltninga skal vere berekraftig.

Attraktive og inkluderande lokalsamfunn med levande sentrum fremjar livskvalitet og verdiskaping, og regjeringa støttar opp om arbeid med å styrkje kvaliteten på arkitekturen og dei bygde omgivnadene. Områdesatsingar er eit verkemiddel for å gjere ein ekstra innsats for tenesteutvikling og betre nærmiljø i levekårsutsette område. Kunnskapsdeling gjennom nettverksarbeid, og styrka rettleiing for å auke plankompetansen, er viktige verkemiddel.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under mål 1 under kap. 590, postane 65 og 71, og kap. 500, postane 21 og 50.

Mål 2 Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga

Det er eit mål at heile landet har ei god og kunnskapsbasert samfunns- og arealplanlegging og effektive planprosessar. Heilskapleg og aktiv planlegging og redusert bruk av dispensasjonar krev ressursar og kompetanse i kommunane. Kommunar og fylkeskommunar må ha tilgang til oppdatert kunnskap som grunnlag for avgjerder. Døme på dette er statistikk om arealutvikling som grunnlag for verktøy som arealprofilar og arealrekneskap i planprosessar. Regjeringa har viktige funksjonar knytte til utvikling av lovverket, tilrettelegging og tilgjengeleggjering av arealstatistikk, kart og eigedomsdata, rettleiing og eit breitt spekter av andre kompetansetiltak.

Rettleiingar og rundskriv er avgjerande for å spreie kunnskap om god planlegging og nasjonal politikk og føringar. Regjeringa legg òg vekt på at informasjon og rettleiing skal vere brukartilpassa og digitalt tilgjengeleg.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under mål 2 under kap. 590, post 81, kap. 595, og kap. 500, postane 21 og 50.

Mål 3 Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eigedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og utvikling

Regjeringa vil sørge for at kart, geodata og eigedomsinformasjon med tilfredsstillande kvalitet, er tilgjengeleg for innsyn og nedlasting hos offentlege og private brukarar. Regjeringa vil betre sjølvbeteningsløysingane for offentlege kartdata, plandata og bygnings- og eigedomsinformasjon, legge til rette for meir bruk av digitale løysingar og skape eit enklare møte med ein døgnopen offentlig sektor. Matrikkelen er Noregs eigedomsregister og skal ha god kvalitet, og bidra til effektiv planlegging og forvaltning over heile landet.

Deling av offentlege data er ein føresetnad for utvikling av samanhengande tenester på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. Samstundes er det avgjerande at sikkerheita i løysingane varetar både samfunnssikkerheita og enkeltmennesket sitt personvern. For omtale av informasjonssikkerheit blir det vist til programkategori 13.40 forvaltingsutvikling, IT- og ekompolitikk.

Tilgang til kart- og eigedomsinformasjon er avhengig av godt samarbeid mellom ulike stats- etatar, kommunar og næringslivet. Ein stor del av løyvinga til Kartverket er derfor finansiert av inntekter frå andre partar. Kartverket sitt arbeid er avhengig av gode samarbeidsformer for å sikre at Noreg framleis er verdsleiande på kart- og eigedomsinformasjon, og at desse dataane kjem innbyggjarar og næringslivet til gode.

Sjå nærare omtale av løyvingar og verkemiddel som støtter opp under mål 3 under kap. 595, kap. 5635 og kap. 500, post 21.

Berekraftsmåla

Regjeringa sitt arbeid med planlegging, stadutvikling og geodata er viktig for å nå fleire berekraftsmål. Samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova er grunnleggjande verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling, ved å vurdere samanhengen mellom ulike omsyn, sikre kunnskapsbaserte avgjerder og legge til rette for samordning og samarbeid. Dette er sentralt for alle berekraftsmåla, og for at måla blir sett i samheng.

Regjeringa sitt arbeid for å utjamne sosiale og geografiske forskjellar bidrar til å redusere fattigdom (mål 1), betre folkehelsa (mål 3) og til mindre ulikskap (mål 10). Regjeringa sine føringar for planlegging og arealbruk er òg viktig for mellom anna matsikkerheit (mål 2), å kjempe imot klimændringane og konsekvensane av dei (mål 13), ansvarleg forbruk og produksjon (mål 12), livet i havet (mål 14) og livet på land (mål 15). Arbeidet for attraktive og inkluderande byar og tettstader bidrar til berekraftige byar og lokalsamfunn (mål 11).

Regjeringa forventar at alle forvaltingsnivå og sektorar legg berekraftsmåla til grunn for eiga planlegging og når dei medverkar i planprosessar. Ei utfordring i dei komande åra er å bidra til at òg kommunar med knappe planressursar kan ta måla i bruk på ein føremålstenleg måte. Gjennom lov- endringar, retningslinjer, kunnskapsinnhenting og rettleiing legg regjeringa til rette for ei samfunns- og arealplanlegging som hjelper til å nå berekraftsmåla.

Kap. 590 Planlegging og byutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
65	Områdesatsing i byar, <i>kan overført</i>	86 890	102 390	152 650
71	DOGA	49 001	48 021	43 813
72	Bustad- og områdeutvikling i byar, <i>kan overført</i>	20 807	20 863	20 870
81	Kompetansetiltak, <i>kan overført</i>	7 086	7 251	6 714
	Sum kap. 590	163 784	178 525	224 047

Post 65 Områdesatsing i byar, kan overført

Mål og målgruppe for ordninga

I enkelte byar og område har staten og kommunane avtalebaserte langsiktige samarbeid om ekstra innsats i befolkningstette område med konsentrasjon av levekårsutfordringar – områdesatsingar.

Tilskotet skal bidra til å jamne ut sosiale skilnader ved at fleire bebuarar i område med særskilde levekårsutfordringar kan bli økonomisk sjølvstendige gjennom arbeid, og bli aktive deltakarar i lokalsamfunn og storsamfunn. Det skal òg bidra til varige forbetringar av tenester, og betre fysiske og sosiale nærmiljøkvalitetar i levekårsutsette område.

Tilskotet støttar opp om mål 1 Planlegging fremjar berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Områdesatsingane støttar opp om fleire berekraftsmål, mellom anna mål 1 om å utrydde fattigdom, mål 10 om mindre ulikskap og mål 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn.

Kriteria som er relevante for å vurdere om måla for tilskotet er nådd er mellom anna:

- om det er blitt betre fysiske kvalitetar og auka tryggleik og livskvalitet
- om det er utvikla arbeidsformer og verkemiddel som bidrar til betre offentlege tenester tilpassa lokale behov, og gode bu-, oppvekst- og nærmiljø
- om satsingane bidrar til å fremje deltaking og medverknad på ulike samfunnsarenaer
- om det er betre kopling mellom overordna byutvikling og nærmiljøarbeid i områdesatsingane.

Kriterium for tildeling

Kommunar med avtale om områdesatsing får eit årleg tilskot i avtaleperioden, føresett årlege budsjettvedtak i Stortinget.

Etter kvart som eksisterande avtaleperiodar går ut blir det gjort ei individuell vurdering av om den enkelte avtale om områdesatsing skal forlengast.

Tilskota skal gå til å gjennomføre ein årleg handlingsplan for områdesatsinga. Handlingsplanen skal omfatte tiltak som bidrar til eit eller fleire av desse måla/innsatsane:

- gode og trygge bu-, oppvekst- og nærmiljø og inkludering
- å fremje deltaking og medverknad på ulike samfunnsarenaer
- utvikle betre offentlege tenester
- auka kvalitet i dei fysiske omgjevnadane og attraktive møteplassar
- betre kopling mellom overordna byutvikling og det konkrete nærmiljøarbeidet
- å førebygge utanforskap og kriminalitet
- å stimulere til frivilligheit og sosialt entreprenørskap
- omdømmebygging

Oppfølging og kontroll

Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar tilskotet og koordinerer innsatsen i områdesatsingar der fleire sektorar/departement deltar. Kommunane må levere årsrapportar og rekneskapsrapportar. Det blir gjennomført evalueringar av områdesatsingane.

Rapport

I 2022 vart det løyvd om lag 87 mill. kroner, fordelt med 55,3 mill. kroner til Oslo, 10 mill. kroner til Bergen, 6 mill. kroner til Stavanger, 10,6 mill. til Drammen og om lag 5 mill. kroner til Trondheim.

Midlane har gått til tiltak for å ruste opp bu- og nærmiljø, aktivitetshus, parkar, møteplassar og aktivitetar, til å utvikle arenaer for sosialt entreprenørskap, til ulike integreringstiltak og ulike jobbtilbod for ungdom. Vidare har midlane gått til å utvikle betre tilpassa tenester, særleg på områda kvalifisering og sysselsetting, utdanning og oppvekst.

Tiltaka har bidratt til at fleire bebuarar deltar i lokale aktivitetar og at nærmiljøet har blitt tryggare og ein betre stad å bu og å vekse opp. Kommunane har mellom anna utvikla ulike fleirbruks- hus med mange ulike aktivitetar som fungerer som attraktive møteplassar for barn, unge og vaksne. Fleire kommunar har òg samlokalisert fleire av tenestene sine i nærmiljøet. Mange av tiltaka er gjort i samarbeid med frivilligheita i utsette lokalområde. Kommunane rapporterer om at områdesatsingane har bidratt til at sosial berekraft og levekår har blitt ein viktigare del i arbeidet med overordna byutvikling enn tidlegare.

I saldert budsjett for 2023 vart det løyvd 102,4 mill. kroner fordelt på kommunane nemnde over og til nye avtaler. Departementet lyste ut tilskot til nye avtaler, og Fredrikstad, Sarpsborg og Kristiansand vart tildelt avtale. Løyvinga vart auka i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 med 32,4 mill. kroner fordelt med 25 mill. kroner til sommarjobbar for unge og 5 mill. kroner til ein ny avtale om områdesatsing som Skien vart tildelt.

Regjeringa la i august fram Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

I 2024 skal løyvinga gå til byar og befolkningstette område som har konsentrasjon av levekårsutfordringar. Mottakarane av tilskotet er kommunar med avtaler om områdesatsing.

Til eksisterande avtaler blir det foreslått å løyve 57,6 mill. kroner til Oslo, 11,5 mill. kroner til Drammen, 11 mill. kroner til Bergen, 6,7 mill. kroner til Stavanger og 5,8 mill. kroner til Trondheim. Det blir vidare foreslått å løyve 5 mill. kroner kvar til Sarpsborg, Fredrikstad, Kristiansand og Skien.

For 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 40 mill. kroner til 7 nye avtaler, fordelt med 10 mill. kroner til Stavanger og 5 mill. kroner kvar til Trondheim, Tromsø, Halden, Larvik, Gjøvik og Indre Østfold. Desse syv kommunane saman med dei fire som fekk nye avtaler i 2023, er dei kommunane som søkte om tilskot i 2023.

Samla blir det foreslått å løyve 152,7 mill. kroner.

Som ein del av arbeidet med områdesatsingane vil departementet i 2024 sette av 3,5 mill. kroner til koordinering, utgreiingar, kunnskapsformidling og nettverksarbeid på kap. 500, post 21 Særskilde driftsutgifter. Regjeringa vil gå igjennom den statlege involveringa i områdesatsingane og vurdere om det er behov for å justere måla for områdesatsingane. Vidare vil regjeringa styrkje innsatsen for å spreie kunnskap og erfaringar frå områdesatsingane på tvers av kommunar, også til kommunar som ikkje har områdesatsingar i dag.

Det blir òg løyva midlar til områdesatsingar over kap. 590, post 72 og over andre departement sine budsjett. I 2024 blir det foreslått til saman om lag 259 mill. kroner til områdesatsingar over departementa sine budsjett, jf. tabell 5.10.

Tabell 5.10 Områdesatsingar – forslag til løyvingar i 2024

	KDD	AID	HOD	KD	KLD	KUD	SUM
Budsjett 2024 (mill. kr.)	Område- satsing og bustad- og områdeut- vikling i byar	Kvalifisering til arbeid, sosiale tenester, sosialt entre- prenørskap, integrering	Føre- byggande og helsefrem- jande tenester og sosialt bere- kraftige bu- og nærmiljø	Oppvekst og utdanning, barnehage og skole	Blå-grøn infra- struktur	Frivillig- heit, kunst og kultur, mv.	
Oslo	67,2	48,9	9,1	10,5	5	5	145,7
Bergen	18,4						18,4
Drammen	11,5	1,1					12,6
Trondheim	8,8						8,8
Fredrikstad	5						5
Kristiansand	5						5
Sarpsborg	5						5
Skien	5						5
Stavanger	6,7	3	4				13,7
Nye avtaler i 2024 ¹	40						40
SUM	172,6	53	13,1	10,5	5	5	259,2²

¹ 10 mill. kroner til Stavanger og 5 mill. kroner kvar til Trondheim, Tromsø, Halden, Larvik, Gjøvik og Indre Østfold.

² I tillegg kjem 2,5 mill. kroner frå spelemidler til idrettsfremål, til tiltak som bidrar til fysisk aktivitet for barn og unge, og 37 mill. kroner til arbeid med kriminalitetsforebygging. Desse midlane går til Oslo.

Post 71 DOGA

Tilskotet går i sin heilskap til stiftinga Design og arkitektur Noreg (DOGA). DOGA skal være eit innovasjonsverktøy i næringslivet og offentleg sektor, og for berekraftig samfunnsutvikling, gjennom å auke kvaliteten på og bruken av design og arkitektur.

Mål for ordninga

DOGA er ein nasjonal verkemiddelaktør, som gjennom arkitektur og design arbeider særskild med innovasjon i offentleg og privat sektor. Hovudføremålet med tilskotet er å fremje berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Verksamda skal støtte opp om berekraftsmåla og stimulere til auka samarbeid på tvers av fagområde, mellom offentlege aktørar og mellom offentlege og private aktørar.

Tilskotet skal gå til kunnskapsproduksjon, formidling, prosjektutvikling og samarbeid som fremjar samla verdiskaping og innovasjon i sam-

funnet i tråd med stiftinga sitt føremål. DOGA sin særskilde, tverrfaglege kompetanse skal bidra til endring, omstilling og innovasjon innanfor både offentleg og privat sektor. Det finst ikkje andre aktuelle mottakarar som oppfyller måla for ordninga.

DOGA skal gjennom si verksemd og utløyse verksemds- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i Noreg. Dette er i særleg grad knytt til tilskotet frå Nærings- og fiskeridepartementet, og føringar for dette tilskotet blir gitt gjennom eige tilskotsbrev.

Oppfølging og kontroll

DOGA skal rapportere om bruken av tilskotet gjennom tertialvise rapportar og årsrapportering. Rapporteringa skal innehalde ei vurdering og analyse av måloppnåinga for tilskotet basert på indikatorar, støttande analysar, evalueringar og annan tilgjengeleg informasjon. Måla og prioriteringane som gis i tilskotsbrev skal følgjast opp gjennom styringsdialogen.

Rapport

DOGA fekk 73,4 mill. kroner i offentleg tilskot i 2022, av desse var 49 mill. kroner frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

DOGA bidrar til designdriven innovasjon og å fremje innovasjonskompetanse og -kultur i offentleg sektor for å auke innovasjonstakta. Saman med Digitaliseringsdirektoratet driv DOGA programmet *Stimuleringsordningen for innovasjon og tjenstedesign (Stimulab)*. Ordninga legg til rette for innovasjon av offentlege tenester i samarbeid med markedet og stiller krav til at prosjekta skal utviklast gjennom designdrivne innovasjonsprosessar. Ordninga har i 2022 og 2023 mellom anna hatt som føremål å understøtte tillitsreforma. DOGA sin satsing på kompetanseutvikling og kurs i designdriven innovasjon bidrar til auka innsikt i innovasjonsarbeid. DOGA har saman med Digitaliseringsdirektoratet og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) gitt innspel til departementet om nye roller, prosesser og strukturar som kan dekke manglar i dagens innovasjonssystem for offentleg sektor. DOGA har òg vært involvert i prosjekt om å skape meir innovasjon i distriktskommunar, saman med Distrikts-senteret og departementet.

DOGA stimulerer til utvikling av meir berekraftige og attraktive byar, tettstader og lokalsamfunn over heile landet, ved bruk av arkitektur- og designmetodikk som verktøy for rettferdig og grøn omstilling. *Gnist* er eit innovasjonsprogram for kommunar i heile landet som vil jobbe på nye måtar med berekraftig stads- og næringsutvikling. I perioden 2020–2022 har 16 kommunar gjennomført programmet, med utviklingsprosjekt om mellom anna heilskapleg samfunnsplanlegging, framtidsretta bustadutvikling i distrikta og offentleg-privat samarbeid for sentrumsutvikling. I tillegg tilbyr DOGA det digitale kurset *Gnist kompetanse* innretta mot tilsette i kommunar og fylkeskommunar, der representantar frå ein av tre norske kommunar deltok i 2022. DOGA sitt innovasjonsprogram for arkitektur *Fase null* ser på strukturerte prosessar og nye innovasjonsverktøy i dei tidlegaste fasane av eit byggeprosjekt for å sikre god samfunnseffekt av investeringane i bygg. DOGA har bidratt i oppstarten av regjeringa sitt arbeid med bygdevekstavtaler, der utvalde distriktskommunar samarbeider om å utvikle avtaler som eit nytt distriktpolitisk verkemiddel.

DOGA er eit nasjonalt kompetansemiljø for design og arkitektur. I 2023 har DOGA jobba stra-

tegisk med kompetanseutvikling og spreiding for å auke innsikt og effektar av design og arkitektur i innovasjonsprosessar, inkludert bruker- og innbyggjarmedverking. DOGA sine priser og DOGA-merket for god design og arkitektur er ein viktig del av arbeidet.

For resultat på mål om auka konkurranseevne i næringslivet vises det til omtale under kap. 930, post 70 i Prop. 1 S (2023–2024) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

DOGA skal bidra til å styrkje innovasjons, utviklings- og plankompetansen til kommunane, fremje berekraftige og attraktive lokalsamfunn i heile landet og stimulere til samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Innsatsen skal mellom anna rettast mot utvikling og gjennomføring av DOGA sine innovasjonsprogram, og ved å jobbe målretta med kompetanseheving og erfaringsspreiing.

DOGA skal vidareutvikle samarbeidet med fylkeskommunar og kommunar, og deira kompetanse i bruk av design og arkitektur for å nå samfunns mål. Arbeidet skal ses i lys av deira oppgåver med samfunns- og arealplanlegging og tenesteyting. Nye arbeidsformer skal stå sentralt, òg på tvers av forvaltningsnivå og der det er relevant.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 6,4 mill. kroner som følgje av innsparing i tilskot til namngjevne tilskotsmottakarar. Samla blir det foreslått å løyve 43,8 mill. kroner.

I tillegg blir det foreslått å løyve 27,8 mill. kroner til designretta næringsutvikling på kap. 930, post 70 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Post 72 Bustad- og områdeutvikling i byar, kan overførast

Mål for ordninga

Tilskotet skal bidra til å forbetre bustadmiljøet, deriblant å løyse lokale utfordringar for innbyggjarane i område med levekårsutfordringar. Tilskotet støttar opp om mål 1 for programkategori 13.80, Tilgang på eigna bustader i heile landet.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er samansett av fleire indikatorar som betre fysiske kvalitetar ved bumiljøet, auka oppleving av tryggleik og sosial deltaking i nærmiljøet.

Tildelingskriterium

Tilskotet går til kommunane sin områderetta innsats i Oslo, Bergen og Trondheim. Kommunane skal bruke tilskotet til fysiske tiltak som bidrar til å auke kvaliteten i bygningar og uteområde, og til utvikling av nye tiltak for bumiljøet, bustadkonsept og liknande som bidrar til å forbetre eit område fysisk og sosialt. Kommunane kan òg bruke tilskotet til kunnskaps-, informasjons- og kompetansetiltak.

Oppfølging og kontroll

Husbanken forvaltar ordninga, og følgjer opp tiltaka fagleg og økonomisk mellom anna basert på rapportar frå dei involverte kommunane.

Rapport

I 2022 tildelte Husbanken totalt 21,1 mill. kroner i tilskot til bustad- og områdeutvikling i byar. Av dette fekk Oslo 10 mill. kroner, Bergen 7,9 mill. kroner og Trondheim 3,2 mill. kroner. Mange av tiltaka som er gjennomførte er eit resultat av samarbeid mellom fleire kommunale einingar og lokalt næringsliv.

Oslo kommune har mellom anna støtta prosjekt «Trivelege nabolag» i Oslo Indre Øst, der sosiale og fysiske tiltak blir testa i nabolag med bumiljøutfordringar. I den bustadsosiale strategien til Bydel Gamle Oslo blir tilskotet brukt til å utvikle nye måtar å arbeide på, i private byggar og sameige. I 2022 har prosjektet arbeida med sosiale og organisatoriske tiltak i to spesifikke buområde.

Bergen kommune har mellom anna arbeidd vidare med prosjekta i satsingsområda Solheim nord, Indre Laksevåg, Ytre Arna, Loddefjord og Olsvik. Til dømes har dei oppgradert fleire parkar og gitt stønad til fleire kulturarrangement.

Trondheim kommune har mellom anna starta nye områdesatsingar på Lademoen og Tempe-Sorgenfri og prosessar knytt til dette. Dette er til dømes analyse av bydelane sine behov og mogelegheiter og status.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Posten blir budsjettert med tilsegnssramme, tilsegnssfullmakt og løyving. Det blir foreslått ei løyving på 20,9 mill. kroner og ein tilsegnssfullmakt på 22,3 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Løyvinga og tilsegnssfullmakta gir ei tilsegnssramme på 20 mill. kroner.

Post 81 Kompetansetiltak, kan overførast

Kompetansetiltak, kunnskapsdeling og utvikling av nye verktøy støttar opp om planarbeidet i fylkeskommunane og kommunane. Ved hjelp av midlar frå denne posten blir det utvikla tilbod som er tilgjengelege for planleggarar over heile landet.

Mål for ordninga

Målet med ordninga er å auke kompetansen innan planlegging, kart og geodata. Dette skal bidra til å auke effektiviteten og kvaliteten på den lokale planlegginga etter plan- og bygningslova. Kompetansetiltaka skal kome aktørar i planprosessar etter plan- og bygningslova til gode, som avgjerds-takarar, planleggarar, organisasjonar, innbyggjarar og næringsliv.

Tilskotet skal støtte opp om mål 2, Eit velfungerande plansystem fremjar effektivitet og kvalitet i planlegginga. Tilskotet støttar òg opp om berekraftsmål 11 Berekraftige byar og samfunn gjennom finansiering av tiltak knytte til samfunnsplanlegging og stadutvikling.

Ei rekke kriterium vil vere relevante for å vurdere måloppnåing for tilskotsordninga:

- Om det er blitt auka kvalitet og effektivitet i planarbeidet.
- Om det er blitt auka teknisk og juridisk kompetanse hos målgruppene.
- Om det er utvikla produkt og tenester basert på allmenn tilgjengeleg kartinformasjon og geodata.
- Om det er bidratt til berekraftig utvikling med vekt på det sosiale og miljømessige, med referanse til berekraftsmål 11.
- Om tiltaka har inspirert og hjulpet kommunar i arbeidet deira med stadutviklingsprosessar.

Tildelingskriterium

Aktuelle søkarar er organisasjonar, verksemder, stiftingar og faglege nettverk i privat og frivillig sektor. Tiltaket kan gjerne vere i samarbeid med ein offentleg aktør.

Ved tildeling vil det bli lagt vekt på prosjekt som:

- bidrar til læring i nettverk og partnerskap, samarbeid på tvers av fagområde, sektorar, forvaltingsnivå og geografiske grenser
- har allmenngyldig verdi
- kan bidra til verdiskaping basert på tilgjengeleg kartinformasjon og geodata.

Oppfølging og kontroll

Departementet tar utgangspunkt i innsende rapportar frå tilskotsmottakar og vurderer dokumenterte resultat opp mot kriteria for måloppnåing og tildeling. Vidare har departementet dialog med mottakarane undervegs og i etterkant av gjennomføringa både om det faglege opplegget og dei formelle rammene for tildelinga.

Rapport

I 2022 vart det løyvd 7,1 mill. kroner, der 3,5 mill. kroner vart tildelt namngjevne mottakarar, og resten til ulike kompetanseprosjekt. I 2023 vart det løyvd 7,4 mill. kroner, der 3 mill. kroner vart tildelt namngjevne mottakarar, og resten til ulike kompetanseprosjekt.

I 2022 og 2023 gjekk 2 mill. kroner til Bylivsenteret i regi av Norske arkitekters landsforbund (NAL), den einaste foreininga som samlar alle norske arkitekter. Det er ikkje andre aktuelle mottakarar. Bylivsenteret har gjennomført ulike kompetansetiltak og støtta ei rekke kommunar med stadutvikling.

1 mill. kroner gjekk til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (SEVS). SEVS er eit samarbeid mellom stat og kommunesektoren for å styrkje kompetansen innan planlegging og samfunnsutvikling. KS er kommunesektoren sin organisasjon, og det finst

ikkje alternative mottakarar. SEVS har brukt midlane på kurs og samlingar, blant anna det årlege etter- og vidareutdanningstilbodet innan samfunnsplanlegging (SAMPLAN), SAMPLAN for kommunedirektørar, og kurs i utbyggingsavtaler, reguleringsplanar og konsekvensutgreingar.

Rapportane og dokumentasjonen frå prosjekta indikerer at tiltaka har bidratt til auka kompetanse innan plan, kart og geodata både hos søkjarane og målgruppene deira. I tillegg har erfaringar og resultat frå tiltaka blitt lagt til grunn for politikkutvikling og blitt formidla til aktuelle målgrupper gjennom departementet sine digitale kommunikasjonskanalar og utviklings- og kompetansearbeid.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

For 2024 vil det særleg vere aktuelt å gi tilskot til prosjekt knytt til etter- og vidareutdanningstilbod innan areal- og samfunnsplanlegging, kart og geodata, og kompetansehevingstiltak innan klima, sikkerheit og attraktive lokalsamfunn.

Det blir foreslått 1 mill. kroner til Bylivsenteret i regi av NAL, og 1 mill. kroner til SEVS, for å tilby kurs og kompetansetiltak innan stadutvikling og planlegging. Begge arbeidar hovudsakleg for å auke den offentlege plankompetansen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga til Bylivsenteret med 1 mill. kroner som følgje av innsparring i tilskot til namngjevne tilskotsmottakarar.

Samla blir det foreslått å løyve 6,7 mill. kroner.

Kap. 595 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21 og 45</i>	940 518	901 205	967 776
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45</i>	259 130	249 589	360 308
30	Geodesiobservatoriet, <i>kan overførast</i>	21 229	9 600	31 500
	Sum kap. 595	1 220 877	1 160 394	1 359 584

Kartverket er statens fagorgan for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket skal dekke eit felles databehov hos mange brukarar for kart, stadfesting og annan geografisk informasjon. Kartverket skal bygge og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og samarbeide med kommunane, statlege etatar og

andre som bidrar til det offentlege kartgrunnlaget. Hovudmål for drifta er oppdaterte grunnkartdata for norske land- og sjøområde, forsvarleg og effektiv tinglysing og matrikkel med god kvalitet og effektiv tilgang til, og bruk av, kart og eigedomsinformasjon.

Kartverket skal støtte opp om mål 3, Effektiv tilgang til oppdatert kart- og eidedomsinformasjon gir grunnlag for verdiskaping og utvikling.

Kartverket sitt samarbeid med offentlege og private aktørar i Noreg og internasjonalt støttar særleg opp om berekraftsmål 9 om innovasjon og infrastruktur og mål 17 om samarbeid for å nå måla. Gjennom samarbeid med og rettleiing av kommunane spelar Kartverket ei sentral rolle i forbetring av kommunale tenester, særskilt i dei minste kommunane.

Kartverket har om lag 810 tilsette og er organisert i divisjonane geodesi, land, sjø og eigedom. Hovudkontoret er lokalisert på Hønefoss. I tillegg har etaten ti fylkeskartkontor, ein sjødivisjon i Stavanger, tinglysing av burettslagsdelar og kundesenteret for Kartverket i Ullensvang og eit jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21 og 45

Løyvinga skal dekke Kartverkets utgifter til løn, varar og tenester, pensjon, husleige, IKT og andre faste driftsutgifter. Utgiftene er knytte til heile Kartverkets ansvarsområde, mellom anna drift av matrikkel og tinglysing, den geografiske infrastrukturen i Noreg og sjømåling.

Delar av utgiftene på posten, mellom anna utgifter knytte til geodataarbeidet og koordinering av samfinansieringsprosjekt, blir finansiert av inntekter frå sal og abonnement og frå samfinansiering, jf. omtale under kap. 3595, post 02 og 03.

Rapport

I tråd med tillitsreforma jobbar Kartverket med nye arbeidsmetodar for å oppdatere sine tenester for å møte dei høge forventingane frå brukarar om at oppdaterte og pålitelege geodata skal vere tilgjengelege heile døgnet. 66 pst. av tinglyssakene blir no sendt inn digitalt, mot 42 pst. i 2019. Talet på oppslag hos Kartverkets kart (cache) har auka frå 8,7 milliardar i 2018 til 12,4 milliardar i 2022. Moderniseringa av matrikkelen har gjort at bruken av denne statlege felleskomponenten aukar. Det er no 2,5 millioner søk mot matrikkelen kvar dag, og det har blitt enklare for folk flest å sjekke kva som gjeld for deira eigedom sjølv.

Krigen i Ukraina og NATO-medlemskapsprosessen for Finland og Sverige, har gjort at Kartverket har brukt betydelege ressursar på tenester til Forsvaret. Kartverket har òg ei sentral rolle i den tekniske gjennomføringa av delinga av tvangssamanslåtte fylkar og kommunar.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Kartverket sine hovudprioriteringar i 2024 er:

- enkelheit for brukarane og å bidra til at Noreg framleis er leiande i bruk av geografisk informasjon.
- gjennom samarbeid, utvikle den geografiske infrastrukturen til å bli fellesskapet sin «digitale tvilling». Ein tvilling er ein digital kopi av verkelegheita, der kunnskap om stad utgjer grunnmuren. Den digitale tvillingen inneheld både naturlege og menneskeskapte forhold som kan hjelpe oss til å ta riktige og berekraftige avgjerder.
- forbetring av matrikkelen, både i kvalitet og heilskap. Mange offentlege og private aktørar er avhengige av dette registeret. Det er behov for å heve kvaliteten, mellom anna ved hjelp av betre dataflyt og moglegheiter for brukarregistrering.

Det ventast at Kartverket òg i 2024 må bruke mykje av sin kompetanse til å støtte Forsvaret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 16,5 mill. kroner som følgje av auka inntekter frå sal av abonnement/tenester og samfinansiering.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner som følgje av at midlar først tilbake til Samferdselsdepartementet etter utvikling av ny løysing for «Nasjonalt luftfartsregister».

Samla blir det foreslått å løyve 967,8 mill. kroner. Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3595, post 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45

Løyvinga skal i hovudsak dekke tidsavgrensa prosjekt og kjøp av tenester frå private leverandørar. Dette gjeld mellom anna fotografering og laser-skanning frå fly, men òg bearbeiding av data og andre tenester frå geodatabransjen.

Kartverket har ansvar for mange samfinansierte kartleggingsprogram over heile Noreg. Dette gjeld ei rekke lokale og regionale initiativ der Kartverket organiserer kartlegging av område der fleire interessentar har samanfallande behov for oppdaterte data. Grunnlaget er fleirårige regionale geodataplanar og Geovekst-samarbeidet. Inntektene frå dei samarbeidande partane blir førte på kap. 3595, post 03.

Delar av utgiftene på posten blir òg dekkja med inntekter frå sal og abonnement over kap. 3595, post 02. Det gjeld mellom anna abonnement til

posisjonstenester og sal av geodata. Det gjeld òg flyfotografering (omløpsfotografering), som gjennomførast ved hjelp av dei bidrag Kartverket får frå andre offentlege etatar og kommunar over kap. 3595, post 03.

Inntektene som Kartverket tar imot til samfinansierte prosjekt og frå sal og abonnement, går i all hovudsak til kjøp av varer, utstyr og eksterne tenester. Kartverket sine bidrag i prosjekta er ressursar/prosjektlearar i form av årsverk som blir finansiert på post 01.

Rapport

Kartverket avslutta i 2022 både arbeidet med nasjonal detaljert høgdemodell og pilotprosjektet for marine grunnkart. Begge har vore vellykka og bruken av høgdedata har vore større enn forventta, både i brukarar og bruksområde. Noreg har no data tilsvarende to målingar per kvadratmeter for heile fastlands-Noreg, som strekk seg over 324 000 kvadratkilometer. Slike data er viktig for utviklinga av mellom anna faresonekart eller planlegging av infrastruktur. Piloten for marine grunnkart vart gjennomført frå 2020 i Stavanger, Ålesund/Giske og Skjervøy/Kvæningen, og syner korleis ei samla kartlegging og framsyning av data er viktig for mellom anna kystsoneplanlegging.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Data som er relatert til ein stad, geodata, er ei viktig kjelde til verdiskaping, innovasjon og tenesteutvikling i offentleg og privat sektor. God tilgang til og bruk av geografisk informasjon blir stadig viktigare for næringsliv, kommunar og andre brukarar. Kartverket skal styre mot å bli ein enda meir relevant og attraktiv samarbeidspartnar for både offentlege og private verksemdar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 22,3 mill. kroner som følgje av auka inntekter frå sal av abonnement/tenester og samfinansiering.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 63 mill. kroner i tråd med prosjektplanen for utvikling av eit nytt system for verdsetjing av fritidsbustader gjennom matrikkelen. Prosjektet starta i 2023 og er treårig, med samla 156 mill. kroner til utvikling i Kartverket og faste driftskostnadar på 20 mill. kroner frå 2025. Sjå omtale av dette i Prop. 1 S (2023–2024) for Finansdepartementet.

Vidare blir det foreslått ei auking på 5,8 mill. kroner i tråd med framdriftsplanen for it-prosjektet Nautilus.

Samla blir det foreslått å løyve 360,3 mill. kroner.

Det blir foreslått at løyvinga kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3595, post 02 og 03, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått at Kartverket kan setje i gong samfinansierte prosjekt før finansieringa i sin heilskap er innbetalt, føreset at det er inngått ein bindande avtale med forsvarleg sikkerheit om innbetaling mellom partane og for inntil 90 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei fullmakt på inntil 40 mill. kroner til å bestille kartgrunnlag og kartleggings-tenester og inngå avtaler om kartleggingsarbeid som går over fleire år, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 30 Geodesiobservatoriet, kan overførast

Midlane går til det tidsavgrensa prosjektet med etablering av eit nytt geodetisk observatorium i Ny-Ålesund. Prosjektet skal etablere ein moderne stasjon for geodetiske målingar som kan virke saman med eit nettverk av tilsvarende målestasjonar fordelt over heile verda.

Rapport

Prosjektet starta opp i 2012. Frå 2020 har arbeidet bestått i å få begge dei nye antennene i full drift og gjennomføre ein periode med samkøyring av ny og gammal antenne. Dette har vore utfordrande, då den gamle antenne går mot slutten av si levetid og har vore ute av funksjon i lengre periodar. Drifta av den gamle antenne er avslutta og antenne vil bli riven i 2023. I 2022 vart det gjennomført 100 målingssesjonar mot fjerntliggende kvasarar i Ny-Ålesund, koordinert med anlegg frå resten av verda. Desse dannar grunnlaget for å bestemme nøyaktig kvar jordas kjerne er til ein kvar tid, og dermed etablere den globale posisjonsramma som all stadfesting er avhengig av. Det har vore krevjande å få på plass lasermålingsinstrument (SLR) i Ny-Ålesund, då ein er avhengig av framdrifta i eit større amerikansk prosjekt der Ny-Ålesund er det einaste ikkje-amerikanske anlegget. Første del av SLR er no på plass i Ny-Ålesund, medan hovuddelen er venta i 2024/2025.

Prioriteringar og budsjettforslag for 2024

Det blir foreslått å løyve 31,5 mill. kroner, i tråd med prosjektet sin oppdaterte framdriftsplan.

Prosjektet er forventa å vere ferdig i 2025 og har ei kostnadsramme på 419,4 mill. kroner per 1. juli 2024, jf. vedlegg 3 med oversikt over gjeldande romartalsvedtak frå tidlegare år.

Kap. 3595 Statens kartverk

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Gebyrinntekter tinglysing	455 917	488 000	477 700
02	Sal og abonnement m.m.	171 424	122 302	149 106
03	Samfinansiering	192 360	179 120	204 439
	Sum kap. 3595	819 701	789 422	831 245

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing

På posten blir det ført inntekter knytte til gebyr for rettsregistrering av burettar og tinglysing i fast eigedom. Gebyra er fastsett i forskrift.

Omfanget av gebyrinntekter er i hovudsak gitt av omsetninga i bustadmarknaden. Det er større usikkerheit rundt desse prognosane framover. Inntektene frå gebyra er foreslått redusert med 10,3 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 477,7 mill. kroner.

Statens utgifter til tinglysing og matrikkel er i statsbudsjettet for 2024 på om lag 506 mill. kroner. Grunna satsingar på matrikkelen som følgje av prosjektet på verdsetting av fritidsbustader i matrikkelen på 83 mill. kroner, er utgiftene vesentleg høgare enn tidlegare år. Statens utgifter til tinglysing og matrikkel er samla sett om lag 30 mill. kroner høgare enn inntektene for 2023.

Kommunal- og distriktsdepartementet kjem til å revidere strukturen for tinglysingsgebyr i eiga forskrift til 1. januar 2024.

Post 02 Sal og abonnement m.m.

På posten blir det ført inntekter frå ulike sal og abonnement i Kartverket. Inntektene er i hovudsak knytte til sal av posisjonstenester, mellom anna CPOS, og sal av geodata. I tillegg kjem inntekter knytte til internasjonalt arbeid, betaling for

delar av Kartverkets arbeid med formidling av elektroniske sjøkart (PRIMAR) og diverse andre sjøprodukt. I 2022 vart Noreg det andre landet i verda til å selje digitale sjøkart (ENCAR) etter standarden S-102, som gir brukarane detaljerte terengmodellar under vatn frå 15 hamner.

Posten blir foreslått auka med 21,4 mill. kroner som følge av auka inntekter. Auka inntekter i ei rekke av dei pågåande prosjekta er finansiert med eksterne inntekter, deriblant inntekter i PRIMAR som skal dekke auka innsats frå ECC.

Samla blir det foreslått å løyve 149,1 mill. kroner.

Post 03 Samfinansiering

På posten blir det ført inntekter knytte til tidsavgrensa prosjekt som skal samfinansierast. Inntektene frå samfinansiering kjem frå statsetatar, kommunar og private aktørar. Dette er hovudsakeleg kartleggingsprosjekt, der Kartverket leiar arbeidet og i nokre tilfelle òg utfører arbeidet sjølv. Inntektene er mellom anna knytte til Geovekst, vedlikehald av Felles kartdatabase (FKB) og omløpsfotografering.

Det blir foreslått ein auke på 17,4 mill. kroner, mellom anna knytt til større deltaking i Geovekst-samarbeid.

Samla blir det foreslått å løyve 204,4 mill. kroner.

Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
85	Utbytte	5 107		3 000
	Sum kap. 5635	5 107		3 000

Post 85 Utbytte

Departementet tok over eigarstyringa av Electronic Chart Centre (ECC) frå 1. januar 2022. Selskapet låg tidlegare under Nærings- og fiskeridepartementet. Hovudaktiviteten til selskapet er distribusjon av elektroniske sjøkart (ENCAR) for det internasjonale PRIMAR-samarbeidet som Kartverket er operatør for. Frå 2022 har ECC eit sektorpolitisk mål om sjøsikkerheit.

I 2022 vart det utbetalt 5,1 mill. kroner i utbytte. Utbytte utbetalt i 2023 vart på nærare 5,4 mill. kroner, noko høgare enn anslaget som vart lagt til grunn i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Framover vil ECC måtte prioritere midlar til vedlikehald og oppgradering av eksisterande løysingar.

Det blir foreslått 3 mill. kroner i anslått utbytte i 2024. Endeleg utbytte blir avklart etter at selskaps årsregnskap for 2023 er kjend.

Del III
Omtale av særlege tema

6 Samfunnssikkerheit og beredskap

Regjeringa arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit. Føringsane som er gitt i Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerheit i en usikker verden*, Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – mobil-, bredbånds- og internettjenester*, Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn – samfunnssikkerheit*, Meld. St. 38 (2016–2017) *IKT-sikkerheit – Et felles ansvar*, Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge – IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*, Meld. St. 21 (2012–2013) *Terrorberedskap* og Meld. St. 29 (2011–2012) *Samfunnssikkerheit og Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerheit*, er utgangspunktet for Kommunal- og distriktsdepartementet sitt arbeid med samfunnssikkerheit. Hovudmålet er:

- Kommunal- og distriktsdepartementet sitt arbeid med samfunnssikkerheit styrkjer evna til å førebygge og handtere alvorlege hendingar innanfor departementet sitt ansvarsområde.

Kommunal- og distriktsdepartementet prioriterer arbeidet med å halde ved like og utvikle evna til å handtere kriser i eiga verksemd og i sektorane. I tillegg prioriterer departementet:

- arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar
- å lære av øvingar og hendingar, kontinuitetsplanlegging og oppfølging av tilsyn
- å styrkje samordninga internt i departementet, med verksemder i sektorane og med andre departement
- å vidareutvikle arbeidet med grunnleggjande nasjonale funksjonar.

Departementet har eit mangfaldig og komplekst sektoransvar. Under gir vi ein nærare omtale av ansvarsområde som har særleg betydning for samfunnssikkerheit, og av mål, prioriteringar og tiltak.

Elektronisk kommunikasjon (ekom)

Elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester, til dømes mobil-, breibandnett og datasenter, utgjer ein digital grunnmur for det norske samfunnet. Denne infrastrukturen som ber digitale tenester er i dag avgjerande for det norske samfunnet, og stadig fleire kritiske tenester blir digitalisert.

Elektronisk kommunikasjon er definert som ein kritisk samfunnsfunksjon. Kommunal- og distriktsdepartementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit forvaltar og utviklar ekompolitikken. Det overordna målet for området er:

- Eit likeverdig tilbod av sikre elektroniske kommunikasjonsstenester av høg kvalitet og til rimelege prisar over heile landet.

I samarbeid med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og tilbydarane, arbeider departementet med å identifisere og redusere sårbarheiter, handtere hendingar og sørgje for tilstrekkeleg beredskap. Regjeringa støttar opp om auka sikkerheit og beredskap i nett og tenester gjennom fleire tiltak:

- Forsterka ekom blir innført for fleire sårbare kommunar. Mellom anna blir mobilnetta styrkt med tre døgn reservestraum som førebygger mot utfall ved langvarige straumbrot. Styrkinga gjeld for alle tre mobilnetta (Ice, Telenor og Telia).
- Tilskot til drift av Nødvarsel over mobilnetta og fortifikatorisk sikring for ekomnett.
- Vidareføring av arbeidet for styrkt samarbeid mellom ekomsektoren og kraftsektoren i 2024, mellom anna for å sikre raskare gjenoppretting ved straumbrot som rammar viktige lokasjonar for ekomnetta.

Nasjonale kommunikasjonsmyndigheit er ei utøvande tilsyns- og forvaltningsmyndigheit underlagt Kommunal- og distriktsdepartementet. Vidareføring og vidareutvikling av tilsyn er eit sentralt verkemiddel i samfunnssikkerheitsarbeidet. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit bidrar gjennom det digitale resposmiljøet for ekomsektoren, EkomCERT, til auka samfunnssikkerheit og beredskap. EkomCERT innhentar, samanstillar og analyserer sikkerheitsrelatert informasjon, koordinerer og handterer cyberhendingar og utarbeider situasjonsbilete. I 2023 har departementet helde fram arbeidet med Strategisk sikkerhetsforum for elektronisk kommunikasjon, ein samarbeidsarena for diskusjon og erfaringsutveksling mellom myndigheiter og tilbydarar på strategisk nivå. Det blir gjennomført ei øving for ekomsektoren i dette forumet

hausten 2023. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet inviterer utvalde ekomtilbydarar og Nasjonalt tryggingorgan (NSM), Politiets tryggleiksteneste (PST) og Etterretningstenesta til regelmessige møter i Ekomsikkerhetsforum. Her utvekslast mellom anna informasjon slik at tilbydarane har eit godt grunnlag for å vareta ansvaret for forsvarleg sikkerheit og beredskap i sine nett og tenester.

Departementet har identifisert enkelte funksjonar innanfor ekomsektoren som grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF-ar) etter sikkerheitslova, fordi eit heilt eller delvis bortfall av desse funksjonane vil påverke staten si evne til å ta vare på nasjonale tryggingssinteresser. Det er identifisert tre GNF-ar innanfor elektronisk kommunikasjon: Evne til å vareta talekommunikasjonstenester basert på norsk nummerplan, evne til å vareta tekstbaserte meldingstenester basert på norsk nummerplan og evne til å vareta grunnleggjande internett-tilgang. Evna til å halde ved lag elektroniske kommunikasjonstenester omfattar å sikre tilgjengelegheit, integritet og konfidensialitet. I tillegg er det identifisert ein førebels GNF innanfor datasentertener: Evne til å vareta data-lagring og prosesseringskapasitet. Det er gitt eit oppdrag til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit om å hjelpe departementet i den endelege utforminga og fastsettinga av GNF for datasentertener. Dei fleste digitale tenester køyrast ved hjelp av datasenter, slik at datasentertener er sentrale for digital innovasjon og utvikling både i det offentlege og i næringslivet.

For ekomsektoren er departementet godt i gang med utpeiking av skjermingsverdige objekt og infrastruktur og klassifisering av desse. Implementering og vidare oppfølging av sikkerheitslova er eit kontinuerleg arbeid, som blir gjort i nært samarbeid mellom tilbydarane som er underlagd lova, departementet og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Departementet vurderer jamleg om nye verksemder skal underleggast lova. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er tilsynsorgan for ekomsektoren etter sikkerheitslova og har inngått ei samarbeidsavtale med NSM.

Satellittbasert kommunikasjon

Satellittbasert navigasjon og kommunikasjon er definert som ein kritisk samfunnsfunksjon. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvar for kommunikasjonsdelen, medan Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for det som omfattar navigasjon. Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar regelverk for satellittbaserte kommunikasjonstenester, mellom anna ekomlova, satellittinn-

meldingsforskrifta, fribruksforskrifta og dei såkalla jordstasjonsforskriftene. I tillegg deltar departementet i Romutvalet og Romtryggleiksutvalet nedsett av Nærings- og fiskeridepartementet, som er ansvarleg for norsk rompolitikk og som jobbar med å få på plass ei ny romlov. Den nye romlova vil gi ei ny og utvida regulering av dette feltet.

Satellittbasert kommunikasjon er identifisert som ein GNF i samsvar med sikkerheitslova. Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i oppdrag å utarbeide ei innstilling til departementet om korleis denne GNF-en bør følgjast nærare opp. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vart mellom anna bedt om å identifisere viktigheita av satellittbasert kommunikasjon, samt vurdere det nærare innhaldet i GNF-en. Dette inneber mellom anna å identifisere aktuelle aktørar som bør vurderast underlagt lova, og kartlegge aktuelle objekt og infrastruktur som bør vurderast utpeikt som skjermingsverdige. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har levert innstillinga si til departementet. Departementet vil fatte dei nødvendige vedtaka med heimel i sikkerheitslova overfor verksemder som har avgjerande betydning for satellittbasert kommunikasjon. Ut over dette har departementet handtert enkeltsaker knytt til forskrift i sikkerheitslova.

Satellittområdet er prega av omfattande internasjonal verksemd. Samstundes skjer det endringar på området, med lågbanesatellittar som i aukande grad kan utgjere eit alternativ til og konkurrere med landbasert elektronisk kommunikasjon. Arbeidet med samfunnssikkerheit for satellittbasert kommunikasjon må derfor sjåast i samheng med arbeidet med elektronisk kommunikasjon.

IKT-tenester til departementa

Departementa har ei viktig rolle i den nasjonale handteringa av kriser og uønska hendingar. Dei er derfor ein del av den kritiske samfunnsfunksjonens styring og kriseleing. Departementa si verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit er òg peika ut som ein grunnleggjande nasjonal funksjon etter sikkerheitslova. For å vareta sin funksjon, er departementa avhengige av ein del understøttande funksjonar, mellom anna IKT. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for å levere IKT-tenester til tolv departement og DSS. Det overordna målet for området er:

- Sikre og robuste IKT-system som understøttar departementsfunksjonen.

Kommunal- og distriktsdepartementet prioriterer leveranse av fellestenester som IKT og sak- og

arkivsystem til departementa. Departementet vil kontinuerleg forbetre sikkerheita og robustheita i IKT-systema, mellom anna gjennom responsmiljøet i DSS CERT. Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider med innføring av eit nytt felles arkivsystem for Statsministerens kontor, departementa og DSS.

Objekt- og infrastrukturens sikkerheit for departementsbygningane

Departementa treng sikre og funksjonelle arbeidslokale for å vareta sin kritiske samfunnsfunksjon og grunnleggjande nasjonale funksjon. Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for arbeidet med forebyggjande objekt- og infrastrukturens sikkerheit knytt til felles bygningsmasse, fellesområde og utandørsområde i regjeringskvartalet og i departementsbygningar utanfor regjeringskvartalet. Ansvaret gjeld ikkje lokala til Statsministerens kontor og Forsvarsdepartementet på Akershus festning. Departementet sitt ansvar for objekt- og infrastrukturens sikkerheit for departementsbygningane er avgrensa til felles grunnsikring samt nødvendig samordning og instruksutvikling for å vareta felles grunnsikring, jf. *Instruks for arbeidet med forebyggjande objekt- og infrastrukturens sikkerheit for departementsbygningane*. Det overordna målet for området er:

- Forsvarleg sikkerheitsnivå for departementsbygningane som skjermingsverdige objekt.

Departementet legg til grunn ei risikobasert tilnærming når det gjeld vurdering og prioritering av eventuelle behov for komplettering og justering av sikkerheitstiltaka i felles grunnsikring, med mål om godt sikra departementsbygningar fram til nytt regjeringskvartal kan nyttast.

Departementsbygningane er skadevurdert, klassifisert og meldt inn til Nasjonal tryggleiksmyndigheit som skjermingsverdige objekt etter sikkerheitslova § 7-1.

Valgjennomføring

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for valgjennomføringa. Det inneber ansvar for regelverket, mellom anna vallova med tilhøyrande forskrifter, føresegnene i samelova som gjeld val til Sametinget, forskrift om val til Sametinget og etatsstyransvar for Valdirektoratet. Gjennomføring av frie, direkte og hemmelege val til Stortinget, kommunestyre, fylkesting og Sametinget er meldt inn som ein GNF ettersom heilt eller delvis bortfall vil få konsekvensar for sta-

ten si evne til å vareta den nasjonale sikkerheitsinteressa demokratisk styreform. GNF-en avgrensar seg til sjølve gjennomføringa av vala, og inkluderer ikkje eventuelle påverknadsoperasjonar av det offentlege ordsiftet eller liknande. Det overordna målet for området er:

- Korrekt og sikker valgjennomføring med tillit i befolkninga.

Valgjennomføring har ein avgjerande funksjon i vårt demokratiske samfunn og styresett. Departementet har sidan Valdirektoratet vart oppretta i 2016, utvikla eit tett samarbeid rundt sikkerheit og beredskap, mellom anna gjennom risiko- og sårbarheitsvurderingar og rutinemessige beredskaps- og kriseøvingar. Høgt prioritert er tiltak for kontinuerleg å gjere det elektroniske valadministrasjonssystemet (EVA) sikrere og meir robust.

Digitale fellesløysingar

Nasjonale digitale fellesløysingar er byggeklossar som blir brukte i eit felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling. Fleire av fellesløysingane og systema som bruker dei, er viktige for at samfunnet skal fungere og er knytte til den kritiske samfunnsfunksjonen digital sikkerheit i sivil sektor. Kommunal- og distriktsdepartementet har etatsstyringsansvar for Digitaliseringsdirektoratet, som forvaltar ei rekke fellesløysingar, mellom anna ID-porten og Altinn. Det overordna målet for området er:

- Offentleg sektor har sikre, stabile og tilgjengelege digitale fellesløysingar.

Sentrale tiltak er å modernisere den digitale grunnmuren. Dette vil mellom anna redusere risiko og sårbarheit i digitale fellesløysingar som Digitaliseringsdirektoratet har ansvar for å drifte og forvalte. Kommunal- og distriktsdepartementet har utover dette eit koordineringsansvar for alle dei nasjonale fellesløysingane. Ansvaret for drifta av andre offentlege fellesløysingar er fordelt på mange aktørar, og styringa av dei statlege løysingane følgjer sektoransvaret og linjestyringa. For å få til betre samhandling har etatane som har ansvar for fellesløysingane gått saman om å etablere eit eige utval for koordinering av beredskapsplanlegging og prosessar knytt til hendingar innanfor dei samfunnskritiske fellesløysingane for offentlig sektor. Koordineringsutvalet varetar behovet for sektorvis responsmiljø (SRM) på minimumsnivå, og verksemdene held i parallell fram med å ha fast kontakt med NSM/Nasjonalt cybersikkerhetssenter.

Kart- og geodata

Kommunal- og distriktsdepartementet har det overordna ansvaret for nasjonal kart- og geodapolitikk og ansvar for etatsstyring av Kartverket. Kartverket opererer i eit samansett teknologisk økosystem for slike data, men har ei heilt sentral rolle som mellom anna nasjonal geodatakoordinator og myndigheit for matrikkel og tinglysing. Kartverket har mange roller som er viktige for samfunnssikkerheit, mellom anna leveranse av geografisk informasjon til nødetatar og kriseleiing for den kritiske samfunnsfunksjonen styring og kriseleiing. Vidare er det Kartverket som står for oppmåling av Norskekysten, eit arbeid der samfunnssikkerheit alltid vil vere høgt prioritert. Det overordna målet for området er:

- Å vere i stand til å levere geografisk informasjon til samfunnet.

Kartverket har i 2022 fullført arbeid med ein nasjonal digital høgdemodell, som er eit viktig verktøy for å kunne lage faresonekart for mellom anna skred, ras og flaum. Til havs er no 40 pst. av fastlandskysten oppmålt med moderne målemetodar. Sidan invasjonen i Ukraina har etaten støtta Forsvaret med ei rekke oppgåver. Dette vil fortsetje å vere ei sentral oppgåve i 2023 og 2024.

Plan- og bygningspolitikk

Kommunal- og distriktsdepartementet forvaltar plan- og bygningslova og er fagstyresmakt for areal- og samfunnsplanlegging og bygningspolitikk. Plan- og bygningslova skal mellom anna fremje berekraftig og trygg arealbruk og forsvarleg byggkvalitet. Lova legg rammer for korleis mellom anna naturfarar og klimaendringar skal handterast ved arealplanlegging og byggesaksbehandling. Klimaendringane er i aukande grad ei utfordring for samfunnssikkerheita, fordi endringane blir stadig sterkare, og dermed aukar risikoen for at hendingar utløyst av naturen kan true liv og helse, materielle verdiar og sentrale samfunnsfunksjonar. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å ta omsyn til klimaendringar. Gjennom arealplanlegging kan utbygging bli styrt vekk frå område som er utsett for verknader av klimaendringar, og slik kan ein unngå eller avgrense risiko, sårbarheit og ulemper som følgje av endringar i klimaet. Det er kommunane som har ansvaret for å ta omsyn til sikkerheit mot mellom anna naturskade og klimaendringar, gjennom arealplanlegging og ved behandling av byggesaker. Statsforvaltaren føl-

gjer opp planarbeidet til fylkeskommunen og kommunen innanfor samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit, mellom anna ved å fremje motsegn der omsynet ikkje i tilstrekkeleg grad er vareteke i planforslag. Det overordna målet for området er:

- Arealplan og byggesak skal legge til rette for sikre og berekraftige bygg, bidra til å redusere klimagassutslepp, bidra til at samfunnet blir tilpassa eit endra klima og verne om dyrka mark.

Departementet sitt viktigaste tiltak for å nå målet er å utvikle, forvalte og informere om regelverket i plan- og bygningslova med forskrifter. Gjennom ansvaret for plan- og bygningspolitikken har departementet eit rettleiingsansvar overfor regionale og kommunale plan- og bygningsstyresmakter. Rettleiinga skal medverke til at desse, på best mogleg måte gjennom planlegging og byggesaksbehandling, kan treffe avgjerder ut frå regional og lokal kunnskap for å førebygge at naturskapte hendingar får store konsekvensar.

Departementet prioriterer òg å fremje og vidareutvikle kunnskap om potensielle fareområde og effektar av klimaendringar. Arbeidet blir gjort i samarbeid med andre departement og underliggande etatar. Dette skal bidra til at kommunal og regional planlegging, byggesaksbehandling og bustad- og bygningssektoren tek høgde for naturfarar og framtidige klimaendringar, og legge til rette for berekraftige lokalsamfunn og bygg.

Eit viktig bidrag er arbeidet med å etablere ein detaljert høgdemodell for heile landet som vil gi betre grunnlag for konsekvensutgreiingar og risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til flaum- og rasfare. Den første komplette høgdemodellen over heile Noreg vart ferdigstilt hausten 2022, men Gjerdrumutvalets NOU 2022: 3 *På trygg grunn — Bedre håndtering av kvikkleirerisiko* viser at det vil vere nødvendig å gjere jamlege laser-skanningar av utsette område for å sjå kor i landskapet det skjer endringar. Modellen gir kommunar og statsetatar eit godt datagrunnlag for å berekne mellom anna ras- og skredfare eller modellere overvatn. I april 2023 sette regjeringa ned ei arbeidsgruppe som mellom anna skal vurdere om krava til sikkerheit mot naturskadar er på rett nivå, om ein kan opne for organisatoriske sikringstiltak og korleis krava i større grad kan ta omsyn til framtidige klimaendringar. Arbeidet vil bidra til at det i større grad er mogleg å ta heile landet i bruk, på ein sikker måte. Arbeidsgruppa skal levere sine forslag til departementet i 2024.

Frå 1. januar 2024 trer nye reglar om handtering av overvatn i plan- og bygningslova i kraft.

Nye reglar gir kommunane betre verkemiddel for å handtere utfordringar knytt til overvatn. Endringane vil gi kommunane heimlar for å kunne krevje at private gjennomfører tiltak for overvatn, både ved nybygging og på eigedommar som er heilt eller delvis utbygde.

Riksrevisjonen har gjennom ein rapport frå mars 2022 undersøkt styresmaktene sitt arbeid med å tilpasse infrastruktur og bygningar til eit klima i endring. Riksrevisjonen avdekte fleire område kor omsynet til framtidige klimaendringar i arealplan- og beredskapsarbeid kan forbe- trast, både på lokalt og nasjonalt nivå. Vidare til- rår Riksrevisjonen mellom anna at samordninga mellom departementa blir styrka og at det blir utarbeidd ein ny plan på tvers av sektorar for å sikre tilstrekkeleg tilpassing av samfunnet for å møte klimaendringane. Som eit ledd i oppføl- ginga av Riksrevisjonen si undersøking, har Kommunal- og distriktsdepartementet delteke i arbeidet med Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn*, som vart lagd fram av Klima- og miljødeparte- mentet i juni 2023. Tiltak frå departementet som er omtalt i stortingsmeldinga, er mellom anna å vurdere krav til oppdatering av arealplanar ved ny kunnskap om naturfare, og vurdere å fastsetje forskrift til plan- og bygningslova § 4-3 om krav til ROS-analyse.

Gjerdrumutvalet foreslo fleire endringar i utgreiinga om korleis kvikkleirerisiko i Noreg kan handterast. Endringsforslaga er mellom anna meir og betre kartlegging, tydeleggjering av ansvarsfordeling, meir rettleiing til kommunane og fleire og betre sikringstiltak. I ei ny stortings- melding om flaum og skred, som regjeringa etter planen vil legge fram våren 2024, vil tilrådingar og vurderingar frå Gjerdrumutvalet bli vurderte for vidare oppfølging. Departementet deltek i arbei- det med stortingsmeldinga, som blir leia av Olje- og energidepartementet.

Kommunal- og distriktsdepartementet sende våren 2023 eit forslag om pliktig innmelding av geo- tekniske grunnundersøkingar og naturfareutgrei- ingar til offentlege register på høyring. Departe- mentet foreslår ein ny paragraf i plan- og bygnings- lova som set krav til innmelding av grunnundersø- kingar og naturfareutgreiingar. Forslaget følgjer opp ei av tilrådingane frå Gjerdrumutvalet for å forebygge kvikkleireskred, og vil gi betre kunn- skap om grunnforhold og naturfarar.

Det er viktig å legge til rette for auka sjølvforsy- ning og matproduksjon i Noreg. I samband med behandlinga av jordbruksoppgjeret for 2023, uttala Næringskomiteen i Innst. 487 S (2022–2023) at

«Komiteen understreker at man trenger mer, og ikke mindre norsk matproduksjon, og at det er viktig å øke selvforsyningen basert på norske ressurser. Komiteen viser til at Norge er ett av landene i Europa med svakest selvforsyning av jordbruksvarer, og viser òg til Totalberedskapskommisjonens rapport av 5. juni 2023 (NOU 2023: 17), der manglende matberedskap er viet stor oppmerksomhet.» Stortinget bad vidare i eit oppmodingsvedtak om at regjeringa, i dialog med faglaga, legg fram ein strategi for auka sjølvforsyning og trygg mat- produksjon basert på norske ressursar. Hovudans- varet for oppfølging av dette ligg til Landbruks- og matdepartementet, men fleire viktige verkemiddel og verktøy for oppfølging av dette ligg òg i Kommu- nal- og distriktsdepartementet.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, som vart vedtekne ved kongeleg resolusjon av 20. juni 2023, blir det slått fast at planlegginga må bidra til å legge til rette for at vi kan produsere så mykje mat som mogleg i vårt eige land. Noreg har lite dyrka mark grunna topografi og klima, og kornarealet per innbyggjar er lågare enn gjennomsnittet i Europa. Av omsyn til beredskap og moglegheitene for matproduk- sjon, er det nødvendig å ta vare på jordressursane over heile landet. I forventningsdokumentet er det slått fast at det er viktig at fylkeskommunane og kommunane følgjer opp den nasjonale jord- vernstrategien, slik at utbyggingsbehov blir betre balansert mot det langsiktige omsynet til innan- lands matproduksjon. Særleg i pressområde er det viktig å praktisere eit strengt jordvern for å hindre at viktige jordbruksareal blir bygde ned. I spreiddbygde område er det i tillegg viktig å legge til rette for utvikling i bygdene og generasjons- skifte i jordbruket, slik at ein sikrar grunnlaget for busetjing og jordbruksproduksjon. Målet er eit busetjingsmønster og tenestetilbod som gjer det attraktivt å bu i bygdene i ulike livsfasar, særleg når unge skal etablere seg. For å halde norsk mat- produksjon ved lag, er det viktig å syte for buset- jing i tilknytning til landbruksareal, og som bidrar til at neste generasjon driv jorda vidare. Det kan til dømes gjerast ved å setje av aktuelle område til spreidd bustadbygging i arealdelen i kommune- planen.

Dei beste jordbruksareala ligg ofte der utbyg- gingspresset er størst. Ein effektiv arealbruk med god utnytting av areal som alt er bygd på, vil kunne bidra til å redusere behovet for å bygge ned dyrka jord. Ved revisjon av arealdelen i kom- muneplanen, er det viktig å vurdere om areal som tidlegare har blitt sett av til føremål som inneber omdisponering av dyrka jord, men som enno ikkje

er utbygd, skal tilbakeførast til landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsføremål. Samstundes skal kommunane ha tilstrekkeleg med handlingsrom slik at avgjerslene blir tatt ut frå lokalkunnskap og blir tilpassa lokale og regionale forhold.

I samband med jordbruksoppgjøret i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppjøret 2023 m.m.)* legg regjeringa opp til at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal vere nådd innan 2030. Det overordna målet for området er:

- Omdisponeringa av dyrka jord skal reduserast, og arealplanlegginga skal bidra til å nå målet om redusert omdisponering av matjord i samsvar med ny jordvernstrategi frå 2023.

Informasjonssikkerheit i forvaltninga

Kommunal- og distriktsdepartementet har eit samordningsansvar for arbeidet med ei styrkt og meir heilskapleg tilnærming til informasjonssikkerheit i forvaltninga. Digitalisering av forvaltninga gir nye moglegheiter og fremma effektivitet, men skaper òg nye bindingar og sårbarheiter. Styrkt kompetanse og systematisk arbeid med informasjonssikkerheit er viktig for å motverke dei digitale sårbarheitene. Vidare utvikling av kompetanse- og rettleiingsmaterieil er prioriterte tiltak i dette arbeidet, i tillegg til arbeidet med å auke frekvensen av øvingar innan IKT-sikkerheit i verksemdene. Departementet prioriterer å vidareføre Nettverk for informasjonstryggleik (NIFS), som blir forvalta av Digitaliseringsdirektoratet.

For å styrkje informasjonssikkerheita i kommunane, jobbar Kommunal- og distriktsdepartementet med å få etablert eit eige responsmiljø for kommunesektoren – KommuneCERT.

Statsforvaltarens fellestenester

Statsforvaltarens fellestenester (STAF) leverer fellestenester som støttar opp om statsforvaltaren si verksemd, og skal legge til rette for at statsforvaltaren kan utøve samordningsrolla si i kriser.

Den teknologiske utviklinga og trusselbiletet krev stadig meir av STAF. Som ansvarleg for å levere stabile tenester og sikre store mengder samfunnskritisk informasjon må STAF halde følge med denne utviklinga. Ny teknologi skapar nye behov og nye moglegheiter for samhandling og saksbehandling, samtidig som cyberangrep blir meir sofistikerte. STAF må ha kompetanse både til å utnytte potensialet i ny teknologi og til å avverje og handtere uønskte hendingar.

Nærvær i nord

Nordområda er regjeringa sitt viktigaste strategiske satsingsområde. Kommunal- og distriktsdepartementet har eit koordinerande ansvar for nordområdepolitikken. Busetting og aktivitet i Nord-Noreg er ein føresetnad for å hevde Noregs interesser i nordområda. Med Russlands åtakskrig i Ukraina er det viktigare enn nokon gong med ein ny og forsterka innsats i nord, og regjeringa er oppteken av at Nord-Noreg skal vere ein god stad å bu, leve og arbeide.

7 Klima- og miljørelevante saker

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk bygger på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at ein kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla. For omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementets fagproposisjon.

Fleire viktige verkemiddel og verktøy for å ta omsyn til klima og miljø ligg i Kommunal- og distriktsdepartementet. Departementet har mellom anna ansvar for plan- og bygningslova, bygg og eigedom i statleg sivil sektor, samelova, arbeid med berekraftsmåla, kommuneøkonomi, lokalforvaltning, regional- og distriktpolitikken og det administrative ansvaret for statsforvaltarane. Gjennom vidareutvikling av desse verkemidla arbeider Kommunal- og distriktsdepartementet, i samarbeid med andre departement, for ein heilskapleg og effektiv klima- og miljøpolitikk.

Areal- og samfunnsplanlegging

Areal- og samfunnsplanlegginga legg rammene for bruk av areala i Noreg, og har gjennom det stor innverknad på korleis naturen blir varetatt og kor mykje klimagassar som blir sleppte ut. Som planstyresmakt har kommunane ei viktig rolle i å bidra til at Noreg når dei nasjonale natur- og klimamåla, samstundes som ulike sektorar, oppgåver og interesser blir sett i samanheng.

Nye utbyggingar av næring, bustader, fritidsbustader og infrastruktur kan føre til inngrep i naturen. Mellom omsyna som må bli tatt i arealplanlegginga, er verknaden av foreslått arealbruk på naturmangfald, landskap, jordvern, friluftslivsinteresser og for samisk natur- og kulturgrunnlag. I regionale planar, kommuneplanar og reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal verknader for miljø og samfunn konsekvensutgreiast i tråd med regelverket om konsekvensutgreiingar. Der planane får følgjer for naturmangfald eller vassmiljø, skal dei òg vurderast etter naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Areal- og samfunnsplanlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova kan vere med på å avgrense utslepp av klimagassar frå

transport, arealbruksendringar, bygg og energibruk. Planar etter plan- og bygningslova skal ta klimaomsyn. Regjeringa arbeider med å vidareutvikle rettleiing og verktøy for å bidra til at klimaomsynet blir ivareteke. Meir omtale av dette går fram av regjeringa sin klimastatus og -plan som er vedlagd Klima- og miljødepartementet sin fagproposisjon.

Regjeringa la i juni 2023 fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dokumentet gir kommunane og fylkeskommunane oversikt over dei viktigaste føringane frå staten, og skal følgjast opp i all planlegging etter plan- og bygningslova. I dokumentet legg regjeringa mellom anna vekt på at planlegginga skal bygge opp under berekraftsmåla og dei nasjonale klima- og miljømåla. Grøn omstilling, jordvern og samfunnssikkerheit og beredskap er òg framheva som viktige tema. Det er lagt vekt på at planlegginga skal tilpassast regionale og lokale forhold. Dei konkrete føringane for korleis klima skal varetakast i planar, går mellom anna fram av statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Miljødirektoratet har på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet og Klima- og miljødepartementet evaluert dei statlege planretningslinjene og kome med forslag til endringar som no er til vurdering i departementa.

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging er det ei forventning om at sykling og gåing og kollektivtrafikk blir prioritert i byar og tettstader gjennom planlegging av heilskapleg infrastruktur som er samanhengande, tilgjengeleg, attraktiv og trygg. I arbeidet med byvekstavtalar i dei store byane skal hovudtyngda av vekst i bustadar og arbeidsplassar kome i eller i nærleiken av større knutepunkt for å bygge opp under nullvekstmålet, med dei tilpassingar som følgjer av den enkelte avtala.

Som ei oppfølging av Hurdalsplattforma har det vore gjennomført ei evaluering av dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Målet er ein politikk tilpassa regionale og lokale forhold, og at det kan leggjast til rette for ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketa-

let. Planretningslinjene skal òg bidra til å unngå nedbygging av dyrka mark. Evalueringa av planretningslinjene låg føre hausten 2022. Regjeringa vil fornye dei statlege planretningslinjene, slik at dei betre speglar desse omsyna.

Arealplanlegginga er òg avgjerande for å førebygge framtidige skadar forårsaka av klimaendringar. Planstyresmakta må ta klimaomsyn gjennom tilpassing til framtidige klimaendringar, og legge dei høge klimaframskivingane til grunn når dei vurderer korleis eit planområde vil bli påverka av framtidige klimaendringar.

Kommunal- og distriktsdepartementet arbeidar målretta med å forbetre rettleiinga for å styrkje planlegginga i kommunane. Rettleiingsarbeidet gjeld alle deler av planlegginga, med vekt på heilskapleg og berekraftig arealplanlegging der òg omsyn til miljø og klima blir varetatt.

For å styrkje klima- og miljøomsynet i planlegginga, vil regjeringa betre kompetansen og praktiseringa av regelverk om konsekvensutgreiingar. Kommunal- og distriktsdepartementet held mellom anna kurs om konsekvensutgreiingar i samarbeid med KS og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU), retta mot kommunane. Saman med Klima- og miljødepartementet vurderer Kommunal- og distriktsdepartementet å sette i gang eit arbeid med å revidere forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Vidare har departementet sett i gang eit prosjekt som skal legge grunnlaget for felles metodikk for bruk av arealrekneskap i kommuneplanprosessar, som òg omfattar tema som natur og klima og lettare tilgang til relevante data om arealutvikling. I samarbeid med kommunar og fylkeskommunar blir arealrekneskap prøvd ut i reelle planprosessar, og det blir utvikla rettleiingsmateriell.

Strandsona langs sjøen og langs vatn og vassdrag er viktig for naturmangfald, friluftsliv, næringsliv og busetnad. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen vart reviderte i 2021. I delar av landet er strandsona langs sjøen under stort utbyggingspress, samtidig som store delar av strandsona er lite tilgjengeleg. Her må det førstast ein restriktiv praksis når det gjeld ny utbygging. Arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag vurderast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det blir lagt til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona. Arealbruken må i størst mogleg grad avklarast gjennom planlegging, og ikkje gjennom dispensasjonar.

Betre planlegging i kystnære sjøområde er òg eit tema som blir følgt tett opp. Sjølv om det har blitt utarbeidd rundskriv og rettleiar om planlegging i sjø, er det nødvendig å sjå vidare på arbeidsdelinga mellom arealplanar og behandling etter sektorlover. Departementet har i 2023 fått utarbeidd og publisert ein rapport om bruk av kunnskapsgrunnlaget, konsekvensutgreiingar og planforskrifter som blir følgde opp hausten 2023.

Kommunal- og distriktsdepartementet samarbeider med Klima- og miljødepartementet om plan- og bygningslova som verkemiddel for å ta vare på naturmangfald og oppfølging av dei regionale planane for villrein fjella. Villreinen er ein viktig del av norsk natur og kultur. Nesten heile den europeiske bestanden lever i Noreg, og vi har derfor eit særleg forvaltingsansvar. Klassifiseringar i 2022 etter kvalitetsnorm for villrein viser at tilstanden for villreinen er dårleg i alle kartlagde villreinområde. Kommunal- og distriktsdepartementet bidrar i arbeidet med ei melding til Stortinget om villrein og tiltaksplanar for å betre situasjonen. Det er òg samarbeid om oppfølging av naturavtalen og ny melding til Stortinget om natur, oppfølging av heilskapleg tiltaksplan for Oslofjorden og regionale planar etter vassforskrifta.

God planlegging er nøkkelen til berekraftig bruk og vern av fjell- og utmarksområda. Fritidsbustader og reiseliv er viktig for verdiskaping og økonomisk berekraft i mange distriktskommunar, men kan òg kome i konflikt med eksisterande næringar som reindrift og landbruk. Fleire stader gir omfattande hyttebygging også negative konsekvensar for friluftsliv, landskap og naturmangfald. Gjennom god planlegging kan fritidsbustad bli vurdert i eit regionalt perspektiv, og arealbeslaget avgrensast. Ny utbygging bør skje i tilknytning til eksisterande byggeområde og infrastruktur og tilpassast bygningar, landskap og terreng. Det er viktig å unngå ny, omfattande fritidsutbygging i viktige landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde og utbygging på myr. I fjellområda er det særleg viktig å ta vare på større, samanhengande område utan bygningar. Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress. Ein bør unngå ny fritidsbustad i og over skogrensa og på myr. Kommunal- og distriktsdepartementet har i 2022 utarbeidd ein ny rettleiar om planlegging av fritidsbustader. Rettleiaren klargjer prinsippa for god planlegging og vil bidra til å styrkje kommunane sin kompetanse på området. Departementet har òg fått utarbeidd ein rapport om tomtereservar for fritidsbustader i Noreg.

Rapporten viser at tomtereserven i gjeldande kommunale planar er svært stor (1 479 km²). Han viser òg kor tomtereserven ligg i høve til utvalde miljø- og samfunnstema. Rapporten er nyttig i kommunal og regional planlegging, og er eit døme på korleis ein kan få oversikt over planlagt arealbruk gjennom analysar av digitale plandata.

Bustad- og bygningspolitikk

Bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa står direkte og indirekte for ein stor del av klimagassutsleppa i Noreg, og er òg den største enkeltkjelda til avfall. Byggenæringa har eit stort potensial for å kutte utsleppa, mellom anna ved å bruke klimavenleg materiale og ombruk av byggevarer.

Bygningsregelverket skal sørge for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvenlege. Å fremje berekraftig byggeverksemd er ei prioritert oppgåve for Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Regjeringa har invitert bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa til dialog om klimapartnerskap. Å redusere dei samla utsleppa frå næringa vil mellom anna krevje fleire sirkulære løysingar, meir effektiv bruk av materialar og mindre avfall, og dialogen om klimapartnerskap skal synleggjere korleis ulike aktørar må bidra for å lykkast med dette.

DiBK har sekretariatsfunksjonen til Samordningsrådet for digitalisering. Føremålet med rådet er å legge til rette for effektive prosjekterings- og byggeprosessar, berekraftig forbruk, ombruk og digitalisering. Rådet skal arbeide for at bygg- og anleggsnæringa har god flyt av digitale og maskinleselege varedata. Det vil gjere at ein kan lage betre klimarekneskap for bygg, gjere ombruk av byggevarer enklare og gi mindre avfall frå byggeprosessar.

Bygge- og eigedomspolitik i statleg sivil sektor

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for bygge- og eigedomspolitikken i statleg sivil

sektor. I 2021 vart strategien *Ei berekraftig, kostnadseffektiv og samordna bygg- og eigedomsforvaltning* lagt fram. Strategien inneheld fire ambisjonar om klima, miljø og energi, og den peikar på tiltak som vil bidra til å nå ambisjonane. Departementet held fram med oppfølginga av strategien.

Staten er ein stor eigedomsaktør. Statsbygg er staten sitt sentrale kompetansmiljø i sivil sektor på bygg og eigedom. Dei forvaltar ein stor del av den statlege eigedomsmassen og sørger for ei berekraftig og effektiv forvaltning av eigedomane. I byggeprosjekt og leigesaker gir dei råd til oppdragsdepartement og statlege verksemdar med behov for lokale. I byggeprosjekta gir Statsbygg råd om mellom anna lokalisering, energiløysing, miljøambisjon, ombruk av byggematerialar og arealeffektivitet. I leigesaker har Statsbygg i 2022 for første gong berekna reduksjon i nye leigeavtalar. Total energibruk er redusert med 58 pst. I tillegg vart arealbruken effektivisert med 44 pst. Arealeffektivisering bidrar til å redusere energibruken, klimagassutsleppa og utbyggingspresset.

I 2022 var klimagassutsleppa frå ferdigstilte byggeprosjekt og prosjekt under gjennomføring, med Statsbygg som byggherre, redusert med 35,5 pst. målt mot minstekrav i byggteknisk forskrift og standard materialval. 44 pst. av arealet i byggefase var planlagt BREEAM-sertifisert på nivå Excellent.

I eigedomsforvaltninga er det mykje merksemd om energieffektivitet. I 2022 etablerte Statsbygg eit digitalt mottak for spørsmål om energieffektivisering og råd om energitiltak.

Som ein stor eigedomsforvaltar har staten store verdiar bunden opp i eigedomsmassen. Statsbygg har kartlagt klimarisiko på dei eigedomane dei forvaltar. Regjeringa har starta eit arbeid for å kartlegge klimarisiko og klimatilpasse på rett nivå òg for dei eigedomane som blir forvalta av andre verksemdar i statleg sivil sektor. Klimarisiko skal òg bli vurdert før igangsetting av nye byggeprosjekt.

8 Oppfølging av berekraftsmåla i Kommunal- og distriktsdepartementet

Berekraftsmåla vart vedtatt av FN's medlemsland i 2015. Det er til saman 17 mål og 169 delmål. Måla handlar om vekst og velstand, helse og utdanning, miljø og klima, fred, sikkerheit og samarbeid. Alle land har eit ansvar for å oppfylle berekraftsmåla innan 2030. Kommunal- og distriktsdepartementet har frå 2020 ansvar for koordineringa av det nasjonale arbeidet med berekraftsmåla. I juni 2021 vart Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030* lagt fram. I juli 2021 presenterte Noreg sin andre rapport om nasjonal implementering av Agenda 2030 i FN. Departementet er òg koordinerende departement for berekraftsmål 11. Kapitlet omtaler innsatsen for å nå berekraftsmåla som er finansierte over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Delmål 4.1) Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gje dei eit relevant og reelt læringsutbytte

Romane er éin av fem nasjonale minoritetar i Noreg. Kommunal- og distriktsdepartementet finansierer skulelosordninga som blir drifta av Oslo kommune. Skulelosane følgjer opp romske elevar som bur i Oslo, Lørenskog og andre nærliggande kommunar. Skulelosane arbeider for å styrkje læringsutbyttet for elevane, redusere fråvær og auke talet på elevar som fullfører grunnopplæringa. Skulelosane hjelper mellom anna i koordineringa mellom skulen, eleven og heimen.

Delmål 5.5) Sikre kvinner fullstendig og reell deltaking og like moglegheiter til leiande stillingar på alle nivå der det blir teke avgjerder, i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet

Regjeringa arbeider kontinuerleg med å oppnå likestilling i det politiske livet og i leiande stillingar spesielt. Som eit av dei første landa i verda innførte Noreg stemmerett for kvinner og rett til å

stille til val ved kommunestyreval. Det var ein viktig milepæl for å bli eit fullverdig demokrati.

Etter lokalvalet i 2019 var delen kvinner i kommunestyra for første gang på 40 pst. og 35 pst. av ordførarane i landet er kvinner. Utviklinga går rett veg, og Noreg har kome langt òg når det gjeld å bruke dei formelle rettane i praksis. Vi er likevel ikkje i mål når det gjeld kjønnsbalanse i politiske verv i lokalpolitikken. Det er store variasjonar mellom kommunane. For å få merksemd og bli meir bevisste om dette, laga departementet eit representasjonsbarometer på regjeringa.no.¹ For å skape merksemd om kjønnsbalansen i lokaldemokratiske organ og i leiande verv i lokalpolitikken fram mot nominasjonane til lokalvalet i 2023, relanserte departementet representasjonsbarometeret 8. mars 2022. Barometeret viser kjønnsammansetninga i kommunestyre og formannskap, og om ordføraren er kvinne eller mann, i alle kommunane i landet. I tillegg viser det delen kvinnelege kandidatar som partia ga stemmetillegg på vallsistene til 2019-valet.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at ved lokalvalet i 2023 var 42 pst. av alle kandidatane kvinner, mot 43 pst. i 2019. Blant kandidatane som er gitt stemmetillegg av partiet, er 43 pst. kvinner, medan 33 pst. av kandidatane på førsteplass på listene er kvinner. Det er store variasjonar mellom partia når det gjeld representasjon av kvinner både på listene som heilskap og på dei øvste plassane med stemmetillegg.

Målet om å oppnå likestilling og sikre kvinnene si deltaking i det politiske, det økonomiske og det offentlege livet, kan sjåast i samanheng med verdiar og ansvar i den statlege arbeidsgivarpolitikken. I hovudtariffavtalane i staten, inngått mellom staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet og hovudsamanslutningane Akademikerne, LO Stat, Unio og YS Stat for perioden 2022–2024, står det i pkt. 5.8 at «Partene lokalt skal arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å

¹ Representasjonsbarometeret er tilgjengeleg på regjeringa.no: Kvinner i lokalpolitikken – 2019 – regjeringa.no.

fremme likestilling og mangfold og hindre diskriminering i henhold til likestillings- og diskrimineringsloven. De tillitsvalgte skal involveres i arbeidet med arbeidsgivers aktivitets- og redegjøringsplikt (ARP), herunder planlegging og oppfølging av likelønnskartleggingen».

I desember 2022 vart dei sentrale partane einige om ny hovudavtale i staten. I den nye hovudavtala er det gjort endringar for å sikre at avtala er i tråd med likestillings- og diskrimineringslova. Mellom anna er det i kapittel 7 Personalpolitikk i virksomhetene § 31 nr. 2 bestemt at statlege verksemdar skal regulere i tilpassingsavtala korleis dei skal samarbeide med tillitsvalde for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Eit meir formalisert samarbeid mellom partane på dette feltet vil kunne bidra til eit aktivt likestillingsarbeid i den enkelte verksemda når det gjeld alle diskrimineringsgrunnlaga, inkludert spørsmålet om kvinners deltaking og moglegheiter for å ha leiande stillingar.

Delmål 8.2 Auke den økonomiske produktiviteten gjennom diversifisering, teknologisk framgang og innovasjon, mellom anna med vekt på lønsame og arbeidsintensive sektorar

Deling av data er avgjerande for å skape eit meir berekraftig samfunn. Døme på at deling av data skapar ny næring og effektivisering, er mellom anna at vêrdata blir brukt til å planlegge shippingruter for å redusere energibruk og utslepp og til å planlegge gjødsling og førebygge utslepp frå landbruket. Betre flyt av energidata gjer det mogleg å redusere forbruk og kostnadar innan transport, industri og i hushaldningane.

Digitaliseringsdirektoratet har ei viktig oppgåve i å fremje deling og bruk av data, og gjennom det gjere det mogleg å skape nye verdiar, innovasjon og meir effektive og miljøvenlege løysingar på store samfunnsutfordringar. I samarbeid med andre aktørar utviklar og tilbyr Digitaliseringsdirektoratet kostnadseffektive digitale fellesløysingar til bruk i privat og offentleg sektor.

Departementet gir Innovasjon Noreg og Forskingsrådet i oppdrag å forvalte verkemiddel som bidrar til innovasjon, verdiskaping og omstillings-evne, gjennom samarbeid mellom verksemdar, forskingsmiljø, næringsliv og offentleg sektor. Verkemidla omfattar det nasjonale klyngeprogrammet Norwegian Innovation Clusters og Kapasitetsløft i Forskingsrådet. Sjå nærare om dei ulike ordningane under programkategoriane 13.50 og 13.00.

Delmål 8.3) Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gje dei tilgang til finansielle tenester

Departementet bidrar til næringsutvikling i regionar og distrikt gjennom innsats som er tilpassa regionale moglegheiter og utfordringar. Gjennom løyve frå departementet finansierer fylkeskommunane verkemiddel for å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Sjå nærare om dei ulike ordningane under programkategori 13.50.

Delmål 9.1 Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle

Mobil- og breibandnetta i Noreg held høg kvalitet og har god sikkerheit, og det har òg vore ei forbetring av tilknytninga til utlandet gjennom fleire alternative føringsvegar. Kommersielle investeringar er hovudgrunnlaget for utbygging i Noreg, men i nokre område er det nødvendig med statlege bidrag for å sikre utbygginga eller for å styrkje sikkerheita og beredskapen.

Regjeringa opprettheld ei offensiv satsing på breibandutbygging, og foreslår å auke tilskotnivået ytterlegare i 2024, jf. omtale under programkategori 13.40. I tillegg vidarefører regjeringa programmet for å forsterke mobilnettet i sårbare kommunar.

Regelverket på bygningsområdet (byggteknisk forskrift/TEK17 og byggesakforskrifta/SAK10) skal vere enkelt å forstå og bruke. Digitalisering av planprosessar er med på å legge til rette for meir effektive byggeprosessar. God flyt av digital data i verdikjeda er ei viktig målsetting. Gjennom digitalisering og vidareutvikling av regelverket, bidrar Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) til å omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar. DiBK har òg sekretariatsfunksjonen til Samordningsrådet for digitalisering av bygg- og anleggsnæringa. Rådet skal arbeide for at bygg- og anleggsnæringa har god flyt av digitale og maskinleselege varedata.

Delmål 9.c Auke tilgangen til informasjons- og kommunikasjonsteknologi vesentleg og arbeide for at dei minst utvikla landa får allmenn og rimeleg tilgang til internett innan 2020

Dei aller fleste i Noreg har god tilgang til kommunikasjonsteknologi.

Foreløpige tal frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit viser at 96,6 pst. av husstandane hadde tilbod om breiband på minst 100 Mbit/s per første halvår 2023. Over 90 pst. av husstandane i landet har tilbod om 5G, og dekninga er forventta å vere på nivå med 4G-dekninga i 2024. Sjølv om dekninga for breiband generelt sett er god i Noreg, er det enkelte som har for dårleg dekning. Derfor opprettheld regjeringa eit sterkt statleg bidrag til utbygging i område der det manglar kommersielt grunnlag for utbygging.

Ny teknologi, til dømes satellitt-teknologi, gjer at det er stort potensiale for auka dekning i dei minst utvikla landa. Noreg støttar arbeidet til FN-organet Den internasjonale telekommunikasjonsunion (ITU) og satellittorganisasjonane ITSO og EUTELSAT for universell og rimeleg tilgang til informasjons- og kommunikasjonsteknologi, gjennom medlemskap i desse organa.

Ei viktig oppgåve for Digitaliseringsdirektoratet er å auke bruken av og vidareutvikle det nasjonale økosystemet for digital samhandling og tenesteutvikling i forvaltninga slik at det dekker både eksisterande og nye behov.

Delmål 10.3 Sikre like moglegheiter og redusere skilnader i levekår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgjeving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet

Trygge og gode buforhold er viktig for å jamne ut forskjellar i levekår og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Den statlege bustøtta skal sikre at husstandar med låge inntekter og høge buutgifter kan bu i ein trygg og god bustad. Nærare 110 000 husstandar med låg inntekt får bustøtte kvar månad.

Regjeringa vil at fleire skal få moglegheit til å eige sin eigen bustad. Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han. Husbanken vidareformidlar startlån til kommunane, og i 2022 formidla kommunane startlån til om lag 7 900 husstandar. Barnefamiliar og per-

sonar med funksjonsnedsetjing er prioriterte grupper for startlån.

Bustøtte og startlån bidrar òg til å nå berekraftsmål 1.4 og berekraftsmål 11.1.

Rekrutteringsarbeidet i staten skal ha ei brei og inkluderande tilnærming. I Hurdalsplattforma er det tydeleg uttrykt at folk med nedsett funksjonsevne og helsemessige utfordringar skal møte eit arbeidsliv som er ope og inkluderande.

Fleire tiltak skal bidra til dette. Forskrift til stats-tilsettelova pålegg statlege verksemder å kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med nedsett funksjonsevne, og minst ein kvalifisert søkjar med frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring («hol i CV-en») til intervju. Etter forskrifta er det høve, men ikkje plikt, til å tilsetje ein søkjar med funksjonsnedsetjing eller hol i CV-en dersom vedkommande er noko nær like godt kvalifisert som den best kvalifiserte søkjaren (moderat kvotering). Etter forskrifta er det gitt høve til å tilsetje personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og som har førebels lønstilskot, i inntil to år utan offentleg utlysing. Staten har eit eige traineeprogram for personar med funksjonsnedsetjing og hol i CV-en.

Auka rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn er òg viktig i eit mangfaldsperspektiv. Det følgjer av forskrifta til statstilsettelova at statlege verksemder skal innkalle minst éin kvalifisert søkjar som er innvandrar eller som er norskfødd og der begge foreldra er utanlandsfødde til intervju.

I hovudtariffavtalane for staten for perioden 2022–2024 er det nedfelt at partane i staten vil støtte kompetansetiltak mellom anna innanfor opplæring om aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP). Dette vil kunne bidra til at statlege verksemder får eit auka medvit kring korleis ein skal jobbe med likestilling og på sikt bidra til å sikre like moglegheiter og hindre diskriminering på bakgrunn av kjønn, etnisitet, religion mv., jf. likestillings- og diskrimineringslova.

Digitaliseringsdirektoratet er ein pådrivar for å skape meir samanhengande tenester, slik at innbyggjarar og næringsliv i heile landet får eit betre tilbod og ei meir einsarta brukaroppleving. Digitaliseringsdirektoratet er òg tilsyn for universell utforming av ikt i både offentleg og privat sektor. Universell utforming gjer det mogleg for alle å delta i samfunnet på like vilkår, og er eit viktig verkemiddel for å redusere digitalt utanforskap. Departementet arbeider for auka digital kompetanse hos utsette grupper i samfunnet for å førebygge digitale ulikheiter.

Delmål 11.1 Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområde

Regjeringa la i august fram ei melding til Stortinget om gode bysamfunn med små skilnader. Meldinga samlar politikken til regjeringa for å halde ved lag og styrkje den sosiale berekrafta i norske byar og nabolag, gjennom å legge til rette for gode levekår, høg livskvalitet og gode oppvekst- og nærmiljø. Meldinga viser til at samanlikna med andre land har det store fleirtalet i den norske befolkninga god helse, gode levekår, ein stabil busituasjon og god økonomi. Noreg har få bustadlause og dei aller fleste bur trygt og godt. Om lag 75 pst. av husstandane bur i ein bustad dei eig sjølve. Regjeringa er oppteken av at det skal vere tilgang på eigna bustader i heile landet. Enklare regelverk for bygging og digitale byggesøknadsprosessar er med på å legge til rette for effektiv bustadbygging.

Høge bustadprisar i pressområde gjer det vanskeleg for personar med låg inntekt og barnefamiljar å etablere seg i ein eigna bustad i desse områda. Dei bustadsosiale verkemidla til Husbanken, startlån og lån til utleigebustader, gjer at fleire kan kjøpe ein eigen bustad og at det blir tilgang på fleire eigna utleigebustader. Husbanken rettleier òg kommunane i korleis dei kan ta bustadsosiale omsyn i planlegginga.

I mange distriktskommunar er det få eller ingen nye bustader som blir bygde, og det er mangel på utleigebustader. Regjeringa foreslår å auke Husbankens låneramme med 3 mrd. kroner samanlikna med saldert budsjett 2023. Auka legg til rette for at Husbanken kan gi fleire lån til mellom anna bustadkvalitet og lån til utleigebustader i distriktskommunar. Husbanken gir òg tilskot til bustadtiltak for å auke tilgangen til bustader i distrikta. Regjeringa foreslår å auke tilsegnsramma for tilskotet med 14,3 mill. kroner i 2024. Kommunane kan òg bruke startlån i arbeidet med å tiltrekke seg og behalde arbeidskraft og skape fungerande bustadmarknader lokalt. Det er behov for fleire eigna bustader til eldre, særleg i distriktskommunar. Regjeringa har i Meld. St. 24 (2022–2023) *Fellesskap og meistring – Bu trygt heime* foreslått eit eldrebustadprogram, som skal bidra til at alle får tilgang til ein eigna bustad i eit aldersvenleg bustadmiljø, slik at eldre kan få bu i eigen bustad lengst mogleg.

Husleigetvistutvalet bidrar til ein tryggare og meir velfungerande leigemarknad i heile landet ved å styrkje rettstryggleiken til leigetakarar og utleigarar gjennom informasjon og rettleiing om

rettar og plikter. Regjeringa har sett ned eit utval som skal gå gjennom husleigelova.

Regjeringa sende i juli 2023 på høyring forslag til endringar i burettslagslova og eigarseksjonslova som skal legge til rette for at både private og kommunale aktørar kan tilby fleire bustader med bustadkjøpsmodell. Bustadkjøpsmodellar er finansielle løysingar, som til dømes ulike former for leige til eige-kontraktar, som kan bidra til å gjere det enklare å kjøpe bustad.

Det finns ikkje slumområde i Noreg, men det er nokre område som har opphoping av levekårsutfordringar, særskilt i byane. Staten har i dag samarbeid med fleire kommunar om områdesatsingar, og foreslår å utvide ordninga med ytterlegare kommunar i 2024.

Husbanken leier eit storbynettverk for kommunane om bustadsosiale utfordringar i byane, områdesatsingane og bruk av verkemidla.

Det å kunne velje bustad, kvar og kven ein skal bu med, er grunnleggjande for å kunne leve eit fritt og sjølvstendig liv og delta i samfunnet. Regjeringa vil at personar med funksjonsnedsetjing på lik linje med andre skal kunne velje kvar og korleis dei bur. Personar med nedsett funksjonsevne og utviklingshemming er ei prioritert målgruppe i Husbanken sitt arbeid.

Bustader og bygg skal vere tilgjengelege for personar med funksjonsnedsetjingar. Byggteknisk forskrift stiller minimumskrav til kvalitetar i bygg, mellom anna om tilgjengelegheit, og DiBK gir informasjon og rettleiing til kommunar og personar om regelverket.

Regjeringa vil legge fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil mellom anna ta for seg eige- og leigemarknadene, arbeidet for særskilt sårbare grupper og distrikts- og pressområdeutfordringar. Regjeringa tar sikte på å legge fram meldinga våren 2024.

Delmål 11.2) Innan 2030 sørgje for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre

Noreg har få trafikkulykker og eit forholdsvis godt kollektivtilbod, men det er ei utfordring å få til eit godt tilbod i område med spreidd busetting. Kommunal- og distriktsdepartementet tok derfor initiativ til eit fylkeskommunalt læringsnettverk, kalla «Smart mobilitet i distriktene», som skulle samle erfaringar knytte til løysingar for kollektiv-

tilbod i spreiddbygde strøk og kartlegge potensialet for nye løysingar. Prosjektet vart avslutta i 2022. Det blir no vurdert om nettverket av fylkeskommunar skal drivast vidare, for å sikre læring og innovasjon mellom fylkeskommunane.

Effektiv arealbruk skal bidra til å redusere klimagassutslepp, kø, forureining og støy og til at veksten i persontransporten i storbyområda blir tatt med kollektivtransport, sykkel og gonge. Regjeringa legg vekt på universell utforming for å sikre omgivelser som er tilgjengelege og kan brukast av alle.

Delmål 11.3) Innan 2030 styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering og leggje til rette for deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle land

Byar og lokalsamfunn skal vere for alle og gi grunnlag for at òg barn, eldre og personar med funksjonsnedsetjing kan delta. Medverknad er integrert i all planlegging og sikra i plan- og bygningslova.

Delmål 11.5) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon i talet på dødsfall og talet på personar som blir ramma av katastrofar, inkludert vassrelaterte katastrofar, og i vesentleg grad minske dei direkte økonomiske tap i det samla bruttonasjonalproduktet i verda som følgje av slike katastrofar, med vekt på vern av fattige og personar i utsette situasjonar

Eit endra klima med meir nedbør og høgare havnivå aukar risikoen for flaum og ras og skapar utfordringar for vass- og avløpsnett. Fortetting bidrar òg til eit større omfang av skadar frå overvatn i byar og tettstader. Det er eit behov for å auke innsatsen for å førebygge og gjere norske kommunar mindre sårbare for klimaendringar som kjem, og i betre i stand til å handtere dei.

Det er forholdsvis få dødsfall i Noreg på grunn av naturkatastrofar, men naturhendingar som til dømes ras og flaum fører til store tap av samfunnsverdiar kvart år. Det er behov for å gjere informasjon om risiko og sårbarheit lettare tilgjengeleg for kommunar og statsforvaltarar i arbeidet deira med risiko- og sårbarheitsanalysar. Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) har derfor utvikla ei teknisk løysing, Kunnskapsbanken, for innhenting, samanstilling og tilgjengelegging av data, i tillegg til støtte til analyseprosesser på samfunnssikkerheitsområdet.

Tilgang til geografiske data er avgjerande for å tilpasse seg eit endra klima. Kommunal- og distriktsdepartementet har vore med på å finansiere prosjektet nasjonal detaljert høgdemodell (NDH),

der heile Noregs landareal blir skanna med laser for å produsere høgdedata. Slike data kan gi informasjon om område som er sårbare for flaum, skred og ras, og utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag for å redusere konsekvensane av forventa klimaendringar.

Delmål 11.6) Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi

For å bidra til å nå målet om nullvekst i persontrafikken i byane og redusere utslepp av lokal forureining og klimagassar, har regjeringa inngått byvekstavtalar med dei fire største byområda. Den forventa vidare veksten i og rundt dei største byane vil krevje effektiv arealbruk og ei relativt sterk utbygging av alle typar infrastruktur. Kompakt storbyutvikling er ein viktig strategi for å redusere klimagassutsleppa og fremje gode livsvilkår for innbyggjarane.

Norske byar har i internasjonal samanheng relativt lite luftforureining, og Noreg er blant landa i Europa som har minst risiko for tidleg død på grunn av lokal luftforureining frå vegtrafikken.

Delmål 11.7) Innan 2030 sørgje for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom

Regjeringa er opptatt av å sikre gode og tilgjengelege grøntområde for alle. Gjennom egne tilskotsordningar blir det gitt tilskot til kjøp og varig sikring og tilrettelegging av attraktive grøntområde for friluftsliv og rekreasjon. Ei rekke attraktive grøntområde i byar og tettstader er dei siste åra lagde til rette og varig sikra for allmenta som følgje av denne ordninga. Kartleggingar utførte av Statens kartverk tyder på at opp mot 40 pst. av turvegane er tilgjengelege og kan brukast av personar med funksjonsnedsetjing.

Kommunal- og distriktsdepartementet sende i 2021 forslag til endringar i reglane om utbyggingsavtalar mv. i plan- og bygningslova på høyring. Utbyggingsavtalar, som blir inngått mellom kommunar og utbyggjarar, inneber at grunneigareren eller utbyggaren er med på å finansiere nødvendig offentleg infrastruktur, til dømes vegar, parkar og friområde. Dei nye reglane skal gi kommunane eit betre verktøy for gjennomføring av planar og legg til rette for at utbygginga kan skje raskare. Departementet har motteke om lag 90 svar frå høyringsinstansane. Svara viser at det er

behov for justeringar i høyringsforslaget, og departementet tar derfor sikte på å sende eit revidert forslag om grunneigarfinansiering av infrastruktur på høyring i løpet av 2023.

Delmål 11.a) Støtte positive økonomiske, sosiale og miljømessige samband mellom byområde, omland og spreiddbygde område ved å styrkje nasjonale og regionale planar

Planlegging er det viktigaste verktøyet kommunen og fylkeskommunen har når dei skal prioritere oppgåver og fastsetje areal for utbygging i by og bygd. I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027* blir det lagt vekt på at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla til grunn for planlegginga. Departementet la i 2022 ut ei oppdatert rettleiing om korleis berekraftsmåla kan takast i bruk i planlegging etter plan- og bygningslova på nettsida planlegging.no.

Dei siste åra har Distriktssenteret arbeidd mykje med lokalt og regionalt arbeid for berekraftig samfunnsutvikling. Gjennom prosjektet Berekraftig utvikling i distriktskommunar (2020–2022) utforska dei korleis innbyggjarar i distriktskommunar forstår berekraft, og korleis distriktskommunar arbeider med berekraftig samfunnsutvikling i praksis. Våren 2022 la Distriktssenteret fram ein rapport om dette arbeidet. Rapporten er no ein del av læringsmateriellet dei brukar i dialogen dei har med sine brukargrupper, i kommunar og fylkeskommunar.

Delmål 11.b) Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på byar og lokalsamfunn som vedtek ein integrert politikk og gjennomfører planar med sikte på inkludering, betre ressursbruk, avgrensing av og tilpassing til klimaendringar og evne til å stå imot og handtere katastrofar, og dessutan utvikle og setje i verk eit heilskapleg system for risikostyring og katastrofehandtering på alle nivå, i tråd med Sendai-rammeverket for katastrofeberedskap for 2015–2030

Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med samfunnssikkerheit. Dei har eit generelt ansvar for å ta vare på sikkerheita for befolkninga innanfor sine geografiske område. Samfunnssikkerheitsarbeidet i kommunane skal vere heilskapleg, systematisk og kunnskapsbasert. Kommunane skal kartlegge uønskete hendingar som kan inntreffe, vurdere kor sannsynleg det er at desse hendingane inntreffer, og korleis dei i så fall kan påverke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderast og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf.

sivilbeskyttelseslova § 14. Undersøkingar viser at 98 pst. av norske kommunar har heilskaplege ROS-analysar og beredskapsplanar.

Delmål 11.c) Støtte dei minst utvikla landa i å føre opp berekraftige og solide bygg ved bruk av lokale materiale, mellom anna gjennom økonomisk og fagleg støtte

Rask urbanisering bidrar til meir luftforureining, utilstrekkeleg infrastruktur og mangel på nødvendige tenester. Noreg støtter arbeidet for robuste og berekraftige byar gjennom dei multilaterale utviklingsbankane og ulike FN-organisasjonar.

Delmål 12.5) Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk

Bygg og byggeverksemd spelar ei rolle i å gjere økonomien meir fornybar, sirkulær og berekraftig. DiBK jobbar aktivt med å utvikle regelverket i byggteknisk forskrift (TEK17) og informere om regelendringar som tillét meir ombruk. Bruk av byggematerialar på ein måte som reduserer avfall på byggeplassen, handtering av avfall og digitale avfallsplanar er òg sentralt i DiBK sitt arbeid.

Delmål 13.1) Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar i alle land

Flaum, skred og overvatn er naturhendingar som kan få store menneskelege og økonomiske konsekvensar. Gjennom areal- og samfunnsplanlegging kan kommunane førebygge skadar. Korleis departementet arbeider med dette er nærare omtalt under pkt. 6 Samfunnssikkerheit og beredskap, og i regjeringa sin klimastatus og -plan. Riksrevisjonen leverte i mars 2022 ein rapport som mellom anna viste at samordninga mellom departementa er for svak for å kunne tilpasse samfunnet til klimaendringar og at kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad legg klimaframskrivingar til grunn i langsiktig planlegging. Departementet følgjer opp rapporten i samarbeid med andre departement. I juni 2023 la regjeringa fram Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – saman for et klimarobust samfunn* som er regjeringa sin plan for det nasjonale arbeidet med klimatilpassing for perioden 2024–2028.

Byggteknisk forskrift (TEK17) inneheld føresegner om sikkerheit mot naturpåkjenningar når ein skal bygge. Meir kartlegging av og kunnskap om ustabile fjellparti har dei siste åra gitt auka sikkerheit i skred- og flodbølgeutsette område. For å legge til rette for vidare utvikling og verdiskaping i

lokalsamfunn i slike område, samstundes som persontryggleiken blir sikra, har departementet endra byggereglane. Endringane legg mellom anna betre til rette for investeringar i industri, jordbruk, turisme og bustadbygging i fleire kommunar på Vestlandet og i Nord-Noreg. Det er òg nedsett ei arbeidsgruppe leia av DiBK, som mellom anna skal vurdere om krava til sikkerheit mot naturskadar er på rett nivå, og korleis krava i større grad kan ta omsyn til framtidige klimaendringar.

Kvart år blir samfunnet utsett for store skadar på grunn av overvatn. Våtare og villare ver, sentralisering og fortetting kan auke problema. Regjeringa vil at overvatn skal vere ein ressurs, og ikkje berre eit problem. Frå 1. januar 2024 trer nye reglar i plan- og bygningslova om handtering av overvatn i byggesaker i kraft. Nye reglar gir kommunane betre verkemiddel for å handtere utfordringar knytt til overvatn. Lovendringane er oppfølging av utgreiinga frå overvassutvalet i NOU 2015: 16 *Overvann i byer og tettsteder*.

Klimaendringar krev robuste nybygg og tilpassa vedlikehald. Staten skal unngå å bygge der risikoen er stor. Statlege eigedomsforvaltarar skal analysere behovet og legge planar for gjennomføring og finansiering av nødvendige klimatilpassingstiltak.

Delmål 13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå

Det er viktig for regjeringa at bustader og bygg skal vere sikre og berekraftige. Potensialet for å kutte utslepp frå byggeverksemd er stort, mellom anna ved bruk av klimavenlege materialar, ombruk av bygg og byggevarer og krav til behandling av avfall. Regjeringa har innført krav om klimagassrekneskap ved bygging av større bygg, og invitert bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa til dialog om klimapartnerskapsavtale. DiBK skal fremje berekraftig byggeverksemd. I tillegg gir Husbanken lån til å oppgradere bustader og bygge miljøvenlege bustader.

Staten skal vere ein pådrivar for ei grønare og meir klimavenleg næring. Statlege bygg og eigedomsnæring skal ha låge klimagassutslepp, og staten skal gå føre for ei meir sirkulær bygge- og eigedomsnæring.

Gjennom planlegging etter plan- og bygningslova kan kommunane påverke utslepp frå mellom anna endra arealbruk og transport. Regjeringa slår i Hurdalsplattforma fast at omsynet til natur og klima skal bli varetatt i plan- og bygningslova. Departementet følgjer opp dette i rettleings- og lovutviklingsarbeidet sitt.

Det blir vist til nærare omtale av departementet sitt arbeid med klima og miljø under pkt. 7 Klima- og miljørelevante saker, og i regjeringa sin klimastatus og -plan.

Delmål 13.3) Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrkje utdanninga og bevisstgjeringsa om dette

Gjennom planlegging etter plan- og bygningslova kan kommunane påverke klimagassutslepp frå mellom anna endra arealbruk og transport. Departementet arbeider med å rettleie og legge til rette for at kommunane tar slikt omsyn i si planlegging, og arbeider med å betre verktøya kommunane har til å gjere dette arbeidet.

Partane i staten har i hovudtariffavtalane for 2022–2024 blitt einige om at dersom Noreg skal nå berekraftsmåla, må staten gå fremst, og alle statlege verksemdar må bidra. Dette skal mellom anna skje ved at dei lokale partane må finne løysingar for å fremje berekraft og redusere miljøavtrykket i den enkelte verksemda. Dei sentrale partane i staten vil i tariffperioden kartlegge korleis dei lokale partane kan støttast i dette arbeidet. Ei slik kartlegging vil bli gjort av ei partssamansett gruppe.

Delmål 16.6) Utvikle effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå

Noreg var i 2010 éin av åtte initiativtakarar til Open Government Partnership (OGP). Målet med OGP er at offentleg sektor og det sivile samfunnet skal samarbeide om å skape ei meir open, velfungerande og brukarvenleg forvaltning. Det viktigaste verkemiddelet i OGP er dei nasjonale handlingsplanane som blir utarbeidde i samråd med det sivile samfunnet. Kommunal- og distriktsdepartementet er samordnar og pådrivar for OGP-arbeidet i Noreg. Eit eige OGP-råd skal gi regjeringa råd om arbeidet med openheit i forvaltninga. Noreg har starta arbeidet med ein ny handlingsplan som skal vare frå 2024 til 2027. Regjeringa ser mellom anna meir openheit om offentlege innkjøp, antikorrupsjonsarbeid, digital inkludering og evaluering av e-innsyn som prioriterte område i denne planen. Det sivile samfunnet har kome med innspel til forpliktingar i handlingsplanen både gjennom samskaping og gjennom høyringar. Allmenn høyring medverka til at alle, ikkje berre organiserte interesser, kunne kome med forslag til forpliktingar.

Noreg følgjer opp tilrådingar frå den internasjonale organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), som har undersøkt tillit til styresmaktene og tilhøyrande institusjonar i OECD-medlemsland. OECD har òg laga ein eigen landrapport for Noreg (*Drivers of Trust in Public Institutions in Norway*, 2022). Mellom anna er Noreg eit av dei første fem landa som støtter opp under og finansierer *OECD DIS/MIS Resource Hub* som skal bidra til å dele kunnskap om å kjempe mot des- og feilinformasjon. Dette initiativet er òg ein del av oppfølginga av ei ministererklæring med mål om å bygge tillit og å styrkje demokratiet.

Opne data er viktig for effektivisering og innovasjon, for næringsutvikling og for å fremje eit ope og demokratisk samfunn. I Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs. Datadrevet økonomi og innovasjon* løftast ambisjonen om at Noreg skal skape verdiar, fleire nye arbeidsplassar i heile landet og ein effektiv offentleg sektor basert på data. Opne data handlar om å gi næringsliv, forskarar og sivilsamfunn tilgang til data som offentleg forvaltning har, på ein slik måte at dei lett kan brukast i nye samanhengar. Digitaliseringsdirektoratet har ansvar for data.norge.no, som er Noregs offisielle nettstad for opne offentlege data. Her kan verksemdene registrere datasett som er gjorde tilgjengelege for vidare bruk, og finne rettleiingsmateriell og informasjon om Norsk lisens for offentlege data.

Innsynsløysinga eInnsyn.no i Digitaliseringsdirektoratet sørgjer for at innbyggjarane får utøvd sin demokratiske rett til openheit og innsyn i offentleg forvaltning. Det er avgjerande for tilliten at institusjonane er velfungerande og opptrer rettferdig. Digitaliseringsdirektoratet arbeider òg for å styrkje informasjonssikkerheita i stat og kommune.

Delmål 16.7) Sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå

Moglegheita til å medverke i planprosessar styrker og utviklar lokaldemokratiet. Det sikrar at viktige omsyn kjem fram og gir den enkelte moglegheit til å påverke avgjerder om samfunnsutviklinga. Planprosessar som er opne og kan etterprøvast er dessutan viktig for tilliten mellom innbyggjarar og styresmakter. Medverknad gir såleis betre planar, færre konflikter og ei meir effektiv gjennomføring av vedtekne planar.

For spørsmål som kan påverke samiske interesser, er det egne reglar om konsultasjonar. Stortinget vedtok våren 2021 å lovfeste plikta til å konsultere Sametinget og samiske interesser i

saker som gjeld dei. Lova, som vart sett i kraft 1. juli 2021, forankrar konsultasjonsplikta for alle forvaltningsnivå, òg kommunar og fylkeskommunar. Lova legg til rette for gode demokratiske prosessar og skal sikre at samiske interesser kjem tidleg inn i prosessane, slik at dei har moglegheit til å påverke avgjerdene.

Myndigheitene bidrar til å styrkje organisasjonane til nasjonale minoritetar, mellom anna gjennom drifts- og prosjekttilskot, slik at dei sjølve kan delta og påverke i saker som angår dei. Dialogen mellom myndigheitene og organisasjonane skjer i Kontaktforum mellom nasjonale minoritetar og sentrale myndigheiter, gjennom årlege dialogmøte med organisasjonane enkeltvis og gjennom kontakt i konkrete spørsmål som organisasjonane er opptekne av.

Delmål 17.17 Stimulere til og fremje velfungerande partnerskap i det offentlege, mellom det offentlege og det private og i det sivile samfunn som bygger på partnerskapane sine erfaringar og ressursstrategiar

Kommunane har ei nøkkrolle og er ansvarlege for den praktiske gjennomføringa av bustadpolitikken. Husbanken støtter opp om kommunane sitt arbeid både med økonomiske verkemiddel og fagleg rådgiving. Brukar- og interesseorganisasjonar, bustadbyggelag og utbyggarar er viktige samarbeidspartnarar på det bustadsosiale området. I Nordland, Vestland og Rogaland har statsforvaltarane som eit treårig forsøk (fram til hausten 2024) tatt over ansvaret for rettleiing av kommunane i desse fylka på det bustadsosiale området.

Digitaliseringsdirektoratet deltek i Digitalt Samarbeid Offentlig Privat (DSOP) som er eit samarbeid mellom offentlege verksemdar og finansnæringa. Gjennom DSOP samarbeider privat næringsliv og offentleg sektor om å utvikle innovative og kostnadseffektive digitale løysingar for innbyggjarane.

Regjeringa etablerte i 2022 Toppleiarforum for berekraftsmåla. Forumet samlar toppleiarar frå regjeringa, næringslivet, academia, kommunesektoren, frivillig sektor og partane i arbeidslivet. Føremålet er å skape ein møteplass som legg til rette for samarbeid og for ei felles forståing av samanhengen mellom berekraftsmåla og dei dilemma, målkonflikter og interesse motsetningar som ligg innebygd i Agenda 2030. Forumet er ei oppfølging av Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030* og blir leia av kommunal- og distriktsministeren.

9 Nordområdepolitikken

Hurdalsplattforma slår fast at nordområda er det viktigaste strategiske satsingsområdet for Noreg. Regjeringa sin nordområdepolitikk er omtalt i Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida*. Regjeringa vil arbeide for ein ny giv i nordområdepolitikken gjennom innsats på fem hovudstolpar:

- Internasjonalt samarbeid og lågspenning i nord: Å ha regionalt og grenseoverskridande samarbeid, og forsvar (nærvær, balanse mellom avskrekking og avdemping).
- Det grønne skiftet: Å gjere nordområda til sentrum for berekraftig energi, teknologi og mat (berekraftig økonomisk utvikling, arbeidsplassar).
- Kunnskap som nav i nordområdepolitikken (kompetanseutvikling, utdanning, forskning).
- Busetjing og tilhørrelse: Å ha viktige tenester nærare folk, beredskap i nord og levande lokalsamfunn (kultur, idrett, desentralisering av arbeidsplassar).
- Infrastruktur: Å knyte nordområda tettare saman (veg, bane, luft, digitalt).

Urfolksrettar og det samiske perspektivet er løfta fram som særskilt viktig.

Målet for nordområdepolitikken er å snu den negative befolkningsutviklinga, utnytte dei lokale verdiane til å skape vekst, gjere nordområda til sentrum for grøn omstilling og dessutan fremje nye initiativ for samarbeid med naboane våre. Ein ny giv i nordområda inneber ei kraftfull satsing på tvers av fleire sektorar, som utdanning og forskning, ressursforvaltning, næring og samferdsel.

Kommunal- og distriktsdepartementet har hovudansvaret for koordineringa av nordområdepolitikken til regjeringa, i nært samarbeid med Utanriksdepartementet, som har ansvaret for Arktis og den internasjonale dimensjonen av nordområdepolitikken til regjeringa. Elles bidreg heile departementsfellesskapet i nordområdearbeidet.

Utanriks- og innanrikspolitikken er tett samantvove i nord. Russlands aggresjon mot Ukraina har endra det sikkerheitspolitiske landskapet i Europa. Denne nye situasjonen understrekar den sikkerheitspolitiske betydninga av eit robust Nord-Noreg

og busetjing i nord, og dessutan betydninga av ein heilskapleg nordområdepolitikk. Nabolanda våre Finland og Sverige har valt å søkje medlemskap i NATO. Noreg har saman med EU og allierte land innført historisk omfattande sanksjonar for å ramme russiske myndigheiter og listeførte personar. Sanksjonane har konsekvensar òg for norsk næringsliv, særleg i Aust-Finnmark. Regjeringa har innført fleire støttetiltak for at enkeltbedrifter og næringar som er spesielt hardt ramma, skal få rom til å tilpasse seg situasjonen.

Internasjonalt samarbeid i nord

Arktis og nordområda har i hovudsak vore ein fredeleg og stabil region, prega av samarbeid og respekt for internasjonal rett. Samstundes legg store og til dels nye aktørar tydelegare og aukande vekt på interessene sine i Arktis. Denne utviklinga kopla med den endra sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa krev aktivt diplomati og engasjement for å sikre forståing og respekt for norske synspunkt og interesser i nord.

Russlands angrepskrig mot Ukraina har endra føresetnadene for det regionale samarbeidet i nord og for det bilaterale forholdet mellom Noreg og Russland. Kontakten med russiske myndigheiter er redusert til eit minimum. Berre nødvendig myndighetskontakt om kritiske samfunnsfunksjonar og berekraftig ressursforvaltning i nord held fram. Samtidig kan ikkje Noreg velje geografisk plassering. Russland held fram med å vere naboen vår og den største arktiske staten.

Noreg leier Arktisk råd i perioden 2023–2025. Dette er den viktigaste utanrikspolitiske nordområdesatsinga i denne perioden. Dei fire hovudprioriteringane for den norske leiarskapen er hav, klima og miljø, berekraftig økonomisk utvikling og folk i nord. I tillegg vil Noreg gi spesiell merksemd til arktisk ungdom og urfolk i Arktis. Leiarskapen genererer nye prosjekt og satsingar og involverer miljø i heile landet, særskilt i dei nordlegaste områda. Det viktigaste målet med leiarskapen for regjeringa vil vere å sikre at Arktisk råd overlever som det viktigaste multilaterale forumet for arktiske spørsmål.

Regionale strukturar som Arktisk råd og Barentsrådet har over tid vore viktige for tillitsbyggande kontakt og prosjektsamarbeid i nord. Det er viktig for Noreg og norske interesser å oppretthalde internasjonale samarbeidsforum i nord. Grensekryssande utfordringar innanfor klima, miljø og biologisk mangfald må framleis handterast, og vi må sikre samarbeidsstrukturar og faglege og kulturelle nettverk som er bygde opp over fleire tiår. Dette gjeld òg for regionalpolitisk samarbeid over landegrensene i nord og deltakinga vår i EU-program for regionalt samarbeid: Interreg Nordlig Periferi og Arktis og Interreg Aurora. Programma bidrar mellom anna til det grøne skiftet, kapasitetsbygging og utvikling av lokalsamfunn i nordområda.

Ansvar for det norske Barentssekretariatet skal overførast frå Utanriksdepartementet til Kommunal- og distriktsdepartementet frå 1. januar 2024. Det norske Barentssekretariatet skal framleis støtte folk-til-folk-samarbeidet med Russland i den grad det er mogleg. Oppgåvene til sekretariatet vil – i dialog med fylkeskommunane i Nord-Noreg, som eig sekretariatet – dreiest meir over på grensekryssande samarbeid mellom aktørar i nordlege delar av Noreg, Finland og Sverige og urfolkssamarbeid i regionen, utanom Russland. Endringa vil bli sett i samanheng med eksisterande samarbeid i europeiske og nordiske forum. Område som kan fremje god samfunnsutvikling i Nord-Noreg, vil òg bli vurderte. Ytterlegare konkretisering vil skje i samarbeid med dei aktuelle fylkeskommunane i nord, Barentssekretariatet, Utanriksdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og andre relevante aktørar.

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2024 å auke tildelinga til Utanriksdepartementets nordområde- og Russlandstiltak med 10 mill. kroner, til styrking av leiarskapen i Arktisk råd, styrking av internasjonalt kultursamarbeid i nord og dessutan støtte til russiske menneskerettsforkjemparar i eksil. Desse nordområdetiltaka vil støtte opp under Noregs posisjon som sentral og ansvarleg aktør i Arktis i ei krevjande tid for det internasjonale samarbeidet i nord. Det gjer òg satsingar støtta av Utanriksdepartementets tilskotsordning Arktis 2030.

Forsvar og beredskap

Forsvarets nærvær og aktivitet held fram med å vere ein viktig del av satsinga til regjeringa i nord. Synleg norsk og alliert militært nærvær sender viktige signal om evne og vilje til å sikre norske interesser og forsvar av landet, og det bidrar til

føreseielegheit og stabilitet. Øvinga Nordic Response 2024 vil vere den viktigaste arenaen for samtrening med allierte og øving av totalforsvaret i 2024. Fokus for øvinga er forsterking av Noreg og heile den skandinaviske halvøya, og det vil krevje betydeleg involvering av kapasitetar innan ramma av totalforsvaret. Øvinga er òg viktig for å vidareutvikle det nordiske forsvarssamarbeidet innanfor ramma av NATO med Finland som medlem i alliansen og ein snarleg svensk medlemskap. Utbygginga av Evenes flystasjon held fram for å kunne operere nye P-8 maritime patruljefly og fungere som førande base for F-35-kampflya. I 2024 legg regjeringa fram ein ny langtidsplan for forsvarssektoren. Arbeidet med å styrkje Noregs evne til alliert mottak i nord, ved mellom anna å føre vidare og styrkje vedlikehaldet av kritisk infrastruktur på relevante lokasjonar i Luftforsvaret, held òg fram i åra framover. Det blir sett av midlar for å oppretthalde operativ infrastruktur på Andøya og Bodø og til tiltak knytte til sikkerheit for Andøya Space for militære behov.

I dagens krevjande sikkerheitspolitiske situasjon er forsvaret av Noreg blitt meir avhengig av eit moderne og effektivt totalforsvar, som kvar dag styrkar Noregs motstandskraft og seigheit, minskar sårbarheitene mot samansette truslar eller andre sikkerheitstruande verksemder, samt bidreg til å understøtte nasjonal og alliert forsvarsinnsats i heile krisespekteret.

Endringane i den sikkerheitspolitiske situasjonen har konsekvensar for den sivile beredskapen. På bakgrunn av regjeringas forslag i Prop. 78 S (2021–2022) vart kapasiteten i politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) styrkt til å avdekke samansette truslar og etterretning i Noreg, med særleg innsats i dei nordlegaste fylka våre. Tiltaka har som formål å styrkje samarbeidet mellom politiet og PST om samansette truslar og kontraetterretning, og å auke nærværet i Nord-Noreg. Løvingane er vidareført som ein varig budsjettauke for politiet og PST.

Det er særleg viktig at politiet i Finnmark er stabilt og har god rekruttering. Sikkerheita i samfunnet vårt startar i nærmiljø og lokalsamfunn. Det er viktig at politiet har god lokal forståing og er der når folk treng det. Regjeringa vil sikre tilgjengelege tenester for folk i heile landet, og pilotforsøket med desentralisert politiutdanning i Alta er ein del av lokalpolitiplanen til regjeringa, som vil leggest fram i løpet av 2023.

Hovudredningssentralen har ansvaret for å koordinere og leie redningsaksjonar i Noreg. Store delar av nordområda består av hav nord for polarsirkelen. Noreg er ein leiande rednings- og

beredskapsaktør i desse havområda. Hovudredningssentralen opplever press i nord med eit stort ansvarsområde for søk og redning som strekker seg heilt til polpunktet, i kombinasjon med min-kande sjøis, aukande militær og sivil maritim trafikk og stadig meir cruisetrafikk der sesongen startar tidlegare og sluttar seinare. Regjeringa har derfor auka grunnbemanninga til Hovudredningssentralen ved avdelinga i Bodø og på Sola i 2023 slik at det kan vere tre redningsleiarar på vakt til kvar tid, mot to tidlegare. Ei styrkt grunnbemanning vil dekke behovet for å handtere fleire redningsaksjonar, å møte risikoen knytt til klimaendringar og aukande maritim trafikk og å handtere komplekse hendingar, noko som er vanskeleg med berre to redningsleiarar på vakt.

Regjeringa er opptatt av å styrke forsvarsevna i nord. Hurdalsplattforma vil legge til rette for eit tettare samarbeid mellom Forsvaret og resten av samfunnet for å styrkje forsvarsevna og totalforsvaret. Eit godt næringspolitisk grunnlag, busetting i distrikta og levedyktige lokalsamfunn er sentralt for at totalforsvaret skal fungere.

Derfor har regjeringa lagt vekt på at næringslivet si samhandling med forsvarssektoren i Nord-Noreg skal bli enklare, og at anskaffingar så langt som mogleg skal aukast frå lokale og regionale bedrifter. Slik kan det i større grad sikrast eit vel fungerande næringsliv tross spreidd befolkning og infrastruktur og lange avstandar, på dei stadane Forsvaret er til stede.

Samhandling mellom næringslivet og forskings- og utviklingsmiljøa i nord i form av klynjesamarbeid er oppmuntra for å drive fram utvikling i lokalmiljøa, og her vil sivilt-militært samarbeid vere ein drivande faktor for å utvikle velfungerande samarbeid og innovasjon i Nord. Heilskapleg innovasjonssatsing i Nord-Noreg, som inkluderer sivilt-militært samarbeid og moglege arenaer for dette, blir ein del av vurderingane i komande Langtidsplan frå 2024.

Det grønne skiftet: Nordområda skal bli sentrum for berekraftig energi, teknologi og mat

Nordområda skal bli sentrum for berekraftig energi, teknologi og mat. Det ligg store moglegeheiter for norsk næringsliv i det grønne skiftet. Verda etterspør varer og tenester som Noreg har alle føresetnader for å kunne levere. Fram mot 2030 skal vi kutte utsleppa med 55 pst. og auke fastlandseksporten med 50 pst.

Derfor er det viktig med eit grønt industriløft som skal sikre at Noreg blir ein grøn industri- og energinasjon. Noreg skal nå måla gjennom ein

rettferdig klimapolitikk. Det krev politisk styring, ein aktiv energipolitikk og tydelege mål, og det krev at vi er betre på å sikre naturomsyn og urfolksrettar enn vi har vore til no. Noreg må utnytte eksisterande kompetanse og legge til rette for nødvendig vidareutvikling og omskolering.

Noreg skal styrkje fastlandsinvesteringane og skape fleire nye grønne arbeidsplassar. For å lykkast med det treng vi mykje ny kraft. Sjølv om Noreg har eit heilt fornybart kraftsystem, kjem omtrent halvparten av energien vi bruker frå fossile kjelder. Det er derfor viktig å få til omstillinga frå fossilt til fornybart. Noreg skal elektrifisere transport, industri og verksemda på sokkelen. Norsk næringsliv og industri har nokre av dei beste føresetnadene i verda for å lykkast i det grønne skiftet. Ei rekke næringar i nord har eit stort potensial. Etterspurnaden etter både oppdrettsfisk og villfisk aukar. Det finst òg sterke industrielle miljø i Nord-Noreg, til dømes prosesindustrien, som er baserte på fornybar kraft.

Regjeringa har store planar for havvind, og ny fornybar kraftproduksjon vil bidra til ny vekst og utvikling i nord. Det er nødvendig å bygge ut meir kraft og forbetre straumnettet, samstundes som vi blir meir energieffektive.

Regjeringa har vedteke at det skal gjennomførast eit kraft- og industriløft i Finnmark. Elektrifiseringa av Melkøya er eit viktig klimatiltak samstundes som det legg til rette for store ringverkningar i fylket. Ein føresetnad for vidare vekst i Finnmark er meir kraft, som gjer at vi kan skape nye næringar og fleire arbeidsplassar. Kraft- og industriløftet vil bidra til å vidareutvikle det største industrianlegget i Finnmark, samstundes som vi legg til rette for nye etableringar. Å få meir kraft og betre kraftforsyning i dette området er òg ein viktig del av totalberedskapen, og den nasjonale sikkerheita vår. Ved utbygging av straumnett og ny kraftproduksjon er regjeringa opptatt av å ta vare på interessene til reindrifta og legge til rette for å sikre driftsgrunnlaget til reindrifta. Regjeringa vil i løpet av hausten 2023 legge fram nye tiltak for å redusere arealkonfliktane med reindrifta i samband med utbygging av straumnett og ny kraftproduksjon. Prosjekt for nett og kraft skal ikkje gå på kostnad av rettane til reindrifta etter artikkel 27 i konvensjonen om sivile og politiske rettार.

Regjeringa er oppteken av gode vekstvilkår for næringslivet i Nord-Noreg og at bedrifter har tilgang på kapital for å skape verdiar og arbeidsplassar. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2021 vart det løyvd 200 mill. kroner til eit nytt investeringsfond for Nord-Noreg. Det var likevel ikkje

nok privat investeringsvilje til å etablere fondet. Derfor vart det i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 vedtatt å omdisponere desse midlane til Investinors fonds- og matchingmandat, øymerkt til forvaltningsmiljø og prosjekt i Nord-Noreg. Innanfor dette mandatet kan Investinor investere i fond, gjennom syndikerte strukturar og ved matching av private investorar. Investeringane skal rettast mot bedrifter i venturefasen og tidlegare utviklingsfasar. Dei private forvaltarane eller investorane skal stå for utveljinga og oppfølginga av investeringsobjekta. Frå før har Investinor ordninga «Koinvesteringsfondet for Nord-Norge», der selskapet godkjenner investorar som kan få matcha investeringa si i enkeltbedrifter i Nord-Noreg.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart det vedteke at Investeringsfondet for Nordvest-Russland og Aust-Europa skal avviklast. Innovasjon Noreg forvaltar eigarskapen til staten i fondet og står for avviklinga. Det blir arbeidd med ein plan for den vidare avviklingsprosessen. Det skal leggest til rette for ein prosess som varetek og følgjer opp etablerte engasjement på ein forsvarleg måte. Regjeringa vil vurdera moglegheita for å overføra midlane til andre kapitalverkemiddel eller fond og vil kome tilbake med forslag om budsjettmessige konsekvensar så snart dette er tilrådeleg.

Det overordna målet for reiselivspolitikken til regjeringa er å legge til rette for ei konkurransekyktig reiselivsnæring som både er meir berekraftig og meir lønsam enn før. Gjennom strategisk marknadsføring av Noreg som reisemål vil regjeringa bidra til å auke etterspurnaden og lønsemda i næringa i nordområda. Regjeringa vil òg legge fram ein handlingsplan for reiselivsnæringa i 2023. Potensialet for reiselivsnæringa i Nord-Noreg er enno ikkje utnytta fullt ut. Satsingane på reiselivsnæringa vil kome reiselivsbedriftene i Nord-Noreg til gode, og det vil bidra til fleire heilårlege arbeidsplassar, berekraftig utvikling av næringa i Nord-Noreg og auka inntekter til lokalsamfunn og landsdelen.

Space Norway AS skal etablere eit satellittkommunikasjonssystem for nordområda og Arktis. Satellittane skal skytast opp i 2023 og gi døgnkontinuerleg breibanddekning i heile Arktis. Regjeringa vil satse på romindustrien og utnytte næringspotensialet i at Andøya Spaceport no blir realisert. Oppskytingsbasen gir positive ringverknader for befolkning, næringar og kunnskapsmiljø i nord. Satellittar er viktige verktøy for berekraftig nordområdeforvaltning, for å sikre norsk sikkerheit og for suverenitetshevinga i nordområda og Arktis. Regjeringa vil finansiere utviklinga av eit satellittbasert system for havovervaking med

totalt 450 mill. kroner i perioden 2023–2025, av desse er 150 mill. kroner løyvde for 2023. Utviklinga av systemet vil bidra til norsk eigenevne innanfor småsatellittar, styrkje kundegrunnlaget for Andøya Spaceport og betre overvakinga og kontrollen av havområda i nord. Luftfartstilsynet i Bodø er frå 2023 nasjonal tilsynsmyndigheit for romaktivitetar.

Noreg har store mineralførekomstar som vil vere viktige i det grøne skiftet. Regjeringa ønskjer å legge til rette for verdiskaping, lokal næringsutvikling, arbeidsplassar og vekst i mineralnæringa gjennom berekraftig utvikling. I 2023 la regjeringa fram Noregs mineralstrategi, som mellom anna legg vekt på arbeidet med sosial berekraft, under dette involvering og ivaretaking av lokalsamfunn og samiske interesser. Regjeringa har òg lagt fram Meld. St. 25 (2022–2023) *Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel – opning av areal og strategi for forvaltning av ressursane*, om opning av område på norsk kontinentalsokkel for mineralverksemd.

I Nord-Noreg er store delar av den maritime næringa retta mot kysttransport og fiskeri- og havbruksflåten, og i aukande grad òg mot offshoreverksemd og maritime operasjonar under arktiske forhold. Regjeringa vil setje i gang arbeidet med næringsplanar for Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Målet er å legge til rette for ei heilskapleg utvikling av eksisterande og nye havnæringar og dessutan støtte opp om sysselsetjing og verdiskaping innanfor berekraftige rammer.

Landbruk og landbruksbasert verksemd har mykje å seie for verdiskaping og sysselsetjing i mange kommunar i Nord-Noreg. I jordbruksoppgjæret 2022 vart det sett i gang ei særskild satsing for å mobilisere næring, kompetansmiljø og verkemiddelapparat. Formålet var å bremse den negative utviklinga i landbruket i nord og bidra til auka utnytting av regionale fortrinn og moglegheiter knytte til det arktiske landbruket. Satsinga er forvalta av Troms og Finnmark fylkeskommune i samarbeid med fleire regionale aktørar. Delar av satsinga omfattar òg FoU-tiltak i regi av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), som har fleire regionale avdelingar i landsdelen, inkludert ein stasjon i Aust-Finnmark (Svanhovd). Som ei oppfølging av dette blir det mellom anna arbeidd med ei utgreiing av tiltak knytte til landbruk, auka matproduksjon og bulyst i Aust-Finnmark. I jordbruksoppgjæret i 2023 var det semje om å føre vidare den områderetta satsinga med 17 mill. kroner for 2024 for å utvikle potensialet for landbruk i nord med tilhøyrande verdikjede. Satsinga blir frå 2024 koordinert av Troms fylkeskommune i samarbeid med fylkeskommunane i Finnmark og Nordland og andre

relevante regionale aktører. Vidare la jordbruksoppgjeret i 2023 til rette for styrking av tilskot som direkte bidrar til å betre produsentøkonomien i landsdelen, og dessutan styrking av investeringsverkemidla for å stimulere til nødvendig investering og omstilling på dei enkelte gardsbruka. Som ein del av aktivitetsspakka for Aust-Finnmark, er det frå og med 2023 løyvd 3 mill. kroner til fleire FoU-arbeidsplassar ved NIBIOs eining i Pasvik.

Reindrifta er ein grunnleggande føresetnad for samisk kultur og samfunnsliv og ein viktig bidragsytar til levande lokalsamfunn i nordområda. Reindriftsavtala 2023/2024 har ei ramme på 200 mill. kroner og legg til rette for å styrkje rammevilkåra for dei reineigarane som har reindrift som hovudverksemd. Tilgang på tilstrekkelege areal er avgjerande for ei berekraftig reindrift. Regjeringa vil forsterke arbeidet med å sikre arealbruken til reindrifta, mellom anna gjennom å vidareføre arbeidet med å bygge opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning som kan bidra til å styrkje kompetansen om reindrift og arealforvaltning. Direktoratet skal, saman med statsforvaltarane, bidra til at kommunane har kompetanse om reindrift og kan vareta reindrifta i si arealplanlegging.

Det er òg eit stort potensial for verdiskaping og arbeidsplassar frå olje- og gassverksemda i nord. Barentshavet er det havområdet der det er størst forventningar til uoppdaga gassressursar, men mangelen på ledig eksportkapasitet påverkar interessa til selskapa for å leite etter gass. Dette gjer det nødvendig å auke innsatsen for å finne meir gass i Barentshavet samstundes med at arbeidet med å realisere ein auka gasseksportkapasitet frå havområdet held fram. Utforskning av petroleum- og mineralressursar på kontinental-sokkelen i regi av Oljedirektoratet² blir vidareført.

Klima og miljø

Nordområdepolitikken til regjeringa har som mål å gjere nordområda til sentrum for grøn omstilling. For å nå klimamåla er det avgjerande å få på plass tiltak for raske utsleppskutt. Økonomien må bli stadig meir fornybar, sirkulær og berekraftig. Den grønne omstillinga kan bli den nye motoren i nordområdepolitikken, basert på rein energi og berekraftig forvaltning av naturressursane i regionen. Nordområdepolitikken skal støtte opp om utviklinga av og arbeidet med grøn prosessindustri, karbonfangst, hydrogen, havvind, batteriproduksjon og berekraftig mat frå havet.

Dei raskaste og mest omfattande klimaendringane forventar vi lengst nord. Det aukar risikoen og behovet for klimaførebygging og klimatilpassing. Kunnskap om klima- og miljøendringar er strategisk viktig for næringsliv, samfunnsutvikling og verdiskaping i nord, og for ei heilskapleg og berekraftig forvaltning av naturen og areala på land og i havet. Nord-Noreg har ein sterk posisjon innanfor nordområdeforskning og verdifull tradisjonsbasert kunnskap. Regjeringa vil føre vidare satsinga på Framsenteret – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning i Tromsø.

Regjeringa legg stor vekt på miljøsam arbeidet innanfor Arktisk råd, som skaffar viktig kunnskapsgrunnlag om det arktiske miljøet, ikkje minst knytt til dei raske klimaendringane. Regjeringa ønskjer å føre vidare og støtte opp om samarbeidet om klima-, miljø- og havspørsmål i Arktis. Den norske leiarskapen for Arktisk råd vil legge vekt på konsekvensane av klimaendringane i Arktis, behovet for å tilpasse forvaltninga til klimaendringane og handteringa av miljøutfordringar knytte til auka menneskeleg aktivitet. Å styrkje det vitskaplege kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av miljø og aktivitetar i Arktis er ein grunnplanke i arbeidet til Arktisk råd. Noreg vil føre vidare denne satsinga og samstundes legge til rette for at lokal og tradisjonell kunnskap blir løfta fram og inkludert. Noreg har vore ein pådrivar for å få på plass ein regional handlingsplan mot marin forsøpling i Arktis – *Regional Action Plan on Marine Litter in the Arctic* (2021–2023). Regjeringa vil føre vidare det langsiktige felles arbeidet mot marin forsøpling og plast i havet, forsterke det arktiske samarbeidet om marin forsøpling og følgje opp Arktisk råds handlingsplan med konkrete samarbeidsprosjekt.

Det bilaterale miljøsam arbeidet med Russland er utsett. Utvalde aktivitetar som har særleg betydning for Noreg, som miljøovervaking, blir framleis varetatte nasjonalt og i andre samarbeidsfora. Støtte til norske miljøorganisasjonar som samarbeider med russisk sivilsamfunn, er vidareført i 2023.

Regjeringa vil føre vidare miljøsam arbeidet i Barentsregionen mellom Noreg, Sverige og Finland, inkludert samarbeid i samanheng med Barentsrådet.

Forvaltningsplanane for norske havområde definerer grensa for iskantsona som eit særleg verdifullt og sårbart område i Barentshavet, og som geografisk ramme for petroleumsværksemda. Det kjem fram av Hurdalsplattforma at regjeringa vil «legge til grunn en definisjon av iskantsonen slik den er nedfelt i stortingets vedtak».

² Sokkeldirektoratet frå 1. januar 2024.

Regjeringa vil halde fram innsatsen for opprydding av forureina sjøbotn. Arbeidet med å rydde opp i Hammerfest hamn er forventa å vere ferdig i løpet av 2023.

Regjeringa vil etablere fasilitetar for testing, øving og teknologiutvikling for innsats mot akutt forureining på Fiskebøl i Hadsel kommune i Vesterrålen. Regjeringa foreslår å føre vidare løyvinga på 25 mill. kroner i 2024 til vidare arbeid med forprosjektering.

Kunnskap som nav i nordområdepolitikken

Nord-Noreg har nokre av dei fremste kompetansemiljøa i landet innanfor mellom anna havforskning, klima- og miljøforskning, innovasjon og berekraftig havbasert næringsliv. Denne kompetansen, og kunnskap generelt, skal stå sentralt i nordområdepolitikken, og dette inneber ei satsing på kompetanseutvikling, utdanning, forskning og fleksibel og desentralisert utdanning. Noreg skal vere ein leiande kunnskapsleverandør om, for og i nordområda. Ressurs- og miljøforvaltning, næringsaktivitet og samfunnsutvikling i nordområda skal vere basert på eit godt, vitskapleg kunnskapsgrunnlag. Tilgangen til denne kompetansen er ein avgjerande føresetnad for å auke innovasjonsevna og verdiskapinga til næringslivet i nord.

I 2022 vedtok Stortinget startløyvingar til nytt Blått bygg ved Nord universitet og nytt samlokalisert bygg for Det samiske nasjonalteateret Beivvås og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Desse blir etter planen ferdige i høvesvis 2025 og 2024.

Nordland kunst- og filmhøgskole, som tidlegare var eigd og finansiert av Nordland fylkeskommune, vart i 2022 ein del av UiT Noregs arktiske universitet. Løyvinga til universitetet vart auka med 6 mill. kroner i 2022 og ytterlegare 6 mill. kroner i 2023 for å føre vidare kunst- og filmhøgskolen.

Regjeringa tildelte midlar til 15 nye studieplassar i medisin ved UiT i 2022, og til 30 studieplassar til i medisin i 2023.

Regjeringa vil bidra til meir kunnskap og kartlegging av havet og kontinentalsokkelen lengst mot nord. Det blir lagt til rette for at Norsk polarinstitutt kan auke innsatsen sin for overvaking og kunnskapsinnhenting i dei djupe områda av Polhavet. Satsinga skal gi betre forståing for grunnleggande prosessar i klima- og økosystemet i lys av raske klimaendringar og redusert isdekke, og ho skal bidra til å styrkje norsk synlegheit, nærvær og fagleg engasjement i Polhavet. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa òg å føre

vidare satsinga på forskingsprogrammet for polhavet «GoNorth» innanfor Nærings- og fiskeridepartementets løyvingar med 11 mill. kroner. Programmet skal framleis bidra med kunnskap på område som er viktige for norsk havforvaltning, som geologi, geofysikk, biologi, oseanografi og teknologi. Det første GoNorth-toktet til havområda nord for Svalbard vart gjennomført i 2022. I løpet av 2023 blir det òg gjennomført eit tokt med det nye kystgåande forskingsfartøyet «Prinsesse Ingrid Alexandra». Fartøyet har heimehamn i Tromsø, er drifta av Havforskningsinstituttet og skal brukast til forskning, overvaking og undervising i eit samarbeid mellom Havforskningsinstituttet og Nord universitet.

Regjeringa la våren 2023 fram Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnskole og høgere utdanning*. I meldinga blir det gjort greie for pågåande prosessar og prioriterte innsatsområde for å styrkje samisktilbodet på alle nivå, i barnehagar, på skular og i høgare utdanning, og for å styrkje fagmiljøa og rekruttere fleire til samiskspråkleg høgare utdanning og forskning.

I samsvar med budsjettforslaget frå Sametinget vart rammetilskotet til Sametinget i 2023 styrkt med 6,6 mill. kroner til tiltak for å auke kompetansen for tilsette i samiske barnehagetilbod. Regjeringa har òg auka tilskotet til opplæring i samisk språk i grunnsopplæringa med 17,5 mill. kroner i 2023.

Busetjing og tilhøyrse: viktige tenester skal nærmare folk

I distriktsmeldinga, Meld. St. 27 (2022–23), viser regjeringa retning for sin politikk for Distrikts-Noreg og Nord-Noreg spesielt. Regjeringa har som mål å snu den negative befolkningsveksten og utnytte dei lokale verdiane i nord til å skape vekst og grøn omstilling i nordområda. Å legge til rette for attraktive lokalsamfunn og ei positiv utvikling i Nord-Noreg handlar mellom anna om å skape fleire arbeidsplassar, sikre tilgang på kompetent arbeidskraft og legge til rette for gode tenester nær folk og god infrastruktur i heile regionen. Det handlar òg om å legge til rette for godt samarbeid over grensene i nord, for lokal og regional erfaringsutveksling og for kunnskapsutvikling om grenseoverskridande utfordringar.

I 2023 vart det på bakgrunn av forslag frå regjeringa løyvd midlar til ei ny ordning for bustadtiltak i distrikta på kap. 581, Bustad- og bumiljøtiltak, post 78 Bustadtiltak. Minst 6 mill. kroner skal gå til testing av nye bustadtiltak og til

kunnskapsutvikling og innovasjon i kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6. Føremålet er å auke tilgangen på eigna bustader, mellom anna i distriktskommunar i Nord-Noreg, gjennom å utvikle nye samarbeidsformer og forsøk med nye bustadkonsept og verkemiddel.

Det har vidare blitt løyvd 3 mill. kroner til Troms og Finnmark fylkeskommune til utvikling av ein pilot for eit kystutviklingssenter i Kirkenes. Pilotprosjektet skal bidra til å styrkje omstillings- evna og bustadattraktiviteten i Aust-Finnmark.

Regjeringa og Sosialistisk Venstreparti la fram ei aktivitetspakke for Aust-Finnmark på til saman 105 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Den inneheld ei rekke tiltak som skal medverke til å styrkje næringslivet, halde på og utvikle nye arbeidsplassar, og gi eit godt tilbod for folk i Aust-Finnmark.

Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms

Målet med tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms er å skape ein attraktiv region å bu, arbeide og drive næringsverksemd i. Evalueringa av dei personretta verkemidlane i tiltakssona i 2022, viste at dei eksisterande ordningane i tiltakssona ikkje er tilstrekkelege for å halde oppe busetjinga i Finnmark og Nord-Troms. Effektane er størst når tiltaka er retta mot unge (under 30 år), som er den mest mobile aldersgruppa. Ordningane med gjeldssletting av studielån og Finnmarks-frådraget blir rangerte som dei to viktigaste ordningane.

I distriktsmeldinga varslar regjeringa at det er nødvendig med tiltak som kan gi tilflytting og rekruttering av arbeidskraft til tiltakssona. Mangel på arbeidskraft hemmar vekstkrafta i næringslivet og gjer offentlege velferdstilbod og tenester sårbare. Det kan òg gå ut over sikkerheit og beredskap i nord. Regjeringa vil prioritere tiltak retta mot barnefamiliar og unge vaksne. Finnmarksfrådraget er auka frå 20 550 kroner i 2023 til 30 000 kroner i 2024. Samstundes foreslår regjeringa å likestille sats 3 i trinnskatten i tiltakssona med satsen i resten av landet. Satsane for gjeldslette av utdanningslån er auka i 2023, ordninga med ekstra gjeldslette av utdanningslån for grunnskulelærarar blir vidareført og det er innført gratis barnehage frå 1. august 2023. Ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift er ikkje del av dei personretta verkemidla i tiltakssona, men like fullt eit viktig verkemiddel. I tiltakssona er det nullsats i arbeidsgivaravgifta.

Kultur

Støtte til eit mangfaldig kulturliv er ein integrert del av nordområdesatsinga til regjeringa. Dette skal bidra til at kultur av høg kvalitet når ut til eit breitt publikum i nord. Støtta til kultursektoren har òg eit breiare nedslagsfelt. Kulturfeltet bidrar til samfunnsutvikling, eit aktivt sivilsamfunn og buattraktivitet.

Eit viktig tiltak er Bodø som europeisk kulturhovudstad 2024. Stortinget har gitt tilsegn om at staten i åra 2022–2024 skal bidra med ein tredel av utgiftene til planlegging og gjennomføring av prosjektet, avgrensa til 100 mill. kroner. Det vart sett av 33 mill. kroner til prosjektet over budsjettet til Kultur- og likestillingsdepartementet i 2023.

Støtte til utvikling og gjennomføring av kultursamarbeid på tvers av landegrensene støttar opp under og styrkjer det internasjonale samarbeidet og bidrar til gode og opne relasjonar mellom folka i Arktis. Pandemien bremsa dei internasjonale aktivitetane på kulturområdet, og Russlands krigføring i Ukraina har ført til at det bilaterale samarbeidet med russiske kulturaktørar i stor grad er avslutta. Situasjonen blir følgd og drøfta med samarbeidspartane i dei ulike nordlege samarbeidsforuma. Det er likevel framleis eit stort internasjonalt engasjement i det nordnorske kulturfeltet som òg strekker seg ut over nærområda i nord. Det er ei aukande interesse for globale og sirkumpolare tema, til dømes engasjementet i den internasjonale kulturpolitiske arenaen Arctic Arts Summit, som inngår som ei satsing i det norske formannskapsprogrammet for Arktisk råd. Tiltaket er støtta av Kultur- og likestillingsdepartementet og Utanriksdepartementet. Eit anna døme er Pikene på broen i Kirkenes, som med residensprogrammet sitt mellom anna kan tilby russiske kunstnarar i eksil trygge opphalds- og arbeidsvilkår. Som ein del av aktivitetspakka for Aust-Finnmark har regjeringa støtta Pikene på broen med 2 mill. kroner i 2023.

Helse

Regjeringa har sett i gang ei rekke tiltak som bidrar til å styrkje tenestene der folk bur, mellom anna tiltakspakke for allmennlegetenesta og styrking av psykisk helse- og rusområdet. Regjeringa har òg starta arbeidet med ei Bu trygt heime- reform og Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Samhandling mellom kommunar og sjukehus vil vere eit viktig tema for å skape gode, saumlause pasientforløp og gode tenester nær der folk bur. Regjeringa vil òg legge fram ei helseberedskaps-

melding hausten 2023. Eit nytt Barents helseprogram for perioden 2024–2027 med Sverige og Finland som partnerar vil fokusere på å bygge helsekompetanse og betre motstandsdyktigheit hos enkeltmenneske og lokalsamfunn i den nordiske Barentsregionen.

Stortingsmeldinga om samisk språk, kultur og samfunn for 2024 skal handle om folkehelse og levekår i samiske område. Utfordringane som er beskrivne i Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*, blir følgde opp i denne nye meldinga. Meldinga skal leggst fram av helse- og omsorgsministeren og blir utarbeidd i nært samarbeid mellom Kommunal- og distriktsdepartementet og fleire andre relevante departement.

Infrastruktur: Nordområda skal knytast tettare saman

Veg, jernbane, hamner, ferjer, lufthamner, breiband og mobilnett bind Noreg saman og er heilt avgjerande for busetjing og arbeidsplassar i heile landet. Utvikling av infrastruktur og forbetringar av transportsystemet i nord er svært viktig for å nå dei ambisiøse måla om å snu ei negativ befolkningsutvikling, bidra til næringsutvikling og fremje grøn omstilling.

Regjeringa har i Hurdalsplattforma vist til at Noreg er heilt avhengig av det desentraliserte rutetilbodet for flytrafikk. Luftfartsstrategien som vart lagd fram for Stortinget i januar 2023, jf. Meld. St. 10 (2022–2023) *Bærekraftig og sikker luftfart (Nasjonal luftfartsstrategi)*, gir ein heilskapleg gjennomgang av mål, verkemiddel og tiltak for ein berekraftig luftfart i klima- og miljømessig, sosial, geografisk og økonomisk forstand. For nordområda sin del er særleg den geografiske dimensjonen viktig. Regjeringa har i meldinga slått fast at dagens lufthamnstruktur skal først vidare og styrkjast gjennom Avinor-modellen, og dessutan at alle delar av landet skal ha god tilgjengelegheit til lufthamner med eit tilstrekkeleg rutetilbod til ein overkommelig pris. Bygginga av ei ny, større lufthamn ved Mo i Rana og flytting av lufthamna i Bodø skal vidare skje i tråd med eksisterande planar.

Etter at luftfartsstrategien vart lagd fram, har regjeringa gjennomført nye flyrutekjøp med avtaleoppstart 1. april 2024 for FOT³-rutene som er betente med fly, og 1. august 2024 for helikopter-ruta Værøy–Bodø. I desse er nivået på maksimalt tillatne billettprisar halvert og kapasiteten auka der etterspurnadsveksten er forventet å vere størst. I tillegg er mellom anna ruta Kirkenes–Tromsø no tatt

inn i FOT-ordninga for å betre sambandet mellom Tromsø og Aust-Finnmark. På rutene mellom Helgeland og Bodø er rutetidskrava endra og eit nytt krav til korrespondanse fastsett til/frå Tromsø. Dette styrkjer sambanda nordover, noko pasientar som skal til Universitetssjukehuset i Tromsø kjem til å dra nytte av. Samla bidrar dei nemnde tiltaka til reduserte avstandskostnader og eit betre regionalt flyrutetilbod i Nord-Noreg.

Transportverksemdene arbeider med å gjennomføre ei konseptvalutgreiing (KVU) som ser på utviklinga av det framtidige transportsystemet i Nord-Noreg. Utgreiinga ser dei ulike transportformene i samanheng, og skal vere ferdig hausten 2023. Statens vegvesen leier utgreiingsarbeidet. I Hurdalsplattforma fastsette regjeringa at det skal gjennomførast ei KVU med mål om å realisere Nord-Noregbana. Gjennom konseptvalutgreiinga for Nord-Noregbana skal det utarbeidast ein analyse av kva jernbanekonsept mellom Fauske og Tromsø som det er mest aktuelt å gjennomføre. Konseptvalutgreiinga skal ferdigstillast hausten 2023.

For mange er ferja livsnerven i samfunnet. Regjeringa ønskjer at ferjesamband i distrikta med låg trafikk skal vere gratis. Regjeringa legg til rette for å gjennomføre målsettingane i Hurdalsplattforma om gratis ferjer og om å halvere takstane på dei andre ferjesambanda. Det betyr at regjeringa legg til rette for at alle ferjer som går til øyer og samfunn utan vegsamband til fastlandet, og som ikkje alt var blitt gratis 1. juli 2022, vart gratis frå 16. august 2023. Utvidinga gjeld ferjesamband med over 100 000 passasjerar i året. For ferjesamband med under 100 000 reisande er fylkeskommunane tidlegare tilført midlar som legg til rette for å kunne gjere sambanda gratis. Dette er eit landsomfattande tiltak, men ein stor del av dei aktuelle strekningane er i Nord-Noreg og vil ha mykje å seie for befolkning og næringsliv. I alt er det no 33 ferjesamband i Nord-Noreg som er gratis.

Fylkeskommunane får i 2023 fordelt meir enn 3 mrd. kroner av rammetilskotet til fylkesveg. Det er òg løyvd øyremerkte tilskot retta mot fylkesveg på til saman 827 mill. kroner. Regjeringa vil utarbeide ein heilskapleg og forpliktande plan for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane og ta initiativ til at det saman med fylkeskommunane blir utarbeidd ein nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksvegar og fylkesvegar med høg eller middels skredfaktor.

Riksvegprosjektet E10/rv. 85 Tjeldsund–Gullesfjordbotn–Langvassbukta i Nordland og Troms og Finnmark er Nord-Noregs største samferdselsprosjekt til no, og blir gjennomført med offentleg-

³ FOT: «Forpliktelses til offentlig tjenesteytelse»

privat samarbeid (OPS) som kontraktsform. Kontrakten vart inngått sommaren 2023, og anleggsarbeida har no starta opp. Prosjektet omfattar bygging av til saman 82 kilometer veg og vil redusere køyretida mellom Tjeldsund bru og Gullsfjordbotn med om lag 40 minutt.

Regjeringa har varsla at det skal setjast av midlar i 2024-budsjettet til å starte opp prosjektet E6 Megården–Sommerset. Dette er ei delstrekning av prosjektet E6 Megården–Mørsvikbotn. Regjeringa ønskjer å splitte opp prosjektet, ved å starte i sør i Megården og bygge vidare nordover til Sommerset. Sommerset–Mørsvikbotn blir eit eige prosjekt, der framdrift og prioritering blir vurdert i arbeidet med Nasjonal transportplan 2025–2036 som etter planen blir lagt fram våren 2024. Samferdselsdepartementet vil kome tilbake til Stortinget med forslag til kostnadsramme.

Dersom forhandlingane fører fram, er regjeringa innstilt på å inngå ein byvekstavtale med Tromsø.

Å utvikle ny infrastruktur for energi, transport og industri vil bety inngrep i naturen. I denne samanhengen er ikkje minst dei samiske interessene og reindrifta viktig. Både FN's klimapanel og FN's naturpanel understrekar at intakt natur som skog og myr både tar opp og lagrar store mengder CO₂ og toler klimaendringane betre. Å avgrense nedbygging og oppstykking av natur på ein måte som også sikrar rettane og kunnskapen til urfolk, blir derfor viktig ved utvikling av infrastruktur i nordområda. Her jobbar regjeringa med fleire nye verkemiddel, blant anna ein nasjonal naturrekneskap.

Regjeringa vil i 2024 starte arbeid i følgjande fiskerihamner:

- Mehamn fiskerihamn i Gamvik kommune – ferdigstillast i 2025.
- Husøy Fiskerihamn i Senja kommune – ferdigstillast i 2025.
- Kjøllefjord i Lebesby kommune – ferdigstillast i 2026.

Farvatnsprosjektet innsegling Mo i Rana i Rana kommune i Nordland vart starta i 2023 etter løyving i samband med revidert nasjonalbudsjett. Prosjektet blir vidareført i 2024 og etter planen ferdigstilt i 2026.

Svalbard

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om Svalbard i 2024. Arbeidet med ei ny stortingsmelding om Svalbard skal legge grunnlag for føringar for aktivitet og forvaltning på øygruppa i tida framover, og dei heilskaplege gjennomgangane bidrar til ei balansert utvikling innanfor måla for svalbardpolitikken. Stortingets behandling av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, jf. Innst. 88 S (2016–2017), reflekterte at dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast:

- Å handheve suvereniteten konsekvent og fast.
- Å overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd.
- Å bevare ro og stabilitet i området.
- Å bevare den særskilte villmarksnaturen i området.
- Å halde oppe norske samfunn på øygruppa.

Det er lang tradisjon for brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Langsiktig forvaltning av Svalbard, i tråd med dei stortingsforankra måla, medverkar til sikkerheit for folk i Longyearbyen, og til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen. Regjeringa legg vekt på å føre vidare dei lange linjene i forvaltninga av øygruppa. Innanfor dei stortingsforankra måla vil regjeringa vidareutvikle svalbardpolitikken på ein måte som sikrar norske interesser og norsk busetjing.

Jan Mayen

Det norske nærværet på Jan Mayen blir oppretthalde. Verksemda på Jan Mayen gir viktige bidrag til norsk nordområdepolitikk på fleire område, mellom anna innanfor meteorologi- og kommunikasjonstenester. Plasseringa gjer øya godt eigna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem.

10 Lønsvilkår o.a. til leiarar i heileigde statlege verksemdar

Electronic Chart Centre AS

Lønnskostnaden for administrerande direktør utgjorde 1 231 880 kroner i 2022. Andre ytingar utgjorde 10 309 kroner medan pensjonskostnaden var 134 029 kroner. Pensjonsordninga er sikra gjennom Statens Pensjonskasse. Det er ikkje avtalt noko etterlønnsordning for administrerande direktør.

Kommunalbanken AS

Administrerande direktør tok imot 3 406 000 kroner i fastløn for 2022. Andre ytingar utgjorde 67 000 kroner. Pensjonskostnaden var 203 000 kroner. Administrerande direktør har som andre tilsette ei innskotsbasert pensjonsordning inntil 12 G, og er omfatta av den same ordninga for resultatbasert variabel løn som andre tilsette. Ordninga er avgrensa til 1,5 månadsløner og føreset at styrefast-

sette måltal er nådde. Det vart ikkje opptent variabel løn i 2022.

Administrerande direktør har ei etterlønnsavtale tilsvarande eitt års fastløn som blir utløyst etter særskilde vilkår. Opplysningar om godtgjersle til administrerande direktør går fram av Kommunalbankens årsmelding for 2022.

Norid AS

Dagleg leiar tok imot 1 216 154 kroner i fastløn for 2022. Andre ytingar utgjorde 36 859 kroner. Pensjonskostnaden var 171 247 kroner. Leiande tilsette er med i den kollektive pensjonsordninga til verksemda på lik linje med andre tilsette. Pensjonsordninga er ei innskotsbasert ordning på inntil 12 G. Det er ikkje avtalt etterlønnsordning for dagleg leiar. Norid AS nyttar ikkje variabel løn og heller inga form for opsjonsprogram eller bonusutbetalingar.

11 Likestilling

11.1 Likestilling i staten

Likestilling inneber at alle personar skal ha like rettar og moglegheiter i samfunnet, uavhengig av mellom anna kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

Likestilling i det statlege tariffområdet

Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for staten sin sentrale arbeidsgivarfunksjon og er tariffpart i det statlege tariffområdet. Departementet har i kraft av denne rolla eit særleg ansvar for å legge til rette for at den statlege personalpolitikken bidrar til likestilling og hindrar diskriminering, mellom anna når det gjeld rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging for å kombinere arbeid og familieliv. Det å legge til rette for at alle får like moglegheiter i arbeidslivet, er ein viktig føresetnad for likestilling.

Mangfald og inkludering

Regjeringa har høge ambisjonar når det gjeld mangfald og inkludering. Alle som kan og vil jobba, skal få høve til det. I Hurdalsplattforma er det tydeleg uttrykt at folk med nedsett funksjonsevne og helsemessige utfordringar skal møte eit arbeidsliv som er oppe og inkluderande. Innvandrarar skal få bidra med sine ressursar. Kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene, og ingen skal bli utsette for trakassering eller vald i arbeidslivet.

Den enkelte statlege verksemda har ansvaret for å bidra til auka mangfald og inkludering hos seg sjølv. Samstundes brukar Kommunal- og distriktsdepartementet, som pådrivar på dette feltet, fleire verkemiddel for å bidra til auka likestilling på tvers av verksemdar og sektorar:

- Eit eige traineeprogram er ein del av staten si satsing for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en og som har høgare utdanning, i arbeidsmarknaden. Programmet skal sørge for nye ressursar og styrkja mangfald i statlege verksemdar, og forbetre rekrutteringsarbeidet i verksemdene, slik at eit

inkluderings- og mangfaldsperspektiv er integrert i alle rekrutteringsprosessar i staten.

- Statlege verksemdar skal kalle inn minst ein kvalifisert søkjar med nedsett funksjonsevne, og minst ein kvalifisert søkjar med fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring («hol i CV-en») til intervju. Dette er det gitt reglar om i forskrifta til statstilsettelova. Etter forskrifta er det òg høve, men ikkje plikt, til å tilsetje ein søkjar med funksjonsnedsetjing eller hol i CV-en dersom vedkomande er noko nær like godt kvalifisert som den best kvalifiserte søkjaren (moderat kvotering). I 2022 vart forskrifta til statstilsettelova endra, og det er no gitt høve til å tilsetje personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en, og som har førebels lønstilskot, i inntil to år utan offentleg utlysing. Dette skal gjere det enklare for statlege verksemdar å ta i bruk kompetansen og arbeidskrafta til personane som er i målgruppa for denne ordninga.
- Rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn er viktig i eit mangfaldsperspektiv. Det følgjer av forskrifta til statstilsettelova at statlege verksemdar skal innkalle minst ein kvalifisert søkjar som er innvandrar eller som er norskfødd og der begge foreldra er utanlandskfødde, til intervju.
- Kommunal- og distriktsdepartementet gjennomfører regelmessig prosjekt som tar for seg ulike sider av temaet mangfald og inkludering. I 2022/2023 har departementet og partane mellom anna sett i gang eit prosjekt om korleis behalde seniorar lengst mogleg i statleg tariffområde og eit prosjekt om rekruttering av personar med førebels lønstilskot til mellombels stillingar.

Kjønnslikestilling i det statlege tariffområdet

I tråd med likestillings- og diskrimineringslova § 26 a skal det gjerast greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna. I tabell 11.1 er det gjort greie for delen kvinner og menn som er leiarar i staten. Til sist gjer vi greie for delen kvinner og menn som arbeider deltid innanfor det statlege tariffområdet.

Tabell 11.1 Prosentdelen kvinner og menn i alle leiarstillingar og toppleiarstillingar i statleg sektor 2018–2022

Leiargrupper	Kjønn	2018	2019	2020	2021	2022
Alle leiarar i staten ¹	Kvinner	49 %	49 %	51 %	51 %	47 %
	Menn	51 %	51 %	49 %	49 %	53 %
	Totalt	10 323	10 310	9 958	10 114	10 116
Leiarar som er omfatta av leiarlønssystemet	Kvinner	37 %	38 %	39 %	39 %	42 %
	Menn	63 %	62 %	61 %	61 %	58 %
	Totalt	242	234	232	224	224
Leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalane	Kvinner	49 %	50 %	51 %	52 %	53 %
	Menn	51 %	50 %	49 %	48 %	47 %
	Totalt	10 081	10 076	9 726	9 890	10 116
Øvste leiar av verksemd, («toppleiarar i staten») ¹	Kvinner					42 %
	Menn					58 %
	Totalt					185

¹ Prosentdelen kvinner og menn i leiarstillingar inkluderer både leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalane i staten (HTA) per 1. oktober, og leiarar som er omfatta av statens leiarlønssystem (SLS) per 31. desember. Tala for leiarar som er omfatta av hovudtariffavtalane, baserer seg på yrkeskode / STYRK-kode 1 administrative leiarar.

Kjelde: Statens lønsstatistikk og innrapporterte opplysningar frå departementa per 31. desember.

Tabellen over gir ei oversikt over delen kvinner og menn i alle leiarstillingar, inkludert toppleiarstillingar, i staten. Mellom *alle leiarar* var det i 2022 53 pst. menn og 47 pst. kvinner. Dette er ein nedgang i delen kvinner frå 2021. Departementet vil følgje med på om dette er eit mønster som viser seg over tid. Dersom vi berre ser på leiarar som er omfatta av *leiarlønssystemet*, var delen kvinner 42 pst i 2022. Dette er ei auke frå 2021. Leiarlønssystemet omfattar ei rekke leiarstillingar i staten, slik som departementsrådar og ekspedisjonssjefar i departementa, toppleiarar i større etatar og institusjonar, statsforvaltarar og politimeistrar. Leiarlønssystemet vart etablert i 1991, mellom anna for å kunne rekruttere og halde på dyktige leiarar i staten. Den største gruppa av leiarar på leiarlønssystemet er ekspedisjonssjefane. Ser vi på delen kvinner som er *øvste leiar* i statlege verksemdar, var den på 42 pst i 2022. Det var 40 pst. kvinner som er *øvste leiar* i eit direktorat.⁴ Av departementsrådar og assisterande departementsrådar var det 11 kvinner og 9 menn.

Likeløn

Eit sentralt tema innanfor likestilling er likeløn. Likestillings- og diskrimineringslova § 34 slår fast at kvinner og menn i same verksemd skal ha lik løn for same arbeid eller arbeid av lik verdi. Løna skal fastsettast på same måte, utan omsyn til kjønn. Ser vi på samfunnet under eitt, har gjennomsnittsløna for kvinner og menn nærma seg kvarandre over tid. Det har skjedd samstundes med ein auke i yrkesdeltakinga og i utdanningsnivået blant kvinner. Lønsskilnaden er minst i kommunal sektor, deretter følgjer stat og til slutt privat sektor (kjelde: Bufdir.no). Tabell 11.2 viser gjennomsnittleg månadsforteneste for høvesvis kvinner og menn, og prosentvis auke i månadsforteneste frå 2017 til 2022.

⁴ Nokre av dei øvste leiarane i direktorata er ikkje omfatta av statens leiarlønssystem, men av hovudtariffavtalane i staten.

Tabell 11.2 Tal på årsverk og gjennomsnittleg månadsforteneste for heiltidstilsette 2017–2022

	Tal på årsverk ¹		Prosent endring 2017–2022	Gjennomsnittleg mnd.forteneste ² for heiltidstilsette		Prosent endring 2017–2022
	2017	2022		2017	2022	
Årsverk som er omfatta av hovudtariffavtalane	145 762	154 907	6,3 %	48 023	55 631	15,8 %
Kvinner	72 062	79 221	9,9 %	45 351	52 760	16,3 %
Menn	73 700	75 686	2,7 %	50 533	58 580	15,9 %

¹ Tal på årsverk i 2017 og 2022 er henta frå rapportane frå Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalane i staten.

² Tala for månadsforteneste er for heiltidstilsette, og ikkje per årsverk.

For tilsette i det statlege tariffområdet samla, var kvinner sin del av menn si løn i 2022 på 90,1 pst. (månadsforteneste i alt). Ser vi på fastløn var den på 96,6 pst. når det gjeld kvinner sin del av menn si løn (Statistikk- og berekningsutvalet i samband med revisjon av hovudtariffavtalane i staten 2023). I perioden mellom 2017 og 2022 auka talet på årsverk i staten omfatta av hovudtariffavtalane med 6,3 pst. Talet på årsverk knytt til kvinner auka med 9,9 pst. medan talet på årsverk knytt til menn auka med 2,7 pst. Tabell 11.2 viser at frå 2017 til 2022 var den prosentvise auken i månadsforteneste noko større for kvinner enn for menn.

Tala i tabellen ovanfor og det at kvinner sin del av menn si løn i 2022 var 90,1 pst. (månadsforteneste i alt) viser at det er kjønnskilnader i løn, men tala i seg sjølv seier ikkje noko om *årsakene* til desse skilnadene. I samband med den forsterka aktivitets- og opplysningsplikta er offentlege verksemder pålagde å gjere nærare greie for likeløn annakvart år, forstått som lik løn for arbeid av lik verdi. Ei slik kartlegging vil på sikt kunne gi større innsikt i kva dei konkrete lønsskilnadene i det statlege tariffområdet kjem av. 2021 var første gong med likelønsrapportering etter den nye plikta. Departementet vil følgje med på denne rapporteringa framover.

Deltid

Når det gjeld bruken av deltid, er skilnaden mellom kvinner og menn liten. 9,1 pst. menn og 10,5 pst. kvinner arbeidde deltid i 2022 (kjelde: Rapport frå Statistikk- og berekningsutvalet i samband med

revisjon av hovudtariffavtalane i staten 2023 pkt. 7). Endringane frå 2021 til 2022 er òg små, i 2021 arbeidde høvesvis 9,2 pst. menn og 10,9 pst. kvinner deltid i staten. 2022 var første gong dei statlege verksemdene skulle rapportere om ufrivillig deltid (for 2021) i sine egne årsrapportar, jf. aktivitets- og opplysningsplikta i likestillings- og diskrimineringslova. På same måte som for likeløn, er dette eit tema departementet vil følgje med på framover.

For ytterlegare informasjon om likestilling i staten blir det vist til budsjettproposisjonane frå dei enkelte departementa.

11.2 Likestilling i verksemdene

Tabell 11.3 gir ei tilstandsrapportering om likestillingssituasjonen i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemder.

Kjønnsbalansen i departementet når ein ser alle stillingskategoriar under eitt, er 61 pst. kvinner og 39 pst. menn. Departementet arbeider for lik løn mellom kjønna innan alle stillingskategoriar. Delen som arbeider deltid har gått ned for kvinner frå 2021 til 2022 i ein del verksemder, mens delen har auka noko for menn. Talet på mellombelse tilsette har auka noko for kvinner og gått ned noko for menn. Både kvinner og menn tar ut foreldrepermisjon og har høve til å tilpasse arbeidstida i småbarnsperioden. Framleis har kvinner noko høgare legemeld sjukefråvær enn menn, men talet har gått ned noko for kvinner og auka noko for menn.

For ei nærare omtale av dei underliggende verksemdene blir det vist til årsrapportane deira.

Tabell 11.3 Tilstandsrapportering i Kommunal- og distriktsdepartementet og underliggende verksemder

		Kjønnsbalanse			Kvinners løn i % av menn	Deltid		Mellombels tilsetning		Foreldrepermisjon (fordeling)		Legemeld sjukefråvær	
		M%	K%	Total	(kr/%)	M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Kommunal- og distriktsdepartementet	2022	39	61	393	94,4	1,5	2,2	1,2	2,2	75	25	3,5	4,1
	2021	39	61	395	99	1,2	2,5	1,7	1,7	72	28	2,3	5,3
Datatilsynet	2022	44	56	69	95,1	0	0	16,7	12,8	28	72	1,9	4
	2021	42	58	72	96	10,0	4,8	20,0	19,0	6	94	1,9	4,0
Digitaliseringsdirektoratet	2022	55	45	346	94	1,2	1,7	2	2,3	43	57	3,2	4,9
	2021	54	46	342	92	1,1	4,5	1,1	4,5	38	62	2,8	6,4
Direktoratet for byggkvalitet	2022	37	63	88	100	3	1,8	0	1,1	0	100	4	6
	2021	38	62	93	95	2,9	1,7	0,4	1,2	0	100	7,0	3,0
Distriktssenteret - kompetansesenter for distriktsutvikling	2022	33	67	30	101,8	3,7	0	3,7	0	0	0	0	9,2
	2021	35	65	27	99	3,7	0,0	3,7	0,0	0	0	0,0	9,2
Husbanken	2022	47	53	281	90	1	9,6	2,9	0,9	30	70	2,9	5,1
	2021	45	55	284	88	3,1	10,3	2,3	0,6	42	58	3,0	4,8
Husleigetvistutvalet	2022	19	81	36	73	0	6,9	0	10,3	0	100	10,5	5,8
	2021	27	73	41	85	11,1	8,3	11,1	16,7	0	100	1,0	5,1
Internasjonalt reindriftssenter	2022	50	50	8	63,2	50	50	16,7	83,3	0	0	0	0
	2021	56	44	9	80	22,2	11,1	22,2	33,3	0	0	0,0	0,0
Kartverket	2022	47	53	807	89	2,1	6,3	1,9	2,4	44	56	2	5,2
	2021	47	53	833	86	1,9	6,5	1,6	1,9	45	55	1,0	2,9
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	2022	64	36	169	97	1	2	3	1	58	42	1,4	3,7
	2021	66	34	178	96	0,8	1,7	1,7	3,3	32	68	1,3	3,2
Statsbygg	2022	63	37	835	112	1,9	3,8	1,0	0,6	43	57	3,2	5,6
	2021	62	38	838	111	2,5	6,7	2,1	1,5	33	67	3,1	3,9
Statsforvaltaren	2022	29	71	2 525	91,4	5,4	6,1	6,5	6,1	23,3	77	2,8	5,6
	2021	30	70	2 618	95	5,5	7,7	6,8	7,6	24	76	2,4	3,9
Statsforvaltarens fellestenester	2022	37	63	204	90	0,0	7,0	8,0	3,1	20	80	3,6	5,6
	2021	37	63	213	88	0,0	8,9	6,3	2,2	50	50	2,4	5,4
Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa	2022	58	42	738	105	1,0	3,0	7,0	7,0	56	44	5,7	4,3
	2021	60	40	733	102	1,0	2,0	3,0	3,0	64	36	3,3	5,6
Valdirektoratet	2022	62	38	30	107	0	0	4,5	0	100	0	0,8	11
	2021	61	39	32	104	0,0	0,0	9,1	14,3	41	59	0,3	5,9

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2023–2024) om statsbudsjettet for år 2024 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kommunal- og distriktsdepartementet blir i Prop. 1 S (2023–2024) statsbudsjettet for budsjettåret 2024 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 1–2, 500–595, 2412, 2445, 3500–3595, 5312, 5570, 5607, 5615, 5616, 5635

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Det kongelege hus				
1	H.M. Kongen og H.M. Dronninga			
	01 Apanasje		14 768 000	
	50 Det kongelege hoff		258 482 000	
	51 Særskilde prosjekt ved Det kongelege hoff		6 000 000	279 250 000
2	H.K.H. Kronprinsen og H.K.H. Kronprinsessa			
	01 Apanasje		12 292 000	12 292 000
	Sum Det kongelege hus			291 542 000
Administrasjon				
500	Kommunal- og distriktsdepartementet			
	01 Driftsutgifter		497 631 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>		77 395 000	
	23 Husleige for fellesareal m.m.		129 809 000	
	25 Nytt regjeringskvartal, prosjektstyring, kan overførast		4 520 000	
	27 Sak- og arkivløysing, <i>kan overførast</i>		66 447 000	
	30 Nytt regjeringskvartal, ombygging av Ring 1, <i>kan overførast</i>		545 000 000	
	50 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd m.m.		175 441 000	
	51 Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt		48 437 000	
	70 Diverse føremål, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		2 893 000	1 547 573 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
502	Tariffavtalte avsetningar mv.			
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>		1 000 000	
	70 Kompetanseutvikling mv., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>		1 000 000	
	71 Opplæring og utvikling av tillitsvalde		233 100 000	
	72 Pensjonskostnader tenestemannsorganisasjonane		43 000 000	278 100 000
505	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse			
	01 Driftsutgifter		52 000 000	
	70 Tap/avskrivningar		2 000 000	
	90 Utlån, <i>overslagsløyving</i>		19 400 000 000	19 454 000 000
506	Yrkesskadeforsikring			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		95 000 000	95 000 000
507	Gruppelivsforsikring			
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>		240 000 000	240 000 000
510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa			
	01 Driftsutgifter		762 891 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		76 066 000	
	22 Fellesutgifter		151 491 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		66 510 000	
	46 Sikringsanlegg og sperresystem, <i>kan overførast</i>		12 958 000	1 069 916 000
	Sum Administrasjon			22 684 589 000
	Statsforvaltarane			
525	Statsforvaltarane			
	01 Driftsutgifter		2 271 829 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		89 047 000	2 360 876 000
	Sum Statsforvaltarane			2 360 876 000
	Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning			
530	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga			
	31 Igangsetjing av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>		169 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	33	Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>	4 385 000 000	
	36	Kunstnarisk utsmykking, <i>kan overførast</i>	59 081 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 146 900 000	5 759 981 000
531		Eigedomar til kongelege føremål		
	01	Driftsutgifter	31 788 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	42 523 000	74 311 000
533		Eigedomar utanfor husleigeordninga		
	01	Driftsutgifter	27 947 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	35 000 000	62 947 000
		Sum Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning		5 897 239 000
		Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk		
540		Digitaliseringsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	159 610 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	11 370 000	
	22	Bruk av nasjonale fellesløysingar	179 000 000	
	23	Utvikling og forvaltning av nasjonale fellesløysingar, <i>kan overførast</i>	422 308 000	
	25	Medfinansieringsordning for digitali- seringsprosjekt, <i>kan overførast</i>	136 329 000	
	26	Stimulab, <i>kan overførast</i>	5 202 000	
	27	Tilsyn for universell utforming av ikt, <i>kan overførast</i>	19 133 000	
	29	Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, <i>kan overførast</i>	137 500 000	
	71	IT-tilskot	8 922 000	1 079 374 000
541		IT- og ekompolitikk		
	22	Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekom- politikken, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 70</i>	15 924 000	
	60	Breibandutbygging	400 031 000	
	70	Forvaltningsutvikling, IT- og ekom- politikk, <i>kan nyttast under post 22</i>	34 908 000	450 863 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
542	Internasjonalt samarbeid			
	01 Driftsutgifter		5 100 000	
	70 Internasjonale program, <i>kan overføres</i>		476 782 000	481 882 000
543	Nasjonal kommunikasjonsmyndighet			
	01 Driftsutgifter, <i>kan overføres</i>		260 092 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		16 886 000	
	70 Telesikkerheit og -beredskap, <i>kan overføres</i>		187 992 000	
	71 Funksjonell internettilgang til alle, <i>kan overføres</i>		10 573 000	475 543 000
	Sum Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk			2 487 662 000
	Personvern			
545	Datatilsynet			
	01 Driftsutgifter		82 241 000	82 241 000
546	Personvernemnda			
	01 Driftsutgifter		2 778 000	2 778 000
	Sum Personvern			85 019 000
	Distrikts- og regionalpolitikk			
553	Regional- og distriktsutvikling			
	60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta		62 940 000	
	61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling		802 091 000	
	63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet		145 403 000	
	64 Pilot nærttenestesenter, <i>kan overføres</i>		5 000 000	
	65 Omstilling og utvikling i område med særskilde distriktsutfordringar		120 559 000	
	66 Bygdeveksttaler, <i>kan overføres</i>		76 931 000	
	67 Utviklingstiltak i Andøy kommune		20 000 000	
	69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon		66 332 000	
	71 Investeringstilskot for store grønne investeringar		101 528 000	
	74 Klyngjer og innovasjon		28 322 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	76	Nordisk og europeisk samarbeid, <i>kan overføres</i>	18 659 000	1 447 765 000
554		Kompetansesenter for distriktsutvikling		
	01	Driftsutgifter	35 599 000	
	73	Merkur, <i>kan overføres</i>	69 531 000	105 130 000
		Sum Distrikts- og regionalpolitikk		1 552 895 000
		Samiske føremål		
560		Samiske føremål		
	50	Samisk språk, kultur og samfunnsliv	641 721 000	
	51	Divvun	12 919 000	
	55	Samisk høyskule	8 150 000	662 790 000
563		Internasjonalt reindriftssenter		
	01	Driftsutgifter	6 613 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	3 141 000	9 754 000
		Sum Samiske føremål		672 544 000
		Nasjonale minoriteter		
567		Nasjonale minoriteter		
	60	Romar, <i>kan overføres</i>	6 937 000	
	70	Nasjonale minoriteter, <i>kan overføres</i>	10 117 000	
	72	Dei jødiske samfunna i Noreg	13 806 000	
	73	Kvensk språk og kvensk/norskfinsk kultur, <i>kan overføres</i>	12 679 000	
	74	Kultur- og ressurscenter for norske romar	18 266 000	
	75	Romanifolket/taterane, <i>kan overføres</i>	5 825 000	67 630 000
		Sum Nasjonale minoriteter		67 630 000
		Kommunesektoren mv.		
571		Rammetilskot til kommunar		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	23 165 000	
	60	Innbyggartilskot	169 718 456 000	
	61	Distriktstilskot Sør-Noreg	874 619 000	
	62	Distriktstilskot Nord-Noreg	2 429 852 000	
	64	Skjønstilskot	1 000 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	65	Regionsentertilskot	221 555 000	
	66	Veksttilskot	282 395 000	
	67	Storbytilskot	671 333 000	175 221 375 000
572		Rammetilskot til fylkeskommunar		
	60	Innbyggartilskot	47 616 308 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	773 174 000	48 389 482 000
573		Kommunestruktur		
	62	Delingskostnader	213 674 000	213 674 000
575		Ressurskrevjande tenester		
	60	Toppfinansieringsordning, overslagsløyving	12 983 505 000	
	61	Tilleggskompensasjon	88 409 000	13 071 914 000
577		Tilskot til dei politiske parti		
	01	Driftsutgifter	7 891 000	
	70	Sentrale organisasjonar	364 019 000	
	71	Kommunale organisasjonar	39 201 000	
	73	Fylkesorganisasjonar	85 668 000	
	75	Fylkesungdomsorganisasjonar	31 036 000	
	76	Sentrale ungdomsorganisasjonar	12 349 000	540 164 000
578		Valdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	61 265 000	61 265 000
		Sum Kommunesektoren mv.		237 497 874 000
		Bustad, bumiljø og bygg		
581		Bustad- og bumiljøtiltak		
	70	Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	3 895 246 000	
	76	Utleigebustader og forsøk med nye bustadmodeller, <i>kan overførast</i>	162 720 000	
	78	Bustadtiltak, <i>kan overførast</i>	26 799 000	
	79	Heis og tilstandsvurdering, <i>kan overførast</i>	27 810 000	4 112 575 000
585		Husleigetvistutvalet		
	01	Driftsutgifter	40 150 000	40 150 000
587		Direktoratet for byggkvalitet		
	01	Driftsutgifter	127 708 000	
	22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling, <i>kan overførast</i>	36 370 000	164 078 000
		Sum Bustad, bumiljø og bygg		4 316 803 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Planlegging, byutvikling og geodata				
590	Planlegging og byutvikling			
	65 Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>		152 650 000	
	71 DOGA		43 813 000	
	72 Bustad- og områdeutvikling i byar, <i>kan overførast</i>		20 870 000	
	81 Kompetansetiltak, <i>kan overførast</i>		6 714 000	224 047 000
595	Statens kartverk			
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21 og 45</i>		967 776 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45</i>		360 308 000	
	30 Geodesiobservatoriet, <i>kan overførast</i>		31 500 000	1 359 584 000
	Sum Planlegging, byutvikling og geodata			1 583 631 000
Statsbankane				
2412	Husbanken			
	01 Driftsutgifter		382 678 000	
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		12 431 000	
	45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		83 730 000	
	71 Tap på lån		30 100 000	
	72 Rentestøtte		400 000	
	90 Nye lån, <i>overslagsløyving</i>		22 882 000 000	23 391 339 000
	Sum Statsbankane			23 391 339 000
Statens forvaltningsbedrifter				
2445	Statsbygg			
	24 Driftsresultat			
	1 Driftsinntekter	-6 364 000 000		
	2 Driftsutgifter	2 695 358 000		
	3 Avskrivningar	1 614 000 000		
	4 Renter av statens kapital	1 720 000 000	-334 642 000	
	30 Prosjektering av bygg, <i>kan overførast</i>		439 000 000	
	31 Igangsetjing av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>		100 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
32	Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>		277 000 000	
33	Vidareføring av ordinære byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>		5 306 140 000	
34	Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt, <i>kan overførast</i>		850 000 000	
39	Renter på byggelån, <i>kan overførast</i>		667 000 000	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		352 985 000	
49	Kjøp av eigedomar, <i>kan overførast</i>		77 019 000	7 734 502 000
	Sum Statens forvaltningsbedrifter			7 734 502 000
	Sum departementets utgifter			310 624 145 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Kommunal- og distriktsdepartementet			
3505	Bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse		
	01 Gebyrinntekter, lån	47 000 000	
	90 Tilbakebetaling av lån	9 400 000 000	9 447 000 000
3506	Yrkesskadeforsikring		
	01 Premieinntekter	85 000 000	85 000 000
3507	Gruppelivsforsikring		
	01 Premieinntekter	143 000 000	143 000 000
3510	Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa		
	02 Diverse inntekter	44 293 000	
	03 Brukarbetaling	73 446 000	117 739 000
3525	Statsforvaltarane		
	01 Inntekter ved oppdrag	89 047 000	89 047 000
3533	Eigedomar utanfor husleigeordninga		
	02 Diverse inntekter	5 366 000	5 366 000
3540	Digitaliseringsdirektoratet		
	03 Diverse inntekter	2 285 000	
	05 Bruk av nasjonale fellesløysingar	179 000 000	
	07 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn	137 500 000	318 785 000
3542	Internasjonalt samarbeid		
	01 Refusjon frå Utanriksdepartementet	3 541 000	3 541 000
3543	Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit		
	01 Diverse gebyr	322 000	
	70 Inntekter frå gjennomførde frekvensauksjonar	583 600 000	583 922 000
3563	Internasjonalt reindriftssenter		
	02 Diverse inntekter	3 141 000	3 141 000
3585	Husleigetvistutvalet		
	01 Gebyr	3 271 000	3 271 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3587	Direktoratet for byggkvalitet		
	04 Gebyr	42 705 000	
	85 Diverse inntekter	115 000	42 820 000
3595	Statens kartverk		
	01 Gebyrinntekter tinglysing	477 700 000	
	02 Sal og abonnement m.m.	149 106 000	
	03 Samfinansiering	204 439 000	831 245 000
	Sum Kommunal- og distriktsdepartementet		11 673 877 000
	Ymse inntekter		
5312	Husbanken		
	01 Gebyr m.m.	6 890 000	
	11 Diverse inntekter	86 652 000	
	90 Avdrag	14 639 000 000	14 732 542 000
	Sum Ymse inntekter		14 732 542 000
	Skattar og avgifter		
5570	Sektoravgifter under Kommunal- og distriktsdepartementet		
	70 Sektoravgifter Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit	281 165 000	281 165 000
	Sum Skattar og avgifter		281 165 000
	Renter og utbytte mv.		
5607	Renter av bustadlånsordninga i Statens pensjonskasse		
	80 Renter	2 716 000 000	2 716 000 000
5615	Husbanken		
	80 Renter	5 581 000 000	5 581 000 000
5616	Kommunalbanken AS		
	85 Aksjeutbytte	660 000 000	660 000 000
5635	Electronic Chart Centre AS		
	85 Utbytte	3 000 000	3 000 000
	Sum Renter og utbytte mv.		8 960 000 000
	Sum departementets inntekter		35 647 584 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 500 post 01	kap. 3500 post 01
kap. 510 post 01	kap. 3510 postane 02 og 03
kap. 525 post 01	kap. 3525 post 02
kap. 525 post 21	kap. 3525 post 01
kap. 533 post 01	kap. 3533 post 02
kap. 540 post 01	kap. 3540 post 03
kap. 540 post 21	kap. 3540 post 03
kap. 540 post 22	kap. 3540 post 05
kap. 540 post 23	kap. 3540 post 03
kap. 540 post 27	kap. 3540 post 04
kap. 540 post 29	kap. 3540 post 07
kap. 554 post 01	kap. 3554 post 01
kap. 563 post 21	kap. 3563 post 02
kap. 585 post 01	kap. 3585 post 01
kap. 587 post 01	kap. 3587 post 04
kap. 595 post 01	kap. 3595 postane 02 og 03
kap. 595 post 21	kap. 3595 postane 02 og 03
kap. 595 post 45	kap. 3595 post 04

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskriddinga, og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Forskot på rammetilskot

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan utgiftsføre utan løyving:

1. inntil 500 mill. kroner på kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 90 Forskot på rammetilskot som forskot på rammetilskot for 2025 til kommunar.
2. inntil 200 mill. kroner på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 90 Forskot på rammetilskot som forskot på rammetilskot for 2025 til fylkeskommunar.

IV

Samfinansiering

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan gi Statens kartverk fullmakt til å setje i gang samfinansierte prosjekt før finansieringa i sin heilskap er innbetalt til Statens kartverk, så fram det er inngått ein bindande avtale med forsvarleg sikkerheit om innbetaling mellom partane. Fullmakta blir avgrensa oppad til 90 mill. kroner og gjeld utgifter ført på kap. 595 Statens kartverk, post 21 Særskilde driftsutgifter mot inntekter ført på kap. 3595 Statens kartverk, post 03 Samfinansiering.

V

Fullmakt til å overskride løyvingar til
investeringstiltak

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan:

1. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med inntil 250 mill. kroner, mot dekning i reguleringsfondet.
2. overskride kap. 2445 Statsbygg, postane 30–49, med beløp som tilsvavar netto gevinst frå sal av eigedomar.

VI

Fullmakt til å omdisponere løyvingar til
investeringstiltak

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan omdisponere:

1. under kap. 530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga, mellom postane 31 og 33.
2. under kap. 531 Eigedomar til kongelege føremål, frå post 01 til 45.
3. under kap. 533 Eigedomar utanfor husleigeordninga, frå post 01 til 45.
4. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 30, 31, 33, 45 og 49.
5. under kap. 2445 Statsbygg, mellom postane 32 og 34, og post 49 i dei tilfelle det er aktuelt å kjøpe ein eigedom som ledd i gjennomføringa av brukarfinansierte byggeprosjekt.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

VII

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan gi Statens kartverk fullmakt til å foreta bestillingar av kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 595 Statens kartverk,

post 21 Særskilde driftsutgifter, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 40 mill. kroner.

VIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar i investeringsprosjekt

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan:

1. følgje opp fullmakter under andre departement om oppstart av byggeprosjekt ved å:

bestille og forplikte staten ut over budsjettåret i desse prosjekta:	budsjettkapittel og post	innanfor ei kostnadsramme på:
NTNU Campussamling	kap. 530 post 31	7 239 mill. kroner
Rehabilitering av Bergen tinghus	kap. 2445 post 31	1 180 mill. kroner

Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og gjenståande forpliktingar skal til kvar tid bli heldt innanfor den vedtekne kostnadsramma

for det enkelte prosjekt. Kostnadsrammene er oppgitt i prisnivå per 1. juli 2024. Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

2. følge opp allereie igangsette byggeprosjekt ved å:

bestille og forplikte staten ut over budsjettåret i disse prosjekta:	budsjettkapittel og post	innanfor tidlegare vedtatte kostnadsrammer på:
UiO Livsvitenskapsbygget	kap. 530 post 33	13 014,9 mill. kroner
UiO Vikingtidsmuseet	kap. 530 post 33	3 903,4 mill. kroner
Norsk havteknologisenter	kap. 530 post 33	5 393,6 mill. kroner
Oslo fengsel, avdeling Ullersmo	kap. 2445 post 33	642,7 mill. kroner
Fagskule for brann- og redningspersonell	kap. 2445 post 33	746,0 mill. kroner
Blått bygg ved Nord universitet	kap. 2445 post 33	638,8 mill. kroner
22. juli-senteret	kap. 2445 post 33	541,9 mill. kroner
Samlokalisert nybygg for Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i det samiske nasjonalteateret Beaivváš i Kautokeino	kap. 2445 post 33	536,5 mill. kroner
Byggetrinn 1 av nytt regjeringskvartal	kap. 2445 post 33	23 971,5 mill. kroner
Energiløysinga for nytt regjeringskvartal	kap. 2445 post 33	3 211,0 mill. kroner

Fullmakta gjeld òg forpliktingar som blir inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og gjenståande forpliktingar skal til kvar tid bli heldt innanfor den vedtekne kostnadsramma

for det enkelte prosjekt. Kostnadsrammene er oppgitt i prisnivå per 1. juli 2024. Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

IX

Brukarutstyrprosjektet for nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan bestille og forplikte staten utover budsjettåret for gjennomføring av brukarutstyrprosjektet for prosjekt nytt regjeringskvartal, byggetrinn 1, innanfor tidlegare vedtatt kostnadsramme på 351,9 mill. kroner (prisnivå

per 1. juli 2024) på kap. 530 Byggeprosjekt utanfor husleieordninga, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald. Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

X

Ombygging av Ring 1

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan følge opp ombygging av deler av Ring 1 i Oslo kommune ved å bestille og forplikte staten utover budsjettåret innanfor tidlegare vedtatt kostnadsramme på 3 597 mill.

kroner (prisnivå per 1. juli 2024) på kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, post 30 Nytt regjeringskvartal, ombygging av Ring 1. Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsramma i seinare år.

XI

Brukarfinansierte byggeprosjekt

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan:

1. setje i gang byggeprosjekt under kap. 2445 Statsbygg, post 32 Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt, utan at dei er omtalt med kostnadsramme overfor Stortinget, når leietakaren har dei husleiemidlane det er behov for innanfor gjeldande budsjetttrammer.
2. foreta bestillingar og pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret, innanfor ei samla ramme på 1 400 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar, ved gjennomføring av brukarfinansierte byggeprosjekt under kap. 2445 Statsbygg, post 32 Prosjektering og igangsetjing av brukarfinansierte byggeprosjekt og post 34 Vidareføring av brukarfinansierte byggeprosjekt.

XII

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for

nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgende beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
540		Digitaliseringsdirektoratet	
	25	Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt	131,2 mill. kroner
567		Nasjonale minoritetar	
	74	Kultur- og ressurscenter for norske romar	4,1 mill. kroner
581		Bustad- og bumiljøtiltak	
	76	Utleigebustader og forsøk med nye bustadmodeller	77,2 mill. kroner
	78	Bustadtiltak	26,3 mill. kroner
590		Planlegging og byutvikling	
	72	Bustad- og områdeutvikling i byar	22,3 mill. kroner

Andre fullmakter

XIII

Husbankens låneramme

Stortinget samtykker i at Husbanken i 2024 kan gi tilsegn om lån for 24 mrd. kroner. Låna vil bli utbetalt i 2024 og seinare år.

XIV

Tilskot utan krav om tilbakebetaling

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan:

1. tildele midlar til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling under kap. 553 Regional- og distriktsutvikling, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet, post 65 Omstilling og utvikling i område med særskilde distriktsutfordringar og post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon.
2. tildele midlar til Innovasjon Noreg som tilskot utan krav om tilbakebetaling under kap. 553 Regional- og distriktsutvikling, post 71 Investeringsstilskot for store grønne investeringar og post 74 Klyngjer og innovasjon.

XV

Overføring av udisponert beløp

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet blir gitt fullmakt til å overføre udisponert beløp på kap. 567 Nasjonale minoritetar, post 75 Romanifolket/taterane frå 2024 til 2025.

XVI

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa i Husbanken

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan gi Husbanken fullmakt til å føre utbetalingar knytt til utlegg i låne- og tilskotsforvaltninga og tilhøyrande refusjonar mot mellomværet med statskassa.

XVII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa i Statsbygg

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan gi Statsbygg fullmakt til å:

1. postere til og frå reguleringsfondet som del av mellomværet med statskassa.
2. føre inn- og utbetalingar som gjeld bruksavhengige driftskostnader og tilleggsavtalar mot mellomværet med statskassa.
3. føre utlegg som skal viderefakturerast og tilhøyrande innbetalinger mot mellomværet med statskassa.
4. føre innbetalinger frå oppdragsgivar som delfinansierer innbetalinger mot mellomværet med statskassa. Innbetalingane blir nettoført på investeringspostane i takt med når investeringskostnadane blir påkomne.

XVIII

Diverse fullmakter som gjeld eigedom

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2024 kan:


1. godkjenne sal, makeskifte eller bortfeste av eigedom som blir forvalta av Statsbygg eller av statlege verksemder som ikkje har ei eiga salsfullmakt, for inntil 750 mill. kroner.
2. godkjenne kjøp av eigedom finansiert ved salsinntekter, innsparte midlar eller midlar frå reguleringsfondet for inntil 300 mill. kroner totalt, ut over løyvinga på kap. 2445 Statsbygg, post 49.
3. korrigere Statsbyggs balanse i dei tilfella der prosjekterings- og investeringsmidlar ført på kap. 2445 Statsbygg blir overført til andre budsjettkapittel eller prosjekta ikkje blir realisert.

Vedlegg 1**Den breie distriktpolitikken****1 Omtale av tiltak innanfor den breie distriktpolitikken**

Omtala skal syne statleg innsats og tiltak under departementa sine budsjett som er viktige for å nå regional- og distriktpolitiske mål.

Mange landsdekkande ordningar er viktige for å nå dei regional- og distriktpolitiske måla. Det gjeld til dømes vegtiltak, høgare utdanning, forskning og utvikling, arbeidsmarknadstiltak og overføringar til kommunane. Desse er likevel ikkje tatt med i oversikta, fordi det er problematisk å skilje ut regional- og distriktpolitiske delar frå heilskapen.

For 2024 foreslår regjeringa at det blir løyvd om lag 1,55 mrd. kroner over programkategori 13.50. Dette må sjåast i samanheng med omfanget av den breie distriktpolitikken, som for 2024 utgjer om lag 67 mrd. kroner. Dette er ein auke på 11,6 pst., samanlikna med saldert budsjett for 2023.



Figur 1.1 Utvikling i den breie distriktpolitikken 2008–2024

Tiltaka er delt i to kategoriar:

- Kategori A: Tiltak og ordningar som har grunngeving i distriktpolitiske mål, eller som favoriserer distriktsområde, ut over å jamne ut, for å oppnå likeverdige tilbod.
- Kategori B: Tiltak og ordningar som skal jamne ut og kompensere mellom geografiske område, eller som er særleg viktige for verdiskaping, sysselsetjing eller busetting i distriktsområde.

Økonomisk politikk utgjer om lag 43 pst. av innsatsen. Den differensierte arbeidsgivaravgifta er det største enkelttiltaket, med eit anslått provenytap på 22,8 mrd. kroner i 2024.

Økonomisk politikk

Tabell 1.1 Økonomisk politikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Differensiert arbeidsgivaravgift i privat sektor	FIN	A	inntektstap	10 730 000	11 900 000	12 500 000
Differensiert arbeidsgivaravgift i offentlig sektor	FIN	A	inntektstap	6 840 000	9 900 000	10 300 000

Næringspolitikk

Størstedelen av tabell 1.2 syner tilskotsordningar til landbruket. Viktige tiltak retta mot fiskerinæringa er også tatt med.

Landbruk er tradisjonelt ei av dei viktigaste næringane i distrikta. I dei årlege jordbruksoppgjera blir det forhandla om storleiken på tilskota til landbruket. Ein del tilskot innanfor landbruket har distriktspolitisk grunngeving, til dømes pristilskota for mjølk og kjøt og distriktstilskot for frukt, bær, grønsaker og poteter. Desse tilskota går derfor inn under kategori A.

Tabell 1.2 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Pristilskot mjølk	LMD	A	1150/73.13	679 823	729 700	1 026 700
Pristilskot grøntsektoren	LMD	A	1150/73.17	216 675	288 400	330 400
Pristilskot kjøt	LMD	A	1150/73.15	1 463 245	1 707 435	1 764 518
Distriktstilskot egg	LMD	A	1150/73.16	3 078	5 500	6 400
Driftstilskot mjølk og kjøt	LMD	B	1150/74.11	1 757 626	2 483 700	2 796 500
Tilskot husdyr	LMD	B	1150/74.14	3 641 519	4 069 645	4 720 230
Pristilskot ull	LMD	B	1150/73.11	102 862	108 000	115 700
Areal- og kulturlandskapstilskot	LMD	B	1150/74.17	4 883 553	4 751 000	5 567 300
Frakttilskot	LMD	B	1150/73.18	407 353	446 500	528 200
Frådrag i positiv næringsinntekt for jordbruk	FIN	B	inntektstap	795 600	781 800	827 200
Til gjennomføring av reindrifts- avtala	LMD	B	1151	191 998	180 000	200 000
Tiltak for berekraftig reindrift	LMD	B	1142/71	18 600	5 000	5 300
Frådrag i positiv næringsinntekt for reindrift	FIN	B	inntektstap	12 200	12 200	12 400
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	LMD	B	1150/50	147 000	170 000	200 000

Tabell 1.2 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Tilskot til drenering	LMD	B	1150/50	68 000	68 000	68 000
Tilskot til dyreavl m.m.	LMD	B	1150/77.11	93 989	106 245	117 045
Tilskot til regionale miljø- program	LMD	B	1150/74.19	597 144	786 100	1 006 100
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	LMD	B	1150/50	879 500	1 150 500	1 220 500
Regionale tilretteleggingsmidlar	LMD	B	1150/50	43 000	40 000	41 000
Skattefritak for investering i land- bruket (IBU-midlar) under LMD	FIN	A	inntektstap	131 138	250 000	250 000
Skattefritak for distriktsretta investeringsstøtte	FIN	A	inntektstap	62 681	200 000	200 000
Høgare avskrivingssats for hus- dyrbygg	FIN	B	inntektstap	40 000	40 000	40 000
Skogfondsordninga	FIN	B	inntektstap	160 000	195 000	195 000
Direkte utgiftsføring av skogs- veginvesteringar	FIN	B	inntektstap	47 500	55 000	55 000
Låg skogfaktor i formuesskatten	FIN	B	inntektstap	5 700	9 700	9 700
Rentestøtte – utbetalingar	LMD	B	1150/50	10 000	30 000	40 000
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologi- utvikling i landbruket	LMD	B	1150/50	112 000	232 000	222 000
Skogbruk	LMD	B	1150/50	221 000	260 000	270 000
Administrasjonsstøtte for distriktsretta såkornfond	NFD	B	2421/78	1529	0	0
Tilskot til kommunar og fylkeskommunar ¹	NFD	B	919/60	3 093 094	503 000	1 197 000
Tilskudd til kommunale ungdomsfiskeprosjekt ²	NFD	B	919/61	1 188	2 000	2 131
Tilskot til næringstiltak i fiskeria	NFD	A	919/75	13 789	28 800	22 105
Testfasilitetar i distrikta ³	NFD	B	2426/71	40 000	40 000	40 000
Særskilt frådrag for fiskarar	FIN	B	inntektstap	242 600	238 500	247 300

Tabell 1.2 Næringspolitikk

(i 1 000 kr)

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Berekraftig matproduksjon i nord ⁴	LMD	B	1150/50		17 000	17 000
Arktisk landbruk ⁴	LMD	B	1150/50	4 000		
Fjellandbruket	LMD	B	1150/50	4 000	3 000	3 000
Regionale kompetansenettverk for lokalmat	LMD	B	1150/50	12 700	14 700	14 700
Regionale tilskot til rekruttering og kompetanseheving	LMD	B	1150/50	12 000	14 000	14 000

¹ Kommunane og fylkeskommunane sin del av vederlag for tildelte oppdrettsløyve.

² Flytta frå 900/75 til kap. 919/61 i 2023.

³ Omfattar kun løyving til testfasilitetar i distrikta over kap. 2426, post 71.

⁴ Tilskot til arktisk landbruk er erstatta av ei eiga satsing på berekraftig matproduksjon i nord.

Infrastruktur

Satsing på samferdsel handlar mellom anna om å knyte landsdelar saman og å korte ned avstandar, kostnader og reisetid mellom by og land. Ei satsing på samferdsel er soleis eit kraftfullt distrikts- og regionalpolitisk verkemiddel.

Tabell 1.3 syner fleire tiltak som skal medverke til å redusere ekstrakostnader som følgje av avstandsulemper. I tillegg til tiltaka omtalt i tabellen er samferdselsbudsjettet generelt, særleg riksvegsløyvingane og tilskot til ferjedrifta, eit vesentleg verkemiddel for å redusere distrikta sine avstandsulemper.

Ferjetakstane er allereie blitt reduserte, og regjeringa foreslår å vidareføre satsinga. Det er òg lagt til rette for gratis ferjesamband til øyar og andre samfunn utan vegsamband og alle ferjesamband med under 100 000 passasjerar årleg.

Tabell 1.3 Infrastruktur

Tiltak/ordning	(i 1 000 kr)					
	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Kjøp av innanlandske flyruter	SD	B	1310/70	798 236	942 100	1 934 600
Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka	SD	B	1320/61	150 200	414 000	376 000
Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport	SD	B	1320/64	18 377	21 000	22 400
Tilskot til fylkesvegar	SD	B	1320/65	329 004	389 600	415 300
Tilskot til skulevegar og nærmiljø	SD	B	1320/66	12 921	22 100	23 600
Kjøp av sjøtransporttenester på strekninga Bergen–Kirkenes	SD	B	1330/70	838 972	1 075 000	1 240 300
Kjøp av posttenester	SD	B	1370/70	945 642	1 260 600	1 680 600
Tilskot til breibandutbygging	KDD	B	541/60	304 648	362 685	400 031
Tilskot til telesikkerheit og -beredskap ¹	KDD	B	543/70	208 510	182 866	187 992
Funksjonell internettilgang og telefoneneste til alle	KDD	B	543/71	10 000	10 284	10 573
Tilskot til fiskerihamneanlegg ²	NFD	B	916/60	0	36 100	77 492
Tilskot til overføring av gods frå veg til sjø ²	NFD	B	916/70	4 646	18 300	0
Tilskot til effektive og miljøvenlege hamner ²	NFD	B	916/71	56 614	98 200	123 950
Flaum- og skredførebygging	OED	B	1820/22	221 154	255 500	332 000
Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	OED	B	1820/25	85 315	105 000	200 000
Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	OED	B	1820/45	26 298	25 000	29 000
Tilskot til flaum- og skredførebygging	OED	B	1820/60	87 694	105 500	105 000
Tilskot til flaum- og skredførebygging	OED	B	1820/72	6 194	6 000	6 000
Tilskot til utjamning av overføringstariffar	OED	B	1820/73	20 000	20 000	18 000
Tilskot til verdiskapingstiltak i skogbruket	LMD	B	1149/71	68 065	51 174	54 223
Tilskot til grøn skipsfart	KLD	B	1420/62	87 157	40 523	56 625

¹ Tilskotet våren 2022 auka med 55 mill. kroner, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022). Aukinga er innarbeida i sum for 2022.

² Flytta frå kap. 1360 til. kap.970 i 2022 og endra til 916 i 2023.

Velferd, oppvekst og miljø

Det er eit overordna mål at helsetenestetilbodet skal vere likeverdig, uavhengig av bustad, alder, kjønn og sosial status. Dette blir sikra gjennom midlar til spesialisthelsetenesta og gjennom rammeoverføringer til kommunesektoren.

Viktige tiltak er tilskot som skal medverke til å styrkje stabiliteten og rekrutteringa til allmennlegetenesta og andre helsetenester i distrikta. For kultur syner tabell 1.4 ordningar som i hovudsak er knytte til tilbodet i distrikta og i landsdelar utanfor det sentrale Austlandet.

Generelle landsdekkande velferdsordningar, som arbeidsmarknadstiltak, er ikkje tatt med i oversikta.

Tabell 1.4 Velferd, oppvekst og miljø

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Tilskot til apotek ¹	HOD	B	0717/70	3 760	5 025	
Rekruttering og fagleg utvikling i allmennlegetenesta	HOD	B	0762/70	5 600	5 700	6 000
Fraktfusjonsordning for legemiddel ¹	HOD	B	717/70	3 198	5 025	
Sjukestovefinansiering, Finnmark	HOD	A	0732/70	10 600	11 000	11 600
Tilskot LIS1-stillingar ²	HOD	B	732/70	273 300	340 200	383 600
Tilskot til legevaktordning i distrikta	HOD	A	762/63	50 000	50 000	100 000
Landsdelsmusikarordninga i Nord-Noreg	KUD	A	323/60	23 145	23 830	25 400
Musikk- og scenekunstinstitusjonar	KUD	B	323/70	2 594 370	2 666 195	2 841 495
Det nasjonale museumsnettverket	KUD	B	328/70	2 285 920	2 282 930	2 506 300
Riksteateret	KUD	B	323/01	98 834	98 941	103 040
Riksteateret – turneverksemd	KUD	B	323/21	64 458	66 046	70 000
Kulturtanken (tidl. Rikskonsertane)	KUD	B	325/01	67 828	68 979	68 457
Regionale filmtiltak m.m.	KUD	A	334/73	111 340	114 620	145 000
Film- og dataspeltiltak	KUD	A	334/78	37 860	30 725	39 265
Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt	KLD	B	1420/72	144 548	148 878	148 878
Tilskot til rovvilttiltak	KLD	B	1420/73	82 788	64 751	73 898
Tilskot til kalking og lokale fiskeformål ³	KLD	B	1420/21	274 449	284 257	288 948
Tilskot til kalking og lokale fiskeformål ⁴	KLD	B	1420/80	47 905	36 905	38 198
Verdiskaping på kulturminneområdet	KLD	B	1429/77	8 446	8 446	7 986
Skogplanting	KLD	B	1420/37	5 120	5 120	
Restaurering av myr ⁵	KLD	B	1420/38	21 090		

Tabell 1.4 Velferd, oppvekst og miljø

(i 1 000 kr)						
Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
Tilskot til klimatiltak- og klimatilpassing i kommunane ⁶	KLD	B	1420/61	222 838	196 528	163 800
Tilskot til bustadtiltak ⁷	KDD	A	581/78	7 089	15 388	26 799
Ytterlegare redusert makspris i barnehage i kommunar med sentralitetsindeks 5 og 6	KDD	A	571/60			68 040
Pilot for desentralisert politiutdanning i Alta	JD	B	442/01			7 500
Styrking av intensivberedskap ved Kirkenes sjukehus	HOD	A	732/70			15 000

¹ Summen for 2024 blir avklart i tildelingsbrev.

² Stilling for legar i spesialisering. Tilskotet inkluderer tilskot til reise- og flytteutgifter.

³ Andel av 1420/21-posten. Beløpene omfatter både kalking, anadrom laksefisk og generell vannforvaltning.

⁴ Andel av 1420/80-posten. Beløpene omfatter både kalking, anadrom laksefisk og generell vannforvaltning. Beløpet omfatter ikkje tilskuddsordning til kommuner langs Oslofjorden til planlegging og prosjektering av nitrogenfjerning som det er avsatt 12,4 mill. kroner til same post på i 2024-budsjettet.

⁵ Post 1420/38 er lagt ned og slått saman med 1420/31 «Tiltak i verneområder og naturrestaurering». Løyving til de to formåla er ikkje spesifisert i KLDs budsjettproposisjon, og samla løyving er 145,452 mill. kroner.

⁶ Ordninga blir avvikla frå 2024. Forslag til løyving i 2024 dekkjer forventede utbetalingar frå tilsagn gitt tidlegare år.

⁷ Tilskot til bustadtiltak blir budsjettert med løyving, tilsegnssramme og tilsegnssfullmakt. I første halvdel av 2023 har Husbanken gitt tilsegn om 8,5 mill. kroner i tilskudd til bustadtiltak i distrikta. I 2024 skal minst 21 mill. kroner av tilsegnssramma på 37,5 mill. kroner gå til bustadtiltak i distriktskommunar. I 2022 var det ikkje mogleg å søke om tilskot til bustadtiltak i distriktskommunar.

Spesielle tiltak for tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark fylke

Tabell 1.5 syner ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld for tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark fylke. Dei viktigaste ordningane er innanfor skatte- og avgiftspolitikken. Den mest omfattande ordninga er fritaket for arbeidsgivaravgift, som kjem inn under den samla summen for differensiert arbeidsgivaravgift i tabell 1.1.

Tabell 1.5 Særskilde tiltak for Finnmark og Nord-Troms

		(i 1 000 kr)					
Politikkområde	Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Saldert		
					Rekneskap 2022	budsjett 2023	Forslag 2024
Økonomisk politikk	Lågare skatt på alminneleg inntekt ¹	FIN	A	inntektstap	728 500	799 000	836 000
	Særskilt frådrag i alminneleg inntekt (finnmarks- frådraget) ^{1,2}	FIN	A	inntektstap	245 700	250 100	364 500
	Lågare sats trinn 3 i trinnskatt ^{1,2}	FIN	A	inntektstap	56 000	70 500	0
	Låg sats og fritak for el-avgift i tiltakssona	FIN	A	inntektstap	411 000	372 000	372 000
	Frådrag i positiv nærings- inntekt for skiferdrivarar i tiltakssona i Troms og Finnmark fylke	FIN	A	inntektstap	1 200	1 900	1 900
Utdanning	Ettergiving av utdanningslån	KD	A	2410/73	129 904	173 921	178 215
	Ettergiving av utdannings- lån for kvalifiserte grunn- skulelærarar i tiltakssona i Troms og Finnmark fylke	KD	A	2410/73	5 764	5 764	5 764
Levekår og offentlege tenester	Mediestøtte ³	KUD	A	335/71	2 300	0	0
	Gratis barnehagar	KDD	A	571/60		77 200	99 700

¹ Samspelsverknader gjer at inntektstapet av desse skattetiltaka sett under eitt er høgare enn kvar for seg. For dei tre tiltaka er samla inntektstap vurdert til høvesvis 1 080 mill. kroner, 1 170 mill. kroner og 1 325 mill. kroner for 2022, 2023 og 2024.

² Lågare sats trinn 3 i trinnskatten er foreslått fjerna frå 2024, og finnmarksfrådraget er foreslått auka frå 20 550 kroner til 30 000 kroner. Sjø Prop. 1 LS (2023–2024) Skatter og avgifter 2024.

³ Distribusjonstilskot til aviser.

På fleire politikkområde er det etablert særordningar og prioritet i verkemiddelbruken for Nord-Noreg, i tillegg til ordninga for tiltakssona. Tabell 1.6 syner fordelten av fritak for meirverdiavgift på

straum og rammetilskot i kommuneøkonomien. Postane under kap. 571 Rammetilskot til kommunar og kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar er nærare omtalte under programkategori 13.70.

Tabell 1.6 Tiltak som prioriterer Nord-Noreg og rammetilskot til kommunane

Tiltak/ordning	Dep.	Kat.	Kap./post	Rekneskap 2022	(i 1 000 kr)	
					Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
0-sats for meirverdiavgift ved forbruk av elektrisk kraft og energi frå andre fornybare energikjelder i Nord-Noreg	FIN	A	inntekt- stap	700 000	850 000	850 000
Rammetilskot til kommunane, Distriktstilskot Sør-Noreg	KDD	A	571/61	808 128	837 275	874 619
Rammetilskot til kommunane, Distriktstilskot Nord-Noreg	KDD	A	571/62	2 253 346	2 331 395	2 429 852
Rammetilskot til fylkeskommunane, Nord-Noreg-tilskot	KDD	A	572/62	710 577	735 939	773 174

Vedlegg 2**Pågåande byggeprosjekt der Stortinget har godkjend
kostnadsrammene**

Pågåande byggeprosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner.	
	Prisnivå per 1.7.2024	Oppdragsgivar
<i>Kap. 530, post 33</i>		
UiO, nytt livsvitskapsbygg	13 014,9	Kunnskapsdepartementet
UiO, Vikingtidsmuseet	3 903,4	Kunnskapsdepartementet
Norsk havteknologisenter	5 393,6	Nærings- og fiskeri- departementet
<i>Kap. 2445, post 33</i>		
Byggetrinn 1 for nytt regjerings- kvartal	23 971,5	Kommunal- og distrikts- departementet
Energiløysing for nytt regjerings- kvartal	3 211,0	Kommunal- og distrikts- departementet
Oslo fengsel, avdeling Ullersmo	642,7	Justis- og beredskaps- departementet
Fagskule for brann- og rednings- personell	746,0	Justis- og beredskaps- departementet
Blått bygg ved Nord universitet	638,8	Kunnskapsdepartementet
22. juli-senteret	541,9	Kunnskapsdepartementet
Samlokalisert nybygg for Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i det samiske nasjonalteateret Beaivváš i Kautokeino	536,5	Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet

Vedlegg 3**Gjeldande romartalsvedtak frå tidlegare år**

Nedanfor følgjer romartalsvedtak for Kommunal- og distriktsdepartementet som gjeld utan tidsavgrensing eller utover eit budsjettår.

Romartalsvedtak IX under Kommunal- og moderniseringsdepartementet i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) *Endring av Prop. 1 S (2013–2014) Statsbudsjettet 2014*:

«Kostnadsramme for prosjektet «Jordobservatorium i Ny-Ålesund». Stortinget samtykker i at Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan gjennomføre prosjektet «Jordobservatorium i Ny-Ålesund» innanfor en kostnadsramme på 355 mill. kroner.»¹

Romartalsvedtak XV i Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

«Avskrivninger under Statsbygg. Stortinget samtykker i at Kommunal- og moderniseringsdepartementet fra 2015 kan gi Statsbygg full-

makt til å starte avskrivning av et anleggsmiddel fra det tidspunktet dette tas i bruk, og dermed avvike hovedregelen om at forvaltningsbedriftene starter avskrivning av anleggsmidler året etter at de er tatt i bruk, jf. St.prp. nr. 48 (2004–2005) og Innst. S. nr. 187 (2004–2005) Om bevilgningsreglementet.»

Romartalsvedtak IX i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*:

«Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2023 kan inngå avtale om gjennomføring av et erfaringsbasert masterprogram i offentlig forvaltning med garanti overfor studietilbyder for dekning av deltakeravgift. Garantien utløses dersom det ikke oppnås tilstrekkelig antall deltakere per studieemne. Samlet garantiramme er på 18 mill. kroner i perioden 2023–2027 og bygges ned etter hvert som masterprogrammet gjennomføres.»

¹ Prosjektet har ei kostnadsramme på 419,4 mill. kroner i prisnivå per 1. juli 2024.

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2023

